



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet	11	Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	88
1	Hovudinnleiing	13	Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	92
1.1	Kunnskap gir moglegheiter for alle	13	<i>Programkategori 07.30</i>	
1.2	Hovudprioriteringar	17	<i>Barnehagar</i>	93
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet	22	Kap. 231 Barnehagar	108
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	26	<i>Programkategori 07.50</i>	
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	27	<i>Vaksenopplæring m.m.</i>	112
4	Nærmare om budsjettforslaget	29	Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram	118
<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	29	Kap. 253 Folkehøgskolar	121	
Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	29	Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring	123	
Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	31	Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettsentra	126	
<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	32	Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	129	
Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	46	Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	131	
Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	49	Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet	131	
Kap. 221 Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane	49	Kap. 258 Tiltak for livslang læring	133	
Kap. 222 Statlege grunnsopplæringa og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	51	<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning</i>	138	
Kap. 3222 Statlege grunnsopplæringa og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	52	Kap. 260 Universitet og høgskolar	153	
Kap. 223 Sametinget	52	Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	162	
Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga	53	Kap. 276 Fagskoleutdanning	164	
Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga	54	Kap. 280 Felles einingar	166	
Kap. 225 Tiltak i grunnsopplæringa	54	Kap. 3280 Felles einingar	171	
Kap. 3225 Tiltak i grunnsopplæringa	63	Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar	171	
Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	64	Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar	179	
Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar	78	<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	180	
Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.	82	Kap. 283 Meteorologiformål	186	
Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	87	Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	188	
Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	88	Kap. 285 Noregs forskingsråd	189	
		Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	197	
		Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	203	
		Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak	204	
		Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak	208	

<i>Programkategori 07.80</i>			
<i>Utdanningsstøtte</i>	209		
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning	214		
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning	226		
Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	227		
Del III Strategiar og oversikter	229		
5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet	231		
5.1 Innleiing	231		
5.2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for 2015	232		
5.3 Noregs forskingsråd	234		
5.4 Utviklinga i offentleg forskingsinnsats	235		
6 Ressursar i grunnopp- læringa	238		
7 Ressursar i barnehage- sektoren	245		
8 Likestilling og arbeid mot diskriminering	254		
9 Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk	266		
10 Samfunnstryggleik og beredskap	268		
		11 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	269
		Forslag	272
		Vedlegg 1 Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	283
		Vedlegg 2 Løyving for universitet, høgskolar og fagskolar	285
		Vedlegg 3 Byggtabellar for universitet og høgskolar	288
		Vedlegg 4 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet	290
		Vedlegg 5 Underliggjande verksemder o.a.	313

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med samisk som førstespråk og samisk som andrespråk	56	Tabell 4.19	Hovudtal for tildeling til vidaregåande opplæring	216
Tabell 4.2	Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk	59	Tabell 4.20	Hovudtal for tildeling til høgre utdanning m.m.	216
Tabell 4.3	Søknader i perioden 2007–13 fordelte på lærlingar og lære kandidatlar	60	Tabell 4.21	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra	217
Tabell 4.4	Private skolar, tal på skolar og elevar	83	Tabell 4.22	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	217
Tabell 4.5	Tilskott til kompletterande undervisning	85	Tabell 4.23	Verkeleg verdi	223
Tabell 4.6	Talet på tenester innanfor kategoriane utgreiingar, rådgiving/retteleiing og søknader	89	Tabell 4.24	Nåverdien av 1 krone i nytt utlån	224
Tabell 4.7	Heiltidselevar, deltidselevar og internatelevar i grunnskole og vidaregåande opplæring ved dei statlege skolane for høyrsehemma 2010–13	90	Tabell 4.25	Avskrivingselement	225
Tabell 4.8	Gjennomsnittleg tal på kor mange veker kvar elev fekk deltidsopplæring i 2012 og 2013, fordelt på skole	91	Tabell 4.26	Tapselement	225
Tabell 4.9	Vaksnes deltaking i utdanning og opplæring, 2008–13	115	Tabell 5.1	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	232
Tabell 4.10	Deltaking i EUs program for livslang læring, 2007–13	120	Tabell 5.2	Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane	235
Tabell 4.11	Elevar i folkehøgskolar	122	Tabell 6.1	Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2008–09 til 2013–14. Ordinære grunnskolar	238
Tabell 4.12	Aktivitet og deltaking i studieforbunda, 2008–13	124	Tabell 6.2	Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole	239
Tabell 4.13	Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–14	133	Tabell 6.3	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk	239
Tabell 4.14	Nettoendringar knytte til tekniske flyttingar	190	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærar-årsverk i vidaregåande opplæring	240
Tabell 4.15	Utvikling i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskringsrådet i perioden 2011–13	196	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen	240
Tabell 4.16	Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta	200	Tabell 6.6	Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2009–10 til 2013–14	241
Tabell 4.17	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond	202	Tabell 6.7	Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar	243
Tabell 4.18	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	206	Tabell 6.8	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar	244
			Tabell 7.1	Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2010–13	245
			Tabell 7.2	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2010–13	246

Tabell 7.3	Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, 2011–13	247
Tabell 7.4	Ulikskap i barnehagesektoren i 2013	247
Tabell 7.5	Personalet i barnehagen, 2011–13	249
Tabell 7.6	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2010–13	250
Tabell 7.7	Menn i barnehagane, 2010–13	250
Tabell 7.8	Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 0–6 år og del med tilbod om særskild språkstimulering 2010–13	251
Tabell 7.9	Dekningsgrad for minoritetsspråklege i barnehagen 2010–13	251
Tabell 7.10	Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage 2010–13	252
Tabell 7.11	Totale driftsutgifter 2011–13	252
Tabell 7.12	Driftsutgifter per barn og per opphaldstime i kommunale barnehagar 2011–13	252
Tabell 7.13	Finansiering av kommunale barnehagar 2011–13	252
Tabell 7.14	Gjennomsnittlege månadsatsar i kroner (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–14	253
Tabell 8.1	Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2013)	262
Tabell 8.2	Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2013)	262
Tabell 8.3	Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode	263
Tabell 8.4	Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær	264

Vedlegg 2

Tabell 2.1	Løyving per universitet og høgskole i 2015	285
Tabell 2.2	Tilskott per fagskole i 2015	287

Vedlegg 3

Tabell 3.1	Ordinære bygg under oppføring i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 33 og kap. 2445 post 33	288
Tabell 3.2	Kurantprosjekt under oppføring i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 34	288
Tabell 3.3	Prosjekt som er førte fram til forprosjekt	289
Tabell 3.4	Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 30	289
Tabell 3.5	Prosjekt innanfor husleigeordninga under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 30	289
Tabell 3.6	Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 32	289

Vedlegg 4

Tabell 4.1	Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art	290
Tabell 4.2	Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde	291
Tabell 4.3	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2011–13	292

Tabell 4.4	Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art	294	Tabell 4.11	Universitet og høgscolar. Inntekter etter inntektskjelde	304
Tabell 4.5	Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Inntekter etter inntektskjelde	296	Tabell 4.12	Universitet og høgscolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgscolesektoren i perioden 2011–13	305
Tabell 4.6	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2011–13	297	Tabell 4.13	Universitet og høgscolar. Balanse per 31. desember 2013	307
Tabell 4.7	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	298	Tabell 4.14	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	308
Tabell 4.8	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	300	Tabell 4.15	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	310
Tabell 4.9	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2011–13	301	Tabell 4.16	Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2011–13	311
Tabell 4.10	Universitet og høgscolar. Utgifter og inntekter etter art	302			

Figuroversikt

Figur 1.1	Sysselsetjing etter utdanningsnivå, som del av total arbeidsstyrke	15	Figur 4.10	Utviklinga i talet på registrerte studentar per fagfelt 2004–13	146
Figur 1.2	Målbilete for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2015	21	Figur 4.11	Fordeling av midlane Noregs forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2013)	191
Figur 4.1	Gjennomsnittlege elevprestasjonar i PISA	35	Figur 5.1	Rangering av OECD-landa på ulike indikatorar for FoU-intensitet	236
Figur 4.2	Gjennomsnittlege grunnskolepoeng til elevane etter utdanningsnivået til foreldra	36	Figur 5.2	Utvikling i FoU-intensitet i Noreg og FoU-løyvingar over statsbudsjettet	237
Figur 4.3	Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring	37	Figur 6.1	Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole	240
Figur 4.4	Fullført på normert eller meir enn normert tid fem år etter påbegynt vidaregåande opplæring, på fylkesnivå	38	Figur 8.1	Kvinner i professorstilling per fagområde 2001–12 (i prosent av talet på personar)	258
Figur 4.5	Overgangar i vidaregåande opplæring	38	Figur 8.2	Prosentdelen kvinner blant forskarpersonale i Noreg etter sektor 1999–2011	258
Figur 4.6	Nyutdanna fagarbeidarar i arbeid per november første år etter oppnådd fag-/sveinebrev, etter utdanningsprogram	39	Figur 8.3	Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgskolar 2004–13	259
Figur 4.7	Talet på beståtte fag- og sveineprøver i fag- og yrkesopplæringa	40	Vedlegg 5		
Figur 4.8	Rapportering frå elevane om læringsmiljøet på skolen	41	Figur 5.1	Underliggjande verksemder o.a.	313
Figur 4.9	EU-tildeling per fagleg stilling 2006–13	142			



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 12. september 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget
frå Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Kunnskap gir moglegheiter for alle

Regjeringa har høge ambisjonar for Noreg som kunnskapsnasjon. Kunnskap er fundamentet for moglegheitene for den einskilde og for utviklinga av samfunnet. Høg kvalitet i alle ledd frå barnehage og skole til høgre utdanning og forskning gir kompetente arbeidstakarar og gode føresetnader for nyskaping, verdiskaping og velferd. Sundvolden-erklæringa viser regjeringa sine ambisjonar for auka kvalitet i alle ledda i læringskjeda.

Kunnskapsdepartementet arbeider etter tre overordna mål for kunnskapssektoren:

1. Utdanning og læring for utvikling og deltaking i samfunnet for kvar einskild
2. Kompetanse som trengst i dag og i framtida
3. Kunnskap for ny erkjenning, samfunnsutvikling og konkurransekraft

Dei tre måla utgjer mandatet og samfunnsoppgåva til Kunnskapsdepartementet. Måla rettar seg mot samfunnsseffektane av barnehage, opplæring og høgre utdanning og forskning. Samtidig er moglegheitene for kvar einskild til eit godt liv i kunnskapssamfunnet nå og i framtida det viktigaste for denne regjeringa.

Utdanning og læring for utvikling og deltaking i samfunnet for kvar einskild

Regjeringa vil realisere eit inkluderande kunnskapssamfunn der mangfald og samhald er kjennemerke. Kunnskap er ei kjelde til sjølvstende, sosial mobilitet, demokratisk forståing og medverknad, og til å lykkast i yrkeslivet og kunne delta aktivt i samfunnet gjennom heile livet. Utdanning gjer at alle kan forme si eiga framtid basert på evner, innsats og interesser. Samtidig byr kunnskapssamfunnet på utfordringar. Når kunnskap i så stor grad påverkar livet til den einskilde, blir også konsekvensane store for dei som fell utanfor. Offentleg finansiert utdanning skal vere tilgjengeleg for og gi auka kunnskap til alle – uavhengig av sosial, kulturell og økonomisk bakgrunn.

Arbeidet med å skape det inkluderande kunnskapssamfunnet må starte tidleg, og regjeringa prioriterer derfor å løfte kvaliteten i barnehagesektoren. Alle barnehagebarn skal ha trygge rammer for utvikling og læring i gode barnehagar med nok tilsette med høveleg fagkompetanse. Eit hovudfunn i barnehageforskninga er at kompetansen til personalet er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Hovudutfordringa i barnehagesektoren er den store variasjonen i kvaliteten på tilbodet, særleg når det gjeld kompetanse. Over 40 pst. av dei tilsette har ikkje formell kompetanse til å arbeide med barn, og det manglar om lag 4 400 barnehagelærarar for å oppfylle kravet i pedagognorma. Regjeringa vil derfor heve kvaliteten gjennom å utdanne fleire pedagogar og ved å styrkje etter- og vidareutdanninga av dei tilsette. Regjeringa vil òg gjere den sosiale profilen på foreldrebetalinga betre for å sikre at alle barn for moglegheit til deltaking i barnehage. Ein god barndom og eit barnehagetilbod av høg kvalitet legg grunnlaget for positiv utvikling for barna.

Tidleg innsats er avgjerande for meistring og stort læringsutbytte. Alle elevar i norsk skole skal få høve til å tileigne seg grunnleggjande lese- og reknedugleikar, evne til munnleg og skriftleg framstilling, og kompetanse i å bruke digitale verktøy. Alle elevar skal få opplæring tilpassa sine behov. Vidare er det avgjerande at alle med behov for særskilt språkopplæring og spesialundervisning, får dette. Ei av hovudutfordringane i norsk skole er at for mange elevar ikkje tileignar seg dei grunnleggjande kunnskapane gjennom grunnskoleløpet. Resultat frå internasjonale undersøkingar syner at mange norske elevar har for svak kompetanse på sentrale område, og spesielt i matematikk. Det er for mange elevar på dei lågaste nivåa. Samstundes er det for få elevar på dei høgste prestasjonsnivåa samanlikna med andre land.

Nøkkelen til å løfte kunnskapsnivået til elevane er å satse på kompetansen til lærarane. Vi har allereie mange gode lærarar i Noreg, men gode lærarar kan bli enda betre, og dei treng fagleg påfyll undervegs i lærargjeringa.

Gode lærarar blir også betre av å jobbe i gode arbeidsfellesskap der dei kan reflektere over sin eigen praksis og utvikle sitt eige pedagogiske arbeid, og gjennom å dele kompetanse og erfaringar i kollegiet. Regjeringa gjennomfører derfor eit lærarløft. Dette går mellom anna ut på å gi eit utvida tilbod om etter- og vidareutdanning, særleg gjennom eit krafttak i matematikk og naturfag. Regjeringa vil arbeide vidare med korleis ordninga med rett og plikt til etter- og vidareutdanning av lærarar kan rettast inn i lys av erfaringane med den pågåande satsinga på vidareutdanning av lærarar. Regjeringa vil leggje til rette for god skoleutvikling. Lærarane og skoleleiinga skal få meir tid til å arbeide med kjerneoppgåvene. Skoleeigarane må også ha eit overordna perspektiv i planarbeidet og vere bevisste korleis skolane nyttar andre yrkesgrupper og deira kompetanse.

Skolen skal vere ein trygg arena for læring og meistring. Regjeringa vil sikre alle elevar eit godt læringsmiljø gjennom kontinuerleg arbeid for å førebyggje og kjempe mot mobbing. Det blir arbeidd med dette på mange nivå, og i 2015 vil òg utvalet som er leidd av fylkesmann i Aust-Agder Øystein Djupedal, avleggje utgreiinga si. Utvalet har fått i oppdrag å vurdere kva som må til for å betre skolemiljøet og redusere mobbinga.


Noreg har ein godt utbygd universitets- og høgskolesektor med lærestader over heile landet, og tilbod om fagskoleutdanning i alle fylka. Saman med offentleg finansiert utdanning, gode ordningar for utdanningsstøtte og gode studentvelferdstilbod gir dette god tilgang til høgre utdanning og fagskoleutdanning. Høgre utdanning skal gi den einskilde moglegheiter til sjølvrealisering, ny erkjenning og danning og gi betre

føresetnader for å delta i samfunns- og arbeidsliv. For å sikre dette må institusjonane ha høg kvalitet innanfor forskning og utdanning. Høgre utdanning skal vere basert på oppdatert forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Fagevalueringar frå Forskingsrådet viser stor variasjon i forskingskvalitet mellom ulike fagmiljø ved universitet og høgskolar. Enkelte fagmiljø held svært god kvalitet, og det gir eit godt grunnlag for godt innhald i utdanningane. Samstundes er det også fagmiljø som er små og sårbare, og regjeringa er særleg uroleg for kvaliteten i desse miljøa. Regjeringa arbeider med tiltak som sikrar betre kvalitet på og utnytting av ressursane i universitets- og høgskolesektoren.

Kompetanse som trengst i dag og i framtida

Dei investeringane i kunnskap som vi gjer i dag, formar arbeids- og næringslivet i framtida. Satsing på kunnskap og kompetanse gjer arbeidsplassane tryggare, aukar velferda og medverkar til at vi får løyst samfunnsutfordringar. Regjeringa vil investere i utdanning og kompetanseheving.

Hausten 2013 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) nye framskrivingar av behovet for arbeidskraft etter utdanningsbakgrunn. Rapporten viser at medan 58 pst. av dei sysselsette i 1972 hadde grunnskole som si høgste fullførte utdanning, hadde denne delen falle til 22 pst. i 2010. Denne gruppa omfattar òg personar med uoppgitt utdanning, og storleiken på gruppa blir derfor påverka av innvandringa. Like fullt er utviklinga med fallande etterspurnad i arbeidslivet etter dei som berre har grunnskoleutdanning, venta å halde fram, jf. figuren nedanfor.



Figur 1.1 Sysselsetjing etter utdanningsnivå, som del av total arbeidsstyrke

Etter 2010 viser figuren framskrivingar av etterspurnaden etter arbeidskraft (etter utdanningsnivå).

Kjelde: SSB

SSB framskriv òg tilbodet av arbeidskraft etter utdanningsbakgrunn fram mot 2030. Framskrivningane tyder på at etterspurnaden etter arbeidskraft med vidaregåande fagutdanning vil vekse raskare enn tilbodet. SSB peiker på den svake gjennomføringa i fag- og yrkesopplæringa som ei mogleg forklaring på denne udekte etterspurnaden. Framskrivningane indikerer vidare udekt etterspurnad etter arbeidskraft med lærarutdanning, og særleg arbeidskraft med sjukepleiarutdanning. Tilbodet ser ut til å auke meir enn etterspurnaden særleg for høgre utdanning innanfor økonomi og administrasjon, men òg for høgre utdanning i humanistiske og estetiske fag og samfunnsvitenskaplege og juridiske fag.

Utdannings- og opplæringssektoren kan medverke til å dekkje framtidens kompetansebehov ikkje berre ved at det blir rekruttert nok elevar til dei utdanningane samfunnet treng, men òg ved at fråfallet frå desse utdanningane blir redusert. Ved å leggje til rette for etter- og vidareutdanning av arbeidsstyrken vil ein både handtere kompetansebehova i arbeidslivet og medverke til at fleire eldre arbeidstakarar kan stå lenger i arbeid.

Det er særleg personar med lite formell utdanning og med lese- og skrivevanskar som står i størst fare for å hamne utanfor arbeidslivet i åra framover, og vegen inn att i arbeidslivet kan ofte vere lang. Om lag 400 000 vaksne har svake grunn-

leggjande dugleikar, og mange av desse er innvandrarakar som har komme til Noreg med låg eller inga utdanning. Regjeringa vil leggje betre til rette for livslang læring og kompetanseheving, særleg overfor vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget om livslang læring og utanforskap. Regjeringa ønskjer at fleire vaksne skal få opplæring i lesing, skriving, rekning og IKT gjennom Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA).

Fråfall frå eit utdanningsløp er ikkje berre eit stort problem for den einskilde, men òg for samfunnet, som ikkje får nytta ressursane godt nok. Fråfallet er spesielt høgt innanfor yrkesfaga i vidaregåande opplæring. Det er fleire årsaker til at mange fell frå eller ikkje består vidaregåande opplæring, og utilstrekkelege grunnleggjande dugleikar frå grunnskolen er ei viktig årsak. Dersom ein kontrollerer for grunnskolepoeng, er forskjellen i delen som fullfører og består mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, relativt liten. Andre årsaker til fråfall kan vere for få læreplassar, forhold på arbeidsmarknaden, utdanning som ikkje vart opplevd som relevant, sosial bakgrunn og andre faktorar utanfor skolen. Regjeringa har som mål at gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring skal blir merkbar høgre.

Regjeringa vil derfor sette i verk *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*.

Regjeringa held fram med arbeidet for å styrkje fag- og yrkesopplæringa gjennom *Yrkesfagløftet*. I yrkesfagløftet vil regjeringa arbeide for at fleire får læreplass, og for at skole og arbeidsliv blir knytt betre saman. Regjeringa vil leggje til rette for alternative opplæringsløp fram mot fag- eller sveinebrev og for at det skal vere mogleg å gå over til høgre utdanning.

Som omtalt under mål 1) arbeider regjeringa med å styrkje moglegheitene for lærarane til å utvikle kompetansen sin i jobben. Gode lærarar er avgjerande for at elevane skal få utvikle kompetansen sin på best mogleg måte. Parallelt med det vil regjeringa også styrkje lærarutdanninga slik at ho trekkjer til seg høgt kvalifiserte og motiverte studentar som representerer mangfaldet i befolkninga. Regjeringa vil utfordre og følgje opp lærarutdanningane slik at dei blir påakta som solide, godt kvalifiserande og krevjande utdanningar. Vidare vil regjeringa vidareutvikle lærarutdanninga til ei femårig mastergradsutdanning og samstundes stille strengare opptakskrav.

Universitets- og høgskolesektoren utdannar årleg om lag 37 000 kandidatar, og stadig fleire søker seg til høgre utdanning. Kompetansen til kandidatane er avgjerande for framtidig velferd og verdiskaping. Arbeidslivet har behov for dyktige arbeidstakarar med rett kompetanse. Det er derfor viktig å sikre god kvalitet i studietilboda og mellom anna at faga som blir tilbydde, er relevante for arbeidslivet. Det er klare indikasjonar på at det ved mange institusjonar er for låge forventningar til kva studentane skal lære. Studiebarometeret, som blir utført av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT), viser at 81 pst. av studentane ser på studia som relevante og etterspurde i arbeidslivet. Samstundes er berre 38 pst. av studentane nøgde med den faglege oppfølginga frå institusjonane. Heiltidsstudentane bruker i gjennomsnitt 29 timar kvar veke på studiearbeid. Dette viser at det er rom for å auke ambisjonane hos både studentane og institusjonane som tilbyr utdanningane. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding i 2015 om strukturelle endringar i universitets- og høgskolesektoren som skal styrkje kvaliteten i utdanning og forskning.

Kunnskap for ny erkjenning, samfunnsutvikling og konkurransekraft

Kunnskap er den viktigaste konkurransefaktoren vi har. Kunnskap og kompetanse er utgangspunktet for korleis vi løyser store samfunnsutfordringar og legg til rette for verdiskaping, både i offentleg sektor og i næringslivet. Forsking og utdanning

påverkar økonomien ved å heve kvaliteten på arbeidskrafta og gjere det mogleg å ta i bruk og utvikle kunnskap til ny løysingar og produkt. Ei kunnskapsbasert tilnærming er òg vesentleg for å finne løysingar på nokre av dei største utfordringane samfunnet står overfor, til dømes klimændringane, betre behandlingsmetodar på sjukehusa og korleis vi skal produsere trygg og sunn mat frå havet. Korleis vi satsar på forskning og høgre utdanning, er avgjerande for kva resultat vi får. Regjeringa vil vri ressursane inn mot satsingar der forskning og høgre utdanning kan spele ei rolle og bidra vesentleg til å møte dei utfordringane vi står overfor. Regjeringa legg derfor fram *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* saman med statsbudsjettet for 2015, jf. Meld. St. 7 (2014–2015). I langtidsplanen legg regjeringa fram ein ambisjøs politikk for forskning og høgre utdanning. Satsinga gir føreseielege rammer gjennom langsiktige mål og prioriteringar. Regjeringa vil auke løyvingane til forskning og høgre utdanning for å følgje opp prioriteringane i planen.

Regjeringa vil prioritere å heve kvaliteten i høgre utdanning og forskning og å utvikle fleire verdslieande fagmiljø innanfor høgre utdanning og forskning. Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid er òg viktig i denne samanhengen. Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid gjer det mogleg å dele kostnader ved kostbar forskingsinfrastruktur og gir betre tilgang til slike. Utvikling av forskarnettverk og større høve for karriereutvikling for den einskilde forskaren er også viktige tiltak. Aktørar som deltek, er i tillegg meir synlege og attraktive som samarbeidspartnarar både i Europa og internasjonalt. Samstundes er erfaring frå eiga forskning og utvikling ein føresetnad for å kunne forstå og bruke den kunnskapen som blir utvikla internasjonalt. Ved å bidra internasjonalt vil Noreg trekkje til seg dei beste forskarane på verdsmarknaden, og internasjonal forskning kan nyttast på best mogleg vis i Noreg. I tillegg vil vi vere eit attraktivt land for framtidige investeringar i kunnskapsbasert næringsliv og bidra til å komme fram til nye måtar å skape eit berekraftig samfunn på.

For eit globalt arbeidsliv har det stor verdi at norske studentar tek heile eller delar av utdanninga i utlandet, og at norske utdanningsinstitusjonar trekkjer til seg dyktige studentar frå utlandet.

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdanningsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet, og som utnyttar ressursane på ein meir effektiv måte. Det er eit stort potensial for betre kvalitet i høgre utdanning, men det er i

dag for mange små, spreidde og svake fagmiljø innanfor utdanning og forskning. Sjølv om det har vore ei positiv utvikling mot meir samarbeid i sektoren dei seinare åra, har det vore færre eksempel på arbeidsdeling og konsentrasjon. Regjeringa meiner derfor at det er behov for meir omfattande strukturendringar og samanslåingar.

Regjeringa vil auke støtta til den frie forskinga og dei opne programma med avgjerande vekt på kvalitet, for slik å fremme banebrytande utvikling på nye område og gjennombrøt innanfor etablerte forskingsområde. Regjeringa er vidare oppteken av å auke løyvingane til forskingsinfrastruktur. Godt utvikla forskingsinfrastruktur er eit direkte bidrag til å nå det målet regjeringa har om å utvikle verdslaiande fagmiljø, og er dessutan avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonisering og rekruttering.

Regjeringa har ambisjonar om at Noreg skal vere blant dei mest innovative landa i Europa. Evna til å utvikle og ta i bruk kunnskap er ein av dei viktigaste konkurransefaktorane i norsk næringsliv nå og i framtida. Det er avgjerande for at næringslivet kan vere omstillingsdyktig, og er grunnlaget for nye næringar.

Det å auke offentleg ressursbruk på forskning og høgre utdanning er ikkje i seg sjølv nok for å nå ambisjonane våre. Det er sentralt for samfunnet kvar og korleis vi investerer i forskning og høgre utdanning, og korleis nasjonale og regionale forskingsmidlar spelar saman med europeiske og andre internasjonale verkemidlar. Regjeringa vil derfor stimulere til større investeringar i forskning og utvikling i næringslivet og til betre samarbeid mellom akademia og næringslivet. Sentralt i dette arbeidet er Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*.

1.2 Hovudprioriteringar

Barnehagar

Norske barnehagar skal fremme trivsel, leik og læring og vere tilgjengelege for alle barn.

Regjeringa foreslår å auke maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar med 100 kroner reelt per måned, til 2 580 kroner frå 1. januar 2015. Regjeringa vil òg innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga for å sikre at alle barn får moglegheit til deltaking i barnehage. Regjeringa foreslår å løyve 112 mill. kroner til å innføre eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Departementet tek sikte

på ikraftsetjing 1. august 2015. Forslaget vil medverke til at fleire får moglegheit til å nytte tilbodet om barnehageplass. Regjeringa legg til grunn at den auka løyvinga kjem i tillegg til dei ressursane kommunane allereie brukar på moderasjons- og fritaksordningar, slik at barnefamiliane får tilsvarende eller høgare moderasjon enn dei har i dag.

Regjeringa vil arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket. I budsjettet for 2015 foreslår regjeringa å løyve 100 mill. kroner til kommunane for meir fleksible opptaksordningar. Tiltaket vil leggje til rette for redusert ventetid for ein barnehageplass for familiar med barn fødte 1. september eller seinare.

Regjeringa vil styrkje satsinga på kompetanseheving i 2015 og foreslår å auke løyvinga med 60 mill. kroner. Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet. Regjeringa vil styrkje arbeidet med kompetanseheving i barnehagesektoren, mellom anna ved å utdanne fleire pedagogar og styrkje etter- og vidareutdanninga, slik at fleire tilsette får barnefagleg kompetanse. Leiarutdanninga skal først vidare, og assistentar skal få betre moglegheit til å ta fagbrev eller arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014, vedtok Stortinget å løyve 175,1 mill. kroner til fleire barnehageplassar i kommunane. Bakgrunnen for auken var høgre søkjartal til barnehageopptaket i 2014 enn det vart anslått i statsbudsjettet for 2014. For å dekkje heilårseffekten av denne auken foreslår departementet å løyve 252,5 mill. kroner i budsjettet for 2015.

Grunnopplæringa

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på vidareutdanning for lærarar innanfor strategien *Kompetanse for kvalitet*. Styrkinga inneber ein auke på 1 500 nye plassar i vidareutdanninga. Auken blir fordelt med 500 nye plassar i vikarordninga og 1 000 nye plassar i stipendordninga. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 143,6 mill. kroner i 2015. Totalt vil det vere 5 050 plassar til vidareutdanning i 2015.

Regjeringa foreslår å fase inn 3 mrd. kroner til ordninga med rentekompensasjon til investering i og rehabilitering av skole- og symjeanlegg. Budsjetteffekten av forslaget er 45 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på realfag ytterlegare med 20 mill. kroner. Departementet vil innføre ei ordning med realfagskommunar for å stimulere til at kommunane tek eit overordna og strategisk ansvar for å forbetre dugleikar og kunnskapar i realfag. Departementet ønskjer gjen-

nom ordninga å fremje både kommunar som gjenomgåande har svake resultat og kommunar som allereie kan vise til gode resultat. Realfagskommunane skal vere inspirasjonskjelder for andre kommunar.

Vaksenopplæring m.m.

Ei av utfordringane for Noreg som kunnskapsnasjon er manglande evne til å sikre alle vaksne som treng det, ein sjanse til å skaffe seg naudsynte grunnleggjande dugleikar og kompetanse som arbeids- og næringslivet etterspør.

Svake grunnleggjande dugleikar og låg kompetanse gir større risiko for å falle ut av utdanning og arbeid, eller for å ikkje komme inn i arbeid. Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner til å utvikle kartleggingsverktøy for grunnleggjande dugleikar tilpassa vaksne. Formålet er å utvikle enkle, standardiserte kartleggingsverktøy som dei ulike aktørane på området, deriblant Nav og kommunale tilbydarar av vaksenopplæring, kan ta i bruk.

Departementet foreslår å løyve 15 mill. kroner meir til Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) i 2015. Ved behandlinga av tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet for 2014 slutta Stortinget seg til forslaget om å løyve 25 mill. kroner til å utvide BKA, slik at det òg omfattar grunnleggjande dugleikar i munnleg norsk. Det er forventa større etterspurnad på dette området etter kvart som utvidinga blir kjend.

Samstundes foreslår departementet å greie ut og dokumentere behova til dei som berre treng opplæring i munnleg norsk, men elles ikkje manglar andre grunnleggjande dugleikar.

Basiskompetanse i frivilligheita (BKF) skal ha til formål å styrkje grunnleggjande dugleikar hos vaksne både i og utanfor arbeidslivet. Dette vil kunne gi fleire vaksne som treng det tilbod om opplæring. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til denne ordninga. Departementet foreslår å redusere løyvinga til studieforbunda med 40 mill. kroner i 2015.

For at vi skal kunne følgje med i utviklinga og dra nytte av det som skjer i andre land på forskingsfelt innanfor læringsvitskap, er det behov for å byggje opp eit fagmiljø for læringsanalyse i Noreg. Frå 2015 foreslår Kunnskapsdepartementet å løyve 5 mill. kroner til å opprette eit fagmiljø for læringsanalyse.

Høgre utdanning og forskning

Regjeringa legg saman med budsjettforslaget fram ein langtidspan for forskning og høgre utdan-

ning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidspan for forskning og høgre utdanning 2015–2024*. Tiltak som bidrar til auka kvalitet i forskning og høgre utdanning, at næringslivet forskar meir eller bidrar til god deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020, vil bli prioritert. Regjeringa vil innan 2018 gjennomføre ein opptrappingsplan for rekrutteringsstillingar med 500 nye stillingar, styrkje løyvingane til infrastruktur med 400 mill. kroner og styrkje løyvingane til ordningar som bidrar til betre deltaking i Horisont 2020 med 400 mill. kroner. Nytt bygg for livsvitskap, kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo og oppgradering av Marinteknisk senter i Trondheim, Ocean Space Centre, er dei viktigaste byggeprosjekta for å følgje opp langtidspanen.

Regjeringa har ambisjonar om å utvikle fleire verdsleiande fagmiljø. Det krev ei målretta satsing på institusjonar og fagmiljø som har særlege føresetnader for å lykkast. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor 100 mill. kroner for å styrkje arbeidet med framifrå kvalitet med mål om å utvikle fleire verdsleiande fagmiljø.

Regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for større norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020. For å følgje opp den nasjonale strategien for samarbeid med EU om forskning og innovasjon, foreslår regjeringa å styrkje øyremerkte tiltak, mellom anna STIM-EU, ordninga med nasjonale kontaktpunkt, prosjektetableringsstøtte og posisjoningsstøtte, med 115 mill. kroner i 2015.

Regjeringa er oppteken av å støtte opp om dei opne forskingsarenaene og foreslår derfor å styrkje fri prosjektstøtte (FRIPRO) med 60 mill. kroner i 2015 for å fremme banebrytande forskning.

Regjeringa foreslår å auke midlane til forskingsinfrastruktur med 100 mill. kroner i 2015. Satsing på forskingsinfrastruktur er eit direkte bidrag til å nå det målet regjeringa har om å utvikle verdsleiande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering.

Kunnskapsdepartementet foreslår 53,4 mill. kroner til 47 nye rekrutteringsstillingar innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning, som del av langtidspanen for forskning og høgre utdanning. Departementet foreslår òg 3,4 mill. kroner til tre nye stillingar til stipendiatprogrammet i Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU).

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdanningsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet, og ein sektor som brukar res-

sursane meir effektivt. Departementet tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om strukturen i universitets- og høgskolesektoren i 2015. Departementet foreslår å auke løyvinga for å stimulere til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar til 75 mill. kroner.

Oppdaterte bygg og utstyr er ein føresetnad for ambisjonen om fleire framifrå forskings- og undervisningsmiljø. Regjeringa foreslår ei løyving på 85 mill. kroner til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar sin eigen bygningsmasse.

Regjeringa har mål om å styrkje grunnfinansieringa av universitet og høgskolar og foreslår å auke den samla økonomiske ramma til institusjonane med 53,7 mill. kroner. Dette er ei oppfølging av Innst. 260 S (2013–2014), der det vart vedteke å auke ramma til universitet og høgskolar.

For at kapasitetsauken i høgre utdanning skal halde fram, foreslår regjeringa 202,8 mill. kroner til vidareføring og opptak av nye kull for studie-plassar oppretta over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Samla gir dette om lag 1 500 fleire studie-plassar i 2015 samanlikna med i 2014.

Departementet foreslår 30 mill. kroner til utstyr til bruk i sjukepleiar- og ingeniøruddanningane. Det er behov for meir og betre utstyr i desse utdanningane, slik at studentane blir betre førebudd på det som ventar dei i arbeidslivet.

Kunnskapsdepartementet foreslår å tildele Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) midlar til å fullføre oppgraderinga av IKT-systemet for å sikre god og effektiv sakshandsaming. Investeringane er berekna til å koste inn til 27 mill. kroner.

Regjeringa foreslår at universitet og statlege høgskolar får høve til å krevje studieavgift for studentar frå land utanfor EØS-området og Sveits frå og med haustsemesteret 2015. Dette gjeld ikkje for studentar med rett på utdanningsstøtte frå Lånekassen og utvekslingsstudentar på avtale. I samband med denne endringa foreslår regjeringa at budsjetttrammene til dei statlege institusjonane blir reduserte med 80,5 mill. kroner. Det er ikkje aktuelt for regjeringa å opne for studieavgift for norske studentar eller studentar frå EØS-området og Sveits.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Desse teknologiane gir eit viktig grunnlag for fornying og omstilling i næringslivet og i offentleg sektor. I Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) auka regjeringa løyvingane til programma BIOTEK2021 (Bioteknologi for verdiskaping), NANO2021 (Nanoteknologi og avanserte materialer), VERDIKT (Kjernekompe-

tanse og verdiskaping i IKT) og ELSA (Ethiske, rettslige og samfunnsmessige aspekter ved bio-, nano- og nevroteknologi) i Forskringsrådet med 25 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår å styrkje løyvingane ytterlegare til desse programma, med særleg vekt på IKT i 2015. Departementet foreslår ein auke i løyvingane på 20 mill. kroner i 2015.

I handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2014 vart løyvinga til forskingsinstitutta styrkt med 15 mill. kroner. Regjeringa foreslår å styrkje løyvinga på kap. 287 post 21 med 15 mill. kroner som ei vidareføring av auken.

Regjeringa er oppteken av å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforming av forskings- og innovasjonspolitikken. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvingane til forskingsprogrammet FORFI (Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken) med 4 mill. kroner i 2015.

I 2014 vart ei ny gåveforsterkingsordning innført. Ordninga inneber at staten yter eit tillegg på 25 pst. av gåvebeløpet ved private pengegaver til Noregs forskingsråd. Kunnskapsdepartementet vil frå 2015 utvide ordninga til å omfatte høgskolar utan doktorgradsrett når gáva er eit gåveprofessorat.

Studentvelferd og utdanningsstøtte

Gode studentvelferdstilbod er viktig for å kunne ta høgre utdanning. Eit av dei viktigaste velferdstilboda er studentbustader. Regjeringa har som mål å byggje fleire studentbustader og foreslår å auke løyvinga til totalt 380 mill. kroner til bygging av om lag 1 500 nye studentbustader i 2015. Dette er om lag 200 fleire nye studentbustader enn i 2014.

Regjeringa held fram med å auke kjøpekrafta til studentane, og foreslår derfor å styrkje basisstøtta med 3,1 pst. i undervisningsåret 2015–16, noko som svarer til ein vekst på eitt prosentpoeng ut over venta prisvekst per august 2014.

Regjeringa har tillit til at den einskilde studenten sjølv klarer å gjere gode vurderingar kring kvaliteten på dei utanlandsstudia som er aktuelle for han eller henne. Det blir derfor foreslått å fjerne koplinga til internasjonale rankinglister for rett til utdanningsstøtte til første året av bachelorutdanninga i USA (freshman-året) og i ikkje-vestlege land. Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner i 2015.

For å redusere den risikoen som valutasvingingar utgjør for utanlandsstudentane, foreslår departementet at heile den skolepengestøtta som blir gitt til desse studentane, skal bli valutajustert frå undervisningsåret 2015–16.

Departementet foreslår å innføre fast, årleg kontroll av bustatus til eit større utval studentar som har opplyst at dei er bortebruarar. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 72 mill. kroner som følgje av forslaget.

Departementet foreslår ei endring i sjukestipendordninga som vil gjere det mogleg å kombinere sjukepengar frå folketrygda med sjukestipend frå Lånekassen. Sjukepengane vil gå til frådrag før utdanningsstøtta kan bli gjort om til sjukestipend.

Regjeringa er oppteken av at offentlege støtteordningar skal vere målretta, og det blir foreslått større endringar i vilkåra for rett til grunnstipend til vidaregåande opplæring. Endringane i dei vilkåra som avgjer kven som har rett til grunnstipendet, er berekna til å gi ei innsparing på 355,7 mill. kroner i 2015. Samstundes foreslår regjeringa at satsane blir auka. Det blir foreslått å styrkje løyvinga med 84,1 mill. kroner til dette tiltaket.

Departementet foreslår også å innføre behovsprøving av bustipendet til elevar i vidaregåande opplæring. Behovsprøving skal gjennomførast mot høg forsørgjarinntekt og eventuelt mot elevens eiga lærlinginntekt. Samla blir løyvinga foreslått redusert med i underkant av 86 mill. kroner.

Departementet foreslår å avvikle dagens låneordning for elevar med ungdomsrett i vidaregåande opplæring. Men det blir samstundes foreslått å etablere ei ikkje-behovsprøvd låneordning, avgrensa til dei som har nådd myndigalderen, og som bur utanfor foreldreheimen.

Departementet foreslår å redusere støtteperioden for elevar i folkehøgskole med ein månad, slik at det også til denne typen opplæring blir gitt støtte for den perioden undervisninga varer. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 11,5 mill. kroner.

Departementet foreslår enkelte endringar i vilkåra for utdanningsstøtte for å sikre at Noreg etterlever forpliktingane etter EØS-avtalen. Som følgje av dette foreslår departementet å auke løyvinga til utdanningsstøtte med 46,3 mill. kroner.


Regjeringa foreslår å auke påslaget på renta på lån i Lånekassen med 0,25 prosentpoeng med

verknad frå 1. januar 2015, slik at påslaget frå denne dato er på 1,25 prosentpoeng. Forslaget vil auke renteinntektene med om lag 314 mill. kroner, men krev auka løyving til rentestøtte med om lag 110 mill. kroner.

Andre saker

Den årlege produktivitsveksten er viktig for å auke velstanden i eit land. Regjeringa følgjer opp dette i Sundvolden-erklæringa og har sett ned ein eigen produktivitetskommisjon. Regjeringa vil byggje politikken på effektiv bruk av ressursane til fellesskapet, og føreset derfor at alle statlege verksemdar gjennomfører årlege tiltak for å auke produktiviteten. For å gi insentiv til meir effektiv statleg drift og skape handlingsrom for prioriteringar innfører regjeringa ei reform for avbyråkratisering og effektivisering av offentleg sektor. Delar av gevinstantane frå redusert byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir i dei årlege budsjetta tekne inn til fellesskapet. Denne innhentinga er sett til 0,5 pst. av driftsutgiftene til verksemdene. For å sikre at ordninga er føreseieleg, er berekningsgrunnlaget saldert budsjett året før. Ordninga er nærmare omtalt i Gul bok 2015. Verknaden for Kunnskapsdepartementet er at løyvinga totalt blir redusert med 183,3 mill. kroner på utgiftssida.

Frå 2015 blir nøytral meirverdiavgift innført for ordinære statlege forvaltningsorgan. Denne ordninga inneber at betalt meirverdiavgift som hovudregel ikkje lenger skal først som ei driftsutgift på budsjettkapitla til verksemdene, men i staden skal belastast sentralt på kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter. Driftspostane 01–49 skal frå 2015 budsjetterast utan meirverdiavgift. Ordninga fjernar ei konkurranseulempe for private aktørar. For å unngå nye konkurransevridingar som går ut over private aktørar, vil enkelte forvaltningsorgan bli haldne utanfor ordninga. Ordninga er nærmare omtalt i Gul bok 2015. For Kunnskapsdepartementet inneber dette at løyvinga blir redusert med 101,9 mill. kroner.



Figur 1.2 Målbilde for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2015

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	272 425	264 796	268 590	1,4
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>272 425</i>	<i>264 796</i>	<i>268 590</i>	<i>1,4</i>
Grunnopplæringa					
220	Utdanningsdirektoratet	328 906	465 259	457 986	-1,6
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	13 507	14 548	13 859	-4,7
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	98 041	90 774	93 005	2,5
223	Sametinget	37 723	39 043	40 331	3,3
224	Senter for IKT i utdanninga	96 597	91 664	84 738	-7,6
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 161 313	1 705 106	1 669 910	-2,1
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 496 921	1 916 760	2 377 789	24,1
227	Tilskott til særskilde skolar	110 763	125 363	133 798	6,7
228	Tilskott til private skolar o.a.	3 450 316	3 675 955	3 833 484	4,3
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	28 575	23 874	24 319	1,9
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	692 138	690 217	706 235	2,3
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>7 514 800</i>	<i>8 838 563</i>	<i>9 435 454</i>	<i>6,8</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	321 249	374 132	443 455	18,5
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>321 249</i>	<i>374 132</i>	<i>443 455</i>	<i>18,5</i>
Vaksenopplæring m.m.					
252	EUs utdannings- og ungdoms- program	249 537	290 360	439 921	51,5
253	Folkehøgskolar	718 206	744 043	748 597	0,6

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
254	Tilskott til vaksenopplæring	220 951	230 719	168 703	-26,9
255	Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra	76 356	140 173	104 526	-25,4
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	67 818	67 653	65 283	-3,5
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	91 866	139 604	168 716	20,9
258	Tiltak for livslang læring	57 255	91 146	101 700	11,6
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 481 989</i>	<i>1 703 698</i>	<i>1 797 446</i>	<i>5,5</i>
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
260	Universitet og høgscolar	27 547 599	29 289 917	30 912 271	5,5
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	377 629	452 591	476 699	5,3
276	Fagskoleutdanning	71 236	69 679	66 747	-4,2
280	Felles einingar	394 857	457 034	493 785	8,0
281	Felles tiltak for universitet og høgscolar	406 185	457 639	399 514	-12,7
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>28 797 506</i>	<i>30 726 860</i>	<i>32 349 016</i>	<i>5,3</i>
	Forskning				
283	Meteorologiformål	332 501	346 620	379 482	9,5
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane	17 935	17 236	18 149	5,3
285	Noregs forskingsråd	2 773 611	2 986 629	3 237 882	8,4
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	475 990	488 440	488 361	0,0
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 827 566	1 593 468	2 348 726	47,4
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>5 427 603</i>	<i>5 432 393</i>	<i>6 472 600</i>	<i>19,1</i>
	Utdanningsstøtte				
2410	Statens lånekasse for utdanning	32 936 566	33 245 713	35 059 547	5,5
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>32 936 566</i>	<i>33 245 713</i>	<i>35 059 547</i>	<i>5,5</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>76 752 138</i>	<i>80 586 155</i>	<i>85 826 108</i>	<i>6,5</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
01-29	Driftsutgifter	3 719 027	4 004 192	4 573 914	14,2
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	144 608	160 337	42 748	-73,3
50-59	Overføringer til andre statsrekneskaper	35 544 986	37 527 233	39 766 467	6,0
60-69	Overføring til kommunesektoren	1 440 859	2 290 130	2 266 865	-1,0
70-89	Overføring til private	14 498 058	14 806 328	15 593 000	5,3
90-99	Utlån, avdrag o.a.	21 404 600	21 797 935	23 583 114	8,2
	Sum under departementet	76 752 138	80 586 155	85 826 108	6,5

Inntekter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
	Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet	8 870			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>8 870</i>			
	Grunnopløringa				
3220	Utdanningsdirektoratet	9 811	4 973	5 111	2,8
3221	Foreldreutvala for grunnpøpløringa og barnehagane	1			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	12 288	4 898	5 035	2,8
3224	Senter for IKT i utdanninga	7 315	1 553	1 596	2,8
3225	Tiltak i grunnpøpløringa	53 719	73 882	69 297	-6,2
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	7 522	2 706	2 786	3,0
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	52 233	73 051	74 785	2,4
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>142 889</i>	<i>161 063</i>	<i>158 610</i>	<i>-1,5</i>
	Vaksenoppløring m.m.				
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	12 997	11 027	11 334	2,8
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>12 997</i>	<i>11 027</i>	<i>11 334</i>	<i>2,8</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
3280	Felles einingar	2 239	1 263	1 298	2,8
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	50	10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>2 289</i>	<i>1 273</i>	<i>1 308</i>	<i>2,7</i>
	Forskning				
3287	Forskningsinstitutt og andre tiltak	419 622	219 000	6 000 000	2 639,7
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 199	4 684	4 599	-1,8
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>423 821</i>	<i>223 684</i>	<i>6 004 599</i>	<i>2 584,4</i>
	Utdanningsstøtte				
5310	Statens lånekasse for utdanning	9 843 101	13 622 640	14 578 245	7,0
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 578 724	3 868 062	3 757 151	-2,9
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>13 421 825</i>	<i>17 490 702</i>	<i>18 335 396</i>	<i>4,8</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>14 012 691</i>	<i>17 887 749</i>	<i>24 511 247</i>	<i>37,0</i>

Inntekter fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	216 746	228 498	239 378	4,8
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringar	3 875 050	4 205 731	4 020 764	-4,4
90-99	Utlån, avdrag o. a.	9 920 895	13 453 520	20 251 105	50,5
	Sum under departementet	14 012 691	17 887 749	24 511 247	37,0

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgende oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 525, 10. juni 2013. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.70 Forsking.

«Stortinget ber regjeringen foreslå å øke investeringene i avansert vitenskapelig utstyr og annen infrastruktur for forskning slik at norske forskere får tilgang til utstyr av verdensklasse.»

Vedtak nr. 29, 26. november 2013. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

«Stortinget ber regjeringen utrede studentenes levekårssituasjon med sikte på å realisere heltidsstudenten. En slik utredning skal også innebære en plan for økning av studiestøtten og studiestøttens lengde. Studentenes organisasjoner skal involveres i dette arbeidet.»

Vedtak nr. 35, 26. november 2013. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.30 Barnehagar.

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2014 vurdere

skjermingsordninger for barnefamilier med dårlig råd og barn i barnehage.»

Vedtak nr. 586, 20. juni 2014. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.30 Barnehagar.

«Stortinget ber regjeringen etablere en ny metode for å beregne etterspørselseffekter av endringer i kontantstøtten og foreldrebetalingen i barnehagene. Bevilgningsendringene ved endret kontantstøtte og foreldrebetaling i perioden 2012–2014 gjennomgås sammen med KS som en del av arbeidet. Det forutsettes at dette danner grunnlaget for beregning av endringer i innbyggertilskudd som følge av etterspørselsendringer på barnehageområdet fra og med 2015.»

Vedtak nr. 591, 13. juni 2014. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.20 Grunnopplæringa

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med budsjettet for 2015 gi vurderinger av aktuelle byråkratikutt i skolesektoren som skal ha som mål å redusere antall skjemaer og rapporter.»

Del II
Nærmare om budsjettforslaget

4 Nærmere om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
200	Kunnskapsdepartementet	272 425	264 796	268 590	1,4
	Sum kategori 07.10	272 425	264 796	268 590	1,4

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
3200	Kunnskapsdepartementet	8 870			
	Sum kategori 07.10	8 870			

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter		259 910	250 948
21	Særskilde driftsutgifter		11 257	10 969
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		1 258	2 673
	Sum kap. 0200		272 425	268 590

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Løyvinga på post 21 dekkjer mellom anna utgifter til den norske UNESCO-kommisjonen og utgreiings- og utviklingsoppgåver i Kunnskapsdepartementet. Løyvinga på post 45

gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Mål for 2015

Måla her gjeld drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Måla for 2015:

- Departementet skal ha eit godt grunnlag for utforming av kunnskapspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.
- Departementet skal vere førebudd på å handtere alle typar kriser i sin eigen sektor.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken for barnehage, utdanning, livslang læring og forskning. I 2013–14 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd desse proposisjonane og meldingane til Stortinget:

- Prop. 206 L (2012–2013) *Endringer i opplæringslova og privatskolelova (gratis kulturskoletilbud)*
- Prop. 59 L (2013–2014) *Endringer i universitets- og høyskoleloven*
- Prop. 68 L (2013–2014) *Endringer i opplæringslova, privatskolelova og folkehøyskoleloven (leksehjelp m.m.)*
- Prop. 75 L (2013–2014) *Endringer i privatskolelova*
- Meld. St. 5 (2013–2014) *Tilbaketrekning av Prop. 206 L (2012–2013) Endringer i opplæringslova og privatskolelova (gratis kulturskoletilbud)*

Kunnskap blir meir og meir etterspurd, og denne utviklinga stiller store krav til utdannings- og forskingssektoren. Samstundes er kunnskapspolitikken sjølv eit verkemiddel som skal vere med på å forme samfunnet. Tilretteleggingsansvaret for politikkkutforminga krev derfor at departementet følgjer med på samfunnsutviklinga nasjonalt og internasjonalt, og legg til rette for eit kunnskapsgrunnlag som gjer at politikken kan vere i framkant av utviklinga. Mellom tiltaka i 2013 for å hente inn kunnskap var at departementet sette ned eit utval som skal vurdere kor godt innhaldet i skolen er i samsvar med dei kompetansane elevane vil trenge i samfunns- og arbeidslivet i framtida. Eit anna område der departementet har sett i verk utgreiingsarbeid, er utviklinga av Massive Open Online Courses (MOOC). Eit utval departementet sette ned, la i juni 2014 fram tilrådinga si i NOU 2014: 5 *MOOC til Norge*. For-

skingsmeldinga Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter* vart lagd fram i 2013. På grunnlag av meldinga tok departementet til å arbeide med ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning.

Kunnskapsdepartementet heldt i 2013 fram med det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Ein rettleiar i beredskap og krisehandtering for barnehagar, skolar og andre utdanningsinstitusjonar kom ut i 2013. Utdanningsdirektoratet hadde fått i oppdrag å samarbeide med mellom andre politiet om denne rettleiaren, med det formålet å leggje til rette for god førebygging og robust beredskap i sektoren.

Departementet arbeider vedvarande med å effektivisere og forbetre arbeidsprosessane. I den samanhengen ser departementet det som viktig å utnytte dei føresetnadene teknologi og open arbeidsplassløyning gir til effektivt, fleksibelt, mobilt og digitalt arbeid. Kunnskapsdepartementet har starta eit IKT-prosjekt som skal stimulere til at departementet blir eit føregangsdepartement for effektiv, tenleg og forsvarleg bruk av digitale verktøy i arbeidskvardagen. Samstundes med IKT-prosjektet har departementet lagt vinn på å førebu dei tilsette på å arbeide godt saman i nye opne arbeidsplassløyningar.

Budsjettforslag for 2015

Som følge av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyingsframlegget på dei tre postane under kap. 200 redusert med til saman 3,9 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Kostnadene ved nytt løns- og personalsystem for departementa har blitt noko høgre enn opphavleg forventa. På bakgrunn av dette foreslår departementet å flytte 200 000 kroner frå kap. 200 post 01 til kap. 510 Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon, post 01 Driftsutgifter. Saka er nærare omtala under kap. 510 i Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Løyingsforslaget er redusert med 1,3 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Salsinntekter o.a.	1 923		
16	Refusjon av foreldrepenge	3 219		
17	Refusjon for lærlingar	115		
18	Refusjon av sjukepenge	3 613		
	Sum kap. 3200	8 870		

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
220	Utdanningsdirektoratet	328 906	465 259	457 986	-1,6
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	13 507	14 548	13 859	-4,7
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	98 041	90 774	93 005	2,5
223	Sametinget	37 723	39 043	40 331	3,3
224	Senter for IKT i utdanninga	96 597	91 664	84 738	-7,6
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 161 313	1 705 106	1 669 910	-2,1
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 496 921	1 916 760	2 377 789	24,1
227	Tilskott til særskilde skolar	110 763	125 363	133 798	6,7
228	Tilskott til private skolar o.a.	3 450 316	3 675 955	3 833 484	4,3
229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	28 575	23 874	24 319	1,9
230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	692 138	690 217	706 235	2,3
Sum kategori 07.20		7 514 800	8 838 563	9 435 454	6,8

Inntekter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
3220	Utdanningsdirektoratet	9 811	4 973	5 111	2,8
3221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane	1			
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	12 288	4 898	5 035	2,8
3224	Senter for IKT i utdanninga	7 315	1 553	1 596	2,8
3225	Tiltak i grunnopplæringa	53 719	73 882	69 297	-6,2
3229	Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	7 522	2 706	2 786	3,0
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	52 233	73 051	74 785	2,4
	Sum kategori 07.20	142 889	161 063	158 610	-1,5

Innleiing

Gjennom formålsparagrafen for grunnopplæringa har samfunnet gitt grunnopplæringa eit omfattande og viktig mandat, jf. opplæringslova § 1-1. Opplæringa skal gi alle elevar dugleikar, holdningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølve og andre i samfunnet. Alle skal ha moglegheit til å realisere læringspotensialet sitt i ein inkluderande skole.

Kommunane, fylkeskommunane og dei private skolane som er godkjende etter privatskolelova, har fått i oppdrag å realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa. Grunnopplæringa blir i all hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskottet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale behov, jf. opplæringslova § 13-10. Dette gjeld til både drift, investering og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa ved skolane og i lærebedriftene. For ei samla framstilling av ressursbruken i grunnopplæringa viser departementet til del III i budsjettproposisjonen, kapittel 6 Ressursar i grunnopplæringa.

På grunnlag av tilstandsvurderinga av grunnopplæringa vil departementet prioritere tiltak for kvalitetsutvikling retta mot tre mål:

- Elevar skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse.
- Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

Under programkategori 07.20 blir drifta av underliggjande verksemdar innanfor opplæringssektoren finansiert, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet, kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane, kap. 224 Senter for IKT i utdanninga og kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem. Sametinget får også tilskott til utdanningsformål over kategorien, jf. kap. 223 Sametinget. Dei nasjonale satsingane for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa blir finansierte over kap. 226. Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa består av ei rekkje tilskottsordningar, særleg øyremerkte tilskott til kommunesektoren. Statlege skolar blir finansierte over kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat og kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar. Enkelte særskilde skolar og private skolar som er godkjende etter privatskolelova, blir også finansierte over programkategorien, jf. høvesvis kap. 227 Tilskott til særskilde skolar og kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

Hovudprioriteringar for 2015

Grunnopløringa blir hovudsakleg finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Regjeringa foreslår ein vekst i dei frie inntektene til kommunesektoren på 4,4 mrd. kroner. Dette er ein realvekst på av 1,4 pst. For nærmare omtale viser departementet til Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I statsbudsjettet for 2015 foreslår regjeringa fleire nye tiltak og styrkingar innanfor grunnoppløringa på budsjettet til Kunnskapsdepartementet:

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på vidareutdanning for lærarar innanfor strategien *Kompetanse for kvalitet*. Styrkinga inneber at det blir 1 500 nye plassar i vidareutdanninga. Auken blir fordelt med 500 nye plassar i vikarordninga og 1 000 nye plassar i stipendordninga. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 143,6 mill. kroner i 2015. I tillegg kjem budsjetteffekten i 2015 som følgje av at talet på studieplassar vart auka med 1 700 frå hausten 2014. Denne effekten utgjer 310 mill. kroner. Totalt vil det vere 5 050 plassar til vidareutdanning av lærarar i 2015.

I statsbudsjettet for 2009 vart det innført ei åtteårig ordning med rentekompensasjon til investering og rehabilitering av skole- og symjeanlegg. Frå 2009 til 2014 er 11 mrd. kroner av ramma på 15 mrd. kroner fasa inn i budsjettet. Regjeringa foreslår å fase inn ytterlegare 3 mrd. kroner av investeringsramma i budsjettet. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 45 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å styrkje satsinga på realfag ytterlegare med 20 mill. kroner. Departementet vil innføre ei ordning med realfagskommunar for å stimulere til at kommunane tek eit heilskapleg og strategisk ansvar for å forbetre dugleikar og kunnskapar i realfag. Departementet ønskjer gjennom ordninga å fremme både kommunar som gjennomgåande har svake resultat og kommunar som allereie kan vise til gode resultat. Realfagskommunane skal vere inspirasjonskjelder for andre kommunar.

I statsbudsjettet for 2014 vart det løyvd 10 mill. kroner til ei ordning for å stimulera nye bedrifter til å ta inn lærlingar. I handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014 vart ordninga styrkt ytterlegare med 10 mill. kroner. Departementet foreslår å føre styrkinga vidare i 2015. Midlane blir løyvde gjennom rammetilskottet til fylkeskommunane.

Departementet foreslår 1,2 mill. kroner til etablering av ei stipendordning for handverkarar som bidreg til å føre vidare gamle handverkstradisjonar. Ordninga blir lagt til Norsk handverksinstitutt.

Departementet foreslår 0,6 mill. kroner til etablering av ei ny landslinje i natur og miljøfag ved Rjukan vidaregåande skole i Telemark.

Departementet foreslår 10 mill. kroner til å styrkje oppløringstilbodet til hørselshemma elevar.

Som ein del av oppfølginga av *Lærerloftet* vil regjeringa sette i gang forsøk med nye karrierevegar for lærarar. Departementet foreslår 6 mill. kroner til forsøka.

Departementet foreslår 8 mill. kroner til å styrkje kompetanseutviklinga for yrkesfaglærarar.

Departementet foreslår 7 mill. kroner til å styrkje symjeoppløringa for elevar som søkjer opphald i Noreg.

Fleire sentrale statlege satsingar innanfor grunnoppløringa vil bli ført vidare i 2015. Mellom anna blir kompetanseutviklinga for tilsette i PP-tenesta ført vidare. Det blir sett av om lag 40 mill. kroner til denne satsinga.

Departementet vil òg halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Departementet tek sikte på å setje av om lag 160 mill. kroner til satsinga. Satsinga består av skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, lesing, skriving og rekning.

Departementet vil føre vidare satsinga *Kompetanse for mangfold 2013–2017* med 29 mill. kroner. Satsinga omfattar kompetanseutvikling for tilsette som arbeider med oppløring av minoritetspråklege elevar.

Regjeringa vil bidra til at fleire fullfører vidaregåande oppløring. Basert på erfaringar frå fylka og forskning knytt til mellom anna Ny GIV er arbeidet vidareutvikla til *Program for bedre gjennomføring i videregående oppløring*.

Løyvinga til kompletterande undervisning er foreslått redusert med 10 mill. kroner. Vidare er løyvingane til underliggjande etatar på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet foreslått redusert med 13 mill. kroner til saman.

Tilstandsvurdering

Det er sterke samanhengar mellom dei tre måla for grunnoppløringa. Grunnleggjande dugleikar er eit nødvendig fundament både for kompetanse i undervisningsfaga og læringsutbytte i vid forstand. Grunnleggjande dugleikar og kompetanse i undervisningsfaga heng dessutan tett saman med læringsmiljøet på skolen. Arbeidet for betre læringsmiljø har eit dobbelt formål: som eit mål i seg sjølv og som eit middel for betre læringsutbytte. Gjennomføring av vidaregåande oppløring heng vidare svært tett saman med det faglege og det sosiale grunnlaget elevane har frå grunnskolen.

Måla for grunnopplæringa om læringsutbytte, læringsmiljø og gjennomføring av vidaregåande opplæring gjeld for alle elevar og lærlingar, uavhengig av bakgrunnen deira. Det er i likevel vesentlege forskjellar i læringsutbytte, læringsmiljø og gjennomføring mellom ulike elevgrupper. Dei er mellom anna bestemte av sosioøkonomisk bakgrunn, kjønn og minoritetsspråkleg bakgrunn. Effekten av bakgrunnsfaktorar er ikkje uforanderleg, og han varierer til dels mykje mellom kommunar og skolar.


Mål: Elevar skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse

Grunnleggjande dugleikar er definerte som digitale dugleikar, munnlege dugleikar, å kunne lese, å kunne rekne og å kunne skrive. Grunnleggjande dugleikar er føresetnader for å utvikle kompetanse i undervisningsfag, og er derfor integrerte i kompetansemåla for alle fag i grunnopplæringa. Fagleg kompetanse kan forståast som den kompetansen elevane skal oppnå gjennom arbeid med undervisningsfaga i grunnopplæringa.

Resultata på dei internasjonale undersøkingane PISA, TIMSS og PIRLS viste tydeleg framgang frå midten av 2000-talet. I dei internasjonale undersøkingane er 500 poeng skalamidtpunktet, og noko forenkla tilsvarear om lag 30–40 poeng den gjen-

nomsnittlege framgangen i prestasjonar til elevane i løpet av eit skoleår. TIMSS 2011 viste tydeleg forbetring av prestasjonane til norske elevar i matematikk og naturfag på 4. og 8. trinn etter 2003, med unntak av naturfag for elevar på 8. trinn, der nivået er stabilt frå 2003 til 2011. Prestasjonane til elevane i matematikk på 4. trinn betra seg med 44 poeng frå 2003 til 2011, og utgjer den største positive endringa i matematikk på 4. trinn blant dei landa som er med i undersøkinga. Som følgje av forskjellar i alder ved skolestart er norske elevar på 5. trinn nærmare i alder elevar på 4. trinn i mange andre land. Norske elevar på 5. trinn er klart betre enn svenske og danske og på nivå med finske jamaldringar i TIMSS 2011. PIRLS 2011 syner tilsvarande ei klar forbetring i leseprestasjonane for 4. og 5. trinn, med ein auke på ni og elleve poeng frå 2006 til 2011. Norske elevar ligg over det internasjonale gjennomsnittet for både 4. og 5. trinn.

PISA 2012 viste derimot at den positive utviklinga i dei ulike internasjonale undersøkingane frå midten av 2000-talet ikkje er ført vidare. PISA testar 15-åringar i naturfag, lesing og matematikk. Leseprestasjonane er stabile frå 2009 til 2012, mens prestasjonane i naturfag og matematikk har vorte reduserte i same periode. Når ein ser heile perioden 2000 til 2012 under eitt, er nivået på læringsutbyttet målt gjennom PISA relativt stabilt, jf. figur 4.1.



Figur 4.1 Gjennomsnittlege elevprestasjonar i PISA

Kjelde: Kjærnsli mfl. (2013)


Dei internasjonale undersøkingane synte at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar vart tydeleg redusert frå midten av 2000-talet. Auken i gjennomsnittlege prestasjonar og reduksjonen i spreininga mellom elevar i same tidsperiode kunne i stor grad forklarast med betra prestasjonar blant dei fagleg svakaste elevane. PISA 2012 viser derimot at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar har auka. Samanlikna med andre land er det framleis få elevar på dei høgste prestasjonsnivåa i dei internasjonale undersøkingane.

I PISA 2009 vart det i 16 OECD-land gjennomført ei tilleggsundersøking av den digitale lesinga til elevane. Testen måler ikkje digitale dugleikar, men den evna elevane har til å lese, navigere i og vurdere informasjon frå digitale tekstar. Dei norske elevane presterer som gjennomsnittet i undersøkinga.

I 2009 vart ICCS, ei internasjonal undersøking om medborgarskap og demokrati, gjennomført.

Resultata viste at norske elevar på 8. og 9. trinn har svært gode kunnskapar om og dugleikar i demokrati og medborgarskap samanlikna med elevar i dei andre landa, og er om lag på det same nivået som for ei tilsvarande undersøking i 1999.

Variasjonen i læringsutbytte mellom norske elevar kan i større grad forklarast av andre faktorar enn sosial bakgrunn samanlikna med andre OECD-land. Avstanden i prestasjonar mellom elevar med høg og elevar med låg sosial bakgrunn ligg likevel om lag på same nivå som gjennomsnittet for OECD-landa. Dette kjem dels av at vi er eit land med små sosiale forskjellar, men også at mange elevar presterer betre (eller dårlegare) enn den sosioøkonomiske bakgrunnen deira skulle tilseie. Følgja av sosial bakgrunn for læringsutbyttet har vore relativt stabil på 2000-talet. Grunnskolepoenga til elevane heng til dømes tett saman med utdanningsnivået til foreldra, og det er berre minimale endringar i denne samanhengen over tid, jf. figur 4.2.



Figur 4.2 Gjennomsnittlege grunnskolepoeng til elevane etter utdanningsnivået til foreldra

Kjelde: SSB 2013. Grunnskolepoeng er eit samle mål for alle karakterane ved avslutta grunnskole

Mål: Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Det er samstundes avgjerande at kompetansen dei oppnår, blir verdsett i høgere utdanning eller på arbeidsmarknaden. Elevar med generell studiekompetanse er i hovudsak utdan-

ningsorienterte etter vidaregåande opplæring. For desse elevane vil fullført høgere utdanning utgjere den viktigaste kvalifikasjonen deira på arbeidsmarknaden. For elevar med yrkesfagleg kompetanse vil vidaregåande opplæring utgjere den viktigaste kvalifikasjonen deira på arbeidsmarknaden. Eit viktig utviklingstrekk i grunnopplæringa er at elevar på yrkesfag orienterer seg i stadig større


grad mot løp som gir generell studiekompetanse, særleg utdanningsprogramma medium og kommunikasjon, service og samferdsel, helse- og oppvekstfag og design og handverk.

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Om lag 70 pst. av elevane som begynner i vidaregåande opplæring, fullfører utdanninga i løpet av fem år. Slik har det vore lenge. For elevane som starta på vidaregåande opplæring i 2008, hadde 70,6 pst. fullført og bestått på normert eller meir enn normert tid i 2013. Det er ein auke på 1,3 prosentpoeng samanlikna med 2007-elevkullet.

Det er store forskjellar mellom studieførebuande (83,3 pst.) og yrkesfaglege (57,5 pst.) utdanningsprogram. Av dei som ikkje fullførte og bestod vidaregåande opplæring i 2008-kullet, slutta 16,4 pst. undervegs i opplæringa, medan resten anten var i vidaregåande opplæring framleis (5,7 pst.), eller dei hadde gjennomført utan å bestå (7,6 pst.).

Ein del av elevane som ikkje fullfører og består i løpet av fem år, kjem tilbake til vidaregåande opplæring på eit seinare tidspunkt. Dersom måletidspunktet blir sett til ti år etter påbegynt opplæring, aukar den delen elevar som fullfører og består vidaregåande opplæring, til rundt 80 pst.




Figur 4.3 Kompetanseoppnåing fem år etter at elevane begynte på vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da elevane starta i vidaregåande opplæring

Kjelde: SSB

Det er store variasjonar mellom fylkeskommunane i graden av gjennomføring av vidaregåande opplæring. Sogn og Fjordane, Akershus og Oslo har klart høgst gjennomføring av vidaregåande opplæring, medan fylkeskommunane i Nord-

Noreg har klart svakast gjennomføring. Fleire fylkeskommunar som har hatt ei tydeleg og jamn positiv utvikling i dei siste åra, til dømes Troms og Sogn og Fjordane.




Figur 4.4 Fullført på normert eller meir enn normert tid fem år etter påbegynt vidaregåande opplæring, på fylkesnivå

Kjelde: SSB

Gjennomføring av vidaregåande opplæring blir målt også etter overgangar frå kvart trinn i vidaregåande opplæring, jf. figur 4.5. Elevar kan etter kvart trinn ha ordinær progresjon, vere ute av vidaregåande opplæring eller repetere lågare eller same trinn i vidaregåande opplæring. 84,0 pst. av elevane frå Vg1 hadde ordinær progresjon i 2013.

Sidan 2007 har det vore ein svak auke i delen elevar med ordinær progresjon frå Vg1. Delen elevar med ordinær progresjon frå Vg2 ligg stabilt rundt 80 pst. i perioden 2007 til 2013. Delen elevar med ordinær progresjon frå Vg3 auka frå 67,5 pst. i 2012 til 69,2 pst. i 2013.



Figur 4.5 Overgangar i vidaregåande opplæring. Årstala viser til tidspunktet da overgangane skjer

Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2014

Verdsetjing i høgre utdanning og på arbeidsmarknaden


I 2013 var arbeidsløysa blant ungdom (16–24 år) om lag 9,2 pst. og har sidan midten av 2000-talet variert mellom sju og ni pst. Sjølv om kvaliteten og relevansen på grunnopplæringa i liten grad kan forklare kortsiktige endringar, kan nivået på arbeidsløysa likevel tyde på godt samsvar mellom den arbeidskrafta som ungdom tilbyr, og etterspurnaden frå arbeidsmarknaden, inklusiv deira kompetanse frå grunnopplæringa.

Samtidig fungerer ikkje overgangen frå alle delar av vidaregåande opplæring like godt. Det kjem til uttrykk ved at elevane vel bort yrkesfagleg kompetanse undervegs i opplæringsløpet, og at arbeidsmarknaden verdset kompetansen frå enkelte utdanningsprogram og lærefag lågt. Det kjem også til uttrykk ved at ein del elevar som gjennomfører og består vidaregåande opplæring med generell studiekompetanse, ikkje blir godt nok førebudde for å studere. Karakterar frå vidaregåande opplæring påverkar i stor grad fråfall første studieår, studiepoengproduksjon og fullføringstid ved universitet og høgskolar.

Fordelinga av elevar i oppstarten til vidaregåande opplæring mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram har lenge vore relativt stabil. I 2013 var om lag 48 pst. av elevane

på Vg1 i studieførebuande og 52 pst. i yrkesfaglege utdanningsprogram. Samstundes har delen elevar som oppnår yrkeskompetanse, lege på eit vesentleg lågare nivå enn delen elevar som oppnår studiekompetanse over lang tid. Av dei som starta på vidaregåande opplæring i 2008, fullførte berre 15 pst. med yrkeskompetanse innan 2013, anten som fagbrev eller vitnemål. I dei tradisjonelle yrkesfaga innanfor teknikk og industriell produksjon, elektrofag og bygg- og anleggsteknikk er delen som oppnår yrkeskompetanse, høgre.

Av dei som oppnådde fag- og sveinebrev i skoleåret 2011–12, var om lag 79 pst. i arbeid, 14 pst. i utdanning og sju pst. utanfor arbeid og utdanning i november 2013, jf. figur 4.6. Det er store variasjonar mellom utdanningsprogramma i delen fagarbeidarar som er i arbeid, frå 70,4 pst. (service og samferdsel) til 87,5 (bygg- og anleggsteknikk). Totalt for yrkesfaga har delen fagarbeidarar som er i arbeid, auka med om lag tre prosentpoeng frå 2009 til 2012. For service og samferdsel, teknikk og industriell produksjon, naturbruk, og i noko mindre grad helse- og oppvekstfag, er det mange fagarbeidarar som søker seg til høgre eller anna utdanning. Forskjellane mellom utdanningsprogramma tyder på at mange fagarbeidarar meiner at kompetansen frå enkelte lærefag ikkje er tilstrekkeleg i arbeidsmarknaden.




Figur 4.6 Nyutdanna fagarbeidarar i arbeid per november første år etter oppnådd fag-/sveinebrev, etter utdanningsprogram

Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2014

Samsvaret mellom talet på nye fagarbeidarar og sysselsetjinga i relevante næringer gir informasjon om etterspurnaden i arbeidsmarknaden. I bygg- og anleggsteknikk blir det utdanna om lag 4 500 fagarbeidarar kvart år, jf. figur 4.7. Samstundes rapporterer næringa om underskott på kvalifisert arbeidskraft gjennom bedriftsundersøkinga til Nav frå 2014. Teknikk og industriell produksjon og elektrofag har også hatt eit stabilt nivå på talet nyutdanna fagarbeidarar i dei siste åra. Både helse- og oppvekstfag og service og samferdsel

har hatt stor vekst i talet på nyutdanna fagarbeidarar. Bedriftsundersøkinga til Nav frå 2014 viser framleis stort underskott på kvalifisert arbeidskraft på områda helse, pleie og omsorg og industriarbeid. Det er noko mindre mangel på arbeidskraft i butikk- og salsarbeid, kontorarbeid og ulike serviceyrke. Samanlikna med talet på sysselsette i relevante næringer for service og samferdsel og restaurant- og matfag er talet på fagarbeidarar lågt.




Figur 4.7 Talet på beståtte fag- og sveineprøver i fag- og yrkesopplæringa

Kjelde: Utdanningsdirektoratet / Skoleporten 2014

Mål: Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø

Læringsmiljø viser til dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske tilhøva på skolen som har tyding for læring, helse og trivsel. Arbeidet for betre læringsmiljø har eit dobbelt formål: som eit mål i seg sjølv og som eit middel for betre læringsutbytte for elevane.

Elevundersøkinga er ei spørjeundersøking til elevane i grunnopplæringa om deira oppfatningar av sitt eige læringsmiljø, og er obligatorisk å gjennomføre for skoleeigarane på 7. og 10. trinn i grunnskolen og for elevar i vidaregåande opplæring. Undersøkinga vart revidert i 2013, og dermed kan ein ikkje samanlikne ho direkte med tidlegare undersøkingar. Endringar i 2013 må ein derfor fortolke med varsemd.



Figur 4.8 Rapportering frå elevane om læringsmiljøet på skolen

Kjelde: Elevundersøkinga 2008–13

Trivselen for elevane er i gjennomsnitt høg gjennom heile opplæringsløpet. I 2013 var det rundt 90 pst. av elevane som rapporterte at dei trivst godt eller svært godt på skolen. Delen elevar som trivst godt eller svært godt på 10. trinn, er noko lågare enn både på 7. trinn og på Vg1. Sidan 2008 har det vore ein gradvis auke i delen elevar som trivst godt eller svært godt på alle desse trinna i grunnopplæringa. Den relativt sett større auken i 2013 kan skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga i 2013.

Sjølv om delen elevar som trivst godt eller svært godt i grunnopplæringa, i gjennomsnitt er stor gjennom heile opplæringsløpet, er det likevel rundt fem pst. i 2013 som seier at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare på 7. og 10. trinn. På Vg1 er det rundt 3,6 pst. som seier dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare i 2013. Den relativt store nedgangen i delen elevar som rapporterer om mobbing i 2013, heng truleg saman med fleire faktorar, og det er vanskelig å vurdere om nedgangen er reell. Nedgangen i 2013 kan skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga. Tidlegare har desse tala vore stabile over lang tid.

Sidan 2008 har det vore ein klar framgang i delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt. På 7. trinn har delen elevar som rapporterer at dei liker skolearbeid godt eller svært godt, auka frå rundt 56 pst. i 2008 til 65 pst. i 2013.

For 10. trinn og Vg1 har det også vore ein slik positiv utvikling frå 2008. Auken i 2013 kan mellom anna skyldast revideringa av spørjeskjemaet for Elevundersøkinga. Delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt, ligg systematisk lågare på 10. trinn enn på 7. trinn og Vg1.

Samla vurdering av måla

PISA 2012 viste at den positive utviklinga i dei ulike internasjonale undersøkingane frå slutten av 2000-talet ikkje har vorte ført vidare. Leseprestasjonane i PISA er stabile frå 2009 til 2012, mens prestasjonane i naturfag og matematikk har gått ned i same periode. Når ein ser heile perioden 2000 til 2012 under eit, er dermed nivået på læringsutbyttet målt gjennom PISA relativt stabilt. PISA 2012 viser at avstanden mellom fagleg sterke og fagleg svake elevar igjen har vorte større. Regjeringa er ikkje nøgd med resultatane frå PISA i naturfag og matematikk. Regjeringa meiner det er behov for både å heve prestasjonane til elevane på dei lågaste nivåa i PISA, og at fleire elevar presterar på dei høgste nivåa i PISA.

Gjennomføringa av vidaregåande opplæring på nasjonalt nivå er i hovudsak stabil, til tross for ein svak auke på 1,3 prosentpoeng for delen av 2008-elevkullet som fullførte og bestod på normert eller meir enn normert tid innan fem år, samanlikna med 2007-elevkullet. Delen elevar med ordi-

nær progresjon frå Vg1 har auka svakt i perioden 2007 til 2013, medan situasjonen i hovudsak er stabil for overgangen frå Vg2 og Vg3. Regjeringa meiner gjennomføringa i vidaregåande opplæring er for låg. Regjeringa har samstundes merka seg at fleire fylkeskommunar har hatt ei tydelig og jamn positiv utvikling i dei siste åra. Overgangen til arbeidsmarknaden er ikkje god nok for delar av fag- og yrkesopplæringa. Særleg gjeld det for utdanningsprogramma service og samferdsel, restaurant- og matfag, design og handverk og helse- og oppvekstfag.

Elevundersøkinga vart revidert i 2013, og ein må derfor tolke endringar i 2013 med varsemd. Trivselen til elevane er i gjennomsnitt god gjennom heile grunnopplæringa, og sidan 2008 har det vore ein auke i delen elevar som trivst godt eller svært godt. Delen elevar som liker skolearbeid godt eller svært godt, har også auka gradvis sidan 2008.

Strategiar og tiltak

Skoleeigarane har eit sjølvstendig ansvar for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa. Nasjonale myndigheiter tek òg eit medansvar for kompetanseutvikling i skolen i samheng med større reformer, for eksempel ved innføring av nye læreplanar eller endringar i kompetansekrav. Myndighetene på nasjonalt nivå gir også hjelp til meir generell kompetanseutvikling gjennom program og satsingsområde som omfattar fleire lærarar på same skole. Vidare er ansvaret for drift og vidareutvikling av kvalitetsvurderingssystemet lagt til nasjonale myndigheiter.

Tilstandsvurderinga viser at grunnopplæringa har mange sterke sider, men måloppnåinga er ikkje god nok på fleire område. Regjeringa vil styrkje delar av grunnopplæringa gjennom nasjonale satsingar. Kunnskapsdepartementet vil derfor gjennomføre eit lærarløft der etter- og vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar står sentralt. I 2015 vil departementet setje fleire strategiar og tiltak i verk for å nå måla for grunnopplæringa.

Lærarløftet

Regjeringa arbeider for at alle barn og unge framover møter eit utdanningssystem med dyktige lærarar, gode skolar og medvitne skoleeigarar.

Kompetansekrav og vidareutdanning av lærarar

Regjeringa vil skjerpe kompetansekrava for undervisning i grunnskolen for alle lærarar som

underviser i faga matematikk, engelsk, norsk, samisk og norsk teiknspråk i grunnskolen. Denne endringa gjer det nødvendig å auke kapasiteten i vidareutdanningstilbodet, særleg i faga norsk og engelsk. Regjeringa auka talet på plassar i vidareutdanninga i 2014 med 1 700 og vil i 2015 trappe opp satsinga på vidareutdanning med ytterlegare 1 500 plassar, for å leggje til rette for at skoleeigarar kan oppfylle kompetansekrava.

Rektorutdanning

Kompetansen til skoleleiaren er avgjerande for å utvikle skolen som lærande organisasjon. Den nasjonale rektorutdanninga med statleg finansierte studieplassar vil bli ført vidare i ein femårsperiode, frå hausten 2014.

Nye karriereveggar for lærarar

Dyktige lærarar skal ha undervisning som si hovudoppgåve. Samtidig skal det vere mogleg å ha ei fagleg karriereutvikling som lærar. Fleire faglege karriereveggar i skolen skal gi dyktige lærarar nye moglegheiter til profesjonell vidareutvikling og medverke til at dei opplever skolen som ein enda meir attraktiv arbeidsplass. Regjeringa vil bidra til at det blir utvikla nye karriereveggar for lærarar og vil hausten 2015 setje i gang pilotar med nye spesialiststillingar/-funksjonar i skolen.

Femårig lærarutdanning

Lærarutdanningane skal styrkjast for å halde høgre kvalitet, og det skal derfor bli innført mastergradsutdanning for lærarar. Mastergradsutdanning vil gi studentane større innsikt i forskings- og utviklingsarbeid og vitskapsmetode. Dagens grunnskolelærarutdanningar er forskingsbaserte bachelorutdanningar og gir betre grunnlag for ei kunnskapsbasert yrkesutøving enn tidlegare lærarutdanningar. Dette vil bli ytterlegare styrkt med mastergradsutdanning.

Mastergradsoppgåvene vil bidra til å integrere teoriundervisninga og praksisopplæringa i utdanninga. Det blir lagt til grunn at mastergradsoppgåvene skal vere profesjonsretta og praksisorienterte. Dei bør ta utgangspunkt i problemstillingar knytte til praksis i skolen.

Departementet vil setje i verk eit arbeid for å utvikle dei faglege rammene for ei ny femårig grunnskolelærarutdanning på mastergradsnivå. Det blir arbeidd med sikte på å innføre dei nye

mastergradsutdanningane frå 2017. Prioriterte fag nasjonalt skal vere lærarutdanningsfaga norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk og engelsk.

Rettleiarkorpset

Rettleiarkorpset gir støtte til skoleeigarar og skolar så dei kan utvikle skoleeigarskapet og evna hos skolane til å betre resultatane sine gjennom målretta utviklingsprosessar. I *Lærerloftet* er det varsla at den nasjonale rettleiarressursen skal nyttast meir målretta, mot skoleeigarar som har vist svake resultat over tid.

Andre kompetanseutviklingstiltak for tilsette i opplæringa

Etter- og vidareutdanning for tilsette i den pedagogisk-psykologiske (PP-) tenesta

Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* dokumenterer store utfordringar i den evna utdanningssystemet har til å møte mangfaldet av barn, unge og vaksne med eit tilpassa opplæringstilbod. Departementet vil føre vidare og styrkje *Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i den pedagogisk-psykologiske tenesta (2013–2018)* i 2015. Strategien skal føre til at PP-tenesta jobbar meir systemretta gjennom auka kompetanse i rettleiing, endringsleiing, organisasjonskunnskap og organisasjonsutvikling. Målet er at PP-tenesta skal arbeide tettare innpå barnehagar og skolar gjennom merksemd på tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Satsinga skal føre til at skolane blir oppmoda og rusta til å gjere meir innanfor ramma av den ordinære tilpassa opplæringa.

Satsing på ungdomstrinnet

Departementet vil halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Det er eit mål at elevane skal oppleve, meistring, motivasjon og auka læring gjennom meir praktisk og variert opplæring. Satsinga handlar om skolebasert etterutdanning i klasseleiing, lesing, skriving og rekning. Målet er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i løpet av strategiperioden. Departementet legg opp til at 300 skolar skal starte opp hausten 2015. Kompetanseutviklinga i klasseleiing blir sett i samanheng med satsinga på betre læringsmiljø i skolen. Skolebasert kompetanseutvikling vil medverke til at kompetansen blir delt mellom lærarane på den enkelte skole.

Opplæring av minoritetsspråklege

Kompetanse for mangfold er ei femårig satsing på kompetanse for opplæring av minoritetsspråklege. Satsinga vart varsla i Meld. St. 6 (2012–2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap*. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å utvikle denne kompetansen i universitets- og høgskolesektoren, hos skoleeigarar og barnehagestyresmakter, og hos tilsette i barnehage og skole og andre sentrale yrkesgrupper som er knytte til skolar og barnehagar.

Yrkesfagløftet

For å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring og medverke til å dekkje det behovet arbeidslivet har for fagfolk i framtida, vil regjeringa gjennomføre eit yrkesfagløft, i samarbeid med skoleeigarane og partane i arbeidslivet. For å nå måla skal departementet setje i gang og føre vidare tiltak som aukar fleksibilitet, relevans og kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Dette inneber mellom anna å følgje opp Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei og Samfunnskontrakten for flere læreplasser*. Tiltaka skal føre til at meir av opplæringa kan gå føre seg i bedrift, moglegheit for å fordjupe seg i fag tidlegare og til at fleire skal få læreplass, i både offentleg og privat sektor. Ein vil opne for større forskjellar mellom utdanningsprogram og meir fleksible løysingar både for bransjar og for elevar og lærlingar som treng det. Gjennom Samfunnskontrakten har utdanningsmyndigheitene og partane i arbeidslivet forplikta seg til å arbeide for å auke talet på lærekontraktar med 20 pst. frå utgangen av 2011 til utgangen av 2015. Så langt har auken i talet på læreplassar vore to pst. Samfunnskontrakten omfattar også tiltaka hospitering for lærarar i vidaregåande skole, og faglege leiarar og instruktørar i lærebedrift, utprøving av vekslingsmodellar og alternativ til Vg3 i skole for dei som ikkje får læreplass. Det er òg løyvd midlar til betre og meir samarbeid mellom skole, skoleeigar og arbeidslivet.

Gode yrkesfaglærarar med oppdatert fagkunnskap gir relevant og praktisk opplæring for elevane, noko som vil kunne føre til at fleire fullfører og består fagopplæringa. Departementet vil halde fram med å leggje til rette for at fleire lærarar skal hospitere i bedrift, og for at fleire instruktørar skal hospitere i skolen. Det blir òg løyvt midlar til faglege nettverk mellom skolar og bedrifter. Yrkesretting og relevans i fellesfaga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er viktig for å auke motivasjonen hos elevane og deira faglege dugleikar.

Gjennom FYR-prosjektet (fellesfag, yrkesretting og relevans, det vil seie yrkesretting av fellesfaga) vil fellesfaglærarar få skoloring i yrkesretting. I statsbudsjettet for 2014 vart det løyvd 10 mill. kroner til ei ordning for å stimulere nye lærebedrifter til å ta inn lærlingar. I handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014 vart ordninga styrkt ytterlegare med 10 mill. kroner. Departementet foreslår å føre midlane som ligg i rammetilskottet til fylkeskommunane vidare i 2015. Fylkeskommunane kan sjå stimuleringsstilskottet i samanheng med auka overføringar til fylkeskommunane i samband med tiltakspakka i 2009. Dette utgjer om lag 210 mill. kroner i 2015, jf. Innst. S. nr. 139 (2008–2009) og St.prp. nr. 37 (2008–2009) *Om endringar i statsbudsjettet for 2009 med tiltak for arbeid*. Fylkeskommunane kan lage eigne kriterium for kva for lærebedrifter som bør utløyse tilskott. Frå 2015 foreslår departementet at fylkeskommunane sjølve kan fastsette nivået på stimuleringsstilskottet. Det betyr at fylkeskommunane sjølve skal bestemme innrettinga for lokale stimuleringsstilskott til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt for første gang.

Satsing på realfag

Internasjonale undersøkingar viser at norske elevar presterer om lag på gjennomsnittet for OECD i realfaga, jf. Tilstandsvurderinga. Matematikk er det faget der flest elevar ikkje får karakter og mister motivasjon og uthald. Det er mange elevar på dei lågaste nivåa og få på dei høge. Samtidig er manglande karakter og ikkje bestått i matematikk og naturfag viktige årsaker til at fleire ikkje fullfører vidaregåande opplæring. I eit lengre perspektiv er god kompetanse i realfaga viktig for Noregs framtidige konkurransekraft. Auka kompetanse i realfag svarer godt til kompetansebehovet i arbeidslivet. Regjeringa vil i 2015 setje i verk ei ny satsing på realfag med tiltak som skal målrettast mot dei grunnleggjande utfordringane i realfaga.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Prosjektet Ny GIV – *Gjennomføring i vidaregåande opplæring* – vart avslutta ved årsskiftet 2013/14, men fylkeskommunane vart inviterte til å føre vidare tiltaka for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Alle fylkeskommunar vil delta vidare i satsinga. Basert på erfaringar frå fylka og forskning knytt til mellom anna Ny GIV er arbeidet systematisert og vidareutvikla til *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*. Det nye programmet rettar seg mot elevar med høg

risiko for fråfall og ungdom som står utanfor opplæring og arbeid. Departementet har i samarbeid med fylkeskommunane identifisert kritiske fasar der det er særleg viktig å setje inn tiltak, slik at målgruppa fullfører og består vidaregåande opplæring. Programmet vil omfatte både lokale og nasjonale tiltak. Tiltaka skal utarbeidast i samarbeid med fylkeskommunane, og dei skal vere erfarings- og forskingsbaserte.

For å styrkje det arbeidet kommunane og fylkeskommunane gjer med utsette barn og unge under 24 år, har Kunnskapsdepartementet innleidd eit arbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Samarbeidet skal avdekkje felles utfordringar og fremme felles tiltak og strategiar for betre oppfølging av utsette barn og unge. Det overordna målet for samarbeidet er betre gjennomføring i vidaregåande opplæring. Departementa har gitt eit felles koordinert oppdragsbrev til direktorata sine. Oppdraget skal leie fram til faglege tilrådingar om tverrfaglege innsatsar som kan bidra til at fleire lykkast i skolen og fullfører vidaregåande opplæring.

Departementet samarbeider med Arbeids- og sosialdepartementet og Arbeids- og velferdsdirektoratet om utprøving av Nav-retteleiarar i vidaregåande skolar i perioden 2013–15. Dette utviklingsarbeidet er etablert i sju fylkeskommunar. Utviklingsarbeidet inneber at rettleiarar frå Nav har delar av arbeidsveka si på vidaregåande skolar, eksempelvis knytte til elevtenesta ved skolen. Skolane som deltek, er i hovudsak yrkesfaglege og har omfattande utfordringar med fråfallsproblematikk. Utviklingsarbeidet blir finansiert og leidd av Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Kunnskapsdepartementet.

I tillegg samarbeider Kunnskapsdepartementet med Helse- og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet om ei tilskottsordning som skal føre til at kommunane rekrutterer fleire psykologar i dei kommunale helsetenestene sine. Dei kan blant anna samarbeide med fylkeskommunane om tiltak som skal førebyggje fråfall i vidaregåande skolar.

Vidareutvikling av Kunnskapsløftet

Regjeringa vil føre vidare og revitalisere Kunnskapsløftet som vart innført frå skoleåret 2006–07. Målet med Kunnskapsløftet var å gjere elevar og lærlingar betre i stand til å møte utfordringane i kunnskapssamfunnet, og å skape ein

betre kultur for læring. Reforma har ført til eit skifte i merksemd i retning av at ein legg større vekt på det utbyttete elevane og lærlingane har av opplæringa. Dei fulle effektane av reforma vil det ta enda fleire år å vurdere.

I 2015 blir det gjennomført fleire tiltak frå Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei* for auka fleksibilitet og relevans i vidaregåande opplæring. Strukturen i vidaregåande opplæring skal betre tilpassast søkjemønsteret til elevane, og det skal bli betre samanheng mellom yrkesfaglege utdanningsprogram og arbeidslivet, og mellom studieførebuande utdanningsprogram og høgre utdanning. Fleire tiltak for ei betre vidaregåande opplæring er gjennomførte i 2014. Mellom anna har elevar som fullfører fag- og yrkesopplæringa, fått rett til Vg4 påbygging til generell studiekompetanse, ei historisk utviding av retten til grunnopplæring i Noreg.

Grunnopplæringa skal ha eit innhald som skal gi barn og unge den kompetansen som er nødvendig i eit framtidig samfunns- og arbeidsliv. Utvalet for skolen i framtida, Ludvigsenutvalet, er sett ned for å vurdere om grunnopplæringa har eit riktig og relevant innhald. Utvalet skal vurdere om faga støttar opp om og tek vare på dei kompetansane og dugleikane som er viktige i vidare utdanning, for medverknad i arbeids- og samfunnsliv, og om opplæringa på ein god måte tek hand om grunnopplæringa sitt breie formål. Utvalet leverte ei delutgreiing, NOU 2014: 7 *Elevenes læring i framtidens skole*, i september 2014 og skal levere hovudutgreiinga si til departementet innan 15. juni 2015.

Evalueringa av Kunnskapsløftet trekkjer fram at satsinga på elev- og lærlingvurdering har gitt større innsikt i vurderingspraksisen i skolen. Ein god vurderingspraksis er nødvendig for at elevane skal kunne få ei god og tilpassa opplæring og rettferdig sluttvurdering. Erfaringane frå satsinga *Vurdering for læring (2010–2014)* viser at satsinga har ført til større medvit og meir kunnskap på alle nivå om vurdering, men at det samtidig er stor variasjon i kor langt den einskilde skoleeigaren, skolen og lærebedrifta har komme, og korleis utviklingsarbeidet er gjennomført. Eit godt grunnlag for vurdering og rettferd i sluttvurderinga er framleis viktige utfordringar. Departementet vil føre vidare ei nasjonal satsing på elevvurdering, jf. Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*. Det vil òg bli sendt ut til høyring forslag til forskriftsendringar om vurdering og fråvær, inkludert endringar om grunnlaget for fastsetjing av standpunktarakter og innføring av ei maksimumsgrense for fråvær i vidaregåande skole. Departementet ønskjer regelverksendringar som vil kunne bidra til å redusere fråværet og auke gjennomføringa i grunnopplæringa.

Friskolar

Regjeringa vil opne for at fleire kan drive offentleg finansierte friskolar. Friskolar skal framleis ikkje kunne betale utbytte til eigarane frå midlar som stammar frå statstilskott eller elevpengar. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget i 2015.

Betre læringsmiljø

Alle elevar i grunnskolen og vidaregåande opplæring har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring. Omgrepet «læringsmiljø» inneber dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skolen. Læraren si evne til å leie klassen, positive relasjonar mellom elevar og lærarar, kultur for læring blant elevane, eit godt samarbeid mellom heim og skole, samt god skoleleiing er grunnleggjande i arbeidet med å utvikle og halde oppe gode læringsmiljø. Særleg er arbeid mot krenkingar og mobbing viktig. Både Elevundersøkinga og andre undersøkingar syner at det framleis er mange elevar som opplever mobbing og eit for dårleg læringsmiljø. Regjeringa ser alvorleg på dette og vil sikre alle elevar eit godt læringsmiljø gjennom eit kontinuerleg arbeid for å førebyggje og redusere mobbing. Eit offentleg utval, Djupedalutvalet, vurderer no dei samla verkjemidla på dette området, medrekna lov- og regelverket. Utvalet skal levere innstillinga si våren 2015.

Regjeringa vil med utgangspunkt i denne utgreiinga gjennomgå heile læringsmiljøpolitikken og dei konkrete tiltaka for å redusere mobbing. Når det gjeld læringsmiljøarbeid og tiltak mot mobbing i 2015, har regjeringa vedteke å forlengje den femårige strategien *Bedre læringsmiljø* med eit år. Det same gjeld den offentlege stønaden til mobbeprogram og samarbeidet med og mellom partane i sektoren gjennom *Manifest mot mobbing*.

Eit godt fysisk miljø i skolen er òg viktig for eit godt læringsmiljø, og for at elevane skal trivast. Manglande vedlikehald av skolar hindrar god læring, kan vere utgangspunkt for eit folkehelseproblem. Dårleg inneklimate gjer at mange barn får ei forverring av sjukdom (astma mv.) eller blir sjuke. Alle elevar har krav på eit godt fysisk skolemiljø etter opplæringslova. Det er ansvaret til skoleeigaren å sikre elevane dette. Kartleggingar som er gjorde i dei seinare åra, viser at kommunane samla sett har eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald av skolebygga, og at mange elevar går på ein skole som ikkje tilfredsstiller krav til det

fysiske miljøet. For å bidra til at kommunane i større grad følgjer opp krav i lov og forskrift knytte til vedlikehald og oppgradering av skolebygg, vil Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, bidra til meir og betre informasjon om godkjenningsstatu- sen til skolane gjennom kanalar som er offentleg tilgjengelege, til dømes KOSTRA og folkehelse- profilane. Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil bidra til å bli utvikle betre styringsdata for drift og vedlikehald av offentlege bygg.

Departementet vil òg fase inn ytterlegare mid- lar i ordninga med rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, som vart innført i 2009.

Kunst og kultur i opplæringa

Som varsla i Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei* vart det hausten 2013 sett ned ei ekspertgruppe av Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartemen- tet. Ekspertgruppa skulle mellom anna komme med forslag til betre koordinering og samla innsats frå kunst- og kulturfaglege miljø som har aktivitetar retta inn mot skolen. Våren 2014 leverte ekspert- gruppa rapporten *Det muliges kunst* til kunnskaps- ministeren og kulturministeren. Ekspertgruppa kjem i rapporten med ti råd som samla skal gi god kvalitet og kompetanse i barnehage, skole og anna arbeid med kunst og kultur i opplæringa. Rapport- en har vore på brei høyring.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med kunst og kultur for barn og unge i heile landet. Kunnskaps- departementet og Kulturdepartementet vil følgje opp rapporten frå ekspertgruppa ved å sjå på ulike tiltak for styrkt samarbeid mellom opplærings- sektoren og kultursektoren på alle nivå. Departe- menta vil vurdere korleis samhandlinga mellom dei ulike nasjonale aktørane i arbeidet med kunst og kultur i opplæringa best kan utviklast vidare.

Byråkrati og rapportering i opplæringssektoren

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 591 i samband med handsaminga av Meld. St. 2 (2013–2014), Prop. 93 S (2013–2014) og Innst. 260 S (2013–2014).

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med budsjettet for 2015 gi vurderinger av aktuelle byråkratikkutt i skolesektoren som skal ha som mål å redusere antall skjemaer og rapporteringar.»

Kunnskapsdepartementet og KS arbeider saman om prosjektet *Dokumentasjons- og rapporte- ringskrav i skolesektoren*. Prosjektet gjennomgår dei samla nasjonale og lokale rapporteringskrava og vurderer om desse er velgrunna og nødvendige.

Det er eit mål for prosjektet å vise korleis rap- porteringa kan bli meir effektiv, medrekna å kon- kretisere kva krav som kan takast bort. Prosjektet skal òg synleggjere eksempel på god rapportering og komme med forslag til forbetringar. Slutt- rapporten skal leverast 1. desember 2014. Depar- tementet vil følgje opp dette arbeidet i 2015.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	273 175	258 322	255 011
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	6 965	153 231	147 497
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	48 766	53 706	55 478
	Sum kap. 0220	328 906	465 259	457 986

Løyvingane under kap. 220 finansierer faste drifts- oppgåver i Utdanningsdirektoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel, til dømes mellombelse oppgåver knytte til kvalitetsutvik- ling og -vurdering i barnehagen og grunnopplæ- ringa, jf. kap. 226 (grunnopplæring) og kap. 231

(barnehage). Omtale av verksemda til direktora- tet er derfor dels plassert under andre kapittel i denne proposisjonen.

Direktoratet er delegert mynde i forvaltnings- saker som gjeld

– embetsstyringa av Fylkesmannen på barne- hageområdet og grunnopplæringsområdet

- tilsynsarbeid som følgjer av barnehagelova, opplæringslova, privatskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar og folkehøgskolelova
- tolking av barnehagelova, opplæringslova, privatskolelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skolar, og folkehøgskolelova med forskrifter på nasjonalt nivå, og å gi god rettleiing om regelverket for barnehagar og grunnopplæringa
- etatsstyring av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- tilskott til minoritetsspråklege barn i førskolealderen, eksamensavvikling, privatskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229, 231 og 253
- etatsstyring av det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230
- fagleg styring av dei nasjonale sentra

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2015

Mål som er omtalte i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til Utdanningsdirektoratet.

Mål for verksemda til direktoratet i 2015 er

- betre kompetanse i barnehagen og grunnopplæringa til å løyse dei prioriterte utfordringane i sektorane
- betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa
- eit godt kunnskapsgrunnlag og system for å vurdere og styrkje kvaliteten i barnehagen og i grunnopplæringa
- at regelverket blir forstått og følgt
- at barn, unge og vaksne med særskilde behov får eit tilrettelagt tilbod til rett tid

Måla ligg òg til grunn for Utdanningsdirektoratets styring av dei underliggjande og tilknytte verksemdene til direktoratet.

Kunnskapsdepartementet tek i dialog med direktoratet sikte på å utvikle meir konkrete styringsparametrar for kunne vurdere måloppnåinga deira.

Rapport for 2013

Frå 2012 fekk direktoratet delegert oppgåver på barnehageområdet frå Kunnskapsdepartementet. Dette har medverka til at arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren er styrkt, og at samanhengane mellom barnehagar og grunnopplæring er forsterka. Direktoratet har i 2013

arbeidd med å byggje opp den interne kompetansen på barnehageområdet. Direktoratet har arbeidd for å sikre eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet for alle barn og for at kommunane følgjer opp barnehagelova og rammeplanen, mellom anna gjennom å vidareutvikle kvaliteten på tilsynet og følgje opp forskrift om likeverdig behandling. Sjå meir omtale av arbeidet til direktoratet på barnehageområdet under kap. 231 post 21.

For oppgåver direktoratet har ansvaret for i samband med kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnopplæringa, viser departementet til omtale under kap. 226 post 21.

For å sikre at kommunane og fylkeskommunane følgjer opp føringane i opplæringslova med forskrifter, har direktoratet mellom anna informert sektoren om regelverksendringar, utarbeidd rundskriv, artiklar og rettleiingar om det regelverket som har vore gjeldande over tid, og svart på ei rad enkeltførespurnader.

Det er innført felles metode for tilsynet frå Fylkesmannen etter barnehagelova og opplæringslova. Direktoratet utarbeida i 2013 ei ny handbok for tilsynsmetode. I 2013 vart det ført tilsyn med i alt 133 kommunar på barnehageområdet. Dei fleste tilsyna har omfatta kontroll med kommunen som tilsynsmyndigheit, rettleiingsansvaret til kommunen og kommunen som godkjenningmyndigheit. Men det er også fleire av tilsyna som har omfatta dei ulike krava til handtering av dispensasjonssaker etter barnehagelova §§ 17 og 18.

Temaet for det felles nasjonale tilsynet i grunnopplæringa i 2013 var det arbeidet skolane gjer med det psykososiale miljøet til elevane, som var ei vidareføring av tema frå 2010, 2011 og 2012. I 2013 inkluderte det felles nasjonale tilsynet 47 nye kommunar og til saman 80 nye skolar. På landsbasis er det dermed totalt ført tilsyn med om lag 60 pst. av dei kommunale/fylkeskommunale skoleeigarane i perioden 2010–13. Gjennom tilsynsperioden med psykososialt miljø har det vore ei positiv utvikling. Færre skolar fekk pålegg om retting i 2013 enn i 2012. I 2013 har Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen førebudd det neste felles nasjonale tilsynet, der ein tek sikte på å auke læringseffekten av tilsynet gjennom å kombinere tilsyn og rettleiing. Dette tilsynet vart pilotert i 2013 og temaet er skolane sitt arbeid med utbyttet elevane har av opplæringa.

Direktoratet fører tilsyn med private skolar. I 2013 vart det gjennomført 38 tilsyn der ulike lovkrav vart kontrollerte, og det vart avdekt fleire brot på regelverket. Oppretting i samband med tilsyn viser likevel at dei private skolane har endra

praksis dersom tilsynet avdekker lovbrøt. Det vart ført tilsyn med tema som inntak av elevar ved skolane, forvaltningskompetanse, verksemdsbasert vurdering, kompetanse, samansetjing av styret og bruken av statstilskott og skolepengar. Kva krav i lova eller forskriftene som vart kontrollerte, og kva for skolar som det skulle først tilsyn med, vart valde ut frå vurderingar av sannsynlege lovbrøt og kva for konsekvensar dei kunne ha. Den vanlegaste reaksjonsforma i 2013 var pålegg om retting. Direktoratet fatta òg i forbindelse med ordinære tilsyn tre vedtak om tilbakebetaling av statstilskott på mellom 186 000 kroner og 9 mill. kroner. Ein skole fekk òg varsel om tilbaketrekking av godkjenning, men valde sjølv å avvikle før det vart fatta vedtak.

Direktoratet kontrollerte årsrekneskapane til alle dei private skolane i Noreg og til norske skolar i utlandet i 2013. Kontrollen omfatta 296 skolar, og han viste manglande oppfylling av krav til årsrekneskapen frå økonomiforskrifta til privatskolelova ved nokre skolar. Om lag kvar sjetten skole fekk vedtak om manglande eller mangelfulle opplysningar basert på årsrekneskapen for 2012. Det vart derfor utarbeidd eit skriv i 2014 til privatskolane, på lik linje med i 2011, der det kjem fram kva krava er, og korleis notane kan først.

Direktoratet har styrt det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) i tråd med måla for verksemda, sjå omtale under kap. 230.

Direktoratet har ført vidare arbeidet med grunnopplæring for vaksne etter kapittel 4A i opplæringslova. Direktoratet har utvikla og stilt ferdig materiell som tilsette i vaksenopplæringssentra, Nav og helsestasjonar kan bruke til å informere om kva for moglegheiter vaksne har til å ta grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring.

Direktoratet har vidareutvikla, analysert og formidla nasjonal statistikk om barnehagen og grunnopplæringa, mellom anna systema for innsamling av data på barnehageområdet og grunnskoleområdet (BASIL og GSI), samt datagrunnlaget for vidaregåande opplæring (Vigo).

Direktoratet har hatt god kontakt, og godt samarbeid, med både barnehagesektoren og opplæringssektoren i 2013. Direktoratet har vidare følgd opp tiltak i fleire meldingar. Sjå meir omtale av dette under både kap. 226 post 21 og kap. 231 post 21.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 255 mill. kroner i 2015. Løyvingsforslaget er auka med 2 mill. kroner for at direktoratet skal kunne følgje opp

dei private skolane. Dette har samanheng med at regjeringa legg opp til at fleire private skolar kan godkjennast. Med den forventade auken vil direktoratet ha behov for større ressursar til å følgje opp dei private skolane og føre tilsyn slik at lova blir følgd. I tillegg foreslår departementet at løyvinga blir auka med 1 mill. kroner til arbeid med satsing på realfag, sjå meir omtale av ny strategi for ei forsterka satsing på realfaga i opplæringa under kap. 226 post 21.

Løyvingsforslaget er redusert med 1,3 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Løyvingsforslaget på posten er vidare redusert med 13,6 mill. kroner som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Departementet foreslår at løyvinga over posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3220 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Mål for 2015

Måla for Utdanningsdirektoratet er omtalte over. Løyvinga på post 21 er knytt til kostnader direktoratet har til større utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Målet for dei tiltaka som blir finansierte over posten, er mellom anna god prøveutvikling og -gjennomføring, eit godt kunnskapsgrunnlag når det gjeldt tilstanden i sektoren og å leggje til rette for god bruk av læreplanane.

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette gjeld læremiddel for smale fag og/eller små elevgrupper, inkludert nynorske parallellutgåver, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar. Utviklinga av læremiddel skal skje i samsvar med prinsippa om tilpassa opplæring og universell utforming, og ta vare på det fleirkulturelle perspektivet. Løyvingane på postane 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Rapport for 2013

Utdanningsdirektoratet har i 2013 gitt tilskott til utvikling og produksjon av tolv læremiddel til smale fagområde / små elevgrupper, og 15 læremiddelprosjekt på området vart stilt ferdig. Direktoratet gav òg tilskott til særskilt tilrettelagde læremiddel

og læremiddel til minoritetsspråklege elevar. For Vg1, Vg2 og Vg3 innanfor yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram er det gitt tilskott til basisutgivingar, parallellutgåver på nynorsk og fellelesspråklege utgivingar. Digitale læremiddel vart prioriterte framfor trykte læremiddel.

Det vart gitt tilskott til 13 nye læremiddelprosjekt for barnehagebarn, elevar og lærlingar med behov for særskild tilrettelegging. Også i 2013 vart det prioritert tilskott til læremiddel retta mot elevar med behov for alternativ, supplerande kommunikasjon – ASK. Tilskottet har ført til meir merksemd på ASK blant læremiddelutviklarar. 18 læremiddelprosjekt vart stilte ferdig.

Det er vidare gitt tilskott til innføringstilbod i ungdomsskolen, læremiddel i morsmål og for tospråkleg fagopplæring for minoritetsspråklege elevar i heile grunnopplæringa. Det er òg gitt tilskott til læremiddel i minoritetsspråk som framspråk. 20 læremiddelprosjekt på området vart stilte ferdig. Det nordiske ordbokprosjektet LEXIN og det nordiske samarbeidet om den fleirspråklege interaktive bildeordboka Bildetema er førte vidare.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 147,5 mill. kroner i 2015 på post 21. Løyvingsforslaget er auka med 15,8 mill. kroner på grunn av flytting av midlar frå kap. 226 post 21. Dette gjeld midlar til ei søkjeplattform, som vil gi brukarane av Utdanningsdirektoratet eit moderne og påliteleg verksemdssøk, til drift og utvikling av portalen *Skoleporten* og til drift, utvikling og distribusjon av obligatoriske og frivillige prøver.

Løyvingsforslaget på post 21 er redusert med 0,8 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Utgiftene til dei enkelte tiltaka er oppgitt inkludert meirverdiavgift. Samla er løyvingsforslaget på posten redusert med 25,8 mill. kroner som følge av innføring av nøytral meirverdiavgift, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Departementet foreslår å føre løyvinga på post 70 vidare på same nivå på som i 2014.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Inntekter frå oppdrag	4 262	3 845	3 952
02	Salsinntekter o.a.	5 549	1 128	1 159
	Sum kap. 3220	9 811	4 973	5 111

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar. Løyvingsforslaget på post 01 og post 02 er redusert med til saman 26 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering,

jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Elles foreslår departementet å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	13 507	14 548	13 859
	Sum kap. 0221	13 507	14 548	13 859

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for barnehagar, FUB, og Foreldreutvalet for grunnopplæringa, FUG. FUB og FUG har felles sekretariat, og får eitt tildelingsbrev.

FUB er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim. FUB vart nemnt opp ved kongeleg resolusjon i juni 2010. Funksjonstida til det nåverande utvalet er ut 2014. Departementet har starta arbeidet med oppnemning av eit nytt utval for perioden 2015–2018.

FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker som gjeld samarbeid mellom skole og heim, og er forankra i opplæringslova § 11-9. Det nåverande FUG vart nemnt opp ved kongeleg resolusjon i desember 2011. Funksjonstida til utvalet er ut 2015.

Mål for 2015

Hovudmålet for FUB i 2015 er å arbeide for eit godt samarbeid mellom barnehage og heim og ta i vare interessene til foreldra i barnehagesammenheng. For å nå dette målet skal FUB

- vere ein høyringsinstans og eit rådgivande organ overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim
- gi informasjon og rettleiing til foreldre, dei tilsette i barnehagane og barnehageeigarar om verdien av samarbeid mellom barnehage og heim
- samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades

Hovudmålet for FUG i 2015 er å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skole og ta i vare interessene til foreldra i skolesammenheng. For å nå dette målet skal FUG

- vere ein høyringsinstans og eit rådgivande organ overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom heim og skole
- gi informasjon, skoloring og rettleiing til foreldre og dei tilsette i skolen om verdien av samarbeid mellom heim og skole
- medverke til å få foreldre engasjerte i opplæringa
- samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades

Rapport for 2013

FUB førte vidare eit høgt aktivitetsnivå i arbeidet sitt for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage. I tillegg til ordinære utvalsmøte har utvalet hatt dialog med relevante organisasjonar og institusjonar, delteke i 18 arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå og har halde fleire foredrag i ulike fora. FUB har oppfylt oppgåva si som rådgivande organ og høyringsinstans for departementet gjennom ulike møtepunkt og levering av høyringssvar. FUB har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og barnehagar, og arrangerte mellom anna hausten 2013 ein nasjonal foreldrekonferanse med temaet «Barns trivsel» for 120 barnehageforeldre. Utvalet har fått stadig fleire førespurnader frå foreldre, og har gitt rådgiving og rettleiing tilbake. Dei fleste førespurnadene knytte seg til uro for bemanninga i barnehagane, samarbeidet mellom heim og barnehage, moglegheiter for å påverke gjennom foreldreråd, samarbeidsutval og informasjon om å starte lokale foreldreutval.

FUG har halde eit høgt aktivitetsnivå i arbeidet sitt for eit godt samarbeid mellom heim og skole. I tillegg til ordinære utvalsmøte har utvalet halde ei rekkje foredrag, hatt kontakt med relevante organisasjonar og institusjonar og delteke i 22 arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå. FUG har oppfylt oppgåva si som rådgivande organ og høyringsinstans for departementet gjennom ulike møtepunkt og levering av høyringssvar. FUG får mange førespurnader frå foreldre, og gir rådgiving og rettleiing tilbake. FUG arrangerte i oktober 2013 den årlege nasjonale foreldrekonferansen for 115 tillitsvalde foreldre. FUG har brukt ulike kanalar for å nå ut med informasjon til foreldre og skolar, mellom anna om prosjektet *SKAP dialog*, som skal bevisstgjere foreldre om kor viktige dei er for læringa til barna.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 13,9 mill. kroner. Dette er reelt sett ein reduksjon på 1,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2014. Av dette skyldast 0,8 mill. kroner innføring av nøytral meirverdigavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I. I tillegg er løyvingsforslaget redusert med 74 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Løyvingsforslaget er ytterlegare redusert med 250 000 kroner som eit ytterlegare krav til effektivisering av drifta.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	96 471	89 363	91 553
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 570	1 411	1 452
	Sum kap. 0222	98 041	90 774	93 005

Kapitlet gjeld:

- drift av Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Mål for 2015

Målet for løyvingane til dei samiske skolane er mellom anna å halde oppe og utvikle vidare samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Rapport for 2013

Sameskolen i Midt-Noreg

I skoleåret 2013–14 fekk 60 elevar fjernundervisning ved skolen, mot 57 elevar i 2012–13 og 50 elevar i 2011–12. Desse elevane har òg tilbod om språksamlingar ved sameskolen. I språksamlingane får elevane sjå, høyre og bruke det samiske språket gjennom samiske kulturaktivitetar.

Sameskolen fyller ein funksjon ved det auka tilbodet i fjernundervisning og språksamlingar, som bidrar til å halde oppe og utvikle sørsamisk identitet, språk og kultur. Vidare drift vil bli sett i samanheng med framtidig tilrettelegging av samisk fjernundervisning.

Samiske vidaregåande skolar

Hausten 2013 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 130 fulltidselevar, mot 135 førre skoleår.

Skolen gir også eksternt finansierte kurs. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde hausten 2013 i alt 76 fulltidselevar, mot 83 elevar året før. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skolane fjernundervisning i samisk. Skolane gir òg deltidsopplæring til elevar som startar i løpet av skoleåret.

Begge skolane er opne for samiske elevar frå heile landet, og dei held fram med ordninga med vertsfamiliar primært for dei yngste tilreisande elevane.

Det er fatta vedtak om ombygging/nybygg ved skolen i Karasjok, og byggeprosjektet startar opp hausten 2014. Ferdigstillinga av nytt tilbygg for byggfag og ombygginga av spesialrom er planlagt i august 2015. Planar for nybygg ved skolen i Kautokeino er under vurdering.

Rettsvilkårsavtale og ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skolar og statsinternat i Finnmark er det utbetalt 2,7 mill. kroner i 2013 i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skolane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 93 mill. kroner for postane 01 og 45. Løyvingsforslaget på post 01 er redusert med 0,5 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. I tillegg er løyvingsforslaget redusert med 330 000 kroner.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3222 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	
02	Salsinntekter o.a.	12 288	4 898	5 035
	Sum kap. 3222	12 288	4 898	5 035

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning. Løyvingforslaget er redusert med 25 000 kroner

som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Elles foreslår departementet å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 223 Sametinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	
50	Tilskott til Sametinget	37 723	39 043	40 331
	Sum kap. 0223	37 723	39 043	40 331

Post 50 Tilskott til Sametinget

Mål for 2015

Målet for tilskottet er å medverke til finansiering av utdanningsformål i Sametinget, inkludert utvikling og produksjon av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel, læreplanarbeid og -utvikling og tilskott til råd og rettleiing om samisk opplæring. Det er eit høgt prioritert mål for tilskottet at dei samiske elevane skal få raskare og betre tilgang til læremiddel på sitt eige språk.

Rapport for 2013

Det er stadig mangel på samiske lærarar og samiske læremiddel. Sametinget gir informasjon om samiske læremiddel gjennom læremiddelportalen Ovttas.no og gjennom læremiddelsentralen i Sametinget.

Ny fag- og timefordeling for grunnskolen vart fastsett av Kunnskapsdepartementet i juni 2013 etter konsultasjon med Sametinget, og gjeld frå skoleåret 2013–14. Vidare vart dei parallelle likeverdige læreplanane reviderte og fastsette etter konsultasjon med Sametinget. I dei reviderte planane er omtale av samisk språk og kultur meir omfattande enn tidlegare. I tillegg vart det fastsett revidert læreplan i norsk for elevar med samisk som førstespråk. Dei nye læreplanane vart tekne i bruk frå hausten 2013.

Sametinget og Kunnskapsdepartementet har til vanleg samarbeidsmøte to gonger i halvåret på administrativt nivå, i tillegg til konsultasjonar etter behov.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	60 758	58 798	60 792
21	Særskilde driftsutgifter	35 839	32 866	23 946
	Sum kap. 0224	96 597	91 664	84 738

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 er knytt til drift av Senter for IKT i utdanninga, medan løyvinga på post 21 er knytt til kostnader Senter for IKT i utdanninga har til større utviklingsprosjekt.

Mål for 2015

Mål som er omtalte i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til Senter for IKT i utdanninga.

Mål for senterets verksemd i 2015 er

- auka digital kompetanse hos tilsette i barnehagen og i grunnopplæringa
- auka kvalitet i det pedagogiske arbeidet med digitale ferdigheiter hos barn og unge
- auka kvalitet i infrastrukturen og dei administrative prosessane i sektorane

Senteret følgjer opp arbeidet med ei nasjonal identitetsforvaltning for utdanningssektoren basert på Feide – Felles elektronisk identitet. Senteret skal arbeide for at Feide skal nyttast på alle personifiserte tenester i opplæringa som krev pålogging. Senteret skal bidra til at Feide blir teke i bruk i alle kommunar innan utgangen av skoleåret 2015–16.

Kunnskapsdepartementet tek i dialog med senteret sikte på å utvikle meir konkrete styringsparametrar for å kunne vurdere måloppnåinga deira.

Rapport for 2013

Senter for IKT i utdanninga har i 2013 arbeidd med å byggje kompetanse i sektoren for å betre læring og læringsstrategiar ved bruk av IKT. Nye tenester, rettleiingar og andre produkt er tilbode barnehage og grunnopplæringa. Oppbygginga

av *Ovttas* (samisk læremiddelportal) vart avslutta i tråd med mandatet, og driftsansvaret er ført over frå Sametinget til Samisk høgskole, slik planen var. Eksisterande tenester er vidareutvikla, og til dømes har Difi kåra *Utdanning.no* til ein av dei beste offentlege nettstadene i 2013. *Utdanning.no* hadde om lag tre millionar brukarsesjonar i 2013.

Senter for IKT i utdanninga har sett i gang *Minstemme.no* og *Den virtuelle matematikkskolen* i 2013. *Minstemme.no* vart etablert til stemmerettsjubileet i 2013 og grunnlovsjubileet i 2014. Ressursen har vore godt motteken i sektoren. I *Den virtuelle matematikkskolen* har senteret i 2013 gjennomført prepiloting og starta hovudpiloting av digitale undervisningsopplegg for elevar på ungdomstrinnet som har behov for meir støtte, og for elevar som treng større utfordringar i matematikk. Evalueringsrapport frå prosjektet ligg føre i 2015.

Dubestemmer.no er den mest brukte ressursen innanfor opplæring i digital dømmekraft i landet. 75 pst. av alle elevar i grunnopplæringa kan bruke Feide som påloggings-ID for å få tilgang til digitale ressursar og læringsplattform på skolen. Senteret har auka kontaktflata si mot lærarutdanningane, samt at det er levert fleire tenester/produkt retta mot barnehagane. Senteret lanserte *Barnehagemonitor* i 2013 som eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med å styrkje den digitale kompetansen i barnehagane. Eit viktig tiltak i 2013 har vore å sikre spreiding av kunnskaps- og tenesteporteføljen til senteret.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving til senteret på 84,7 mill. kroner i 2015. Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 3,5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på post 21, for å få ei fordeling mellom postane som er meir i tråd med oppgåvene til senteret.

Departementet foreslår i tillegg å redusere løyvinga på post 21 med 3,5 mill. kroner. Løyvingsforslaget er ytterlegare redusert med 0,3 mill. kroner på post 01 og 0,2 mill. kroner på post 21 som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Løyvingsforslaget er redusert med 3,2 mill. kroner på post

01 og 2,8 mill. kroner på post 21 som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3224 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3224 Senter for IKT i utdanninga

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Inntekter frå oppdrag o.a.	7 315	1 553	1 596
	Sum kap. 3224	7 315	1 553	1 596

Post 01 gjeld inntekter frå oppdragsverksemd, i hovudsak frå EU-prosjekt og frå Universitetet i Oslo. Løyvingsforslaget på post 01 er redusert med 8 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering

og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Elles foreslår Kunnskapsdepartementet å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	175 050	21 382	21 886
21	Særskilde driftsutgifter		89 773	101 256
60	Tilskott til landslinjer	184 495	191 091	197 772
62	Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv	21 578	22 290	23 003
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	48 976	57 533	58 551
64	Tilskott til opplæring til barn og unge som søker opphald i Noreg	116 712	155 542	160 410
65	Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>		533 300	465 500
66	Tilskott til leirskoleopplæring	43 434	45 433	46 887
67	Tilskott til opplæring i finsk	7 249	8 136	8 306
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	238 979	246 870	256 167
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	231 297	227 538	222 194
70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov	37 486	48 798	50 408

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
71	Tilskott til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	17 271	17 876	25 594
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar	5 489	5 604	6 290
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	10 363	10 726	13 754
74	Tilskott til organisasjonar	22 934	23 214	11 932
	Sum kap. 0225	1 161 313	1 705 106	1 669 910

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2015

Målet er å finansiere dei administrative kostnadene som Fylkesmannen har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Rapport for 2013

Våren 2013 vart det avlagt om lag 77 500 eksamenar i grunnskolen og om lag 180 000 i vidaregåande opplæring. Totalt var det om lag 3 150 sensorar som deltok i sensorarbeidet. Totalt vart om lag 65 pst. av eksamenssvara leverte elektronisk i Prøvegjennomføringssystemet (PGS), men i mange fag er prosentdelen over 90.

Våren 2013 gjennomførte direktoratet forsøk med eksamen med tilgang til Internett i nokre utvalde fag for andre år på rad. Evalueringa viser at elevar og lærarar som deltok i forsøket er positive til eksamen med tilgang til Internett, og at Internett langt på vei fungerer som et hjelpemiddel på linje med andre hjelpemiddel til eksamen. Elevane seier at dei har hatt nytte av tilgang til Internett, uavhengig av fagleg nivå. Lærarar og sensorar er meir delte i synet på om Internett er eit godt hjelpemiddel til eksamen, men lærarane er langt meir positive til ordninga i 2013 enn dei var i 2012. Forsøket vart ført vidare våren 2014. Dette skal også evaluerast.

Budsjettforslag for 2015

Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,1 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten vart oppretta i budsjettet for 2014. Løyvinga dekkjer utgifter til sensur og klagehandsaming, som er kostnader til lærarar som har teke på seg oppdrag med å vere sensorar ved sentralt gitt eksamen. Midlane blir utbetalte via Fylkesmannen. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-26 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Mål for 2015

Målet for løyvinga er å finansiere gjennomføringa av sentralt gitt eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, og den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga.

Rapport for 2013

Sjå omtale under post 01.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 101,3 mill. kroner på posten i 2015. Løyvinga er auka med 12 mill. kroner som følgje av venta auke i talet på eksamenskandidatar. Løyvingforslaget er redusert med 0,5 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunar med landslinjer slik at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande

opplæring. Tilskottet skal gå til drift av landslinjene og innkjøp av utstyr. Kunnskapsdepartementet vil gjennomgå tilskottsordninga for å vurdere om landslinjene innanfor ordninga samsvarer med målet for ordninga, og om det er grunnlag for å endre fordelinga av kapasiteten ved landslinjene.

Rapport for 2013

Kapasiteten i skoleåret 2013–14 var på 1 450 heilårs plassar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 82 pst. både hausten 2013 og våren 2014.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner slik at ei ny landslinje for natur- og miljøfag ved Rjukan vidaregåande skole kan bli oppretta frå hausten 2015.

Post 62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv

Sameskolane i Snåsa og Målselv er kommunale. Det blir gitt tilskott til drift av skolane og tilhøyrande internat. Skolane har heile landet som opp-taksområde.

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å halde oppe og utvikle samisk identitet, språk og kultur. Opplæringa ved skolane følgjer Kunnskapsløftet – Samisk.

Rapport for 2013

Skolen i Snåsa hadde elleve elevar hausten 2013, mot ni elevar året før. I tillegg fekk seks elevar fjernundervisning, mot fem elevar året før. Skolen gir òg samiskundervisning til seks elevar på ungdomstrinnet ved naboskolen.

Skolen i Målselv hadde 15 elevar hausten 2013, mot 13 elevar året før. I tillegg fekk 13 elevar fjernundervisning, mot 18 elevar året før. Seks elevar i ein annan kommune fekk undervisning av lærar på skolen.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for samiskopplæring i grunnskolen, ei ordning for samiskopplæring i den vidaregåande opplæringa og ei ordning med samiske studieheimlar for lærarar i grunnopplæringa. Frå hausten 2015 er målgruppa for ordninga med studieheimlar for lærarar utvida frå å omfatte lærarar i grunnskolen i dei fire nordlegaste fylka, til å omfatte lærarar i heile grunnopplæringa og i heile landet.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skolar som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Elevane får opplæring i samisk som førstespråk (samisk 1) eller samisk som andrespråk (samisk 2 / samisk 3). Målet med tilskottet er òg å styrkje kompetansen i samisk for lærarar i grunnopplæringa.

Rapport for 2013

Tabellen under viser at talet på grunnskoleelevar som vel samisk, har halde seg stabilt frå skoleåret 2012–13 til skoleåret 2013–14. Det har såleis vore ei utjamning av talet på elevar som vel samisk som anten førstespråk eller andrespråk, etter at dette elevtalet har vist ein nedgang i dei siste åra.

Tabell 4.1 Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med samisk som førstespråk og samisk som andrespråk

Skoleår	2010–11	2011–12	2012–13	2013–14
Samisk som førstespråk	975	940	930	916
Samisk som andrespråk	1 285	1 213	1 196	1 210
Totalt	2 260	2 153	2 126	2 126
Endring frå året før	–3,3 %	–4,7 %	–1,3 %	0,0 %

Tala inkluderer også elevar som går på dei samiske skolane.
Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

Bruk av studieheimlar har vore på om lag same nivå i dei siste åra, men var i 2013 noko lågare enn tidlegare.

Ved teljedato 2. mai 2014 var det i alt 272 elevar/lærlingar som fekk opplæring i samisk i vidaregåande opplæring ved fylkeskommunale og private vidaregåande skolar. Dette er ein auke på 37 elevar samanlikna med året før, da 235 elevar/lærlingar fekk opplæring i samisk.

Evaluering av tilskottsordninga har avdekt store forskjellar mellom tilskottsmottakarane med omsyn til det talet på årstimar som tilskottsmodellen bereknar, og talet på faktiske årstimar som er rapportert i Grunnskolen Informasjonssystem (GSI). På bakgrunn av dette vart rapporteringa i GSI endra frå hausten 2013. Utdanningsdirektoratet vil sjå nærmare på utvikling av nye berekningsmodellar når nye data frå GSI er tilgjengelege. Dagens modellar vil bli nytta inntil vidare.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 58,6 mill. kroner.

Post 64 Tilskott til opplæring til barn og unge som søker opphald i Noreg

Ordninga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familiegjensameining. Ordninga inkluderar tilskott til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som søker opphald og som har rett og plikt til grunnskoleopplæring.
- ungdom mellom 15–18 år som søker opphald og som har rett til grunnskoleopplæring.
- ungdom mellom 15–18 år som søker opphald og som har rett til vidaregåande opplæring.

Mål for 2015

Målet for tilskottet er å bidra med finansiering til kommunar og fylkeskommunar slik at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Rapport for 2013

Hausten 2013 fekk 1 406 barn i grunnskolealderen og 134 i aldersgruppa 16–18 år som er

busette i mottak, opplæring. 60 einslege mindreårige asylsøkarar i omsorgssenter fekk opplæring. Våren 2014 fekk 1 562 barn i grunnskolealderen og 146 i aldersgruppa 16–18 år som er busette i mottak, opplæring. 67 einslege mindreårige asylsøkarar i omsorgssenter fekk opplæring.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 160,4 mill. kroner.

Post 65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2015

Målet med ordninga er å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å byggje nye skoleanlegg, samt rehabilitere og ruste opp gjeldande anlegg. Ordninga omfattar også offentlege symjeanlegg som skolen bruker i undervisninga si.

Tildelingskriterium

Rentekompensasjonen er for gitte tilsegner (før 2015) fastsette sjablongmessig med utgangspunkt i eit serielån med 20 års løpetid i Husbanken. Kommunane står fritt til å velje om finansiering skal skje med eller utan opptak av lån, og dei vel fritt kva låneinstitusjon som skal nyttast. Husbanken gir ikkje lån til tiltaka. Rentekostnadene for heile 20-årsperioden blir dekte med utgangspunkt i eit tilsvarende lån med flytande rente i Husbanken.

For nye tilsegn som gis frå og med 2015 legg departementet til grunn eit påslag på 0,5 prosentpoeng på gjennomsnittet av observert marknadsrente over to månader på statspapir (statskasservekslar) med gjenstående løpetid frå null til tre månadar.

Tilskott til rentekompensasjon blir i hovudsak utbetalt ein gong per år, i desember. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kommunale og fylkeskommunale skolebygg. Ved innføring av ordninga med rentekompensasjon vart det teke sikte på ei investeringsramme på 15 mrd. kroner over åtte år. Den samla investeringsramma vart fordelt på den einskilte kommunen og fylkeskommunen. Innanfor si ramme kan kommunar og fylkeskommunar også søkje om rentekompensasjon på vegner av private grunnskolar og private vidaregåande skolar med rett til statstilskott.

Rapport for 2013

Kommunar og fylkeskommunar har vist stor interesse for ordninga etter at ho vart innført i 2002. Opphavleg hadde ordninga ei investeringsramme på 15 mrd. kroner. Heile ramma vart fasa inn i løpet av dei seks første åra med ordninga. I statsbudsjettet for 2009 vart ordninga utvida, med sikte på ei investeringsramme på nye 15 mrd. kroner fordelt over åtte år. I 2009 vart 3 mrd. kroner av ramma fasa inn. I 2010, 2011 og 2012 vart det årleg fasa inn ei investeringsramme på 2 mrd. kroner. Investeringsramma for både 2013 og 2014 var på 1 mrd. kroner.

Frå innføringa av ordninga og til og med første halvår 2014 har Husbanken registrert 2 144 prosjekt fordelt på 1 335 skolar. Husbanken har ikkje motteke søknader på vegner av private grunnskolar eller vidaregåande skolar fram til og med første halvår 2014. Breiband inngår i 715 prosjekt, og behova til funksjonshemma er teke hand om i 1 077 prosjekt, jamfør forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar med vidare.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa foreslår å auke investeringsramma med 3 mrd. kroner for 2015, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Budsjetteffekten av forslaget utgjer 45 mill. kroner i 2015.

Til saman blir det foreslått ei løyving på 465,5 mill. kroner. Kompensasjonen er knytt til renteutgifter for investeringar innanfor rammene på til saman 29 mrd. kroner, som det er gitt tilsegn om i perioden 2002–14 (26 mrd. kroner) og som det blir foreslått å gi tilsegn om i 2015 (3 mrd. kroner). Endra renteføresetnader for gitte tilsegn før 2015 gir isolert eit redusert løyvingsbehov på 112,8 mill. kroner.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Etter opplæringslova § 2-3 første ledd kan ein del av undervisningstida brukast til leirskoleopplæring. Dette blir i retningslinjene for tilskott til leirskoleopplæring definert som leirskoleopplæring ved bemanna leirskole eller annan aktivitet med ei varigheit på minst tre overnattingar i samanheng.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å bidra til å dekkje kommunane sine utgifter til leirskoleopplæring

ved leirskoleopphald. Kommunane har ansvaret for å finansiere sjølve leirskoleopphaldet. Kommunane kan søkje om tilskott til å dekkje leirskoleopplæringa. Tilskottet skal fullt ut nyttast til opplæring i samband med leirskoleopphald, eller til annan aktivitet/opplæring som fyller kravet om at opphaldet skal ha ei varigheit på minst tre overnattingar.

Målgruppa for tilskottsordninga til leirskoleopplæringa er elevar ved kommunale skolar, samt elevar ved institusjonar der fylkeskommunen har ansvaret for grunnopplæringa. Elevar kan få eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

Departementet legg til grunn at kommunane skal ha tilstrekkeleg handlingsrom til å vurdere om og korleis eit leirskoleopphald kan skje. Departementet legg derfor ikkje opp til å sikre leirskoletilbod gjennom lovpålegging.

Rapport for 2013

Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) viser at 9,5 pst. av alle elevane i grunnskolen planla å reise på leirskole i skoleåret 2013–14. Dette talet har lege på om lag ti pst. sidan 2001. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. planlegg å reise på leirskole kvart år, tyder dette på at dei fleste elevane får eit tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

I GSI blir gjennomført og planlagt leirskoleopphald for gjeldande skoleår rapportert. Tilskottet til leirskoleopplæring tildelast etter søknad, på grunn av faktiske gjennomførte opphald. Registrering og oppsummering av desse opplysningane er for fyrste gong rapporterte elektronisk i tertialrapport frå fylkesmenna i 2013. På sikt vil denne rapporteringa gjere det mogleg å fylje utviklinga i talet på elevar som faktisk tek del i leirskoleopphald per år.

Budsjettforslag for 2015

Departementet legg til grunn ei vidareføring av det øyremerkte tilskottet til leirskoleopplæring. Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei for opplæring i finsk som andrespråk i grunnskolen, ei for opplæring i finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring og ei ordning for finske studieheimlar i grunnskolen.

Mål for 2015

Målet for tilskottet til grunnskolen er å bidra med finansiering til kommunar og private skolar i Troms og Finnmark som gir elevar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Det er òg eit mål å styrkje kompetansen i finsk for lærarar i grunnskolen. Det er vidare eit mål å gi finskopplæring

til elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn i vidaregåande opplæring, og det blir gitt tilskott til fylkeskommunar og private skolar som gir slik opplæring.

Rapport for 2013

Tabellen under viser ein nedgang i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk i dei siste åra.

Tabell 4.2 Utviklinga i talet på grunnskoleelevar med finsk som andrespråk

Skoleår	2010–11	2011–12	2012–13	2013–14
Tal på elevar	754	657	600	594
Endring frå året før	-0,9 %	-12,9 %	-8,7 %	-1,0 %

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

Bruk av studieheimlar har vore på om lag same nivå i dei siste åra, men var i 2013 noko lågare enn i 2012 og 2011.

Ved teljedato 2. mai 2014 var det i alt 22 elevar som fekk opplæring i finsk i vidaregåande opplæring. Dette er ein auke på tre elevar samanlikna med året før, da 19 elevar fekk opplæring i finsk.

Evaluering av tilskottsordninga har avdekt store forskjellar mellom tilskottsmottakarane med omsyn til det talet på årstimar som tilskottsmodellen bereknar, og talet på faktiske årstimar som er rapporterte i GSI (Grunnskolens Informasjonssystem). På bakgrunn av dette vart rapporteringa i GSI endra frå hausten 2013. Utdanningsdirektoratet vil sjå nærmare på utvikling av nye berekningsmodellar når nye data frå GSI er tilgjengelege. Dagens modellar vil bli nytta inntil vidare.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 8,3 mill. kroner.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring til innsette og lauslatne som har begynt på opplæring under soning, og som har rett til grunnskole- eller vidaregåande opplæring, eventuelt plikt til grunnskoleopplæring. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, også dei

som har kort soningstid eller sit i varetekt, er det eit mål at det også blir gitt kortare kurs. Kurser skal i størst mogleg grad ta utgangspunkt i kompetanssmål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar. Det er vidare eit mål å leggje til rette for god opplæring i dei einingane for soning for barn og unge som er etablerte som forsøk.

Rapport for 2013

Det er etablert opplæring i 51 fengsel. I tillegg er det oppfølgingsklassar ti stader i landet. I 2013 var talet på opplæringsplassar 2 153 (682 på heiltid og 1 471 på deltid). Dette er ein auke samanlikna med 2012, da talet var 1 996 (729 på heiltid og 1 267 på deltid).

Nær 9 700 personar (6 421 på deltid og 3 280 på heiltid) tok del i ei eller anna form for opplæring i 2013. Av desse fekk 755 personar tilbod gjennom oppfølgingsklassane (409 på heiltid og 346 på deltid). Hovudtyngda av elevane var i alderen 21–40 år. 143 lærarar i heile stillingar og om lag 100 årsverk i delstillingar var ressursar som vart nytta som lærekrefter innanfor opplæring i kriminalomsorga.

Gjennom heile året har skolane hatt 152 elevar i grunnskoleopplæring, 3 132 elevar i vidaregåande opplæring, 2 372 deltok på arbeidskvalifiserande kurs og 4 045 på andre typar opplæringskurs. I tillegg var det 115 som studerte ved høgskolar og universitet.

Talet på eksamenar (942) har auka noko. Det same har talet på lærekontraktar som er inngått, praksiskandidatar, fagprøver og lærekandidatar (242).

Skolane arbeider med å leggje til rette for opplæring av og rådgiving til innsette med korte dommar. Det skjer ved realkompetansevurdering, korte arbeidskvalifiserande kurs, rådgiving og planlegging av utdanning etter avslutta soning.

For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning er prosjektet *Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning* (TAFU) prøvt ut i Rogaland og Troms sidan 2009. Prosjektet har vore under leing av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, Nav, kommunane og frivillige organisasjonar. Med bakgrunn i evalueringsrapporten og erfaringar har Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet komme til at TAFU Rogaland skal forast vidare som eit permanent tiltak frå og med 2015, medan TAFU Troms avsluttast ved utgangen av prosjektperioden 2014. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide eit forslag til organisering av TAFU ved eventuelle utvidingar. Arbeidsgruppa blir leidd av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa foreslår å auke soningskapasiteten ved eksisterande fengslar, sjå omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Justis- og beredskapsdepartementet. Som en følge av dette foreslår departementet å auke løyvinga til opplæring i kriminalomsorga med 1,4 mill. kroner.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Målet for tilskottsordninga er å kompensere kommunane for meirutgifter til nødvendige investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringar. Tilskottet dekkjer også meirkostnadene til inventar og utstyr. Den delen av lånet som gjeld inventar og utstyr, hadde ei nedbetalingstid på ti år. Nedbetalinga vart ferdig i 2007. Den samla investeringsramma var fastsett til 5 182,9 mill. kroner. Ordninga med kompensasjon for investeringar i skolebygg vil halde fram til og med våren 2017.

Per 31. desember 2014 er samla restgjeld på 548,5 mill. kroner, og per 31. desember 2015 vil restgjelda vere på om lag 336,2 mill. kroner. Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på ni månaders statskassevekslar per 1. juli

kvart år, med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. I 2014 var rentesatsen for ordninga to pst., og for 2015 er han fastsett til 1,8 pst.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 5,3 mill. kroner som følgje av endra renteføresetnader.

Post 70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lære kandidatlar med særskilde behov

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å stimulere lærebedrifter til å gi lærlingar og lære kandidatlar med særskilde behov høve til å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning. Særskilde behov viser her til lærlingar/lære kandidatlar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. I tillegg skal tilskottsordninga stimulere lærebedrifter til å gi kandidatlar som er omfatta av forsøksordninga med praksisbrev, høve til å oppnå praksisbrev.

For å stimulere lærebedrifter til å teikne fleire lærekontraktar med minoritetsspråklege vart posten utvida i 2013 til òg å omfatte lærlingar og lære kandidatlar med svake norskdugleikar og som har budd kort tid i Noreg.

Intensjonen bak tilskottsordninga er å gi ungdommar betre høve til å jobbe i det ordinære arbeidslivet.

Rapport for 2013

Tabellen under viser at talet på søknader har auka vesentleg i dei siste åra.

Tabell 4.3 Søknader i perioden 2007–13 fordelte på lærlingar og lære kandidatlar

År	Tal på søknader	Lærlingar	Lære kandidatlar
2007	97	97	0
2008	186	129	57
2009	278	159	119
2010	357	176	181
2011	326	122	204
2012	528	194	334
2013	551	214	337

Søknader om tilskott for lærekandidatar utgjorde i 2013 om lag 61 pst. av søknadene. Retningslinjene for tilskottsordninga vart endra frå 1. januar 2011 for å svare på den auka søknadsmengda og sikre ei likeverdig behandling av søkjarane til tilskottsordninga. Det er framleis ein auke i talet på søknader. Det store talet på søknader i 2013 førte til at storleiken på tilskottet vart redusert med om lag 21 pst. i høve til opphavleg sats for 2013 for kvar innvilga søknad.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på same nivå som i 2014.

Post 71 Tilskott til kunst og kulturarbeid i opplæringa

Mål for 2015

Tilskottsmottakarar er Norsk kulturskoleråd, Fellestrådet for kunstfag i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag med medlemsorganisasjonane deira.

Målet for tilskottsordninga er å bidra til auka kvalitet i kulturskolen og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Midlane skal medverke til å finansiere drifta for tilskottsmottakarane. Tiltak som Norsk kulturskoleråd, Fellestrådet for kunstfag i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag er med på å finansiere, skal samla sett bidra til kvalitet for elevane og kompetanseheving for dei tilsette i kulturskolen og i grunnopplæringa. Vidare skal arbeidet til tilskottsmottakarane støtte opp om nasjonale satsingar og samarbeid mellom opplæringssektoren og kultursektoren, som Den kulturelle skolesekken er eit døme på.

Rapport for 2013

Følgjande større nasjonale/regionale prosjekt har fått midlar i 2013:

- Programma *KOM! Øst* for Oslo, Akershus og Østfold fylke, og *De unges arena* for Buskerud, Telemark, Vestfold, Hedmark og Oppland. Alle programma har som overordna målsetjing å styrkje kulturskolane som lokale ressurscenter i kommunane. *De unges arena* har særleg merksemd på lokalt samarbeid om aldersgruppa 13–18 år.
- Førebuing til Grunnlovsjubileet, mellom anna *Ja vi elsker* på Den norske opera, og *ballett 17. mai og UNG 2014* i Trondheim, vart gjennomført av Norsk kulturskoleråd saman med mange av deira samarbeidspartar.

- Norsk kulturskoleråd starta i 2013 opp utarbeiding av ny rammeplan for kulturskolen. Det vart halde dialogmøte med kommunane. Rammeplanens del I Kulturskolens samfunnsoppdrag og kapittel 2 Prinsipp og retningslinjer for kulturskoleverksemda vil vere klare i oktober 2014. I samband med dette arbeidet har Norsk kulturskoleråd starta ei revidering av heile det faglege arbeidet for å tilpasse dette til dei tre programområda i rammeplanen. Kompetanseheving i samarbeid med Stiftelsen IMTEC (International Movement Towards Educational Change) for å ruste Norsk Kulturskoleråd for arbeidet med implementering og oppfølging av rammeplanen inn mot eigarane deira, 418 kommunar i Noreg, vart gjennomført.
- Den årlege konferansen for kulturskoleleiarar og nettverkskonferansen for skolerelatert forskning samt Kulturskoledagene, vart i 2013 gjennomført av Norsk kulturskoleråd i samarbeid med Noregs musikkhøgskole.
- Norsk kulturskoleråd fortsette i 2013 sitt internasjonale arbeid gjennom EMU (European Music School Union).
- I tillegg har midlane vore nytta til Ungdommens musikkmeisterskap, Musikkteknologi, Nasjonalt fagforum for dans, teater og visuelle kunstfag, leiarprogram, utlysing av utviklingsmidlar til kommunane og internasjonale samarbeidsprosjekt.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 7,1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på post 74. Flyttinga gjeld øyremerkte tilskott til Fellestrådet for kunstfag i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag, for å samle alle tilskott til kunst- og kulturformål i opplæringa på ein post. Totalt foreslår departementet ei løyving på 25,6 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Løyvinga på posten finansierer følgjande:

Kontingent til Cedefop

Cedefop er EUs utviklings- og informasjonssenter for yrkesopplæring. Aktivitetane som er underlagde Cedefop, har som mål å auke kunnskapen og kompetansen innanfor grunnleggjande yrkes- og profesjonsopplæring på alle nivå og betre kvaliteten på og tilgangen til etter- og vidareutdanning.

Nasjonal ekspert

Den nasjonale ekspertten er tilsett ved Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), og det er EU som disponerer ekspertten etter avtale.

Det europeiske ungdomsparlamentet

Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP) er ei parlamenttssamling for ungdom frå over 30 land i Europa der globale og europeiske spørsmål blir diskuterte. Noreg har delteke i dei årlege sesjonane med ti ungdommar og to vaksne sidan 1995. Tilskottet til EUP skal dekkje utgifter til deltaking i EUP og drift av ein nasjonal komité. Ein del av løyvinga skal dekkje utgifter til informasjon om EUP, uttak av deltakarskolar og deltaking i nasjonale og internasjonale sesjonar i EUP.

Kontingent til Det europeiske språkrådet i Graz

Løyvinga dekkjer Noregs kontingent til Det europeiske språkrådet i Graz.

Mål for 2015

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Midlane på denne posten skal dekkje bidraget frå Noreg til Cedefop, utgifter til nasjonal ekspert ved SIU (Senter for internasjonalisering av utdanning) og nasjonal drift av Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP). Tilskottet medverkar til at Noreg tek del i forpliktande samarbeid på tvers av landegrensene for å oppnå internasjonalisering av norsk utdanning. Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda. Frå 2013 omfattar posten også kontingent frå Noreg til Det europeiske språkrådet i Graz.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 6,3 mill. kroner på posten. Dette er ein auke på 0,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014 og skyldast hovudsakleg valutakursendringar.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å leggje til rette for at ungdom frå Noreg kan få skolegang og studie-

opphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land og auka identitetsforståing. I tillegg skal ordninga gi fransklærarar frå Noreg høve til fagleg og kulturell oppdatering gjennom studieopphald i Frankrike. Vidare skal ordninga leggje til rette for internasjonale mobilitetsordningar i framandspråka fransk, tysk og spansk.

Rapport for 2013

Franske lycé

I 2013 gjekk til saman 57 norske elevar på dei skoletilboda som er omfatta av ordninga. Det kom inn 41 nye søknader for hausten 2013, og 20 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende totalt 22 elevar per årskull til skoletilboda i Frankrike.

Tyske stipend

I 2013 vart det gitt tyske stipend til 17 elevar fordelt på fem heilstipend og tolv delstipend. Det var ein norsk følgjelærer med delstipendiatane.

United World Colleges (UWC)

Hausten 2013 gjekk 79 elevar på United World Colleges (UWC) fordelt på to årskull. Det kom inn 139 nye søknader for hausten 2013, og 40 elevar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 40 elevar per årskull til skolane – 30 elevar til utlandet og ti til skolen i Noreg.

Trollstipend

I 2013 vart 23 søknader om gruppereise til Frankrike godkjende. Desse stipenda førte til at 413 elevar frå grunnskolen og den vidaregåande skolen fekk reise saman med 50 lærarar på studieopphald og skoleutveksling i Frankrike med støtte frå Trollstipend. Individuelle Trollstipend vart gitte til 17 lærarar.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 226 post 21. Flyttinga gjeld midlar til internasjonale mobilitetsordningar i framandspråk. For dei andre tiltaka på posten foreslår departementet å føre løyvingnivået vidare på same nivå som i 2014. Totalt foreslår departementet ei løyving på 13,8 mill. kroner på posten.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Mål for 2015

Formålet med tilskottsordninga er å stimulere private og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak som på ulike måtar kan bidra til å nå sektormåla for grunnopplæringa, jf. omtale i kategori-innleiinga. Tilskottsmottakarar er frivillige og private organisasjonar, irekna ideelle aksjeselskap. Verksemda til organisasjonen må ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak må nå flest mogleg elevar og skolar.

Rapport for 2013

Følgjande organisasjonar har fått tildelt midlar over denne posten i 2013: Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Kristent Pedagogisk Forum, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk håndverksinstitutt, Elevorganisasjonen, Landslaget for Norskundervisning, Landslaget Fysisk Fostring i Skolen, Friluftsrådene Landsforbund, Magasinett, Pirion, Foreningen Norden, Fellesrådet for kunstfagene i skolen (med medlemsorganisasjonar), Samarbeidsforum for estetiske fag (med medlemsorganisasjonar), Seanse, Redd Barna, Landslaget for mat og helse i skolen, First Scandinavia, Worldskills Norway, Ungt Entreprenørskap Norge, Skeiv Ungdom, Sex og Politikk, MOT, LLH – Rosa kompetanse skole, Norsk forum for skolemegling og Barnevakten.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å flytte øyremerkte tilskott på 7,1 mill. kroner til Fellesrådet for kunstfag i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag til post 71 på kapitlet, for å samle alle tilskott til kunst- og kulturformål i opplæringa på ein post. Vidare foreslår departementet at tilskotta til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt på til saman 2,4 mill. kroner blir flytte til kap. 227 ny post 76. Desse organisasjonane kan ikkje direkte knyttast til arbeidet med å nå sektormåla i grunnopplæringa. Organisasjonane bidreg likevel til å føre vidare viktige verdiar i norsk samfunn og kulturliv, høvesvis innanfor nordisk samarbeid og norske handverkstradisjonar. For å sikre ei føreseieleg finansiering av arbeidet til organisasjonane foreslår departementet å samle tilskottet på ein ny post. I tillegg er midlar som organisasjonar for funksjonshemma kan søkje på, 1 mill. kroner, flytte frå kap. 230 post 01. Departementet legg til grunn at organisasjonar for funksjonshemma framleis skal få støtte. Vidare er løyvingsforslaget redusert med 3,5 mill. kroner. Totalt foreslår departementet ei løyving på 11,9 mill. kroner. I 2015 foreslår departementet å prioritere tilskott til organisasjonar som kan bidra til å styrkje dei grunnleggande dugleikane til elevane, og til organisasjonar som arbeider mot mobbing.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	53 719	73 882	69 297
	Sum kap. 3225	53 719	73 882	69 297

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving over kap. 3225 post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er berekna til 69,3 mill. kroner i 2015.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overført</i>	1 187 374	795 173	767 102
22	Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar		563 600	1 033 944
50	Nasjonale senter i grunnsopplæringa	74 371	93 559	96 163
60	Tilskott til kommunar og fylkeskommunar	37 204	38 432	39 662
62	Tilskott for auka lærartettleik	150 235	372 168	384 077
70	Tilskott til NAROM	10 409	7 668	7 921
71	Tilskott til vitensenter	35 353	44 090	48 920
72	Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnsopplæringa	1 975	2 070	
	Sum kap. 0226	1 496 921	1 916 760	2 377 789

For å bidra til høg kvalitet på grunnsopplæringa i heile landet legg regjeringa stor vekt på å støtte og rettlege skolar og skoleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. Skoleeigarane har likevel hovudansvaret for kvalitetsutvikling av opplæringa i sine egne skolar og i lærebedriftene. Kap. 226 omfattar statlege løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa.

Løyvinga på postane 21 og 22 finansierer statlege og lokale prosjekt, medan løyvingane på postane 50, 60, 62, 70 og 71 finansierer tilskott til underliggjande statlege einingar, kommunesektoren eller andre mottakarar. Ansvar for forvaltninga av midlane på kapitlet og gjennomføringa av tiltaka er i stor grad delegert til Utdanningsdirektoratet.

Det er godt dokumentert at lærarar og skoleleiarar treng kontinuerleg utvikling av kompetansen sin. Ein stor del av løyvingane under kapitlet går til kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar samt andre tilsette med ansvar i grunnsopplæringa.

Eit anna sentralt verkemiddel er å forbetre den lokale kapasiteten til kvalitetsutvikling gjennom statlege støttetiltak. Løyvingane under kapitlet finansierer derfor statlege skoleutviklingsaktørar som nasjonale senter og vitensenter, statlege kvalitetsutviklingsprogram, statleg initierte forsøk og prosjekt og stimuleringstilskott til lokale aktørar.

Løyvinga på post 21 finansierer vidare utvikling av læreplanverket for grunnsopplæringa og kvalitetsvurderingssystemet for grunnsopplæringa, som består av internasjonale undersøkin-

gar, eit samanhengande nasjonalt prøve- og vurderingssystem, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk og forskning og evaluering. Løyvinga på post 22 finansierer vidareutdanninga for lærarar innanfor strategien *Kompetanse for kvalitet* og rektorutdanninga.

Delar av løyvinga på post 21 og 22 dekkjer utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og hos andre statlege aktørar som er knytte til drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overført

Omtalen av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 226 post 21 må ein sjå i samheng med omtalen av rapport, mål og budsjettforslag under kap. 220 postane 01 og 21. Drift av Utdanningsdirektoratet og generelle oppgåver som direktoratet har fått delegert til seg, sikrar og støttar tiltak som gjeld kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa.

Mål for 2015

Midlane på posten skal medverke til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa slik at sektormåla blir nådde, jf. omtale av desse i kategoriinnleiinga. Tilstandsvurderinga viser at grunnsopplæringa har mange sterke sider. For å oppnå ytterlegare betring er det behov for å føre vidare tiltak som er sette i gang og ta nye grep for å styrkje kvaliteten i grunnsopplæringa.

For å nå desse måla vil departementet i 2015 særleg prioritere kompetanseutvikling for tilsette i sektoren og statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling.

Rapport for 2013

Kompetanseutvikling i grunnopplæringa

Skoleeigarane har ansvaret for å sikre nødvendig kompetanseutvikling for sine tilsette i grunnopplæringa, jf. § 10-8 i opplæringslova. Den statlege støtta til kompetanseutvikling i sektoren kjem i tillegg, til dømes ved endringar i kompetansekrav, implementering av reformer og oppfølging av avdekte nasjonale behov. I samband med omlegginga av allmennlærerutdanninga og krav til sterkare fagleg fordjuping i grunnskolelærerutdanninga er det vedteke nye krav i opplæringslova og i forskrift til lova om kompetanse for å undervise. Staten følgjer opp dette med støtte til kompetanseutvikling for tilsette i sektoren.

Vidareutdanning

Gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012–2015* er det etablert eit system for vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar. Strategien dekkjer fag og område med særleg nasjonale behov for vidareutdanning. Vidareutdanninga gir studiepoeng og blir tilbydd av høgskolar og universitet. Strategien inneber at lærarane får frigjort tid til å studere, ved at det blir gitt tilskott til skoleeigarar til å dekkje vikarutgifter. Frå 2009–10 til 2013–14 har deltakinga av lærarar i vidareutdanning auka med om lag 35 pst. Om lag 1 800 lærarar tok vidareutdanning i studieåret 2013–14. Måltalet var 1 850 deltakarar. I 2013 vart det nytta om lag 340 mill. kroner til vidareutdanning gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet*.

Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PP-tenesta (2013–2018) har som formål å styrkje kompetansen til tilsette og leiarar i PP-tenesta og bidra til systemretta arbeid. Prioriterte område er organisasjonsutvikling og endringsarbeid, læringsmiljø og gruppeleiing, rettleiing og rådgiving, og leiarutdanning. Tilboda startar hausten 2014. I studieåret 2013–14 vart det utvikla vidareutdanningstilbod på dei prioriterte områda og i leiarutdanninga. I 2013 vart det òg tildelt midlar til etterutdanning på prioriterte område etter søknad frå kommunar og fylkeskommunar. Midlane skal bidra til at dei lokale PPT-kontora kan gjennomføre etterutdanning, ut frå både statlege prioriteringar og lokale behov. I 2013 vart det nytta om lag 8,6 mill til strategien. Satsinga blir evaluert.

Kompetanse for mangfold (2013–2017) er ei kompetansesatsing på det fleirkulturelle området. I 2013 vart det nytta om lag 28 mill. kroner til prosjektet. Satsinga inneber mellom anna satsing på andrespråksdidaktikk, vaksenpedagogikk, kunnskap om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk. Målgruppa for satsinga er tilsette i barnehage, grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring i tillegg til barnehageeigarar, barnehagemyndigheiter og skoleeigarar. Dessutan er universitets- og høgskolesektoren ei viktig målgruppe. I 2013–14 deltok til saman 160 barnehagar og skolar frå sju fylke. Tre universitets- og høgskolemiljø har fått eit særleg ansvar for kompetanseutviklinga i lærarutdanningane. Til saman sju universitets- og høgskolemiljø er involverte i satsinga i 2013–14. Dei arbeider med å utvikle sin eigen kompetanse, samtidig som dei er tilbydarar av kompetanse til barnehagar og skolar. Satsinga blir evaluert.

I studieåret 2013–14 fekk 40 barnehagelærarar og lærarar tilbod om vidareutdanning i teiknspråk, gjennom satsinga *Tegnspråkpakken*. Satsinga er eit samarbeid mellom Norges Døveforbund, Språkrådet og Kunnskapsdepartementet, og har som mål å styrkje statusen til norsk teiknspråk.

Etterutdanning

Ungdomstrinn i utvikling (2013–2017) er ei satsing på ungdomstrinnet for å gjere opplæringa meir praktisk og variert og for å styrkje opplæringa i rekning, lesing og skriving. Det er eit mål at elevane skal oppleve meistring, motivasjon og auka læring. Skolebasert kompetanseutvikling er ein viktig del av satsinga og skal medverke til at skolen blir ein lærande organisasjon. Måloppnåinga om deltaking er svært tilfredsstillande. For den første puljen var måltalet 250 skolar, medan 252 skolar deltok. 22 universitet og høgskolar har inngått samarbeid med skoleeigarar/skolar om skolebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Utdanningsdirektoratet har gjennomført 26 samlingar for skoleeigarar og skoleleiarar, ressurslærarar, utviklingsrettleiarar og kompetansmiljø (universitet og høgskolar og nasjonale senter). Delrapporten frå NIFU, som evaluerer ordninga, viser at skoleleiarar og skoleeigarar generelt er positive til ordninga. Skoleeigarar og skoleleiarar har tru på langtidsverknadene av satsinga mot meir variert praksis i undervisninga, betre pedagogisk praksis og at satsinga totalt sett blir vellykka. 85 pst. av skoleleiarane, uavhengig av om

dei er med i satsinga eller ikkje, bruker nettressursane som er laga av Utdanningsdirektoratet. Desse kan nyttast til undervisninga for alle skoletrinna. Klasseleiing er det høgst prioriterte området blant skolane som deltek. Det viser at skolane tek leiing på alvor. Resultata viser òg at universiteta og høgskolane ser ut til å delta i den skolebaserte kompetanseutviklinga i stor grad gjennom bistand i utviklingsprosessar og gjennom presentasjonar og førelesingar.

Tilbakemeldingar frå samlingar viser at deltakarane stort sett opplever det faglege innhaldet og erfaringsdelinga som nyttig og relevant. Nasjonale senter har medverka til å utvikle pedagogiske nettressursar. Rapporteringar tyder på at ressursane er relevante og har gitt auka medvit om rekning, lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter i mange fag. I 2013 vart det nytta om lag 100 mill. kroner til prosjektet.

Ny GIV-prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2013, men fylkeskommunane vart inviterte til å vidareutvikle og forsterke arbeidet med auka gjennomføringa også i perioden 2014–16. Alle fylkeskommunane takka ja til å delta vidare. Prosjektet hadde som mål å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring til 75 pst. innan 2015. Gjennomføringa har hatt ein svak auke på 1,3 prosentpoeng frå 2012 til 2013, frå 69,3 pst. til 70,6 pst. Dei endelege resultata av Ny GIV vil ikkje vere klare før i 2016.

Ny GIV har bestått av tre delprosjekt: Overgangsprosjektet (herunder FYR-prosjektet), Oppfølgingsprosjektet og Statistikkprosjektet.

Hovudelementa i Overgangsprosjektet har vore skoloring av lærarar, intensivopplæring for svakt presterande elevlar i 10. klasse og ulike former for sommaraktivitetar. I tillegg har dei vidaregåande skolane sett i gang fleire ulike tiltak retta mot denne elevgruppa. Totalt har om lag 5 000 lærarar frå grunn- og vidaregåande skolar delteke i etterutdanning i løpet av prosjektperioden. Dette er i tråd med målsetjinga. Skoloringa vart ført vidare i 2014 for lærarane på dei vidaregåande skolane. Det har vore gjennomført ei evaluering av intensivopplæringa i Ny GIV som førebels ikkje viser tydelege effektar for læringsutbyttet til elevane. Sjølv om deltakinga i og kvaliteten på kompetanseutviklinga har vore høg, viser evalueringa at lærarane i stor grad fører vidare sin vanlege undervisningspraksis sjølv om dei underviser i små grupper. Evalueringa viser at lærarane og skoleleiarane var svært nøgde med skoloringa, og at elevane opplevde den undervisninga dei fekk, som meir motiverande enn den ordinære undervisninga. Evalueringa viser likevel at dei organisa-

toriske endringane ved skolane som følgje av skoloringa har vore små.

Departementet starta i 2011 opp eit prosjekt for å betre yrkesrettinga av og relevansen i undervisninga i fellesfaga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma – *Fellesfag, yrkesfag, relevans (FYR)-prosjektet*. Prosjektet rettar seg mot alle elevlar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Meir yrkesretting og større relevans i fellesfaga på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er viktig for å auke motivasjonen og faglege dugleikar hos elevane. I oppstarten av prosjektet var engelsk, norsk og matematikk omfatta, seinare vart naturfag innlemma. I alle fylke er det peikt ut ein eller fleire knutepunktskolar. Nøkkelelement i prosjektet er ulike former for kompetanseutvikling for lærarane, utvikling av læringsressursar og ulike metodiske grep som kan betre yrkesrettinga. Det er utvikla om lag 1 200 nettbaserte læringsressursar, som nå er produserte til bruk i arbeidet med yrkesretting og relevans.

Hovudelementa i oppfølgingsprosjektet gjennom prosjektperioden har vore samordning av tiltak frå utdanningssektoren og arbeidsmarknadssektoren (Nav), retta mot ungdom mellom 15 og 21 år som står utanfor opplæring og arbeid. Totalt har vel 950 tilsette i den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT) og Nav lokalt delteke i felles etter- og vidareutdanningstilbod. Desse kompetansetiltaka har ført til ein meir fleksibel bruk av verkemidla overfor målgruppa. Talet på ungdom som kom i kompetansefremmande tiltak, dobla seg i prosjektperioden frå om lag 4 500 i juni 2010 til 9 000 i juni 2013. Vidare gjekk talet på ungdommar med ukjent aktivitetsstatus ned frå vel 8 000 i juni 2009 til 1 500 i juni 2013.

Det vart samla nytta om lag 152 mill. kroner til dei ulike tiltaka i Ny GIV i 2013.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Løyvinga finansierer statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling i skolen. Dette gjeld ulike statlege kvalitetsutviklingsprogram og stimulerings-tilskott.

Samfunnskontrakten for fleire lære plassar vart underteikna av utdanningsmyndigheitene og partane i arbeidslivet i april 2012. Intensjonen i kontrakten er å auke rekrutteringa til yrkesfaga. For perioden 2012–15 har partane tre hovudresultatmål: Talet på godkjende lærekontraktar skal auke med 20 pst. i 2015 samanlikna med nivået ved utgangen av 2011. Vidare skal talet på vaksne som tek fag- og sveinebrev, auke, og delen lærlingar

som fullfører og består med eit fag- eller sveinebrev, skal òg auke. I 2013 har det vore ein auke på to pst. i talet på godkjende lærekontraktar. I 2013 vart det nytta om lag 18 mill. kroner til prosjektet. *Samfunnskontrakten* forpliktar alle partane i arbeidslivet til å setje i verk tiltak for å nå måla.

Frå statleg side er ei rekkje tiltak sette i verk og under utprøving. Mellom anna er det arbeidet med motivasjon og informasjon til nye lærebedrifter gjennom *Lærlingløftet*. I tillegg blir det prøvt ut vekslingsordningar i nokre fag der elevar i større grad kan veksle mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift. Førebels deltek seks fylke i forsøket, med om lag ein klasse kvar. Forsøket blir utvida til fleire fylke i 2014. Frå skoleåret 2013–14 deltek alle fylkeskommunane i ei vidareføring og utprøving av hospitering for fellesfaglærarar og yrkesfaglærarar på yrkesfaglege utdanningsprogram og for faglege leiarar og instruktørar i lærebedrifter. Nokre fylkeskommunar har i tillegg valt å la rådgivarar og karriererettleiarar hospitere. Formålet er å medverke til ei meir praktisk og relevant opplæring for elevar og lærlingar. Direktoratet forventar at 800 deltakarar vil ha gjennomført ei hospitering fram til 1. juli 2014.

Rettleiarkorpset er eit tilbod til skoleeigarar og skolar som treng rettleiing for å betre læreprosessane i skolen. Målet med ordninga er å gjere skoleeigarar og skolane betre rusta til sjølve å drive utviklingsarbeid ut frå erkjende behov. I 2013 vart det inngått avtalar med 19 skoleeigarar med til saman 69 skolar. Rambøll har i samarbeid med Universitetet i Oslo gjennomført ei evaluering av tilbodet i 2012–13. Evalueringa viser at 94 pst. av skoleeigarane og skoleleiarane som har nytta tilbodet, meiner at ordninga har bidratt positivt til utviklingsarbeidet deira. Evalueringa har også identifisert nokre utfordringar: Rettleingsperioden er relativt kort, og kommunane har i ulik grad lykkast med å spreie kompetanse og erfaringar innanfor kommunane. Det er også uvisst om dei kommunane og skolane som deltek i ordninga, er dei som treng det mest. I 2013 vart det nytta om lag 40 mill. kroner til prosjektet.

I 2013 vart det tildelt om lag 5 mill. kroner til lærarutdanningsinstitusjonane til tiltak knytte til rettleiing av nyttilsette nyutdanna lærarar. Ei kartlegging utført av Rambøll i 2014 viser at ni av ti skolar med nyutdanna lærarar har innført ei rettleiingsordning. Midlane til arbeid med rettleiing av nyutdanna vart nytta i samanheng med midlar frå kap. 231 til rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Det vil hausten 2014 bli sett i gang ei evaluering som vil undersøkje i kva grad rettleiingsordninga bidrar til å sikre ein god overgang mel-

lom utdanning og yrke, og til å rekruttere, utvikle og halde på dyktige barnehagelærarar og lærarar.

Departementet har saman med KS starta eit prosjekt for å få meir kunnskap om den samla rapporteringa og dokumentasjonen frå skolane til ulike styresmakter, institusjonar og andre på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Prosjektet starta hausten 2013 og blir avslutta hausten 2014. Eit utval kommunar og fylkeskommunar vil bli tekne med i undersøkinga. Målet med prosjektet er å medverke til at skoleleiarar og lærarar opplever ein god balanse mellom krav til dokumentasjon og moglegheitene til å utnytte informasjonen til å forbetre si eiga leing, undervisning og skolen som organisasjon.

Betre læringsmiljø vart i perioden 2009–14 etablert som den nasjonale strategien på læringsmiljøfeltet. Satsinga har utvikla og formidla forskingsbasert kunnskap og nettressursar som skolar og skoleeigarar kan bruke i det praktiske arbeidet sitt med læringsmiljøet til elevane. I 2013 vart det nytta om lag 22 mill. kroner til satsinga. Vidare er det gitt støtte til program mot mobbing og lokale prosjekt hos 50 skoleeigarar. Dei aller fleste skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar anerkjenner den verknaden skoleleing, klasseleing og rolla til lærarane har for kvaliteten på læringsmiljøet til elevane, og fleire er interesserte i kompetanseutvikling på desse områda. Betre læringsmiljø og nasjonalt tilsyn med det psykososiale miljøet til elevane har medverka til å setje læringsmiljøet til elevane på den lokale dagsordenen. Satsinga kan òg ha gjort at mange skoleeigarar nå inkluderer læringsmiljøet i sine strategiar og handlingsplanar, men det varierer korleis planane blir følgde opp i praksis. PISA 2012 viser ei positiv utvikling når det gjeld læringsmiljøet i norsk skole. Resultata frå Ungdata-undersøkingane viser blant anna at den norske skolen har lykkast med å skape eit læringsmiljø som blir opplevd som positivt av det store fleirtalet av elevane, medan Elevundersøkinga og andre undersøkingar syner at det framleis er mange elevar som opplever mobbing og eit for dårleg læringsmiljø. Regjeringa ser alvorleg på dette og vil sikre alle elevar eit godt læringsmiljø gjennom eit kontinuerleg arbeid for å førebyggje og redusere mobbing.

Manifest mot mobbing vart underteikna av sentrale nasjonale partar for perioden 2010–14. Totalt 322 kommunar er med i samarbeidet, og 44 nye kommunar signerte lokale manifest i 2013. Gjennom kampanjen *Vaksne skapar vennskap – saman* vart det halde lokale arrangement på 34 pst. av skolane i landet. Om lag halvparten av skolane har

gjennomført særskilte tiltak for eit betre oppvekst- og læringsmiljø og har brukt heimesida til partnerskapen som ein del av arbeidet med *Manifest mot mobbing*.

Kompetanseutvikling for kommunar og skolar som har vedvarande høge mobbetal over tid, seinare kalla *Læringsmiljøprosjektet – målretta mot mobbing* omfattar i første pulje 23 skolar fordelte på ti kommunar. Skolane vart valde ut etter ein analyse av resultatane frå Elevundersøkinga og ei vurdering frå Fylkesmannen om kva for skolar som ikkje hadde kapasitet til å handtere utfordringane på eiga hand. Det er oppretta fire rettleiingsgrupper i regi av Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning. NOVA har fått i oppdrag å evaluere tiltaket. Sluttrapporten for første pulje kjem i januar 2015.

I 2013 vart forsøket med gratis deltids plass på aktivitetsskolen ved Mortensrud skole i Oslo etablert. Forsøket skal leggje til rette for at fleire elevar får betre føresetnader for å lykkast på skolen og for å delta i nærmiljøet og oppleve nærmiljøet som attraktivt å bu i. Forsøket blir gjennomført innanfor ramma av områdesatsinga i Oslo Sør, og målet er om lag lik deltaking av elevar på aktivitetsskolen som gjennomsnittet for Oslo kommune. Statusrapporten per 2. desember 2013 frå Oslo kommune syner at Mortensrud så langt i forsøket har oppnådd noko høgre gjennomsnittleg deltaking enn for Oslo-skolen / Per 1. oktober 2013 hadde delen nye skolestartarar som søker seg til andre skolar enn Mortensrud, falle frå 45 pst. til 43 pst. frå same tidspunkt i 2012. Skolen har sjølv ambisjonar om at bortsøkinga frå Mortensrud skal bli redusert til 20 pst. i skoleåret 2016–17.

Som ein del av *Groruddalssatsinga (2012–2016)* gjennomfører Oslo kommune eit skoleutviklingsprosjekt i Groruddalen. Også i bydel Søndre Nordstrand blir det gjennomført tilsvarende prosjekt. Målet med prosjekta er å skape stabil utvikling som gir betring av elevresultata. I løpet av 2013 har prosjektskolane sett i verk rettleiings- og kompetansetiltak på bakgrunn av ståstadsanalysar, og dei har utarbeidd standardar for god undervisning. Dei nasjonale prøvene som vart gjennomførte hausten 2013, viser at fleire av prosjektskolane har færre elevar på dei lågaste nivåa enn i 2012.

GNIST (2009–14) er ein partnerskap mellom utdanningsmyndighetene og partane i sektoren med mål om høgre status og auka rekruttering til læreryrket samt betre kvalitet i lærarutdanningane, lærarprofesjonen og skoleleiinga. Rekrutteringskampanjen *Har du det i deg?* vart ført vidare i

2013. Indikatorrapport 2013 viser framgang for statusen til læreryrket samt auka rekruttering til lærarutdanningane. I perioden 2008–13 har talet på kvalifiserte førstevalssøkjjarar auka med 87 pst. for femårig integrert lærarutdanning, 46,1 pst. for faglærarutdanningane og 61,8 pst. for allmennlærer- og grunnskolelærarutdanningane. Tilsvarende auke for høgre utdanning alt i alt har vore 39,7 pst. i same periode. I 2013 vart det nytta om lag 12 mill. kroner til GNIST.

Tilskottet til karriererettleiing vart i 2013 fordelt likt til kvar av fylkeskommunane. Rapporteringa viser at det er skilnader mellom fylka i både omfang av og innhald i aktiviteten. For å stimulere til vidare utvikling og eit likare tilbod i heile landet har departementet i 2014 lagt om tilskottsordninga og flytt finansieringa til kap. 258 post 60. Sjø nærare omtale under denne posten.

Struktur, læreplanar og vurdering

Hausten 2013 vart dei reviderte læreplanane i norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag implementerte i grunnopplæringa. Revideringa av fellesfaga omfatta også dei parallelle planane for samiske elevar og særskilte planar for døve og tunghøyrde. Det er halde samlingar for skoleeigarar og skoleleiarar i kvart fylke der lokalt arbeid med læreplanar og grunnleggjande ferdigheiter var tema. I skoleåret 2013–14 vart seks nye valfag innførte. Det er til saman fjorten ulike læreplanar i valfag. For skoleåret 2013–14 valde flest elevar valfaga fysisk aktivitet og helse, sal og scene og design og redesign.

Forsøk med arbeidslivsfag som eit alternativ til framandspråk / språkleg fordjuping på ungdomstrinnet omfatta 82 kommunar og 133 skolar i 2013. Forsøksperioden er utvida frå 2013 til 2016, og alle kommunar kan starte med arbeidslivsfag. Tilbodet om arbeidslivsfag har ført til at fleire elevar vel dette faget framfor fordjuping i norsk/samisk og engelsk. Evalueringa av forsøket i 2013 syner at faget er ønskt av både skoleleiarar, lærarar, elevar og foreldre, og at arbeidslivsfaget langt på veg er utvikla i tråd med intensjonen.

Utdanningsdirektoratet har utvikla nye og revidert eksisterande læreplanar i fag- og yrkesopplæringa i tråd med råd frå partane i arbeidslivet. Direktoratet har endra læreplanane for elektrisk, matros og motormann, og utarbeidd læreplan i eit nytt lærefag, repslagarfaget. Læreplanane tredde i kraft i august 2013.

Det overordna målet for den nasjonale satsinga *Vurdering for læring (2010–2014)* har vore å

vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. I løpet av den første fireårsperioden (2010–14) har 187 kommunar og alle fylkeskommunane og 47 private skoleeigarar delteke puljevis. I 2013 vart det nytta om lag 15 mill. kroner til prosjektet. Satsinga har oppnådd gode resultat. Forskingsrapportar, resultat frå Spørsmål til Skole-Noreg og Elevundersøkinga, samt tilbakemeldingar frå deltakarar i satsinga, viser mellom anna at arbeidet med elev- og lærlingvurdering fører til betre forståing av læreplanar, og at fleire skoleeigarar og skolar har utvikla ein felles vurderingskultur.

Kvalitetsvurderingssystemet for grunnsopplæringa

Det nasjonale prøve- og vurderingssystemet omfattar nasjonale prøver, kartleggingsprøver, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver. Dei nasjonale prøvene gir styringsinformasjon til nasjonale utdanningsmyndigheiter, skolar og skoleeigarar, og blir nytta som eit pedagogisk verktøy av lærarane. Kartleggingsprøvene, læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver skal avdekkje behov for oppfølging og tilrettelegging på elev- og skolenivå og vere til støtte for lærarane i vurderingsarbeidet. I skoleåret 2013–14 er det gjennomført nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn i lesing og rekning og på 5. og 8. trinn i engelsk. Det er vidare gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i talforståing og reknedugleik på 2. trinn, i lesedugleik på 1., 2. og 3. trinn og i lesing og rekning som grunnleggjande dugleik på Vg1. I tillegg er det tilgjengeleg fleire frivillige prøver: kartleggingsprøve i digitale dugleikar på 4. trinn, kartleggingsprøve i engelsk for Vg1, læringsstøttande prøver i matematikk for 5.–10. trinn og i skriving for 5. og 8. trinn, og karakterstøttande prøver i naturfag og samfunnsfag på 10. trinn. Dei fleste prøvene er elektroniske og er samla i ein prøvebank der dei er lett tilgjengelege for skolane til bruk etter deira eige ønske. Læringsstøttande prøver i lesing og rekning for 6. trinn og i digitale dugleikar for 8. trinn er under utvikling.

I dei siste åra har Utdanningsdirektoratet arbeidd med å leggje grunnlaget for trendmålingar på dei nasjonale prøvene. Ein føresetnad for å berekne endring over tid er at nokre av dei sama oppgåvene blir brukte kvart år, og at desse oppgåvene, kalla ankeroppgåver, blir haldne hemmelege. Dei første resultatata av berekning av endring over tid blir rapportert hausten 2015, men det er viktig å vere merksam på at det trengst tal for fleire år for å kunne fastslå ein trend.

Nye resultat frå TIMSS og PIRLS vart lagde fram i desember 2012, medan nye resultat frå PISA 2012 vart lagde fram i desember 2013, jf. omtale under tilstandsvurderinga i kategoriinnleiinga. Våren 2013 vart det gjennomført to nye internasjonale undersøkingar, Teaching and Learning International Survey (TALIS) og The IEA International Computer and Information Literacy Study (ICILS). Resultata frå TALIS vart lagde fram i juni 2014, og resultatata frå ICILS blir lagde fram i november 2014.

Det finst lite forskning om kvalitet, innhald og relevans i dei studieførebuande utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring, og om forholdet mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. For å utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag har departementet etablert eit forskingsprosjekt om studieførebuande utdanningsprogram og om forholdet mellom vidaregåande opplæring og høgre utdanning. Prosjektet blir avslutta i 2016.

Utviklinga av kvalitetsvurderingssystemet i fag- og yrkesopplæringa er ført vidare. Informasjon om gjennomføring, læringsmiljø, kvaliteten på opplæringa i lærebedriftene og overgangen til arbeidsmarknaden for nyutdanna fagarbeidarar skal inngå. *Program for forskning på fag- og yrkesopplæringa* er ført vidare. Forskinga, som blir gjennomført i samarbeid mellom NIFU, Fafo, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Oslo og Akershus, konsentrerer seg om seks tema: læringsmiljø, innhald og vurdering, kvalitetsarbeid, gjennomføring og fråfall, fagopplæringa som inngangsport til arbeidslivet og eit heilskapleg kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa. Sluttrapport vil vere klar i 2015.

Elevar, lærlingar, lærebedrifter, lærarar og føresette skal kunne gi tilbakemelding om læringsmiljøet på skolen eller i lærebedrifta gjennom ulike brukarundersøkingar. Resultata frå brukarundersøkingane blir nytta av skolar, skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen. Det blir arbeidd kontinuerleg for å auke deltakinga i brukarundersøkingane. Elevundersøkinga er obligatorisk å gjennomføre på 7. og 10. trinn i grunnskolen og for elevar på Vg1 i vidaregåande opplæring. I 2013 vart Elevundersøkinga revidert med mellom anna færre spørsmål og betre tilpassa spørsmål.

Samla vart det nytta om lag 160 mill. kroner til tiltaka i kvalitetsvurderingssystemet i grunnsopplæringa.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 767,1 mill. kroner over kap. 226 post 21 i 2015.

Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir redusert med 4 mill. kroner, som gjeld lønn og administrasjon i Utdanningsdirektoratet. Løyvingsforslaget er vidare redusert med ytterlegare 4,1 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Løyvingsforslaget på posten er redusert med 31,3 mill. kroner som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I. Utgiftene til dei enkelte tiltaka er oppgitt inkludert meirverdiavgift.

Løyvingsforslaget er redusert med 26,9 mill. kroner på grunn av flytting av midlar til andre postar. Dette gjeld følgjande:

- Flytting av 15,8 mill. kroner til kap. 220 post 21 for å samle løyvinga til faste drifts- og utviklingsoppgåver i Utdanningsdirektoratet. Midlane gjeld ei søkjeplattform som vil gi brukarane til Utdanningsdirektoratet eit moderne og påliteleg verksemdssøk, drift og utvikling av portalen *Skoleporten* og drift, utvikling og distribusjon av obligatoriske og frivillige prøver.
- Flytting av 7,2 mill. kroner til kap. 258 post 21, som går til drift av Kunnskapssenteret for utdanning.
- Flytting av midlar til internasjonale mobilitetsordningar i framandspråk på til saman 3,1 mill. kroner. Av dette er 2,7 mill. kroner til ordningane flytte til kap. 225 post 73, medan 0,4 mill. kroner til forvaltninga av desse ordningane er flytte til Senter for internasjonalisering av utdanning, jf. kap. 280 post 50.
- Flytting av 0,8 mill. kroner til kap. 719 Annet folkehelsearbeid, post 21 Spesielle driftsutgifter under Helse- og omsorgsdepartementet. Midlane skal bidra til ei permanent finansiering av *Ungdata*.

Kompetanseutvikling

Departementet vil halde fram med satsinga på ungdomstrinnet gjennom *Ungdomstrinn i utvikling 2012–2017*. Satsinga handlar om skolebasert etterutdanning i klasseleiing, lesing, skrivning og rekning. Målet er at alle skolar med ungdomstrinn skal delta i løpet av strategiperioden. Departementet legg opp til at 300 skolar skal starte opp hausten 2015 og vil setje av om lag 160 mill. kroner til satsinga. Kompetanseutviklinga i klasseleiing blir sett i samanheng med satsinga på betre læringsmiljø i skolen.

Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* dokumenterer store utfordringar i den evna utdanningssystemet har til å møte mangfaldet av barn, unge og vaksne med eit tilpassa opplærings-tilbod. Departementet vil føre vidare *Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PP-tenesta (2013–2018)*, som skal gi til resultat at PP-tenesta jobbar meir systemretta og tettare innpå barnehagar og skolar gjennom tidleg innsats og forebyggjande arbeid. Departementet vil nytte om lag 38 mill. kroner til tiltaket i 2015.

Departementet vil føre vidare arbeidet med *Tegnspråkpakken*, eit samarbeid mellom Norges Døveforbund, Språkrådet og Kunnskapsdepartementet. *Tegnspråkpakken* inneheld tiltak som har som mål å styrkje statusen til norsk teiknspråk.

Departementet vil halde fram med satsinga på *Kompetanse for mangfold*. Frå 2015 blir seks nye fylke involverte i satsinga. Det er sett i gang ei følgjeevaluering av satsinga. Den første delrapporten blir levert i februar 2015.

Senter for IKT i utdanninga starta i 2014 arbeidet med å utvikle eit nettbasert vidareutdanningstilbod (MOOC) for lærarar i samarbeid med institusjonar i universitets- og høgskolesektoren. Det blir lagt opp til eit pilotforsøk med opp til 300 matematikklærarar på 5. til 7. trinn frå hausten 2015. Arbeidet med utvikling av tilbodet blir finansiert over kap. 226 post 21, medan sjølve utdanningstilbodet vil bli finansiert innanfor ramma av *Kompetanse for kvalitet* på kap. 226 post 22.

Statleg støtte til lokal kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Regjeringa vil heve statusen til læraryrket og rekruttere gode lærarar. Dyktige lærarar skal ha undervisning som si hovudoppgåve. Samtidig skal det vere mogleg å ha ei fagleg karriereutvikling som lærar. Det er eit mål at alle lærarar, uavhengig av kvar dei er i karrieren, skal bruke kompetansen sin til å gjere ein forskjell i klasserommet og bidra i utvikling av skolen som organisasjon. Fleire karrieremoglegheiter for lærarar i skolen er òg viktig for å trekkje fleire av dei fagleg sterkaste til lærarstudiet i framtida. Departementet vil hausten 2015 gjennomføre pilotar med definerte spesialiststillingar/-funksjoner for lærarar. Innhald og ramma for stillingane vil bli drøfta med partane.

Det er behov for auka kompetanse og kapasitet på skoleeigarnivå for å analysere resultat og leggje gode strategiar for utvikling. I samarbeid med blant andre Kunnskapsdepartementet har

KS utvikla programmet *Den gode skoleeier*. Det er eit viktig tiltak for å styrkje evna til å gjennomføre nasjonal utdanningspolitikk og drive skoleutvikling. Regjeringa vil støtte skoleeierprogrammet til KS økonomisk.

GNIST held fram i 2015 med vekt på det regionale GNIST-samarbeidet. Dette skal styrkje etter- og vidareutdanning, profesjonsutvikling, lærarutdanning, skoleleiing, skoleeigarskap og rekruttering og omdømmet til læraryrket og lærarutdanningane. Departementet vil produsere indikatorrapport, arrangere nasjonale møte og konferansar. Ei arbeidsgruppe i GNIST nasjonalt vil komme med forslag til eventuell utprøving av system for lærarvurdering i Noreg. Tildelinga til GNIST blir redusert med 4 mill. kroner til om lag 4 mill. kroner.

Departementet vil føre vidare samarbeidet med fylkeskommunane for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Ny GIV er avslutta som prosjekt, men mange av tiltaka i vidaregåande opplæring held fram og blir vidareutvikla til *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*. Det nye programmet rettar seg mot elevar med høg risiko for fråfall og ungdom som står utanfor opplæring og arbeid. Det er identifisert kritiske fasar i vidaregåande opplæring der fylkeskommunane skal utvikle tiltak. Om lag 90 mill. kroner vil bli sette av til programmet i 2015. Midlane skal dekkje engasjement av 38 nettverksleiarar i fylkeskommunane, skoloring av lærarar både i yrkesretting og i grunnleggjande dugleikar, og delvis frikjøp av ressurslærarar i arbeidet med yrkesretting og relevans. I tillegg skal skoletilsette med sosialpedagogiske oppgåver samarbeide i tverrfaglege team for å førebyggje fråfall, saman med andre yrkesgrupper i dei vidaregåande skolane. I tillegg varslar departementet at midlane på kap. 226 post 60 frå 2016 vil bli sette i samanheng med programmet.

Frå 2014 er det sett i gang ei omfattande skoloring av lærarane på yrkesfag med deltaking av 900 lærarar. Intensjonen er at skoloringa skal halde fram også i 2015 og 2016. *FYR-prosjektet* vart overført til Utdanningsdirektoratet frå 1. juni 2014, og departementet tek sikte på å føre det vidare ut 2016.

Den særskilde skoloringa av lærarar på 5.–7. trinn i dei tre nordligaste fylka, som vart gjennomført i 2014, blir ikkje ført vidare.

Departementet vil følgje opp *Yrkesfagløftet* gjennom auka satsing på fleksibilitet, relevans og kvalitet i fag- og yrkesopplæringa, mellom anna gjennom oppfølging av Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*.

Som ein del av ei kompetansesatsing for yrkesfaglærarar får fylkeskommunane tilskott til å etablere faglege nettverk mellom skolar og verksemdar. Arbeidet i nettverka kan omfatte hospitering, kursing, samlingar for å dele erfaring og kunnskap og samarbeid om utstyr. Målet med ordninga er at yrkesfaglærarar jamleg skal ha moglegheit til å delta i kompetansehevingstiltak. Det vil bli sett av 8 mill. kroner til dette tiltaket i 2015.

Tiltaka i samfunnskontrakten blir førte vidare i 2015 og omfattar hospitering for lærarar i vidaregåande skole og for faglege leiarar og instruktørar i lærebedrift, utprøving av vekslingsmodellar, alternativ til Vg3 i skole for dei som ikkje får læreplass, og betre og meir samarbeid mellom skole, skoleeigar og arbeidslivet. Det blir utvikla eit indikatorsystem for å følgje utviklinga i talet på læreplassar.

Departementet har i 2014 sett i gang forsøk med utprøving av modellar for kvalifisering mellom Vg2 og Vg3 i vidaregåande opplæring. Målgruppa er elevar som ikkje får læreplass, og elevar som ikkje har føresetnader for å gjennomføre Vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Utprøvinga av modellar blir evaluert. Departementet vil føre vidare tiltaket også i 2015.

Forsøket med praksisbrev, eit toårig, praktisk opplæringsløp med mykje utplassering i bedrift, blir ført vidare. Departementet tek sikte på ei varig regulering i 2016. Inntil ei regulering er vedteken, held forsøket fram.

Regjeringa vil i 2015 lansere ein ny nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa. Strategien skal både heve det generelle kompetansenivået i realfag og få fleire elevar til å prestere på dei høgste nivåa.

Utvikling av såkalla realfagskommunar blir eit sentralt verkemiddel i den nye strategien. Det blir foreslått å setje av 19 mill. kroner til realfagskommunar på posten i 2015.

Realfagskommunane skal gjennom å ta eit heilskapleg og strategisk ansvar vise korleis skolar og kommunar i praksis kan lyfte seg ut av det realfagsproblemet norsk skole har. Det er ikkje beslutta kor mange realfagskommunar vi skal ha, men departementet skal rekruttere kommunar som har ulike føresetnader, ulike resultat og ulike erfaringar å byggje på. På denne måten kan erfaringane i større grad overførast til andre kommunar. Realfagskommunane må setje avgrensa og realistiske mål ut frå lokale føresetnader.

I Lektor 2-ordninga underviser fagpersonar frå arbeidslivet med realfagskompetanse i enkeltimar på ungdomstrinnet i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Departementet vil styr-

kje Lektor 2-ordninga, og auke tildelinga frå 7,5 til 14 mill. kroner.

Den naturlige skolesekken (DNS) er eit samarbeid mellom Klima- og miljødepartementet og Kunnskapsdepartementet. DNS skal gjennom kontakt med lokale friluft- og miljøorganisasjonar medverke til at elevane får meir kunnskap om naturen og om berekraftig utvikling. Departementet vil føre vidare tiltaket også i 2015.

ENT3R er eit program der studentar i høgre utdanning gir undervisning og fungerer som rollemodellar i 10. klasse og Vg1. Hovudtemaet for ENT3R er matematikk, men universiteta tilbyr fysikk- og kjemigrupper i tillegg. Mellom 2 000 og 3 000 elevar bruker tilbodet i dag. Departementet vil føre vidare og styrkje tiltaket og aukar tildelinga frå om lag 2,5 til 5 mill. kroner.

Midlane til tiltak for nasjonale minoritetar vil bli nytta til utvikling av læremiddel i mellom anna kvensk/norsk-finsk og til å betre opplæringstilboda til og om dei nasjonale minoritetane.

Departementet vil føre vidare midlane til samiske tiltak i 2015. Midlane vil bli nytta til aktuelle utviklingstiltak på det samiske området. Vidare vil midlane bli nytta til arbeidet med den samiske fjernundervisninga. Departementet vil sjå til at det utviklast eit rammeverk for denne opplæringa. Midlane vil og bli nytta til vidare drift av den samiske læremiddelenesten Ovttas/Aktan/Aktesne.

Departementet vil føre vidare midlane til eit skoleutviklingsprosjekt i Groruddalen og bydel Søndre Nordstrand. Tiltaka blir styrte av Utdanningsetaten i Oslo.

Departementet vil i 2015 etablere ei tilskottsordning for symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. Det ble løyvd 1,5 mill. kroner til ei tilsvarande ordning i 2013, som eit eingongstiltak. Målet med tilskottet er å stimulere kommunane til å gi ei sårbar gruppe elevar symjeopplæring, slik at risikoen for ulykker blir redusert. Departementet vil setje av 7 mill. kroner til ordninga.

Satsinga *Bedre læringsmiljø* skulle opphavleg avsluttast i 2014. I påvente av utgreiinga frå Djupe-dalutvalget vil departementet forlengje perioden for satsinga ut 2015. I 2015 vil ein satse på å vidareutvikle og formidle forskingsbasert kunnskap og nettressursar som skolar og skoleeigarar kan bruke i det praktiske arbeidet sitt med læringsmiljøet til elevane. Tiltak og ressursar mot digital mobbing vil få særleg prioritet i dette arbeidet. Vidare blir *Læringsmiljøprosjektet – målretta mot mobbing* for kommunar og skolar som har vedvarande høge mobbetal over tid, ført vidare.

Det er dokumentert til dels store forskjellar mellom kommunane med omsyn til skoleutvikling, og at skoleeigarar og skolar som allereie fungerer godt, også er dei som oftast deltek i og har best nytte av statlege etterutdanningsprogram. Departementet vil etablere ei ordning med kompensatorisk bruk av den nasjonale rettleiarressursen for skoleeigarar som over tid viser utilfredsstillande resultat, og som manglar kompetanse og kapasitet til å utvikle lærande organisasjonar. Ved å rette ein særleg innsats mot dei svakaste skoleeigarane, som ikkje nødvendigvis er dei som søker om bistand, vil regjeringa bidra til å jamne ut desse forskjellane. Det er viktig at dette, som andre kompensatoriske statlege tiltak, ikkje er retta inn slik at det svekkjer insentiva og måla i kommunereforma i samband med styrking og profesjonalisering av skoleeigarrolla.

Prosjektet *Et lag rundt læreren* følgjer opp målsetjingane til regjeringa om eit godt læringsmiljø for elevane og skal medverke til at andre yrkesgrupper i skolen frigjer tid for lærarane. I 2013 starta arbeidet med å systematisere eksisterande kunnskap og utvikle modellar for systematisk bruk av andre yrkesgrupper. På grunnlag av rapporten, som prosjektet vil leggje fram i 2015, vil regjeringa vurdere ei mogleg pilotering av modellar og oppfølging gjennom effektevaluering.

Departementet vil føre vidare satsinga *Vi sprenger grenser 2013–2017*. Det overordna målet er å utvikle handlingskompetanse, slik at pedagogisk personale og føresette blir bevisste og aukar forventningane til læringsutbyttet til barn og elevar som har store, samansette lærevanskar og utviklingshemningar. Satsinga er implementert i dei fire regionane i Statped.

Hausten 2014 vart tre av fire statlege heiltids grunnskoletilbod for hørselshemma avvikla. Departementet vil følgje opp med ei betre statleg deltidsopplæring, kompetanseutvikling i kommunane og ved interkommunalt samarbeid for at hørselshemma elevar skal få ei god fagleg, sosial og teiknspråkleg utvikling.

Struktur, læreplanar og vurdering

Departementet vil i 2015 følgje opp ei rekkje endringar i læreplanar og struktur varsla i Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*. I grunnskolen blir arbeidslivsfag innført som eit alternativ til framandspråk på ungdomstrinnet frå skoleåret 2015–16, men det skal vere frivillig for skolane å tilby faget. I samband med arbeidet med satsing på realfag skal tilbodet i fordjupingsfag (norsk,

samisk og engelsk) utvidast med matematikk slik at skolane får moglegheit til å tilby elevane et alternativ til språkfag og arbeidslivsfag. Hensikta er å auke elevanes kompetanse i faget. Læreplanen for faget utdanningsval vil også bli revidert for å tydeleggjere eigenarten i faget og gi elevane betre innsikt i val av utdanning og yrke. Reviderte læreplanar og rettleiingar vil vere klare til skolestart hausten 2015.

Vidare vil departementet som ei oppfølging av Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei* auke fleksibiliteten i vidaregåande opplæring ved å gi fylkeskommunar og vidaregåande skolar moglegheit til å endre plassering av fag frå skoleåret 2015–16. I studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring blir utdanningsprogram for medium og kommunikasjon omgjort frå yrkesførebuande til studieførebuande utdanningsprogram, og formgiving blir etablert som eit eige studieførebuande utdanningsprogram med nytt namn. I yrkesfaglege utdanningsprogram vil departementet auke moglegheitene for fagleg fordjuping gjennom endringar i faget prosjekt til fordjuping og ved å vurdere å dele opp felles programfag i Vg2 i valfrie programfag. Endringane i strukturen i vidaregåande opplæring blir innførte frå det tidspunktet departementet bestemmer.

Departementet har saman med partane i arbeidslivet starta arbeidet med ein gjennomgang av tilbodsstrukturen i fag- og yrkesopplæringa slik det vart varsla i Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei*. Målet er å forbetre kvaliteten på opplæringstilboda, tilpasse tilboda til kompetansebehova til arbeidslivet, og auke verdien av fag- og sveinebrev. Parallelt vil ein hente inn kunnskap og forskning som skal gi eit godt grunnlag for å utvikle ein ny tilbodsstruktur i samsvar med kompetansebehova i arbeidslivet.

Det overordna målet for den nasjonale satsinga *Vurdering for læring (2010–2014)* har vore å vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål. I Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei* skriv departementet at ei nasjonal satsing skal førast vidare for å auke vurderingskompetansen til lærarane og instruktørane. Departementet ønskjer i den nye satsinga å styrkje samanhengen mellom undervegsvurdering og sluttvurdering. Arbeidet skal medverke til ein vurderingspraksis som gir elevar ei god og tilpassa opplæring, eit høgt læringsutbytte og ei rettvis sluttvurdering.

Kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa

Kvalitetsvurderingssystemet blir forvalta og utvikla vidare i 2015. Løyvinga blir nytta til utvikling av Skoleporten, brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar og til deltaking i internasjonale undersøkingar. Vidare blir løyvinga nytta til forskning og evaluering i grunnopplæringa. Dette gjeld også ei rekkje mindre kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar av statlege tiltak som er under utprøving eller implementering. Innanfor løyvinga blir det nytta midlar til utvikling av eit kvalitetsvurderingssystem for fag- og yrkesopplæringa. Det blir samla nytta om lag 80 mill kroner til desse tiltaka på kap. 226 post 21. Midlar til drift av systemet blir òg løyvde over kap. 220 postane 01 og 21.

For å kunne møte utfordringane i grunnopplæringa vil den langsiktige satsinga på utdanningsforskning halde fram i 2015 gjennom det nye programmet FINNUT (2014–2023), som vart etablert etter samanslåing av programma Utdanning2020 og PRAKUT, jf. omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Midlar til CEMO blir løyvde over denne posten. Sjå nærmare omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Noreg skal delta i utvikling og pilotering av OECDs nye longitudinelle studie av Education and Social Progress (ESP). Studien vil kartleggje om, når og korleis skolen og andre læringsmiljø påverkar kognitive og ikkje-kognitive dugleikar, og kva dette har å seie for framtidsutsiktene til elevane med tanke på utdanning, jobb, helse og aktivt medborgarskap.

Andre tiltak

Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av sekretariat for utval, tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen og til tilskott til offentlege aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Etter kunngjering blir ein mindre del av posten tildelt private aktørar. Dette gjeld organisasjonar som driv antimobbe-program.

Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samråd med departementet, innanfor den ramma som er foreslått over.

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar

Posten vart oppretta i statsbudsjettet for 2014 for å samle løyvingane til satsinga på vidareutdanning av lærarar og skoleleiarar.

Mål for 2015

Målet med løyvinga er å gjennomføre regjeringa si satsing på vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar.

For å stimulere lærarar og skoleeigarar til å satse på vidareutdanning er det etablert ei vikar- og stipendordning for vidareutdanning for lærarar. I vikarordninga gir staten eit tilskott på 75 pst. av årsverkkostnaden på 600 000 kroner for vidareutdanning på 60 studiepoeng i matematikk og naturfag og 60 pst. av vikarutgiftene i andre fag. Gjennom stipendordninga får lærarar 100 000 kroner i stipend for vidareutdanning på 30 studiepoeng i prioriterte fag, med en særskilt prioritering av matematikk. I begge ordningane finansierer staten studie-plassar til vidareutdanning ved universitet og høgskolar, mens skoleeigaren dekkjer kostnader i samband med reise, opphald, lærarmiddel og liknande.

Rektorutdanninga er eit deltidstudium på 30 studiepoeng. Studieplassane er finansierte av staten. Målsetjinga er at den enkelte rektor skal bli i betre stand til å utføre leiaroppgåver i den praktiske kvardagen og få ei klarare forståing av rolla si som leiar. God skoleleiing er ein føresetnad for at skolen skal klare å utnytte kompetansen til lærarane. Rektorutdanninga vil bli ført vidare for ein ny periode frå 2015 til 2020 med i hovudsak det innhaldet og i den forma ho har i dag.

Regjeringa vil skjerpe kompetansekrava for undervisning i grunnskolen for alle lærarar som underviser i faga matematikk, engelsk, norsk, samisk og norsk teiknspråk i grunnskolen.

Ei slik endring av kompetansekrava vil gjere det nødvendig å auke kapasiteten i vidareutdanningstilbodet, særleg i faga norsk og engelsk, og å føre vidare den høge kapasiteten i matematikk etablert i 2014.

Den statlege satsinga på vidareutdanning vil bli trappa opp for å leggje til rette for at kompetansekrava kan nåast i løpet av ein periode på i utgangspunktet ti år.

Rapport for 2013

I 2013 vart midlar til vidareutdanning av lærarar og skoleleiarar løyvde over kap. 226 post 21. Sjå rapport under denne posten.

Budsjettforslag for 2015

I 2015 foreslår departementet å auke innsatsen for vidareutdanning for lærarar med 500 nye plassar i vikarordninga og 1 000 nye plassar i stipendordninga frå og med hausten 2015. Nivået på skoleleiarutdanninga blir ført vidare på same nivå som i 2014. Dette inneber at totalt 5 050 lærarar og i alt 500 skoleleiarar kan starte med vidareutdanning hausten 2015.

Talet på plassar for lærarar som får tilbod om vidareutdanning i vikarordninga skal aukast med 500. Fordelinga av studie-plassar mellom fag i vikarordninga vil skje med utgangspunkt i forslaget om innføring av kompetansekrav for undervisning i matematikk, norsk og engelsk. I tillegg er naturfag prioritert i fordelinga av studie-plassar. Totalt inneber desse forslaga at satsinga på vikarordninga aukar med 64 mill. kroner.

For å stimulere til auka deltaking i vidareutdanning ut over tiltaka i *Kompetanse for kvalitet* vil regjeringa auke talet på lærarar som får stipend, frå 916 i 2014 til 1 750 i 2015. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til stipendordninga med 79,6 mill. kroner.

Løyvingsforslaget er auka med 310 mill. kroner som følgje av budsjetteffekten i 2015 av studie-plassane som vart oppretta hausten 2014, jf. tilleggspolisjonen til statsbudsjettet for 2014 og revidert nasjonalbudsjett 2014.

Totalt foreslår departementet ei løyving på 1 033,9 mill. kroner på posten. For å sikre best mogleg bruk av midlane til vidareutdanning legg departementet opp til ein viss fleksibilitet til å disponere mellom dei to ordningane ved behov. Kvart år er det nokre lærarar som melder at dei likevel ikkje tek imot studie-plassen dei har fått tilbod om. Dette fråfallet har vore på om lag fem pst. kvart år i dei siste åra. For stipendordninga har vi ikkje erfaringstal for fråfall. Dette har ført til at det har vore eit årleg underforbruk av midlar til kompetanseutvikling. For å gi flest mogleg lærarar tilbod om vidareutdanning innanfor rammene legg departementet opp til å tilby studie-plass til om lag fem pst. fleire lærarar enn talet på studie-plassar.

Løyvingsforslaget på posten er redusert med 1,7 mill. kroner som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Kunnskapsdepartementet lyste ut ein konkurranse sommaren 2014 om utvikling av eit design på ei effektevaluering av vidareutdanning for lærarar. Ei eventuell gjennomføring av effektevalueringa kan ha til følgje at staten må gjere endringar i prinsippet for tildeling av studie-plassar til søkja-

rar gjennom strategien *Kompetanse for kvalitet* i studieåret 2015–16. Dette kan vere nødvendig for å kunne dele inn søkjarar på ei tiltaksgruppe (dei som får vidareutdanning) og ei kontrollgruppe (dei som ikke får vidareutdanning) på ein måte som gjer det mogleg å vurdere effekten av vidareutdanninga. Avgjerda knytt til effektevalueringa vil bli teken hausten 2014.

Post 50 Nasjonale senter i grunnopplæringa

Løyvinga finansierer tilskott til dei nasjonale sentra i grunnopplæringa. Fagleg styring og oppfølging av sentra er delegert til Utdanningsdirektoratet. Vertsinstitusjonane (universitet og høgskolar) har ikkje ansvar for den faglege verksemda, men for dei administrative tenestene dei yter, jf. universitets- og høyskoleloven § 1-4 fjerde ledd.

Direktoratet sette i 2013 i gang ei ekstern evaluering av dei nasjonale sentra. Formålet var å sjå på om endringar i mandat, oppdrag og ansvarsområde har påverka det faglege arbeidet, organiseringa og drifta frå mandatrevisjonen i 2010 og til i dag. Direktoratet har fått i oppdrag å gi ei anbefaling til departementet om formål, økonomi og styringsstruktur ved dei nasjonale sentra innan utgangen av januar 2015. Anbefalinga skal leggje til grunn evalueringa og andre mindre utgreiingar. Departementet vil følgje opp dette arbeidet i 2015.

Mål for 2015

Dei nasjonale sentra skal medverke til at den nasjonale utdanningspolitikken blir sett i verk og gjennomført slik at barn, unge og vaksne kan få ei likeverdig og tilpassa opplæring av høg kvalitet i eit inkluderande fellesskap. Det er oppretta ti sentra på sentrale fagområde:

- Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (Høgskolen i Oslo og Akershus)
- Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Universitetet i Oslo)
- Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa (NTNU)
- Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Universitetet i Stavanger)
- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Høgskulen i Volda)
- Nasjonalt senter for fremmedspråk i opplæringa (Høgskolen i Østfold)
- Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa (Universitetet i Nordland)
- Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Høgskolen i Sør-Trøndelag)

- Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning (Universitetet i Stavanger)
- Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet i barnehager og skole (Høgskolen i Bergen)

Sentra skal hjelpe universitets- og høgskolesektoren og lærarutdanningsinstitusjonane i arbeidet med satsingar på kompetanseutvikling. Sentra skal betre kvaliteten på opplæringstilboda innanfor sine fagområde og for sine målgrupper. Sentra for fleirkulturell opplæring, matematikk i opplæringa, leseopplæring og leseforskning samt læringsmiljø og atferdsforskning har fått utvida målgruppa til òg å gjelde den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet i barnehager og skole (Høgskolen i Bergen)

Det nye senteret for mat, helse og fysisk aktivitet i barnehagar og skole skal vere eit nasjonalt ressurs-senter som skal medverke til at kunnskap om og rettleiing i korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet kan vere ein naturleg integrert del av barnehage- og skolekvardagen.

Senteret skal setje søkjelyset på korleis ernæring og fysisk aktivitet kan vere naturleg integrert på tvers av fag, og særleg vere ein ressurs for faga mat og helse og kroppsøving.

Senteret skal bidra til å styrkje rolla til barnehagane og skolane som helsefremmande og førebyggjande arenaer for barn og ungdom, samt arbeide for å samordne den førebyggjande innsatsen, og utvikle og formidle kunnskap til bruk for barnehagar og skolar.

Rapport for 2013

Fleire av dei nasjonale sentra har medverka i arbeidet med nasjonale satsingar på lesing, realfag, rekning og matematikk, tiltaksplan for nynorsk og for programfag innanfor framandspråk. Utdanningsdirektoratet sette i gang ei ekstern evaluering av dei nasjonale sentra i 2013. Mellom anna syner tal frå 2012 at det er til dels store forskjellar når det gjeld kor mange skolar og skoleeigarar som har vore i kontakt med sentra. Formålet med evalueringa er å sjå på om endringar i mandat, oppdrag og ansvarsområde har påverka det faglege arbeidet, organiseringa og drifta frå mandatrevisjonen i 2010 og til i dag. For nokre av sentra har det vore samla opp økonomiske restmidlar gjennom fleire år. Desse restmidlane vart reduserte i løpet av 2013, og det blir arbeidd for ytterlegare reduksjon.

Budsjettforslag for 2015

Løyvingsforslaget er redusert med 0,5 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2015

Målet for løyvinga er å styrkje satsinga på tettare oppfølging av elevar med svake grunnleggjande dugleikar på obligatoriske kartleggingsprøver i Vg1, og av elevar med svake grunnleggjande dugleikar og høgt fråvær allereie på ungdomstrinnet. Tilskottet inngår som eit element i satsinga for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring.

Frå 2016 vil midlane på denne posten bli sette i samanheng med *Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring*.

Rapport for 2013

I tråd med St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* har departementet sidan 2009 gitt ei eiga løyving for tettare oppfølging av elevar i vidaregåande opplæring som har svake grunnleggjande dugleikar på kartleggingsprøver i Vg1, og elevar med svake grunnleggjande dugleikar og høgt fråvær allereie på ungdomstrinnet. Ein suksessfaktor ser ut til å vere tette relasjonar mellom lærar og elev og tett oppfølging av den einskilde. Midlane blir gitte for å styrkje kapasiteten i sektoren til å leggje til rette for overgangen mellom ungdomstrinnet og vidaregåande skole, og i vidaregåande opplæring. Rapportar frå fylkeskommunane viser stort mangfald i dei lokale tiltaka. Rapporteringa frå 2013 viser eit omfang med 229 tiltak retta inn mot grunnleggjande dugleikar, engelsk, læringsmiljø mv.

Budsjettforslag for 2015

Departementet vil i 2015 vurdere innretninga av posten med sikte på å sjå løyvinga i nærmare samanheng med satsinga *Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring*, jf. kategoriomtalen. Departementet vil komme tilbake til dette i budsjettsamanheng. Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 62 Tilskott for auka lærartettleik

Løyvinga på posten finansierer ei fireårig forsøksordning med auka lærartettleik på det ungdomstrinnet som starta hausten 2013. Tilskottet går til kommunar med skolar som i skoleåret 2011–12 hadde ein gjennomsnittleg gruppestørrelse i ordinær undervisning på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet, og som hadde grunnskolepoeng under snittet for landet.

Kommunane kan søkje om tilskott, og dei blir tildelte midlar til eitt eller fleire årsverk per skole ut frå storleiken på dei skolane som er omfatta av ordninga. Midlane skal gå til å auke lærartettleiken i ordinær undervisning ved desse skolane ut over ressursnivået slik dette var før tildeling av midlar.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å styrkje lærartettleiken ved skolar som i skoleåret 2011–12 hadde gjennomsnittleg gruppestørrelse på over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og med grunnskolepoeng under snittet for landet.

Rapport for 2013

Tilskottet vart utbetalt til alle kommunane som søkte. Ordninga omfattar 573 nye lærarårsverk i 98 kommunar. Rapportane frå kommunane på bruk av midlar viser at dei i hovudsak er brukte i tråd med formålet. I dei tilfella der tilskottet ikkje er nytta i tråd med retningslinjene, vil midlane bli trekte tilbake.

Ordninga blir ikkje følgjevaluert, men departementet følgjer med på ordninga mellom anna gjennom GSI og særskilt rapportering frå kommunane.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 70 Tilskott til NAROM

NAROM AS er eit nasjonalt senter og skolelaboratorium for alle utdanningsnivåa innanfor romrelatert opplæring.

NAROM nyttiggjer seg den etablerte infrastrukturen ved Andøya Space Center og forskingsstasjonen ALOMAR, som er eit atmosfæreobservatorium på Andøya. ALOMAR blir leidd av eit styre som er nemnt opp av Norsk Romsenter, og drifta er lagt under Andøya Space Center.

Mål for 2015

NAROM skal bidra til rekruttering til norsk romverksemd samt skape større interesse for real- og teknologifaga. Senteret skal òg arbeide med å få ein posisjon for Noreg innanfor internasjonalt samarbeid om romopplæring.

Målgrupper for tilskottsordninga er elevar og lærarar i grunn- og vidaregåande skole, studentar på relevante fagområde på høgre nivå, lærarstudentar, lærarar og lærarutdanningar samt internasjonalt samarbeid og prosjekt innanfor romrelatert opplæring.

Rapport for 2013

NAROM bruker tilskottet frå Kunnskapsdepartementet primært til aktivitetar som er knytte til grunnopplæringa. I 2013 er det initiert, utvikla og gjennomført i alt 74 ulike opplæringstiltak. Totalt har 3 035 lærarar, elevar og studentar frå grunnskolar, vidaregåande skolar og høgre utdanningsinstitusjonar over heile landet delteke i aktivitetane til NAROM i 2013. NAROM har òg medverka til og hatt ansvaret for utvikling av fleire nettbaserte læringsressursar. I 2013 fekk NAROM ei ekstraløyving på 3 mill. kroner i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett til etablering av eit nytt lærings- og opplevingssenter, «Romskipet Aurora». Senteret skal tilby kunnskapsbaserte opplevingar mellom anna med å ta med deltakarar på virtuell tur i verdsrommet der realfaga og teknologi blir sette inn i ein opplevingssamanheng. Den primære funksjonen til romskipet skal vere kunnskapsformidling for elevar, studentar og lærarar.

Opplevingssenteret bidrar til å utvikle og utvide tilboda og verksemda til NAROM. Romskipet skal òg vere eit tilbod for folk flest i dei delar av året som målgruppa ikkje nyttar senteret.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 71 Tilskott til vitensenter

Eit vitensenter er eit populærvitskapleg lærings- og opplevingssenter for teknologi, naturvitskap og matematikk der besøkjande lærer ved å eksperimentere. Saman utgjer dei regionale vitensentra eit heilskapleg nasjonalt tilbod. Vitensentra er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i realfag og bidrar til å skape interesse for og rekruttering til

eit kompetanseområde Noreg treng både nå og i framtida. Sentra fungerer som ei støtte og gir verktøy til skolane og lærarane i opplæringa og bidrar til oppfølging av nasjonale strategiar, slik som realfagsstrategien, jf. omtale av post 21. Tilbodet er knytt til læreplanar i realfag. Ni vitensenter er omfatta av Vitensenterprogrammet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitensenter, Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim,
- Vitensenteret innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter

Mål for 2015

Målet med tilskottet er å medverke til å utvikle og sørge for kvalitativ god drift av dei regionale vitensentra som eit tilbod til elevar, studentar, lærarar og foreldre samt allmenta.

Rapport for 2013

I 2013 fekk ni regionale vitensenter statleg støtte på totalt 44,1 mill. kroner. I 2013 var det 736 000 besøkjande for dei ni vitensentra samla. To av sentra har nyleg opna nye lokale, og ein reknar derfor med stor auke i besøkstalet i 2014.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 3,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskudd til tiltak under Norsk kulturråd. Jf. omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Kulturdepartementet Midlane er knytte opp til *Den kulturelle skolesekken* og er bidrag til inngangspengar for skoleelevar. Utover dette blir løyvinga ført vidare på same nivå.

Post 72 Tilskott til utviklingsprosjekt i grunnopplæringa

Rapport for 2013

Følgjande organisasjonar har fått tildelt midlar over denne posten i 2013: Skeiv Ungdom, FIRST Scandinavia, MOT, Operasjon Dagsverk, Kirkelig Dialogsenter Stavanger, Syklistenes Landsforening, Norsk Forum for Skolemegling, UNICEF Norge og Forandringsfabrikken.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å avvikle tilskottsordninga i 2015. Løyvinga på kap. 225 post 74 finansierer støtte til organisasjonar.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
60	Tilskott til Moskvaskolen og Murmanskskolen	2 044	2 111	2 179
61	Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune	4 644	4 797	4 951
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	5 533	5 716	5 899
70	Tilskott til Den franske skolen i Oslo	6 880	7 121	7 356
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	23 783	24 615	25 427
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	29 995	31 045	32 069
73	Tilskott til opplæring i Kenya	764	1 309	676
74	Tilskott til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole	37 120	38 649	41 324
75	Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar		10 000	10 330
76	Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt			3 587
Sum kap. 0227		110 763	125 363	133 798

Kap. 227 omfattar i hovudsak tilskott til skolar som ikkje har lovheimla rett til tilskott, men som departementet likevel ønskjer å støtte fordi verksemda ved skolane dekkjer viktige behov.

drifta ved Moskvaskolen tek slutt våren 2015. Tilskottet til Murmanskskolen går til Troms fylkeskommune og skal nyttast til drift av Murmanskskolen.

Post 60 Tilskott til Moskvaskolen og Murmanskskolen

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å gi elevar frå Noreg med kompetanse i russisk høve til å ta Vg3 ved norsk-russisk vidaregåande skole i Moskva (Moskvaskolen) eller i Murmansk (Murmanskskolen). Tilskottet til Moskvaskolen skal nyttast til å dekkje delar av pliktene til Akershus fylkeskommune i høve til avtalen med Det statlege russiske vitskapsakademiet om driftsstønad til Moskvaskolen. I 2013 vedtok fylkeskommunen ei gradvis avvikling av avtalen, og

Rapport for 2013

I skoleåret 2013–14 var det ingen elevar frå Noreg som tok Vg3 ved Moskvaskolen. Elevar som søkte opptak ved Moskvaskolen hausten 2013, fekk tilbod om skoleplass ved Murmanskskolen. I skoleåret 2013–14 var det 13 elevar frå Noreg som tok Vg3 ved Murmanskskolen.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune

Tilskottsordninga vart oppretta i 2012. Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skole for døvblinde og døve med tilleggfunksjonshemmingar i Andebu kommune. Andebu kommune er ifølgje opplæringslova ansvarleg for å finansiere opplæring for vaksne som har meldt flytting til kommunen. Tilskottet skal dekkje ekstrakostnader kommunen har knytte til dette ansvaret, inkludert kostnadene til sakkunnige vurderingar.

Mål for 2015

Målet med denne ordninga er å medverke til at vaksne som bur ved Stiftelsen Signo i Andebu kommune, får vaksenopplæring dersom dei har behov for det.

Rapport for 2013

Av tilskottet på 4,6 mill. kroner som kommunen fekk overført i 2013, vart om lag 4,1 mill. kroner nytta til kjøp av vaksenopplæringstenester frå Signo og om lag 370 000 kroner til kjøp frå PP-tenesta. Resten gjekk til å finansiere utgifter knytte til administrative meirutgifter for Andebu kommune.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med læreveskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole. Slik kan dei utviklingshemma få eit meiningsfylt tilbod om rekreasjon med tilpassa friluftsliv og sosial omgang i trygge omgivnader.

Rapport for 2013

Talet på deltakarar ved leirskolen i 2013 var totalt 942 personar.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskott til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike i eige land legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg. På skolen går det elevar frå både Frankrike og Noreg, samt elevar frå mange andre land.

Rapport for 2013

I skoleåret 2013–14 hadde Den franske skolen i Oslo 263 elevar på barnetrinnet, 153 elevar på ungdomstrinnet og 71 elevar i vidaregåande opplæring, totalt 487 elevar. Dette er ein auke på tolv elevar frå skoleåret 2012–13. I skoleåret 2013–14 var det ni lærlingar frå Noreg som fekk opplæring innanfor restaurant- og matfaget i Frankrike. På det nye programmet baccalauréat Bac Pro Cuisine var det seks elevar som starta hausten 2013, og tre elevar som gjekk andre året.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av drifta av internatet ved Krokeide vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen. Skolen er eigd av Landsforeningen for hjerte- og lungesyke og tilbyr ein kombinasjon av yrkesretta opplæring og eit internt fysikalsk, medisinsk og spesialpedagogisk støtteapparat. Skolen er eit landsdekkjande tilbod, som er godkjend for 200 elevar og har plass til om lag 80–90 elevar på internatet.

Rapport for 2013

I 2013 var det 79 elevar på internatet om våren og 80 elevar om hausten.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremme fred og forståing gjennom utdanning. Stiftinga av den første skolen i Wales i 1962 var inspirert av utfordringar knytte til den kalde krigen. Det eksisterer i alt tolv UWC-skolar, og Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC) er ein av desse. Skolen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering av RKNUWC, slik at dei nordiske landa kan halde fram med å ha ein UWC-skole plassert i Noreg. I ei stadig meir globalisert verd er det viktig å leggje til rette for auka forståing mellom folk frå ulike land.

Rapport for 2013

I skoleåret 2013–14 hadde RKNUWC 199 elevar frå 96 land. 57 av elevane kom frå nordiske land, seks elevar frå Nord-Amerika, 17 elevar frå Vest-Europa utanom Norden, 30 elevar frå Afrika, 33 elevar frå Asia, 27 elevar frå Aust- og Sentral-Europa, åtte elevar frå Midtausten og 21 elevar frå Latin-Amerika. Elevtalet og fordelinga mellom kva regionar elevane kjem frå, har vore relativt stabile i dei siste åra.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya

Misjonærskolen i Kenya driv desentralisert undervisning for barneskoleelevar og har ei samarbeidsordning med internasjonale skolar for ungdomsskoleelevar.

Rapport for 2013

I skoleåret 2013–14 fekk fire elevar på barnetrinet og to elevar på ungdomstrinet undervisning

lokalt i Kenya. Dette er same elevtal som i skoleåret 2012–13.

Budsjettforslag for 2015

Departementet meiner at det ikkje er grunnlag for å føre vidare ei tilskottsordning med eit så lite nedslagsfelt. Opplæringa som blir gitt under denne ordninga, har dessutan ein uklar status med omsyn til opplæringslova. Departementet foreslår å avvike tilskottet frå og med skoleåret 2015–16. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,7 mill. kroner i 2015.

Post 74 Tilskott til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole

Ordninga vart oppretta i 2012 i samband med at Signo grunn- og vidaregåande skole (Signo) og Briskeby vidaregåande skole (Briskeby) vart godkjende som private skolar for funksjonshemma elevar. Skolane får i tillegg til tilskottet over denne posten eit tilskott etter privatskolelova over kap. 228 post 75 i samsvar med elevtalet.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Signo og Briskeby skal kunne gi eit tilbod av høg kvalitet til målgruppene sine. Målgruppene til Signo er døvblinde og døve med tilleggsfunksjonshemmingar, mens målgruppa til Briskeby er høyrselshemma elevar.

Rapport for 2013

Våren 2013 var det tre elevar på grunnskolenivå og 14 elevar på vidaregåande nivå ved Signo, og det var 37 heiltids- og elleve deltidsselevar på vidaregåande nivå ved Briskeby. Hausten 2013 var det sju elevar på grunnskolenivå og elleve elevar på vidaregåande nivå ved Signo, medan Briskeby hadde 46 heiltidsselevar og elleve deltidsselevar på vidaregåande nivå.

Budsjettforslag for 2015

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2014 vart det flytt 1,4 mill. kroner frå rammetilskottet til kommunane for å auke tilskottet til Signo. Dette er ein varig auke av tilskottet som skal finansiere kostnader til heimreiser for elevane som går på skolen. På bakgrunn av dette foreslår regjeringa å auke løyvinga på kap. 227 post 74 med 1,4 mill.

kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 571 Rammetilskott til kommunar post 60 Innbyggjar-tilskott på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 75 Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskottsordninga skal medverke til å føre vidare det heilskaplege opplæringstilbodet ved dei to rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet i Østfold og Hedmark. Posten vart oppretta i 2014. Tilskottet skal dekkje kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at bebuarar på dei to rusbehandlingsinstitusjonane får eit heilskapleg og individuelt tilrettelagt skole- og opplæringsførebuande opplæringsløp som er med på å gjere dei best mogleg i stand til å gå inn i og fullføre eit ordinært opplæringsløp i skole eller arbeidsliv.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga for 2015 blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 76 Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt

Foreningen Norden arbeider med å leggje til rette for at nordisk samfunn, kultur og språk får ein tydeleg plass i undervisninga gjennom heile grunnopplæringa. Foreningen Norden har som

hovudmålsetjing å gi alle elevar ei nordisk oppleving i løpet av skolegangen, anten det er gjennom undervisning i nordiske tema eller gjennom møte med unge og vaksne frå dei andre nordiske landa.

Norsk håndverksinstitutt arbeider for å ta vare på og halde ved like gammal handverkskunnskap og er ein organisasjon som har eit mandat som strekk seg ut over innramminga for grunnopplæringa. Senter for immateriell kulturarv er ein del av Lillehammer museum og rommar Norsk håndverksinstitutt, som er den viktigaste delen av verksemda. I samanheng med at Noreg har ratifisert UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv blir det særskilt lagt vekt på levande handverkstradisjonar. Arbeidet til Norsk håndverksinstitutt er eit viktig bidrag for å oppfylle intensjonen med konvensjonen.

Mål for 2015

Tilskottsordninga skal medverke til drift av Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å flytte løyvinga til Norsk håndverksinstitutt på 1,4 mill. kroner til denne posten frå kap. 225 post 74 for betre å ta i vare ei føreseieleg finansiering av Norsk håndverksinstitutt. I tillegg er løyvinga styrkt med 1,2 mill. kroner til ei stipendordning til utvikling av gamle handverkstradisjonar.

Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner til Foreningen Norden frå kap. 225 post 74 for å sikre det arbeidet organisasjonen gjer med nordiske tema i opplæringa.

Samla blir det foreslått ei løyving på 3,6 mill. kroner på posten.

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 524 066	1 601 993	1 701 414
71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 317 831	1 410 920	1 468 254
72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	136 807	148 666	139 306
73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	102 039	111 458	109 555
74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	23 702	25 858	27 166
75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	220 396	224 305	240 682
76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	43 457	45 272	45 733
77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	11 968	12 688	13 780
78	Kompletterande undervisning	39 334	43 360	34 461
79	Toppidrett	28 328	38 964	40 250
80	Privatskoleorganisasjonar	668	691	714
81	Elevutveksling til utlandet	1 720	1 780	1 839
82	Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott		10 000	10 330
	Sum kap. 0228	3 450 316	3 675 955	3 833 484

Innleiing

Lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive private skolar i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skolar enn dei offentlege, jf. menneskerettsloven § 2 nr. 2. Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskott for private grunnskolar og private vidaregåande skolar, og vilkår for å få slikt tilskott. Lova stiller mellom anna krav til kvaliteten på opplæringa.

Løyvinga på kap. 228 går til tilskottsordningar til private skolar som er godkjende etter privatskolelova eller vaksenopplæringslova. I tillegg blir det over dette kapitlet gitt tilskott til kompletterande undervisning, jf. privatskolelova § 6-4, Den tyske skolen i Oslo, toppidrett, privatskoleorganisasjonar og til elevutveksling i utlandet.

Satsane for tilskott til dei fleste private skolar byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. privatskolelova kap. 6.

Satsane for 2015 er rekna ut på grunnlag av dei ressursane kommunane brukte til skole i 2013, rapporterte gjennom KOSTRA. Tilskottsgrunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal vere med i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene gjeld kommunesektoren og ikkje dei private skolane. Satsane er justerte for ein venta pris- og lønnsauke fram til og med 2015. Nærmare informasjon om utrekningsmåten ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordningane er å oppfylle dei finansielle pliktene staten har overfor private skolar som er godkjende etter privatskolelova. Private skolar som er godkjende etter § 2-1 i privatskolelova og § 17 i kap. 4 i vaksenopplæringslova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter føresegnene i lova.

Rapport for 2013

Tabellen under viser korleis talet på elevar og private skolar som får tilskott, har endra seg frå skoleåret 2011–12 til skoleåret 2013–14. For

grunnskolen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skole gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.4 Private skolar, tal på skolar og elevar

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2011–12	2012–13	2013–14	2011–12	2012–13	2013–14
Skolar for funksjonshemma elevar	10	12	14	543	639	666
Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova	31	31	31	1655	1381	1374
Andre private skolar	2	2	2	180	180	179
Vidaregåande skolar	75	74	75	12 378	12 682	12 901
Grunnskolar	157	171	180	15 008	15 996	16 845
Grunnskolar i utlandet	14	13	11	799	847	839
Vidaregåande skolar i utlandet	6	5	5	206	213	214
<i>Sum</i>	<i>295</i>	<i>308</i>	<i>318</i>	<i>30 769</i>	<i>31 938</i>	<i>33 018</i>

Hausten 2013 gjekk 2,7 pst. av grunnskoleelevane i private skolar i Noreg. Delen hausten 2012 var på 2,6 pst. Hausten 2013 gjekk 6,5 pst. av elevane på vidaregåande nivå i private skolar. Hausten 2012 var talet til samanlikning 6,9 pst.

For omtale av Utdanningsdirektoratets tilsyn med private skolar, sjå omtale under kap. 220.

Post 70 Private grunnskolar, overslagsløyving

Private grunnskolar som er godkjende etter privatskolelova, får tilskott tilsvarende 85 pst. av tilskottssatsen.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte elevtal, nye satsar og heilårsverknaden av avvikling av gratis frukt og grønnsaker og ein gratis kulturskoletime, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 99,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Post 71 Private vidaregåande skolar, overslagsløyving

Private vidaregåande skolar som er godkjende etter privatskolelova, får tilskott tilsvarende 85 pst. av tilskottssatsen.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte satsar og nye elevtal foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 57,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014. Posten omfattar eit årleg tilskott til Kongs- haug Musikkgymsas som kjem i tillegg til det beløpet skolen får etter privatskolelova, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) for Utdannings- og forskingsdepartementet og Prop. 1 S (2013–2014) for Kunnskapsdepartementet. For 2015 foreslår departementet at skolen får 3,5 mill. kroner i særskilt tilskott.

Post 72 Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, overslagsløyving

Vaksenopplæringslova slår fast at satsane for tilskott til desse skolane skal reknast ut frå eit tilskottsgrunnlag tilsvarende kostnader per elev i offentleg skole. Satsane til desse skolane er knytte til tre av satsane for private vidaregåande skolar, med unntak av satsane til Norsk Yrkesdykker-skole. Dei tre satsane er knytte til utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag, og musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova får 75 pst. av tilskottssatsane.

Budsjettforslag for 2015

Eit nytt studium ved NISS Høyskole AS vart hausten 2013 akkreditert som høgskoleutdanning. Tilskottet for andre halvår 2014 til dette studiet vart flytt til kap. 260 post 70 frå kap. 228 post 72. Departementet foreslår å flytte 0,9 mill. kroner frå kap. 228 post 72 til kap. 260 post 70 for å kompensere for heilårsverknaden av tilskottet. Hausten 2014 er dei tre siste studia ved NISS akkrediterte som høgskolestudium. Med dette vil overgangsperioden frå vaksenopplæringsstudium til høgskolestudium vere fullført. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å flytte 12,3 mill. kroner frå kap. 228 post 72 til kap. 260 post 70. På bakgrunn av flytting av tilskott, oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 9,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2014.

Post 73 Private grunnskolar i utlandet, overslagsløyving

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare da desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skolar i utlandet og for norske elevar ved svenske private grunnskolar i utlandet.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte elevtal, nye satsar og heilårsverknaden av avvikling av gratis frukt og grønnsaker og ein gratis kulturskoletime, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Post 74 Private vidaregåande skolar i utlandet, overslagsløyving

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte satsar og nye elevtal foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Post 75 Private skolar for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Grunn- og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar får dekt 100 pst. av driftsutgiftene sine med statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. privatskolelova § 6-1 fjerde ledd. Skolane får i tillegg statstilskott til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte elevtal og nye satsar foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 16,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Post 76 Andre private skolar, overslagsløyving

Posten omfattar tilskott til Sørlandet Seilende Skoleskibs Institution (MS Sjøkurs) og Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann). Skolane får tilskott per elev etter sats for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Skolane får 85 pst. av tilskottssatsen. I tillegg får desse skolane eit fast tilskott som blir prisjustert kvart år.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte satsar og nye elevtal foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Post 77 Den tyske skolen i Oslo, overslagsløyving

Gjeldande avtale mellom Noreg og Tyskland om Den tyske skolen i Oslo vart godkjend av Stortinget 19. november 2009, jf. Innst. 43 S (2009–2010) og St.prp. nr. 92 (2008–2009) *Om samtykke til inngåelse av en avtale mellom Norge og Tyskland om omgjøring av Den tyske skolen i Oslo – Max Tau til en tysk-norsk bikulturell skole*. Utdanningsdirektoratet godkjende hausten 2010 Den tyske skolen i samband med den nye avtalen. Tilskottet til Den tyske skolen i Oslo er regelstyrt. Tilskottet blir rekna ut på same måte som tilskottet til private skolar som er godkjende etter privatskolelova, men med 54,4 pst. av tilskottssatsen.

Rapport for 2013

Hausten 2013 var det 240 elevar ved Den tyske skolen i Oslo – 115 elevar på barnetrinnet, 107 elevar på ungdomstrinnet og 18 elevar på studiespesialiserende utdanningsprogram på vidaregåande nivå. Dette utgjer ein auke på 17 elevar samanlikna med hausten 2012, da fordelinga var 144 elevar på barnetrinnet, 60 elevar på ungdomstrinnet og 19 elevar på studiespesialiserende utdanningsprogram på vidaregåande nivå.

Budsjettforslag for 2015

På bakgrunn av oppdaterte satsar og nye elevtal foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2014.

Tabell 4.5 Tilskott til kompletterande undervisning

	Elevtal		
	2011	2012	2013
Nettskolar	1 523	1 952	1 853
Internasjonale grunnskolar i Noreg	1 098	1 399	1 355
Svenske grunnskolar i Noreg	75	75	70
Undervisning gitt av foreldre eller i organiserte grupper	442	-	-
<i>Sum</i>	<i>3 138</i>	<i>3 426</i>	<i>3 278</i>

Tilskottordninga vart gjord om til ei rammestyrt ordning frå og med 2013, jf. Innst. 12 S (2012–2013) og Prop. 1 S (2012–2013) for Kunnskapsdepartementet. For å sikre at tilskottet blir halde innanfor gjeldande budsjettramme, har departementet endra retningslinjene for ordninga slik at tilskottet kan avkortast høvesvis for den einskilde tilskottsmottakaren dersom det samla timetalet det blir søkt om tilskott for, overstig løyvinga på posten. I tillegg har departementet fastsett endringar i berekningsreglane for nettskolane slik at dei får noko mindre utbetalt i tilskott per elev enn tidlegare.

Budsjettforslag for 2015

Internasjonale skolar i Noreg som er godkjende etter opplæringslova § 2-12, skal i utgangspunktet gi elevane sine opplæring i norsk, samfunnsfag eller RLE tilsvarende den opplæringa elevane kan

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskottsordninga medverkar til finansiering av kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og religion, livssyn og etikk (RLE) for elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar.

Tilskottsmottakarar i ordninga er godkjende norske private grunnskolar i utlandet, svenske skolar i utlandet, nettskolar og internasjonale eller utanlandske grunnskolar i Noreg.

Rapport for 2013

Tabellen nedanfor viser at det dei to siste åra er fleire elevar enn tidlegare som vel nettundervisning.

Det går også fram av elevstatistikken at det i dei to siste åra har vore fleire elevar som får kompletterande undervisning ved internasjonale grunnskolar i Noreg enn i 2011.

få ved offentlege skolar. Skolane bør ikkje få tilskott til å gi ei opplæring som dei har plikt til å tilby, når skolane driv utanfor den statleg finansierte ordninga i privatskoleloven. Dersom ein internasjonal skole har bedt om fritak frå opplæring i norsk, samfunnsfag eller RLE, gir det ingen god samanheng at dei samstundes kan få tilskott til å gi slik opplæring.

Departementet foreslår å avvikle ordninga med tilskott til kompletterande undervisning for internasjonale skolar i Noreg som er godkjende etter opplæringslova § 2-12. Tilskottet til dei to utanlandske skolane som er godkjente etter opplæringslova § 2-12 blir ført vidare, jf. at desse skolane driv verksemda si på grunnlag av bilaterale avtalar som Noreg har med høvesvis Tyskland og Frankrike. I tillegg vil departementet fastsetje ei øvre grense for talet på elevar per skole som kan utløyse tilkott til kompletterande undervisning, slik at skolane får føreseielege rammar innanfor

den rammestyrte ordninga. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner samanlikna med nivået i 2014.

I samband med arbeidet med ny friskolelov, sjå nærmare omtale i kategoriinnleiinga, vil departementet gjennomgå føresegna om komplette- rande undervisning.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skolar som i tillegg til godkjenninga etter privatskolelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Ordninga omfattar følgjande skolar: NTG i Bærum, Geilo, Kongsvinger, Lillehammer og Tromsø, Wang i Oslo, Fredrikstad, Stavanger og Tønsberg, Telemark toppidrettsgymnas og Hauge- sund toppidrettsgymnas. Det blir gitt eit fast tilskott til kvar av desse skolane. Det er ein føresetnad at skolane har elevar på tilbodet om særskild tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir fleire godkjende skolar med tilbod om slik opplæring, og som samtidig blir godkjende av NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ordninga med særskild toppidrettstilskott. Tilskottspos- ten blir prisjustert kvart år. Nærmare informasjon om tilskott per skole ligg på www.utdanningsdirektoratet.no.

Mål for 2015

Målet med tilskottet er å medverke til at dei skolane som er omfatta av ordninga, kan leggje til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Rapport for 2013

Hausten 2013 var det 2 385 elevar ved desse skolane. Til samanlikning var det 1 859 elevar ved desse skolane hausten 2012. To nye skolar vart omfatta av tilskottsordninga i 2013: Haugesund Toppidrettsgymnas og Wang Toppidrett Tønsberg. Departementet vurderer det slik at ordninga fungerer etter formålet, og meiner det ikkje er naudsynt med ei evaluering av ordninga no.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 80 Privatskoleorganisasjonar

Tilskott blir gitt til privatskoleorganisasjonar som har private skolar med rett til statstilskott som medlemmer.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan drive med samordningsoppgåver for medlemsskolane sine.

Rapport for 2013

I 2013 fekk fem privatskoleorganisasjonar tilskott ut frå at dei til saman hadde 242 godkjende medlemsskolar.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Statstilskott etter privatskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Denne tilskottsordninga gjeld for utveksling til utlandet for elevar i private vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane kan søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske private vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Følgjande private vidaregåande skolar er godkjende for å kunne bli tildelte slikt tilskott: Danielsen vidaregåande skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at skolane som er omfatta av ordninga, kan tilby elevutveksling i utlandet.

Rapport for 2013

I 2013 fekk kvar av skolane eit basistilskott på 100 000 kroner. Resten av tilskottsmidlane vart fordelte etter talet på elevar innanfor ordninga. Skolane har søkt om tilskott for totalt 76 elevar for skoleåret 2013–14. Til samanlikning fekk skolane tilskott til 80 elevar i skoleåret 2012–13.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 82 Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott

Tilskottet vart oppretta i 2014. Private grunn- og vidaregåande skolar i Noreg som får driftstilskott under kap. 228 postane 70 og 71, er omfatta av ordninga. Tilskottet blir fordelt til desse skolane høvesvis etter talet på elevar per 1. oktober 2014.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å dekkje husleige- og kapitalutgifter for private grunn- og vidaregåande skolar i Noreg som får driftstilskott under kap. 228 postane 70 og 71.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	27 505	22 778	23 191
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 070	1 096	1 128
	Sum kap. 0229	28 575	23 874	24 319

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på postane går til drift av Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Fagskolen har elevar og studentar fordelte på tre hovudretningar: blomsterdekoratør-, gartnar- og anleggsgartnarfaglege utdanningsprogram. Vea er NOKUT-godkjend tilbydar innanfor fagområdet grøn design og miljøfag og har i dag sju ulike fagskoletilbod på fagområdet.

Skolen skal framleis gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3229 post 61. I tillegg gir skolen tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Mål for 2015

Den fremste målsetjinga til Vea er å utdanne kompetente yrkesutøvarar som bransjen og næringa treng på grønne fagområde. I 2015 skal Vea halde fram med arbeidet med å utvikle ei fagskoleutdanning med god kvalitet, auke talet på studentar gjennom fleksible og tilpassa studieopplegg, heve kompetansen hos tilsette og utvikle fagleg samarbeid med nasjonale og internasjonale miljø.

Rapport for 2013

Tal for opptak hausten 2013, med teljedata 1. oktober, viser at Vea samla har 126 elevar og studentar som tek utdanning på heiltid og deltid. Det er ein nedgang i talet på elevar og studentar med 30 samanlikna med året før.

I skoleåret 2012–13 var det fire heiltidsstudentar på fagskolenivå. Det var 47 deltidsstudentar på fagskolenivå.

I skoleåret 2012–13 var det 64 deltidsstudentar og elleve heiltidsstudentar som tok vaksenopplæring på vidaregåande nivå. I tillegg tok tre av elevane i vidaregåande opplæring Vg2 blomsterdekoratør gjennom fylkeskjøpte plassar.

Regjeringa har sett ned eit fagskoleutval, jf. programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Regjeringa vil sjå Vea i samanheng med andre fagskolar og vil vurdere det statlege eigarskapet til Vea etter at fagskoleutvalet har lagt fram innstillinga si innan utgangen av 2014.

Budsjettforslag for 2015

Løyvingsforslaget på post 01 er redusert med 117 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. I tillegg foreslår departementet at løy-

vinga på post 01 blir redusert med 250 000 kroner som eit ledd i effektivisering av offentleg forvaltning. Departementet foreslår at løyvinga på post 45 blir førte vidare på same nivå som i 2014.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3229 postane 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3229 Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Salsinntekter o.a.	5 098	1 637	1 683
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	152		
16	Refusjon foreldrepenigar	118		
18	Refusjon av sjukepenigar	996		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 158	1 069	1 103
	Sum kap. 3229	7 522	2 706	2 786

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skolen Løyvings-

forslaget på post 02 er redusert med 8 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Elles foreslår departementet å føre løyvingane vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	649 570	623 407	637 555
21	Særskilde driftsutgifter	41 279	58 410	60 036
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 289	8 400	8 644
	Sum kap. 0230	692 138	690 217	706 235

Statped (Statleg spesialpedagogisk støttesystem) er ei verksemd underlagd Utdanningsdirektoratet og er statens verkemiddel for å støtte kommunar og fylkeskommunar i deira arbeid med å nå sektormåla og realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa for barn, unge og vaksne med særskilde behov.

Statped gir spesialpedagogiske tenester på individ- og systemnivå til kommunar og fylkeskommunar og spreier spesialpedagogisk kompetanse og forskingsbasert kunnskap om likeverdige, tilpassa og inkluderande opplæring.

I perioden 2012–16 er Statped under omstilling. Omstillinga er ei oppfølging av Stortingets handsaming av Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overta-

lige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid m.m., drift av Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning og utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for The European Agency for Special Needs and Inclusive Education.

Mål for 2015

Statped skal arbeide etter følgjande mål i 2015:

- Vere ein tydeleg og tilgjengeleg ytar av spesialpedagogiske tenester til kommunar og fylkeskommunar. Alle kommunar og fylkeskommunar skal få likeverdig tilgang til tenester frå Statped.
- Vidareutvikle spisskompetanse innanfor spesialpedagogiske fagområde og vere ein bidragsytar til kunnskaps- og kompetansespreiing om likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring på desse områda.
- Statped skal arbeide ut frå ein heilskapleg FoU-strategi for prioritering av område for forskings- og utviklingsarbeid på det spesialpedagogiske området, forankra i eit samarbeid med universitet og høgskolar.

I 2015 vil arbeidet med omorganiseringa av Statped halde fram. Statped skal bli ein meir einskapleg organisasjon som bruker kompetansen i organisasjonen på ein meir heilskapleg måte både i tenesteytinga og i kunnskapsutviklinga. Eit viktig arbeid blir å vidareutvikle samarbeidet med kommunar og fylkeskommunar og gjere fordelinga av ansvar og oppgåver tydelegare samt avklare kompetansebehov i kommunesektoren. Statped skal leggje vekt på å utvikle fleirfaglege tenester i tråd med dei behova kommunane og fylkeskommunane har. Statped skal i større grad enn tidlegare arbeide systemretta mot PP-tenestene i dei respektive regio-

nane og skape eit godt samarbeid med kommunar og fylkeskommunar for å utnytte og utvikle kompetansen i kvar region.

Rapport for 2013

Tenesteyting

Statped har i 2013 i hovudsak klart å få den nye organiseringa til å fungere, samstundes med at verksemda har halde oppe tenestene på om lag same nivå som tidlegare.

I 2013 har Statped utarbeidd ein publikasjon som omhandlar dei seks fagområda Statped gir tenester på, og korleis fagkompetansen skal nyttast. Denne vil danne grunnlag for informasjon til brukarar, skole- og barnehageeigarar og samarbeidspartar som universitet, høgskolar og helseinstitusjonar.

Det har vore eit godt samarbeid med brukarorganisasjonane i 2013, og Statped har saman med organisasjonane utarbeidd retningslinjer for brukarmedverknad. Felles retningslinjer for handtering av oppdrag i Statped vart innført 1. januar 2013. Retningslinjene tek omsyn til prinsippet om lik tilgang til tenestene frå Statped, og dei omfattar både individ- og systemtenester. Retningslinjene skal sikre at sakshandsaminga av søknader skjer på ein effektiv og einskapleg måte, som bidrar til likeverdige tenester til heile landet, i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og styringsdokument. Sjølv søknadsprosessen har no betre kvalitet enn tidlegare. I tillegg har etaten oppnådd auka kvalitet i registrering av tenestene. Likevel arbeider Statped framleis med å sikre heilt lik praksis i heile etaten. Dei nye rutinane for registrering fører til at kvaliteten på statistikken på nokre område er usikker, noko som påverkar moglegheita for samanstilling av tal på tenester frå 2013 med tidlegare år.

Tabell 4.6 Talet på tenester innanfor kategoriene utgreiingar, rådgiving/rettleiing og søknader

Tal per type teneste	2012	2013
Utgreiingar	3 607	4 586
Rådgiving/rettleiing	5 370	5 381
Søknad om individbaserte tenester	2 122	1 968
Søknad om systembaserte tenester	143	303

Tabellen ovanfor viser at tenesteproduksjonen i Statped er halden på tilsvarende nivå som i 2012, samstundes som etaten har brukt store ressursar på omstilling og tilpassing til ny organisasjon.

Tabellen ovanfor viser at talet på utgreiingar er større enn talet på søknader. Ei av årsakene til differansen er blant anna at utgreiingar kan gå over lengre tid, slik at ein søknad og påfølgjande

teneste ikkje alltid kjem i same år. I tillegg kjem dei utgreiingane som er gjorde etter tilvising frå helseføretaka. Desse sakene blir ikkje registrerte som søknader, og medverkar dermed til at talet på søknader er lågare enn talet på utgreiingar. Som ei følge av ny organisering har Statped i 2013 registrert talet på saker som er sende mellom regionane. Totalt er 135 saker sende frå ein region til ein annan.

Statpeds skolar for høyrsehemma i Bergen, Oslo og Holmestrand er avvikla etter skoleåret 2013–14, i tråd med Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap*. Statped har i 2013 arbeidd med å førebu desse endringane, blant anna gjennom å samarbeide med dei aktuelle kommunane og gjennom å utvikle ein modell for ei ny og betre deltidsopplæring for høyrsehemma. A.C. Møller skole i Trondheim og Skådalen skole for døvblindfødde i Oslo skal først vidare.

Ved skolestart hausten 2013 var det 48 heiltidselevar ved dei statlege grunnskolane. Talet på heiltidselevar har vore stabilt sidan hausten 2011. Av

desse går 24 elevar på Skådalen døvblindeskole og AC Møller som skal først vidare som statlege skolar. Ytterlegare ni av dei 48 elevane avslutta grunnskoleopplæringa skoleåret 2013–14.

Dei fleste høyrsehemma elevane får opplæringstilbod i bustadkommunen/heimefylket. Nokre av desse får opplæring på deltid ved dei statlege skolane, samtidig som dei er elevar ved kommunale eller fylkeskommunale skolar. I 2013 var det 152 elevar i kommunale skolar som fekk eit slikt tilbod på deltid. Statped har i 2013 arbeidd med ein ny modell for deltidsopplæring som vil bli sett i gang frå hausten 2014, sjå omtale under budsjettforslaget.

Tabellen under viser elevtalet for 2013 ved dei statlege høyrsehemma skolane, inkludert elevar ved Skådalen skole for døvblinde (ti elevar). Elevar som får vidaregåande opplæring, går på Briskeby vidaregåande skole AS, som vart godkjend etter privatskolelova frå hausten 2012. Etter dette blir ikkje skolen lenger rekna som ein del av tilbodet innanfor Statped.

Tabell 4.7 Heiltidselevar, deltidslevar og internatelevar i grunnskole og vidaregåande opplæring ved dei statlege skolane for høyrsehemma 2010–13

	Haust 2010	Haust 2011	Haust 2012	Haust 2013
Heiltidselevar grunnskoleopplæring	76	40	43	48
Heiltidselevar vidaregåande opplæring	58	57	-	-
<i>Sum heiltidselevar</i>	<i>134</i>	<i>97</i>	<i>43</i>	<i>48</i>
Deltidselevar grunnskoleopplæring	195	173	167	152
Deltidselevar vidaregåande opplæring	9	34	-	-
<i>Sum deltidslevar</i>	<i>204</i>	<i>207</i>	<i>167</i>	<i>152</i>
<i>Internatelevar heiltid</i>	<i>24</i>	<i>18</i>	<i>23</i>	<i>6</i>

I tillegg til deltidsopplæringa er det også gitt tilbod om kortare kurs, såkalla elevkurs for høyrsehemma elevar, som elles får heile opplæringa si på nærskolen.

Tabellen under viser utviklinga på gjennomsnittleg tal på kor mange veker kvar elev fekk deltidsopplæring, fordelt per skole. Talet på veker per elev har auka noko frå 2012 til 2013.

Tabell 4.8 Gjennomsnittleg tal på kor mange veker kvar elev fekk deltidsopplæring i 2012 og 2013, fordelt på skole

	2012	2013
Skådalen (Oslo)	4,5	4,6
Hunstad (Bergen)	5,4	6,2
Nedre Gausen (Holmestrand)	2,6	3,0
AC Møller (Trondheim)	3,3	4,2

Kompetanseutvikling og -spreiing

I 2013 vart arbeidet med ein FoU-strategi ført vidare. Strategien vil bli slutført i 2014 og skal gi grunnlag for å prioritere kva for område Statped skal satse på innanfor forskning og utvikling. Tilsette ved Statped har i 2013 undervist ved ulike utdanningar ved 6 universitet og 13 høgskolar i Noreg, i tillegg til universiteta i Groningen og Århus. Statped er ein aktiv bidragsytar med fagar- tiklar og utvikling av spesialpedagogisk faglitteratur som blir publisert både nasjonalt og internasjonalt. I 2013 la Statped vekt på organisasjons- og leiarutvikling knytt til omstillingsprosessen. Statped har etablert faglege nettverk og strukturar som sikrar kompetanseutvikling i organisasjonen både på regionnivå og på nasjonalt nivå.

Statped har formidla kunnskap til kommunar og fylkeskommunar, inkludert PP-tenesta, barnehagar, skolar, vaksenopplæring samt einskilde lærarar og førskolelærarar. Arbeidsforma har vore rettleiing, skolering, kurstiltak, rettleiingsmateriell og læremiddelarbeid med vidare. Når Statped hjelper kommunar og fylkeskommunar i enkeltsaker, blir det arbeidd med lokal kompetanseutvikling på den aktuelle skolen, både konkret knytta til den individuelle brukaren og på eit meir generelt nivå.

Statped har utvikla ein strategi for rettleiing og støtte i arbeidet med døvblinde eller personar med kombinert syns- og høyrsehemming.

Statped starta i 2013 arbeidet med å følgje opp *Strategi for etter- og vidareutdanning for PP-tenesta*. I dette arbeidet blir det teke utgangspunkt i dei behova PP-tenestene har for kompetanseheving innanfor definerte fagområde. Tilbodet blir gitt i form av etter- og vidareutdanning, regionale nettverk og nasjonal nettverkskonferanse.

Statped har arbeidd med utvikling av læringsressursar, til dømes visuell tilrettelegging av bøker, opplæringsfilm, diagnostiserings- og kartleggingsverktøy og nettstader med presentasjonar og rettleiingar innanfor spesifikke tema.

Statped har også bidratt til å spreie kompetanse gjennom aktiv brukarmedverknad, til dømes gjennom Nasjonal brukarkonferanse.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 706,2 mill. kroner under kap. 230 postane 01, 21 og 45.

Løyvingsforslaget på postane 01 og 21 er samla redusert med 3,5 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. I tillegg foreslår departementet at løyvinga på post 01 blir redusert med ytterlegare 5 mill. kroner som eit ledd i effektivisering av offentleg forvaltning.

Departementet foreslår vidare at løyvinga på post 01 blir redusert med 300 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3230 post 02, jf. omtale under kap. 3230. Samtidig foreslår departementet at løyvinga på post 01 blir auka med 5 mill. kroner til arbeidet med den nye deltidsopplæringa for høyrsehemma. Dette inneber at deltidsopplæringa for høyrsehemma skal styrkjast i alle dei fire regionane i Statped i 2015. Løyvinga på post 01 blir foreslått redusert med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 225 post 74. Desse midlane går til prosjektretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma. Frå hausten 2014 vart sju tilsette ved Statped overført til Bergen kommune i samband med at skoledrifta ved Hunstad skole vart lagt ned og Bergen kommune overtok ansvaret for å drifte ein grunnskole for høyrsehemma. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 2,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 571 Rammetilskudd til kommuner, post 60 Innbyggertilskudd, under budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å dekkje heilårsverknaden av lønnskostnader til dei sju tilsette som vart overført til Bergen kommune.

Til saman inneber dei nemnde forslaga at løyvingane under kap. 230 samla sett blir redusert med 7,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
01	Inntekter frå oppdrag	35 218	58 410	60 036
02	Salsinntekter o.a.	17 015	14 641	14 749
	Sum kap. 3230	52 233	73 051	74 785

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m. Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs.

Løyvingsforslaget på post 01 og post 02 er redusert med til saman 375 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Vidare er løy-

vingsforslaget på post 02 redusert med 300 000 kroner for å redusere gebyr på lydbøker. I Meld. St. 18 (2010–2011) *Læring og fellesskap* vart det lagt opp til endringar av praksis for inntekter knytte til tilrettelagde læremiddel, til dømes lydbøker. I dag låner Statped ut denne typen bøker til kommunar og fylkeskommunar mot eit gebyr per bok. Det er ønskjeleg å redusere desse gebyra slik at dei på lengre sikt berre dekkjer formidlingskostnadene.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
		2013	Saldert budsjett 2014		
231	Barnehagar	321 249	374 132	443 455	18,5
	Sum kategori 07.30	321 249	374 132	443 455	18,5

Innleiing

Regjeringa vil heve kvaliteten på barnehagetilbodet. Barnehagen er ein viktig barndomsarena for svært mange barn og bidrar til å leggje eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring i skolealderen. Gode barnehagar støttar barn ut ifrå dei individuelle føresetnadene hos barna, og medverkar til utvikling som er tilpassa alderen og funksjonsevna til barna. Barnehagen kan dermed fange opp barn med særlege utfordringar på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats kan vere avgjerande for korleis desse barna klarer seg seinare i livet. Barnehagen skal fremme trivsel, leik og læring og vere tilgjengeleg for alle barn. Regjeringa vil arbeide for eit rikt mangfald av barnehagar og sikre openheit for foreldre og andre om innhald og kvalitet. Føreseielege rammevilkår skal medverke til mangfald og likeverd i barnehagesektoren.

Barnehagane er først og fremst finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane og foreldrebetalinga. Enkelte tilskott og tildelingar blir finansierte over programkategori 07.30. Dette gjeld tilskott til samiske barnehageformål, jf. kap. 231 post 50, tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63, og midlar til forskning, undersøkingar, utgreiingar, informasjonsarbeid og kvalitets- og kompetanseutvikling, jf. kap. 231 postane 21 og 51. Nærmare informasjon om statistikk og ressursbruken i barnehagesektoren finst i budsjettkapittel 231 og i del III, kap. 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Hovudprioriteringar for 2015

Regjeringa foreslår å auke maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar med 100 kroner reelt per månad, til 2 580 kroner. Regjeringa vil også innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen, og foreslår å løyve 112 mill. kroner til å innføre eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Ordninga sikrar at foreldrebetalinga per år for ein heiltidsplass i barnehage maksimalt skal utgjere 7 pst. av den samla person- og kapitalinntekta til familien. Departementet tek sikte på ikraftsetjing 1. august 2015. Forslaget vil medverke til at fleire får moglegheit til å nytte tilbodet om barnehageplass. Regjeringa legg til grunn at den auka løyvinga kjem i tillegg til dei ressursane kommunane allereie brukar på moderasjons- og fritaksordningar, slik at barnefamiliane får tilsvarande eller høgre moderasjon enn dei har i dag. Forslag om endringar i forskrift om foreldrebetalinga i barnehagen vil bli sendt ut til høyring hausten 2014.

Regjeringa vil arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket. I budsjettet for 2015 foreslår regjeringa å løyve 100 mill. kroner til kommunane for meir fleksible opptaksordningar. Tiltaket vil leggje til rette for redusert ventetid for ein barnehageplass for familiar med barn fødte 1. september eller seinare.

Regjeringa vil styrkje satsinga på kompetanseheving i 2015 og foreslår å auke løyvinga med 60 mill. kroner. Kompetansen til personalet i barnehagen er avgjerande for kvaliteten på tilbodet. Regjeringa vil styrkje arbeidet med kompetanseheving i barnehagesektoren, mellom anna ved å utdanne fleire pedagogar og styrkje etter- og vida-

reutdanninga slik at fleire tilsette får barnefagleg kompetanse. Leiarutdanninga skal først vidare, og assistentar skal få betre moglegheit til å ta fagbrev eller arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020* gir føringar for innhald, prioriteringar og ansvarsdeling som ligg til grunn for satsinga.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2014 vedtok Stortinget å løyve 175,1 mill. kroner til fleire barnehageplassar i kommunane. Bakgrunnen for auken var høgare søkjartal til barnehageopptaket i 2014 enn det vart anslått i statsbudsjettet for 2014. For å dekkje heilårseffekten av denne auken foreslår departementet å løyve 252,5 mill. kroner i budsjettet for 2015.

Regjeringa vil sikre likebehandling av alle barnehagar. Frå 1. august 2014 auka minimumstilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 96 til 98 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. For å dekkje heilårseffekten av denne opptrappinga foreslår departementet å løyve om lag 96 mill. kroner i budsjettet for 2015. Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut alternative modellar for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Regjeringa tek sikte på å innføre ei ny ordning for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar etter at direktoratet er ferdig med si utgreiing.

Alle barn har krav på gode barnehagar uansett kvar i landet dei bur, og foreldra skal vere trygge på at barna har det godt i barnehagen. Regjeringa vil gjere det enklare å følgje med på kvaliteten i tilbodet, mellom anna for å kunne jamne ut forskjellar. I løpet av 2015 skal ein nettportal om barnehagar vere ferdig utvikla. I barnehagelova og rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen ligg det nasjonale føringar som skal sikre kvaliteten på barnehagetilbodet. Regjeringa er i gang med å gjennomgå barnehagelova med forskrifter, og vil leggje fram forslag til lovendringar. Forslag til revidert rammeplan skal sendast ut til høyring i 2015.

Tilstandsvurdering

Mål: Barnehagar med høg kvalitet som fremmer trivsel, lek og læring

Kunnskap om barnehagen

Omfanget av den norske barnehageforskninga har auka mykje i dei seinare åra. Også forskning frå

Sverige og Danmark har stor overføringsverdi til norske forhold. Politikkkutforminga på barnehageområdet har gjennom forankring i forskinga eit betre kunnskapsgrunnlag enn tidlegare, og blir utvikla i tett samarbeid med barnehagesektoren.

Forskningsprorammet FINNUT (2014–2023) er ei samanslåing av dei tidlegare programma PRAKUT (2010–2014) og Utdanning2020. FINNUT er finansiert av Noregs forskingsråd og skal støtte forskning og innovasjon for å fornye og styrkje norsk utdanning. Ein skandinavisk database gir ei god oversikt over barnehageforskninga i Noreg, Sverige og Danmark, jf. *Nordic Base of Early Childhood Education and Care* (www.nb-ecec.no). Ein synteserapport frå Høgskolen i Oslo og Akershus om skandinavisk forskning på barns språk og språkmiljøet i barnehagen i tidsrommet 2006–14 summerer opp forskingsfunn på språkområdet. Forskinga tilseier at det kan vere ein fordel for språkutviklinga hos barn å gå i barnehage, og at barnehagedeltaking ikkje er skadeleg for språkutviklinga.

Atferdssenteret gjennomfører den longitudinelle BONDS-studien (*the Behaviour Outlook Norway Development Study*), som ser på den sosiale utviklinga hos barn. Ein rapport innanfor BONDS-studien frå 2014 – *Språkkompetanse hos 4-åringer som har gått i barnehage* – viser mellom anna at det for gutar er ein positiv samanheng mellom talet på år i barnehage og språkleg kompetanse i fireårsalderen, noko som kan samsvare med at språkutviklinga hos gutar er meir sensitiv for miljøpåverknad i denne alderen. Internasjonal forskning har tidlegare vist at gutar og jenter kan ha ganske forskjellig språkutvikling. Studien fann òg stor variasjon mellom barnehagane når det gjeld den språklege kompetansen til barna, og dette er eit tema forskarane skal sjå nærmare på.

Folkehelseinstituttet samlar inn store mengder data gjennom Den norske mor og barnundersøkelsen (MoBa) og publiserte våren 2014 studien *Samanhenger mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år*. Studien viser mellom anna at barn som har gode relasjonar til personalet i barnehagen, fungerer betre språkleg og psykisk enn barn med dårlege relasjonar. Forskarane finn ikkje sterke samanhengar mellom strukturelle kvalitetsfaktorar eller variasjonar i den pedagogiske tilnærminga og barnas fungering.

Ein dansk dybdestudie frå 2012 basert på det danske forskingsprosjektet *Læring og utvikling i daginstitutioner*, som tek for seg barn frå familiar med låg sosioøkonomisk status, viser at positive funn for språkutviklinga hos barna, og seinare

skoleresultat, heng saman med at barnehagen har ei klar og ambisiøs leiing og personale med både ekstra kompetanse i språk, og vilje til å bruke kvar ein situasjon til språkleg samhandling med barna. Av negative funn viser studien at det i ein del barnehagar er mykje venting på å få merksemda til dei vaksne og mange rutinar som hindrar samtalar, slik at det i ein del tilfelle er lite interaksjon mellom personalet og barna i løpet av barnehagedagen. Desse funna kan ha relevans også for norske barnehagar.

Fleire store forskingsprosjekt er i gang og vil gi nye resultat i åra som kjem om meir langsiktige effektar av det å gå i barnehage.

Personaltettleiken i barnehagen

Barnehagelova stiller ikkje konkrete krav til personaltettleiken i barnehagen, men seier: «Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet». Det er barnehageeigarane som må vurdere kva som skal til for å oppfylle kravet, og kommunen som barnehagemyndigheit som fører tilsyn med om kravet er oppfylt.

Norske barnehagar har høgre personaltettleik enn mange andre land, mellom anna Danmark, Sverige og Finland. Det er fleire årsaker til dette, mellom anna at vi har svært høg barnehagedeltaking for barn under tre år, og at den norske barnehagetradisjonen legg stor vekt på uteleik og turar, noko som krev fleire vaksne.

Personaltettleiken i barnehagen har auka i dei siste åra. I 2013 var det, korrigert for alder og opphaldstid, i gjennomsnitt 6,03 barn per årsverk i barnehagen mot 6,19 barn per årsverk i 2009. Det er større personaltettleik i kommunale barnehagar (5,88 barn per årsverk) enn i ikkje-kommunale barnehagar (6,21 barn per årsverk). Samtidig som personaltettleiken har auka, er forskjellane mellom barnehagane store. Barnehagar med lågast personaltettleik har meir enn 6,8 barn per årsverk mens barnehagar med høgast personaltettleik har færre enn 5,1 barn per årsverk. Årsverka omfattar basispersonalet, det vil seie pedagogiske leiarar og assistentar.

Kompetansen til personalet i barnehagen

Eit hovudfunn i internasjonal forskning om barnehagekvalitet er at kompetansen til personalet i barnehagen er den viktigaste enkeltfaktoren for trivselen og utviklinga til barna.

Omtalen av personalet i barnehagen nedanfor omfattar alle dei tilsettegruppene som arbeider

direkte med barna, altså unnateke merkantilt/administrativt personale, reingjeringspersonale og vaktmeistrar. Departementet skil mellom såkalla barnehagefagleg kompetanse (utdanning som barnehagelærar eller tilsvarande pedagogisk utdanning med tilleggskompetanse om barnehage) og barnefagleg kompetanse (utdanning som gir kunnskap om utviklinga og behova til barn, som anna pedagogisk utdanning eller fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar). I 2013 hadde 57 pst. av personalet barnehagefagleg eller barnefagleg kompetanse. Dette er ein auke frå 55 pst. i 2012. I 2013 hadde 43 pst. av personalet ikkje nokon formell kompetanse for å arbeide med barn. Dette er ein reduksjon frå 45 pst. i 2012.

I 2013 utgjorde tilsette med barnehagelærerutdanning 37,5 pst. av personalet mot 36,4 pst. i 2012. Dette omfattar både styrarar, pedagogiske leiarar og anna personale som er utdanna barnehagelærar.

Barnehagelova set krav om at styraren i barnehagen skal ha utdanning som barnehagelærar eller anna høgskoleutdanning som gir barnefagleg og pedagogisk kompetanse. Kommunen kan gi dispensasjon dersom det ikkje er mogleg å skaffe kvalifiserte søkjarar. Delen styrarar utan godkjend utdanning var i 2013 på 3,0 pst., det same som i 2012.

I tillegg til krav til styraren set barnehagelova krav til stillinga som pedagogisk leiar. Pedagognorma i barnehagelova seier at det skal vere minimum éin pedagogisk leiar per 14–18 barn når barna er over tre år, og éin pedagogisk leiar per 7–9 barn når barna er under tre år, og den daglege opphaldstida for barna er over seks timar. I 2013 oppfylte 49 pst. av dei ordinære barnehagane pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet, mot 39 pst. i 2012. Dette er ei svært positiv utvikling sjølv om delen bør bli større på lengre sikt.

I 2013 var det i gjennomsnitt 15,3 barn per pedagogisk leiarårsverk mot 15,6 barn per pedagogisk leiarårsverk i 2012. Barn under tre år tel dobbelt i denne berekninga. Kommunale barnehagar har litt høgre pedagogtettleik enn ikkje-kommunale barnehagar, og store barnehagar oppfyller oftare pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet enn små barnehagar. I 2013 gjekk 52 pst. av barnehagebarna i ein barnehage som oppfylte pedagognorma utan å bruke dispensasjon frå utdanningskravet, noko som er meir enn ei dobling frå 24 pst. i 2009.

Kommunen kan gi dispensasjon frå pedagognorma dersom det ikkje er mogleg å skaffe kvalifiserte søkjarar. Delen pedagogiske leiarar utan

godkjend utdanning var på 13,0 pst. i 2013 mot 15,0 pst. i 2012.

Variasjonane i sektoren når det gjeld oppfyl-linga av pedagognorma er dessverre store. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2013 viser at i om lag 60 pst. av ordinære barnehagar har alle dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning. I dei ti pst. dårlegaste barnehagane har berre inntil halvparten av dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning. Utrekningar frå Utdanningsdirektora-tet viser at barnehagane manglar om lag 4 400 barnehagelærarar for å oppfylle pedagognorma utan bruk av dispensasjonar.

Assistentane utgjer 52 pst. av personalet. Barnehagelova har ingen krav til kompetansen hos assistentane, og kompetansen varierer frå å vere barnehagelærer utan leiaransvar til ingen formell kompetanse. Stadig fleire barnehagar tilset fagarbeidarar som har fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I 2013 hadde 25 pst. av assistentane fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget mot 23 pst. i 2012. I 2013 hadde fire pst. av assistentane barnehagelærerutdanning eller anna pedagogisk utdanning mot tre pst. i 2012. Dei øvrige assisten-tane, som utgjer høvesvis 71 pst. av assistent-gruppa og 37 pst. av alle tilsette som arbeider direkte med barn, har inga formell utdanning for å arbeide med barn.

Kompetanseutvikling

I 2013 vart det nytta 123 mill. kroner til kompetanseutviklingstiltak på barnehageområdet. Utdanningsdirektoratet har fått ansvaret for oppfølginga av *Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020*. Strategien omfattar eit system for kompetanseutvikling med ei rekkje tiltak retta mot alle grupper tilsette som arbeider med barna.

Utdanningsdirektoratet har hatt eit godt samarbeid med fylkesmennene og utdanningsinsti-tusjonane om etablering av midlertidige studie-plassar, men det er ei utfordring å rekruttere og halde på søkjarar til ein del av utdanningstilboda. I motsetning til skolane får ikkje barnehagane offentleg støtte til dekning av vikarutgifter. Manglande tilrettelegging både økonomisk og praktisk er blant årsakene til låg deltaking og fråfall frå studietilboda.

God leiing av barnehagen er viktig for kvalite-ten på tilbodet til barna. For å auke leiarkompetan-sen har departementet i perioden 2011–14 finansi-ert eit prøveprosjekt med leiarutdanning for barnehagestyrarar. Tiltaket er eit deltidstudium på mastergradsnivå som går over tre semester ved

seks universitet og høgskolar, og har hatt fleire søkjarar enn det har vore plass til. Det er sett i verk ei evaluering av leiarutdanninga, og ein del-rapport frå 2013 viser at tilbodet har høg relevans, og at deltakarane meiner at kvaliteten gjennom-gående er svært god. Endeleg evaluering skal vere ferdig hausten 2014.

Ikkje alle nyutdanna barnehagelærarar arbei-der i barnehage etter studiet, men det har vore ei positiv utvikling i overgangen frå utdanninga til arbeid i barnehage. I 1998 arbeidde berre 56 pst. av barnehagelærarane i barnehage to år etter eksamen. I 2007 var denne delen auka til 87 pst. Det kan vere fleire grunnar til at barnehagelæra-rar ikkje ønskjer å arbeide i barnehage. Det er vik-tig med god leiing og kompetente styrarar som inkluderer dei nyttilsette på ein positiv måte. Rett-leiing av nyutdanna barnehagelærarar er eit tiltak som kan medverke til at dei meistrar yrket betre og får støtte i utviklinga av ein yrkesidentitet. Samla sett kan god rettleiing medverke til å hin-dre fråfall i yrket. Det er barnehageeigarane som har ansvaret for at nyutdanna barnehagelærarar får tilbod om rettleiing. For å styrkje omfanget av og kvaliteten på rettleiingsordninga har Utdan-ningsdirektoratet tildelt midlar til drift og vidare-utvikling av igangsette tiltak for rettleiing. Tiltaka blir drivne av lærarutdanningane ved universitet og høgskolar og omfattar mellom anna informa-sjons- og motivasjonsarbeid retta mot leiarar og eigarar.

Ei kartlegging utført av Rambøll i 2014 viser at åtte av ti barnehagar med nyttilsette barnehage-lærarar har innført ei rettleiingsordning, noko som er ein auke samanlikna med 2012. Prosent-delen barnehageeigarar og barnehagestyrarar som melder at dei har ei rettleiingsordning, har auka i alle regionar, i både store og små kommunar og kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Ordninga er mest utbreidd i Oslo og Akershus, med Trøndelag og Nord-Noreg i den andre enden av skalaen. Både eigarane, styrarane og dei nyut-danna barnehagelærarane er svært positive til ordninga. Kartlegginga viser at det er viktig at det blir sett av tid i arbeidsplanane hos både rettleia-ren og den nyutdanna. I tillegg er tilrettelegging frå styraren ein viktig suksessfaktor for å få ord-ninga på plass. Utdanningsdirektoratet har hausten 2014 sett i gang ei omfattande evaluering av rettleiingsordninga, og endeleg rapport skal ligge føre i desember 2016.

Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (såkalla PUB-studium) er ei vidareutdanning på deltid for barnehagelærarar som arbeider i barne-hage. PUB-studium er på 30 studiepoeng og skal

medverke både til at barnehagelærarane får fagleg påfyll, og til å rekruttere og halde på erfarne barnehagelærarar i barnehagen. Tilbodet omfattar mellombelse studieplassar med innretning knytt til prioriterte satsingsområde i kompetansestrategien.

Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk er eit deltidstudium på 60 studiepoeng retta mot personale med anna treårig pedagogisk høgskoleutdanning, som allmennlærer, faglærer, spesialpedagog og barnevernspedagog. Fullført studium gir kompetanse som er likestilt med barnehagelærer i tilsetjing i stilling som pedagogisk leiar eller barnehagestyrar.

Assistentane i barnehagen har i hovudsak enten fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller ingen formell barnefagleg eller barnehagefagleg kompetanse. Departementet gir midlar til barnehagebasert fagbrev, der erfarne assistentar får moglegheit til å gå opp til fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin. Departementet gir òg midlar til tilbod som skal sikre at fleire ufaglærte assistentar får eit minimum av barnehagefagleg grunnkompetanse, og betre forståing av innhaldet i og ansvaret i samband med arbeidet.

Kompetansehevingsstudium for assistentar er eit deltidstudium på 15 studiepoeng. Studiet skal bidra til både å rekruttere nye og halde på erfarne assistentar som allereie arbeider i barnehagen. I tillegg kan studiet motivere assistentar til å starte på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU). Fylkesmannsembeta har i 2014 fått tildelt midlar til å setje i gang inntil 600 studieplassar for kompetansehevingsstudium for assistentar.

Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) leiar eit kompetansetiltak for fleirspråklege assistentar som blir gjennomført etter den såkalla KOMPASS-modellen utvikla av Høgskolen i Oslo og Akershus. I studieåret 2013–14 har KOMPASS for fleirspråklege assistentar vore gjennomført ved Høgskolen i Telemark med 20 deltakarar og ved Dronning Mauds Minne Høgskole med sju deltakarar. Dette er ein del av oppfølginga av NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring*.

I kompetansestrategien er eit av tiltaka utvikling av fagskoletilbod for barne- og ungdomsarbeidarar som er relevante for arbeid i barnehage. Utdanningsdirektoratet arbeider med å leggje til rette for at det kan bli utvikla slike fagskoletilbod. Departementet har gitt midlar til utvikling av ein nasjonal fagplan. NOKUT må godkjenne utdanninga før utdanningsinstitusjonane kan gi tilbod.

I oppfølginga av Meld. St. 6 (2012–2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og felles-*

skap skal det i femårsperioden 2013–17 bli løyvt midlar over kap. 226 post 21 til eit kompetanselyft på det fleirkulturelle området for heile utdanningssektoren, det såkalla *Kompetanse for mangfold*. Delar av løyvinga gjeld barnehagesektoren, og direktoratet følgjer opp satsinga. Barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling inngår som den største delen av dette kompetanselyftet. Eit utval av barnehagar frå alle fylke skal delta i løpet av ein femårsperiode. Det er også starta to vidareutdanningstilbod retta mot barnehagelærarar i satsingsperioden. Desse tilboda er samlingsbaserte og starta opp hausten 2014.

Rekruttering

I 2013 mangla det totalt 4 400 barnehagelærarar for å oppfylle utdanningskravet i barnehagelova, høvesvis 150 styrarar og 4 250 pedagogiske leiarar. Dette er ei betring frå 2009, da det mangla 250 styrarar og 7 050 pedagogiske leiarar med godkjend utdanning.

Avgangen frå yrket har vore stor. Dersom alle kvalifiserte barnehagelærarar under pensjonsalderen hadde jobba i barnehagar, ville norma vore oppfylt. Statistikk frå 2010 viser at berre om lag halvparten, eller 52 pst., av alle utdanna barnehagelærarar i Noreg under pensjonsalderen arbeider i barnehage. Det er likevel ei betring frå 2000, da berre 44 pst. jobba i barnehage.

Rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig* har gått i perioden 2012–14. Talet på kvalifiserte søkjarar som har barnehagelærerstudiet som sitt førsteval, har vore høvesvis 2 710 personar i 2012, 2 312 personar i 2013 og 2 417 personar i 2014 mot 2 296 personar i 2011 (året før kampanjen starta). Frå 2013 til 2014 har auken i kvalifiserte førstevalssøkjarar vore på om lag 100 personar. For studieåret 2014–15 er det gitt tilbod om studieplass til 3 244 studentar, noko som ligg på same nivå som tilbodet til 3 257 studentar i studieåret 2013–14.

Barnehagelærerstudiet er ei treårig utdanning på bachelornivå. Hausten 2013 gjekk totalt 7 718 studentar på barnehagelærerstudiet, noko som er ein liten vekst frå 7 678 studentar i 2012. Talet på studieplassar har stige i dei siste åra, og det har vore ei positiv utvikling i talet på kandidatar som blir uteksaminerte frå barnehagelærerutdanninga, frå 1 532 kandidatar i 2009 til 2 076 i 2013.

Tal frå Samordna opptak for planlagde studieplassar ved barnehagelærerutdanningane viser at det har vore ein auke på om lag 100 plassar frå 2 494 plassar i 2010 til 2 586 plassar i 2014. I tillegg

kjem plassar innanfor arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning, deltids plassar og desentraliserte studium.

Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) er eit rekrutteringstiltak der både faglærte og ufaglærte assistentar får tilbod om å ta utdanninga på deltid mens dei arbeider i barnehagen. Studiet medverkar til å rekruttere studenter som ikkje har høve til å ta utdanning på heiltid. Hausten 2013 vart det sett i gang 143 mellombelse ABLU-studieplassar. Hausten 2014 skal det setjast i gang ytterlegare 90 slike plassar.

På oppdrag frå departementet har SINTEF gjennomført ei nasjonal undersøking av studiekvaliteten i lærarutdanningane, inkludert den tidlegare førskolelærerutdanninga som er under utvikling (siste kull blir uteksaminert våren 2015). Rapporten kom i april 2014, og kan bli ein nyttig referanserapport ved framtidige undersøkingar av studiekvaliteten i den nye barnehagelærerutdanninga. Undersøkinga viser mellom anna at studentane på den gamle førskolelærerutdanninga generelt er positive til utdanninga, som dei opplever som nyttig. Gapet mellom teori og praksis ser ut til å vere mindre i førskolelærerutdanninga enn i dei andre lærarutdanningane, men studentane etterspør betre rettleiingskompetanse hos både lærarane på utdanninga og praksislærarane.

Tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget har ein verdifull kompetanse for arbeidet i barnehagen. Rekruttering av ungdomsskoleelevar og andre til denne yrkesopplæringa er viktig for å få fleire til å ta fagbrev.

Barn med særlege behov

Barn med særlege behov er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidingar. Samtidig treng det ikkje ligge til grunn ein diagnose, særlege behov kan innebere at barnet har eit behov som er meir omfattande enn vanleg for alderen. Den vide definisjonen gjer det vanskeleg å vurdere kvaliteten på det tilbodet barnehagen gir til barn som kan seiast å ha særlege behov.

Ei undersøking frå 2009 viste at 56 pst. av barnehagane hadde barn med nedsett funksjonsevne, høvesvis 62 pst. av dei kommunale og 48 pst. av dei private barnehagane. 44 pst. av styrarane sa at dei ikkje opplevde tilbodet til barna som tilfredsstillande. Ei kartlegging frå 2011 av arbeidet til PP-tenesta på barnehageområdet viste at dei to største vanskeområda for barnehagebarn er

språkvanskar, med 48 pst. av sakene, og psykososiale vanskar/åtferdsvanskar, med 20 pst. av sakene. Ei anna kartlegging frå 2011 viste at det var like mange barn med behov for spesialpedagogisk hjelp i kommunale som i private barnehagar, men at vanskaner til barn i kommunale barnehagar var noko meir samansette. Kartlegginga indikerer at barnehagen har ei sentral rolle i forkant av tilmelding til sakkunnig instans. Samtlege informantar og respondentar framheva tilstrekkelege personalressursar og kompetanse hos barnehagepersonalet, godt tverrfagleg samarbeid og god kommunikasjon og samarbeid med foreldra som sentrale faktorar for eit velfungerande tilbod om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.

Det øyremerkte tilskottet til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage vart lagt inn i rammetilskottet til kommunane i 2011. Statistikk frå kommunane for 2013 viser at om lag 14 700 barn i barnehage er vurderte til å ha nedsett funksjonsevne eller særlege behov, noko som tilsvarer 5,1 pst. av alle barn i barnehage. Av desse fekk om lag 8 000 barn ekstra ressursar, det vil seie 2,8 pst. av alle barn i barnehage.

Delen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 5–7 i opplæringslova, har lege på om lag same nivå i dei siste åra, frå 2,1 pst. i 2007 til 2,4 pst. i 2013, noko som i 2013 omfattar i underkant av 7 000 barn. Til samanlikning hadde 3,8 pst. av elevane på 1. trinn i grunnskolen enkeltvedtak om spesialundervisning i skoleåret 2013–2014. Det tilsvarande talet for elevar på 10. trinn var 11,2 pst. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen er ofte knytt til utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar.

Barn som opplever sorg og krise i akutte livssituasjonar, treng hjelp og støtte frå barnehagepersonalet. Utdanningsdirektoratet har laga ein nettressurs for barnehagane i arbeidet med å hjelpe barn til å handtere sorg og krise. Nettressursen inneheld mellom anna ei rettleiing for dei tilsette i barnehagen og for foreldre, ein tilhøyrande film og artiklar om relevante tema. Rettleiaren er send til alle barnehagane i landet.

Språkmiljø og støtte til språkutvikling

Barnehagen er ein viktig språkarena for alle barn, men særleg for barn som av ulike årsaker er forseinka i språkutviklinga, og for barn med eit anna morsmål enn norsk.

Synteserapporten frå Høgskolen i Oslo og Akershus om skandinavisk barnehageforskning i perioden 2006–14 summerer opp forskingsfunn på språkområdet. Funna viser betydinga av leik for

utviklinga av både språk og sosial kompetanse. Ein studie peiker på at personalet i barnehagen må ha kunnskap om leik for å kunne oppdage at barn blir haldne utanfor, og for å kunne medverke til at dei får vere med i leiken. Studiane om fleirspråklege barn viser mellom anna at barna bruker den fleirspråklege kompetansen sin som ein ressurs, men barnehagens førstespråk kan dominere over barnas ferdigheiter i andre språk og avgrense den ressursen som ferdigheiter i andre språk kan vere. Funna i fleire av studiane peiker på at kvardagssituasjonar i barnehagen der vaksne og barn snakkar saman, kan ha enda større læringspotensial. Studiane understrekar betydninga av felles meiningsskaping, der samtalepartar utvekslar tankar, meiningar og erfaringar og slik skaper meining i samtalen.

Lesing gir positive effektar på utviklinga av språkferdigheiter generelt og norskferdigheiter spesielt, og gjennom lesinga blir barna innlemma i skriftspråkkulturen. Likevel viser den skandinaviske forskinga at det er lite lesing i barnehagen. Barnehagelærarane vil gjerne lese, men mangel på tid og planlegging er hinder, noko som også går ut over samarbeidet med biblioteket.

Fafo har på oppdrag frå direktoratet gjennomført ei undersøking av språklege rollemodellar i barnehagen, mellom anna korleis dei tilsette kan få styrkt kompetansen sin i språkarbeidet. Rapporten vart lagd fram våren 2014 og viser at dei tilsette ønskjer å vere gode språklege rollemodellar og hjelpe alle barn til å meistre språket, og at dei har behov for meir kompetanse, særleg når det gjeld korleis språkarbeidet kan inngå i det daglege arbeidet i barnehagen, jf. Fafo-rapport 2014: 07 *Språklige rollemodellar*.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit refleksjonsverktøy for dokumentasjon og vurdering av arbeidet med språk og språkmiljø i den einskilde barnehagen. Verktøyet vart prøvt ut i seks barnehagar våren 2014. Fafo har evaluert utprøvinga og konkluderer med at arbeidsmåten og hjelpemidla bidrar både til refleksjon og til formulering av konkrete mål og tiltak, jf. Fafo-rapport 2014: 24 *Refleksjon som metode i barnehagers språkarbeid. Evaluering av et forsøk i seks barnehager*. Dette gir eit godt utgangspunkt for pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen. Evalueringa viser også at det er viktig med god informasjon og rettleiing til barnehagane for at dei skal få fullt utbytte av bruken av refleksjonsverktøyet. Direktoratet følgjer opp dette.

Delen minoritetsspråklege barn i barnehage har auka mykje i dei seinare åra. I 2013 gjekk 76,8 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt

til fem år i barnehage. For barn i alderen eitt til fem år som ikkje er definerte som minoritetsspråklege (barn med norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk som morsmål), var dekningsgraden 92,5 pst. i 2013. For fire- og femåringane er barnehagedeltakinga om lag lik for dei to gruppene, men for eitt-, to- og treåringane er forskjellane større. For nærmare statistikk, sjå del III, kap. 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Utdanningsdirektoratet forvaltar eit øyremerkt tilskott til kommunane til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63. Ein evalueringsrapport frå Rambøll i januar 2014 viser høg måloppnåing når det gjeld det overordna målet om at tilskottet skal medverke til at kommunen kan utforme tiltak for minoritetsspråklege barn. Kommunane bruker tilskottet på ulikt vis, til dømes ved å gi tilskottsmidlar vidare til den einskilde barnehage, ved å ha ein tilsett som kan rettleie barnehagane, ved å disponere morsmålsassistentar som barnehagane kan få bruke, eller ved å gi midlar til ein mottaksbarnehage som dei andre barnehagane kan få tips og hjelp frå. Direktoratet følgjer opp evalueringa.

Rapporteringar frå barnehagane viser at i 2013 fekk 35 pst. av dei minoritetsspråklege barna tilbod om særskild språkstimulering. Denne delen har halde seg på om lag same nivå i fleire år.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet starta i 2006 eit forsøk med gratis kjernetid i barnehage i nokre utvalde område med høg del barn med innvandrarbakgrunn for å auke barnehagedeltakinga i desse områda, jf. nærmare omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Formålet med forsøket er å førebu barna på skolestart gjennom å betre norskkunnskapane deira og medverke til sosialiseringa generelt. Ei anna målsetting er å sikre ei målretta oppfølging av foreldre med innvandrarbakgrunn, slik at dei kan medverke til at barna kan følgje ordinær undervisning på skolen. Forsøket har også til formål å auke forståinga hos foreldra av at norsk språk er viktig, og av deltaking i sosiale aktivitetar. Vidare skal tiltaket medverke til å sikre at barnehagepersonalet har god kompetanse i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering.

Kunnskapsdepartementet er med på å finansiere ei treårig ekstern evaluering av forsøket med gratis kjernetid. Første delrapport kom i november 2012 og viser mellom anna at av barn med minoritetsspråkleg bakgrunn i dei fem Oslo-bydelane som tilbyr gratis kjernetid, er det ein høgare del som går i barnehage enn i andre bydelar. Andre

delrapport kom i november 2013 og viser mellom anna at barn med innvandrarbakgrunn som har gått i barnehage som fire- og femåringar, gjer det betre på kartleggingsprøver i 1. klasse, særleg i norsk, samanlikna med barn med innvandrarbakgrunn som ikkje har gått i barnehage. Endeleg sluttrapport vil vere klar i november 2014.

Regjeringa har frå hausten 2014 målretta ein del av forsøket med gratis kjernetid i barnehage mot familiar med låg inntekt i bydel Gamle Oslo og bydelar i Bergen og Drammen. Det er òg innført krav om at foreldra skal delta i aktivitet. For nærmare omtale, sjå Prop. 1 S (2014–2015) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Parallelt med tiltaka gjennom *Kompetanse for mangfold* har Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) i studieåret 2013–14 gitt tilbod om eit kompetansetiltak for barnehagemyndigheita i seks fylke for å auke kunnskapen om fleirspråklegheit og fleirkulturell pedagogikk. Dette har skjedd i samarbeid med høgskolane i Telemark, Østfold og Oslo og Akershus, og til saman har 30 kommunar og sju bydelar delteke.

Mål: Eit tilgjengeleg barnehagetilbod for alle barn

Deltaking i barnehage

Stortinget innførte ein individuell rett til barnehageplass i 2009. Barn som har fylt eitt år innan 1. september, har rett til barnehageplass same året dersom foreldra har søkt om plass innan fristen for hovudopptaket. Retten skal oppfyllest innan utgangen av august i det året det blir søkt om plass.

Ved utgangen av 2013 gjekk om lag 287 200 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette svarer til ein dekningsgrad på 90 pst. for eitt- til femåringar. Dekningsgraden for femåringane aleine er på 97,5 pst. i 2013.

Ved utgangen av 2013 gjekk om lag 37 900 minoritetsspråklege barn i barnehage, noko som utgjer ein del på 13,2 pst. av alle barnehagebarn. Dekningsgraden for minoritetsspråklege eitt- til femåringar er 76,8 pst. i 2013. Dekningsgraden for minoritetsspråklege femåringar aleine er 95,3 pst. i 2013.

Rapportering frå Fylkesmannen viser at for hausten 2014 har så godt som alle barn med rett til plass fått tilbod om barnehageplass innan utgangen av august. Innan utgangen av september hadde alle fått plass.

Så framt barnet ikkje har rett til plass av særlege årsaker, har barn som fyller eitt år frå og med 1. september, ikkje rett til plass før neste haust.

Om lag 11 280 barn som fylte eitt år etter 31. august, gjekk i barnehage ved utgangen av 2013. Dette er ein reduksjon på om lag sju pst. frå 2012. Av dei som gjekk i barnehage, men ikkje hadde rett til plass, var det 9 386 barn som hadde fylt eitt år i perioden 1. september–31. desember, og 1 894 barn som enno ikkje hadde fylt eitt år ved årsskiftet.

Sjå kap. 7 i del III for nærmare omtale av statistikk og ressursar i barnehagesektoren.

Foreldrebetaling

Maksimalprisen for foreldrebetalinga vart i 2014 ført vidare på same reelle nivå som i 2013 og utgjer 2 405 kroner per måned i 2014.

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar for reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling for dei barnefamiliane som har dårlegast moglegheit til å betale. Alle kommunar skal tilby søskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage. Om lag 24 pst. av kommunane har eit system for inntektsgradering innanfor det ordinære betalingssystemet for kommunale barnehagar. Det er dei mest folkerike kommunane som bruker inntektsgraderte betalingssatsar, og om lag halvparten av alle barn i barnehage bor i ein kommune med inntektsgraderte satsar. Det er mest vanleg med ein reduksjon for hushald i dei lågare inntektsintervalla, og over halvparten av kommunane med inntektsgraderte satsar tilbyr det berre til hushald med ei lågare brutto årsinntekt enn 350 000 kroner. Blant dei private barnehagane er det 27 pst. som seier at dei bruker inntektsgraderte satsar.

Kommunane har ulik praksis med omsyn til bruk av friplassar. Ni pst. av alle kommunar tilbyr friplassar spesifiserte i barnehagens ordinære betalingssystem. 71 pst. av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skolekontor. 58 pst. av kommunane tilbyr redusert foreldrebetaling utanfor barnehagens ordinære betalingssystem. 15 pst. av kommunane rapporterer at dei ikkje har andre moderasjonsordningar enn den regelbundne søskenmoderasjonen.

Barnetilsynsundersøkinga frå 2010 viste at låginntektsfamiliar brukte tolv pst. av inntekt etter skatt til barnehageutgifter, mens øvrige familiar berre brukte fem pst. Av alle barnehagebarn hadde tre pst. gratis barnehageplass i 2010.

SSB har ei årleg undersøking av foreldrebetalinga i barnehagen. Rapporten frå januar 2014 viser at den gjennomsnittlege månadssatsen for

eitt barn med fulltidsopphald i kommunal barnehage var 2 366 kroner for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner og 2 187 kroner for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Skilnaden i foreldrebetalinga for hushald med desse inntektene er berre 179 kroner i månaden. I desse beløpa er kostpengar og tilleggsutgifter fjerna i størst mogleg grad. Den gjennomsnittlege årsbetalinga på landsbasis var 24 413 kroner, noko som tilsvarer ei månadsbetaling på 2 219 kroner i elleve månader. Dette er ein auke på 2,6 pst. frå 2013. Prisenivået i private barnehagar er noko høgare enn i kommunale med ei gjennomsnittleg årsbetaling på 24 457 kroner mot 24 372 kroner.

Ifølgje forskrifta om foreldrebetaling i barnehagar kan betaling av kostpengar komme i tillegg til månadsbetalinga. Når det blir berekna årsbetaling for eit barn i barnehage, er betalinga avhengig av kostpengar og andre utgifter, samt talet på betalingsmånader. I SSB-rapporten opplyser rundt 97 pst. av dei kommunale barnehagane at dei krev inn kostpengar separat. I januar 2014 betalte hushald med eitt barn i kommunal barnehage gjennomsnittleg 250 kroner i kostpengar per månad, noko som er ein auke på 15 pst. frå januar 2013.

Opne barnehagar

Opne barnehagar er regulerte gjennom barnehagelova, men kommunane er ikkje lovpålagde å gi dette tilbodet. Opne barnehagar har eksistert sidan 1988 og er eit lågterskeltilbod som kommunane kan tilby for familiar som ikkje bruker det ordinære barnehagetilbodet. Ein forelder eller annan omsorgsperson er med barnet, og det pedagogiske opplegget er leidd av ein barnehagelærer. I dei seinare åra har det vore ein reduksjon i talet på opne barnehagar, frå 278 opne barnehagar i 2005 med kapasitet til 7 900 barn til 184 opne barnehagar i 2013 med kapasitet til 4 900 barn.

Trøndelag Forskning og Utvikling publiserte i juni 2014 rapporten *Åpne barnehager i Norge – Organisering, bruk og betydning*. Rapporten var bestilt av Utdanningsdirektoratet og viser mellom anna at dei aller fleste opne barnehagar har personale med god kompetanse, at brukargruppa er prega av mangfald, og at opne barnehagar gir foreldre eit lågterskeltilbod med moglegheit for å byggje sosiale nettverk kombinert med foreldre-rettleiing og informasjon om ordinær barnehage. Sett i samanheng med Fafo-rapport 2014: 23 *Å være seg sitt ansvar bevisst. Språktilbud til 3–5-åringer med minoritetsspråklig bakgrunn som ikke går i barnehage* kan det sjå ut til at opne barne-

hagar kan vere eit viktig tilbod til familiar med innvandrarbakgrunn der det av ulike årsaker er vanskeleg å få brukt ordinær barnehage.

Mål: Føreseielege rammevilkår som medverkar til mangfald og likeverd i barnehagesektoren

Tilsyn med barnehagesektoren

Ei av Fylkesmannens hovudoppgåver på barnehageområdet er å føre tilsyn med, og gi rettleiing til, kommunen som barnehagemyndigheit. Dette er eit viktig verkemiddel for å bidra til å sikre høg kvalitet på barnehagetilbodet, og for å nå dei nasjonale måla. Tilsyn, informasjon, rettleiing og klagesaksbehandling skal medverke til å sikre rettssikkerheita til innbyggjarane.

Utdanningsdirektoratet overtok ansvaret for embetsstyringa av Fylkesmannen på barnehageområdet i 2012, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet. For å betre kvaliteten på tilsynet har direktoratet laga ein plan for meir langsiktige mål og tiltak for å sikre eit forsvarleg, einsarta og treffsikkert tilsyn med høg legitimitet. Felles tilsynsmetode skal sikre lik behandling på landsbasis og leggje til rette for at tilsyna inneber ressurseffektive undersøkingar av tilstanden i kommunane, effektiv korrigering av eventuell lovstridig praksis samt at tilsyna skjer i samsvar med forvaltningsmessige krav. Det er òg ei viktig målsetjing at tilsyna skal ha læringseffekt for kommunane.

Direktoratet har i 2013 utarbeidd ei handbok i felles tilsynsmetode for Fylkesmannens tilsyn i både barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren. I tillegg har direktoratet utarbeidd tilsynsmateriale for Fylkesmannens tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Tilsynsmaterialet skal medverke til å sikre lik praksis når det gjeld dei krava som blir stilte til arbeidet i kommunane med godkjenning av barnehagar, tilsyn med barnehagar og rettleiing til barnehagar. Direktoratet har òg innhenta kunnskap om sektoren og gjort risikovurderingar for at den samla tilsynsaktiviteten i større grad skal svare til risiko i sektoren.

Oppsummeringa av årsrapportane for 2013 frå dei atten fylkesmannsembeta viser at mange embete har vurdert si eiga måloppnåing som god, og at dei har ført fleire tilsyn enn det dei hadde som aktivitetskrav i 2013. Kravet var å gjennomføre tilsyn med totalt 90 kommunar der minst 26 av tilsyna skulle vere stadlege tilsyn. Fylkesmannen gjennomførte i alt 138 tilsyn med 133 kommunar på barnehageområdet i 2013. Dei fleste tilsyna har omfatta kontroll med kommunen som tilsynsmyndigheit, med rettleiingsansvaret til kommunen og med kommunen som

godkjenningssmyndigheit. Fleire av tilsyna har omfatta dei ulike krava til handtering av dispensasjonssaker etter barnehagelova §§ 17 og 18 (dispensasjon frå utdanningskrava til styrar og pedagogisk leiar). Omfanget av tilsynet i 2013 er noko større enn i 2012. Av tilsyna i 2013 var litt over halvparten stadlege tilsyn. Det vart avdekt regelverksbrot i om lag halvparten av dei kontrollerte kommunane, noko som er om lag same nivå som i 2012. Regelverksbrota er i stor utstrekning knytte til forskrifter som inneheld formelle krav til enkeltvedtak og innhald i enkeltvedtak, men det er òg avdekt brot på regelverket som viser at fleire kommunar ikkje er gode nok til å bruke kartlegging av og informasjon om barnehagane til å gjere tilstrekkelege vurderingar av behovet for tilsyn eller rettleiing. Tilsynet frå Fylkesmannen viser at mange kommunar ikkje gjennomfører oppgåvene sine som barnehagemyndigheit i samsvar med barnehagelova. Det kan verke som om nokre kommunar ikkje er bevisste på kva som ligg i myndighetsrolla, og kor viktig det er å skilje denne rolla frå eigarrolla.

I 2013 behandla Fylkesmannen totalt 244 klager etter barnehagelova med forskrifter, noko som er ein reduksjon på 13,5 pst. frå 282 klager i 2012. Av klagene i 2013 gjaldt 225 av dei, eller om lag 92 pst., forskrifta om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskott til ikkje-kommunale barnehagar, noko som ikkje er overraskande sidan dette er eit komplisert felt. Denne delen var 90 pst. i 2012, så det var inga betring i 2013. Det er stor regional variasjon i talet på klager. Østfold, Oslo og Akershus har flest, Sogn og Fjordane og dei fire nordlegaste fylka har færrest.

Økonomiske rammevilkår for barnehagane

I Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) foreslo regjeringa å løyve 69 mill. kroner til å auke minimumstilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 96 til 98 pst. av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering. Stortinget gav si tilslutning til dette, og auken i minimumstilskottet gjeld frå 1. august 2014.

Utdanningsdirektoratet fekk i 2013 i oppdrag å vurdere om det er behov for endringar i forskrifta om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskott til ikkje-kommunale barnehagar. Det er vedteke at grunnlaget for tilskottet skal endrast frå å vere basert på kommunale budsjett til å vere basert på dei kommunale rekneskapane frå to år tilbake. Endringa vil gi ein større tryggleik for dei ikkje-kommunale barnehagane og føre til mindre

administrasjon for kommunane. Endringa trer i kraft frå 2015.

Direktoratet har òg vurdert om det bør gjerast andre endringar i forskrifta for å sikre ikkje-kommunale barnehagar meir stabile og føreseielege rammevilkår og gjere det lettare for kommunane å rekne ut korrekte tilskott. Det vart foreslått endringar i handteringa av pensjons- og kapitalkostnader i tilskottsutrekninga. Regjeringa ønskjer å arbeide vidare med finansieringsordninga, og valde derfor ikkje å sende forslaget frå direktoratet ut til offentleg høyring. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å greie ut andre alternativ enn det forslaget som vart levert i 2013.

I statsbudsjettet for 2014 var det ein reduksjon i løyvinga til kommunane på barnehageområdet basert på premisen om at auken i kontantstøtta ville føre til lågare søkjartal til barnehageopptaket. Søkjartalet vart ikkje redusert like mykje som venta, og i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2014 vedtok Stortinget å auke løyvinga til kommunane med 175,1 mill. kroner over innbyggjartilskottet på kap. 571 post 60 for å møte det høgare søkjartalet.

System for å følgje med på utviklinga av kvaliteten

Utdanningsdirektoratet fekk i 2013 i oppdrag å utarbeide eit system for å følgje med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren og medverke til å betre kvaliteten. Kvalitetssystemet skal gi eit grunnlag for å vurdere kvaliteten i barnehagesektoren og identifisere område der kvaliteten kan bli betre. Systemet skal gi relevant informasjon til nasjonale myndigheiter, kommunen som barnehagemyndigheit, barnehageeigarane og den einskilde barnehage, samt leggje eit grunnlag for dialog mellom dei ulike nivåa. God forankring i sektoren er viktig for at systemet skal bli så bra som mogleg, og Utdanningsdirektoratet har hatt eit godt samarbeid med aktuelle aktørar på barnehagefeltet.

Som ein del av arbeidet med systemet for å følgje med på kvaliteten vart Nasjonalt barnehageregister (NBR) opna i juni 2014, jf. nbr.udir.no. Registeret gir ei oversikt over alle barnehagar i Noreg og inneheld ei rekkje opplysningar om barnehagane, som adresse, kontaktinformasjon, eigar og tilsynsmyndigheit. I tillegg kan kvar enkelt barnehage leggje inn lenke til si eiga heimeside. Registeret er ope for alle, og barnehagane og barnehageeigarane kan sjølve gå inn og justere opplysningar om sin eigen barnehage.

Beredskapsarbeid i barnehagesektoren

Norske barnehagar skal vere ein trygg plass for både barn og tilsette. Kommunen har plikt til å bruke risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) som grunnlag for arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap, og skal ha ein beredskapsplan for handtering av uønskte hendingar som kan ramme befolkninga i kommunen. Også barnehageeigarar har ansvar for tryggleiken til barna og dei tilsette i barnehagen. Temaet er omtalt i del III, kap. 10 Samfunnstryggleik og beredskap.

Utdanningsdirektoratet publiserte i oktober 2013 ei rettleiing i beredskapsplanlegging – *Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar*, jf. udir.no/beredskap. Rettleiinga skal vere til hjelp for kommunar, barnehagar, skolar, fagskolar og høgre utdanningsinstitusjonar i arbeidet med beredskapsplanar. På nettsida ligg òg anna støttemateriell, mellom anna eksempel på beredskapsplanar.

Samla vurdering av sektormåla

Forskning og innhenting av statistikk gir eit stadig betre kunnskapsgrunnlag for kvalitetsutviklinga i barnehagen. Forskinga viser at bruk av barnehage gir mange barn ei positiv utvikling, men at variasjonen i tilbodet er stor.

Kompetansen til dei tilsette er svært viktig for kvaliteten på det pedagogiske tilbodet. Statistikken viser at både delen barnehagelærarar og delen assistentar med barnefagleg kompetanse har auka, noko som har betra den samla kompetansen hos dei tilsette. Det er likevel ei utfordring at ein så stor del av personalet som 43 pst. manglar formell kompetanse for å arbeide med barn, og at det manglar 4 400 barnehagelærarar for å oppfylle lovkrava om godkjend utdanning. Kompetansestrategien for perioden 2014–20 gir mange moglegheiter for kompetanseheving på ulike nivå. Det er barnehageeigarane som har ansvaret for at personalet får tilbod om å delta.

Rekrutteringa til utdanninga for å bli barnehagelærar har halde seg på same nivå i 2014 som i 2013. Gjennom det samordna hovudopptaket har 3 244 søkjarar fått tilbod om studieplass sommaren 2014 mot 3 257 i 2013.

Det er mangelfullt kunnskapsgrunnlag om barnehagetilbodet til barn med særlege behov, noko som gjer det vanskeleg å vurdere kvaliteten på tilbodet. Dette er ei sårbar gruppe det er viktig å få meir kunnskap om.

Barnehagen er ein viktig språkarena for alle barn, særleg for barn med eit anna morsmål enn norsk, og språkarbeidet har både høg prioritet og stort omfang. Personalet etterspør kompetanse-tiltak særleg på dette området.

Barn som fyller eitt år frå og med 1. september, har etter lova ikkje rett til plass i barnehage før neste haust. Fleire kommunar har kapasitet til å gi barnehageplass til barn utan rett til plass og gjer dette allereie, men det har vore ein reduksjon på om lag sju pst. i talet på barn frå 2012 til 2013. Ei meir fleksibel opptaksordning vil kunne gi kortare ventetid for desse familieane.

Regjeringa er bekymra over at ein del familiar med dårleg råd ikkje får tilbod om redusert foreldrebetaling, og ønskjer å innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen.

Barnehagesektoren er prega av stort mangfald ved at om lag halvparten av alle barnehagar er private, og ved at det er stor forskjell på barnehagar når det gjeld storleik, organisering og pedagogisk retning. Regjeringa meiner at dette mangfaldet er bra fordi det gir foreldra stor valfridom, og fordi ulike barnehagar kan medverke til å inspirere kvarandre. Samstundes skal tilbodet vere likeverdig på eit overordna plan og i samsvar med intensjonen i formålsparagrafen og rammeplanen, sjølv om det varierer i utforming mellom dei enkelte barnehagane. Omfanget av klager til Fylkesmannen viser at det framleis er utfordringar knytte til praktiseringa av forskrifta om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar.

Strategiar og tiltak

Kunnskap om barnehagen

Departementet vil føre vidare styrkinga av forskning om og for barnehagen, mellom anna gjennom utdanningsforskningsstrategien *Kvalitet og relevans 2014–19*. Utdanningsdirektoratets publikasjonar Utdanningsspeilet og Vetuva medverkar til å spreie forskingsresultat på barnehageområdet til sektoren.

Høgskolen i Oslo og Akershus leier prosjektet *Better provision for Norway's children in ECEC (Early Childhood Education and Care): A study of children's wellbeing and development in ECEC, and new tool for Quality Evaluation*. Arbeidet skjer i samarbeid med norske og internasjonale fagmiljø og skal vere ferdig i 2018. Prosjektet skal kartlegge samanhengen mellom struktur og organisering, pedagogiske prosessar, trivsel, utvikling og læring. Prosjektet skal også utvikle eit forskingsbasert verktøy som barnehagane kan bruke for å

arbeide systematisk med vurdering og utvikling av sin eigen prosesskvalitet.

For omtale av løyvingar til barnehageforskning, sjå kap. 231 postane 21 og 51.

Kompetanseutvikling

Kvaliteten i barnehagen er avgjerande for at barna skal trivast, utvikle seg og lære. Regjeringa vil ha nok vaksne med riktig utdanning i barnehagane, og vil derfor satse på etter- og vidareutdanning for alle yrkesgruppene som arbeider i barnehagen. Kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020* skal medverke til dette. Strategien omfattar både styrarar, pedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar og ufaglærte assistentar og inneheld eit system for kompetanseutvikling som synleggjer ulike kompetansehevingstiltak for dei ulike gruppene tilsette. Det er viktig at alle aktørar tar ansvar for å følgje opp kompetansestrategien, mellom anna ved at barnehageeigarane legg til rette for deltaking i kompetansetiltaka.

Departementet foreslår å auke løyvinga til kompetansetiltak med 60 mill. kroner i 2015. Midlane skal gå til oppfølginga av kompetansestrategien, mellom anna fleire studieplassar til kompetanseutvikling for barnehagetilsette, fagbrev for ufaglærte barnehageassistentar, barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar som manglar dette, og barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak for heile personalgruppa.

Høgskolen i Oslo og Akershus og Høgskulen i Sogn og Fjordane skal i perioden 2013–15 gjennomføre eit pilotprosjekt som skal medverke til å utvikle barnehagen som lærande organisasjon og som arena for kompetanseutvikling for både tilsette og studentar som har praksisperiodar i barnehagen.

Departementet har nemnt opp ei følgjegruppe for den nye barnehagelærerutdanninga som vart innført i studieåret 2013–14. Følgjegruppa er breitt samansett når det gjeld fagkompetanse og har mandat fram til sommaren 2017. Gruppa skal både vurdere utviklinga og gi rettleiing til utdanningsinstitusjonane i prosessen med omlegging til den nye barnehagelærerutdanninga. Første delrapport kjem hausten 2014.

Utdanningsdirektoratet er i gang med revidering av verktøyet *Ståstadsanalysen for barnehagar*. Ståstadsanalysen kan brukast av barnehagar som ønskjer å drøfte og vurdere sin eigen praksis som grunnlag for felles utviklingsarbeid. Den reviderte ståstadsanalysen skal prøvast ut og gjerer tilgjengeleg i 2015.

Rekruttering

Rekruttering av barnehagelærarar er til dels eit lokalt ansvar som ligg hos barnehageeigarane. For å støtte det lokale arbeidet med rekruttering vil Fylkesmannen halde fram med koordineringa av dei regionale rekrutteringsnettverka i kvart fylke. Eit viktig rekrutteringstiltak for å få fleire barnehagelærarar er å stimulere til at erfarne assistentar tek arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU).

Rekruttering av fleire assistentar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget vil bidra til å auke delen tilsette som har barnefagleg kompetanse. *Yrkesfagløftet* i vidaregåande opplæring kan medverke til at fleire elevar som avsluttar ungdomsskolen, startar på og gjennomfører denne yrkesutdanninga. For nærmare omtale av *Yrkesfagløftet* og vidaregåande opplæring, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa. I tillegg vil kompetansetiltaket barnehagebasert fagbrev bidra til at erfarne assistentar får moglegheit til å gå opp til fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin.

Barn med særlege behov

Sidan barn med særlege behov er ei samansett gruppe som ikkje er nøyaktig definert, er det behov for meir kunnskap for å kunne vurdere om barnehagen gir eit kvalitativt godt tilbod. Regjeringa er oppteken av å sikre likebehandling av private barnehagar når det gjeld ressurstilgangen for barn med særlege behov. Utdanningsdirektoratet har i 2014 fått i oppdrag å betre statistikken om barn med særlege behov. Utdanningsdirektoratet har også fått i oppdrag å gjennomføre ei større undersøking om barn med særlege behov i løpet av 2015.

I samband med gjennomgangen av barnehagelova med forskrifter skal departementet vurdere ei overføring av retten til spesialpedagogisk hjelp for barn i førskolealderen frå § 5–7 i opplæringslova til barnehagelova.

For å styrkje det arbeidet kommunane og fylkeskommunane gjer med utsette barn og unge under 24 år, har Kunnskapsdepartementet starta eit samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Samarbeidet skal avdekkje felles utfordringar og fremme felles tiltak og strategiar for betre oppfølging av utsette barn og unge. Det overordna målet for samarbeidet er auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Departementa har gitt eit felles

koordinert oppdragsbrev til direktorata sine. Oppdraget skal føre fram til faglege tilrådingar om tverrfaglege innsatsar som kan bidra til at fleire lykkast i skolen og fullfører vidaregåande opplæring, jf. Programkategori 07.20 Grunnopplæringa, Strategiar og tiltak.

Språkmiljø og støtte til språkutvikling

Regjeringa vil styrkje bruken av norsk og språkutviklinga i barnehagen for å førebu barna på skole og utdanning og gi nødvendig hjelp til barn som har svake språkferdigheiter.

Utdanningsdirektoratet er i ferd med å utvikle fleire støtteressursar for språkarbeidet i barnehagen. Hausten 2014 publiserer direktoratet eit refleksjonsverktøy for språkarbeid knytt til rettleiaren *Språk i barnehagen – meir enn berre prat*. Refleksjonsverktøyet vil bli ein tilleggsmodul til den reviderte ståtadsanalysen, som etter planen skal lanserast hausten 2015. Direktoratet skal produsere korte inspirasjonsfilmar om mellom anna språkarbeid. Vidare har direktoratet gitt Lesesenteret i oppdrag å lage støtteressursar for språk, særleg for dei yngste barna og for høgtlesing av bøker for barn. Direktoratet har gitt Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) i oppdrag å lage støtteressursar om fleirspråklegheit og fleirkulturalitet.

Den femårige satsinga *Kompetanse for mangfold* for perioden 2013–17 blir ført vidare i 2015, jf. omtale under kap. 226 post 21. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for gjennomføringa på barnehageområdet. Ein stor del av dette kompetanselyftet gjeld barnehagebasert og skolebasert kompetanseutvikling. I 2015 skal 144 barnehagar og skolar i seks fylke delta i satsinga. NIFU skal evaluere satsinga.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet fører vidare forsøket med gratis kjernetid i barnehage, og har opna for ei delvis omlegging for ein meir målretta bruk av midlane, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 bad Stortinget i eit oversendingsframlegg regjeringa vurdere om det skal vere ei plikt å gi barnehagetilbod på samisk når det er minst ti barn i kommunen, også i kommunar utanfor det samiske forvaltningsområdet. Departementet følgjer opp saka i samband med vurderinga av nødvendige endringar i barnehagelova. Ei slik eventuell plikt vil vere i samsvar med tilsvarande heimling i opplæringslova.

Gjennomgang av barnehagelova

I samband med gjennomgangen av barnehagelova vil departementet leggje fram forslag om nødvendige lovendingar. Endringane skal bidra til ein enklare og klarare lov og vil vere ein viktig del av arbeidet med å løfte kvaliteten i barnehagane.

Revidering av rammeplanen

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgaver har status som forskrift til barnehagelova og vart sist revidert grundig i 2006 med ei tilleggsrevidering i 2011 på grunn av ny formålsparagraf. I 2013 vart det vedteke å revidere rammeplanen på nytt, og ei ekstern rammeplangruppe leverte våren 2014 eit utkast til revidert første del. Regjeringa ønskjer å sjå heile rammeplanen under eitt, og vil derfor samkøyre revideringsarbeidet med gjennomgangen av barnehagelova. Forslag til revidert rammeplan skal sendast ut til høyring med sikte på at endeleg revidert rammeplan trer i kraft i 2016.

Støtte til det faglege arbeidet i barnehagane

Utdanningsdirektoratet skal arbeide vidare med å utvikle støtteressursar for det faglege arbeidet i barnehagane. Desse skal byggje opp under tema i kompetansestrategien. Direktoratet skal produsere ei filmpakke med korte filmar som gir gode eksempel frå praksis. I tillegg kjem skriftleg materiell, som artiklar og forslag til spørsmål til refleksjon over arbeidet i barnehagen. Dei første filmane kjem i januar 2015, og alle skal vere ferdige til juni 2015.

Direktoratet har gitt dei nasjonale sentra i oppdrag å lage støtteressursar for barnehagane på kvart sitt einskilde fagområde.

Regjeringa skal utarbeide ein heilskapleg realfagsstrategi for perioden 2015–18, og barnehagefeltet er omfatta av strategien, jf. kap. 226.

Deltaking i barnehage

Ein del kommunar har i dag fleire barnehageopptak i året eller løpande opptak. Regjeringa legg til grunn at kommunane følgjer med på endringar i fødselstal, til- og fråflytting og andre faktorar som påverkar dimensjoneringa av barnehagetilbodet. Fylkesmannen skal følgje opp korleis kommunane oppfyller retten til plass i barnehage.

Regjeringa vil arbeide for større fleksibilitet i barnehageopptaket. Departementet foreslår å auke rammetilskottet til kommunane med 100 mill.

kroner for å leggje til rette for meir fleksible opp-
taksløysingar. Midlane legg til rette for at foreldre
med barn som fyller eitt år 1. september eller sei-
nare, får kortare ventetid på ein barnehageplass.
Midlane vil kunne finansiere opp til 800 nye
barnehageplassar.

Foreldrebetaling

Regjeringa foreslår at maksimalprisen for eit ordi-
nært heiltidstilbod i 2015 blir fastsett til 2 580 kro-
ner per måned og 28 380 kroner per år. Det er ein
reell auke frå 2014 på 100 kroner per måned.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr.
35, 26. november 2013 frå Innst. 2 S (2013–2014),
som lyder:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med
revidert nasjonalbudsjett for 2014 vurdere
skjermingsordninger for barnefamilier med
dårlig råd og barn i barnehage.»

I revidert nasjonalbudsjett for 2014 seier regje-
ringa følgjande:

«Regjeringen har satt i gang arbeid med å vur-
dere regelverket for moderasjonsordninger i
foreldrebetalingen i barnehage. Støtteordnin-
ger som kan gi moderasjon i foreldrebetalin-
gen finnes også i annet regelverk. Dette kom-
pliserer arbeidet. Et godt regelverk på dette
området er viktig både for å få flere barn i bar-
nehage, og for å redusere barnefattigdommen
i Norge. Samtidig må hensynet til administrativ
enkelhet og arbeidsinsentiver vurderes. Regje-
ringen vurderer ulike modeller. Regjeringen vil
komme tilbake til saken i forbindelse med
statsbudsjettet for 2015, og vurdere behovet for
regelverksendringer nærmere.»

Regjeringa vil innføre ein betre sosial profil på
foreldrebetalinga i barnehagen, og foreslår å
løyve 112 mill. kroner til å innføre eit nasjonalt
minstekrav til redusert foreldrebetaling for fami-
liar med låg inntekt. Forslaget vil medverke til at
fleire får moglegheit til å nytte tilbodet om barne-
hageplass.

Regjeringa vurderer at det er eit behov for
endring i forskrifta om foreldrebetaling i barne-
hagar, slik at regelverket i større grad sikrar ein
reduksjon av ein viss storleik for familiar med låg
inntekt og at ulik praktisering av gjeldande regel-
verk mellom kommunar blir jamna ut.

Løyvinga på 112 mill. kroner skal gå til eit
nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling

der foreldrebetalinga per år for ein heiltidsplass
maksimalt skal utgjere 7 pst. av person- og kapi-
talinntekta til familien. Søskenmoderasjonen blir
vidareført som i dag.

Regjeringa ønskjer å presisere at kommunar
står fritt til å gi ein større reduksjon i foreldrebeta-
linga enn forslaget frå departementet, ved til
dømes å sette ein lågare presentsats. Det nye for-
slaget vil ikkje ha følgjer for moderasjons- og fri-
taksordningar utanfor det ordinære betalings-
systemet, og regjeringa oppmodar kommunane til
å vidareføre desse ordningane. Departementet
legg til grunn at den auka løyvinga kjem i tillegg
til dei ressursane kommunane allereie brukar på
moderasjons- og fritaksordningar, slik at barne-
familiane får tilsvarende eller høgre moderasjon
enn dei har i dag.

Forslag om endringar i forskrifta om foreldre-
betalinga i barnehagen vil bli sendt ut til høyring
hausten 2014, med sikte på ikraftsetjing 1. august
2015.

Etterspurnadseffektar av endringar i kontantstøtta og foreldrebetalinga

I statsbudsjettet for 2014 la regjeringa til grunn at
etterspurnaden etter barnehageplassar blir endra
på grunn av endringar i kontantstøtta og foreldre-
betalinga. Løyvinga over kap. 571 Rammetilskudd
til kommuner, post 60 Innbyggertilskudd vart
endra tilsvarende den berekna effekten på talet på
barnehageplassar. Metoden som har vore brukt
for å anslå effektar av endringar i perioden 2012–
14, har vist seg å ha svakheiter som sannsynlegvis
gjer at det har vorte lagt til grunn for sterke
etterspurnadseffektar. Dette vil i så fall bety at det
har vorte lagt inn for mykje i rammetilskottet til
kommunane i samband med avviklinga av kon-
tantstøtta for toåringane i 2012 og i samband med
nominell vidareføring av foreldrebetalinga i barne-
hagane i 2012 og 2013. Det har òg vorte trekt ut
for mykje frå rammetilskottet til kommunane i
samband med auka kontantstøtte for eittåringane i
2012 og 2014.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr.
586, 20. juni 2014 frå Innst. 260 S (2013–2014),
som lyder:

«Stortinget ber regjeringen etablere en ny
metode for å beregne etterspørselseffekter av
endringer i kontantstøtten og foreldrebetalin-
gen i barnehagene. Bevilgningsendringene
ved endret kontantstøtte og foreldrebetaling i
perioden 2012–2014 gjennomgås sammen med
KS som en del av arbeidet. Det forutsettes at

dette danner grunnlaget for beregning av endringer i innbyggertilskudd som følge av etterspørselsendringer på barnehageområdet fra og med 2015.»

Regjeringa har saman med KS vurdert metoden for å berekne etterspurnadseffektar. Formålet med gjennomgangen har vore å sikre eit best mogleg grunnlag for å anslå etterspurnadseffektar av eventuelle framtidige endringar i kontantstøtta og foreldrebetalinga i barnehagane. Som ein del av dette arbeidet har regjeringa saman med KS gått gjennom løyvingsendringane knytt til endra kontantstøtte og foreldrebetaling i perioden 2012–14.

Regjeringa har i samarbeid med KS komme fram til at anslag baserte på erfaringstal frå endringane i kontantstøtta i 2012 bør bli nytta til å rekne ut etterspurnadseffektar av endra foreldrebetaling og kontantstøtte frå og med 2015-budsjettet. For å kunne nytte desse erfaringstala er det nødvendig å estimere den underliggjande utviklinga i dekningsgraden. Denne utviklinga vil vere prega av noko usikkerheit. Trass denne usikkerheita vurderer departementet at dei anslaga som er baserte på erfaringstal, vil gi meir realistiske estimat for endringar i etterspurnaden etter barnehageplassar enn den tidlegare modellen.

Regjeringa har gjort nye berekningar av løyvingsendringane i perioden 2012–14 i samband med endra foreldrebetaling og kontantstøtte. I berekningane er etterspurnadseffektane estimerte ved bruk av erfaringstal frå kontantstøtteendringane i 2012. Berekningane viser at det vart trekt ut for mykje av kommuneramma ved auka kontantstøtte for eittåringar i 2012 og 2014, og at det vart lagt inn for mykje i kommuneramma ved avviklinga av kontantstøtta for toåringar i 2012 og ved reduksjonane i maksimalprisen i 2012 og 2013. Samla sett er det på usikkert grunnlag anslått at kommunane har blitt kompenserte med nesten 350 mill. kroner for mykje som følgje av endringane i foreldrebetalinga og kontantstøtta i perioden 2012–14. Den foreslåtte auken i løyvinga i 2015 på 252,5 mill. kroner (omtalt under) er da inkludert i reknestykket.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014 vedtok Stortinget å løyve 175,1 mill. kroner til fleire barnehageplassar i kommunane. Bakgrunnen for auken var høgare søkjartal til barnehageopptaket i 2014 enn det vart anslått i statsbudsjettet for 2014. For å dekkje heilårseffekten av denne auken foreslår departementet å løyve 252,5 mill. kroner i budsjettet for 2015.

Opne barnehagar

For einskilde grupper i samfunnet ser det ut til at det er vanskeleg å bruke det ordinære barnehage-tilbodet, og opne barnehagar kan vere eit godt supplement og samtidig ein rekrutteringsarena til ordinær barnehage. Dette kan særleg vere aktuelt for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn slik at dei kan lære norsk. Rapportar frå Fafo og Trøndelag Forskning og Utvikling om høvesvis tilbodet til minoritetsspråklege 3–5-åringar utanfor barnehage og opne barnehagar viser at det kan vere gode grunnar til å sjå nærmare på reguleringa av dei opne barnehagane. Departementet vil vurdere korleis funna i rapportane kan følgjast opp.

Tilsyn med barnehagesektoren

Tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet vil framleis vere ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i 2015. Det er Utdanningsdirektoratet som har ansvaret for embetsstyringa av Fylkesmannen på utdanningsområdet, noko som omfattar tilsynet med både barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren, jf. kap. 220 Utdanningsdirektoratet. Nærmare omtale av tilsynet kjem i det årlege embetsoppdraget til Fylkesmannen, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Økonomiske rammevilkår for barnehagane

Regjeringa vil sikre stabile og føreseielege rammevilkår for ikkje-kommunale barnehagar. Departementet foreslår å løyve om lag 96 mill. kroner i 2015 for å dekkje heilårseffekten av opptrappinga av minimumstilskottet til 98 pst. frå 1. august 2014. Auken i minimumstilskottet legg til rette for å jamne ut forskjellane mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar når det gjeld talet på barn per vaksen og lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

Frå januar 2015 skal det kommunale tilskottet reknast ut med utgangspunkt i den kommunale rekneskapen frå to år tilbake og ikkje ut frå det kommunale budsjettet. Dette vil gi ikkje-kommunale barnehagar ein meir føreseieleg økonomisk situasjon.

Departementet har òg gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut alternative modellar for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Regjeringa tek sikte på å innføre ei ny ordning for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar etter at direktoratet er ferdig med si utgreiing.

System for å følge med på utviklinga av kvaliteten

Regjeringa vil gjere mest mogleg informasjon om barnehagane ope tilgjengeleg og utarbeide felles nasjonale indikatorar for kvalitet. Det skal bli lettare for foreldre å sjekke kvalitet i den einskilde barnehagen. Utdanningsdirektoratet arbeider med å utvikle eit system for å følge med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren og medverke til betre kvalitet. Oppdraget har delfri-

star i 2014 og 2015 og endeleg frist i 2017. Saman med sentrale aktørar i sektoren arbeider direktoratet for at systemet skal leggje eit godt grunnlag for dialogar om kvalitet. Betre tilgang på statistikk og indikatorar inngår i dette arbeidet.

I løpet av 2015 skal ein nettportal om barnehagar vere ferdig utvikla. Portalen skal gi informasjon om barnehagar til foreldre og andre interesserte.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	169 803	220 513	284 939
50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	14 647	15 160	15 660
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 006	8 286	8 517
61	Investeringstilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 835		
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	125 628	130 173	134 339
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	330		
	Sum kap. 0231	321 249	374 132	443 455

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane på posten blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak, rekrutteringstiltak, informasjons- og erfaringspreiing i barnehagesektoren og utviklingsbehov som oppstår gjennom året. Ein mindre del av løyvinga kan bli nytta til tilskott til etablering av fagskoletilbod som er relevante for arbeid i barnehage.

Mål for 2015

Målet med løyvinga i 2015 er å medverke til å auke kvaliteten i barnehagane og styrkje kunnskapsgrunnlaget. Det fleirårige arbeidet med å vidareutvikle og styrkje barnehagen som pedagogisk institusjon og som ein lærande organisasjon skal førast vidare.

Rapport for 2013

I 2013 vart det over kap. 231 post 21 totalt nytta om lag 166 mill. kroner til kvalitetstiltak for barnehagesektoren. Midlane omfatta 43 mill. kroner til å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom forsking, undersøkingar og kunnskapsoversikter og 123 mill. kroner til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak.

Av dei 43 mill. kronene som vart nytta til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, vart 9,7 mill. kroner tildelte forskingsprogrammet Utdanning2020.

Kompetansesatsinga i 2013 hadde til formål både å heve kompetansen blant dei tilsette i barnehagane og å rekruttere kvalifisert personale. Satsinga omfatta kompetansetiltak for alle grupper tilsette i barnehagen, uansett erfaring og kompetansenivå. Fylkesmannsembeta har vore viktige pådrivarar i arbeidet med kompetansesatsinga. Dei har sikra at kommunale og ikkje-kommunale barnehagar har fått midlar til kompetanseheving.

Det vart i 2013 nytta om lag 12 mill. kroner til vidareføringa av leiarutdanninga for styrarar. Det

første kullet på 300 personar starta hausten 2011 med eksamen hausten 2012, og 263 av desse har fullført og bestått eksamen. Det andre kullet på 300 personar starta våren 2013 med eksamen våren 2014, av desse er det 284 som har fullført og bestått eksamen.

Det vart i 2013 nytta om lag 3 mill. kroner til stimuleringsiltak i regi av lærarutdanningane for å auke tilbodet om rettleiing for nytildanna barnehagelærarar. Om lag 80 pst. av barnehagane har slik rettleiing. Desse midlane vart nytta i samanheng med midlar til rettleiing av nyttdanna lærarar frå kap. 226 post 21.

Det vart i 2013 nytta om lag 4,6 mill. kroner til vidareutdanning i barnehagepedagogikk for pedagogisk personale som ikkje har barnehagelærar-kompetanse, tilbodet hadde 137 deltakarar.

Det vart i 2013 nytta om lag 3,9 mill. kroner til vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (såkalla PUB-studium). Tilbodet hadde 104 deltakarar i studieåret 2013–14.

Det vart i 2013 nytta om lag 28,7 mill. kroner til kompetanseheving for assistentar, og dei ulike tilboda hadde totalt 1 366 deltakarar. Dette omfatta eit tilbod til erfarne assistentar om å ta fagprøva i barne- og ungdomsarbeidarfaget for å formalisere realkompetansen sin. Til saman 519 assistentar deltok på dette tilbodet i 2013, og det vart nytta 7,3 mill. kroner til tiltaket. Vidare vart det nytta 13,9 mill. kroner til kompetansehevingsstudium, der til saman 494 assistentar deltok. Det vart òg nytta om lag 7,5 mill. kroner til at 353 assistentar fekk delta på kurs i barnehagefagleg grunnkompetanse.

Av dei nasjonale kompetansemidlane på denne posten vart det i 2013 nytta om lag 41 mill. kroner til lokale kompetanse- og utviklingstiltak for dei tilsette i barnehagane gjennom kompetansesatsinga *Vennskap og deltakelse*. Satsinga vart avslutta hausten 2013.

Det vart i 2013 nytta om lag 4,4 mill. kroner til barnehagetiltak i handlingsplanen *Likestilling 2014*. Tiltaka har omfatta drift av likestillingsteam i alle fylke, konferansar, seminar og kompetanseheving i praktisk likestillingsarbeid for dei tilsette i barnehagane.

Det vart i 2013 nytta om lag 8 mill. kroner til rekrutteringskampanjen *Verdas finaste stilling ledig*. Kampanjen omfatta i 2013 mellom anna reklamefilm for spreiding på nettet, ei eiga nettside, ein blogg, Facebook-side, PR-arbeid og deltaking på studiemesser rundt omkring i landet. Det vart òg tildelt 4,3 mill. kroner til fylkesmennene for å føre vidare regionale nettverk knytte til prosjektet GLØD og arbeidet med rekrutteringskampanjen

lokalt. Det vart nytta om lag 0,5 mill. kroner i 2013 til lønn og administrasjon i departementet til drift av prosjektet GLØD.

Det vart i 2013 nytta om lag 9 mill. kroner til arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU). 143 assistentar fekk dermed moglegheit til å starte i deltidsutdanninga for å bli kvalifiserte barnehagelærarar.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa vil styrkje arbeidet med kompetanseheving og rekruttering i barnehagesektoren. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 60 mill. kroner i 2015. Midlane skal gå til oppfølginga av kompetansestrategien, fleire studie-plassar til arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning, kompetanseutvikling for barnehagetilsette, fagbrev for ufaglærte barnehageassistentar, barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar som manglar dette, og barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak for heile personalgruppa. Totalt vil det bli nytta om lag 275 mill. kroner til tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane i 2015.

Forslaget om å løyve midlar til fleire studie-plassar til vidareutdanning for tilsette i barnehagane fører til auka utgifter til utdanningsstøtte, jf. omtale under kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617.

Departementet foreslår vidare at 60 000 kroner blir flytte til kap. 525 Fylkesmannsembetene post 01 Driftsutgifter frå og med 2015, og at desse midlane blir tildelte til Fylkesmannen i Troms. Bakgrunnen for flyttinga er at Fylkesmannen i Troms i 2012 fekk ansvaret for å føre tilsyn, behandle klagesaker og informere og rettleie Longyearbyen lokalstyre på barnehageområdet. Midlane vart i perioden 2013–14 tildelte til Fylkesmannen i Troms over kap. 231 post 21.

Løyvingsforslaget er redusert med 1,1 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyvingsforslaget redusert med 1,9 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod

Sametinget forvaltar tilskott til samiske barnehagar, barnehagar med samiske avdelingar og barnehagar med tilbod om samisk språkopplæring. I tillegg kan tilskottet nyttast til utviklingsarbeid og prosjekt i barnehagane. Sametinget og Kunnskapsdepartementet har både faste samar-

beidsmøte på administrativt nivå og konsultasjoner etter behov og nærmere avtale.

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å medverke til å legge til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen.

Rapport for 2013

I 2013 mottok Sametinget om lag 15,2 mill. kroner i tilskott til samiske barnehagetilbud. Statistikk frå Sametinget viser at det i 2013 var totalt 822 barn som gjekk i barnehagar med eit samisk tilbod. Av desse gjekk 577 barn i samiske barnehagar, 92 barn i barnehagar med samisk avdeling og 153 barn i barnehagar med samisk språkopplærings-tilbud. Av dei 822 barna hadde 780 barn nordsamisk bakgrunn, 18 barn lulesamisk bakgrunn og 24 barn sørsamisk bakgrunn.

I 2013 var det registrert 23 samiske barnehagar, same tal som i 2012, sju barnehagar med samisk avdeling, same tal som i 2012, og 22 barnehagar med samisk språkopplæringsstilbud mot 33 i 2012. Dei sistnemnde barnehagane ligg i sju fylke: Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Rogaland og Akershus.

Sametinget har som mål å utvikle meir pedagogisk materiell til barnehagar med samisk tilbod. Sametinget tildelte i 2013 midlar til 16 ulike prosjekt. Sametinget prioriterte prosjekt som omhandla utvikling av modellar for samisk språkopplæring, jf. Sametingets årsmelding.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning om og for barnehagar. Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21. Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom ulike forskingsprogram.

Mål for 2015

Målet er å få eit betre kunnskapsgrunnlag for praksis, forvaltning og barnehagepolitikk. Tilskottet skal medverke til å styrkje forskinga om og for barnehagar.

Rapport for 2013

Noregs forskingsråd har i fleire år finansiert to forskingsprogram på utdanningsområdet: Praksisrettet utdanningsforskning PRAKUT (2010–2014) og Forskning om utdanning fram mot 2020 – Utdanning2020 (2009–2018). I 2013 vart det løyvt 8 mill. kroner til PRAKUT over post 51.

Ei evaluering frå 2013 førte til samanslåing av programma i FINNUT, som er eit stort og langsiktig program for perioden 2014–23. FINNUT omfattar forskning og innovasjon i utdanningssektoren, frå barnehage og skole til høgre utdanning og vaksnes læring.

Budsjettforslag for 2015

Løyvingsforslaget er redusert med 42 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 61 Investeringstilskott, overslagsløyving

Rapport for 2013

Investeringstilskottet for nye barnehageplassar vart avvikla frå 1. januar 2012, men det vart løyvt midlar på posten i 2013 for å ta høgd for eit etterlep av ubehandla søknader om investeringstilskott knytte til etableringa av barnehageplassar i 2011. Det vart i 2013 utbetalt om lag 2,8 mill. kroner i investeringstilskott til nye barnehageplassar.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen både i og utanfor barnehagen, og skal samstundes motivere kommunane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege barn til barnehagen. Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage.

Mål for 2015

Målet for tilskottsordninga er å medverke til å legge til rette for at minoritetsspråklege barn i førskolealderen skal få betre språkforståing.

Rapport for 2013

Totalt vart om lag 126 mill. kroner nytta over posten i 2013. Av desse vart 123 mill. kroner fordelte til kommunane til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen. Om lag 3 mill. kroner vart via Fylkesmannen nytta til vidareføring av satsingar frå 2012 for å styrkje fleirkulturell praksis og fleirspråkleg utvikling i barnehagen.

Ein evalueringsrapport frå Rambøll i januar 2014 viser høg måloppnåing når det gjeld det overordna målet om at tilskottet skal medverke til at kommunen kan utforme tiltak for minoritetsspråklege barn. Kommunane bruker tilskottet på ulikt vis, til dømes ved å gi tilskottsmidlar vidare til den einskilde barnehage, ved å ha ein tilsett som kan rettleie barnehagane, ved å disponere morsmålsassistentar som barnehagane kan få bruke, eller ved å gi midlar til ein mottaksbarnehage som dei andre barnehagane kan få tips og hjelp frå.

For statistikk om minoritetsspråklege barn i barnehage, sjå del III, kap. 7 Ressursar i barnehagesektoren.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 64 Tilskott til mellombelse lokale, overslagsløyving

Rapport for 2013

Tilskottet til mellombelse lokale vart avvikla frå 1. januar 2012, men det vart løyvt midlar på posten i 2013 for å ta høgd for eit etterslep av ubehandla søknader om tilskott til mellombelse lokale knytte til etableringa av barnehageplassar i 2011. Det vart i 2013 utbetalt om lag 0,3 mill. kroner i tilskott til mellombelse lokale.

Programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Utgifter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
252	EUs utdannings- og ungdoms- program	249 537	290 360	439 921	51,5
253	Folkehøgskolar	718 206	744 043	748 597	0,6
254	Tilskott til vaksenopplæring	220 951	230 719	168 703	-26,9
255	Tilskott til freds- og menneskeretts- sentra	76 356	140 173	104 526	-25,4
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	67 818	67 653	65 283	-3,5
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	91 866	139 604	168 716	20,9
258	Tiltak for livslang læring	57 255	91 146	101 700	11,6
	Sum kategori 07.50	1 481 989	1 703 698	1 797 446	5,5

Inntekter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
3256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	12 997	11 027	11 334	2,8
	Sum kategori 07.50	12 997	11 027	11 334	2,8

Innleiing

Eit høgt kunnskaps- og kompetansenivå i heile folket er grunnlaget for sosial utjamning og for at norske verksemdar skal ha den kompetansen dei treng. Ei kompetent vaksenbefolkning legg grunnlag for nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Utdanning og kontinuerleg kompetanseutvikling stimulerer til produktivitet, omstillingsevne, meistring, deltaking i arbeid og samfunnsliv, og til styrkt sjølvkjensle og

identitet hos den einskilde. Det er derfor viktig å leggje til rette for at fleire vaksne både i og utanfor arbeidslivet skal kunne halde ved like og tileigne seg ny kunnskap og oppgradere kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring.

Hovudmålet for løyvingane under denne programkategorien er Kompetanse som trengst i dag og i framtida, jf. figur 1.2 Målbilete for Kunnskapsdepartementet. Dette målet gjeld spesielt for kompetansepolitikken. Kompetansepolitikken omfattar statlege verkemiddel for å utvikle og bruke

kompetansen i heile det norske folket gjennom heile livet. Verkemidla i kompetansepolitikken går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet har samordningsansvar for kompetansepolitikken.

I tillegg til ein del tiltak innanfor kompetansepolitikken blir utdanningsforskning, tilskott til fredsentra og utvekslingsprogrammet Erasmus+ finansierte over programkategori 07.50. Utdanningsforskninga skal, forutan generelt å gi ny kunnskap og erkjenning, medverke til høgare kvalitet i barnehagane, i skolane, i høgare utdanning og i vaksenopplæringa og gi eit solid grunnlag for politikktutvikling. Produktive og gode utdanningsforskningsmiljø skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk, og resultat.

Kontakt og samarbeid på tvers av landegrensene er viktig for å ytterlegare styrkje kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet. Samarbeid med andre land medverkar til betre kvalitet og større relevans i norsk utdanning og forskning. Gjennom norsk deltaking i internasjonale utvekslingsprogram legg departementet til rette for at elevar, studentar og tilsette ved lærestadene får høve til å skaffe seg internasjonal kompetanse og fagleg utbytte.

Freds- og menneskerettssentra har utstillingar og pedagogiske undervisningsopplegg. Dei skal formidle demokratiske verdiar og holdningar til barn og unge.

Folkehøgskolane i Noreg er eit alternativ og supplement til det formelle utdanningssystemet som skal fremme allmenndanning og folkeopplysning.

Hovudprioriteringar for 2015

Ei av dei viktigaste utfordringane for Noreg som kunnskapsnasjon er evna til å tilby vaksne som treng det, ein moglegheit til å skaffe seg naudsynte grunnleggjande dugleikar og kompetanse som ein treng i arbeids- og næringslivet. Departementet foreslår å løyve 15 mill. kroner meir til Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) i 2015. Ved behandlinga av tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet for 2014 slutta Stortinget seg til forslaget om å løyve 25 mill. kroner til å utvide BKA, slik at det òg omfattar grunnleggjande dugleikar i munnleg norsk. Dette inneber at minoritetsspråklege kan få opplæring i munnleg norsk i samband med opplæring i andre grunnleggjande dugleikar. Det er forventna auka etterspurnad på dette området etter kvart som utvidinga blir kjend.

I dag eksisterer det ikkje gode system og verkøy for å kartleggje opplæringsbehova hos vaksne i Noreg. Departementet foreslår derfor 5 mill. kroner til å utvikle kartleggingsverktøy for grunnleggjande dugleikar tilpassa vaksne. Formålet er å utvikle enkle, standardiserte kartleggingsverktøy tilpassa vaksne som dei ulike aktørane på området kan ta i bruk, blant andre Nav og kommunale vaksenopplæringar.

Under BKA-programmet i dag er det verksemdene som søker om tilskott til opplæring av sine tilsette, medan frivillige organisasjonar har moglegheit til å stå for sjølve opplæringa. Regjeringa vil leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane kan stå for både rekruttering av deltakarar og sjølve opplæringa gjennom ei utviding av BKA med ein komponent, Basiskompetanse i frivilligheita (BKF). Denne skal ha til formål å styrkje grunnleggjande dugleikar hos vaksne både i og utanfor arbeidslivet. Dette vil kunne gi fleire vaksne som treng det, tilbod om opplæring. Det er foreslått å løyve 10 mill. kroner til BKF i 2015 innanfor ramma av løyvinga til BKA. Samla foreslår departementet at det blir løyvta 169 mill. kroner til BKA og BKF i 2015.

Departementet foreslår å redusere løyvinga til studieforbunda med 40 mill. kroner i 2015, jf. kap. 254 post 70.

Læringsvitskap er ein tverrfagleg disiplin som prøver å forstå korleis læring skjer, og korleis ein kan forbetre læring og undervisning. Læringsanalyse er eit framveksande forskingsfelt innanfor læringsvitskapen. Læringsanalyse gjer bruk av store datamengder frå til dømes *Massive Open Online Courses* (MOOC), ulike digitale læringsplattformer og andre kjeldar til å få djupare innsikt i læringsprogresjon. For at vi skal kunne følgje med i utviklinga og dra nytte av det som skjer i andre land, foreslår Kunnskapsdepartementet 5 mill. kroner i 2015 til å opprette eit fagmiljø for læringsanalyse.

Internasjonalt samarbeid er viktig, og ein del av norsk utdanningspolitikk er å delta i *EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+* (2014–20), jf. Innst. 153 S (2013–2014) og Prop. 43 S (2013–2014). Erasmus+ gir moglegheiter til å delta i samarbeidsprosjekt og utveksling i heile EØS-området, EUs kandidatland og land utanfor dette området. Programmet omfattar både mobilitet, institusjonssamarbeid, samarbeid med arbeids- og næringsliv og politikktutvikling. Målgruppa er i hovudsak norske elevar, læringar, studentar, lærarar og tilsette i utdanningssystemet, barn og unge, og tillitsvalde og tilsette i barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er eit mål at fleire

skal delta i programmet. Departementet foreslår 407 mill. kroner til Erasmus+ i 2015, ein auke på 187 mill. kroner frå 2014.

Mål: Kompetanse som trengst i dag og i framtida

Med eit arbeidsliv prega av høge kompetansekrav til arbeidskraft, høg produktivitet og høge lønnskostnader er eit overordna mål for kompetansepolitikken å medverke til at norsk arbeids- og næringsliv har tilgang til og kan vidareutvikle den kompetansen som til kvar ei tid er nødvendig i verksemdene, samt medverke til inkludering i samfunns- og arbeidsliv ved at vaksne som treng det, får opplæring.

Tilstandsvurdering

OECD har lagt fram rapporten *OECD Skills Strategy Diagnostic Report Norway*. Hovudbodskaperen frå OECD er at Noreg, trass gode føresetnader, ikkje godt nok maktar å få ut potensialet i sitt eige folk når det gjeld kompetanse. Dette omfattar ei underdekning av høgkompetent og yrkesspesialisert arbeidskraft på ein del område, men også at relativt store grupper har svake grunnleggjande dugleikar. Grunnen er mellom anna at ansvar og tiltak ikkje er godt nok koordinerte til å sikre tilstrekkeleg målretta innsats. Sjå meir omtale av dette under overskrifta *Strategiar og tiltak*.

Programme for the International Assessment of Adult Competencies (PIAAC) – den internasjonale undersøkinga om lese- og talforståing – er ei OECD-undersøking som måler dugleikar og kompetanse hos vaksne i lesing, talforståing og problemløysing. Departementet medverka til å finansiere undersøkinga, som er den mest omfattande i sitt slag. Ho gjer det mogleg å samanlikne dugleikar og kompetanse i den vaksne delen av befolkninga i Noreg og 22 andre land. Resultata frå PIAAC vart publiserte i oktober 2013. Undersøkinga syner at Noreg gjer det betre enn det internasjonale gjennomsnittet i lese- og talforståing og problemløysing med IKT. Likevel tyder undersøkinga på at om lag 400 000 vaksne mellom 16 og 65 år manglar grunnleggjande dugleikar i lesing, og at 480 000 manglar grunnleggjande dugleikar i talforståing. 800 000 vaksne manglar grunnleg-

gjande IKT-dugleikar. Innvandrarar er overrepresenterte blant dei med svake grunnleggjande dugleikar. Samanlikningar med tidlegare undersøkingar tyder også på at dugleikane hos vaksne har blitt noko redusert sidan 1998. Dette gjeld alle dei skandinaviske landa.

Det er særskilt urovekkjande at unge under 25 år i Noreg skil seg ut ved å ha lågare nivå i både lesing og talforståing enn resten av befolkninga, noko som er uvanleg internasjonalt. Dei unge vaksne har òg dårlegare lesedugleikar enn OECD-gjennomsnittet. Samstundes er Noreg eitt av berre fire land som ligg over det internasjonale gjennomsnittet i alle dugleikane samla sett for alle aldersgrupper.

Ei viktig kjelde til kunnskap om framtidig kompetansebehov er Statistisk sentralbyrås (SSB) framskrivingar av tilbod om og etterspurnad etter arbeidskraft. Den siste rapporten, *Forecasting demand and supply of labour by education*, frå 2013 viser mellom anna at etterspurnaden etter delen av arbeidsstyrken med grunnskoleutdanning som si høgste fullførte utdanning, har falle kraftig sidan 1970-åra. Inkludert personar med uoppgitte utdanningsopplysningar, var delen av dei sysselsette med ein slik utdanningsbakgrunn 58 pst. i 1972, medan han har vorte redusert til 22 pst. i 2010, og ligg an til å komme ned i 16 pst. i 2030. Samstundes tyder framskrivingane på at det blir stor mangel på arbeidskraft med yrkesfagleg vidaregåande utdanning, og mangel på sjukepleiarar og lærarar. På den andre sida ligg det an til eit overskott av arbeidskraft med høgre utdanning i økonomiske og administrative fag, humanistiske og estetiske fag, og samfunnsvitskaplege og juridiske fag.

Lærevilkårsmonitoren er ei årleg kartlegging av læring og kompetanseutvikling blant vaksne som SSB har gjennomført på oppdrag frå departementet sidan 2003. Statistikken viser at deltakinga i formell utdanning og kurs og anna ikkje-formell opplæring gjekk litt ned i åra 2008–11, medan ho har auka noko i 2012–13. Mest iaugefallande er den store skilnaden i deltakinga i kurs og anna opplæring mellom dei sysselsette og dei som står utanfor arbeidslivet. I 2013 deltok over halvparten av dei sysselsette i kurs og anna opplæring, medan berre tolv pst. utanfor arbeidslivet gjorde det same.

Tabell 4.9 Vaksnes deltaking i utdanning og opplæring, 2008–13. Alle tal i prosent

Type opplæring	Gruppe	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Formell utdanning	Sysselsette	11,0	11,0	9,4	8,6	9,7	10,3
	Ikkje-sysselsette	15,1	13,5	11,7	10,6	12,4	13,2
Kurs og anna opplæring	Sysselsette	55,1	51,8	47,6	49,1	51,3	51,7
	Ikkje-sysselsette	14,9	13,2	13	10,1	12,4	12,4

Vaksne er i tabellen rekna frå 25 år og oppover, medan vaksne tidlegare har vore rekna frå 22 år.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

Vaksne som treng det, har rett til grunnskoleopplæring, jf. opplæringslova § 4A-1, og vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring, jf. § 4A-3. Likevel er det relativt få vaksne som drar nytte av desse rettane. Ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet var det i skoleåret 2012–13 til saman 9 800 vaksne frå 315 kommunar som deltok i grunnskoleopplæring. 56 pst. av desse var minoritetsspråklege. I 2012 var det 20 100 vaksne som deltok i vidaregåande opplæring. Om lag 8 800 personar som var 25 år eller eldre, avla fag- og sveineprøve i 2012–13, viser tal frå SSB. Dette var om lag 750 færre personar enn skoleåret før. Av dei vaksne som gjekk opp til fag- og sveineprøva i 2012–13, bestod om lag 93 pst. prøva. Om lag tre av fire vaksne som går opp til fag- og sveineprøve, er praksiskandidatar. Praksiskandidatordninga inneber at vaksne med minst 25 pst. lengre allsidig praksis i faget enn læretida kan framstille seg til fag- eller sveineprøve.

Tilbod om livslang karriererettleiing er viktig både for einskilde vaksne som har behov for opplæring og for verksemder i omstilling. Dette er også i tråd med tilrådinga frå OECD, sjå nærmare omtale under Strategiar og tiltak. Departementet har i 2014 oppretta masterutdanning i karriererettleiing for å auke kvaliteten på tenestene.

Andre formål under programkategori 07.50

Utdanningsforskning

Kunnskap om barnehagen, grunnopplæringa, fagskolen, høgre utdanning og læring blant vaksne har auka i omfang. Ein ser også ei positiv utvikling i kvaliteten og relevansen i utdanningsforskninga. Forskningsfeltet er vorte rikare og meir variert når det gjeld både metodar og teori. Det er viktig at denne utviklinga held fram. Dei problema som sektoren møter, blir stadig meir komplekse, og ein treng derfor ny kunnskap, nye metodar og nye for-

mer for samarbeid for å finne betre løysingar på dei utfordringane ein ser på praksisfeltet, i forvaltninga og i organiseringa og styringa av utdanningssektoren. Samstundes skal utdanningsforskninga medverke til vidare utvikling på område der norsk utdanning allereie er god. Fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram, spesielt innanfor barnehageforskninga, men også på andre område. Samarbeid, samspel og kunnskapsdeling mellom dei ulike aktørane viser ei utvikling i ønskt retning. Det er viktig å halde oppe volumet på utdanningsforskninga slik at ein får bygt fleire gode miljø.

Ifølgje NIFU-rapporten *Utdanningsforskningen i Norge i 2011: Ressurser og resultater* stod universiteta for 60 pst. av utdanningsforskninga i Noreg i 2011, medan 30 pst. av forsking vart utført av høgskolane og ti pst. av instituttsektoren. Til saman finansierte det offentlege om lag 90 pst. av utdanningsforskninga. Målt i talet på avlagde doktorgradar i 2008–12 er grunnopplæringa det største forskingsområdet innanfor utdanningsforskninga, følgd av forskning på høgre utdanning, læring i arbeidslivet og barnehage. Forsking på barnehagefeltet har hatt den største veksten i dei siste åra. 58 pst. av utdanningsforskninga var knytt til tema innanfor undervisning, læring og utvikling, medan 15 pst. av forsking handla om tilhøvet mellom utdanningssystemet, heimen og arbeidslivet. NIFU er i gang med å kartleggje ressursar og resultat for utdanningsforskninga i 2013.

Kunnskapssenter for utdanning skal ha oversikt over nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa. I 2014 har senteret mellom anna utarbeidd ei systematisk kunnskapsoversikt om lærarvurdering.

Centre for Educational Measurement at University of Oslo (CEMO) skal medverke til å styrkje den psykometriske forsking i Noreg, medverke til nasjonal kompetanseutvikling innanfor pedago-

giske målingar og utdanne kandidatar på mastergrads- og doktorgradsnivå. Senteret vil i 2015 bli finansiert over kap. 226 post 21.

Internasjonalt utdannings samarbeid

Deltaking i EUs utdanningsprogram er eit svært viktig verkemiddel for å oppnå utdanningspolitiske målsetjingar. Programmet for livslang læring (LLP) vart avslutta i 2013 og etterfølgd av programmet Erasmus+, som er EUs program for utdanning, ungdom og idrett. Dette programmet samlar alle dei tidlegare utdanningprogramma, ungdomsprogrammet og ein ny idrettskomponent i eitt program.

Sidan tidleg i 1990-åra har norsk deltaking i EUs utdanningsprogram lagt til rette for at fleire tusen elevar, lærlingar, studentar, lærarar og andre tilsette ved norske utdanningsinstitusjonar har kunna reise ut i Europa. Til dømes har nær 9 000 norske studentar vore på utveksling gjennom LLP sidan 2007. I same periode har over 12 000 personar i grunnskolen delteke i Comenius-partnerskapar, medan over 5 500 elevar og lærlingar i yrkesfag har delteke i utveksling i Europa. Samstundes har mange utanlandske studentar, elevar, lærarar og tilsette vore på utvekslingsopphald i Noreg.

Deltakinga har òg gitt norske skolar, universitet og høgskolar tilgang til eit omfattande nettverk med europeiske samarbeidspartnarar. Sidan 1992 har alle norske høgere utdanningsinstitusjonar bygt opp europeiske samarbeidsavtalar. Desse avtalane inkluderer til dømes utveksling, strategiske partnerskapar, utvikling av felles undervisningsopplegg og doble eller fellesgradar. Trass at det i studieåret 2012–13 for første gong var over 1 700 *Erasmus*-studentar frå Noreg som reiste utanlands, må talet aukast enda meir, til over 2 000 studentar årleg, for å nå opp på eit europeisk gjennomsnitt over utreisande studentar i høve til folketalet. I tillegg er no tala for innreisande studentar til norske institusjonar over to og ein halv gonger så stort som talet på studentar frå Noreg som reiser utanlands. Innreisande studentar, saman med innreisande lærarar og tilsette, er òg viktige for internasjonalisering av utdanninga i Noreg.

Folkehøgskolar og freds- og menneskerettssenter

Dei 77 folkehøgskolane i Noreg er eit alternativ og supplement til det formelle utdanningssystemet. I dei seinare åra har det totale elevtalet på folkehøgskolane lege på om lag 7 000 årselevar, det vil seie rundt ti pst. av eit årskull 19-åringar.

Eit år på folkehøgskole kan for mange unge gi moglegheit til å utvikle seg i ein modningsfase i overgangen til vaksenlivet.

Kunnskapsdepartementet gir tilskott til sju freds- og menneskerettssenter. Gjennom utstillingar og pedagogiske undervisningsopplegg gir dei kvart år opplæring til over 22 000 elevar i grunnopplæringa, samt opplæring for studentar og lærarar. Sentra har ulik profil og forskjellige pedagogiske opplegg, men felles for alle sentra er at dei på bakgrunn av erfaringar frå tidlegare konflikter og krigar ønskjer å fremme dialog og samhandling.

Strategiar og tiltak

I 2012 lanserte OECD eit prosjekt kalla Skills Strategy, som skal hjelpe medlemslanda med å utvikle eller revidere kompetansepolitiske strategiar. Kunnskapsdepartementet har koordinert arbeidet med Skills Strategy i Noreg.

I februar 2014 publiserte OECD rapporten *OECD Skills Strategy Diagnostic Report Norway*, som identifiserer sentrale kompetansepolitiske hovudutfordringar for Noreg. I september 2014 offentleggjorde OECD sluttrapporten til prosjektet, *OECD Skills Strategy Action Report*. Denne rapporten har tilrådingar om korleis Noreg kan utvikle og bruke befolkninga si kompetanse framover på ein meir effektiv og målretta måte. Vurderingane og tilrådingane til OECD byggjer på OECDs komparative analyser og data, inkludert PIAAC-undersøkinga om vaksnes grunnleggjande dugleikar og på innspel frå partane i arbeidslivet, representantar frå utdannings- og kompetanseinstitusjonar, næringslivet, Nav og nasjonale og regionale myndigheiter. Det har vore ein viktig del av prosjektet å involvere eit bredt spekter av aktørar og interessenter innanfor norsk kompetansepolitikk.

Hovudbodskapen frå OECD er at Noreg, trass gode føresetnader, ikkje godt nok greier å få ut potensialet i sitt eige folk når det gjeld kompetanse. Dette omfattar ei underdekning av høgkompetent og yrkesspesialisert arbeidskraft på ein del område, men også at relativt store grupper har svake grunnleggjande dugleikar. Grunnen er mellom anna at ansvar og tiltak ikkje er godt nok koordinerte til å sikre tilstrekkeleg målretta innsats.

Dei fem viktigaste tilrådingane frå OECD til Noreg er:

- å utvikle ein nasjonal kompetansepolitisk strategi
- å lage ein nasjonal handlingsplan for etter- og vidareutdanning
- å styrkje koplinga mellom utvikling av kompetanse og økonomisk vekst

- å utvikle eit heilhetleg system for livslang karriererettleing
- å styrkje insentiva for at fleire skal jobbe i yrke med mangel på arbeidskraft

Det overordna forslaget til tiltak frå OECD er at ein bør utforme ein kompetansestrategi for Noreg som femner alle dei største utfordringane på tvers av sektormyndigheiter og forvaltningsnivå. Ei «whole of government»-tilnærming vil ifølgje OECD vere heilt avgjerande for auka effekt av kompetansepolitiske tiltak nasjonalt og regionalt. Det vil kunne vere eit viktig verktøy for prioritering og evaluering av tiltak og gi betre koordinering av verkemiddel for ein meir effektiv kompetansepolitikk. For å følgje opp vil regjeringa starte eit arbeid med ein nasjonal strategi for kompetansepolitikken.

Regjeringa tek i tillegg sikte på å leggje fram ei melding til Stortinget om livslang læring og utanforskap. Meldinga er eit samarbeid med Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet og arbeidet blir leidd av Kunnskapsdepartementet. I meldinga vil regjeringa leggje vekt på tiltak for vaksne med svake grunnleggjande dugleikar og låg kompetanse som har auka risiko for å falle ut av utdanning og arbeidsliv, eller for ikkje å komme i arbeid.

Sjølv om vaksne med rett til grunnopplæring har rett til at opplæringa skal vere tilpassa behova til den einskilde, jf. opplæringslova § 4A, er det relativt få vaksne som deltek i slik opplæring. Departementet har i fleire år arbeidd med å utvikle fleire tiltak som kan medverke til at fleire vaksne får moglegheit til å delta i og fullføre vidaregåande opplæring. Ei oversikt over desse tiltaka er publisert i heftet *Grunnoppplæring for vaksne 2005–13*, som vart gitt ut av Kunnskapsdepartementet i 2012. Forsøk med ulike modellar som skal leggje til rette for at vaksne ufaglærte på arbeidsplassen kan delta i vidaregåande opplæring, vil bli avslutta i 2014. Forsøka omfattar modellar til ein tredje veg til fagbrev for vaksne i tillegg til eksisterande lærlingordning og praksiskandidatordning. Erfaringane frå forsøka vil bli ført vidare som prosjekt i andre sektorar som transportnæringa, servicenæringa og primærnæringane. Sjå nærmare omtale av dei ulike forsøksiltaka for vaksne i vidaregåande opplæring under kap. 258.

Ein viktig føresetnad for læringa til vaksne elevar er lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. For å auke kvaliteten i vaksneopplæringa vil departementet setje av til saman 20 mill. kroner i perioden 2013–16 til kompetanseheving

av lærarar og andre som underviser i vaksneopplæringa. Personar som underviser vaksne utanfor det formelle opplæringsystemet, er òg omfatta av satsinga. Vox har fått i oppdrag å utvikle og setje i gang lokale etterutdanningstilbod for målgruppa. Tema for etterutdanninga skal i hovudsak vere vaksenpedagogikk og opplæring i grunnleggjande dugleikar. Utviklinga av tilbodet skal skje i nært samarbeid med Utdanningsdirektoratet og supplere dei etter- og vidareutdanningstilboda som Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utvikle. Etterutdanningstilbodet gjennom Vox vil bli finansiert over kap. 258.

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) legg til rette for at personar med svake grunnleggjande dugleikar får opplæring i lesing, skriving, rekning og grunnleggjande IKT. Opplæringa skjer i tilknytning til arbeidsplassen. Ordninga vart som følge av løyvinga på 25 mill. kroner foreslått i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) utvida til også å gjelde opplæring i munnleg norsk i kombinasjon med opplæring i éin eller fleire av dei grunnleggjande dugleikane. Departementet vil styrkje BKA-ordninga i budsjettet for 2015, mellom anna med midlar retta mot frivillige organisasjonar (Basiskompetanse i frivillighet, BKF) sjå nærmare omtale under kap. 257.

Gjennom utdanningsforskningsprogrammet Utdanning2020 har Noregs forskingsråd i 2013 tildelt midlar til fire nye forskingsprosjekt om vaksne læring og kompetanseutvikling. Departementet legg opp til å setje av til saman 28 mill. kroner i perioden 2012–16 for å få fram meir kunnskap om læringa blant vaksne. Denne øyremerkte satsinga skal òg medverke til å styrkje kvaliteten og kapasiteten i norsk forskning på området, og til betre utnytting av internasjonalt komparative data om læring blant vaksne.

Kunnskapsdepartementet har oppretta eit prosjekt som arbeider med å utvikle eit overordna system for analyse, dialog og formidling av framtidige kompetansebehov. Målet er å gi eit betre kunnskapsgrunnlag som kan ligge til grunn for informerte utdanningsval og dimensjoneringa av utdanningstilboda. Prosjektet vil nytte framskrivningane frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og andre relevante analysar for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget om framtidige kompetansebehov. Vidare er det eit mål å formidle kunnskapen og skape møteplassar for diskusjon om analysane.

I løpet av hausten 2014 vil SSB publisere oppdaterte framskrivningar av tilbodet av arbeidskraft etter utdanning. Rapporten vil danne eit viktig grunnlag for meir og oppdatert kunnskap om kompetansebehova i samfunnet.

Departementet har fastsett eit nasjonalt heilskapleg kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Rammeverket klargjer forventna læringsutbytte på alle utdanningsnivåa, frå grunnskole til doktorgrad. I første halvår 2014 vart NKR henvist til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF), som beskriv åtte nivå av læringsutbytte og er eit verktøy for å kunne samanlikne utdanningssystemet i ulike land. Departementet vil fastsetje forskrift om NKR og koplinga opp mot EQF i 2015. NOKUT har ei rolle som nasjonalt kontaktpunkt for det europeiske kvalifikasjonsrammeverket. Denne rolla vil bli styrkt med fleire oppgåver i samband med informasjon og rettleiing.

Utvalet som har sett på korleis opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet kan inkluderas i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, skal levere utgreiinga si i desember 2014. Departementet vil vurdere oppfølging i 2015.

Direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar skal gjere det enklare for borgarar å få yrkeskvalifikasjonane sine godkjende for å kunne utøve eit regulert yrke i ein annan EU/EØS-stat. Direktivet vart endra ved direktiv 2013/55/EU. Endringane trer i kraft i EU frå januar 2016. Endringane skal blant anna gjere det raskare og enklare å bli godkjent for å kunne utøve eit regulert yrke i ein annan EU/EØS-stat. Direktivet vedkjem elleve departement som regulerer forskjellige yrke. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å koordinere arbeidet med å gjennomføre direktivet i Noreg.

Kunnskapsdepartementet har ei langsiktig satsing på forskning om utdanning gjennom *Program for forskning og innovasjon i utdanningssektoren*

(FINNUT) i Noregs forskingsråd. FINNUT er eit stort og langsiktig program (2014–23) som bygger på og fører vidare dei to føregåande utdanningsforskningsprogramma *Utdanning 2020* og *Praksisretta utdanningsforskning* (PRAKUT). FINNUT dekkjer forskning frå barnehage og skole til høgre utdanning og læring blant vaksne. Det skal utvikle kunnskap av høg kvalitet og stor relevans for politikktutforming, forvaltning, praksisfelt og den enkelte, medverke til fornying av forskingsfeltet og medverke til innovasjon i utdanningssektoren. FINNUT skal medverke til å vidareutvikle utdanningsforskninga som eit fleirfagleg og tverrfagleg forskingsområde og få fram meir kvantitativ og empirisk forskning. Departementet legg opp til at FINNUT får ei rammeløyving på 69,9 mill. kroner i 2015. Dette er same nivå som i 2014. Programmet vil i 2015 bli finansiert over kap. 226 post 21, kap. 231 postane 21 og 51, kap. 258 post 21, kap. 281 post 50 og kap. 285 post 52.

Det handlingsretta forskingsprogrammet FORFI skal gi eit betre kunnskapsgrunnlag for forskings- og innovasjonspolitikken, noko som igjen kan føre til meir effektiv utnytting av resultat og ressursar frå forskning. Programmet vart sett i drift i 2010, og skal gå over fem år med eit samla budsjett på om lag 50 mill. kroner. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forskning.

For å medverke til eit kvalitetslyft i helse- og sosialfaga og styrkje forskinga på profesjonsfaga har regjeringa etablert PraksisVEL, som er ei satsing gjennom Noregs forskingsråd på praksisretta forskning for helse- og velferdstenestene. Sjå nærare omtale under kap. 281 post 50, Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Tilskott	249 537	290 360	439 921
	Sum kap. 0252	249 537	290 360	439 921

Post 70 Tilskott

Noreg deltek i EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+ (2014–2020), jf. Innst. 153 S (2013–2014) og Prop. 43 S (2013–2014). Løyvinga på posten dekkjer kontingenten for

norsk deltaking i programmet. Løyvinga dekkjer også kostnader knytte til prosjekt som ennå ikkje er avslutta i EUs program for livslang læring (LLP), som varte frå 2007 til 2013, samt gjenstående utbetalingar til Erasmus Mundus og Aktiv ungdom.

Erasmus+ gir moglegheiter til å delta i samarbeidsprosjekt og utveksling i heile EØS-området, EUs kandidatland og land utanfor dette området. Programmet omfattar både mobilitet, institusjonssamarbeid, samarbeid med arbeids- og næringsliv og politikktutvikling. Målgruppa er i hovudsak norske elevar, lærlingar, studentar, lærarar og tilsette i utdanningssystemet, barn og unge, og tillitsvalde og tilsette i barne- og ungdomsorganisasjonar. Norsk deltaking vil gi norske skolar, universitet, høgskolar og andre aktørar tilgang til eit omfattande nettverk av samarbeidspartnarar av høg kvalitet.

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) er nasjonale kontor for Erasmus+. Dei administrerer dei midlane som blir tildelte Noreg gjennom ein europeisk fordelingsnøkkel. Det er berre om lag ti pst. av midlane i Erasmus+ som blir fordelte sentralt etter konkurranse på europeisk nivå. Sjå omtale av SIU under kap. 280 post 50.

Mål for 2015

Noreg deltek i Erasmus+, som er EUs program for utdanning, ungdom og idrett for perioden 2014–20. Formålet med den norske deltakinga i EUs utdanningsprogram er å styrkje kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet. Deltaking i Erasmus+ er også ein del av norsk utanrikspolitik. Det er eit mål å sørgje for høg kvalitet på norske søkjarar, og godt tilslag på dei om lag ti pst. av midlane som blir delte ut etter konkurranse sentralt i EU. Statistikkgrunnlaget må vidareutviklast og bli meir tilgjengeleg.

Rapport for 2013

I perioden 2007–13 deltok Noreg i EUs program for livslang læring *Action Programme in the field of Lifelong Learning* (LLP). LLP dekte heile utdanningsløpet frå barnehage til vaksenopplæring og bestod av fire sektoraktivitetar: Comenius, Leonardo da Vinci, Erasmus og Grundtvig. Alle dei fire sektoraktivitetane i LLP medverka til å stimulere den faglege utviklinga til institusjonane, elevane, dei tilsette og studentane. Dette byggjer opp under at den norske utdanningspolitikken legg vekt på internasjonalt samarbeid som eit viktig verkemiddel. Språkkompetanse og kulturkunnskap er svært viktig for at næringslivet og samfunnet skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv.

Comenius var eit program for samarbeid mellom barnehagar, grunnskolar og vidaregåande skolar i europeiske land. Programmet gav økonomisk støtte både til personar og til institusjonar. Innanfor Comenius har det i fleire år vore ein aukande interesse, og det gjeld spesielt skolepartnarskapan. 2 476 personar deltok her i utveksling i 2013. Dette var ein lita auke på om lag seks pst. frå året før, men er ein auke på 41,6 pst. frå 2008. Til saman deltok over 12 000 personar i Comenius-partnarskapar i programperioden. Vidaregåande skolar utgjorde majoriteten av deltakarane i partnarskapan, medan barnehagane framleis i 2013 låg under fem pst. av totalen. Innanfor Comenius etterutdanning har det vore eit lite skifte i retning av at barnehagar deltok hyppigare enn tidlegare, noko som kan tyde på at konsentrert strategisk satsing mot målgruppa har gitt konkrete resultat.

Leonardo da Vinci var eit program for samarbeid innanfor fag- og yrkesopplæringa i EU. Programmet la til rette for kompetanseutvikling gjennom utplassering i bedrifter eller i yrkesfaglege utdanningsinstitusjonar i europeiske land. Mange norske utdanningsinstitusjonar og bedrifter brukte ordninga som eit verkemiddel for å auke rekrutteringa innanfor ulike fag, fremme lærelyst og motivasjon, og førebu norske elevar og lærlingar på arbeid ved fleirkulturelle arbeidsplassar. Eitt av verkemidla i Leonardo da Vinci var eit mobilitetsprosjekt der talet på deltakarar i 2013 minka frå 1 240 i 2012 til 1 191, ein nedgang på om lag fire pst. Til tross for nedgang i søkjartalet er likevel talet i 2013 høgt. Sidan oppstartsåret 2008 har talet på deltakarar auka med 76,4 pst., og til saman har om lag 5 500 personar delteke i mobilitetsprosjekt i Leonardo da Vinci-programmet.

Erasmus var EUs program for samarbeid innanfor høgre utdanning. Programmet gav økonomisk støtte til institusjonar slik at både studentar og tilsette ved institusjonane fekk moglegheit til å studere eller arbeide i Europa. Dei aller fleste norske høgre utdanningsinstitusjonar hadde tilgang til deltaking i Erasmus' mobilitetsaktivitetar. Det har vore ei positiv utvikling i studentutvekslinga ut frå Noreg i dei siste åra. I studieåret 2012–13 var det for første gong over 1 700 Erasmus-studentar frå Noreg som reiste utanlands. Veksten frå året før er ikkje så stor, men han kjem på toppen av ein auke på ti pst. i begge dei to føregåande åra. Veksten samanlikna med studieåret 2007–08 er på 47,9 pst. Til saman har nær 9 000 Erasmus-studentar frå Noreg reist utanlands så langt i programperioden. Dette viser at programmet blir opplevd som stadig meir attraktivt, men for å nå opp på eit europeisk snitt må talet aukast til over 2 000 stu-

dentar årleg. Den største utfordringa er å få fleire studentar til å velje praksisopphald i utanlandsk næringsliv. Ei annan utfordring er at talet på Erasmus-studentar som reiser inn til Noreg, er meir enn dobbelt så høgt som for dei utreisande studentane. I 2012–13 var det 4 610 innreisande studentar til norske institusjonar. Desse, saman med innreisande lærarar og tilsette, er samtidig eit viktig instrument for internasjonalisering av utdanninga heime. Trenden for norske lærarar og tilsette som deltek i programmet, er positiv, der deltakinga ligg omtrent på gjennomsnittleg europeisk nivå. Det er i hovudsak høgskolane som nyttar seg av tilbodet, men det kan sporast ein stigande tendens for dei største universiteta. I studieåret 2012–13 var det 778 tilsette som reiste utanlands til ein annan institusjon. Dette er ein auke på 26,1 pst. frå førre studieår, medan auken

frå oppstartsåret 2007–08 er på 61,4 pst. Totalt har om lag 3 500 lærarar og tilsette ved universitet og høgskolar reist utanlands gjennom Erasmus-programmet under LLP.

Grundtvig var EUs program for samarbeid mellom institusjonar og organisasjonar som legg til rette for læring blant vaksne. Gjennom økonomisk støtte gjorde ordninga det mogleg å samarbeide med andre europeiske land for å lære meir om læring blant vaksne. I 2013 var det 348 norske deltakarar gjennom Grundtvig-partnerskapar. Dette var ein auke i deltakinga på nær ni pst. samanlikna med 2012, og det er det største deltakartalet sidan programmet starta opp i 2007. Til saman har om lag 1 600 personar delteke i partnerskapar i Grundtvig-programmet så langt i programperioden.

Tabell 4.10 Deltaking i EUs program for livslang læring, 2007–13

Studieår	2007–08	2008–09	2009–10	2010–11	2011–12	2012–13	Endring i perioden
<i>Erasmus</i>							
Utreisande studentar	1 154	1 410	1 356	1 529	1 690	1 707	47,9 %
Innreisande studentar	2 847	3 402	3 865	4 281	4 347	4 610	61,9 %
Utreisande lærarar og tilsette	482	477	561	615	617	778	61,4 %
Innreisande lærarar og tilsette	448	482	670	660	632	583	30,1 %
Kalenderår	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring i perioden
<i>Comenius</i>							
Deltakarar i partnerskapar	1 748	1 760	1 920	1 876	2 328	2 476	41,6 %
<i>Grundtvig</i>							
Deltakarar i partnerskapar	228	240	216	228	320	348	52,6 %
<i>Leonardi da Vinci</i>							
Deltakarar i mobilitetsprosjekt	675	762	801	920	1 240	1 191	76,4 %

Nokre av tala i tabellen er korrigererte frå i fjor. Dette skyldast oppjusterte tal frå SIU.

Kjelde: Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)

Budsjettforslag for 2015

I Prop. 43 S (2013–2014) gjekk regjeringa inn for full norsk deltaking i EUs program for ungdom, utdanning og idrett, Erasmus+. Basert på EUs vedtatte budsjetttramme for programperioden 2014–20, anslo regjeringa Noregs kontingent for deltaking i Erasmus+ til om lag 3,3 mrd. kroner. Kontingenten er til ei kvar tid avhengig både av valutakurs og av at EØS/EFTA-statanes bidrag

blir rekna ut frå deira BNP og blir uttrykt i prosent av EUs programbudsjett, den såkalla «proporsjonalitetsfaktoren» for EØS/EFTA-statane. Stortinget vedtok 1. april 2014 norsk deltaking i Erasmus+, jf. Innst. 153 S (2013–2014). Etter at Stortinget slutta seg til norsk deltaking i Erasmus+ har det kome ny informasjon frå EU som inneber at den samla ramma for programmet er auka med 1,68 mrd. euro. Dette gjeld den «internasjonale dimensjonen» av programmet. Dette

inneber at Noregs forpliktingar i programmet er anslått å bli på 3,9 mrd. kroner, mot tidlegare anslag på 3,3 mrd. kroner. I 2015 blir kontingenten anslått til 406,7 mill. kroner.

Sjølv om programperioden for EUs program for livslang læring (LLP) vart avslutta i 2013, er det framleis kostnader knytte til prosjekt som ennå ikkje er avslutta. Uteståande beløp er anslått til om lag 9,7 mill. kroner, og ut frå tidlegare erfaringar forventar ein at dette beløpet blir betalt ut i 2015.

Like eins er det anslått eit uteståande beløp på om lag 6,9 mill. kroner knytt til utdanningsprogrammet Erasmus Mundus, som ein forventar blir betalt ut i 2015. Dette programmet vart tidlegare finansiert over kap. 281 post 73, og departe-

mentet foreslår å flytte denne delen av løyvinga til kap. 252 post 70.

For ungdomsprogrammet Aktiv Ungdom, som tidlegare vart finansiert over budsjetta til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, er det anslått eit uteståande beløp på om lag 7,7 mill. kroner som ein forventar blir betalt ut i 2015. Regjeringa foreslår å flytte denne delen av løyvinga frå kap. 857 Barne- og ungdomstiltak post 79 Tilskott til internasjonalt ungdomsarbeid til kap. 252 post 70.

Vidare er det sett av om lag 8,9 mill. kroner som skal dekkje kostnadene for fem norske ekspertar på utdanningsområdet til Erasmus+.

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve til saman 439,9 mill. kroner over posten i 2015.

Kap. 253 Folkehøgskolar

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Tilskott til folkehøgskolar	712 579	738 219	743 316
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 380	4 533	4 683
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	1 247	1 291	598
	Sum kap. 0253	718 206	744 043	748 597

Folkehøgskolane er eit supplement til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdannings-systemet og i arbeidslivet. Skoleslaget har lange tradisjonar i Noreg, og den første skolen vart oppretta i 1864. Tilskottet er tredelt. Basistilskottet er likt for kvar folkehøgskole. Elevtilskottet blir fastsett på grunnlag av gjennomsnittleg elevtal for dei tre åra før det føregåande året. Tilskott til husleige blir fordelt etter innstilling frå Folkehøgskolerådet. I tillegg får fire folkehøgskolar der ein stor del av elevane har redusert funksjonsevne, eit særskilt tilskott for desse elevane. Tilskottsordninga til folkehøgskolane er budsjettstyrt.

Folkehøgskolane gir tilbod om langkurs på 16,5 veker eller meir og kortkurs på minst tolv timar. Langkurs er kjerneverksemda til folkehøgskolane, og etter lova skal minst 50 pst. av den samla verksemda til kvar skole vere langkurs. Føresegner om kursordningar, elevrapportering, tilskottsmodell m.m. er gitt i forskrifta til folkehøgskolelova.

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Mål for 2015

Målet med tilskottet er å fremme allmenndanning og folkeopplysning gjennom å medverke til at det kan opprettast og drivast folkehøgskolar.

Rapport for 2013

Det er totalt 77 folkehøgskolar spreidde over heile landet. Talet inkluderer Nordnorsk Pensjonistkskole og Norsk senter for seniorutvikling, som begge er godkjende som folkehøgskoleliknande tiltak og får tilskott etter folkehøgskolelova. Desse to skolane har dispensasjon til berre å halde kortkurs.

Folkehøgskolane har ikkje eksamen, og elevane bur i internat på skolen. Skolane fastset sitt eige verdigrunnlag, og dei har pedagogisk fridom. Folkehøgskolane har ulike typar kurs på ei rekkje område. Størsteparten av kursa er langkurs som varer i 95 dagar eller meir, fordelte over minst 16 og ei halv veke. I tillegg har skolane kortkurs, som varer i minst to dagar og maksimum 94 dagar.

Tabell 4.11 Elevar i folkehøgskolar

	2010	2011	2012	2013
Elevar med langkurs (vår og haust)	13 840	14 747	14 496	13 948
Elevar med kortkurs (3 dagar–16 veker)	19 049	17 752	18 779	18 489
<i>Sum elevar</i>	<i>32 889</i>	<i>32 499</i>	<i>33 275</i>	<i>32 427</i>
Årselevar langkurs	6 945	7 077	6 957	6 777
Årselevar kortkurs	745	676	712	706
<i>Sum årselevar</i>	<i>7 690</i>	<i>7 753</i>	<i>7 669</i>	<i>7 483</i>
<i>Sum godkjende årselevar / fast elevtal</i>	<i>7 608</i>	<i>7 695</i>	<i>7 595</i>	<i>7 429</i>
<i>Tilskottselevar</i>	<i>6 989</i>	<i>7 063</i>	<i>7 304</i>	<i>7 570</i>

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2015

Departementet har godkjent ny folkehøgskole i Kristiansand for oppstart i skoleåret 2015–16. Budsjetteffekten for oppstart hausten 2015 utgjør 3,4 mill. kroner som vil omdisponerast frå kortkursverksemda. Med dette vil det vere 78 folkehøgskolar i Noreg.

Departementet foreslår ei løyving på totalt 743,3 mill. kroner til folkehøgskolar i 2015. Dette er ein reell reduksjon på 19,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2014.

Langkurs er kjerneverksemda til folkehøgskolane, og departementet foreslår at reduksjonen i løyvinga på posten blir retta mot kortkursa. Nordnorsk Pensjonistiskole og Nestor Seniorutvikling driv berre med kortkurs, og vil med dette forslaget vere blant dei som får redusert løyvinga si i 2015.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskolane. Rådet har eit fast sekretariat.

Tilskottet medverkar til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga på posten vidare på same nivå.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Tilskottet går til dekning av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkhögskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève.

Nordiska folkhögskolan i Kungälv vart etablert i 1947 for å styrkje nordisk samkvem. Skolen skal mellom anna medverke til å utvikle dei skapande evnene til elevane og auke solidarisk medverking i samfunnsutviklinga i Norden og elles i verda.

Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève vart starta i 1931 ved at fagrørsla i Norden ønskte å gi sine tillitsvalde innsikt i og forståing av internasjonale spørsmål. Det årlege kurset ved Genève-skolen har frå 1996 ei lengd på fire veker, og blir halde i samarbeid med FN-organisasjonen ILO. Kvart år deltek det i underkant av 40 fagforeiningsmedlemmer frå alle dei nordiske landa. Av desse er ca. elleve elevar frå Noreg.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre vidare løyvinga til Nordiska folkhögskolan i Kungälv på same nivå som i 2014. Genève-skolen er ikkje ein godkjend folkehøgskole etter folkehøgskolelova. Departementet foreslår at løyvinga til Genève-skolen blir avvikla og at løyvinga på posten blir redusert med 0,7 mill. kroner.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Tilskott til studieforbund	189 054	196 671	162 501
71	Tilskott til nettskolar	15 169	15 700	
72	Tilskott til studiesenter	5 128	6 342	
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	11 600	12 006	6 202
	Sum kap. 0254	220 951	230 719	168 703

Post 70 Tilskott til studieforbund

Livslang læring finn stad på mange arenaer, og opplæring i og gjennom frivillig sektor er ein god læringsarena for mange vaksne. Gjennom tilskott til studieforbund og frivillige organisasjonar ønskjer regjeringa å leggje til rette for at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet. Tilskottet medverkar til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor, og skal føre til reduserte opplæringskostnader for deltakarane. Opplæringa skjer i regi av 15 landsdekkjande studieforbund og dei 487 medlemsorganisasjonane deira. Desse organisasjonane består av frivillige og ideelle organisasjonar og har til saman tusenvis av lokallag spreidde over heile landet. Blant desse organisasjonane er ideelle opplæringstilbydarar, fagforeiningar, barne- og ungdomsorganisasjonar, samiske organisasjonar, idrettslag, korps, kor, religiøse organisasjonar, og medlemsorganisasjonar for personar med nedsett funksjonsevne. Tilskottsordninga blir forvalta av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Ein mindre del av tilskottet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskolar, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Mål for 2015

Formålet med tilskottet til studieforbund er å fremme livslang læring gjennom å leggje til rette for organiserte læringsaktivitetar på sida av det formelle utdanningssystemet. Tilskottet skal medverke til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne. I samsvar med vaksenopp-

læringsloven skal studieforbunda drive opplæringsaktivitet på grunnlag av fleire overordna mål. Mellom anna skal studieforbunda medverke til å styrkje det kulturelle mangfaldet og auke deltakinga i kulturlivet, samt vere ein arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod for vaksne.

Departementet har starta eit arbeid med å vurdere korleis tilskottsordninga, herunder lov og forskrift, kan utviklast for å betre måloppnåinga og gi ei meir effektiv forvaltning. Arbeidet skjer i dialog med Vaksenopplæringsforbundet (VOFO), som er fellesorganisasjonen for studieforbunda, jf. post 73.

Rapport for 2013

Vaksenopplæringsloven, som vart gjeldande frå 2010, innførte nye krav til godkjenning av studieforbund. I overgangsperioden 2010–12 måtte studieforbunda søkje om ny godkjenning, og talet på godkjende studieforbund gjekk ned frå 21 i 2010 til 15 i 2013. Nokre studieforbund slo seg saman i løpet av overgangsperioden, medan andre mista godkjenninga si. To studieforbund, Studieforbundet KOR og Senterpartiets studieforbund, vart i 2013 godkjende for tilskott frå 1. januar 2014.

Aktiviteten i studieforbunda har samla vore stabil sidan 2011, men det er betydelege endringar for einskilde forbund. Ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) rapporterte studieforbunda om ein samla aktivitet på 42 984 kurs i 2013. Samanlikna med året før arrangerte studieforbunda 628, eller 1,5 pst., fleire kurs. I tillegg hadde dei 15 500 fleire deltakarar i 2013, noko som er ein auke på 3,2 pst. Studieforbundet Folkeuniversitetet stod aleine for 27 pst. av samtlege kurs og hadde 33 pst. av alle deltakarane.

Talet på kurstimar har halde seg relativt stabilt i perioden 2008 til 2013. I 2013 var talet på kurs-

timar på om lag det same nivået som i 2012. Talet på deltakarar var 493 180. 42 pst. av kursdeltakarane var 50 år eller eldre, medan 14–29-åringar utgjorde 27 pst. av alle deltakarane. Dei tre største studieforbunda målt i tilskott er Studieforbundet Folkeuniversitetet, Studieforbundet Funkis og

Musikkens Studieforbund, og desse står som mot-takarar av 55 pst. av det statlege tilskottet. Talet på timar med tilretteleggingstilskott er nær uendra frå 2012, og størstedelen går til studieforbundet Funkis.

Tabell 4.12 Aktivitet og deltaking i studieforbunda, 2008–13

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Deltakarar	483 000	470 000	504 000	471 000	478 000	493 200
Kurs	36 300	35 900	40 200	42 600	42 400	43 000
Kurstimar	1 230 000	1 200 000	1 310 000	1 400 000	1 350 000	1 350 000

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

Som i tidlegare år var kursa innanfor estetiske fag og handverksfag dei mest populære. I 2013 deltok 43 pst. av deltakarane på slike kurs, medan 21 pst. deltok i kurs innanfor organisasjons- og leiingsfag.

Studieforbunda skal i årsmeldinga si rapportere om dei seks overordna måla som er fastsette i voksenopplæringsloven § 4. For å få så heilskapleg rapportering som råd utvikla Vox i 2012 ein felles mal for rapporteringa. Fleire studieforbund nytta malen i rapporteringa for 2013 enn for 2012. Samla sett er rapporteringa no meir informativ enn tidlegare. Som tidlegare år syner rapporteringa for 2013 at det er vanskeleg for studieforbunda å rapportere konkret i høve til dei generelle målformuleringane i voksenopplæringsloven § 6.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å redusere løyvinga til studieforbunda reelt med 40 mill. kroner i 2015.

Post 71 Tilskott til nettskolar

Formålet med tilskottet er å medverke til at godkjende nettskolar utviklar og utvidar moglegheitene for fleksibel, livslang læring gjennom utvikling av metodar og kvalitet i fjernundervisninga. Nettskolar som er godkjende ut frå krava i voksenopplæringsloven, kan søkje om tilskott. Fellesorganet for nettskolane, Flexibel utdanning Norge (FuN), tidlegare Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF), skal gi ei fagleg vurdering av bruk og fordeling av det årlege tilskottet, og innstiller til Vox, som forvaltar løyvinga. Sjå òg omtale under post 73.

Rapport for 2013

Ved utgangen av 2013 var det 18 godkjende nettskolar. Tre av dei vart godkjende i 2013. Alle dei 16 nettskolane som søkte om støtte til utviklingsprosjekt i 2013, fekk midlar. Til saman vart det søkt om 28,1 mill. kroner, medan det vart løyvt 15,2 mill. kroner til 24 prosjekt i 2013. Prosjekta omfattar utvikling av undervisningsløysingar, læringsressursar, studentstøtte og studentadministrative tiltak. Dei fleste prosjekta er gjennomførte etter planen, men som tidlegare var det krevjande for nettskolane å gjennomføre store utviklingsprosjekt i løpet av eitt kalenderår. For å medverke til at utviklingsprosjekta skal ha overføringsverdi, har FuN arrangert møteplassar og halde arrangement for erfaringsutveksling om søknadsprosessar og utviklingsarbeid.

Statistikk frå SSB viser at 21 400 personar deltok i utdanning gjennom dei godkjende nettskolane. Dette var ein auke i deltakinga på om lag 23 pst. frå det førre skoleåret. Om lag 18 pst. av deltakarane tok universitets- og høgskoleutdanning, medan elleve pst. tok fagskoleutdanning, og 13 pst. tok vidaregåande opplæring. 58 pst. tok kurs som ikkje var knytte til formelle utdanningsnivå. Talet på innrapporterte fullførte kurs 2012/2013 var 5 500, ein nedgang på om lag 40 pst. frå det førre skoleåret. Dette store avviket i kursfullføringar kan skuldast at tal frå NKS Nettstudier ikkje er med i årets publisering på grunn av mangelfull rapportering. I 2011/2012 sto NKS for 37 pst. av fullføringane. 25 pst. av kursfullføringane var knytte til universitets- og høgskoleutdanning. 61 pst. av alle kursdeltakarane var 30 år eller eldre. Kvinner er i fleirtal i alle alderskategoriar.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å avvikle tilskottet til nettskolar i 2015. I dag bør nettstøtta læring vere ein del av utviklingsarbeidet ved alle høgskolar, universitet, fagskolar og andre utdanningsinstitusjonar. Departementet vil derfor ikkje lenger gi særskilt støtte til slikt utviklingsarbeid ved utvalde skolar, men legg til grunn at dette utviklingsarbeidet blir finansiert innanfor ordinære rammer ved alle institusjonar.

Post 72 Tilskott til studiesenter

Tilskottet er øyremerkd Studiesenteret Finnsnes AS og Studiesenteret.no AS og skal medverke til at dei kan tilby eller formidle kurs, høgre utdanning og andre vaksenopplæringstiltak som alternativ eller supplement til opplæring ved andre utdanningsinstitusjonar.

Tilskottsordninga blir forvalta av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Rapport for 2013

Studiesenteret Finnsnes tilbyr desentralisert og fleksibel utdanning i Midt-Troms. Senteret formidla i 2013 desentraliserte studium i samarbeid med tre høgre utdanningsinstitusjonar og tilbyr òg nokre kurs i eigen regi. Studiesenteret Finnsnes rapporterte om 247 studentar i 2013. Studiesenteret Finnsnes skal vere relevant for næringsliv og industri i ytre Midt-Troms. Måloppnåinga her er relativt svak, og det vart berre gjennomført to konkrete opplæringstiltak for næringslivet i 2013. Studia som senteret tilbyr, er i hovudsak retta inn mot offentleg sektor.

Studiesenteret.no hadde 47 lokale studiesenter knytte til nettverket i 2013, blant dei var det fem høgskolar. Senteret rapporterte om at dei hadde 1 116 personar registrerte som studentar i 2013, medan 786 av dei var aktive per 31. desember 2013. Desse er studentar som Studiesenteret.no har formidla studietilbod til, men som studerer ved dei ulike institusjonane som er knytte til senteret. Ved Studiesenteret.no har det vore problem med økonomiforvaltninga, og utbetalinga for andre halvår 2013 fall bort.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å avvikle tilskottet til dei to studiesentra. Det finst mange regionale aktørar som tilrettelegg mellom utdanningsinstitusjonar på den eine sida og arbeids- og næringsliv og

enkelpersonar på den andre sida. Medverknaden og resultatata til desse to aktørane tilseier etter departementets meining ikkje eit tilskott frå staten til aktiviteten.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar**Mål for 2015**

Tilskottet skal medverke til drifta av fellesorgana for studieforbunda og nettskolane, Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) og Fleksibel utdanning Norge (FuN), som fram til hausten 2013 heitte Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning (NFF). Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane knytte til forvaltning av tilskott til nettskolar og studieforbund, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda. Sjå òg omtale under postane 70 og 71.

Rapport for 2013

Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er ein interesseorganisasjon for godkjende studieforbund. 14 av dei 16 studieforbunda og 450 medlemsorganisasjonar var medlemmer av VOFO i 2013. VOFO har i 2013 arbeidd med fleire saker knytte til iverksetjinga av vaksenopplæringsloven av 2009 med forskrift. Sidan 2012 har all aktivitetsrapportering frå studieforbunda til SSB skjedd gjennom eit felles kursadministrasjonsprogram for studieforbunda (KursAdmin). Studieforbunda rapporterer aktiviteten, medan VOFO kvalitetssikrar rapporteringa. VOFO deltek i fleire nettverk og prosjekt om frivillig arbeid og læring hos vaksne, både nasjonalt og internasjonalt. Etter tilsyn hos VOFO, vurderte Vox at aktivitetane i hovudsak er i tråd med måla for ordninga, men Vox stilte like fullt nokre spørsmål ved organisering, handsaming av fellesoppgåver for studieforbunda og økonomiske disposisjonar.

Fleksibel utdanning Norge (FuN) er fellesorgan for offentleg godkjende nettskolar og medlemsorganisasjon for institusjonar som tilbyr fjernundervisning og fleksibel utdanning. Organisasjonen har til saman 42 medlemmer, medrekna 17 av dei godkjende nettskolane som kan søkje om tilskott over post 71. I tillegg til nettskolane er 15 høgskolar og universitet medlemmer. I 2013 har FuN arbeidd med oppgåver som følgjer av endra retningslinjer for tilskott til nettskolane etter siste endring i vaksenopplæringsloven. Det gjeld mellom anna grunnlag for rapportering og statistikk. FuN har i 2013 medverka i utlysing av tilskott over post 71, gjort ei fagleg vurdering av

søknadene, og gitt ei innstilling om bruk og fordeling av tilskottet til Vox. Organisasjonen er engasjert i fleire norske, nordiske og europeiske utviklingsprosjekt om fjernundervisning og fleksibel utdanning.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å redusere løyvinga til vaksenopplæringsorganisasjonar med reelt 6,2 mill. kroner i 2015.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	32 104	30 170	31 166
71	Falstadsenteret	17 487	17 064	18 111
72	Stiftelsen Arkivet	8 600	6 831	8 768
73	Nansen Fredssenter	5 490	5 682	5 870
74	Narviksenteret, <i>kan overføres</i>	3 180	70 048	29 890
75	Det europeiske Wergelandsenteret	7 365	7 623	7 875
76	Raftostiftelsen	2 130	2 755	2 846
Sum kap. 0255		76 356	140 173	104 526

Freds- og menneskerettssentra er stiftelsar som arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling innanfor områda demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord. Tilskotta skal medverke til at sentra kan vere med på å synleggjere historia på dette området, styrkje fredsarbeid og mellommenneskeleg forståing, og gi opplæring i demokratiske verdiar og holdningar, særleg blant barn og unge.

Tilskottsforvaltninga under kapitlet er delegert til Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, unnateken post 75 Det europeiske Wergelandsenteret, som får tilskott direkte frå departementet.

Post 70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) kan drive forskning, dokumentasjon, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, minoritetsspørsmål og menneskerettar. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2013

Senteret tok imot 5 664 elevar og studentar i 2013. Samla registert besøkstal ved HL-senteret var på 11 600 personar. Senteret byrja i 2013 arbeidet med ei utstilling, «Veien til paragrafen», i samband med grunnlovsjubileet. Arbeidet er ei oppfølging av det avslutta prosjektet «Jøden som kulturell konstruksjon».

HL-senteret utvikla i 2013 ein *Tiltaksplan mot antisemittisme* basert på tilrådingane i rapporten *Antisemittisme i Norge*, som HL-senteret la fram i 2012. Senteret har i 2013 samarbeidd med Riksteatret om oppsetjinga av Otto Humlungs teaterstykket *Tvillingsjeler* og halde foredrag om det norske holocaust over heile landet. I 2013 har HL-senteret vidareutvikla satsinga si på kunnskap om den nasjonale minoriteten rom. På oppdrag frå daverande Fornings-, administrasjons- og kyrkje-departementet arbeidde senteret i 2013 med lag-naden til romfolk under den andre verdskrigen. Arbeidet skal vere ferdig i 2014. I september 2013 arrangerte senteret ein internasjonal konferanse med tittelen *The Nazi Genocide of the Roma. Reevaluation and Commemoration*.

HL-senteret fekk i samband med revidert nasjonalbudsjett 2013 ei løyving på 20 mill. kroner

til vedlikehald, ei eventuell mindre utbygging, modernisering og betre utnytting av bygningsmassen. Delar av løyvinga har gått med til å setja i stand bunkeren til Quisling, som vart opna for besøkande i 2014.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 71 Falstadsenteret

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter om fangehistorie frå den andre verdskrigen, og fremme kunnskap om demokrati, humanitær folkerett og menneskerettane. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringsstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2013

I 2013 deltok 4 687 elevar frå ungdomsskolar og vidaregåande skolar i undervisningsopplegg ved eller i regi av Falstadsenteret. Dette er ein nedgang på 19,2 pst. frå 2012. Til saman besøkte 11 000 personar Falstadsenteret i 2013, noko som var ein nedgang på fem pst. frå 2012. Undervisningsopplegget omfattar mellom anna eit dagsopplegg for elevar om Falstad og fangehistorie, menneskerettar og demokrati.

Falstadsenteret tilsette hausten 2011 ein prosjektleiar som skal arbeide med forskings- og utviklingsarbeid om undervisning i menneskerettar. Prosjektet skal etter planen avsluttast i 2014 og er eit samarbeid mellom Falstadsenteret, Det europeiske Wergelandsenteret og Program for lærarutdanninga ved NTNU.

I 2013 arrangerte senteret ein konferanse om undervisning i historie og menneskerettar med tittelen *Crossing Borders*, som samla deltakarar frå fem land. Falstadsenteret har saman med HL-senteret og Wergelandsenteret og dei jødiske musea eit samarbeid med det nye jødiske museet i Warszawa.

Kommandantboligen på Falstad vart i 2012 stilt til disposisjon for Falstadsenteret gjennom ein leigeavtale med Statsbygg. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2013 løyvde Stortinget 1 mill. kroner for å leggje til rette for å bruke Kommandantboligen.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa foreslår å flytte 0,5 mill. kroner frå kap. 320 Almenne kulturformål post 74 Tilskudd til Norsk kulturråd til kap. 255 post 71. Sjå omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Kulturdepartementet. Midlane skal leggjast inn i det ordinære tilskottet til Falstadsenteret. Kunnskapsdepartementet foreslår elles å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet er eit informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkeretten og menneskerettane, og er eit senter for demokrati og fredsskapande arbeid. Tilskottet skal særleg medverke til at stiftelsen kan tilby eit godt opplæringsstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2013

Om lag 6 100 elevar, studentar og lærarar har i 2013 vore med på ulike undervisningsopplegg ved Stiftelsen Arkivet, med tema som rasisme, menneskerettar, barn i krig og mobbing. 3 380 elevar var på omvising i Gestapokjellaren. Alt i alt hadde senteret meir enn 12 500 besøk i 2013, ein reduksjon på fire pst. frå 2012.

Senteret samarbeider med Universitetet i Agder om to doktorgradsprosjekt, eitt om kinoen som konfliktarena under den andre verdskrigen, og eitt om krigsseglarane. I 2013 gav Arkivet ut to bøker: *Flystyrten over Konsmo i 1943* og *Bakteppe – to brødre og krigen*, samt tidsskriftet *Nytt Blikk*. Stiftelsen Arkivet var i 2013 òg arena for fleire kulturtiltak, arrangement og markeringar av mellom anna holocaustdagen og russerfanganes dag.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2013 fekk Stiftelsen Arkivet ei tilleggslyyving på 2 mill. kroner til nødvendig vedlikehald og formidlingsutstyr.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa foreslår å flytte 1,2 mill. kroner frå kap. 320 Almenne kulturformål post 74 Tilskudd til Norsk kulturråd til kap. 255 post 72. Sjå omtale i Prop. 1 S (2014–2015) for Kulturdepartementet. Midlane skal leggjast inn i det ordinære tilskottet til Stiftelsen Arkivet.

Kunnskapsdepartementet foreslår i tillegg å auke løyvinga til Stiftelsen Arkivet med 0,5 mill. kroner i 2015.

Post 73 Nansen Fredssenter

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Nansen Fredssenter kan tilby kurs og opplæring og drive dokumentasjon og formidling for å fremme arbeidet for dialog, fred, menneskerettar og forsoning som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar.

Rapport for 2013

I 2013 godkjende Lotteri- og stiftelsestilsynet samanslåinga av Norsk Fredssenter og Nansenskolen. Det nye namnet til stiftelsen er «Nansenskolen – Norsk Humanistisk Akademi og Nansen Dialog Norsk Fredssenter». Verksemda til Nansen Fredssenter er skilt frå anna verksemd ved skolen, og tilskottet over posten vil framleis vere øyremerkt arbeidet ved Nansen Fredssenter.

Nansen Fredssenter har i 2013 arbeidd med dialogprosessar på Balkan, og nyttar desse erfaringane til arbeid med flyktingar og innvandrarar i norske kommunar, spesielt i høve til den somaliske og den afghanske diasporaen i Noreg. I 2013 heldt senteret fram med programmet i leiaropplæring for somaliske kvinner. Målet var å gi kvinnene høve til å skape dei nettverka og reiskapane som trengst for å delta i samfunnsoppgåver.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 74 Narviksenteret, kan overførast

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Narviksenteret – nordnorsk stiftelse for historieformidling, menneskerettigheter og fredsbygging kan fremme kunnskap om og forståing for fred og menneskerettar gjennom dokumentasjon og formidling av mellom anna krigs- og okkupasjonshistoria til Nord-Noreg. Tilskottet skal særleg medverke til at senteret kan tilby eit godt opplæringstilbod om fred og menneskerettar for barn og unge.

Rapport for 2013

Narviksenteret har i 2013 drive formidlingsaktivitet i form av seminar, foredrag, artiklar og turar til kamparenaer frå den andre verdskrigen i Narvik og Nord-Noreg. Mykje av arbeidet skjer i samarbeid med Nordland Røde Kors Krigsmuseum og Kompetansesenter Narvik. Senteret og museet har inngått ein avtale om samarbeid, og senteret har overteke ansvaret for museumsdrifta. Til saman har om lag 22 000 personar besøkt Narviksenteret og krigsmuseet i 2013. 2 140 av desse var elevar.

Senteret har samarbeidd med mellom andre universiteta i Tromsø og Nordland, NTNU, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, FN-sambandet, EUs ungdomsprogram Aktiv Ungdom, og institusjonar i ei rekkje land. Arbeidet med kartlegging av sovjetiske og jugoslaviske krigsfangar i Noreg under den andre verdskrigen har halde fram. Verksemda har vore konsentrert om dokumentasjon med særleg søkjelys på det materialet som senteret har fått tilgang til frå tidlegare jugoslaviske arkiv.

Budsjettforslag for 2015

Narviksenteret fekk i 2013 tilsegn om 81,5 mill. kroner, tilsvarende omlag 85 mill. 2015-kroner, til nye lokale for Narviksenteret i eit næringsbygg på Narvik Torv. I tillegg kjem 7,8 mill. kroner i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2014, jf. Innst. 260 S (2013–2014) og Prop. 93 S (2013–2014). Til saman utgjør dette omlag 92,8 mill. kroner.

I 2014 løyvde Stortinget 67,5 mill. kroner til å dekkje byggjekostnader. Departementet foreslår å løyve gjenstående tilsegn på 25,3 mill. kroner i tilskott til byggjeprojektet i 2015. I tillegg foreslår departementet 2 mill. kroner til inventar og nye utstillingar i samband med det nye bygget. Dette gjeld møbel, utstillingsmontrar og anna som trengst i dei nye lokala. Det ordinære driftstilskottet blir ført vidare på same nivå som i 2014. Departementet foreslår ei samla løyving på 29,9 mill. kroner på posten i 2015. I tillegg gjer departementet framlegg om vidareføring av beløpet til oppfølging av byggjeprojektet som blir løyvd under kap. 258 post 21, jf. omtale under denne posten.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Mål for 2015

Det europeiske Wergelandsenteret samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell

forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap. Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurscenter for opplæring på dei nemnde områda og tilby opplæring til ulike målgrupper på utdanningsfeltet, til dømes lærarutdannarar, lærarar, rektorar, forskarar og politikktutformarar.

Rapport for 2013

Til saman 3 500 lærarar, rektorar og andre personar deltok direkte i program, prosjekt og aktivitetar gjennomført av Wergelandsenteret i 2013. Dette er ei femdobling sidan 2010. I tillegg deltok nær 11 500 personar i til saman 55 lokale prosjekt som ei oppfølging av programmet til senteret. Til saman har Wergelandsenteret dermed nådd ut til om lag 15 000 personar i 2013.

Wergelandsenteret samarbeider nært med Europarådet i fleire prosjekt. I 2013 arrangerte Wergelandsenteret for fjerde gong opplæringsseminaret Summer Academy i Polen i samarbeid med polske myndigheiter og Europarådet med deltakarar frå fleire europeiske land. Senteret arrangerer òg *South-East Europe Summer Academy «Human Rights in Action»*, som vart arrangert i Montenegro i 2013. Det er auka interesse for å delta på aktivitetane senteret arrangerer. I 2013 kom det åtte gonger så mange søknader om deltaking i Summer Academy i Polen som det var tilgjengelege plassar.

Nettsidene til Wergelandsenteret har vorte ein virtuell møtestad for ulike aktørar som er opptekne av opplæring i demokratisk medborgarskap.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Post 76 Raftostiftelsen

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Raftostiftelsen kan tilby eit godt opplæringstilbod om menneskerettane for elevar, studentar, lærarar og andre grupper.

Rapport for 2013

Raftostiftelsen har i 2013 gitt opplæring i menneskerettar og demokrati til 3 377 elevar og lærarar i grunnskolen. Dette er ein auke på om lag seks pst. frå 2012. I løpet av året har stiftelsen vidareutvikla sine fem undervisningspakkar med ulike tema.

Raftoprisen for 2013 vart gitt til The Bahrain Center for Human Rights for deira kamp for grunnleggjande menneskerettar som ytringsfri- dom og forsamlingsfri- dom i Bahrain. Også i 2013 var Raftostiftelsen medarrangør av Bergen inter- nasjonale filmfestival og bidrog med eit skolepro- gram om kvinners rett- ar. 3 659 elevar såg filmar om kvinners rett- ar under festivalen.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015
		2013	budsjett 2014	
01	Driftsutgifter	50 877	51 132	48 786
21	Særskilde driftsutgifter	16 941	16 521	16 497
	Sum kap. 0256	67 818	67 653	65 283

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Vox er eit kompetansepolitisk fagorgan underlagt Kunnskapsdepartementet.

Vox har ansvaret for å forvalte tilskott til vak- senopplæring, jf. kap. 254, tilskott til freds- og

menneskerettssentra, jf. kap. 255, Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), jf. kap. 257, tilskott til karriererettleiing, jf. kap. 258 post 60, og nokre av dei prosjektmidlane som blir løyvde over kap. 258 post 21.

På oppdrag frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har Vox ansvaret for dei

faglege og pedagogiske tilhøva i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Nasjonal eining for karriererettleiing utviklar og koordinerer rettleiingsfeltet i Noreg. Målet er å auke tilgangen til tenestene, styrkje kvaliteten i karriererettleiinga og medverke til likeverdige tilbod for alle gjennom heile livet og i alle livssituasjonar. Nasjonal eining for karriererettleiing er plassert i Vox.

Mål for 2015

Vox skal vere eit kompetansepolitisk fagorgan underlagt Kunnskapsdepartementet. Gjennom å leggje til rette for læring blant vaksne skal Vox medverke til å stimulere vaksne til å delta i samfunns- og arbeidsliv. Opplæring i grunnleggjande dugleikar, karriererettleiing og realkompetansevurdering er òg viktige tiltak i denne samanhengen. I tillegg skal Vox medverke til å styrkje kunnskapen om etter- og vidareutdanning i arbeids- og næringsliv.

Hovudmåla for Vox i 2015 er å utvikle kompetansepolitikken og medverke til høgre kompetanse blant vaksne. Vidare skal Vox ha oppdatert kunnskap om kompetansebehova i samfunnet nasjonalt og internasjonalt og formidle denne, samt forvalte og utvikle tilskottsordningar på ein god måte.

Rapport for 2013

Arbeidet med å førebu PIAAC og å analysere data og spreie resultata har hatt stor merksemd i Vox i 2013. Vox har innleidd eit samarbeid med SSB og dei andre nordiske prosjektansvarlege for PIAAC, og skal medverke inn i den nordiske rapporten som er planlagt publisert i 2015. Vox var òg involvert i arbeidet med Skills Strategy.

Vox har vore sekretariat for Nasjonalt fagskolelæråd i 2013 og har mellom anna følgt opp arbeidet i rådet med ein informasjonskampanje om fagskoleutdanninga. Rettleiingar for fritak i universitets- og høgskolestudium og inntak til fagskolar på grunnlag av realkompetansevurdering vart stilte ferdig i 2013.

Arbeidet med å medverke til at fleire tilbydarar gir opplæring i grunnleggjande dugleikar, held fram. I 2013 har Vox styrkt samarbeidet med kommunal grunnopplæring for vaksne og med rusomsorga. Samstundes har samarbeidet med kriminalomsorga, Nav og tilbydarane i BKA halde fram. Målet er å spreie kunnskap om korleis ein kan leggje til rette for god opplæring knytt til

praksis og grunnleggjande dugleikar tilpassa behova til den einskilde.

Vox har levert ei rekkje publikasjonar i 2013. Desse omhandlar mellom anna langtidseffektar av å ta vidaregåande opplæring for vaksne. Publikasjonane tek for seg effekten av vidaregåande opplæring på seinare mottak av helserelaterte ytelsar og samanhengen mellom vidaregåande opplæring som vaksen og status på arbeidsmarknaden i etterkant av opplæringa. Vox har etablert fleire kanalar for å formidle data om vaksnes læring. Både besøkstala for vox.no, statistikkbanken og talet på abonnentar på nyhetsbrevna viser god auke. Sosiale medium har òg vore ei satsing i 2013.

I regi av Nasjonal koordineringsgruppe for karriererettleiing, som blir leidd av Vox, vart det i 2013 sett i verk ein prosess mellom dei statlege rettleiingsaktørane med sikte på utvikling av heilskapleg og tverrsektoriell karriererettleiing på nettet. Vox har i samarbeid med sentrale aktørar også arbeida med utvikling av ein mastergrad i karriererettleiing og har utgreidd korleis Career Management Skills-perspektivet kan nyttast i utvikling av livslang karriererettleiing i Norge, i tråd med EU si satsing.

Senter for IKT i utdanninga, Utdanningsdirektoratet og Vox lanserte i 2013 Veilederforum, ei nasjonal nettside og delingsarena for rettleiarar på Utdanning.no. Som del av Handlingsplan 2013–2016 *Vi trenger innvandrernes kompetanse*, fekk i 2013 fem fylkesvise karrieresenter prosjektmidlar frå Vox til å utvikle karriererettleiingstilbod til deltakarar på norskopplæring i kommunane. Prosjekta skal evaluerast i 2014.

For å auka kunnskapsgrunnlaget om karriererettleiing vart fleire forskingsprosjekt sett i verk i 2013. Vox gjekk òg i gang med nasjonale brukarundersøkingar i 2013, som er ført vidare i 2014. I 2013 sette Arbeids- og sosialdepartementet og Kunnskapsdepartementet i verk ei kartlegging for å sjå nærare på finansieringa og organiseringa til karrieresentera, og på samhandlinga mellom karrieresentra og Nav. Denne var ferdig i 2014.

Arbeidet med å betre kvaliteten i karriererettleiinga skjer ved auka kunnskap om arbeidet til karrieresentera og effektene av karriererettleiing, satsing på auka kompetanse mellom anna gjennom etableringa av masterstudiet i karriererettleiing, utviklingsarbeid og erfaringsutveksling.

Nye brukergupper er inkludert i arbeidet, gjennom samarbeidsprosjektene mellom karriererettleiing og norskopplæring for innvandrarakar.

Vox er nasjonal koordinator for EUs arbeid med vaksnes læring og skal vere nasjonalt kon-

taktpunkt for EPALE, ein informasjons- og kommunikasjonsnettstad for vaksnes læring i EU.

Vox er vertsinstitusjon for det nordiske nettverket Nättnet för Vuxnas Lärande (NVL) og deltek i fleire av arbeidsgruppene til NVL. Vox deltek òg i European Basic Skills Network.

Budsjettforslag for 2015

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løy-

vingsforslaget under postane 01 og 21 til saman redusert med 4,3 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Løyvingsforslaget under postane 01 og 21 er samla redusert med 0,3 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Inntekter frå oppdrag	10 580	10 698	10 996
02	Salsinntekter o.a.	792	329	338
16	Refusjon av foreldrepengar	228		
17	Refusjon lærlingar	56		
18	Refusjon av sjukepengar	1 341		
	Sum kap. 3256	12 997	11 027	11 334

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå salsinntekter og refusjonar.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	6 053	5 511	5 198
70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	85 813	134 093	163 518
	Sum kap. 0257	91 866	139 604	168 716

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål for 2015

Løyvinga skal nyttast til å utvikle Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), slik at fleire vaksne med svake grunnleggjande duglei-

kar kan få opplæring, og slik at opplæringa held høg kvalitet. Løyvinga skal òg nyttast til å effektivisere administreringa av programmet og auke kvaliteten i dei tilboda som blir gitte. Løyvinga skal òg kunne nyttast til forsøk som kan gjere BKA betre i stand til å svare på kompetansebehova i arbeidslivet.

Ein mindre del av løyvinga skal gå til å utvikle modellar for samarbeid mellom Nav, fylkeskommunar og verksemder, slik at fleire arbeidssøklarar kan få opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Rapport for 2013

Løyvinga i 2013 gjekk til ulike utviklingstiltak. Vox har gått gjennom den interne forvaltninga av BKA og gjort forbetringar mellom anna i søknadsskjema og rapporteringsmalar. Internkontrollen er styrkt, og det er utarbeidd eigne internkontrollrutinar for gjennomgang av BKA-prosjekt for å sikre korrekt sakshandsaming og lik skjønnsutøving.

Eit utviklings- og samarbeidsprosjekt mellom Vox og Posten Noreg AS vart avslutta hausten 2013. Om lag 490 medarbeidarar i Posten og Bring har fått opplæring i grunnleggjande dugleikar frå programmet starta i 2010, til det vart avslutta i 2013. Deltakarane i prosjektet vurderer sjølve at dei har fått betre dugleikar i matematikk, lesing, skriving og IKT etter deltaking i BKA-kurs. Dei rapporterer òg at dei les, skriv og bruker data meir enn dei gjorde før kurset. I 2013 har Vox arbeidd vidare med å kartlegge langtidseffektar av å delta på kurs i grunnleggjande dugleikar i Posten. Resultata av dette er enno ikkje publiserte.

Vox inngjekk hausten 2011 ein avtale med Folkeuniversitetet Sør-Aust om opplæring i transportbransjen. Dette prosjektet vart avslutta hausten 2013. Om lag 190 deltakarar frå ulike bedrifter har gjennom dette prosjektet fått opplæring i grunnleggjande dugleikar.

For å auke deltakinga frå varehandelen i BKA-opplæringa lyste Vox i 2012 ut midlar til bransjeorganisasjonane innanfor varehandelen. Fire bransjeorganisasjonar fekk tilskott, og to av desse prosjekta vart slutførte i 2013. Kunnskapsdepartementet vil bruke erfaringane frå prosjekta til å vidareutvikle BKA.

Budsjettforslag for 2015

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyvingsforslaget redusert med 0,5 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I. Løyvingsforslaget er vidare redusert med 29 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Post 70 Tilskott, kan overførast

Mål for 2015

Tilskottsordninga skal medverke til å styrkje grunnleggjande lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeidssøklarar. Ordninga skal òg medverke til å styrkje opplæringa i munnleg norsk i kombinasjon med opplæring i ein eller fleire av dei grunnleggjande dugleikane. Bedrifter og offentlege verksemder kan søkje om tilskott både til motivasjonsarbeid og til opplæring i grunnleggjande lesing, skriving, rekning og IKT. Departementet har gitt Vox i oppdrag å foreslå tiltak som skal medverke til at eldre arbeidstakarar ikkje støtes ut av arbeidslivet på grunn av svake grunnleggjande dugleikar.

Regjeringa vil leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane kan stå for både rekruttering av deltakarar og sjølve opplæringa gjennom ei utviding av BKA med ein komponent (BKF).

Det er eit prioritert mål at opplæringa skal nå vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. Opplæringa skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova til dei vaksne, slik at ho gir ein positiv effekt for den einskilde.

Det er eit mål at ulike bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsatte bransjar. Programmet skal nå små og mellomstore verksemder.

Tilskottsordninga blir forvalta av Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Rapport for 2013

Det vart gitt tilsegn til 348 søknader på til saman om lag 104 mill. kroner i 2013. 62 pst. av søknadene i 2013 gjaldt lesing og skriving, medan 28 pst. gjaldt data og elleve pst. rekning. For å effektivisere programmet er det nå mogleg å søkje om standardiserte kurs i lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale dugleikar. Desse kursa har frå Vox si side ei fast fordeling mellom talet på timar i dei ulike faga, men innhaldet er ikkje standardisert. 75 pst. av søkjarane søkte om standardiserte kurs i 2013.

Sidan BKA-ordninga starta, har den årlege løyvinga til programmet over kap. 257 post 70 auka frå 24,5 mill. kroner i 2006 til 86,6 mill. kroner i 2013. I samband med utlysinga av 2013-tilskottet kom det inn 461 søknader med eit samla søknadsbeløp på 182,7 mill. kroner. Det er ein liten nedgang i talet på søknader på åtte pst. og ein nedgang i samla søknadsbeløp på fire pst. frå 2012. Det var om lag like mange menn og kvinner som

deltok på BKA-kurs i 2013. Søknads-, saksbehandlings- og oppfølgingsrutinar knytte til BKA er effektiviserte i 2013. Frå 2013 skal også alle utbetalingar til prosjekt vere gjorde innan året etter tilskottsåret.

Vox lyste i mars 2013 ut 500 000 kroner i forprosjektmidlar til BKA-tilbydarar. Midlane vart

løyvde til samarbeid mellom tilbydarar og verksemdar for å få betre forankra søknader til hovudutlysinga for 2014. Målet er at prosjekt som er førebudde på denne måten, skal komme raskt i gang. Vox fekk inn 122 søknader. 20 søknader fekk tilsegn om inntil 25 000 kroner per forprosjekt.

Tabell 4.13 Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), 2006–14

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Omsøkt beløp, i mill. kroner	85,5	78,2	122,5	142,4	169,4	197,6	190,6	182,7	181,6
Tildelt beløp, i mill. kroner	14,5	20,0	31,6	68,6	80,8	93,4	107,7	104,3	139,9
Talet på søknader	167	208	282	339	345	410	503	461	577
Talet på innvilga søknader	65	70	99	214	209	250	370	348	497
Talet på innmelde deltakarar	2 031	2 153	2 922	5 975	7 494	8 400	9 235	8 056*	4 782*

Tabellen omfattar søknader og tildelingar knytte til ordinær utlysing og særskilde satsingar.

* Talet på innmelde deltakarar i 2013 og 2014 er førebelse.

Kjelde: Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk. Statistikkbanken, juli 2014

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga på denne posten med til saman 25 mill. kroner.

Av auken foreslår Kunnskapsdepartementet å løyve 15 mill. kroner meir til BKA i 2015. Ved behandlinga av tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet for 2014 slutta Stortinget seg til forslaget om å løyve 25 mill. kroner til å utvide programmet for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA), slik at det òg omfattar opplæring i munnleg norsk i kombinasjon med ein eller fleire grunnleggjande dugleikar. Det blir forventa større etterspurnad på dette området etter kvart som utvidinga blir kjend.

Norsk munnleg språk er sentralt for god fungering og utnytting av kompetanse, både i arbeidslivet og i samfunnet elles. Ein del av inn-

vandrarane som er i arbeid og kjem frå EØS-land, har grunnopplæring og/eller fagbrev frå heimlandet. Opplæring for denne gruppa vil ikkje falle inn under dagens retningslinjer for BKA, slik dei no er kopla til opplæring i grunnleggjande dugleikar. Kunnskapsdepartementet vil derfor nytte ein del av denne løyvinga til å greie ut og dokumentere behova til denne gruppa.

Kunnskapsdepartementet foreslår òg å løyve 10 mill. kroner til basiskompetanse i frivilligheita (BKF) i 2015. Under dagens BKA-program er det bedriftene som søker om tilskott til opplæring av dei tilsette, medan frivillige organisasjonar har høve til å stå for sjølve opplæringa. BKF skal ha til formål å styrkje grunnleggjande dugleikar hos vaksne, både i og utanfor arbeidslivet. Dette vil kunne gi fleire vaksne som treng det tilbod om opplæring.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	5 437	5 488	4 817
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	51 818	55 658	65 923
60	Tilskott til karriererettleing		30 000	30 960
	Sum kap. 0258	57 255	91 146	101 700

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Mål for 2015

Departementet vil nytte løyvingane over kap. 258 postane 01 og 21 til tiltak for livslang læring, og til statistikk, dokumentasjon, analysar og forskning som kan medverke til politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet, med særskild prioritering av læring blant vaksne. Målet er mellom anna å kartlegge kompetansebehova i framtida.

Rapport for 2013

Rapporten *OECD Skills Strategy Diagnostic Report Norway* vart lagd fram i februar 2014. Arbeidet var organisert som eit prosjekt i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet og var leidd av Kunnskapsdepartementet. Rapporten omhandlar dei kompetansepolitiske utfordringane for Noreg. OECD leverte sine anbefalingar i rapporten *OECD Skills Strategy Action Report* i september 2014, sjå nærmare omtale under tilstandsvurderinga i kategoriinnleiinga.

Resultata frå PIAAC, den internasjonale undersøkinga om lese- og talforståing, vart publiserte i 2013. For omtale av resultata, sjå kategoriinnleiinga.

Kunnskapsdepartementet starta i 2013 opp eit prosjekt som skal utvikle eit system for analyse, dialog og formidling av framtidens kompetansebehov. Hausten 2013 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) ein ny rapport om framtidens kompetansebehov.

Vox fekk i 2013 i oppdrag å utvikle og setje i gang lokale tilbod om etterutdanning til lærarar og andre som underviser i vaksenopplæringa. Hausten 2013 arrangerte Vox etterutdanningskurs i grunnleggjande dugleikar og vaksenpedagogikk for lærarar i grunnskolen for vaksne. I underkant av 30 kurs vart arrangerte i samarbeid med fylkesmannsembeta. Vox har også samarbeidd med VOFO om å arrangere pilotkurs i vaksenpedagogikk for lærarar i studieforbund og innleidde samarbeid med alle fylkeskommunane om kompetansehevingstiltak for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring for vaksne.

Vox reviderte kompetansemåla for grunnleggjande dugleikar for vaksne i tråd med Rammeverk for grunnleggjande dugleikar frå Utdanningsdirektoratet. Kompetansemåla sikrar at det blir gitt ei felles forståing og definisjon av dei grunnleggjande dugleikane i alle delar av grunn-

opplæringa og hos tilbydarar av opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet. Det er vidare gitt støtte til pilotprosjekt med opplæring i grunnleggjande dugleikar ved ti kommunale vaksenopplæringscenter som er spreidde over heile landet. Erfaringane vil bli samla av Vox og gi grunnlag for tilrådingar om modellar for korleis kommunane kan utvikle opplæringstilbod i grunnleggjande dugleikar. Dei digitale læringsressursane *Les og skriv* og *Regnehjelpen* fikk nytt innhald og ny design i 2013. Læremidlane er gratis og utvikla for vaksne som vil bli betre i å lese, skrive og rekne.

Vox har sett i verk ei rekkje pilotprosjekt og forsøk som skal fremme læring og grunnleggjande dugleikar hos vaksne som treng det. Erfaringar blir samla inn og framstilte slik at kommunar, fylkeskommunar, Nav, kriminalomsorga, fylkesmennene, behandlingstiltak, frivillige organisasjonar og andre som arbeider med vaksne, kan nytte desse i det vidare arbeidet med opplæring for vaksne.

I samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet starta Kunnskapsdepartementet hausten 2011 ei utprøving av modellar for vidaregåande opplæring i tilknytning til arbeidsplassen for ufaglærte tilsette i helse- og omsorgssektoren og i barnehagesektoren. Fem fylke deltek i forsøksordninga, og i kvart av fylka samarbeider fylkeskommunen og lokale verksemder om å utvikle modellar for vidaregåande opplæring på arbeidsplassen. Forsøksordninga blir finansiert over kap. 258 post 21 og skal avsluttast i 2014. Proba Samfunnsanalyse evaluerer forsøka, og rapport vil ligge føre hausten 2014.

Kunnskapsdepartementet har tidlegare i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet gjennomført forsøk med å utvikle opplæringsmodellar på vidaregåande nivå som kan byggje på og kombinerast med dei tilboda vaksne kan få gjennom arbeidsmarknadsopplæringa. I fire fylke har fylkeskommunen, Nav og lokale opplæringstilbydarar samarbeidd om å utvikle lokale og tilpassa opplæringsmodellar. Forsøka vart avslutta i 2013. Forsøka blir evaluerte av Proba Samfunnsanalyse saman med forsøka med vidaregåande opplæring for ufaglærte på arbeidsplassen. Rapporten vil ligge føre hausten 2014.

I samband med nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) har departementet oppretta eit utval som skal greie ut om korleis tilbod om opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet kan plasserast i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Utvalet har frist til 31. desember 2014 med å avgi endeleg tilråding.

Vox utvikla i 2013 ein rettleiar for realkompetansevurdering ved opptak til fagskolar, i samarbeid med ei arbeidsgruppe med representantar frå Nasjonalt fagskoleråd og private fagskolar. Rettleiinga er basert på innspel frå fagskolar og er tilgjengeleg på nettsidene til Vox.

Vox har i samarbeid med ei arbeidsgruppe frå høgare utdanning, utpeikt av Universitets- og høgskolerådet, utvikla ei rettleiing for realkompetansevurdering for fritak. Rettleiinga er basert på innspel frå sektoren, særskild frå institusjonar med røynsle frå slike vurderingar. Rettleiinga er tilgjengeleg på Vox sine nettsider.

Vox har fått utarbeidd ei rekkje publikasjonar, statistikk og annen dokumentasjon om vaksnes læring, mellom anna Vox-speilet. Vox sette ut eit oppdrag om gjennomgang av studieforbunda til Oxford Research. Dei leverte rapporten *Et mangfold av løsnings* i januar 2014. Rapporten syner at studieforbunda samla sett organiserer ei omfattande kurs- og opplæringsverksemd, på tvers av emne, nivå, geografi og målsetjing. Funna tyder på at ordninga med studieforbund oppfyller måla slik desse er formulerte, og at studieforbunda er ein ressurs for medlemmene sine. Likevel er målsetjingane i voksenopplæringsloven så generelle og lite diskriminerande at dei i liten grad eignar seg for målrapportering.

Midlar til skoloring av tillitsvalde i kompetanseutviklingsarbeid vart lyste ut tidleg våren 2013, og seks prosjekt fekk tildelt støtte. Hittil har 130–150 tillitsvalde fått opplæring i å vere pådrivarar for kompetanseutvikling på arbeidsplassen.

Kunnskapscenter for utdanning skal ha oversikt over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan fortelje kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa. Senteret opna offisielt i 2013. Kunnskapscenteret var i 2013 delvis finansiert under dette kapitlet.

Kunnskapsdepartementet har gitt NOVA i oppdrag å gjennomføre eit forskingsprosjekt om kjønnsforskjellar i skoleprestasjonar mellom gutar og jenter. Rapporten vart publisert våren 2014. I tillegg har Kunnskapsdepartementet gitt Senter for økonomisk forskning (SØF) i oppdrag å gjennomføre eit forskingsprosjekt om karakterbruk og kvalitet i høgre utdanning, sjå programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Ein del av utdanningsforskningsprogrammet FINNUT, inkludert det som omfattar forskning om vaksnes læring, har vorte finansiert under denne posten.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 5 mill. kroner til å utvikle kartleggingsverktøy for grunnleggjande dugleikar tilpassa vaksne. Formålet med kartlegginga er å auke dei vaksnes deltaking i og gjennomføring av opplæring. Kunnskap om dugleiksnivået til den einskilde vil kunne gjere opplæringstilbydarane i stand til å gi betre tilpassa og tilrettelagd opplæring.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding for Stortinget om livslang læring og utanforskap. Ein mindre del av løyvinga vil gå til utgreiningar og drift i samband med arbeidet med meldinga.

Ein mindre del av løyvinga vil gå til departementet sitt arbeid med å følgje opp tilrådingane frå *OECD Skills Strategy Action report*. Departementet vil starte eit arbeid med ein nasjonal strategi for kompetansepolitikken.

Vidare vil departementet setje i gang eit arbeid for å følgje opp tilrådingane frå OECD om å utvikle eit heilskapleg system for karriererettleiing, jf. også merkadane frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Innst. 12 S (2013–2014) om behov for å gjere rådgjevingstenesta og karriererettleiinga betre.

For at Narviksenteret skal kunne følgje opp byggjeprojektet, foreslår departementet å føre vidare løyvinga på 0,7 mill. kroner i 2015 innanfor ramma av kap. 258 post 21.

Nasjonalt kontaktpunkt vart etablert ved NOKUT våren 2010. Dei viktigaste oppgåvene for nasjonalt kontaktpunkt er å ha ei rettleiings- og informasjonsrolle, ha ansvar for aktivitetar som får økonomisk støtte frå Kommisjonen, og ta hand om andre omsyn i kontakt med kontaktpunkt i andre land og Kommisjonen. Delar av løyvinga på posten vil bli nytta til dette formålet.

Departementet foreslår å føre vidare rammeløyvinga og den øyremerkte satsinga på forskning om vaksnes læring gjennom det nye utdanningsprogrammet FINNUT i Noregs forskingsråd. Departementet legg opp til å setje av til saman 28 mill. kroner over posten i perioden 2012–16 for å få fram meir kunnskap om vaksnes læring.

For å auke kvaliteten i vaksenopplæringa har Vox fått i oppdrag å utvikle og setje i gang lokale tilbod om etterutdanning for lærarar og andre som underviser i vaksenopplæringa. For perioden 2013–16 legg departementet opp til å setje av til saman 20 mill. kroner til tiltaket.

For å medverke til at fleire vaksne med låg formell utdanning skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, har departementet sett i verk utprøving av modellar som skal leggje betre til rette for at vaksne kan delta i vidaregåande opplæring.

I 2011 vart det i fem fylke starta opp utprøving av modellar for vidaregåande opplæring i tilknytning til arbeidsplassen for ufaglærte tilsette i helse- og omsorgssektoren og i barnehagesektoren. Forsøka prøver også ut ein tredje veg til fagbrev for vaksne, i tillegg til eksisterande lærlingordning og praksiskandidatordning. Erfaringane frå utprøvingane har så langt vore så positive for alle partar at departementet frå 2014 legg opp til å starte opp liknande utprøvingar av modellar for vidaregåande opplæring i tilknytning til arbeidsplasser i transportnæringa, i servicenæringa og i primærnæringane. Vox vil framleis forvalte forsøksordninga på nasjonalt nivå.

Ansvar og oppgåver fordelte på svært mange aktørar er ei av hovudutfordringene for vaksenopplæringa. Livssituasjon og bustad, heller enn individuelle behov, vil i mange tilfelle avgjere kva for tilbod kvar einskild mottek. Spreiing av gode erfaringar vil kunne medverke til at fleire får nytte av gode løysingar. Vox vil òg i 2015 nytte midlar til vidare spreiring av vellykka forsøk og pilotar til alle som har eit ansvar for opplæring av vaksne, mellom anna kommunar, fylkeskommunar, Nav, kriminalomsorga, fylkesmennene, behandlingstilsette, frivillige organisasjonar og andre som arbeider med vaksne.

Kunnskapsdepartementet vil nytte ein del av løyvinga til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om vaksnes læring og kompetansepolitikken gjennom oppdragsforskning.

Kunnskapsdepartementet starta hausten 2013 opp eit prosjekt som i ein treårsperiode skal arbeide med å utvikle eit overordna system for analyse om formidling av kompetansebehov i arbeidslivet. Prosjektet vil nytte framskrivingar frå SSB og forskarar, skape møteplassar og konferansar for diskusjon, og medverke til å formidle informasjon til institusjonar, elevar og studentar med sikte på å få betre utdanningsval.

Kunnskapsdepartementet foreslår òg å løyve 5 mill. kroner i 2015 til å opprette eit fagmiljø for læringsanalyse. Dette er eit framveksande forskingsfelt som dreier seg om analyse av dei store datamengdene frå MOOC og andre læringsplattformer for å gi individuelt tilpassa undervisning, identifisere studentar som står i fare for å falle utanfor, og optimalisere nytteverdien av digitale læremiddel.

Det blir foreslått å samla løyvinga til Kunnskapssenter for utdanning på kap. 258 post 21. 1 mill. kroner frå kap. 281 post 01 og 7,2 mill. kroner frå kap. 226 post 21 blir foreslått flytt til kap. 258 post 21.

Departementet vil la delar av løyvinga bli forvalta av Vox.

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyvingsforslaget redusert med 2,5 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Løyvingsforslaget er redusert med 0,3 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Post 60 Tilskott til karriererettleiing

For å følgje opp St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og *ingen sto igjen* har Kunnskapsdepartementet gjennom tilskottsmidlar stimulert til etablering av fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing. Partnerskapane skal medverke til utvikling av tenestetilbodet og samarbeid mellom ulike rettleiingsaktørar lokalt. Å heve kvaliteten og betre tilgangen til profesjonell og sektornøytral karriererettleiing gjennom oppretting av karrieresenter i fylka er ei viktig målsetjing for partnerskapane. I tillegg til at dei sjølve spreier informasjon og rettleier enkeltpersonar, tilbyr fleire av karrieresentra kompetanseheving for Nav-tilsette, karriererettleiarar i ungdomsskolen og vidaregåande skole. Tilboda til karrieresentra er retta mot heile befolkninga, inkludert vaksne. Fleire av karrieresentra er òg samlokaliserte med andre institusjonar, som Nav, vidaregåande skolar eller vaksenopplæringssenter. I tillegg til tilskottet som går frå denne posten til fylkeskommunane via Vox, får karrieresentra finansiering av fylkeskommunane, Nav og kommunane.

Med unntak av tre fylke har samtlege fylke etablert partnerskapar for karriererettleiing, og 36 karrieresenter er oppretta i desse fylka. Fram til 2014 har tilskottet til karriererettleiing vore fordelt likt mellom dei fylkesvise partnerskapane, uavhengig av aktivitetsnivå og talet på karrieresenter. For å stimulere til vidare utvikling og eit likare tilbod i heile landet er tilskottsordninga frå 2014 lagd om til eit grunntilskott og eit stimuleringsstilskott. Grunntilskottet tilsvarear ei auke i støtte i høve til det tidlegare tilskottet og blir tildealt alle fylkesvise partnerskap som har minst eitt karrieresenter med ope tilbod til alle vaksne over 19 år og som støttar rettleiarar i Nav og grunnopplæringa med kompetanse. Til saman 13 fylke får

grunntilskott i 2014. Stimuleringstilskottet skal støtte etablering av karrieresenter i fylke som enno ikkje har oppretta karrieresenter og andre utviklingstiltak. Tilskottsordninga, som Vox forvaltar, vart samtidig flytt frå kap. 226 post 21 til kap. 258 post 60.

Mål for 2015

Formålet med tilskottsordninga er at unge og vaksne i alle livsfasar får eit likeverdig tilbod om karriererettleiing. Tilskottet til dei fylkesvise partnerskapane for karriererettleiing skal medverke til å styrkje kvaliteten og sikre tilgang til karriererettleiing over heile landet. I hovudsak skal tilskottsmidlane medverke til utvikling av dei fylkesvise karrieresentra.

Rapport for 2013

Tilskott til fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing vart i 2013 fordelte likt til kvar av fylkeskommunane. I 2013 utgjorde tilskottet til saman

om lag 28 mill. kroner, slik at kvart fylke fekk om lag 1,5 mill. kroner. Tilskottet vart løyvt over kap. 226 post 21.

I ein rapport frå Vox om karriererettleiing i fylka frå 2012 går det fram at sjølv om delar av den vaksne befolkninga har tilgang på rettleiingstener gjennom Nav, attføringsbedrifter eller på universitet og høgskolar, er det store hol i tilbodet i dei fylka der det ikkje er oppretta karrieresenter. Rapportering om bruk av tilskottet har vist til dels store skilnader i aktiviteten mellom fylka. For å fremme eit meir likeverdig tilbod i heile landet og stimulere til vidare tenesteutvikling ved etablerte karrieresenter og til oppretting av fleire karrieresenter, la Vox i 2013 fram forslag til ny tilskottsordning. Målet er også å gjere dei krava som følgjer tildelinga i samband med oppretting og drift av karrieresentra, tydelege.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
260	Universitet og høgskolar	27 547 599	29 289 917	30 912 271	5,5
270	Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	377 629	452 591	476 699	5,3
276	Fagskoleutdanning	71 236	69 679	66 747	-4,2
280	Felles einingar	394 857	457 034	493 785	8,0
281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	406 185	457 639	399 514	-12,7
Sum kategori 07.60		28 797 506	30 726 860	32 349 016	5,3

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
3280	Felles einingar	2 239	1 263	1 298	2,8
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar	50	10	10	0,0
Sum kategori 07.60		2 289	1 273	1 308	2,7

Innleiing

Regjeringa legg vekt på klare mål og tydelege prioriteringar i styringa av universitets- og høgskolesektoren. Kunnskapsdepartementet har derfor i 2014 revidert måla for høgre utdanning og fagskoleutdanning med sikte på forenkling og tydeleggjering. Måla gjeld òg forskning og utdanningsstøtte, jf. programkategori 07.70 Forsking, 07.80 Utdanningsstøtte og figur 1.2 i hovudinnleiinga. Dei nye måla er

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Tilstandsvurderinga for høgre utdanning er strukturert i kategoriomtalen etter dei nye måla. I kap. 276 er det gitt ei tilstandsvurdering av fagskolesektoren.

Boks 4.1

Regjeringa har utarbeidd sju punkt som vil vere førande for arbeidet med å nå måla for universitets- og høgskolesektoren:

- Regjeringa legg saman med Prop. 1 S (2014–2015) fram ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*. Langtidsplanen skal bidra til å styrkje Noregs konkurransekraft og innovasjonsevne, løyse store samfunnsutfordringar og utvikle fagmiljø som har forskning og høgre utdanning av framifrå kvalitet.
- Regjeringa vil prioritere å utvikle fleire verdslaiande fagmiljø innanfor høgre utdanning og forskning.
- Regjeringa har lansert ein strategi for å auke norsk deltaking i og tildeling frå EUs nye forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020.
- Regjeringa vil sjå på vilkåra for å utvikle gode fagmiljø, betre rekruttering, stillingsstruktur og karriereveggar fordi høgt kvalifisert personale er avgjerande for å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.
- Med *Lærerloftet* vil regjeringa utvikle ein skole der elevane lærer meir. Ei god lærarutdanning er sentralt i satsinga. Gode lærarar er grunnmuren i kunnskapssamfunnet.
- Regjeringa har nemnt opp ei ekspertgruppe som skal vurdere korleis finansieringa av universitet og høgskolar kan innrettaast betre og bli meir målretta.
- Regjeringa tar sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om struktur i høgre utdanning i 2015. Målet med stortingsmeldinga er å heve kvaliteten i utdanning og forskning, fremme solide fagmiljø og ein sektor som brukar ressursane effektivt. Derfor ønskjer regjeringa å etablere ein struktur med færre institusjonar.

Hovudprioriteringar for 2015

Regjeringa har ambisjonar om å utvikle fleire verdslaiande fagmiljø. Det krev ei målretta satsing på institusjonar og fagmiljø som har særlege føresetnader for å lykkast. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor 100 mill. kroner for å styrkje arbeidet med framifrå kvalitet med mål om å utvikle

fleire verdslaiande fagmiljø. Sjå òg omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Regjeringa ønskjer ein meir formålstenleg struktur med høgre utdannings- og forskingsinstitusjonar som er karakteriserte av solide fagmiljø og utdanningar av høg kvalitet, og ein sektor som brukar ressursane meir effektivt. Kunnskapsdepartementet tar sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om strukturen i universitets- og høgskolesektoren i 2015. Departementet foreslår å auke løyvinga for å stimulere til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar til 75 mill. kroner.

Oppdaterte bygg og utstyr er ein føresetnad for ambisjonen om fleire framifrå forskings- og undervisningsmiljø. Ifølgje Riksrevisjonens undersøking om forvaltning av statleg eigedomsmasse (Dokument 3:4 (2012–2013)) er 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande universiteta i dårleg stand. Regjeringa foreslår 85 mill. kroner til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar sin eigen bygningsmasse.

Departementet foreslår 30 mill. kroner til utstyr til bruk i sjukepleiar- og ingeniørutdanningane. Det er behov for meir og betre utstyr i desse utdanningane slik at studentane blir betre førebudd på det som ventar dei i arbeidslivet.

Gode studentvelferdstilbod er viktig for å kunne ta høgre utdanning. Eit av dei viktigaste velferdstilboda er studentbustader. Regjeringa har som mål å byggje fleire studentbustader og foreslår å auke løyvinga til totalt 380 mill. kroner til bygging av om lag 1 500 nye studentbustader i 2015. Dette er om lag 200 fleire nye studentbustader enn i 2014.

Regjeringa har mål om å styrkje grunnfinansieringa av universitet og høgskolar og foreslår å auke den samla økonomiske ramma til institusjonane med 53,7 mill. kroner. Dette er ei oppfølging av Innst. 260 S (2013–2014), der det vart vedteke å auke ramma til universitet og høgskolar.

Kunnskapsdepartementet foreslår 53,4 mill. kroner til 47 nye rekrutteringsstillingar innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning, som del av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning. Departementet foreslår òg 3,4 mill. kroner til tre nye stillingar til stipendiatprogrammet i Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU).

Kunnskapsdepartementet foreslår å tildele Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) midlar til å fullføre oppgraderinga av IKT-systemet for å sikre god og effektiv sakshandsaming. Investeringane er berekna til å koste inn- til 27 mill. kroner.

For at kapasitetsauken i høgre utdanning skal halde fram, foreslår regjeringa 202,8 mill. kroner til vidareføring og opptak av nye kull for studie-plassar oppretta over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Samla gir dette om lag 1 500 fleire studie-plassar i 2015 samanlikna med i 2014.

Regjeringa foreslår at universitet og statlege høgskolar får høve til å krevje studieavgift for studentar frå land utanfor EØS-området og Sveits frå og med haustsemesteret 2015. Dette gjeld ikkje for studentar med rett på utdanningsstøtte frå Lånekassen og utvekslingsstudentar på avtale. I samband med denne endringa foreslår regjeringa at budsjetttrammene til dei statlege institusjonane blir reduserte med 80,5 mill. kroner. Det er ikkje aktuelt for regjeringa å opne for studieavgift for norske studentar eller studentar frå EØS-området og Sveits.

Tilstandsvurdering

Tilstandsvurderinga nedanfor er strukturert etter dei nye måla for forskning, høgre utdanning og fagskoleutdanning. Tilstandsvurderinga byggjer mellom anna på den årlege tilstandsrapporten for høgre utdanning, årlege rapportar frå universitet og høgskolar og andre aktørar i sektoren, òg andre analysar og statistikk. Sjå vedlegg 2 og 3 med løyving- og byggtabellar for universitet, høgskolar og fagskolar, og vedlegg 4 for nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet.

Mål: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Regjeringa vil at utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire norske forskings- og utdanningsmiljø skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Utdanningskvalitet

Nasjonalt og internasjonalt er det for lite kunnskap om korleis ein kan måle kva som er god utdanningskvalitet. Likevel tyder ulike evalueringar og indikatorar på at utdanningskvaliteten i Noreg samla sett er for låg. Omgrepet «små og fragmenterte fagmiljø» går igjen i mange evalueringar. Samstundes har vi klare indikasjonar på at det ved mange institusjonar er for låge forventningar til kva studentane skal lære. Kunnskapsgrunnlaget er i ferd med å bli betre. Dette kan gi eit betre grunnlag for å vurdere tiltak for å utvikle utdanningane, både på nasjonalt nivå og ved den einskilde institusjonen.

Tal frå *Education at a Glance* (2013) viser at Noreg har vore blant dei OECD-landa med lågast gjennomføring i høgre utdanning. Nyare tal frå både Statistisk sentralbyrå (SSB) og Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) kan tyde på ei viss betring i gjennomføringa for norske studentar. På bachelor- og toårig mastergradsnivå gjennomførte i 2013 høvesvis 43 pst. og 36 pst. av heiltidsstudentane på normert tid. To år etter normert tid har om lag 71 pst. av bachelorstudentane og 67 pst. av mastergradsstudentane fullført ein grad. Kunnskapsdepartementet meiner institusjonane bør ha høgre ambisjonar for gjennomføring. Rapporten *Educational Research Evidence on Dropout Phenomena at Universities* (Danish Clearinghouse 2013) viser at det er fleire tiltak institusjonane kan setje i verk for å styrkje gjennomføringa. God undervisning og tett oppfølging kan mellom anna betre progresjonen til studentane.

Gjennomføring har òg samanheng med den tida studentane bruker på eit studium. Studiebarometeret til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) viser at heiltidsstudentane i 2013 i gjennomsnitt studerer 29 timer i veka. Studiebarometeret viser òg at berre 38 pst. av studentane er nøgde med den faglege oppfølginga. Ut frå tilbagemeldingar frå studentane og tidsbruken meiner departementet at det er rom for å ha høgre faglege forventningar til studentane.

Statistikk og evalueringar gir nokre indikasjonar på den generelle kvaliteten i høgre utdanning, men vi veit lite om det faglege nivået i studieprogramma. Rapporten *Karakterbruk og kvalitet i høyere utdanning* (SØF 2013) viser til store variasjonar i karaktersetting mellom utdanningsinstitusjonar og fagområde. Dette kan indikere at karakterar ikkje er eit eintydig godt mål på fagleg kvalitet. Departementet er i dialog med Universitets- og høgskolerådet (UHR) og NOKUT om prosessar som kan bidra til meir einskapleg karaktersetting og kunnskap om det faglege nivået i studieprogramma.

Rapporten *Videregående opplæring – tilstrekkelig grunnlag for arbeid og videre studier?* (NIFU 2013) undersøker om vidaregåande opplæring gir eit godt grunnlag for vidare studium. Analysen tyder på at mange studentar ikkje har gode nok faglege føresetnader for å ta utdanning med høgt fagleg nivå.

Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket omtalar læringsutbyttet på dei ulike nivåa i utdanningssystemet. Ifølgje rapporten *Utdanningskvalitet i høyere utdanning: noen empiriske eksempler* (NIFU 2013) meiner eit fleirtal av dei fagleg tilsette at skildringane av læringsutbytte i stor eller nokon

grad er eit nyttig verkemiddel for planlegging av undervisninga, eiga undervisning og rettleiing og vurdering av prestasjonane til studentane. Rapporten *Tilsyn med mastergradsstudier i historisk-filosofiske fag* (NOKUT 2014) viser utfordringar i arbeidet med skildringar av læringsutbytte for fleire institusjonar. Departementet legg vekt på at institusjonane held fram med å arbeide med implementering av kvalifikasjonsrammeverket.

Normert tid for å gjennomføre doktorgrads-utdanninga er fire år, inkludert eitt år pliktarbeid. Gjennomføring i doktorgradsutdanninga er framleis ikkje tilfredsstillande, sjølv om evalueringa *Stipendiatar og doktorgradsgjennomføring* (NIFU 2012) viser at det har vore vesentlege forbetringar over tid. I Meld. St. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* vart det sett fagspesifikke mål for delen doktorgradar som skal vere fullførte etter seks år. Måla varierer frå 75 pst. til 85 pst. avhengig av fagområde. 63 pst. av kandidatane som er tekne opp på doktorgradsprogram i 2007, hadde disputert innan seks år. Norsk doktorgradsutdanning held eit høgt nivå viser evalueringa *PhD education in a knowledge society* (NIFU 2012). Evalueringa viser at utdanninga er godt finansiert, velorganisert og gir kandidatane gode læringsvilkår. Det er samstundes behov for å setje søkjelyset på gjennomføring, rekruttering og storleik på læringsmiljøa.

Forskingskvalitet

Fagevalueringar frå Forskingsrådet viser at mange fagmiljø ved universitet og høgskeolar har høg kvalitet på forskinga. Det gir eit godt grunnlag for godt innhald i utdanningane. Samstundes er det små og sårbare fagmiljø, og Kunnskapsdepartementet er særleg uroleg for kvaliteten i desse miljøa.

Forskingsrådets fagevalueringar av forskning, saman med publisering- og siteringsanalysar, viser god framgang for norsk forskning, jf. Forskningsbarometeret 2014. Samstundes er Noreg framleis eit godt stykkje bak dei beste landa på fleire område.

Samanlikna med dei andre nordiske landa er norske universitet mindre synlege. Rapporten *Room for increased ambitions? Governing breakthrough research in Norway 1990–2013* (Benner og Öquist 2014) har vurdert tilstanden til norsk forskning og kjem med tilrådingar om korleis Noreg kan auke innverknaden på den internasjonale forskingsfronten. Det er særleg fire aspekt som påverkar rammevilkåra for framifrå forskning: prioriteringar og politikkkutforming på nasjonalt nivå, koordinering av

forskning, styring og leiing ved institusjonane og rekruttering og karriereutvikling.

Forskingsrådet har ei rekkje verkemiddel som er viktige for utvikling av kvalitet på universitet og høgskeolar, mellom anna ulike senterordningar, fri prosjektstøtte og støtte til forskingsinfrastruktur og nasjonale nettverksforskerskeolar. Sjå omtale under kap. 281 post 50 og programkategori 07.70 Forsking.

Publiseringspoeng og vitskaplege publikasjonar per fagleg tilsett indikerer omfanget av forskning. Talet på publiseringspoeng i universitets- og høgskeolesektoren har vakse med 89 pst. i perioden 2004–13. Talet på fagleg tilsette har òg auka, men ikkje så mykje som publiseringa. Talet på publiseringspoeng per fagleg tilsett har auka med 54 pst. i denne perioden.

Universitet, høgskeolar og Universitets- og høgskeolerådet (UHR) engasjerer seg i aukande grad i personalutvikling og karrierepolitikk for å utvikle fagmiljø av høg kvalitet og gode karriereveggar for dei fagleg tilsette. Det er framleis for få kvinner i dei faglege toppstillingane, og skilnadene er store mellom fagområde. Betre kjønnsbalanse i akademia handlar om å utnytte talenta og behovet for breidde i kompetanse og faglege perspektiv og kan derfor ikkje skiljast frå målet om høg kvalitet i utdanning, forskning og innovasjon. Sjå omtale av likestilling under kap. 260 og i del III kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Internasjonalt samspel

Vi må vere i tett kontakt med internasjonale miljø for å nyttiggjere oss av kunnskapsproduksjonen i resten av verda. Fleire indikatorar tyder på at norsk høgre utdanning og forskning er vortne meir internasjonale i dei seinare åra. Dette ser ein mellom anna i form av auka deltaking i EUs sjuande rammeprogram, sampublisering av vitskaplege artiklar med utanlandske forskarar, og på veksten i talet på inn- og utreisande studentar.

Talet på utvekslingsstudentar frå Noreg til andre land var 5 700 i 2013, mot 3 500 i 2004. Tilsvarende tal for utanlandske utvekslingsstudentar til Noreg var 6 628 i 2013 og 3 467 i 2004. I tillegg tok 16 260 norske studentar ein heil grad i utlandet i 2013. Dette er det høgste talet nokon gong. Talet på utanlandske studentar i Noreg har auka frå 8 500 i 2004 til meir enn 21 000 i 2013.


Internasjonale fellesgradar og framandspråkelege studietilbod har samla medverka til å fremme Noreg som eit attraktivt studieland. Talet på internasjonale fellesgradar auka frå 15 i 2009 til 43 i 2013. Over halvparten av alle fellesgradane er eit

resultat av deltakinga i Erasmus Mundus, som er del av Erasmus+ frå 2014.

Delen utanlandske statsborgarar som tek doktorgraden i Noreg, har auka i dei siste ti åra. Noreg har høgst del doktorandar med utanlandsk bakgrunn av alle dei nordiske landa. Dei fleste kjem frå Europa. Sidan 2004 har det likevel vore sterkast vekst i talet på utanlandske doktorandar frå Asia, som no er den nest største gruppa. Det er flest doktorandar med utanlandsk statsborgarskap innanfor teknologiske fag, medan medisin har lågast del.

Det europeiske forskingssamarbeidet er den viktigaste arenaen for å ta del i kunnskapsproduksjonen utanfor Noreg. Norske universitet og høg-

skolar deltek i over 500 prosjekt frå EUs sjuande rammeprogram. Frå oppstarten av sjuande rammeprogram i 2007 til mars 2014 har norske institusjonar fått tilslag på 19 pst. av om lag 2 700 søknader om støtte. I 2013 gav dette samla forskingsinntekter frå EU på 351 mill. kroner. Dette utgjorde 0,7 pst. av dei samla inntektene til dei statlege universitets- og høgskoleinstitusjonane i 2013, mot 0,5 pst. i 2006. Universitets- og høgskolesektoren stod for 29 pst. av Noregs deltaking i heile perioden. EU-prosjekta er i stor grad knytte til dei tre største universiteta, som står for 84 pst. av denne aktiviteten. Universiteta hentar klart mest midlar per faglege stilling frå EUs rammeprogram, jf. figur 4.9.



Figur 4.9 EU-tildeling per fagleg stilling 2006–13 (i 1 000 kroner)

Kjelde: NSD DBH

Forskningsbarometeret frå 2013 viste at universitets- og høgskolesektoren i Noreg deltek lite samanlikna med universitets- og høgskolesektoren i Sverige, Danmark og Finland. Deltaking i Det europeiske forskingsrådet (ERC) er særleg viktig for universiteta. Noreg har med 41 stipend den lågaste deltakinga samanlikna med Sverige, Danmark og Finland.

Artiklar med forskarar frå fleire land blir siterte langt hyppigare enn andre artiklar. Denne typen artiklar har auka mykje i dei siste ti åra, noko som indikerer ein vekst i omfanget av internasjonalt forskingssamarbeid. Norske forskarar samarbeider mest med forskarar som ligg nær Noreg geografisk og kulturelt. Over tid har likevel sampubliseringa auka mest med Sør-Afrika og Kina.

Mål: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Regjeringa har ambisjonar om at Noreg skal bli eit av dei mest innovative landa i Europa. Da treng vi utdanning, forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid som er i samspel med omverda og medverkar til nødvendig velferd, verdiskaping, omstilling og innovasjon, i både offentleg og privat sektor.

Behov for kompetanse i samfunnet

Behovet i samfunnet for utdanning og arbeidskraft blir påverka av endringar i teknologi, arbeidsmarknad og næringsstruktur. Framskrivningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) *Forecasting demand and supply of labour by education* (SSB 2013) viser at det kan oppstå mangel på lærarar og sjukepleiarar, og at det kan bli utdanna for mange i økonomi og administrasjon, samfunnsfag, juridiske fag og humanistiske og estetiske fag. Rapporten indikerer at det samla sett er tilstrekkeleg tilgang på teknologar og realistar fram mot 2030. Sjå omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

For å møte det framtidige behovet for arbeidskraft er utdanningskapasiteten i dei siste åra auka, særleg innanfor lærarutdanning, ingeniørutdanning og helsefag. Departementet vil følgje utviklinga nøye med omsyn til framtidig behov både nasjonalt og regionalt. Regjeringa legg vekt på at institusjonane samarbeider med arbeidslivet for å betre rekrutteringa der det er særskilte behov.

Doktorgradsutdanning er viktig for å tilføre alle delar av arbeidslivet høg kompetanse og på den måten utvikle kunnskapssamfunnet. Doktorgradsutdanninga er òg viktig for rekrutteringa til akademia. Etterspurnaden etter høgt utdanna arbeidskraft aukar både i og utanfor akademia. Noreg har satsa tungt på forskarrekruttering i dei siste åra. Den sterke satsinga gjer at Noreg no har passert Sverige og nærmar seg Finland målt i talet avlagde doktorgradar per million innbyggjarar. Alle dei nordiske landa har i internasjonal samanheng eit høgt volum på doktorgradsproduksjonen.

Samspel med omverda

Samspel mellom utdannings- og forskingsmiljø og arbeids- og næringsliv er avgjerande for at utdanna kandidatar og forskingsresultat skal

bidra til auka innovasjon og omstillingsevne i private bedrifter og offentleg sektor.

Rapporteringa frå universiteta og høgskolane viser at institusjonane har eit omfattande samarbeid med andre aktørar når det gjeld utdanning og forskning. Særleg er kontakten tett med yrkesfeltet i utdanningane med praksis som del av undervisninga. Innanfor helse- og sosialfaga er samarbeidet mellom utdanning og arbeidsliv styrkt i dei seinare åra, mellom anna gjennom nasjonale samarbeidsorgan. Det gir gode arenaer for å drøfte kva slags kompetanse vi treng i framtida. Når det gjeld regional utvikling, FoU-prosjekt og etter- og vidareutdanning, er aktiviteten høg. Det har vore ei god utvikling i sektoren på dette området i dei siste åra.

Institusjonane har etablert Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Gjennom kontakt med arbeids- og næringsliv blir utdanningane tilpassa behova i samfunnet, samtidig som ny kunnskap og nye idear kjem inn i arbeidslivet gjennom forskingssamarbeid. I dei siste åra har Kunnskapsdepartementet lagt meir vekt på tiltak som kan styrkje relevansen i utdanningane og forskninga og skape betre kunnskapsdeling mellom utdannings- og forskingssektoren og samfunnet.

Synleggjering av forskning og formidling av forskingsresultat i tradisjonelle kanalar og i nye medium er avgjerande for å nå ut til eit breitt publikum og mellom anna påverke samfunnsdebatten. Forskingsinformasjonssystemet CRISStin er etablert for mellom anna å samle informasjon om formidlingsbidrag i universitets- og høgskolesektoren.

Open tilgang til vitenskaplege artiklar medverkar til at resultatene av forskning blir formidla og er tilgjengelege for alle. Talet på ope tilgjengelege artiklar stig stadig, men det er framleis lågare enn potensialet og måla regjeringa har sett. Sjå omtale under kap. 260.

Formidling gjennom utstillingar er ein nøkkel-funksjon for universitetsmusea. Tala på besøkjande er ein viktig indikator på interessa i befolkninga for samlingane. Universitetsmusea hadde over 1,5 mill. besøkjande i 2013, og talet har vore stabilt i dei siste åra. Digitalisering av samlingane gjer dei lettare tilgjengelege for forskning og formidling. Digitaliseringa aukar, men musea har framleis store samlingar som ikkje er digitaliserte, og langt frå alt som er digitalisert, er tilgjengeleg på Internett. Den strategiske FoU-satsinga for musea har medverka til eit betydeleg samarbeid mellom musea og auka forskingsaktiviteten. Sjå omtale under kap. 260 og kap. 281 post 50.

Rapporten *Produktivt samspill? Forsknings- og innovasjonssamarbeid mellom næringsliv og FoU-miljøer* (NIFU 2012) viser til at publikasjonar, doktorgradar og andre faglege resultat er dei viktigaste resultatene av samarbeid mellom næringsliv og forskingssektoren. Samarbeid mellom kommunesektoren og universitets- og høgskolesektoren medverkar til meir relevante utdanningar, auka fagkompetanse i kommunane og i enkelte tilfelle til nyskaping og innovasjon gjennom utvikling og bruk av nye produkt eller arbeidsformer.

Nærings-ph.d.-ordninga er ei ordinær doktorgradsutdanning som blir gjennomført medan kandidaten er tilsett i ei verksemd utanfor forskingssektoren. Forskinga skal ha klar relevans for verksemda. Sidan oppstarten i 2008 har totalt 190 ph.d.-prosjekt motteke støtte frå ordninga. Av desse prosjekta er 14 brote. Kjennskapen til og interessa for ordninga har auka mykje i dei siste åra. Rapporten *Langsiktig kunnskapsutvikling på næringslivets premisser? Evaluering av Nærings-ph.d.-ordningen* (NIFU 2013) viser at ordninga er ein suksess for å stimulere til forskning i næringslivet og for å styrkje mobiliteten mellom næringslivet og forskingsmiljøa. Kompetansen til kandidataner er viktig for innovasjonskrafta i verksemdene og evna til å ta i bruk forskning.

Innovasjon og verdiskaping

Ifølgje EUs Innovation Scoreboard (IUS) er Noreg ein moderat innovatør. Noreg skårar langt dårlegare enn Sverige, Danmark og Finland, som alle er kategoriserte som innovasjonsleiande i 2014. Noko av forklaringa på dette ligg i den norske næringsstrukturen. Ei anna forklaring er at fleire av indikatorane blir målt i forhold til bruttonasjonalprodukt. IUS gir ei oversikt over forhold som har betydning for innovasjon, men samleindikatoren for den totale innovasjonsevna til landa bør brukast med atterhald. Noreg gjer det godt med omsyn til menneskelege ressursar, finansiering og entreprenørskap. Noreg utmerker seg med ein høg del internasjonalt samfatta vitenskaplege artiklar og ein høg del offentleg og privat sampublisering av vitenskaplege artiklar. Noreg gjer det relativt sett dårleg på indikatorar relaterte til næringslivsinvesteringar og kommersialisering, slik som varemerke, design, sal av innovasjonar og lisens- og patentinntekter frå utlandet.

Universitets- og høgskolesektoren har hatt ei positiv utvikling i kommersialiseringsaktiviteten i dei siste åra. Det har vore vekst i talet på mellom anna lisensieringskontraktar og nye føretak i peri-

oden 2007–13. I 2013 var talet på patentsøknader om lag det same som i 2010. Samstundes er samarbeid og samspel med samfunns- og arbeidsliv vanskeleg å fange opp i kvantitative indikatorar ettersom samarbeid omfattar mange ulike aktivitetar og former.

FORNY2020 er Forskningsrådets program for å stimulere til kommersialisering av forskingsresultat. Ein porteføljeanalyse av FORNY2020, *Verdiskaping i forskningsbaserte selskaper og lisenser støttet av FORNYprogrammet* (SIB 2013), peiker mellom anna på at kommersialisering er vorten ein meir integrert del av aktiviteten i forskingsmiljøa. Mykje tyder på at teknologioverføringskontora, Technology Transfer Office (TTO), som mottek finansiering frå FORNY2020, har medverka til denne utviklinga. TTO-ane er eit av dei viktigaste verkemidla universitets- og høgskolesektoren har for kommersialisering. NIFU evaluerer verkemiddelapparatet for kommersialisering av offentleg finansierte forskning, mellom anna TTO-systemet og rolla til høgskolane i regional utvikling og innovasjon. Ein sluttrapport er venta sommaren 2015.

Kartlegginga *Entreprenørskapstilbud i høgere utdanning* (NIFU 2014) viser at om lag 5 000 studentar deltok på ordinære entreprenørskapstilbud i høgre utdanning i 2013. Dette utgjorde mindre enn to pst. av studentmassen. Entreprenørskap dominerer framleis i fagområde som økonomi, administrasjon, naturvitskap og teknologi. Kartlegginga viser at ein må arbeide meir med entreprenørskap i mange utdanningar.

Profesjonsfag

Evalueringar frå mellom anna NOKUT har vist utfordringar med omsyn til kvalitet i lærarutdanning, barnehagelærarutdanning, sjukepleiarutdanning og ingeniørutdanning. Det er viktig å styrkje kvalitet, relevans, internasjonalisering og forskning i desse utdanningane og å tiltrekkje seg dyktige studentar. Evalueringane peiker òg på at mange fagmiljø er små og sårbare.

For å følgje opp faglege utfordringar som evalueringane har peikt på, har Kunnskapsdepartementet i dei siste åra mellom anna fastsett nye rammeplanar for lærarutdanningane, ingeniørutdanninga og barnehagelærarutdanninga. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe greier ut eit nytt system for styring av læringsutbytte i helse- og sosialfagutdanningane. Det er enno tidleg å vurdere effekten av dei nye rammeplanane, men vurderingane til følgjegruppa for grunnskolelærarutdanningane tyder på at praksisopplæringa er vor-

ten betre, samarbeidet mellom lærarutdanningane og grunnskolorne er styrkt, og undervisninga er vorten meir forskingsbasert.

Universiteta og høgskolorne har arbeidd mykje for å styrkje samarbeidet med arbeidslivet i utdanningane. Departementet meiner at dette gradvis har medverka til at utdanningane blir betre tilpassa behov og utfordringar i arbeidslivet, men dette er eit område det òg framover er nødvendig å ha stor merksemd på. I samarbeid med Universitets- og høgskolerådet (UHR) er det etablert eit nasjonalt utviklingsprosjekt for å heve kvaliteten på og styrkje relevansen i dei eksterne praksisstudia i helse- og sosialfagutdanningane.

Tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) viser at gjennomføringa på normert tid er lågare i ingeniørutdanninga enn i dei andre utdanningane. For å medverke til betre gjennomstrøyming i ingeniørutdanninga finansierer departementet eit fleirårig prosjekt som UHR administrerer. Målet er å få kunnskap om tiltak som kan nyttast mot ulike studentgrupper for å medverke til betre studiekvalitet og raskare gjennomstrøyming.

Studiebarometeret til NOKUT viser at studentane i barnehagelærar- og sjukepleiarutdanningane er mest nøgde med studia. Studentane i lærarutdanningane bruker i gjennomsnitt 25 timar på studiet, mens studentane i ingeniørutdanningane bruker 33 timar. Studieinnsatsen varierer mellom institusjonar og enkeltpersonar, men tala viser at det særleg i lærarutdanningane er rom for å ha høgre faglege forventningar til studentane.

Evalueringar frå NOKUT og Forskingsrådet viser at FoU-kompetansen i fleire av profesjonsfaga og evna til å nytte relevant forskning i undervisninga bør styrkjast. Publiseringsvolumet varierer mykje mellom profesjonsfaga. Delen fagleg tilsette med førstestillingskompetanse varierer òg mykje. Eigne program for profesjonsfag i Forskingsrådet skal medverke til å auke kvaliteten i forskinga på dei aktuelle fagområda og betre samanhengen mellom forskning, utdanning og behovet til brukarane. Fleire institusjonar har gått saman om å danne eigne forskarskolar innanfor dei ulike profesjonsutdanningane. I 2014 har universiteta i Stavanger, Agder og Nordland etablert ein praksisnær og tverrprofesjonell forskarskole for helse, velferd og utdanning.

Mål: God tilgang til utdanning

Regjeringa vil at alle skal ha tilgang og høve til å ta høgre utdanning, uavhengig av kjønn, etnisitet, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Utdanningstilbodet skal leggje til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse over heile landet. Livslang læring er viktig for å leggje til rette for nødvendig omstilling og fornying for den einskilde og for samfunns- og arbeidslivet.

Studenten


I Noreg har 38 pst. av befolkninga mellom 25 år og 64 år høgre utdanning. Det er tiande plass av OECD-landa. Tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) viser at det i 2013 var registrert om lag 245 000 studentar ved norske universitet og høgskolar. Studenttalet har auka med 21 pst. sidan 2007. I 2013 var om lag halvparten av studentane registrerte på eit bachelorprogram og 16 pst. på eit mastergradsprogram. 34 pst. av studentane er registrerte på ulike kortare studieprogram eller årskurs.

På grunn av betre opptakskapasitet har veksten i talet på kandidatar auka markant i dei siste åra. 4 851 fleire kandidatar vart uteksaminerte i 2013 enn i 2010.

Talet på søkjarar til høgre utdanning er på eit nytt rekordnivå i 2014, med om lag 120 000 søkjarar. Det har dermed auka med 28 pst. sidan 2008. Nasjonalt kan veksten i søkjartala forklarast med at ungdomskulla har vorte større, og med auka studietilbøylegheit. Delen 19-åringar som tek høgre utdanning, har auka i dei siste åra, frå 17,8 pst. i 2009 til 20,5 pst. i 2013.

76 pst. av unge vaksne i Noreg vil truleg ta høgre utdanning. Dette er like under OECD-gjennomsnittet på 79 pst.

Noreg skil seg frå OECD-gjennomsnittet ved at fleire av dei nye studentane i Noreg tek helsefag og pedagogiske fag, og at færre tek matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag. Samstundes har det i dei siste åra vore ein solid auke i talet på studentar innanfor MNT-fag i Noreg, så utviklinga går i riktig retning, jf. figur 4.10.



Figur 4.10 Utviklinga i talet på registrerte studentar per fagfelt 2004–13¹

¹ Fagfelta allmenne fag, primærnæringsfag, samferdsels- og tryggleiksfag og uoppgitt fagfelt er ikkje med i figuren.

Kjelde: NSD DBH

Dei vala av fag som norske studentar gjer, ber framleis preg av tradisjonelle kjønnsroller. Dette er særleg tydeleg i helse- og sosialfag, der delen menn berre er 20 pst., og i MNT-fag, der delen kvinner er 32 pst.

I 2013 hadde tolv pst. av studentane i Noreg innvandrarakgrunn, ein auke frå åtte pst. sidan 2004. Ikkje-vestlege innvandrarakgrunn utgjorde nesten tre firedelar av desse. Naturvitenskaplege og teknologiske fag er dei mest populære faga, der nær 15 pst. av studentane har innvandrarakgrunn.

Fleksibel utdanning og livslang læring

Livslang læring er avgjerande for omstillingsevna til den einskilde og for å sikre at bedrifter og verksemder har tilsette med nødvendig kompetanse. Sjå programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Fleksibel utdanning er tradisjonelt organisert som fjernundervisning og/eller desentralisert utdanning. Talet på studentar som nyttar seg av fleksible utdanningstilbod, har auka frå 12 000 studentar i 2006 til 16 500 studentar i 2013. Dette er ein vekst på nær 33 pst. og utgjer 6,7 pst. av stu-

dentmassen i 2013. Dei nye moglegheitene som digitale læringsressursar gir, har vore ei viktig årsak til denne veksten og vil òg gjere at omfanget av fleksibel utdanning vil auke i åra som kjem.

Det skjer i tillegg ei digitalisering av ordinær campusundervisning ved institusjonane. Dette gjeld mellom anna bruk av digitale læringsplattformer, førelesingar tilpassa podcast for mobil, eller læringsprogram og simuleringar som blir gjorde tilgjengelege på nettet.

Utviklinga av utdanningstilbod over Internett, mellom anna *Massive Open Online Courses* (MOOC), inneber nye utfordringar og moglegheiter for livslang læring. MOOC-utvalet la fram innstillinga *MOOC til Norge. Nye digitale læringsformer i høgere utdanning* (NOU 2014: 5) 16. juni 2014. Utvalet har fremt ei rekkje konkrete tiltak retta mot myndigheitene og institusjonane. Innstillinga er send ut til høyring. Utvalet meiner at digitaliseringa av høgre utdanning er kommen for kort og i liten grad er del av ein samla strategi ved universiteta og høgskolane. Utvalet meiner institusjonane bør utvikle og prøve ut MOOC i større grad enn det som førebels er gjort.

Studentvelferd

Kunnskapsdepartementet har gitt studentsamskipnadene samfunnsoppdraget med å yte god studentvelferd. Studentsamskipnadene mottok offentlig stønad gjennom fri stasjon, som til dømes gratis lokale frå utdanningsinstitusjonane, lovpålagd semesteravgift, tilskott til drift og tilskott til oppføring, kjøp og rehabilitering av studentbustader. Av dei mange tenestene til studentsamskipnaden er særleg studentbustader viktig. Studentsamskipnadene kan tilby bustader til om lag 16 pst. av studentane i Noreg. Det er stort behov for fleire studentbustader.

Det er i dag 22 studentsamskipnader. Departementet vil vurdere om dette er eit formålstenleg tal for å sikre god og likeverdig studentvelferd i heile landet. Departementet ser at større og meir solide einingar betre kan sikre kompetanse og god styring av studentvelferda. Departementet viser til kommande stortingsmelding om strukturen i høgre utdanning. Organiseringa av studentvelferda vil bli vurdert i samanheng med eventuelle endringar av strukturen i høgre utdanning.

Mål: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla for universitets- og høgskolesektoren. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane til fellesskapet. Ressursane skal nyttast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilen sin i tråd med styrkje og eigenart og medverke til ein differensiert sektor med høg kvalitet, som møter behova i samfunnet på ulike område, og som medverkar til at vi kan hevde oss internasjonalt.

Struktur i universitets- og høgskolesektoren

Departementet meiner det er eit stort potensial for betre kvalitet i høgre utdanning gjennom ein meir formålstenleg struktur med færre institusjonar og meir solide fagmiljø, og betre bruk av ressursar.

Det er i dag for mange små, spreidde og svake fagmiljø innanfor utdanning og forsking, og det er for mange studieprogram med få studentar. Dette inneber at ressursane og innsatsen blir spreidde for mykje. Mange fagmiljø tilbyr dei same utdanningane, og institusjonar opprettar studietilbod i konkurranse med kvarandre sjølv om rekrutteringsgrunnlaget er svakt.

Fleire institusjonar har i lang tid hatt utfordringar med å rekruttere studentar. Fleire institusjonar har ein eller færre kvalifiserte søkjarar per studie-plass. Institusjonar med svikt i rekrutteringa har ikkje nødvendigvis konsentrert verksemda om utvalde område, men utvikla nye tilbod på lik linje med institusjonar utan rekrutteringsutfordringar. Det er lite som tyder på at det er samanheng mellom utviklinga i talet på studietilbod og talet på studentar. Departementet er uroa for den langsiktige berekrafta til fleire av institusjonane.

Det er ein tendens til at institusjonar med svak rekruttering har mange av studentane registrerte på studietilbod utanfor campus, medan institusjonar med god rekruttering har relativt færre studentar på slike studietilbod. Departementet er uroleg for kvaliteten på fleire av studietilboda utanfor campus, som blir tilbydde i samarbeid med private aktørar i utlandet.

I dag er det over 200 doktorgradsprogram i Noreg. I 2013 fordelte dei avlagde doktorgradane seg på 21 institusjonar. 84 pst. av doktorgradane blir avlagde ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Mange av doktorgradsprogramma ved dei statlege høgskolane er små og uteksaminerer få kandidatar, og mange slit med gjennomføringa. I perioden 2008–12 tok dei statlege høgskolane opp 374 ph.d.-kandidatar, men uteksaminerte berre 22 kandidatar i same periode. Departementet er uroa for om studentane i dei små doktorgradsprogramma er del av eit solid fagmiljø.

I perioden 2010–14 har Kunnskapsdepartementet årleg tildelt 50 mill. kroner til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK). I dei siste åra er hovuddelen av midlane til SAK fordelte til større fusjonsprosessar. Midlane har òg medverka til fagleg og administrativt samarbeid på tvers av institusjonar. Rapporteringa frå institusjonane viser meir samarbeid dei imellom. Det er likevel framleis utfordringar med å skape betre arbeidsdeling og større grad av fagleg konsentrasjon. Regjeringa meiner utviklinga har gått i riktig retning, men at det i tillegg til SAK er behov for meir omfattande strukturendringar og samanslåingar (SAKS) i universitets- og høgskolesektoren.

Leiing og organisering

Universiteta og høgskolane forvaltar store ressursar for fellesskapet. Det krev eit aktivt og godt leiarskap ved institusjonane for å forvalte ressursane effektivt og sørge for høg kvalitet i forsking, utdanning og formidling.

Styra ved universiteta og høgskolane skal gjere strategiske val og prioriteringar og er ansvarlege for å nå mål og oppnå resultat. Institusjonane vel sjølve styringsordning og organisering innanfor rammene til universitets- og høgskolelova. Institusjonane har ansvar for at styringsordninga er mest mogleg tenleg for å nå måla for institusjonane

Det er i den siste tida større merksemd på styring og leiing av institusjonane i sektoren. Departementet meiner at det har vore ei positiv utvikling, og at det i dag blir lagt meir vekt på godt styrearbeid og profesjonell leiing. Styra har òg større merksemd på utvikling av strategiar og mål for institusjonane. Departementet meiner likevel at styra bør bli flinkare til å bruke handlingsrommet. Departementet føreset at institusjonane vurderer si eiga styringsordning.

Økonomi og effektiv forvaltning

Inntektene til statlege universitet og høgskolar har auka frå om lag 22 mrd. kroner til om lag 36 mrd. kroner i perioden 2004–13, ein nominell vekst på 63 pst. Auken gjeld i hovudsak løyvingar. Medrekna dei private høgskolane som får statstilskott, er inntektene over 37 mrd. kroner i 2013. 77 pst. av driftsinntektene er løyvingar.

Lønnskostnadene er den største utgiftsposten til universitet og høgskolar og var på 23,5 mrd. kroner i 2013, ein auke på 5,2 pst. frå året før. Lønnskostnadene har i dei siste åra stige meir enn den gjennomsnittlege prisauken. Lønnskostnader utgjer dermed ein stadig større del av dei samla kostnadene til institusjonane.

Universitet og statlege høgskolar har fullmakt til å overføre midlar mellom budsjettåra. Avsetningane gjer at institusjonane kan planleggje å gjennomføre strategiske tiltak og investeringar i eit fleirårig perspektiv. Ved utgangen av 2013 var dei akkumulerte avsetningane knytte til løyvingane frå Kunnskapsdepartementet 2,9 mrd. kroner, det vil seie 10,7 pst. av den årlege løyvinga. Det er ein auke frå 1,4 mrd. kroner i 2008. Samstundes har òg løyvinga auka, og som del av løyvinga har avsetningane stabilisert seg. Om lag 60 pst. av avsetningane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er knytte til strategiske formål og større investeringar. Om lag 40 pst. av avsetningane gjeld utsett verksemd. Nivået på utsett verksemd har vore stabilt sidan 2010. Samla verksemdskapital utgjer i gjennomsnitt tre pst. av løyvinga ved utgangen av 2013.

Ein del institusjonar har små administrative miljø og dermed sårbare administrasjonar, noko som inneber ein risiko for dårleg kvalitet på for-

valtninga. Det er i dei seinare åra etablert og utvikla gode arenaer og nettverk for administrativt samarbeid i sektoren. Dette er ei utvikling som departementet har støtta, og som har vore ein viktig føresetnad for etableringa av felles systemløyvingar, standardisering av det administrative rammeverket og for etablering av felles praksis.

Digitalisering

Utvikling og utnytting av IKT-infrastruktur i universitets- og høgskolesektoren medverkar til betre resultat i tenesteytinga, forenkling og effektivisering av den administrative forvaltninga og til å utvikle moderne og attraktive arbeidsplassar i sektoren. Digitale løysingar blir i stadig større grad tekne i bruk i undervisninga, forskinga og kunnskapsformidlinga og betrar mellom anna tilgangen til tenestene og kunnskapen i sektoren. På det administrative området skjer stadig meir av dialogen mellom institusjonane og brukarane på ei digital plattform, noko som medverkar til betre service for den einskilde brukar. Saman med at ein stadig større del av den administrative saks handsaminga blir løyst på ei digital plattform, skaper dette ei tryggare og meir effektiv forvaltning.

Den kraftige veksten i informasjon og tilgang på informasjon gjennom digitaliseringa skaper forvaltningsmessige utfordringar. Særleg gjeld dette informasjonstryggleiken og trusselen om cyberangrep. Det er derfor etablert eit sekretariat for informasjonstryggleik i UNINETT og eit nettverk av dei ansvarlege for informasjonstryggleiken i institusjonane. Dei største institusjonane er no på eit akseptabelt nivå, men det står framleis att mykje arbeid på dette området.

Kompetanse, rekruttering og karriere

Kompetansen til personalet i universitets- og høgskolesektoren er avgjerande for kvalitet i utdanning og forskning.

Universiteta og høgskolane har stor fridom i utvikling av personalpolitikken, men departementet føreset at leiinga ved institusjonane legg til rette for eit godt arbeidsmiljø, gode karriereveggar og opne rekrutteringsprosessar, i tråd med det europeiske *Charter and Code for Researchers*. Til no har 15 institusjonar signert retningslinjene for rekruttering og arbeidstilhøve for fagleg personale.

Talet på tilsette i universitets- og høgskolesektoren har stige med 21 pst. i dei siste ti åra. Dette heng saman med fleire oppgåver som følgje av fleire studentar og stipendiatar.

Heving av kompetansen til dei fagleg tilsette kan føre til at institusjonane kan løyse oppgåvene på ein betre måte. Frå 2003 til 2013 auka delen førstestillingar i sektoren frå 57 pst. til 68 pst. Årsaka til dette er særleg kompetanseheving ved høgskolane. Dette har styrkt føresetnadene til høgskolane for å drive forskingsbasert undervisning. I dei siste åra er det likevel ein tendens til at veksten i delen førstestillingar i sektoren flatar ut.

Kjønnsbalansen varierer mykje mellom dei ulike stillingsgruppene og fagområda, og kvinnedelen i faglege stillingar minkar med stigande stillingsnivå. Over halvparten av universitets- og høgskolelektorane, stipendiatane og førstelektorane er kvinner, mot berre 25 pst. av professorane. I perioden 2008–13 auka delen kvinner blant dei nyttilsette professorane i sektoren frå 31 pst. til 33 pst. Delen kvinner er lågast i teknologiske fag og høgst i medisin og helsefag. Det er eit mål å betre kjønnsbalansen i toppstillingane. Sjå omtalen under del III kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Universitets- og høgskolesektoren har noko høgare del mellombels tilsette enn andre sektorar. Det heng saman med mange tilsette på tidsavgrensa ekstern finansiering, og at det er mogleg å tilsette mellombels på kvalifikasjonsvilkår. Delen tilsette i mellombelse stillingar er noko redusert i dei siste åra og var 16 pst. i 2013. Størst er delen mellombelse stillingar i undervisnings- og forskarstillingar.

Bygg og infrastruktur

Nybygg, oppgradering av eksisterande bygg og oppdatert utstyr er viktig for å kunne tilby utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet og for å skape gode studie- og arbeidsvilkår.

Universitets- og høgskolesektoren disponerer eit samla areal på 3,4 mill. kvm. Areal som er eigde og forvalta av institusjonane sjølv, utgjer over halvparten av dette. Resterande areal er leigde av Statsbygg eller private. Universiteta og høgskolane er den største leigetakaren til Statsbygg, med om lag 34 pst. av den samla eigedomsmassen til Statsbygg. I perioden 2004–13 hadde dei sjølvforvaltande institusjonane ein arealauke på 11,9 pst. I same periode har areal leigde av Statsbygg og private auka med høvesvis 7,4 pst. og 26,7 pst. Private leigeavtalar må i hovudsak finansierast av institusjonane. Tala viser at institusjonane i stor grad har dekt auka arealbehov innanfor sine egne rammer. Det auka arealbehovet skriv seg mellom anna frå kraftig vekst i studenttalet.

Eigedomsmassen og husleige utgjer ein stor kostnad for universiteta og høgskolane. For dei

statlege høgskolane utgjer husleige 16 pst. av den årlege rammeløyvinga, medan dei sjølvforvaltande institusjonane brukte tolv pst. av årleg løyving til husleige, vedlikehald og oppgradering. Dei sjølvforvaltande institusjonane har etablert interne husleigeordningar som skal sikre rasjonell og effektiv arealbruk.

Den største utfordringa ligg framleis i storleiken på investeringsbehova til fornying og rehabilitering av bygningsmassen frå 1950- og 60-åra, inkludert universitetsmusea. Desse areala er i all hovudsak eigde av dei sjølvforvaltande institusjonane. I åra framover vil det bli krevjande å halde oppe verdien av desse eigedommane. Stortinget behandla i 2013 ei undersøking frå Riksrevisjonen av den forvaltninga staten har av eigedomsmassen ved universitet og høgskolar, jf. Innst. 230 S (2012–2013) og Dokument 3:4 (2012–2013). Riksrevisjonen peiker på at to tredelar av eigedomsmassen i sektoren har god teknisk stand, men at den resterande delen har middels kraftige eller kraftige indikasjonar på dårleg teknisk stand.

Det er behov for modernisering av utstyrsparcken ved universitet og høgskolar. Dette omfattar utstyr til undervisning, vitenskapleg utstyr, avanserte laboratorium og anna tung infrastruktur. Nytt utstyr er nødvendig for å skape gode utdanningar og attraktive forskingsmiljø, som kan hevde seg internasjonalt og løyse samfunnsutfordringar.

For at profesjonsutdanningane skal vere relevante, er det avgjerande at studentane møter det same utstyret i studiesituasjonen som i arbeidslivet. Evalueringar frå NOKUT viser at det er behov for fornying av utstyr ved mellom anna sjukepleiar- og ingeniørutdanningane.

Strategiar og tiltak

Tilstandsvurderinga av universitets- og høgskolesektoren viser at det er fleire positive utviklingstrekk, men òg at det er behov for forbeiring på viktige område for å auke kvaliteten i høgare utdanning og forskning. I det følgjande blir det gjort greie for korleis regjeringa vil arbeide framover for å nå måla for høgare utdanning og forskning.

Langtidsplan for forskning og høgare utdanning

Regjeringa legg saman med Prop. 1 S (2014–2015) fram ein langtidsplan for forskning og høgare utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*. Langtidsplanen vil styrkje føresetnadene for å gjere dei

langsiktige og strategiske prioriteringane som er viktige for å oppnå høg kvalitet. Regjeringa vil prioritere forskning og utdanning som gir Noreg nødvendig konkurransekraft og verdiskaping, og som kan løyse store samfunnsutfordringar. Ei av dei seks prioriteringane i langtidsplanen er utvikling av verdslaiande utdannings- og forskingsmiljø. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Verdslaiande utdannings- og forskingsmiljø

Regjeringa vil prioritere å utvikle fleire framifrå fagmiljø innanfor høgre utdanning og forskning. Derfor foreslår Kunnskapsdepartementet midlar til rekruttering av forskarar som er internasjonalt leiande innanfor eige felt. Målet om toppkvalitet er avhengig av ein god rekrutteringspraksis ved institusjonane og kan sjåast i samanheng med prøveordninga for innstegsstillingar.

Departementet foreslår òg midlar for å utvikle vidare det etablerte utdannings- og forskningssamarbeidet mellom Universitetet i Oslo, Simula Research Laboratory (Simula) og University of California, San Diego (UCSD). Det strukturerte samarbeidet mellom Simula og det verdslaiande miljøet i USA vil gi norske forskarar og studentar høve til å møte dei mest framifrå forskarane i verda og er ein samarbeidsmodell som òg andre institusjonar bør lære av. For å stimulere mellom anna til meir institusjonssamarbeid av denne typen foreslår departementet midlar til eit partnerskapsprogram for forskning og høgre utdanning med prioriterte land utanfor EU. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Horisont 2020 og Erasmus+

Regjeringa har sett som mål at Noreg skal auke returen frå EUs forskingsprogram frå 1,7 pst. av dei tilgjengelege midlane i sjuande rammeprogram til to pst. i Horisont 2020. Det er forventa at ein stor del av veksten vil komme frå universitets- og høgskolesektoren. Regjeringa har lansert ein nasjonal strategi for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU som fremmer ei rekkje tiltak for auka deltaking. Auka deltaking i Horisont 2020 vil òg vere eit viktig verkemiddel for å nå andre mål for høgre utdanning og forskning. Departementet vil følgje opp at universiteta og høgskolane formulerer mål, strategiar og tiltak for EU-samarbeid. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Erasmus+ er EUs nye integrerte program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Innanfor

høgre utdanning omfattar programmet òg samarbeid med land utanfor EU- og EØS-området. Budsjettet til Erasmus+ er auka med rundt 40 pst. samanlikna med tidlegare utdannings- og ungdomsprogram. Departementet vil følgje opp at institusjonane styrkjer aktivitetane i Erasmus+, ikkje berre når det gjeld student- og lærarutveksling, men òg i samband med innovative prosjekt. Sjå omtale under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m.

Kompetanse, rekruttering og karriere

Høgt kvalifisert personale er ein føresetnad for å utvikle leiande fagmiljø i universitets- og høgskolesektoren. Departementet ønskjer å styrkje dei moglegheitene institusjonane har til å utvikle gode fagmiljø og gode karriereveggar for personalet. Unge kandidatar må få nødvendig kompetanse for å delta i ulike roller i internasjonal forskning.

Hovudansvaret for kompetanseutvikling, rekruttering og karriere ligg hos institusjonane, men regjeringa arbeider no med fleire ulike tiltak. Stortinget vedtok i juni 2014 ei prøveordning med innstegsstillingar, og departementet arbeider no med ei forskrift. Innstegsstillinga skal vere eit verkemiddel for å tiltrekke internasjonalt dyktige kandidatar og gi dei attraktive vilkår for fagleg utvikling, med moglegheit for fast tilsetjing. Departementet vurderer forskrifta om tilsetjing og opprykk i undervisningsstillingar og anna regelverk for å tydeleggjere forventningane til det faglege personalet, men òg merkbart redusere delen mellombels tilsette.

Lærarutdanning

Lærerløftet til regjeringa inneheld fleire tiltak for å styrkje lærarrolla og lærarutdanninga. Regjeringa vil fremme forslag om nye kompetansekrav for lærarar som underviser i matematikk, norsk og engelsk i grunnskolen. Denne endringa gjer det nødvendig å auke kapasiteten i vidareutdannings-tilbodet, sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Grunnskolelærarutdanningane skal bli femårige. Det blir arbeidd med sikte på å innføre dei nye mastergradsutdanningane frå 2017. Det vil medføre skjerpa krav til kompetansen til personalet og forventningar om høgre ambisjonsnivå i utdanningane. Regjeringa vil frå 2016 skjerpe opptakskrava til grunnskolelærarutdanningane og lektorutdanninga til karakteren fire i matematikk frå vidaregåande opplæring.

Gjennomgang av finansieringa av universitet og høgskolar

Kunnskapsdepartementet har sett ned ei ekspertgruppe til å gå gjennom finansieringa av universitet og høgskolar. Ekspertgruppa skal vurdere korleis finansieringa i dag påverkar prioriteringane til institusjonane og dei samla resultatane i sektoren, og komme med tilrådingar om korleis universitet og høgskolar bør finansierast i framtida. I vurderingane av ny finansieringsmodell skal ekspertgruppa mellom anna leggje vekt på heving av kvaliteten i utdanning og forskning, relevans for samfunns- og arbeidsliv og støtte opp om arbeidet for at nokre fagmiljø blir verdsløande. Ekspertgruppa skal levere ein rapport ved årsskiftet 2014/15.

Struktur i universitets- og høgskolesektoren

Regjeringa meiner at strukturen i universitets- og høgskolesektoren ikkje er tilpassa ambisjonane om at Noreg skal vere ein leiande kunnskapsnasjon. Det er nødvendig med ein mindre fragmentert sektor med meir samla bruk av ressursane til forskning og utdanning. Regjeringa tar derfor sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om strukturen i norsk høgre utdanning i 2015.

Målet med stortingsmeldinga er å heve kvaliteten i utdanning og forskning, fremme solide fagmiljø og ein sektor som utnyttar ressursane meir effektivt. Derfor ønskjer regjeringa å etablere ein struktur med færre og sterkare institusjonar.

Departementet foreslår å auke løyvinga for å stimulere til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar i universitets- og høgskolesektoren. Sjå omtale under kap. 260.

MNT- og profesjonsfag

Kunnskapsdepartementet vil utvikle ein ny strategi for forsterka satsing på realfaga i opplæringa. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Regjeringa vil utarbeide ein ny maritim strategi for å leggje til rette for at næringa er konkurransedyktig og har evne til å omstille seg. Strategien vil òg omfatte utdanning, forskning og innovasjon og vil bli lagd fram i løpet av 2015.

Departementet samarbeider med relevante aktørar for å følgje opp Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Dette gjeld mellom anna styrking av kvalitet og relevans i dei eksterne praksisstudia i utdanninga og utgreiing av eit nytt

system for styring av læringsutbyttet i helse- og sosialfaga.

Kunnskapsdepartementet tildelte i budsjettet for 2014 midlar til nye rekrutteringsstillingar i matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag og profesjonsfag. I budsjettet for 2015 foreslår departementet midlar til fleire nye rekrutteringsstillingar i helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning. Sjå omtale under kap. 260.

Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for kva som er god kvalitet i høgre utdanning, er i ferd med å bli betre og vil bli styrkt i dei kommande åra. Departementet har sett i gang ei treårig (2014–16) forskingsbasert evaluering av utdanningskvaliteten i regi av Forskringsrådet. Evalueringane vil gi meir kunnskap om utdanningsleiing, kvalitetsarbeid, studieprogram og oppfølging av studentane. Departementet har òg sett ut eit forskingsoppdrag for å få forslag til nye indikatorar på utdanningskvalitet. Departementet vil leggje vekt på internasjonale studiar og samanlikningar for å styrkje komparative vurderingar av kvaliteten i norsk høgre utdanning.

Departementet vil framover leggje vekt på sykliske spørjeundersøkingar for å få samanliknbar informasjon over tid. Særleg aktuelt er det med undersøkingar blant fagleg personale i sektoren, doktorgradskandidatar og arbeidsgivarar. Departementet vil òg gjennomføre eit kartleggings- og analyseprosjekt for implementering av kvalifikasjonsrammeverket og eit forskingsprosjekt om FoU i profesjonsfaga.

Erfaringar frå prosessen rundt utveljing av nye senter for framifrå utdanning (SFU) tyder på at fagfellelvurderingar medverkar til å styrkje kvalitetsarbeidet til fagmiljøa. Departementet har hausten 2014 gitt Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) i oppdrag å utvikle ein eigna metode for fagfellelvurderingar av studietilbod og å setje i gang ein pilot for utprøving av dette.

Departementet ønskjer å utvikle ein metode for felles evaluering av fagmiljø, der både forskings- og utviklingsarbeidet og utdanningsverksemda blir evaluerte i samanheng. Departementet har derfor hausten 2014 gitt Forskringsrådet og NOKUT i oppdrag å samarbeide om ei pilot-evaluering av eit fagmiljø.

Det er i dag inga systematisk samanlikning av kunnskapsnivået hos studentane innanfor ulike fag på tvers av institusjonar. Det kan vere nyttig

med slik kunnskap innanfor einsskilde fag for å sikre og betre kvaliteten på utdanninga. Departementet har gitt NOKUT i oppdrag å utvikle og gjennomføre nasjonale deleksamenar innanfor nokre utvalde profesjonsutdanningar.

Departementet har varsla ein meir liberal praksis når det gjeld å fastsetje særskilde opp- takskrav utover generell studiekompetanse. Det vil gi utdanningsinstitusjonane betre rom for å sikre at studentane har dei rette forkunns- kapane.

NOKUT

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) arbeider med å revidere modellen for tilsyn med høgre utdanning. Målet er at den nye modellen skal vere meir fleksibel og medverke til at NOKUT kan gjere meir risikobasert tilsyn i sek- toren. Eit nytt IKT-system skal stå ferdig i 2016 og vil effektivisere verksemda til NOKUT og hjelpe til med å samle meir og betre informasjon om utdanningskvaliteten. Sjå omtale under kap. 280 post 01 og kap. 281 post 01.

Studentvelferd

God studentvelferd er viktig for studentane for å gjennomføre studia og kan vere avgjerande for å kunne ta høgre utdanning. Dette gjeld særleg høvet til å få ein rimeleg bustad. Regjeringa har derfor sett seg som mål å byggje fleire studentbu- stader og forenkle regelverket slik at fleire stu- dentbustader kan bli oppførte. Departementet foreslår at det blir løyvt midlar til bygging av om lag 1 500 nye hybeleiningar i 2015. Sjå omtale under kap. 270 post 75.

Digitalisering av høgre utdanning

Departementet vil på bakgrunn av høyringssvar vurdere forslaga i *MOOC til Norge. Nye digitale læringsformer i høgere utdanning* (NOU 2014: 5). Departementet meiner den teknologiske utviklinga kan medføre auka kvalitet i utdanninga og betre tilgangen til høgre utdanning i heile lan- det. Departementet vil vurdere desse mogleghei- tene, mellom anna i samband med stortingsmel- dinga om strukturen i høgre utdanning. Sjå omtale under kap. 260.

Studieavgift for studentar utanfor EØS-området

Regjeringa foreslår at statlege universitet og høg- skolar får høve til å krevje studieavgift for studen-

tar frå land utanfor EØS-området og Sveits frå og med haustsemesteret 2015. Departementet vil leg- gj fram eit lovforslag for å gjere det mogleg for institusjonane å krevje studieavgift. Forslaget vil bli sendt ut til høyring hausten 2014. Det er ikkje aktuelt for regjeringa å opne for studieavgift for norske studentar eller studentar frå EØS-området og Sveits. Sjå omtale under kap. 260.

Bygg og utstyr

Langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*, legg vekt på investeringar i bygg og utstyr for universitet og høgskolar. Moderne og funksjonelle bygg med tidsriktig utstyr er ein vesentleg føresetnad for at undervisnings- og forskingsmiljøa kan nå måla i langtidsplanen om å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet, løyse samfunnsutfordringar, skape konkurransekraft og innovasjonsevne.

Langtidsplanen skal bidra til å gjere investerin- gane meir føreseielege. Regjeringa viser derfor særskilt til to større satsingar på forskingsretta byggjeprojekt: eit nytt bygg for livsvitskap, kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo og oppgrade- ring av Marinteknisk senter i Trondheim, Ocean Space Centre.

Departementet legg vekt på godt vedlikehald og oppgradering av eigedomsmassen ved univer- sitet og høgskolar. Departementet og institusjo- nane arbeider òg med å bringe fram nye prosjekt som skal dekkje sentrale behov for bygg og fasili- tetar i sektoren. Fleire prosjekt er under bygging, andre er under planlegging og prosjektering.

Riksrevisjonens undersøking av forvaltninga av statleg eigedomsmasse peiker på at 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande universi- teta er i dårleg stand. Departementet har i dei siste åra gitt tydelege signal i styringsdialogen og i tildelingsbrev til institusjonane om forventnin- gane til eigedomsforvaltninga i sektoren. Institu- sjonane arbeider kontinuerleg med å utvikle og forbetre styringsdata og planverk for forvaltning, drift og vedlikehald av bygnings- og eige- domsmassen. Departementet har starta arbeidet med ei evaluering av internhusleigeordninga ved dei sjølvforvaltande institusjonane og tek sikte på at den blir stilt ferdig i 2015.

Departementet foreslår løyvingar i 2015 til oppgradering av bygg ved dei universiteta som forvaltar sin eigen bygningsmasse. Regjeringa foreslår òg løyvingar til å føre vidare sju byggje- prosjekt i sektoren. To av desse, rehabiliteringa av Urbygninga ved Noregs miljø- og biovitenskaplege

universitet og fase ein av universitetsmuseet ved Universitetet i Bergen, vil vere ferdige hausten 2015. Departementet foreslår òg midlar til utstyr i sjukepleiar- og ingeniørutdanningane.

Kunnskapsdepartementet vil i 2015 føre vidare prosjekteringa for eit nytt anlegg for livsvitskap, kjemi og farmasi og eit vikingtidsmuseum, begge ved Universitetet i Oslo. Vikingtidsmuseet skal byggjast i tilknytning til det eksisterande Viking-skiphuset på Bygdøy. Kunnskapsdepartementet har gjennomført ei konseptvalutgreiing om framtidig arealbehov ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Departementet og NTNU gjennomfører hausten 2014 tilleggsutgreiingar før ekstern kvalitetssikring (KS1). Prosjektet for utgreiing av eit nytt marinteknisk senter i Trondheim, Ocean Space Centre, gjekk gjennom

KS1 i 2013. Regjeringa foreslår løyvingar i 2015 til vidare utgreiing. Sjå Prop. 1 S (2014–2015) for Nærings- og fiskeridepartementet. Konseptvalutgreiingane for Tromsø museum ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og nye klinikkfasilitetar for Det odontologiske fakultet ved Universitetet i Oslo gjennomgår høvesvis KS1 og vidare utgreiing.

Fagskoleutvalet

Kunnskapsdepartementet har i 2013 nemnt opp eit offentleg utval som skal vurdere rolla og plassen til fagskoleutdanninga i utdanningslandskapet og sett i høve til arbeidslivet. Utvalet skal leggje fram ein NOU innan utgangen av 2014. Sjå omtale under kap. 276.

Kap. 260 Universitet og høgskolar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
50	Statlege universitet og høgskolar	26 460 584	28 148 145	29 689 399
70	Private høgskolar	1 087 015	1 141 772	1 222 872
	Sum kap. 0260	27 547 599	29 289 917	30 912 271

Post 50 Statlege universitet og høgskolar og post 70 Private høgskolar

Mål for 2015

Kunnskapsdepartementet har i 2014 revidert målstrukturen for universitet og høgskolar med sikte på tydeleggjering og forenkling. Dei nye måla er

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

Alle universitet og høgskolar som får tildeling eller tilskott frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå desse måla. Måla er nærmare omtalte i kategoriomtalen.

Hovudtrekka frå revisjonen av målstrukturen frå 2012, der statlege universitet og høgskolar fekk delegert myndigheit til å setje egne verksemdsmål innanfor sektormåla, ligg fast. Som del av målstrukturen set departementet nasjonale styringsparametrar på område der institusjonane

skal ha særskilt merksemd på resultatutviklinga innanfor kvart sektormål.

Departementet legg til grunn at sektormåla skal vere langsiktige og gi ei stabil ramme, som institusjonane kan utvikle egne strategiar og planar innanfor.

Rapport for 2013

Stortinget løyvde til saman 27,5 mrd. kroner til universitet og høgskolar i 2013 over kap. 260 post 50 og 70. Nedanfor følgjer oversyn over resultata av den totale løyvinga til sektoren, innanfor dei fem sektormåla, som var gjeldande for 2013.

Mål: Universitet og høgskolar skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behov i samfunnet

Kapasitet

Det var om lag 117 000 søkjarar til høgre utdanning gjennom Samordna opptak (SO) i 2013. Det er ein auke på 1,2 pst. frå 2012. Lærestader i og

nær dei store byane hadde flest og best kvalifiserte søkjarar. I tillegg var det ein auke i talet på søkjarar gjennom lokale opptak.

Ifølgje tal frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) var det hausten 2013 registrert 245 000 studentar ved statlege og private høgre utdanningsinstitusjonar. Det er ein auke på 5 700 studentar frå 2012.

Talet på uteksaminerte kandidatar har òg auka. I 2013 vart om lag 37 400 kandidatar uteksaminerte, noko som er 1 200 fleire kandidatar enn året før. Dei tre fagområda med flest kandidatar i 2013 var økonomisk og administrativ utdanning, samfunnsvitenskapleg utdanning og sjukepleiarutdanning. Fleirtalet av bachelorkandidatane blir uteksaminerte frå høgskolane, medan fleirtalet av mastergradskandidatane blir uteksaminerte frå universiteta.

Utdanningskvalitet

Arbeidet til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) medverkar til å utvikle kvalitets sikringssystema og utdanningane ved institusjonane og styrkje kunnskapsgrunnlaget om sektoren. Sjå kategoriomtalen og kap. 280 post 01.

Det vart tildelt tre nye senter for framifrå utdanning i 2013. Det er store forventningar til at sentra vil bidra til å styrkje kvaliteten i høgre utdanning gjennom forskning, undervisning og innovative studietilbod. Sjå omtale under kap. 281 post 01.

I 2013 avla studentane i snitt 45,2 studiepoeng, jf. Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). Det er ein liten nedgang frå 2012, da talet var 45,5 studiepoeng. Det var flest avlagde studiepoeng per student ved kunsthøgskolane, medan det var færrast avlagde studiepoeng per student ved dei private vitenskaplege høgskolane. Blant dei statlege institusjonane varierte avlagde studiepoeng per student frå 60,5 til 37,4. I 2013 avla studentane i gjennomsnitt 85,8 pst. av planlagde studiepoeng i samsvar med avtalt utdanningsplan. Dette er ein liten framgang frå 2012.

MNT- og profesjonsfag

Tal frå DBH viser at det i 2013 vart teke opp fleire studentar til grunnskolelærerutdanning, femårig program for lærarutdanning og sjukepleiarutdanning enn i 2012. Til ingeniørutdanninga var det i 2013 ein auke på 350 studentar samanlikna med 2012. Det var derimot ein nedgang i talet på studentar som vart tekne opp til barnehagelærerutdanninga og praktisk-pedagogisk utdanning.

Kunnskapsdepartementet fastsette i 2013 forskrifter for fleire lærarutdanningar:

- femårig lektorutdanning for trinna 8–13
- treårige faglærerutdanningar i praktiske og estetiske fag
- treårig yrkesfaglærerutdanning
- eittårig praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag

Frå hausten 2014 må alle institusjonane som tilbyr lærarutdanning, følgje dei nye forskriftene.

Ny barnehagelærerutdanning (BLU) starta opp hausten 2013 og føreset mellom anna eit forpliktande samarbeid mellom utdanninga og praksisfeltet.

Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd* inneheld ein samla nasjonal kunnskapspolitikk for helse- og sosialfaglege utdanningar i framtida. Helse- og sosialfaga er under kraftig omstilling. Sjå kategoriomtalen.

Lærestadene har i samsvar med rammeplanen arbeidd med å utvikle ingeniørutdanninga til å bli meir innovativ, tverrfagleg, forskingsbasert og internasjonal. Det er knytt tettare band med næringsliv og lærestader i andre land. Nasjonalt senter for realfagsrekruttering har i 2013 halde fram med arbeidet med å betre rekrutteringa til matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske (MNT) fag. Sjå omtale under kap. 280 post 51 og kap. 281 post 01.

Internasjonalisering

I 2013 var det ein auke i talet på utvekslingsstudentar som tok delar av utdanninga i Noreg. Det var òg ein liten auke i talet på delstudentar frå Noreg i andre land. Det kom flest utvekslingsstudentar til Noreg frå Europa, medan USA, Australia og Polen er dei mest populære studiestadene for norske utvekslingsstudentar. Det var meir enn 21 000 utanlandske studentar i Noreg i 2013, og det er om lag ni pst. av studentmassen. Svenskar er den største gruppa av studentar med utanlandsk statsborgarskap ved norske lærestader, følgde av tyskarar, russarar og kinesarar.

Profilerte institusjonar og solide fagmiljø

I statsbudsjettet for 2013 vart det løyvt til saman 50 mill. kroner i midlar til samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK). Hovuddelen av midlane vart fordelte til større regionale SAK-prosessar der fleire institusjonar er involverte, mellom anna fusjonsprosessane til Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Finnmark, Høgskolen i Buskerud og

Høgskolen i Vestfold, og Universitetet for miljø- og biovitenskap og Noregs veterinærhøgskole.

Mål: Universitet og høgskolar skal i tråd med eigenarten sin utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Forskingskvalitet

Samla tildeling frå Forskningsrådet til universitet og høgskolar var i 2013 i underkant av 2,3 mrd. kroner. Det er ein auke på 72 mill. kroner frå 2012, tilsvarende tre pst. Som del av samla driftsinntekter vart inntekter frå Forskningsrådet redusert frå 8,5 pst. i 2004 til 6,5 pst. i 2013.

Dei profesjonsretta programma, mellom anna PRAKUT og Utdanning2020, som er førte vidare i FINNUT frå og med 2014, samt PraksisVel og Strategiske høgskoleprosjekt, har styrkt omfang og kvalitet i den profesjonsfaglege forskinga. Programma har òg vore viktige for å styrkje samspelet mellom forskning, utdanning og yrkesfeltet. Sjå omtale under kap. 281 post 50.

Midlar frå EUs rammeprogram for forskning er eit viktig teikn på at fagmiljø held høg internasjonal kvalitet. EU-tildelingane er den største utanlandske kjelda til finansiering for norske universitet og høgskolar og utgjer i 2013 ein pst. av totale driftsinntekter. I 2013 mottok universitet og høgskolar 350 mill. kroner frå EUs rammeprogram for forskning. Det er ein auke på 132 mill. kroner eller 68 pst. frå 2012. Kontraktane norske universitet og høgskolar har inngått, er derimot mykje jamnare fordelte enn mottekne inntekter. Frå 2010 til 2013 har verdien av inngåtte kontraktar variert mellom 38 mill. euro og 39,6 mill. euro. Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) og universiteta i Oslo og Bergen mottok til saman 84 pst. av EU-midlane som gjekk til universitets- og høgskolesektoren i 2013.

Det europeiske forskingsrådet (ERC) deler ut stipend til individuelle forskarar ut frå kvalitetskriterium. I budsjettet for det sjuande rammeprogrammet utgjer ERC-stipenda om lag 15 pst. av totalen, ifølgje Forskningsrådets årsrapport *Forsknings samarbeidet Norge – EU for 2012*. ERC er ein arena med svært sterk konkurranse om midlane. Støtte frå ERC er eit kvalitetsstempel for både forskaren og den institusjonen forskaren høyrer til. Tildelinga frå ERC til norske universitet og høgskolar har vakse, og i 2013 mottok universiteta seks ERC-stipend. Samanlikna med Sverige, Danmark og Finland har Noreg svak deltaking i ERC. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Vitskapleg publisering har auka sterkt i dei siste ti åra. Men for første gong på ti år var det i

2013 likevel ein nedgang i publiseringspoeng på 1,6 pst. frå året før. Medan mange miljø framleis bør auke publiseringa, bør fleire miljø prioritere å heve kvaliteten og å publisere i høgare rangerte publiseringsskanalar. I 2013 stod kvinner for 33 pst. av publiseringspoenga. Talet reflekterer først og fremst at det er færre kvinner enn menn i toppstillingane. Tilsette i høgare vitskaplege stillingar publiserer meir enn tilsette i dei lågare stillingane. Delen internasjonalt samforfatta vitskaplege publikasjonar er ein sentral indikator på internasjonalt forskningssamarbeid. Delen internasjonalt samforfatta artiklar auka frå om lag 44 pst. i 2012 til 45 pst. i 2013.

Doktorgradsutdanning

Noreg passerte i 2013 Sverige og nærmar seg Finland målt i talet på avlagde doktorgradar per mill. innbyggjarar. Det har aldri før vore avlagt fleire doktorgradar enn i 2013, med 1 524 avlagde doktorgradar. Dette er ein oppgang på fire pst. frå året før. Totalt 21 universitet og høgskolar tildelte doktorgradar i 2013, og det var meir enn 200 doktorgradsprogram i Noreg. Dei fire eldste universiteta stod for 84 pst. av doktorgradskandidatane. Som åra før var det i 2013 flest som avla doktorgrad i medisin, følgt av matematiske og naturvitskaplege fag. Fagprofilen til dei norske doktorandane skil seg ut med ein låg del innanfor teknologi, 13 pst., mot mellom 20 pst. og 28 pst. i resten av Norden.

I 2013 vart 38 pst. av dei avlagde doktorgradane finansierte over grunnbudsjetta til institusjonane, 21 pst. av Forskningsrådet og 41 pst. av andre eksterne finansieringskjelder, mellom anna helseføretaka. Sjå omtale av nærings- og offentleg sektor-ph.d.-ordningane i kategoriomtalen.

Det er òg ei positiv utvikling i kjønnsbalansen på dei ulike fagområda i doktorgradsutdanninga, sjølv om kvinnedelen blant doktorandane samla sett fall i 2013, med om lag to prosentpoeng til 47 pst. Delen kvinner som disputerer, varierer mykje mellom fagområda, frå 58 pst. i medisin og helsefag til 23 pst. i dei teknologiske faga.

Delen utanlandske statsborgarar som disputerer, var større i 2013 enn nokon gong tidlegare med 36 pst. I 2013 hadde 42 pst. av dei utanlandske doktorandane europeisk bakgrunn og 37 pst. asiatiske bakgrunn. Det var ein særskilt høg del utlendingar i teknologiske fag, nærmare 65 pst. Det har òg vore ein sterk vekst innanfor matematiske og naturvitskaplege fag, landbruks- og fiskerifag og veterinærmedisin. Rapporten *Utlendinger med norsk doktorgrad – hvor blir de av?* (NIFU, 2013) viser at av alle som tok doktorgrad i Noreg i

perioden 2000–07, hadde 51 pst. av dei utanlandske doktorandane arbeid i Noreg to år etter disputasen. For teknologane er talet høgere.

Forskning i MNT- og profesjonsfag

Matematiske, naturvitskapelege og teknologiske (MNT) fag skårar godt i nasjonale konkurransar baserte på kvalitetskriterium. Til dømes er nesten halvparten av alle sentra for framifrå forskning innanfor MNT-fag. Det same gjeld stipend frå Det europeiske forskingsrådet. Den vitskapelege publiseringa i MNT-fag har auka sidan publiseringssindikatoren vart innført i 2004, men publiseringa gjekk noko ned frå 2012 til 2013. NordForsk har i rapporten *Comparing Research at Nordic Universities using Bibliometric Indicators* (2014) samanlikna den vitskapelege publiseringa i MNT-faga ved dei nordiske universiteta. Rapporten viser at artiklar i MNT-fag frå dei norske universiteta gjennomgåande blir siterte mindre enn MNT-artiklar frå danske og svenske universitet. Dei norske universiteta hevdar seg relativt best innanfor geovitenskap.

Det har i 2013 vore ein markant vekst i avlagde doktorgradar i matematiske og naturvitskapelege fag. Teknologiske fag har hatt ein auke på 51 pst. i avlagde doktorgradar frå 2010 til 2013 og er dermed det fagområdet som har vakse mest i dei siste åra. Det har vore ein nedgang i talet på nye doktorgradsavtalar i MNT-fag frå 2011. Det er særleg talet på tildelte stipendiatstillingar frå Forskringsrådet som har gått ned, mellom anna som eit resultat av høgere satsar.

I 2013 vart forskingsprogramma på utdanningsområdet, PRAKUT og Utdanning2020, evaluerte av eit ekspertpanel nemnt opp av Forskringsrådet. Evalueringa viser at programma har hatt ein positiv verknad på utviklinga av forskingsfeltet. Sjå omtale under kap. 281 post 50.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid

Det nasjonale programmet for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) er delt i eit prosjektprogram og eit stipendiatprogram. Stipendiatprogrammet er ein parallell til doktorgradsutdanninga og medverkar til å heve kompetansen i kunstmiljøa. Prosjektprogrammet skal medverke til at fagleg tilsette skal utføre kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt nivå og med nasjonal og internasjonal fagleg relevans. PKU medverkar til at kunstfaga skaper innsikt i og forståing for menneskelege og samfunnsmessige samanhen-

gar. Ved utgangen av 2013 var det 55 aktive stipendiatar, og i 2013 fullførte sju stipendiatar. Sjå omtale under kap. 280 post 51 og kap. 281 post 01.

Mål: Universitet og høgskolar skal vere tydelege samfunnsaktørar og medverke til internasjonal, nasjonal og regional utvikling, formidling, innovasjon og verdiskaping

Universitet og høgskolar som samfunnsaktørar

Universitet og høgskolar samarbeider med eit breitt spekter av aktørar innanfor nærings- og arbeidsliv. Rapporten *Noder i kunnskapsnettverket* (NIFU 2014) viser at eit fleirtal av dei vitskapelege tilsette er engasjert i kunnskapsspreiing, medan relativt få er direkte engasjerte i kommersialiseringsaktivitetar.

Omfanget av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom midlar frå Forskringsrådet og EU-midlar gir ein indikasjon på i kva grad institusjonane er etterspurde FoU-aktørar og attraktive leverandørar av etter- og vidareutdanning. For dei statlege institusjonane var BOA-inntektene 2,3 mrd. kroner i 2013, eller seks pst. av dei totale inntektene. Sjå tabell 4.11 i vedlegg 4, som viser inntekter etter inntektskjelde for universitet og høgskolar.

I tråd med St.meld. nr. 44 (2008–2009) *Utdanningslinja* har alle statlege høgere utdanningsinstitusjonar oppretta råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) for å styrkje relevansen av utdanningstilboda gjennom eit formalisert samarbeid med andre samfunnsaktørar.

Innovasjon og verdiskaping

Det vart i 2013 ført vidare mange verkemiddel for å nå måla for forskning, utdanning og innovasjon. Det omfattar mellom anna Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI), Den norske forskerskolen i innovasjon, FORNY-programmet, strategiske høgskoleprosjekt (SHP), regionale forskingsfond og senter for fremragende innovasjon. Sjå omtale under kap. 281 og programkategori 07.70 Forsking.

Forskarar som byter jobb mellom sektorar, bidrar til spreing og sirkulasjon av forskingsbasert kunnskap og kompetanse. Ifølgje Forskningsbarometeret 2014 blir i gjennomsnitt 7,5 pst. av stipendiatane og postdoktorane med stilling i universitets-, høgskole- og instituttsektoren i eit gitt år registrerte med stilling utanfor desse sektorane året etter. Av desse finn om lag 40 pst. arbeid i offentleg sektor og 60 pst. i nærings-

livet. Delen andre forskarar som skiftar til desse sektorane, er 3,5 pst. Undersøkinga *Study on International Mobility and Researchers' Career Development* (SIM-ReC 2013) viser at 34 pst. av dei norske respondentane har hatt ei forskarstilling utanfor academia minst ein gong i karrieren. Dette er den høgste delen blant dei elleve europeiske landa i undersøkinga. Sjå omtale under del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Innovasjons- og kommersialiseringsindikatorane for universitets- og høgskolesektoren viser at talet på patentsøknader er redusert med 34 pst. frå 2012 til 2013 og ligg i 2013 på same nivå som i 2010. Talet på nyetablerte føretak og inngåtte lisensieringskontraktar er om lag det same i 2012 og 2013. Det har vore ein auke frå 648 i 2012 til 817 i 2013 i talet på mottekne forretningsidear. Sjå omtale under kap. 281 post 50.

Formidling og ope tilgjengeleg forskning

Det finst inga total oversikt over omfanget av formidling i sektoren, men talet på registrerte bidrag er høgt. I dokumentasjonssystemet CRISStin vart det registrert om lag 21 000 ulike formidlingsbidrag i 2013, ein auke på 1 500 formidlingsbidrag frå året før. Mediebidrag er den formidlingsaktiviteten som er mest registrert. Deretter følgjer konferansebidrag og foredrag.

I 2013 vart 805 artiklar publiserte i same år gjorde ope tilgjengelege gjennom eigenarkivering. Eigenarkivering inneber at forskaren lagrar ein kopi av ein artikkel publisert i eit tidsskrift med avgrensa tilgang, i eit ope digitalt arkiv, til dømes i Norwegian Open Research Archives (NORA). Sjølv om NORA tel publikasjonar på forskjellige institusjonar fleire gonger, gir det ein indikasjon på kor nivået ligg. Delen eigenarkiverte artiklar er framleis låg samanlikna med det totale talet på publiserte artiklar. Det er rom for å auke delen ytterlegare.

Mål: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Økonomistyring

Universitet og høgskolar finansierer verksemda gjennom direkte løyvingar frå Stortinget, forskingsfinansiering frå Forskningsrådet og EU, annan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet og andre inntekter, til dømes sals- og leigeinntekter, eller studieavgifter for dei private høgskolane. Løyvinga over kap. 260 utgjør hovuddelen av finansieringa for universiteta og høgskolane, med

27,5 mrd. kroner i 2013. Den resultatbaserte delen av løyvinga på kap. 260 utgjør om lag 30 pst.

Statlege universitet og høgskolar hadde 36 mrd. kroner i samla inntekter i 2013. Det er ein nominell auke på 2 mrd. kroner frå 2012. Om lag 80 pst. av inntektene er tildeling frå Kunnskapsdepartementet, andre departement og statlege etatar. Sjå tabell 4.11 i vedlegg 4, som viser inntekter etter inntektskjelde.

Statlege universitet og høgskolar er nettobudsjetterte institusjonar med særskilde fullmakter, som kan overføre midlar mellom budsjettåra. Det gir handlingsrom for avsetning til større investeringstiltak, vedlikehald, og tiltak over fleire år. Ved utgangen av 2013 var dei økonomiske avsetningane til planlagde tiltak i framtidige budsjettår på 2,6 mrd. kroner. Det er ein nedgang på 0,4 mrd. kroner frå 2012 og svarer til 9,7 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet i 2013. Ved utgangen av 2013 var andre avsetningar og fri verksemdskapital på 2,7 mrd. kroner, ein vekst på 0,6 mrd. kroner frå 2012 til 2013. Sjå tabell 4.12 i vedlegg 4, som viser tilhøvet mellom kontantbeholdning, kommande kostnader og avsetningar.

Rapporteringa frå institusjonane tyder på at dei fleste av dei statlege institusjonane har stor merksemd på langsiktig planlegging og økonomistyring. Om lag ein tredel av institusjonane har innført langtidsbudsjett.

Private høgskolar som mottok løyving over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, hadde 2,6 mrd. kroner i bokførte inntekter i 2013. Tilskott frå staten utgjorde 1,1 mrd. kroner i 2013, ein auke på 79 mill. kroner frå året før. Økonomien til private høgskolar er samla sett betre i 2013 samanlikna med i 2012, men nokre høgskolar har framleis utfordringar med å sikre berekraftig drift.

Forvaltning og intern kontroll

Tre institusjonar fekk vesentlege merknader i *Dokument 1 (2013–2014)*, Riksrevisjonens rapport om revisjon og kontroll av budsjettåret 2012. For alle tre var merknadene knytte til etterleving av regelverket for offentlege anskaffingar. Kunnskapsdepartementet har i 2013 følgd desse institusjonane tett opp.

Kunnskapsdepartementet har fastsett nytt *Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer* med ein ny rettleiar til reglementet.

Riksrevisjonens kontroll i 2013 viser ei kvalitetsforbetring i den administrative forvaltninga. Dei avvika som framleis blir avdekte, kjem hovudsakleg av manglande internkontroll.

Administrativt samarbeid

Departementet har oppfordra institusjonane til administrativt samarbeid for å få ei meir effektiv ressursutnytting og betre kvalitet i forvaltninga. Institusjonane har følgd opp dette gjennom fleire prosjekt med samarbeid om mellom anna innkjøp og internrevisjon. Sjølv om det allereie er nokre gevinstar, er det framleis mykje å hente på å styrkje det administrative samarbeidet ytterlegare.

Personalpolitikk, mellombels tilsette og likestilling

Mange institusjonar har framleis ein høg del mellombels tilsette, trass i ein liten nedgang i 2013. Samla var delen mellombels tilsette i dei tre kategoriane undervisnings- og forskarstillingar, saksbehandlar- og utgreiingsstillingar og støttestillingar 16 pst. i 2013, om lag eit prosentpoeng mindre enn året før. Universiteta reduserte delen mellombels tilsette frå 2012 til 2013, medan utviklinga var motsett ved dei statlege høgskolane. Dei statlege høgskolane har færre mellombelse enn universiteta. Størst er delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, med om lag 18 pst. i 2013.

Kjønnsbalansen i universitets- og høgskolesektoren har vorte betre over tid, men det er framleis store skilnader i dei ulike stillingsgruppene, mellom fagområda og mellom institusjonane. Skilnad i fagprofil kan forklare mykje, særleg for kvinner i førstestillingar. Delen kvinner i professorstilling har auka med om lag eitt prosentpoeng kvart år i dei siste åra, også i 2013. I 2013 var 25 pst. av professorane kvinner. Over halvparten av stipendiantane og universitets- og høgskolelektorane er kvinner, medan dei blant doktorandane utgjør 47 pst.

Bygg, vitskapleg utstyr og infrastruktur

Universitets- og høgskolesektoren disponerte totalt 3,4 mill. kvm areal i 2013. Av dette vart 0,9 mill. kvm leigde av Statsbygg, 0,8 mill. kvm leigde av private og stiftingar, og 1,8 mill. kvm er sjølvforvalta bygg.

I 2013 var åtte ordinære byggjeprojekt og fleire kurantprosjekt under oppføring i universitets- og høgskolesektoren: nytt samlokaliseringsbygg for Høgskolen i Bergen, nytt teknologibygget for Høgskolen i Sør-Trøndelag, samlokaliseringsbygg for Kunst- og designhøgskolen i Bergen, nybygg på Ås for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Veterinærinstituttet, rehabilitering av Urbygningen ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet, rehabilitering av universitetsmuseet ved Universitetet i Bergen, rehabilite-

ring av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo og nytt teknologibygget for Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

Tre større byggjeprojekt vart òg stilte ferdig og tekne i bruk i 2013. Nybygget for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo og Akershus har samla utdanninga nær resten av høgskolen. Den nye universitetsklinikken ved NTNU og Høgskolen i Sør-Trøndelag, Kunnskapssenteret, vart stilt ferdig og opna i 2013. Nybygget for Noregs handelshøgskole har samla heile verksemda ved høgskolen innanfor eiga tomt og har gitt plass til fleire studentar ved høgskolen.

I 2013 vart 505 mill. kroner frå Nasjonal satsing på forskningsinfrastruktur fordelte på 16 ulike prosjekt. For ti av desse stod eit universitet som søkjarinstitusjon, og samtlege prosjekt hadde universitet og høgskolar som partnarar. Sjø omtale av infrastrukturordninga under programkategori 07.70 Forsking.

Andre saker

Rosenborgkohorten er ei gruppe på 8 153 studentar, doktorgradskandidatar og tilsette som har hatt tilknytning til Rosenborglaboratoria ved NTNU sidan 1960. Den medisinske ekspertgruppa til Kunnskapsdepartementet, Dybingutvalget, vurderte i rapporten frå 2008 krefttilfelle i denne gruppa. Som ei oppfølging av Dybingutvalgets tilråding om å oppdatere Rosenborgkohorten etter fem år, har departementet gitt Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) og Kreftregisteret i oppdrag å oppdatere kohorten. Oppdateringa skal etter planen stillast ferdig i løpet av 2014.

Kunnskapsdepartementet har vedteke å avvikle prosjektet om etablering av metningsdykkarutdanninga ved Høgskolen i Bergen. Høgskolen ønskjer å sjå på alternativ for avvikling. Departementet har derfor bedt høgskolen gi ei utgreiing av korleis ei kaibasert løysing for ei eventuell luftdykkarutdanning kan operasjonaliserast.

Mål: Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet skal byggje opp, drive og halde ved like museum med vitskaplege samlingar og utstillingar for publikum

Samlingane ved dei seks universitetsmusea inneheld 17,5 mill. objekt, og mange av desse har stor nasjonal og internasjonal verdi. Universitetsmusea er viktige arenaer for profilering av universiteta mot eit breiare publikum. Over 1,5 mill. perso-

nar besøkte universitetsmusea i 2013, om lag som i 2012.

Fleire av utfordringane med sikring og bevaring av samlingane ved universitetsmusea kan ikkje løysast innanfor den bygningsmassen som musea har i dag. Det er derfor sett i gang planar for utbetring av byggfasilitetar ved alle dei fem institusjonane som har universitetsmuseum. Universitetsmuseet i Bergen har komme lengst, da det fekk startløyving for fase ein av rehabiliteringa av museet i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013. Det ligg føre eit ferdig forprosjekt for fase to av rehabiliteringsprosjektet og for eit nybygg for Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger. Det er gjennomført ei konseptvalutgreiing for å finne ei framtidig løysing for magasin og utstillingslokale for Tromsø museum – Universitetsmuseet ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Kunnskapsdepartementet har gitt Statsbygg i oppdrag å prosjektere eit vikingtidsmuseum på Bygdøy for Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Dette inkluderer mellom anna vikingskipa.

Sjå kap. 281 post 50 for omtale av strategisk FoU-program for universitetsmusea i 2013. Sjå kategoriomtalen for omtale av digitaliseringa av samlingane ved universitetsmusea.

Budsjettforslag for 2015 for post 50 og 70

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 30,9 mrd. kroner over kap. 260 i 2015, fordelte med 29,7 mrd. kroner til universitet og statlege høgskolar over post 50, og 1,2 mrd. kroner til private høgskolar over post 70. Dette omfattar både den langsiktige og strategiske delen og den resultatbaserte utteljinga knytt til utdanningsinsentiva og forskingsinsentiva.

Løyvingsforslaget på kap. 260 post 50 og post 70 er redusert med høvesvis 145,4 mill. kroner og 5,9 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, i statlege verksemder og private verksemder som driv tilsvarende aktivitet og mottek statstilskott, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Den resultatbaserte utteljinga for forskning utgjer 1,7 mrd. kroner av den samla løyvinga til universiteta og høgskolane i 2015. For utdanningsinsentiva inneber den resultatbaserte utteljinga ein auke på 166,1 mill. kroner frå 2014 til 2015.

Departementet foreslår heilårseffekt i 2015 av midlar løyvt i 2014 til rekrutteringsstillingar, kategoriheving av barnevernspedagogutdanninga og husleigemidlar til Høgskolen i Bergen for nytt samlokaliseringsbygg.

Departementet foreslår òg midlar til vidareføring og opptak av nye kull for studieplassar oppretta i tidlegare budsjett. Samla gir dette om lag 1 500 fleire studieplassar i 2015 samanlikna med i 2014.

Styrking av grunnfinansieringa

Regjeringa har mål om å styrkje grunnfinansieringa av universitet og høgskolar og foreslår å auke den samla økonomiske ramma til institusjonane med 53,7 mill. kroner. Dette er ei oppfølging av Innst. 260 S (2013–2014), der det vart vedteke å auke ramma til universitet og høgskolar.

Verdsleiane utdannings- og forskingsmiljø

Kunnskapsdepartementet foreslår 100 mill. kroner for å styrkje arbeidet med framifrå kvalitet med mål om å utvikle fleire verdsleiane fagmiljø.

Departementet foreslår at 70 mill. kroner blir fordelte etter spissa kvalitetskriterium til institusjonar med fagmiljø som har særlege føresetnader for å strekkje seg mot verdstoppen. Midlane vil gi ei langsiktig styrking av budsjetta til dei institusjonane som når opp i konkurransen, og skal nyttast til rekruttering av internasjonale toppforskarar.

Eit formalisert samarbeid av fagleg høg internasjonal kvalitet er strategisk viktig for institusjonane og for at Noreg skal hevde seg i den internasjonale konkurransen. University of California, San Diego (UCSD) og Simula Research Laboratory (Simula) er rangerte i verdstoppen innanfor IKT-fag. Universitetet i Oslo, Simula og UCSD har eit samarbeid om informatikk innanfor geovitskap og livsvitskap. Departementet foreslår 10 mill. kroner for å utvikle vidare det etablerte utdannings- og forskingssamarbeidet mellom desse institusjonane.

For å stimulere mellom anna til meir institusjonssamarbeid av denne typen foreslår departementet 20 mill. kroner til eit partnerskapsprogram for forskning og høgre utdanning over programkategori 07.70 Forsking. Programmet vil fremme langsiktig samarbeid mellom høgre utdannings- og forskingsinstitusjonar i Noreg og prioriterte land utanfor EU, og vil bli sett ut for konkurranse for å sikre topp kvalitet og relevans. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Struktur i universitets- og høgskolesektoren

Kunnskapsdepartementet tar i 2015 sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om strukturen i høgre utdanning. Målet med stortingsmeldinga er

å heve kvaliteten i utdanning og forskning, fremme solide fagmiljø og ein sektor som utnyttar ressursane meir effektivt. Derfor ønskjer regjeringa å etablere ein struktur med færre og sterkare institusjonar. Departementet legg vekt på dialog med sektoren i dette arbeidet. Departementet har bedt institusjonane om å vurdere sin eigen plass i ein struktur med færre institusjonar og kva som er dei faglege ambisjonane deira. I løpet av hausten 2014 har departementet hatt møte med institusjonane for å diskutere innspela.

Departementet foreslår å auke løyvinga til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar til 75 mill. kroner for å stimulere igangsette og nye struktur- og samanslåingsprosessar i sektoren.

Bygg og utstyr

Oppdaterte bygg er ein føresetnad for å skape leiande forskings- og utdanningsmiljø. Riksrevisjonens undersøking om forvaltninga av statleg eigedomsmasse peiker på at 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande universiteta er i dårleg stand. Departementet foreslår derfor 85 mill. kroner til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse. Oppgraderinga inneber rehabilitering og tilpassing av eksisterande bygg og lokale, slik at dei kan møte byggetekniske krav og forventningar til forskning og utdanning av høg kvalitet. Kunnskapsdepartementet forventar at tildelingar frå departementet skal utløyse eit tilsvarande beløp til same formål frå dei institusjonane som mottar midlane.

For at profesjonsutdanningane skal halde høg kvalitet og vere relevante, bør studentane ha tilgang til det same utstyret i studiesituasjonen som dei vil bli møtt med i arbeidslivet. Evalueringar frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) viser at det særleg er behov for meir og betre utstyr i sjukepleiar- og ingeniørutdanningane. Departementet foreslår 30 mill. kroner for å styrkje utstyrsparken i desse profesjonsutdanningane.

I tillegg foreslår regjeringa 1,6 mrd. kroner i 2015 til å føre vidare og avslutte sju ordinære byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren. Sjå tabell 3.1 og 3.2 i vedlegg 3 for oversikt over byggjeprojekta, inkludert kurantprosjekt. Sjå òg tabell 3.4, 3.5 og 3.6 for prosjekt i planleggingsfasen. Sjå òg Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

For å føre vidare prosjekteringa av eit nytt anlegg for livsvitskap, kjemi og farmasi og eit

vikingtidsmuseum på Bygdøy, begge ved Universitetet i Oslo, foreslår regjeringa å auke løyvinga på kap. 530 med 58 mill. kroner i 2015. I tillegg kjem 3 mill. kroner til prosjektering av brukarutstyr for anlegget for livsvitskap, kjemi og farmasi. Samla kostnad for prosjekteringa av dette bygget er av Statsbygg rekna ut til 260 mill. kroner, inkludert prosjektering av utstyr. Sjå Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve 152,5 mill. kroner over kap. 260 post 50 i 2015 til utstyr og inventar til fire igangsette byggjeprojekt. For nytt teknologibygge ved Høgskolen i Sør-Trøndelag legg departementet opp til ei samla utstyrsramme på 137,2 mill. kroner og foreslår 70,9 mill. kroner i 2015. For fase ein av rehabiliteringa av universitetsmuseet ved Universitetet i Bergen legg departementet opp til ei samla utstyrsramme på 50,8 mill. kroner, og foreslår at heile beløpet blir løyvt i 2015. For samlokaliseringsbygget for Kunst- og designhøgskolen i Bergen legg departementet opp til ei samla utstyrsramme på 208 mill. kroner og foreslår 15 mill. kroner i 2015. For rehabiliteringa av Urbygninga ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet har departementet lagt opp til ei samla utstyrsramme på 55,3 mill. kroner, og departementet foreslår å løyve siste del på 15,8 mill. kroner i 2015.

Nybygg for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås fekk startløyving i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013, jf. Innst. 470 S (2012–2013) og Prop. 149 S (2012–2013). Dette er eit stort og komplekst byggjeprojekt som stiller høge krav til brukarutstyr over eit breitt spekter, mellom anna utstyr til laboratorium, dyrehald, avansert medisinteknisk utstyr og anna forskingsinfrastruktur. Regjeringa foreslår ei samla kostnadsramme på 1 080 mill. kroner for brukarutstyr til prosjektet. For 2015 foreslår regjeringa 60 mill. kroner til brukarutstyr. Sjå kap. 530 i Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Rekrutteringsstillingar

Kunnskapsdepartementet foreslår 53,4 mill. kroner til 47 nye rekrutteringsstillingar innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning, som del av langtidsplan for forskning og høgre utdanning. Departementet foreslår òg 3,4 mill. kroner til tre nye stillingar til stipendiatprogrammet i Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). Sjå omtale under kap. 280 post 51.

Studieavgift for studentar utanfor EØS-området

Regjeringa foreslår at statlege universitet og høgskolar får høve til å krevje studieavgift for studentar frå land utanfor EØS-området og Sveits frå og med haustsemesteret 2015. Dette gjeld ikkje for studentar med rett til utdanningsstøtte frå Lånekassen og utvekslingsstudentar på avtale. Kunnskapsdepartementet vil leggje fram eit lovforslag for å gjere det mogleg for institusjonane å krevje studieavgift. Forslaget blir sendt ut til høyring hausten 2014. Det er ikkje aktuelt for regjeringa å opne for studieavgift for norske studentar eller studentar frå EØS-området og Sveits.

I samband med denne endringa foreslår departementet at budsjetttrammene til universitet og statlege høgskolar blir reduserte med 80,5 mill. kroner ettersom dei frå og med haustsemesteret 2015 kan krevje studieavgift. Departementet vil frå 2017 ikkje lenger gi utteljing for avlagde studiepoeng for desse studentane i finansieringssystemet for universitet og høgskolar. Departementet vil følgje med på utviklinga av korleis denne ordninga vil påverke talet på studentar frå land utanfor EØS-området og Sveits.

Andre saker

Statens pensjonskasse har varsla dei statlege institusjonane i sektoren om at arbeidsgivardelen av pensjonspremien vil bli redusert frå 13,2 pst. til 12,7 pst. frå 2014 til 2015. Dette inneber ein kostnadsreduksjon for institusjonane på om lag 100 mill. kroner i 2015 samanlikna med året før. Ved overgangen til nettobudsjettering vart dei kostnadene institusjonane hadde til pensjonspremie til Statens pensjonskasse, kompenserte med auka løyving. Premiesatsen for 2015 ligg over den satsen som vart nytta ved overgangen til nettobudsjettering, men den samla kompensasjonen fram til og med 2015 er framleis høgare enn den samla kostnaden til pensjonspremie.

I budsjettet for 2014, jf. Innst. 12 S (2013–2014) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014), vart det løyvt 50 mill. kroner over kap. 281 post 01 for å betre kompetansen og kapasiteten ved universitet og høgskolar som tilbyr etter- og vidareutdanning for lærarar. Midlane er fordelte til institusjonane i 2014 etter ei fagleg vurdering. Departementet meiner at midlane bør flyttast inn i budsjetttramma til dei aktuelle institusjonane etter same fordeling som i 2014. Departementet foreslår derfor å auke kap. 260 post 50 med 49 mill. kroner og kap. 260 post 70 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 281 post 01.

1. januar 2014 vart Arbeidsforskningsinstituttet (AFI), Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Høgskolen i Oslo og Akershus slätte saman. Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 33,5 mill. kroner knytte til AFI og NOVA inn i budsjetttramma til Høgskolen i Oslo og Akershus på kap. 260 post 50, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 287 post 57 under programkategori 07.70 Forsking.

Universitetet i Oslo (UiO) og Oslo universitetssjukehus er samde om overføring av verksemda ved dei medisinske biblioteka ved Ullevål sjukehus og Radiumhospitalet til UiO. Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 17,8 mill. kroner inn i budsjetttramma til UiO på kap. 260 post 50 mot ein reduksjon på 16,2 mill. kroner og 1,6 mill. kroner på høvesvis kap. 732 post 22 og kap. 732 post 78 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Departementet foreslår å flytte 12,5 mill. kroner til Kavli Institute for Systems Neuroscience inn i budsjetttramma til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering er organisatorisk ein del av NTNU. NTNU har det administrative ansvaret for verksemda og for forvaltninga av løyvinga til senteret. Senteret har ansvaret for den faglege verksemda. Kunnskapsdepartementet meiner at senteret bør få løyvinga på same måte som andre fellesorgan som er oppretta etter universitets- og høgskolelova § 1-4 fjerde ledd. Departementet foreslår derfor å flytte totalt 15,8 mill. kroner til kap. 280 post 51 mot ein reduksjon på 7,8 mill. kroner på kap. 260 post 50 og 8 mill. kroner på kap. 281 post 01.

Senter for samisk i opplæringa er eit ressurs-senter for å fremme undervisning i og på samisk og får midlar over kap. 561 post 50 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet foreslår å flytte ramma på 1,1 mill. kroner til Senter for samisk i opplæringa inn i budsjetttramma til Samisk høgskole på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 561 post 50.

Samisk vitenskapleg tidsskrift er eit samarbeidsprosjekt mellom Samisk høgskole og Senter for samiske studier ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Departementet foreslår å flytte 0,4 mill. kroner til Samisk vitenskapleg tidsskrift inn i budsjetttramma til Samisk høgskole på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking.

Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner til talentutviklingsprogrammet i musikk inn i budsjetttramma til Noregs musikkhøgskole på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Eit nytt studium ved NISS Høyskole AS vart hausten 2013 akkreditert som høgskoleutdanning. Tilskottet for andre halvår 2014 til dette studiet vart flytt til kap. 260 post 70 frå kap. 228 post 72 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Departementet foreslår å flytte 0,9 mill. kroner til kap. 260 post 70 for å kompensere for heilårsverknad av tilskottet mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 228 post 72. Hausten 2014 er dei tre siste studia ved NISS akkrediterte som høgskole-

studium. Med dette vil overgangsperioden frå vaksenopplæringsstudium til høgskolestudium vere fullført. Departementet foreslår å flytte 12,3 mill. kroner til kap. 260 post 70 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 228 post 72.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner til desentralisert utdanning på Kongsvinger inn i budsjetttramma til Høgskolen i Hedmark på kap. 260 post 50 mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 281 post 01.

Westerdals Høyskole, Norges informasjonsteknologiske høyskole og NISS Høyskole vart 1. juli 2014 fusjonerte til Westerdals Høyskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology.

Kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	15 627	16 174	16 708
74	Tilskott til velferdsarbeid	74 817	77 436	79 991
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	287 185	358 981	380 000
	Sum kap. 0270	377 629	452 591	476 699

Post 71 Tilrettelegging for internasjonal mobilitet

Posten omfattar midlar til Fulbright-programmet og Association of Norwegian Students Abroad (ANSA).

Mål for 2015

Tilskottet skal medverke til internasjonal mobilitet for studentar og forskarar.

Rapport for 2013

I 2013 vart det løyvt 7,4 mill. kroner til Fulbright-programmet over dette kapitlet. Løyvinga omfattar driftstilskott til stipendprogrammet og medverka til å støtte særleg kvalifiserte norske søkjarar på mastergrads- og doktorgradsnivå i USA. Løyvinga har òg vore nytta til å støtte forskarar frå Noreg i USA. 39 nordmenn fekk i 2013–14 stipend over dette programmet for å studere eller forske i USA.

Det vart løyvt 8,2 mill. kroner til ANSA i 2013. Løyvinga har gått til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet og utgifter til tilrettelegging for studium i utlandet. Dette inneheld også velferdstiltak for norske studentar i utlandet.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 16,7 mill. kroner over kap. 270 post 71 i 2015. Beløpet omfattar ei løyving til Fulbright Foundation på 7,9 mill. kroner. Resten av løyvinga på posten går til ANSA med 8,8 mill. kroner.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2015

Tilskottsordninga skal medverke til studentvelferd ved utdanningsinstitusjonane og til å fremme interessene til studentane.

Rapport for 2013

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbudet elles i samfunnet og vere ein integrert del av det heilskapelege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane. I 2013 fusjonerte studentsamskipnadene i Bodø og Narvik. Studentvelferda er frå 1. januar 2014 organisert gjennom dei 22 studentsamskipnadene ved lærestadene i Noreg. Studentsamskipnadene driv velferdstilbud som kantine, bokhandel, idrettstilbud, helse- og rådgivingstenester, studentbustader, barnehage mv.

Studentsamskipnadene varierer i storleik når det gjeld talet på utdanningsinstitusjonar dei skal betene, studentar, tilsette og omsetjing.

For 2013 vart det ikkje løyvt øyremerkte tilskott til studentbarnehagar, men i fordelinga av midlar til samskipnadene vart det teke særskilt omsyn til studentbarnehagane, i tråd med tidlegare fordelingsnøkkel. Samla vart det utbetalt 74,8 mill. kroner over posten i 2013. Av dette var 69,7 mill. kroner tilskott til 23 studentsamskipnader, med totalt om lag 220 000 medlemmar. Dette inkluderer ei eingongsløyving på 3,3 mill. kroner til Studentsamskipnaden i Nordland til organisasjonsbygging og fusjonsprosessen mellom Studentsamskipnaden i Bodø og Studentsamskipnaden i Narvik, som vart slåtte saman 1. januar 2013.

Det vart i 2013 utbetalt 5,1 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Desse var International Students' Union of Norway (ISU), Norsk studentorganisasjon (NSO), BI studentsamfunn (BIS) og Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF).

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 80 mill. kroner over kap. 270 post 74 i 2015. Departementet foreslår at ein ved utrekninga av tilskott til studentsamskipnadene for 2015 skal føre vidare ordninga frå 2009 når det gjeld studentbarnehagar. Dette fører til ekstra tilskott til alle studentsamskipnader med barnehagar.

Tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar vil bli gitt etter søknad. Departementet foreslår å føre vidare ordninga frå 2013

med at mindre studentorganisasjonar, der medlemmene òg er representerte gjennom andre større landsomfattande organisasjonar, ikkje får tilskott over denne posten. Dette gjeld ikkje der særlege interesser skal fremmast, til dømes interessene til utanlandske studentar i Noreg.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, for bygging av studentbustader. Husbanken forvaltar tilskottsordninga for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2015

Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader og medverke til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustadene er eit supplement til den private bustadmarknaden.

Rapport for 2013

Regjeringa ga i 2013 tilsegn om tilskott til bygging og rehabilitering av 1 483 hybeleiningar. Den faktiske auken i talet på studentbustader varierer noko frå år til år, avhengig av mellom anna oppføringstakten. Auken i talet på ferdigstilte studentbustader frå 2012 til 2013 var 2 054 hybeleiningar. På grunn av omstrukturering og sal av bustader vil ikkje auken alltid samsvare med oppføringa av nye bustader per år. I 2013 vart 865 hybeleiningar stilte ferdig. Ved utgangen av 2013 disponerte studentsamskipnadene 35 531 hybeleiningar.

Budsjettforslag for 2015

Ei av dei viktigaste velferdsoppgåvene til studentsamskipnadene er å tilby studentbustader. For å møte behovet for rimelege studentbustader foreslår regjeringa ei løyving på 380 mill. kroner i 2015. Regjeringa foreslår å endre budsjetteringsmodellen slik at løyvinga på posten på ein betre måte vil følgje kontantprinsippet og kravet om realistisk budsjettering. Løyvinga i 2015 vil etter den nye budsjetteringsmodellen omfatte tilskott til oppstart av bygging av 1 500 nye hybeleiningar. I tillegg vil løyvinga omfatte tilskott til vidareføring av dei byggeprosjekta som er i gang og som har fått tilsegn om tilskott i 2014 og tidlegare. Departementet vil kunngjere invitasjonen til å søkje om tilskott til studentbustader for 2015 i oktober 2014.

Departementet foreslår å føre vidare den øvre kostnadsramma i pressområda Oslo, Bergen,

Trondheim, Tromsø, Stavanger, Drammen, Kristiansand og Bodø på 800 000 kroner per hybeleining, der 300 000 kroner er fast statstilskott. Den øvre kostnadsramma i landet elles er på 700 000 kroner per hybeleining, der 240 000 kroner er fast statstilskott.

Departementet føreset at husleiga for bustader for studentar med nedsett funksjonsevne ikkje skal vere høgare enn det andre studentar betaler for ei hybeleining tilpassa éin person. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsamskipnad har eit tilfredsstillande tilbod til studentar med nedsett funksjonsevne.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
72	Anna fagskoleutdanning	71 236	69 679	66 747
	Sum kap. 0276	71 236	69 679	66 747

Kunnskapsdepartementet har i 2014 revidert målstrukturen for høgre utdanning, fagskoleutdanning og forskning med sikte på forenkling og tydeleggjering. Dei nye måla er

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Måla er nærmare omtalte i tilstandsvurderinga i kategoriomtalen.

Fagskolelova stadfestar at fagskoleutdanning skal vere av høg kvalitet og gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod. Fagskoleutdanning skal sikre korte, yrkesretta tilbod tilpassa ny teknologi og nye trendar i arbeidslivet. Fagskoleutdanningane må vere godkjende av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Tilstandsvurdering

Det er i dag tre kjelder til finansiering av fagskoleutdanning: gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane, som øyremerkte tilskott frå Helsedirektoratet til helse- og oppvekstfagleg fagskoleutdanning, og over kap. 276 post 72 til fagskoleutdanning i fag som kunst og film, dans, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk.

Kunnskapsdepartementet har frå 2011 utarbeidd ein årleg tilstandsrapport for fagskoleutdanning på bakgrunn av rapportering frå fagskolane til Database for statistikk om fagskoleutdanning

(DBH-F). Tilstandsrapporten for fagskoleutdanning 2013 viser at det i 2013 var i alt 111 offentlege og private fagskolar, som samla dekkjer eit stort spekter av utdanningar på ei rekkje fagfelt. Fagskolane hadde til saman 774 utdanningstilbod med registrerte studentar hausten 2013. 65 pst. av fagskolane er private. Over halvparten av fagskolane er lokaliserte på det sentrale austlandsområdet, og om lag 80 pst. av utdanningstilboda er stadbundne. Mange av fagskolane er svært små. Om lag 44 pst. av dei har under 50 studentar.

Samla var det registrert 16 420 fagskolestudentar i 2013, ein auke på 3,6 pst. frå 2012. Nær 66 pst. av fagskolestudentane er tekne opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse frå vidaregåande opplæring. Dette er ein auke på ti pst. frå 2012. Ifølgje Tilstandsrapporten for fagskoleutdanning 2013 fullførte nær 5 000 personar fagskoleutdanning i 2013.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har på oppdrag frå departementet i 2013 for andre gong undersøkt kva kandidatane frå fagskoleutdanning gjer tre kvart år etter gjennomført utdanning. Av dei som svarte i undersøkinga, er om lag 69 pst. i arbeid, om lag 23 pst. tek vidare utdanning, og om lag åtte pst. er arbeidslause.

Departementet etablerte i 2012 ei prøveordning der fagskolar på fagområda kunst, kultur, design og handverk, medium og kommunikasjon, IKT og merkantile fag kunne ta opp studentar med generell studiekompetanse, i tillegg til studentar med fag-/sveinebrev eller realkompetanse. Prøveordninga gjer det mogleg for fleire grupper å ta fagskoleutdanning. Departementet har sidan

utvida prøveordninga med fagområdet oppvekstfag. Prøveordninga vil bli evaluert.

Strategiar og tiltak

Kunnskapsdepartementet sette i 2013 ned eit offentleg utval som skal vurdere rolla og plassen til fagskoleutdanninga i utdanningslandskapet og sett i høve til arbeidslivet. Utvalet skal mellom anna sjå på korleis kvaliteten og statusen til fagskoleutdanninga kan betrast, og korleis det best kan leggjast til rette for at studentar kan flytte seg mellom fagskolar og høgskolar og universitet. Utvalet skal òg vurdere opptaksgrunnlaget og kva det betyr at fagskoleutdanninga skal vere yrkesretta. I tillegg skal utvalet vurdere gjeldande finansieringsordning for fagskolar og foreslå alternative modellar for gjeninnføring av statleg finansiering av fagskolane. Utvalet skal leggje fram ein NOU innan utgangen av 2014.

I løpet av 2014 tek departementet sikte på å sende ut til høyring forslag til endringar i lov om fagskoleutdanning.

Departementet har i 2013 sett ned ei ekspertgruppe som skal sjå på tilsyn og kontroll ved private høgskolar og fagskolar. Målet med arbeidet til ekspertgruppa er å auke tryggleiken for at offentlege tilskott og eigenbetaling frå studentane kjem studentane til gode. Utvalet vil levere ein rapport i løpet av 2014.

Det viktigaste faglege utviklingsarbeidet for fagskolane i 2014 er å utarbeide skildringar av læringsutbytte for alle utdanningane i tråd med dei overordna skildringane av læringsutbytte som er fastsette i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Post 72 Anna fagskoleutdanning

Posten omfattar tilskott til fagskolar med utdanningstilbod i fag som kunst og film, design, kristent livssyn, byggfag og jordbruk.

Mål for 2015

Målet med tilskottsordninga på kap. 276 post 72 er å medverke til gode utdanningstilbod ved fagskolane med tilskott over posten.

Rapport for 2013

I 2013 fekk 16 fagskolar tilskott over posten, og dei hadde til saman 790 studentar hausten 2013. Dette er ein nedgang frå 834 studentar hausten 2012. Dei 16 fagskolane er geografisk spreidde, med éin fagskole i høvesvis Hordaland, Nordland, Møre og Romsdal, Rogaland og Østfold, to fagskolar i Vest-Agder, fire i Oslo og fem i Akershus. Nær 90 pst. av studentane ved desse fagskolane tek utdanningar innanfor kunst og kristent livssyn, medan dei resterande studentane tek utdanningar innanfor film, dans, design, byggfag og jordbruk.

Oslo International Bible College har mista godkjenninga etter fagleg tilsyn frå NOKUT i februar 2014 og mottek ikkje lenger tilskott. Tomb fagskole har lagt ned tilbodet på grunn av manglande rekruttering av studentar og mottek ikkje lenger tilskott.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 66,7 mill. kroner for 14 fagskolar over denne posten. Sjø tabell med løyving for fagskolane i vedlegg 2.

Tilskottsordninga for fagskolar under kap. 276 post 72 er rammestyrt. Tilskottet til den einskilde fagskole blir tildelt som ei vidareføring av det tilskottet skolen fekk under tilskottsordninga frå før godkjenninga som fagskole. I tillegg er det uavhengig av endringar i talet på studentar ved skolen. For å få best mogleg bruk av midlane på dette kapitlet foreslår departementet å opne for å omfordele midlar frå dei fagskolane som på grunn av manglande rekruttering må leggje ned heile eller delar av tilbodet, til dei fagskolane som rekrutterer godt.

I samband med at Fagskolen Innlandet har overteke ansvaret for fagskoleutdanninga ved Norges byggskole foreslår departementet at Fagskolen Innlandet får eit øyremerkte tilskott til drifta av dette fagskoletilbodet i 2015.

Kap. 280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	72 346	75 646	79 468
21	Særskilde driftsutgifter	306	10	10
50	Senter for internasjonalisering av utdanning	55 088	67 016	70 149
51	Drift av nasjonale fellesoppgåver	107 384	146 896	171 165
71	Tilskott til UNIS	112 217	117 935	121 827
72	Tilskott til UNINETT	24 759	25 626	26 472
73	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overføres</i>	22 757	23 905	24 694
	Sum kap. 0280	394 857	457 034	493 785

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løyving til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

Mål for 2015

Departementet og NOKUT har i 2014 vore i dialog om målbiletet for verksemda. Følgjande mål gjeld for NOKUT frå 2015:

NOKUT skal medverke til at alle utdanningar ved norske universitet, høgskolar og fagskolar har tilfredsstillande kvalitet, at flest mogleg utdanningar er framifrå, og at samfunnet er godt informert om tilstanden i sektoren. NOKUT skal òg bidra til at personar med utanlandsk utdanning effektivt kan nytte kompetansen sin i Noreg, og at arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar har god informasjon om kva utanlandsk kompetanse svarer til i Noreg. NOKUT skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsoppdraget og internasjonale standardar på området.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte til saman 72,3 mill. kroner til NOKUT i 2013 over kap. 280 post 01. Departementet vurderer at NOKUT samla sett hadde god måloppnåing i 2013.

NOKUT gjennomførte evalueringar av kvalitetssikringssystema ved institusjonar, tilsyn med eksisterande utdanningar og starta i 2013 eit forsøksprosjekt for ny periodisk evaluering av kvali-

tetssikringssystema. Arbeidet til NOKUT medverkar til å utvikle kvalitetssikringssystema og utdanningane ved institusjonane.

NOKUT har òg publisert fleire analysar og rapportar og halde seminar om ulike tema, noko som har auka merksemda på og kunnskapsgrunnlaget for kvaliteten i universitets- og høgskolesektoren. I 2013 kom ein omfattande tilsynsrapport frå NOKUT om humanistiske fag. Rapporten viste mellom anna utfordringar med arbeidet med skildringar av læringsutbyttet for fleire institusjonar. Tilsynet medfører at NOKUT vil vurdere godkjenninga av fire studietilbod på nytt.

NOKUT utarbeidde i 2013 ei ny studentundersøking, Studiebarometeret, som vart lansert i februar 2014. Departementet tildelte 1,5 mill. kroner over kap. 281 post 01 til dette arbeidet. Sjå kategoriomtalen for resultat frå undersøkinga.

Grunna stor vekst i talet på søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning har NOKUT ventelister på dette området. I 2013 mottok NOKUT til saman 6 163 søknader, noko som er ein auke på 20 pst. frå 2012. NOKUT etablerte i 2013 ei ny ordning for å godkjenne kompetanse til flyktningar som ikkje kan dokumentere denne på ordinær måte, til dømes med vitnemål. Departementet tildelte 3 mill. kroner til NOKUT i 2013 over kap. 280 post 01 til dette arbeidet.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 79,5 mill. kroner til NOKUT over kap. 280 post 01. Dette inkluderer midlar til ei varig godkjenningsordning

for kompetansen til flyktningar. Det inneber ein auke på 5 mill. kroner på kap. 280 post 01 mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 281 post 01. Vidare foreslår departementet å styrkje NOKUTs rolle som nasjonalt kontaktpunkt for European Qualifications Framework (EQF) med 0,5 mill. kroner, som flyttes til kap. 280 post 01 frå kap. 281 post 01.

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyvingforslaget redusert med 4 mill. kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Til grunn for løyvinga ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 0,4 mill. kroner.

Departementet foreslår òg midlar til NOKUT over kap. 281 post 01. Det inneber mellom anna midlar til oppgradering av IKT-systemet til NOKUT. Sjå omtale av budsjettforslaget under kap. 281 post 01.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3280 postane 01 og 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna kostnader til det nasjonale arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket som NOKUT har eit koordineringsansvar for.

Rapport for 2013

Det vart tildelt 0,3 mill. kroner til eit prosjekt om kartlegging av kvalifikasjonar, koordinert gjennom NOKUT. Sjå òg omtale under kap. 3280 post 01.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 10 000 kroner.

Departementet foreslår at løyvinga over post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3280 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 50 Senter for internasjonalisering av utdanning

Posten omfattar driftsmidlar til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) og midlar til program og tilskott som SIU forvaltar.

Mål for 2015

SIU skal medverke til at internasjonalisering styrker kvalitetsutviklinga i norsk utdanning. SIU

skal medverke til betre samordning og utvikling av arbeidet med internasjonalisering i samarbeid med relevante nasjonale og internasjonale aktørar. SIU skal ha ei effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsoppdraget sitt.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte 55,1 mill. kroner til SIU over kap. 280 post 50 i 2013. Det omfatta driftsmidlar og midlar til program og tiltak som SIU forvaltar. Frå Kunnskapsdepartementet fekk SIU i tillegg tildelt midlar over kap. 252 post 70, kap. 281 post 01 og kap. 288 post 21 til internasjonalt samarbeid og kunnskapsutvikling. Sjå omtale under desse kapitla og postane.

Hovudverkeområdet til SIU er forvaltning av internasjonale samarbeidsprogram. I tillegg til å forvalte program på vegner av Kunnskapsdepartementet forvaltar SIU program for mellom anna Utanriksdepartementet, Norad, Nordisk Ministerråd og EU-kommisjonen. Det er god aktivitet innanfor dei fleste programma. SIU har òg ei viktig rolle i å profilere Noreg i utlandet som eit attraktivt samarbeids- og studieland. SIU gjer ein god jobb på dette området.

I 2013 overtok SIU ansvaret for å godkjenne samarbeidsprogram mellom norske og utanlandske vidaregåande skolar. SIU overtok òg ansvaret for å godkjenne utvekslingsorganisasjonar for rett til støtte gjennom Lånekassen.

SIU har ei viktig rolle i å utvikle kunnskapsgrunnlaget for internasjonalt samarbeid innanfor utdanning. I 2013 har SIU hatt merksemd på bilateralt samarbeid med prioriterte land utanfor EU. SIU går gjennom det samla verkemiddelapparatet for internasjonalt høgre utdanningssamarbeid. Departementet vurderer at SIU samla sett hadde god måloppnåing i 2013.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 70,1 mill. kroner til SIU over kap. 280 post 50.

Ein vesentleg del av løyvinga er midlar som SIU utbetalar vidare som tilskott. Elles er det midlar til drift av program og midlar for å setje i verk tiltak i kunnskapssektoren. Innanfor grunnopplæringa vil SIU frå 2015 få ansvar for forvaltning av ordningar som tidlegare har vore forvalta av Fylkesmannen i Vest-Agder og Fremmedspråksentret. Sjå nærmare omtale under tilskottsordningane på kap. 225 post 72 og post 73 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Departe-

mentet foreslår i samband med overføring av oppgaver frå Fylkesmannen i Vest-Agder å flytte 812 000 kroner til administrativ ressurs til kap. 280 post 50 frå kap. 525 post 01 under programkategori 13.25 Fylkesmannsembetene. Vidare foreslår departementet i samband med overføringa av oppgaver frå Fremmedspråksenteret å flytte 456 000 kroner til administrativ ressurs til kap. 280 post 50 frå kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Til grunn for løyvinga ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 0,3 mill. kroner.

Departementet foreslår òg midlar til SIU over kap. 281 post 01.

Post 51 Drift av nasjonale fellesoppgåver

Posten omfattar løyvingar til Artsdatabanken, BIBSYS, CRISStin (Current Research Information System in Norway), Felles studieadministrativt tenestесenter, Nasjonalt senter for realfagsrekruttering, Noregsuniversitetet (NUV) og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). Dette er einingar for drift av nasjonale fellesoppgåver som er organiserte etter § 1-4 fjerde ledd i lov om universitet og høgskolar.

I 2014 vart det oppretta eit nytt felles studieadministrativt tenestесenter ved at sekretariatet for Felles studentsystem, Samordna opptak og Seksjon for utvikling av nasjonale informasjonssystem ved Universitetet i Oslo vart samorganisert i eit felles tenestесenter. Felles studieadministrativt tenestесenter er oppretta med heimel i universitets- og høgskolelova § 1-4 fjerde ledd og administrativt lagt til Universitetet i Oslo.

Mål for 2015

Artsdatabanken skal gi forvaltning, organisasjonar og andre brukarar oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om biologisk mangfald. Artsdatabanken skal òg vere ein pådrivar i utviklinga av infrastruktur for innsamling og formidling av data om det biologiske mangfaldet i Noreg.

BIBSYS skal gi universitet og høgskolar gode og kostnadseffektive bibliotektenester gjennom samarbeid om bibliotekfaglege fellessystem.

CRISStin skal gi forskinga auka verdi for samfunnet ved at forskning i fleire sektorar blir sett i samanheng. CRISStin skal òg dokumentere, presentere og gjere ope tilgjengeleg kvalitetssikra data om vitenskapleg publisering i ein felles nasjonal database. Publiseringsdata blir nytta mellom anna

i finansieringssystema i universitets- og høgskolesektoren, instituttsektoren og dei regionale helseføretaka.

Felles studieadministrativt tenestесenter skal forvalte, utvikle og halde ved like studieadministrative system og tenester for universitet og høgskolar. Tenestесenteret skal mellom anna leggje til rette for og gjennomføre eit effektivt og korrekt studentopptak til grunnutdanningane ved universitet og høgskolar.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering skal i samarbeid med arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane bidra til å styrkje dei matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) faga. Senteret skal arbeide for å betre rekrutteringa til MNT-fag og for å auke kvinnedelen i MNT-retta fag og yrke.

Noregsuniversitetet (NUV) skal stimulere til utvikling og bruk av teknologi for læring og fleksible studietilbod i høgere utdanning. Vidare skal NUV fremme utdanningssamarbeid mellom høgere utdanning og arbeidsliv gjennom bruk av læringsteknologi.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) skal gjennom stipendiatprogrammet og prosjektprogrammet verke for at universitet og høgskolar utfører kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt, internasjonalt nivå. Programmet skal bidra til å fremme refleksjon og innsikt basert på kunstnarleg praksis, og stimulere til tverrkunstnarisk kommunikasjon og møtestader for dei relevante fagmiljøa.

Rapport for 2013

Artsdatabanken

Kunnskapsdepartementet tildelte 25,9 mill. kroner til Artsdatabanken i 2013. Artsdatabanken lanserte i 2013 den første versjonen av *Arter på nett* som ein integrert del av ny nettside. Det vart lagt inn 1,64 mill. nye artsfunn i 2013 i tenesta Artsobservasjoner. Artsdatabanken har òg ført vidare arbeidet med Artskart, der artsdata frå universitetsmusea, forskingsinstitutt, konsulentfirma, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar blir kvalitetssikra og gjorde ope tilgjengelege. Ved årsskiftet var det registrert 16,5 mill. artsfunn frå totalt 110 databasar. Artsdatabanken har i 2013 starta arbeidet med revisjon av Rødlista for arter som skal lanserast i 2015.

BIBSYS

Kunnskapsdepartementet tildelte 3,4 mill. kroner til BIBSYS i 2013. BIBSYS har i 2013 arbeidd vidare med å skaffe eit nytt biblioteksystem der

alle informasjonskjeldane kan samlast i ei søkje-kjelde. Målet er meir effektive bibliotektenester. Styret har vedteke å dele prosjektet i to delar, først ei felles søketeneste for studentar og vit-skapleg tilsette og deretter eit nytt verktøy for bibliotektilsette. Felles søketeneste vart sett i drift i 2013. Det nye biblioteksystemet skal vere implementert i 2015. BIBSYS har òg utvikla ein ny strategi for verksemda i 2013 som gjeld fram til 2017.

CRISStin

Kunnskapsdepartementet tildelte 23,7 mill. kroner til CRISStin i 2013. Felles rapportering av vit-skaplege publikasjonar vart i 2013 gjennomført på ein svært god måte. CRISStin har starta eit arbeid for å forbetre CRISStin-systemet mellom anna med betre samordning med andre forskingssystem, ny søkjeteneste og ny prosjektkatalog. Arbeidet med å fremme open tilgang til vitenskaplege publikasjonar heldt fram i 2013. CRISStin etablerte ei teneste for enklare overføring av publikasjonar til institusjonelle arkiv. Denne tilrettelegginga vil først ha effekt for registreringar i 2014. Fleire avtalar om tilgang til vitenskaplege tidsskrift vart reforhandla i 2013, med godt resultat og betre lisensvilkår for brukarane.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering vart i 2013 finansiert gjennom løyvinga til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet over kap. 260 post 50. I tillegg vart senteret tildelt om lag 6 mill. kroner samla over kap. 281 post 01 og kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopp-læringa. Sjå omtale under kap. 281 post 01 for rap-portering for 2013.

Noregsuniversitetet

I 2013 tildelte Kunnskapsdepartementet 24,6 mill. kroner til Noregsuniversitetet (NUV). Det var i 2013 ein auke i talet på søknader om støtte til utviklingsprosjekt for fleksibel og IKT-støtta utdanning. NUV lyste òg ut midlar for å fremme og utvikle kvalitet i utdanningstilbod om entreprenørskap i høgre utdanning. NUV har saman med Senter for IKT i utdanning arbeidd med teknologisk utbetring og tilpassingar av den juridiske rett-leiingstenesta, DelRett. NUV registrerer ei positiv interesse for utvikling av opne og tilgjengelege studietilbod, såkalla MOOC (Massive Open Online Courses).

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid fekk i 2013 tildelt midlar over kap. 281 post 01. Sjå kap. 281 post 01 for rapportering for 2013.

Samordna opptak

Kunnskapsdepartementet tildelte 29,8 mill. kroner til Samordna opptak (SO) i 2013. SO hadde ansvaret for studentopptak gjennom den nasjonale opptaksmodellen. I 2013 vart om lag 120 000 søknader til høgre utdanning handterte. SO hadde òg administrativt ansvar for drift av Nasjonal vitnemålsdatabase, felles klagenemnd for studentsaker og nasjonal klagenemnd for opptakssaker. SO handsama i tillegg saker frå særskilde grupper søkjarar, mellom anna søkjarar med utanlandsk utdanning.

IKT-systema til SO er sårbare, og det er stort behov for oppgradering. I statsbudsjettet for 2013 tildelte departementet 7 mill. kroner over kap. 281 post 45 for å få på plass eit nytt IKT-system frå 2015. Sjå kap. 281 post 45.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 171,2 mill. kroner over kap. 280 post 51.

Departementet foreslår ei løyving på 26,5 mill. kroner til Artsdatabanken, 3,6 mill. kroner til BIBSYS, 25,2 mill. kroner til CRISStin og 26,2 mill. kroner til Noregsuniversitetet.

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering har hittil primært vore finansiert gjennom løyvinga til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) over kap. 260 post 50 og over kap. 281 post 01. Departementet foreslår ei løyving på 15,8 mill. kroner for å føre vidare Nasjonalt senter for realfagsrekruttering. Det omfattar ei flytting av løyvinga til programmet frå NTNU over kap. 260 post 50 og frå kap. 281 post 01 til kap. 280 post 51.

Departementet foreslår ei løyving på totalt 38,1 mill. kroner til Program for kunstnarleg utviklingsarbeid, inkludert midlar til programdrift. Løyvinga omfattar òg 3,4 mill. kroner til tre nye stipendiatstillingar i 2015.

Sekretariatet for Felles studentsystem, Samordna opptak og Seksjon for utvikling av nasjonale informasjonssystem ved Universitetet i Oslo vart 1. juli 2014 organisert i Felles studieadministrativt tenestesenter for universitets- og høgskolesektoren. Departementet foreslår ei løyving på 34,8 mill. kroner til senteret i 2015. Departementet tek sikte på å flytte midlar frå Seksjon for utvik-

ling av nasjonale informasjonssystem ved Universitetet i Oslo til Felles studieadministrativt tenestесenter på eit seinare tidspunkt.

Utgiftene Samordna opptak (SO) har til eID på høgt tryggleiksnivå er dekte gjennom rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). For å dekkje SO sitt forventa forbruk i 2015 foreslår departementet å auke overføringa frå kap. 280 post 51 til kap. 540, Direktoratet for forvaltning og IKT, post 22 Betaling av elektronisk ID og digital post til private leverandører med 48 000 kroner, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal-og moderniseringsdepartementet.

Felles klagenemnd blir klageinstans for avgjerder som universitet og høgskolar tek etter offentleglova, jf. Prop. 59 L (2013–2014), som tredde i kraft 1. august 2014. Felles studieadministrativt tenestесenter fungerer som sekretariat for klagenemnda. For å dekkje meirutgifter til sekretariatet blir det foreslått ein auke på 1 mill. kroner på kap. 280 post 51, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 281 post 01.

Til grunn for løyvinga ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 0,8 mill. kroner.

Post 71 Tilskott til UNIS

Posten omfattar løyving til Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS).

Mål for 2015

UNIS skal tilby høgre utdanning og drive forskning av høg internasjonal kvalitet med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område.

Rapport for 2013

Departementet tildelte 112,2 mill. kroner til UNIS i 2013, inkludert 5,4 mill. kroner til vidareføring og opptrapping av studieplassar som vart oppretta i 2011. UNIS er ei aktiv og utoverretta verksemd som leverer utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet, og som har nedslagsfelt nasjonalt og internasjonalt. UNIS har ein vesentleg plass på kunnskapsplattforma Svalbard. I 2013 vart det gjennomført om lag 175 studentårsverk ved UNIS, mot 160 i 2012. Av desse var 53 pst. kvinner. 35 pst. av studentane var norske i 2013, noko som er ein nedgang frå 2012. Studentar og tilsette ved UNIS utgjør ein stadig

viktigare del av lokalsamfunnet på Svalbard. UNIS mottok og finansiering frå Forskningsrådet og næringslivet.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving til UNIS på 121,8 mill. kroner.

Post 72 Tilskott til UNINETT

Posten omfattar driftstilskott til UNINETT AS (UNINETT).

Mål for 2015

UNINETT skal utvikle eit landsomfattande datanett og tilby avanserte tenester for forskning, formidling og utdanning, i samspel med internasjonale forskingsnett i Europa og verda elles.

Rapport for 2013

Departementet tildelte 24,8 mill. kroner i tilskott til UNINETT over kap. 280 post 72. UNINETT har i 2013 arbeidd med ei ny organisering av selskapet som er tilpassa den nye strategien frå 2012. I 2013 har UNINETT halde fram med utbygginga av forskingsnettet. Ved utgangen av året hadde over 80 pst. av statlege universitet og høgskolar ei tilknytning på minst ti gigabite per sekund. UNINETT viser til at infrastruktur for forskning no er så kritisk for brukarane at det er nødvendig å halde fram med utbygging av reservevegar og -utstyr.

UNINETT fekk i 2013 i tillegg 30 mill. kroner over kap. 281 post 70 til ein ekstra fiberoptisk kabel mellom Longyearbyen og Ny-Ålesund. UNINETT fekk over kap. 281 post 70 og tildelt 15 mill. kroner til vidare utvikling av *eCampus*. Sjå omtale under kap. 281 post 70.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 26,5 mill. kroner over kap. 280 post 72 for å føre verksemda til UNINETT vidare. Det blir òg foreslått middel til UNINETT over kap. 281 post 70 til *eCampus*.

Post 73 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

Posten omfattar tilskott til NORDUnet AS (NORDUnet).

Mål for 2015

NORDUnet skal medverke til å sikre felles nettverksinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane og knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Målet med tilskottet er å sikre norsk tilgang til det nordiske samarbeidet om ein IKT-infrastruktur i verdsklasse.

Rapport for 2013

Departementet tildelte 22,8 mill. kroner til NORDUnet i 2013. NORDUnet har i dei siste åra gjennomført ei stor nettverksoppgradering, og

nettverket er no på internasjonalt toppnivå. Samarbeidet om NORDUnet gir dei nordiske akademiske netta meir kostnadseffektive løysingar enn om kvart land skulle operert aleine. Det gir òg dei nordiske landa tung påverknad når det gjeld utforming av internasjonalt nett og val av teknologiske løysingar.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 24,7 mill. kroner til NORDUnet for å føre aktiviteten vidare.

Kap. 3280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Eksterne inntekter NOKUT	306	10	10
02	Salsinntekter o.a.	1 933	1 253	1 288
	Sum kap. 3280	2 239	1 263	1 298

Løyvinga på post 01 gjeld mellom anna inntekter til NOKUT frå EU-kommisjonen over kap. 280 post 21 til det arbeidet NOKUT gjer med kvalifikasjonsrammeverket.

Løyvinga på post 02 gjeld inntekter til NOKUT frå kurs og konferansar.

Løyvingsforslaget er redusert med 6 000 kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I Hovudprioriteringar.

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	152 663	160 216	122 013
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	18 149	61 523	11 857
50	Tilskott til Noregs forskingsråd	79 258	101 849	135 833
70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>	120 307	47 236	46 388
73	Tilskott til internasjonale program	20 586	71 060	67 148
78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	15 222	15 755	16 275
	Sum kap. 0281	406 185	457 639	399 514

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten omfattar midlar til ulike tiltak og prosjekt for å medverke til kvalitetsutvikling, samordning av prioriterte område og andre fellestiltak for å nå måla for universitets- og høgskolesektoren. Posten femner om dei fire måla for politikkområdet for høgre utdanning og forskning. Løyvinga kan nyttast under kap. 281 post 01 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 281 post 70 for tilskott til ikkje-statlege aktørar. Sjå kap. 281 post 70.

Mål for 2015

Midlane skal støtte opp under måla for universitets- og høgskolesektoren og prioriterte politikkområde.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2013 til saman 273,3 mill. kroner over kap. 281 post 01 og post 70. Av desse vart om lag 153 mill. kroner utbetalte over post 01 og 120,3 mill. kroner over post 70.

Senter for framifrå utdanning

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) forvaltar ordninga med senter for framifrå utdanning (SFU) på vegner av departementet. I 2013 tildelte departementet 15,9 mill. kroner til å opprette tre nye SFU-ar etter ei brei og open utlysing gjennom NOKUT. Dei tre nye sentera er Centre of Excellence in Music Performance Education (Noregs musikkhøgskole), Centre for Research, Innovation and Coordination of Mathematics Teaching (Universitetet i Agder) og Centre for Excellence in Biology Education (Universitetet i Bergen, Universitetssenteret på Svalbard og Havforskningsinstituttet). NOKUT viser til at sentera er innovative og har dokumentert framifrå kvalitet i eksisterande utdanning.

Lærerutdanning

Departementet tildelte om lag 15 mill. kroner til vidareutvikling av lærerutdanningar og over kap. 281 post 01. Midlane har mellom anna medverka til å føre vidare den nasjonale satsinga på mentorordning for nyutdanna og nytilsette lærarar, utvikling av nye rammeplanar, følgjegruppe for dei nye grunnskolelærerutdanningane, følgjegruppe for ny barnehagelærerutdanning og utvikling av ny lektorutdanning for trinna 8–13.

Realfag og entreprenørskap

Departementet tildelte til saman 10,4 mill. kroner til realfags- og entreprenørtiltak over kap. 281 post 01 i 2013.

Mellom anna vart Nasjonalt senter for realfagsrekruttering tildelt 3,5 mill. kroner over kap. 281 post 01 til ENT3R-prosjektet. I tillegg vart ENT3R-prosjektet tildelt 2,5 mill. kroner over kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Målet med ENT3R er å sikre kvalifiserte søkjarar til MNT-fag og ingeniøruddanning. I 2013 deltok om lag 2 000 elevar på ENT3R, og om lag 170 studentar arbeidde som mentorar. Studiestadene som tilbyr ENT3R, opplever at prosjektet har ein viktig rekrutteringseffekt for MNT-fag og for studiestadene generelt.

Prosjektet Computing in Science ved Universitetet i Oslo vart tildelt 1,3 mill. kroner for mellom anna å finne gode evalueringsformer i berekningsorientert matematikk.

Departementet tildelte 4,2 mill. kroner til Noregsuniversitetet i 2013 for koordinering av tiltak for å fremme entreprenørskap i utdanninga.

Det vart tildelt 1,5 mill. kroner gjennom Utdanningsdirektoratet for å følgje opp entreprenørskap i lærerutdanninga, jf. handlingsplanen *Entreprenørskap i utdanningen – fra grunnskole til høgere utdanning 2009–2014*.

Kunstutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid

Departementet tildelte 31,7 mill. kroner i 2013 til Program for kunstnarleg utviklingsarbeid, inklusive midlar til programdrift. Sju stipendiatar fullførte programmet i 2013. Prosjektprogrammet mottok åtte søknader, og tre av prosjekta fekk støtte.

Internasjonalt samarbeid

Departementet tildelte i 2013 til saman 27,4 mill. kroner til internasjonalt samarbeid over kap. 281 post 01.

Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika gjeld for perioden 2012–15. Hovudprioriteringane i strategien er institusjonelt samarbeid og sterkare kopling mellom forskings- og høgre utdanningssamarbeidet. Strategien skal òg medverke til større mobilitet av studentar og tilsette. Strategien blir finansiert med 10 mill. kroner per år og blir forvalta av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU).

Gjensidig stipendordning for norske og russiske studentar vart ført vidare i 2013. 19 russiske

og to norske studentar fekk stipend av ulik type og lengde gjennom ordninga i 2013. Dette var ein auke frå 2012. Avtalen er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

I 2013 tildelte Kunnskapsdepartementet 3 mill. kroner til SIU for utvikling og etablering av internasjonale fellesgradar. Talet på søknader har vore lågare enn forventa. Frå 2014 er midlar til internasjonale fellesgrader omdisponerte til UTFORSK-programmet for å prøve ut modellar for internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid, jf. Innst. 260 S (2013–2014).

Departementet tildelte 2,3 mill. kroner til UTFORSK for å styrkje koplinga mellom høgre utdannings- og forskningssamarbeid med BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika) og Japan. Programmet er eit samarbeid mellom SIU og Forskningsrådet. SIU mottok 30 fullstendige søknader til UTFORSK i 2013 og tildelte midlar til åtte prosjekt. I tillegg har det vorte gjennomført fleire andre aktivitetar knytte til UTFORSK i 2013. Sjå omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Maritim strategi

Løyvinga på 18,5 mill. kroner til MARKOM2020-prosjektet vart ført vidare i 2013. Prosjektet er eit samarbeid mellom Universitetet i Tromsø, Høgskolen i Ålesund, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Buskerud og Vestfold om å vidareutvikle den maritime profesjonsutdanninga og fagskoleutdanninga i Noreg. I 2013 hadde MARKOM2020 19 finansierte tiltak i universitets- og høgskolesektoren og 22 finansierte tiltak i fagskolesektoren. Midlane har lagt grunnlaget for betre kvalitet i forskning og utdanning i dei maritime profesjonsutdanningane og har styrkt samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og næringane.

Likestilling

Departementet tildelte 8,4 mill. kroner over kap. 281 post 01 i 2013 til ulike tiltak innanfor likestilling. Midlane har i hovudsak gått til utteljing i insentivordninga for tilsetjing av 18 kvinner i høgre vitskaplege stillingar i MNT-fag. Likestillingsprisen for 2013 gjekk til Simula Research Laboratory. Sjå omtale av Komité for kjønnsbalanse i forskning under kap. 281 post 70.

Kunnskapsgrunnlag

Departementet tildelte om lag 26 mill. kroner til ulike tiltak for å fremme kunnskap om og med-

verke til kvalitetsutvikling. Det omfatta mellom anna utdanningskvalitetsprisen, som gjekk til Noregs handelshøgskole, midlar til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for studentundersøking og utvikling av nettportalen.

For å møte behovet for meir kunnskap om universitets- og høgskolesektoren lyste departementet hausten 2012 ut eit nytt strategisk forskingsprogram for perioden 2013–14. Oppdraget gjekk til Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), med kvalitet og samspel som det sentrale temaet. Det vart i 2013 tildelt 5,5 mill. kroner til programmet.

Departementet tildelte midlar til mellom anna Felles studentsystem, felles lønns- og personalsystem, Fagskolerådet og samorganiseringa av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap. Kunnskapsdepartementet heldt i 2013 fram med arbeidet med implementering av *Nasjonal rekrutteringsstrategi for samisk høgre utdanning 2011–14*. Strategien har til formål å styrkje rekrutteringa til samisk høgre utdanning og blir avslutta i 2014.

Det vart òg sett ut oppdrag om analysar og konsekvensutgreiningar av ulike tiltak for sektoren.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 168,4 mill. kroner på kap. 281 post 01 og post 70 i 2015. Av desse foreslår departementet å løyve 122 mill. kroner over post 01 og 46,4 mill. kroner over post 70. Reduksjonen frå 2014 skriv seg mellom anna frå midlar som departementet foreslår å flytte frå kap. 281 post 01 i 2015. Dette gjeld mellom anna midlar til Nasjonalt senter for realfagsrekruttering og etter- og vidareutdanning for lærarar. Sjå omtale under høvesvis kap. 280 post 51 og kap. 260.

Utgiftene til dei enkelte tiltaka er oppgitt inkludert meirverdiavgift. Samla er løyvingsforslaget på post 01 redusert med 4,1 mill. kroner som følge av innføring av nøytral meirverdiavgift, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Til grunn for løyvinga ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 0,8 mill. kroner.

Tiltaka under er kategoriserte etter dei fire måla for politikkområdet for høgre utdanning og forskning. Sjå òg omtale av tiltak under kap. 281 post 70.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Departementet foreslår å løyve midlar over kap. 281 post 01 for å fremme høg kvalitet i utdanning og forskning.

Senter for framifrå utdanning (SFU), som blir forvalta av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), er eit viktig verkemiddel for å stimulere til kvalitetsutvikling i høgre utdanning. Departementet foreslår derfor å styrkje sentra med 4 mill. kroner, slik at det totalt blir løyvt 19,9 mill. kroner til SFU i 2015. Midlane skal medverke til å styrkje arbeidet ved sentra med å utvikle og spreie forskingsbasert kunnskap om innovative praksisar i høgre utdanning.

Departementet foreslår å løyve inntil 15 mill. kroner til NOKUT for å styrkje kunnskapen om utdanningskvalitet. Dette inneber mellom anna eit pilotprosjekt om nasjonale deleksamenar innanfor matematiske fag i nokre profesjonsutdanningar. Vidare omfattar det ei fagfelle vurdering som skal samanlikna studietilbod i ulike land i samarbeid med utanlandske kvalitetssikringsorgan, og utvikling av ein modell for felles fagevalueringar av utdanning og forskning i samarbeid med Forskningsrådet.

Utdanningskvalitetsprisen og studentundersøkinga Studiebarometeret blir førte vidare i 2015. Det same gjeld følgjegruppene for barnehagelærarutdanninga og grunnskolelærarutdanningane, der sistnemnde etter planen trappar ned og avsluttar arbeidet i løpet av 2015.

Departementet følgjer opp *Strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika 2012–15* ved å føre vidare løyvinga på 10 mill. kroner til Senter for internasjonalsisering av utdanning (SIU).

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Departementet foreslår å løyve midlar til tiltak som medverkar til velferd, verdiskaping og omstilling. Mellom anna foreslår departementet å føre vidare løyvinga til MARKOM2020-prosjektet med 18,5 mill. kroner. Det same gjeld midlar til SIU for å føre UTFORSK-programmet vidare i 2015.

Departementet foreslår òg å løyve midlar til utvikling av ein nasjonal vitnemålsdatabank i 2015, til eit prosjekt om kunnskapstriangelet i OECD og til andre utgreiingar og evalueringar for kunnskap om og utvikling av høgre utdanning og forskning.

God tilgang til utdanning

Departementet foreslår å løyve midlar over kap. 281 post 01 mellom anna til å stimulere til utvikling av Y-vegar innanfor fleire fagområde. Målet er å gi personar med fagbrev betre moglegheit til å byggje vidare på kompetansen i høgre utdanning. Tilbodet kan òg motivere fleire til å fullføre fagbrev fordi dei seinare vil kunne søkje seg til høgre utdanning utan å ha generell studiekompetanse.

Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Departementet foreslår å løyve midlar til tiltak over kap. 281 post 01 for å medverke til at høgre utdanningssektoren skal vere effektiv, mangfaldig og solid.

NOKUT har stort behov for å oppgradere IKT-systemet for å sikre god og effektiv saks- handsaming. Departementet fekk gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av IKT-prosjektet i 2013, og i statsbudsjettet for 2014 vart NOKUT tildelt 13,5 mill. kroner til dette arbeidet. Målet med prosjektet er å leggje til rette for NOKUTs arbeid med kvalitetsutvikling i utdanning og raskare handsaming av søknader om godkjenning av utanlandske utdanningar. For å slutføre IKT-prosjektet er det berekna ein kostnad på inntil 27 mill. kroner.

Vidare foreslår departementet å løyve midlar til å integrere CRISStin-systemet med andre informasjonssystem som er viktige for forskarar, til dømes informasjonssystema til Datatilsynet, Kreftforeningen og helseføretaka. Sjå omtale av CRISStin under kap. 280 post 51.

Delar av løyvinga dekkjer òg utgifter til utgreiingar knytte til utviklingsprosjekt og bygg.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3281 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i sektoren.

Mål for 2015

Midlane skal medverke til gode fasilitetar og utstyr i universitets- og høgskolesektoren.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte 18,1 mill. kroner i 2013 over kap. 281 post 45.

Departementet tildelte 7 mill. kroner til oppgradering og vidareutvikling av IKT-systema ved Samordna opptak (SO). Desse tiltaka skal leggje til rette for at opptak til høgre utdanning kan gjennomførast effektivt og korrekt for studentar og institusjonar. Sjå omtale av SO under kap. 280 post 51.

Utvikling av undervisningsmetodar og forskingsprosessar fører til behov for oppdatert vitenskapleg utstyr. Departementet tildelte totalt 11,1 mill. kroner til vitenskapleg utstyr ved høgskolane i Ålesund, Gjøvik, Lillehammer, Narvik og Vestfold i 2013.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 11,9 mill. kroner over kap. 281 post 45. Reduksjonen frå året før skriv seg frå at eingongsløyvingar på 50 mill. kroner til utstyr i 2014, no er fasa ut.

I samband med bygging av Kunnskapssenteret ved den nye universitetsklinikken er det bygt eit felles bibliotek for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og Høgskolen i Sør-Trøndelag. NTNU har forskottert betaling til utviding av biblioteket. Departementet foreslår 3,5 mill. kroner til NTNU til dette formålet.

Høgskolen i Sør-Trøndelag har nyleg flytt delar av verksemda for Handelshøgskolen i Trondheim og avdeling for helse- og sosialfag. Departementet foreslår 6,4 mill. kroner til utstyr til høgskolen i samband med flyttinga.

Noregs idrettshøgskole må leige lokale til undervisning i samband med rehabilitering av bygningsmassen ved høgskolen. Departementet foreslår å tildele Noregs idrettshøgskole 2 mill. kroner årleg i tre år til husleige til mellombelse lokale.

Post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd

Posten omfattar midlar kanaliserte gjennom Forskningsrådet til ulike forskingsprogram og satsingar om og for universitets- og høgskolesektoren.

Mål for 2015

Tilskottet skal styrkje universitet og høgskolar som innovasjonsaktørar, gi meir og betre forskning i høgskolane og i profesjonsfaga, og fremme forskning ved universitetsmusea.

Rapport for 2013

Departementet tildelte 79,3 mill. kroner til ulike program gjennom Forskningsrådet over kap. 281 post 50 i 2013.

FORNY2020 er eit sentralt verkemiddel for å bringe resultat frå offentleg finansierte forskingsinstitusjonar fram til den private marknaden. Departementet tildelte 13 mill. kroner til FORNY2020 i 2013. Programmet gir støtte til ulike fasar av kommersialiseringsarbeidet. Den viktigaste oppgåva er å skaffe midlar til tidleg fase av kommersialiseringsarbeidet og gjere prosjekta klare for investeringar utanfrå. Resultata over dei siste åra viser vekst i selskapsetableringar og lisensar.

Programmet Strategiske høgskoleprosjekt (SHP) er eit institusjonsstrategisk verkemiddel for å styrkje forskinga ved høgskolane og kvaliteten i profesjonsfaga. Departementet tildelte 40 mill. kroner til SHP i 2013. Programmet har auka merksemda på FoU og har styrkt forskingskvaliteten og -kompetansen ved høgskolane. Programmet har òg stimulert til betre samspel mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsmiljø. Innanfor SHP vart det utført 20 doktorgradsårverk og avlagt fem doktorgradar i 2013. Inneverande programperiode er 2012–17.

Kunnskapsdepartementet finansierte forskingsprogramma Praksisretta utdanningsforskning (PRAKUT) og Utdanning2020 med høvesvis 8 mill. kroner og 2,5 mill. kroner over kap. 281 post 50 i 2013. Ei evaluering frå eit ekspertpanel nedsett av Forskningsrådet i 2013 viser at programma har hatt positiv verknad på utviklinga av forskingsfeltet, som òg omfattar lærarprofesjonen.

PRAKUT har medverka til å styrkje forskar-kompetansen og kunnskapsgrunnlaget i lærarutdanningane. Ein statusrapport frå Forskningsrådet i 2013 viste at det er behov for å utvikle vidare metodar for korleis brukarar kan medverke i forskinga som utviklar og fornyar praksisfeltet.

Utdanning2020 har styrkt forskinga om undervisning og læring, styring, leiing og organisering av utdanning, og korleis utdanning betre kan spele saman med arbeids- og samfunnslivet. Programmet vart midtvegsevaluert av eit nordisk panel i 2013. Evalueringa viste at programmet har hatt ei god strategisk måloppnåing på fleire område.

Kunnskapsdepartementet løyvde 5 mill. kroner til nasjonal forskarskole for lærarutdanning (NAFOL) i 2013. NAFOL vart midtvegsevaluert i 2013, og evalueringa viste at arbeidet har vore vellykka og fagleg godt.

Strategisk FoU-program for universitetsmusea vart tildelt 5,8 mill. kroner i 2013, og midlane har gått til tre prosjekt: arkeologi, forskarskole i biosystematikk og museumsvitenskap/museologi. Prosjekta har ført til eit betre fagleg samarbeid om forskning, klarare arbeidsdeling mellom musea og styrkt rekruttering. Prosjekta har òg utløynt fleire rekrutteringsstillingar frå universiteta og samarbeid om søknader om nye forskingsprosjekt. Begge forskarskolane er utvida til eit nordisk-baltisk samarbeid. Programmet blir avslutta i 2014.

Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI) fekk tildelt 3 mill. kroner over kap. 281 post 50. VRI har medverka til å styrkje dialogen mellom FoU-miljø, næringsliv og fylkeskommunane.

Det vart òg tildelt 2 mill. kroner til kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken (FORFI) over kap. 281 post 50 i 2013. Sjå meir omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 135,8 mill. kroner over kap. 281 post 50.

I 2014 vart PRAKUT og Utdanning2020 slåtte saman til det nye programmet FINNUT for utdanningsforskning og innovasjon i utdanningssektoren. FINNUT har no òg ansvar for prosjekta frå det førre forskingsprogrammet på feltet, Praksis-FoU, og for NAFOL. Departementet foreslår ei løyving på totalt 20,5 mill. kroner til FINNUT og NAFOL over kap. 281 post 50 i 2015. Departementet vil i tillegg føre vidare løyvingane til SHP med 40 mill. kroner, VRI med 3 mill. kroner, og FORFI med 2 mill. kroner.

Departementet foreslår at dei 5,8 mill. kronene som vart nytta til strategisk FoU-satsing for universitetsmusea i 2013 og 2014, blir førte vidare til dei to forskarskolane i biosystematikk og arkeologi. Forskarskolane skal søkje internasjonalt samarbeid og særskilt føre vidare det gode samarbeidet med nordiske og baltiske land.

Praksisretta FoU for helse- og velferdstenesene (PraksisVel) er ei oppfølging av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på 9,8 mill. kroner over kap. 281 post 50 i 2015. PraksisVel skal styrkje grunnlaget for kunnskapsbasert utdanning og yrkesutøving, både for den enkelte sektor og på tvers av sektorar.

Vidare foreslår departementet å styrkje finansiering av FORNY2020 med 3,4 mill. kroner, slik at løyvinga i 2015 er auka til 16,4 mill. kroner. FORNY2020 er eit viktig verkemiddel for kom-

mersialisering av forskning frå universitets- og høgskolesektoren og skal bidra til å finansiere TTO-ane (Technology Transfer Office).

Offentleg sektor-ph.d. vart etablert i 2014 etter modell av nærings-ph.d.-ordninga. Ordninga med nærings-ph.d. i regi av Forskningsrådet skal styrkje samspelet mellom næringslivet og dei akademiske miljøa og styrkje FoU-aktiviteten i næringslivet for å gjere det meir kunnskapsintensivt. Departementet foreslår ei løyving på 38,5 mill. kroner til ordningane med offentlig sektor-ph.d. og nærings-ph.d. i 2015. Departementet foreslår å flytte løyvinga på 15 mill. kroner til nærings-ph.d. frå kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking til kap. 281 post 50. Resten av auken skriv seg frå heilårseffekt av løyvinga i statsbudsjettet for 2014.

Til grunn for løyvinga ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 0,5 mill. kroner.

Post 70 Andre overføringer, kan nyttast under post 01

Midlar over kap. 281 post 01 kan vere retta mot statlege og ikkje-statlege aktørar. Løyvinga blir nytta under kap. 281 post 70 når det er tilskott til ikkje-statlege aktørar. Sjå kap. 281 post 01 for omtale av mål for 2015. Midlane til Nordisk Ministerråd for avtalen om gjensidig tilgang til høgere utdanning på tvers av dei nordiske landa vart i 2014 flytte til kap. 281 post 73.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2013 til saman 120,3 mill. kroner over kap. 281 post 70.

I 2013 tildelte departementet 30 mill. kroner til UNINETT AS for å leggje ein ekstra fiberoptisk kabel mellom Longyearbyen og Ny-Ålesund. Formålet med tilskottet var å sikre ei reserveløysing ved eventuelle driftsbrot. UNINETT AS fekk tildelt 15 mill. kroner for å føre vidare arbeidet med oppgradering av nettinfrastrukturen i sektoren gjennom *eCampus*, jf. omtale under kap. 280 post 72. Vidare vart UNINETT AS tildelt 1 mill. kroner til etablering av eit arkitekturråd som skal ta ansvaret for standardisering og koordinering av IKT-løysingane i sektoren.

Database for statistikk om høgere utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS er ei sentral informasjonskjelde til og om sektoren. I 2013 var driftstilskottet til DBH på 14,6 mill. kroner.

Departementet tildelte i 2013 eit tilskott på 1,5 mill. kroner over kap. 281 post 70 til Komite for kjønnsbalanse i forskning (Kif), som har medverka til å fremme likestilling i forskning og akademia. I tillegg vart det i 2013 løyvt 1,5 mill. til Kif over kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking.

Publiseringsutvalet, som Universitets- og høgskolerådet (UHR) har etablert på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, har fagleg ansvar for utvikling og fagleg drift av System for dokumentasjon av vitenskapleg publisering. Departementet tildelte 1,7 mill. kroner som tilskott til arbeidet i 2013. UHR mottok òg 565 000 kroner i 2013 over kap. 281 post 70 og 325 000 kroner i 2012 over kap. 200 post 21 til evaluering av publiseringsindikatoren.

47 mill. kroner vart i 2013 tildelt Nordisk Ministerråd for avtalen om gjensidig tilgang til høgere utdanning på tvers av dei nordiske landa. Det har i dei seinare åra vore vekst i talet på norske studentar som studerer i andre nordiske land, frå 3 110 i studieåret 2009–10 til 3 587 i studieåret 2012–13. Avtalen sikrar at norske søkjarar til høgere utdanning i andre nordiske land blir handsame likt med nasjonale søkjarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søker opptak til høgere utdanning i Noreg.

Tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) vart i 2013 ført vidare med 2,3 mill. kroner. Midlane har medverka til det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring.

Departementet tildelte 1,25 mill. kroner for arbeidet med kandidatundersøkinga gjennom Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

UHR vart tildelt 1,25 mill. kroner til bruk i arbeidet med matematikkfaget i lærarutdanningane.

For å følgje opp Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd* vart UHR tildelt 2,5 mill. kroner for å koordinere eit nasjonalt arbeid for å bidra til å betre kvaliteten på og styrkje relevansen av dei eksterne praksisstudia i helse- og sosialfagutdanningane. Vidare vart UHR tildelt 0,3 mill. kroner for arbeidet med omlegging til 3 + 2-modellen i farmasiutdanningane.

Departementet tildelte 0,9 mill. kroner i 2013 over kap. 281 post 70 til tiltak for samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. UHR fekk 300 000 kroner til vurdering av samordning av Felles studentsystem og Samordna opptak. I samband med samorganiseringa av NLA Høgskolen, Mediehøgskolen og Høgskolen i Staffeldtsgate til-

delte departementet 500 000 kroner til samordning av dei felles administrative systema.

Departementet tildelte totalt 450 000 kroner over kap. 281 post 70 til NLA Høgskolen og Dronning Mauds Minne i samband med den nasjonale satsinga på mentorordninga for nyutdanna og nytilsette lærarar.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår ei samla løyving på 46,4 mill. kroner over kap. 281 post 70 i 2015.

Tiltaka er kategoriserte etter dei fire måla for politikkområdet for høgere utdanning og forskning. Tiltaka må sjåast i samanheng med tiltaka under kap. 281 post 01.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Departementet foreslår 2,1 mill. kroner for å føre vidare arbeidet med kandidatundersøkinga gjennom NIFU. Undersøkinga gir statistikk over uteksaminerte kandidatar og skal medverke til vidareutvikling av kvalitet i høgere utdanning.

Nasjonalt råd for lærarutdanning (NRLU) arbeider mellom anna med nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane. Departementet foreslår å føre vidare tilskottet på 2 mill. kroner til Universitets- og høgskolerådet (UHR) for å halde fram med arbeidet.

Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Departementet foreslår eit tilskott på 2 mill. kroner til UHR for gjennomføring av tiltak frå Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Midlane skal nyttast til det nasjonale utviklingsprosjektet Kvalitet i praksisstudier og utviklinga av felles fagleg innhald i helse- og sosialfagutdanningane.

God tilgang til utdanning

Departementet foreslår å føre vidare tilskottet på 15 mill. kroner til UNINETT AS for vidare satsing på *eCampus*.

Departementet foreslår å føre vidare tilskottet til ICDE på 2,5 mill. kroner for å følgje opp forpliktingar i samband med det internasjonale arbeidet innanfor fjernundervisning og fleksibel læring.

Som ledd i oppfølginga av Butenschøn-utvalets utgreiing *Langs lange spor – om samisk forskning og høgere utdanning* (2012) blir det oppretta eit fagstrategisk organ for samisk høgere utdanning

og forskning i 2014 i regi av UHR. Departementet foreslår eit tilskott på 500 000 kroner for drift av organet.

Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Departementet foreslår å auke tildelinga til Komité for kjønnsbalanse og mangfold i forskning (Kif). Komiteen skal frå 2014 òg arbeide for mangfald og har i tråd med dette fått utvida mandat og samansetjing. Komiteen i UHR vart sett ned for ein ny programperiode frå 2014 til 2017. Komiteen skal medverke til ei generell bevisstgjerung om mangfald og inkludering i forskingssystemet, og kjønnspektiv i forskinga. Den viktigaste oppgåva i perioden skal vere arbeid med kjønn og etnisitet. For å samle tilskottet til Kif over ein post, foreslår departementet å flytte 1,5 mill. kroner til kap. 281 post 70 frå kap. 285 post 52 under programkategori 07.70 Forsking. Vidare foreslår departementet ein auke på 2 mill. kroner. Totalt utgjer tilskottet til Kif 5 mill. kroner i 2015. Etter ei samla vurdering blir det foreslått å ikkje føre vidare likestillingsprisen frå 2014.

Departementet foreslår å føre vidare tilskottet på 1,7 mill. kroner til arbeidet i Publiseringsutvalet i regi av UHR.

Vidare foreslår departementet eit tilskott på 15,6 mill. kroner til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS, som forvaltar Database for høgre utdanning (DBH).

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Posten omfattar frå og med 2015 tilskott til den nordiske avtalen om tilgang til høgre utdanning.

Mål for 2015

Målet er å auke det internasjonale samarbeidet i høgre utdanning gjennom ein nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning. Avtalen sikrar at norske søkjarar til høgre utdanning i andre nordiske land blir behandla likt med nasjonale søkjarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søker opptak til høgre utdanning i Noreg. Avtalen vart frå 2013 forlenga med tre år.

Rapport for 2013

I 2013 gjekk tilskottet over posten til å dekkje medlemskontingenten til EUs utdanningsprogram Erasmus Mundus på 20,6 mill. kroner.

For Noreg er målsetjinga med å delta i Erasmus Mundus å auke samarbeidet mellom norske og utanlandske institusjonar om felles mastergrads- og doktorgradsprogram. Erasmus Mundus har mellom anna medført ein klar vekst i talet på internasjonale fellesgradar i Noreg. Sjø kategoriomtalen. Institusjonane som har delteke i programmet, vurderer at fellesgradane har medverka til å betre den faglege utdanningskvaliteten og omdømmet til norsk høgre utdanning.

Sjø kap. 281 post 70 for rapportering om bruken av dei midlane Kunnskapsdepartementet tildelte i 2013 til ein nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning.

Budsjettforslag for 2015

Kunnskapsdepartementet foreslår 67,1 mill. kroner til den nordiske avtalen om tilgang til høgre utdanning.

Frå 2014 deltek Noreg i EUs utdannings- og ungdomsprogram Erasmus+, som slår saman og byggjer på EUs program for livslang læring (LLP), Aktiv Ungdom og Erasmus Mundus. Departementet foreslår frå 2015 å løyve midlar til Noregs kontingent over kap. 252 post 70 under programkategori 07.50 Vaksenopplæring m.m. og tilsvarende for løyvingar til prosjekt som allereie er i gang under Erasmus Mundus.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Posten omfattar driftstilskott til Universitets- og høgskolerådet (UHR) og til aktivitet som er koordinert gjennom rådet, inkludert tilskott til utgiving av lærebøker.

Mål for 2015

UHR skal fremme samordning mellom universitet og høgskolar innanfor høgre utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning.

Rapport for 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte 15,2 mill. kroner til UHR i 2013 over kap. 281 post 78. Dette inkluderer 4,9 mill. kroner til utgiving av lærebøker. Tilskottet til UHR har vore med på å fremme koordinering og samordning mellom universitet og høgskolar innanfor høgre utdanning, forskning, formidling og ressursforvaltning.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei samla løyving på 16,3 mill. kroner. Beløpet omfattar 5,3 mill. kroner til utgiving av lærebøker.

Kap. 3281 Felles tiltak for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Salsinntekter o.a.	50	10	10
	Sum kap. 3281	50	10	10

Post 02 omfattar ymse inntekter knytte til dei tiltaka som får løyving under kap. 281 post 01.

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
283	Meteorologiformål	332 501	346 620	379 482	9,5
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane	17 935	17 236	18 149	5,3
285	Noregs forskingsråd	2 773 611	2 986 629	3 237 882	8,4
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	475 990	488 440	488 361	0,0
288	Internasjonale samarbeidstiltak	1 827 566	1 593 468	2 348 726	47,4
	Sum kategori 07.70	5 427 603	5 432 393	6 472 600	19,1

Inntekter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	419 622	219 000	6 000 000	2 639,7
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	4 199	4 684	4 599	-1,8
	Sum kategori 07.70	423 821	223 684	6 004 599	2 584,4

Innleiing

Kunnskapsdepartementet har sett fire mål for forskning og høgre utdanning, jf. figur 1.2. Målbilete for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2015 i del I. Programkategori 07.70 omhandlar forskning, og korleis løyvingane under denne kategorien bidrar til å nå måla for Kunnskapsdepartementet. Tre av måla til departementet er relevante for løyvingane under programkategori 07.70 Forsking:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

Størstedelen av løyvingane under denne programkategorien omfattar løyvingar til forskning gjennom Noregs forskingsråd. Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskingsystemet. Løyvingane til Noregs forskingsråd over denne programkategorien utgjer i underkant av 40 pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskingsrådet. Løyvingane finansierer i hovudsak langsiktig, grunnleggjande forskning, strategiske satsingar og forskingsinfrastruktur. Grunnløyvinga til universitet og høgskolar dekkjer òg forskning og forskarutdanning. Dette er nærmare omtalt under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Norsk samarbeid med EU om forskning og norsk deltaking i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar blir òg finansierte innanfor programkategori

07.70. Programkategorien omfattar også basisløyvingar til dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta, løyvingar til dei regionale forskingsfonda, dei nasjonale forskningsetiske komiteane og Meteorologisk institutt.

Kunnskapsdepartementets mål for forskning heng saman med dei måla som er sette for heile det norske forskingssystemet. Målbiletet i forskingsmeldinga, Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*, ligg fast, og er felles for alle departementa. Målbiletet er sett saman av fem strategiske mål og fire tverrgående mål. Målbiletet vart oppretta i samband med St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, og vart ført vidare i den seinaste forskingsmeldinga. Stortinget har slutta seg til desse måla. Måla og prioriteringane som regjeringa no legg fram i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, er konsistente med målbiletet i forskingsmeldinga, men er også ei utdjuping og ei sterkare prioritering av kva for område regjeringa styrkjer innsatsen mot. Sjå omtale i del III kap. 5 (Forskning og utvikling i statsbudsjettet) og langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*.

Tilstandsvurdering

Tilstandsvurderinga er strukturert etter måla for Kunnskapsdepartementet.

Mål: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Høg kvalitet i forskinga er eit sentralt mål i forskingspolitikken. Regjeringa vil leggje til rette for å utvikle fleire fagmiljø som bidrar med forskning som er verdsleiane. Samtidig er det viktig at Noreg har miljø i breidda av fagområde som driv forskning av høg kvalitet og med stor verdi for samfunn og næringsliv, og som er attraktive fagmiljø for nye studentar og forskarar. I løpet av dei siste åra har fleire rapportar og evalueringar av det norske forskingssystemet konkludert med at norsk forskning gjennomgåande er god, men at vi ikkje hevdar oss i toppen når det gjeld kvalitet. Vi har nokre fagmiljø som er verdsleiane, men desse er få.

Midlane under denne programkategorien som skal bidra til høg kvalitet i forskinga, gjeld i hovudsak midlar til deltaking i internasjonalt forskingsamarbeid, langsiktig grunnleggjande forskning, investeringar i forskingsinfrastruktur og senterordningar. Midlar til høg kvalitet i utdanninga og andre verkemiddel for kvalitet blir omtalte under

programgramkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid som til dømes EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er viktig for å betre kvaliteten på norsk forskning. Deltakinga er òg ein sentral del av norsk europapolitikk. Som følge av avgjerda i EØS-komiteen om innlemming av forordning (EU) nr. 1291/2013, den 16. mai 2014 av Horisont 2020 i EØS-avtalen, vart Noreg eit assosiert medlem av EUs nye rammeprogram. Det vil seie at Noreg tek del i Horisont 2020, som tek over for EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (7RP). Regjeringa meiner at den norske deltakinga bør vere høgre. Fleire miljø bør delta på den europeiske konkurransearenaen. Noreg har fleire fagmiljø som er sterke, og lykkast særleg godt innanfor klima- og miljøområdet. I tillegg har vi gode resultat på andre område, til dømes tryggleiksforskning, energiforskning og biofag. Det er likevel for få som nyttar dei moglegheitene som ligg i rammeprogrammet. Det europeiske forskingsrådet (ERC) og mobilitetsprogrammet Marie Skłodowska Curie Actions (MSCA) løyver midlar til forskarar og framifrå forskning uavhengig av tema eller fagfelt. ERC er ein arena med svært sterk konkurranse om midlane, og støtte frå ERC er eit kvalitetsstempel for både forskaren og den institusjonen forskaren høyrer til. Samanlikna med Sverige, Danmark og Finland har Noreg svak deltaking i ERC. Norsk deltaking i MSCA under sjette og sjuande rammeprogram har vore låg. Talet på norske forskarar som har søkt og fått stipend for å reise til ein utanlandsk institusjon er særst lågt, lågare enn 50 i heile sjuande rammeprogram.

Det finst fleire stimuleringsordningar som skal leggje til rette for større deltaking i EUs forskingsamarbeid. Ei evaluering frå Technopolis i 2013 av dei ordningane som blir administrerte av Forskringsrådet, finn at fleire av desse er viktige for å få høg kvalitet på prosjektforslaga. Andre ordningar er oppretta for å gi norske deltakarar større moglegheiter til å delta med fleire prosjekt. I statsbudsjettet for 2012 vart det til dømes oppretta ei eiga stimuleringsordning for forskingsinstitutta for deltaking i EUs rammeprogram for forskning. Ordninga blir kalla STIM-EU. Ordninga har som eit av måla sine å styrkje samarbeidet mellom forskingsinstitutt og verksemder med sikte på å auke deltakinga frå norske verksemder i rammeprogrammet. I om lag ein firedel av desse prosjekta er det norske bedrifter med. Det er særleg dei teknisk-industrielle institutta som nyttar ordninga.

For å betre kvaliteten på norsk forskning og høgre utdanning er det òg avgjerande å styrkje kontakten med strategisk viktige land utanfor EU. Prioriterte land på desse områda inkluderer både etablerte kunnskapsnasjonar som USA og Japan, med framifrå fagmiljø på ei rekke prioriterte område, og land som Kina, India og Brasil, som står for ein jamt større del av verdas kunnskapsproduksjon. Eit systematisk og langsiktig samarbeid med framifrå fagmiljø i desse landa er eit viktig supplement til deltakinga i EUs forskings-samarbeid i arbeidet med å fremme utvikling av fleire verdslende fagmiljø i Noreg.

Kunnskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å støtte langsiktig, grunnleggjande forskning. Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er det største verkemiddelet for langsiktig, grunnleggjande forskning som Kunnskapsdepartementet finansierer gjennom Forskingsrådet. Målet er å få fram forskning av høg vitenskapleg kvalitet ved å finansiere dei vitenskapleg sett beste forskingsprosjekta og bidra til grunnleggjande teori- og metodeutvikling og vitenskapleg fornying av faga. Ordninga blir finansiert av Kunnskapsdepartementet aleine, og er ein open, nasjonal konkurransearena der søknadene blir vurderte ut frå vitenskapleg kvalitet aleine. Evalueringa av FRIPRO frå 2012 konkluderte med at ordninga innfrir målet om å støtte forskning av høg kvalitet, men at det er få dristige prosjekt på nye område som får støtte.

Eit viktig tiltak for å sikre høg kvalitet i forskinga er satsing på forskingsinfrastruktur. Investeringane i infrastruktur og i norsk deltaking i internasjonalt infrastrukturetsamarbeid skal styrkje kvaliteten og auke effektiviteten i norsk forskning. I april 2014 lanserte Forskingsrådet eit oppdatert norsk vegkart for forskingsinfrastruktur. Vegkartet har fleire funksjonar. Først og fremst gir det ei oversikt over investeringsklare, kvalitetssikra forskingsinfrastrukturprosjekt. Denne oversikta blir oppdatert annakvart år etter kvar store utlysing i den nasjonale satsinga på forskingsinfrastruktur. Hausten 2014 står elleve investeringsklare prosjekt på vegkartet. Vidare gir vegkartet ei oversikt over nasjonale infrastrukturar som er under etablering eller i drift (33 prosjekt), samt ei oversikt over norsk deltaking i prosjekt på ESFRIs vegkart for felles europeiske infrastrukturprosjekt (European Strategy Forum on Research Infrastructure) (sju prosjekt). Norske fagmiljø deltek aktivt i ytterlegare 16 forskingsinfrastrukturprosjekt som står på ESFRIs europeiske vegkart, det vil seie i 23 prosjekt til saman, og fleire av dei er sentrale for forskning på dei største samfunnsutfordringane som helse, klima og miljø, hav og energi. EU har opp-

retta ei eiga organisasjonsform til bruk for felles europeiske forskingsinfrastrukturar, ERIC (European Research Infrastructure Consortium). Det blir arbeidd for å ta ERIC-forordninga inn i EØS-avtalen, og regjeringa vil leggje fram ei sak for Stortinget om korleis Noreg kan gjere bruk av denne organisasjonsforma.

Senterordningane Senter for framifrå forskning (SFF) og Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) bidrar til høg kvalitet gjennom langsiktig finansiering av framifrå forskingsmiljø. I Technopolis' evaluering av Forskingsrådet frå 2012 peiker dei på at senterordningane i Forskingsrådet har medverka til fornying, auka kvalitet og mindre fragmentering av det norske forskingssystemet. Formålet med SFF-ordninga er langsiktig finansiering av forskingsinnsats på høgt internasjonalt nivå og forskarutdanning av unge, framifrå forskarar. I 2013 vart 13 nye senter etablerte, og åtte senter var i drift. Til saman er det 21 senter for framifrå forskning (SFF) i Noreg.

Mål: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Regjeringa har ambisjonar om at Noreg skal vere blant dei mest innovative landa i Europa. Forsking og utdanning medverkar til at samfunnet og næringslivet er betre rusta til omstilling og verdiskaping og til større konkurransekraft. Både kvalitet, innovasjon, kommersialisering og internasjonalisering er viktige element i forskning for verdiskaping og omstilling. Det er ofte den næringsrelevante forskinga som blir sett på som viktigast for verdiskaping, men forskning i og for det offentlege er også sentralt for verdiskaping så vel som for omstilling og velferd.

Dei fleste av dei målretta forskingsprogramma for verdiskaping og velferd blir finansierte over budsjetta til andre departement. Midlane under denne programkategorien som er relevante for dette målet, er mellom anna senterordningar og dei store programma som blir finansierte gjennom Forskingsrådet. I tillegg blir basisløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta finansiert over denne programkategorien. Eit eige program for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken, FORFI, blir òg finansiert av Kunnskapsdepartementet under denne kategorien. I tillegg er innovasjon og verdiskaping viktige mål i Horisont 2020, og deltaking her kan forsterke dei nasjonale målsetjingane på området. Midlar til utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling blir omtalte under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Dei store programma i Forskringsrådet er breie, langsiktige satsingar som er viktige for framtidig verdiskaping og for omstilling i næringslivet spesielt og i samfunnet generelt. For eksempel er satsingane på teknologiområda IKT, nanoteknologi og bioteknologi sentrale i utviklinga av tenester, produkt og løysingar på viktige samfunnsområde. Både grunnleggjande forskning, anvend forskning og innovasjon inngår i desse satsingane.

Dei ulike senterordningane som Forskringsrådet finansierer, har ei heilskapleg tilnærming som bidrar til fornying og omstilling. Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) er ei ordning som mellom anna finansierer mykje næringsrelevant forskning. SFI-ordninga, med i alt 21 senter, styrker innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i nært samarbeid mellom FoU-aktive verksemder og framifrå forskingsmiljø. Hovudkriteriet for å velje ut SFI-ar har vore potensialet for verdiskaping og innovasjon. Vitskapleg kvalitet i forskinga må liggje på høgt internasjonalt nivå.

Forskringsprogrammet Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken, FORFI, er ferdig i 2014. I 2013 vart FORFI evaluert, og konklusjonen var at det er behov for ei vidare satsing på dette kunnskapsgrunnlaget. Vi treng kunnskap om forskings- og innovasjonsprosessar som grunnlag for å utforme god forskings- og innovasjonspolitikk. Evalueringa la vekt på at programmet var for lite til å kunne byggje opp eit godt kompetansmiljø og rekruttering til området. Forskringsrådet arbeider no med ei satsing på det feltet som skal overta etter FORFI.

Mål: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Eit effektivt, mangfaldig og solid forskingssystem er ein viktig føresetnad for dei to andre måla. Midlane som blir løyvde over denne programkategorien, skal nyttast effektivt og til beste for samfunnet. I dette målet ligg også at det er tilstrekkeleg forskingskapasitet i heile landet, gode system for kunnskapsoverføring og -deling, mangfald og høg etisk standard i forskinga.

Ulike løyvingar gjennom Noregs forskingsråd har ei viktig rolle i å bidra til eit effektivt, mangfaldig og solid forskingssystem. Andre midlar under denne programkategorien som skal bidra til dette målet, er i hovudsak kontingent for norsk deltaking i EUs rammeprogram, løyvingane til dei regionale forskingsfonda (RFF) og dei forskningsetiske komiteane. For omtale av ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor, sjå programkate-

gori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Kunnskapsdepartementet løyver midlar til både forskning og administrasjon i Forskringsrådet over denne programkategorien, og god styring av Forskringsrådet er sentralt for å sikre eit effektivt forskingssystem. Dette er spesielt viktig når om lag ein tredel av dei offentlege midlane til forskning går gjennom Forskringsrådet, og desse midlane er med på å strukturere og utvikle det norske forskingssystemet. Både Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon av Kunnskapsdepartementets koordinering av forskingspolitikken (2013) og evalueringa av Forskringsrådet (Technopolis 2012) understrekar behovet for å styrkje koordineringa av forskingspolitikken.

Forskringsinfrastruktur er ikkje berre eit viktig tiltak for å sikre høg kvalitet i forskinga, men òg for å sikre eit effektivt, mangfaldig og solid forskingssystem (sjå omtale av forskingsinfrastruktur under målet Høg kvalitet i utdanning og forskning).

Open tilgang til forskingsresultat er eit viktig bidrag til eit solid og effektivt forskingssystem. Open tilgang til vitskaplege artiklar inneber at lesarane fritt kan lese dei på Internett. Current Research Information System in Norway (CRISin) har det nasjonale hovudansvaret for å drive fram og koordinere arbeidet med open tilgang til vitskaplege artiklar. Sjå òg omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Forskringsrådet har også ei viktig rolle i å sikre open tilgang.

Norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, er òg eit viktig bidrag inn mot dette målet (sjå omtale av internasjonalt samarbeid under målet Høg kvalitet i utdanning og forskning). Kunnskapsdepartementet løyver årleg midlar for norsk deltaking i rammeprogrammet, og gjennom strategien for Noregs forskings- og innovasjonssamarbeid med EU legg ein aktivt til rette for at norske forskarar skal samarbeide og konkurrere internasjonalt.

Dei regionale forskingsfonda (RFF) er viktige for eit mangfaldig forskingssystem ved at heile landet har tilgang til forskingsbasert kunnskap. Dei regionale forskingsfonda skal supplere dei nasjonale forskings- og utviklingsverkemidla og styrkje regional forskning og innovasjon. Regionale forskingsfond har bidratt til breiare kontakflate mellom regionale aktørar i forskingsspørsmål og har også ført til betre kopling mellom regionale aktørar og dei nasjonale forskingsprogramma.

Mangfald og generell inkludering i forskinga er også, saman med arbeidet for god etisk standard i

norsk forskning, ein viktig del av eit mangfaldig forskingssystem. Forskinga har behov for breidde i kompetanse og i faglege perspektiv. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2014 styrkte Kunnskapsdepartementet Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif) med å auke budsjettet og utvide mandatet deira til å omfatte mangfald i forskning. Komiteen har derfor fått nytt namn: Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning. Sjå òg omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Likestilling og arbeid mot diskriminering er nærmare omtalt under del III kap. 8. Noreg har òg eit omfattande system for å sikre god forskingsetisk praksis. Dei nasjonale forskingsetiske komiteane og Nasjonalt utval for gransking av reielegheit i forskning er fagleg uavhengige organ for forskingsetiske spørsmål og gransking innanfor alle fagområde. Sjå òg omtale under kap. 284.

Strategiar og tiltak

Langtidsplanen for forskning og høgre utdanning

Regjeringa legg saman med budsjettet fram ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgre utdanning 2015–2024*. I langtidsplanen legg regjeringa fram ein ambisiøs politikk for forskning og høgre utdanning. Satsinga gir føreseielege rammer gjennom langsiktige mål og prioriteringar. Regjeringa vil auke løyvingane til forskning og høgre utdanning for å følgje opp prioriteringane i planen. Tiltak som bidrar til auka kvalitet i forskning og høgre utdanning, at næringslivet forskar meir eller som bidrar til god deltaking i Horisont 2020, vil bli prioritert. Regjeringa vil innan 2018 gjennomføre ein opptrappingsplan for rekrutteringsstillingar med 500 nye stillingar, styrkje løyvingane til infrastruktur med 400 mill. kroner og styrkje løyvingane til ordningar som bidrar til betre deltaking i Horisont 2020 med 400 mill. kroner. Nytt bygg for livsvitskap, kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo og oppgradering av Marinteknisk senter i Trondheim, Ocean Space Centre, er dei viktigaste byggjeprosjekta for å følgje opp langtidsplanen.

Strategi for samarbeid med EU om forskning og innovasjon

Regjeringa har lagt fram ein nasjonal strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. Strategien handlar særleg om norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020, og det europeiske forskingsområdet, ERA.

Norsk deltaking skal medverke til auka kvalitet, auka verdiskaping og innovasjonsevne, betre velferd og berekraftig samfunnsutvikling, og til at vi utviklar vår eigen forskings- og innovasjonssektor. Strategien er i stor grad ein mobiliseringsstrategi, og har som mål å auke deltakinga blant universitet og høgskolar, forskingsinstitutt, helseforetak, næringsliv og offentleg sektor. Regjeringa har sett som mål at to pst. av dei midlane som blir lyste ut gjennom Horisont 2020, skal komme norske miljø til gode. Det vil seie auka deltaking på om lag 60 pst. frå nivået i dag. Strategien lyfter fram fem område. Det er styrkt samspel mellom nasjonal, europeisk og global innsats, betre samspel mellom sektorane, rettleiings- og mobiliseringsarbeid, karriereutvikling og rekruttering, og påverkings- og posisjoneringarbeid.

Regjeringa finn det viktig å leggje til rette for auka norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020. For å følgje opp strategien for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU foreslår regjeringa å styrkje øyremerkte tiltak for å auke deltakinga i Horisont 2020 med 115 mill. kroner i 2015. Innanfor dette skal STIM-EU styrkast med 85 mill. kroner. Vidare skal ordninga med nasjonale kontaktpunkt (NCP) styrkast med 10 mill. kroner. Resten av auken skal mellom anna nyttast til prosjektetableringsstøtte og posisjoneringstøtte.

Forskningsrådet administrerer STIM-EU-ordninga. Formålet er å stimulere forskingsinstitutta til auka deltaking. Ordninga skal vidare bidra til å styrkje samarbeidet mellom institutta og næringslivet med sikte på auka deltaking frå bedriftene i rammeprogrammet. STIM-EU skal framleis vere resultatbasert, og departementet vil be Forskningsrådet justere STIM-EU-ordninga frå 2015 for å gi ordninga meir stabilitet og for å gjere det lettare for institutta å vite på førehand kor mykje støtte dei vil få.

Samarbeid med prioriterte land utanfor EU

Regjeringa har ambisjonar om å utvikle fleire verdslieande fagmiljø. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor ei strategisk styrking av framifrå kvalitet på 100 mill. kroner retta mot institusjonar og fagmiljø med særlege føresetnader for å strekje seg mot verdstoppen, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning. Eit ledd i denne satsinga er etablering av eit partnarskapsprogram for samarbeid om høgre utdanning og forskning med prioriterte land utanfor EU, som skal sikre norske aktørar auka tilgang til den internasjonale kunnskapsutviklinga,

jf. nærmare omtale under kap. 288 post 21. I 2014 er det òg tatt initiativ til å utvikle ein strategi for høgre utdannings- og forskingssamarbeid med prioriterte land utanfor EU og Nord-Amerika. I desse landa kan det vere særskilt krevjande å etablere og vidareutvikle denne typen samarbeid, mellom anna på grunn av store geografiske og kulturelle avstandar. Strategien skal leggjast fram hausten 2015 og skal gjelde for perioden 2016–2020.

Fri prosjektstøtte

Regjeringa er oppteken av å styrkje dei opne arenaene og foreslår derfor å styrkje fri prosjektstøtte (FRIPRO) med 60 mill. kroner i 2015 for å fremme banebrytande forskning. Styrkinga skal mellom anna gå til satsinga på unge forskartalent og til ei mobiliseringsordning på postdoktornivå, FRIPRO mobilitetsstipend, med det formålet å auke mobiliteten for forskarar tidleg i karrieren, samtidig som ein sikrar at kunnskapen dei har tileigna seg, kjem tilbake til Noreg. Sjå òg kap. 285 post 52 for omtale av fri prosjektstøtte.

Forskningsinfrastruktur

Departementet viser til oppmødingsvedtak nr. 525, 10. juni 2013 i samband med handsaminga av Innst. 372 S (2012–2013), jf. Meld. St. 18 (2012–2013):

«Stortinget ber regjeringa foreslå å øke investeringene i avansert vitenskapelig utstyr og annen infrastruktur for forskning slik at norske forskere får tilgang til utstyr av verdensklasse.»

Svært mange og viktige investeringar i infrastruktur blir gjorde av den enskildte forskingsinstitusjonen. Ordninga til Forskringsrådet for forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse (for utstyr mellom 2 og 200 mill. kroner) skal bidra til å styrkje kvaliteten og effektiviteten på investeringane og har gjort det mogleg å realisere prosjekt som enkeltinstitusjonar ikkje hadde klart aleine. Satsinga på infrastruktur er også kritisk viktig for å delta i europeiske fellesprosjekt av strategisk verdi for norsk forskning.

Regjeringa foreslår derfor å auke midlane til forskningsinfrastruktur med 100 mill. kroner i 2015. Satsing på forskningsinfrastruktur er eit direkte bidrag til å nå det målet regjeringa har om å utvikle

verdsleiarande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering. Godt utvikla forskningsinfrastruktur vil dessutan vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon som er nødvendig for å lykkast med overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Mogleggjerande teknologiar

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Desse teknologiane gir eit viktig grunnlag for fornying og omstilling i næringslivet og i offentleg sektor. Til dømes har utviklinga av moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi skapt store endringar i samfunnet i dei siste tiåra. I Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) auka regjeringa løyvingane til programma BIOTEK2021 (Bioteknologi for verdiskaping), NANO2021 (Nanoteknologi og avanserte materialer), VERDIKT (Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT) og ELSA (Etiske, rettslege og samfunnsmessige aspekter ved bio-, nano- og nevroteknologi) i Forskringsrådet med 25 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår å styrkje løyvingane ytterlegare til desse programma i Forskringsrådet, med særleg vekt på IKT i 2015. Departementet foreslår ein auke i løyvingane på 20 mill. kroner i 2015.

Styrkt løyving til forskingsinstitutta

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2014 vart løyvinga til forskingsinstitutta styrkt med 15 mill. kroner. Auken skulle nyttast slik at nye institutt kan komme inn i ordninga. Regjeringa foreslår å vidareføre denne styrkinga i 2015.

Styring av Forskringsrådet

Løyvingane til Forskringsrådet går over budsjetta til 15 departement, og Forskringsrådet blir stilt overfor mange mål, delmål og ei rekkje føringar frå departementa. Det fører til at den samla styringa av Forskringsrådet blir uoversiktleg. Kunnskapsdepartementet starta derfor hausten 2013 eit prosjekt for å vidareutvikle systemet for mål- og resultatstyring av Forskringsrådet. Regjeringa har i samband med dette arbeidet fastsett nye mål for Forskringsrådet, jf. nærmare omtale under kap. 285.

Gåveforsterking

I 2014 vart ei ny gåveforsterkingsordning innført. Ordninga inneber at staten yter eit tillegg på 25 pst. av gåvebeløpet ved private pengegaver til Noregs forskingsråd, Det Norske Videnskaps-Akademi, universitet eller høyskolar med rett til å dele ut doktorgrad. Midlane skal nyttast til å støtte opp om langsiktig, grunnleggjande forskning ved institusjonane. Kunnskapsdepartementet vil frå 2015 utvide ordninga til å omfatte høyskolar utan doktorgradsrett når gåva er eit gåveprofessorat.

Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken

Regjeringa er oppteken av å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforming av forskings- og innovasjonspolitikken. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvingane til forskingsprogrammet FORFI (Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken) med 4 mill. kroner i 2015.

Kap. 283 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2013	budsjett 2014	2015
50	Meteorologisk institutt	280 801	290 629	285 248
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	51 700	55 991	94 234
	Sum kap. 0283	332 501	346 620	379 482

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Meteorologisk institutt har ein samfunnskritisk funksjon.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Mål for 2015

Meteorologisk institutt skal overvake og varsle vêret med høg kvalitet og regularitet, slik at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og befolkninga skal kunne sikre liv og verdjar, planleggje og verne miljøet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve har aller høgste prioritet. Meteorologisk institutt skal òg varsle farlege utslipp til luft og hav.

Meteorologisk institutt skal vidare studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid med

høg internasjonal kvalitet og formidle resultata av arbeidet.

Rapport for 2013

Departementet er godt nøgd med måloppnåinga til Meteorologisk institutt i 2013.

Varsla for vêr, hav og miljø held høgt kvalitetsnivå, og Meteorologisk institutt auka kvaliteten på vêrvarsla i 2013. Årsaka er blant anna at dei modellsystema som blir brukte i vêr- og havvarslinga, er forenkla og omstrukturerte. Vêrtenesta yr.no er framleis svært populær, og talet på brukarar og mengda av datanedlastingar auka også i 2013. Yr.no blir no rekna for å vere den femte største nettstaden for vêr i verda.

Beredskapen for farleg vêr og farlege utslepp til luft og hav vart styrkt i 2013. Instituttet har mellom anna endra og betra rutinane for varsling av ekstremvêr, og alle hendingar med farleg vêr har vore godt varsla gjennom 2013.

Halo, vêrtenesta til dei store offentlege samarbeidspartnarane til instituttet, vart lansert i mai 2013, og det vil vere ei stadig utvikling av denne tenesta framover. Instituttet sitt observasjonssystem blir kontinuerleg utvida, blant anna i samarbeid med statlege etatar som Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens vegvesen og Jernbaneverket.

Meteorologisk institutt arbeider for å få ei full vêrradardekning av det norske fastlandet. I 2013 var det ni vêrradarar i full drift. Bygginga av den tiande radaren i Sømna på Helgelandskysten vart starta i 2013, og radaren blir stilt ferdig i 2014. Da manglar det tre vêrradarar for å oppnå full dekning. Dette er ein radar i Oppland, ein radar på Monbunuten på Hardangervidda og ein radar i Karasjok.

Klimaservicesenteret (KSS) er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, NVE og UNI Research. Miljødirektoratet vil bli representert i styringsgruppa frå 2014. Nytteverdien av klimadata til planleggingsbehov i Noreg er kartlagd i dialog med kommunar, fylkeskommunar og andre viktige brukargrupper. Data for historisk, nåverande og framtidig klima i Noreg er lagde til rette for å møte behova som er avdekte.

Instituttet har arbeidd aktivt med å styrkje beredskapen internt og gjort det synleg i organisasjonen i form av planverk, øvingar og tiltak. Eitt tiltak har vore å stille ferdig det andre rommet i instituttet sitt hus for reknemaskinar – Tallhall.

Meteorologisk institutt vart for sjuande året på rad kåra til den statsetaten som har best omdømme.

Budsjettforslag for 2015

I 2013 og 2014 vart det løyvt 12,5 mill. kroner til utbygginga av ny vêrradar på Helgelandskysten i Nordland. Vêrradaren på Helgelandskysten blir ferdigstilt i 2014. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 12,9 mill. kroner i 2015.

Meteorologisk institutt vil starte opp bygginga av ein ny vêrradar i Oppland i 2015.

Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 1,5 mill. kroner. Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forplikingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Eventuelle overskott av kontingentinnbetalningar til EUMETSAT blir overførte til eit fond, Working Capital FUND (WCF). Fondet er

heimla i EUMETSATs statuttar og består av akkumulert budsjettoverskott

- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECOMET, EuroGOOS, IUGG og HIRLAM)
- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)

Mål for 2015

Målet for løyvinga er å medverke til at Meteorologisk institutt kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt, og på den måten bidra til og dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester.

Rapport for 2013

I samsvar med løyvinga var totalt bidrag til internasjonale samarbeidsprosjekt 51,7 mill. kroner i 2013.

EUMETSAT er den største og viktigaste samarbeidsorganisasjonen, og i 2013 var bidraget frå Noreg på om lag 37,7 mill. kroner. EUMETSAT drifta fire geostasjonære satellittar og to polarbanesatellittar i 2013. Dei meteorologiske geostasjonære og polare satellittane har i dei seinare åra ført til ei monaleg kvalitetsforbetring av vêrvarslinga, men dei eldste av desse satellittane nærmar seg slutten av levetida si. ECMWF kan til dømes vise til ein klar betring i prognosekvaliteten sin på grunn av data frå satellittane, og ECMWF har i dag dei beste tidøgnsvarsla i verda. Polarbanesatellittane er spesielt viktige for kvaliteten av vêrvarslinga i Noreg. Eit nytt polarbanesatellittprogram (EPS-SG) skal vedtakast i 2014. Programmet skal sørge for nye satellittar frå 2020.

EUMETNET driv felles program innanfor det europeiske meteorologiske observasjonssystemet. Siktemåla er særleg å dekkje geografiske område som elles ville hatt svært få observasjonar, og å ta i bruk moderne metodar for observasjon. ECOMET sørger for at observasjonane og dei numeriske prognosane frå dei nasjonale meteorologiske institutta i Europa er tilgjengelege for private kommersielle aktørar, og for at den kommersielle aktiviteten i dei nasjonale meteorologiske institutta oppfyller konkurranselovgivinga.

EUMETNET, saman med EUMETSAT og ECMWF, spelar ei viktig strategisk rolle som overbygning for den meteorologiske infrastrukturen i Europa, og som kontaktpunkt overfor EU når det gjeld meteorologi.

WMO sørgjer for global utveksling av meteorologiske observasjonar i nær sanntid mellom dei 190 medlemslanda sine. Vitskapelege nyvinningar innanfor varsling av vêr blir òg i stor grad gjorde tilgjengelege for alle verdas meteorologiske institutt gjennom WMO. WMO starta i 2012 ei ny satsing spesielt retta mot å utnytte sesongvarsling og klimaprognosar betre i u-land som er sårbare for tørke og flaum (Global Framework for Climate Services). Satsinga vart ført vidare i 2013. Tilskottet frå Noreg til WMO i 2013 var på om lag 4,3 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2015

Noreg er medlem i EUMETSAT, ECMWF og WMO gjennom å ha tiltredd internasjonale konvensjonar. Budsjettvedtak i dei styrande organa er dermed forpliktande for Noreg. Det prosentvise bidraget frå eit land til budsjettet er proporsjonalt

med brutto nasjonalinntekta i landet. Når det gjeld dei andre internasjonale organisasjonane, er det Meteorologisk institutt som er medlem.

Storleiken på løyvinga på posten er òg avhengig av svingingar i valutakursane og aktivitetsnivået i dei ulike organisasjonane. Mesteparten av utgiftene er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). I EUMETSAT skal det i 2014 vedtakast eit nytt polarbanesatellittprogram (EPS-SG) som skal sørge for nye satellittar frå 2020. EPS-SG vil føre til ein auke i bidraget frå Noreg til EUMETSAT, særleg i 2015 og 2016. For Noreg og nordområda er dette programmet svært viktig. Polarbanesatellittane gir mellom anna den viktigaste satellittinformasjonen. I tillegg er kontingentdelen frå Noreg til EUMETSAT justert opp med 18 pst. frå og med 2015.

Den foreslåtte løyvinga for 2015 er derfor monaleg høgare enn løyvinga i 2014.

Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	17 935	17 236	18 149
	Sum kap. 0284	17 935	17 236	18 149

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK), og dekkjer arbeidet i Nasjonal forskingsetisk komité for medisin og helsefag, Nasjonal forskingsetisk komité for samfunnsvitenskap og humaniora, Nasjonal forskingsetisk komité for naturvitenskap og teknologi, Nasjonalt utval for granskning av reielegheit i forskning (Granskingsutvalet) og det felles sekretariatet. Også Patentnemnda og Skjelettutvalet ligg til FEK.

Dei nasjonale forskingsetiske komiteane er ein viktig del av det norske forskingssystemet, og skal fremme god og etisk forsvarleg forskning. Oppgåvene er fastsette i forskingsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ. Sekretariatet skal leggje til rette for at komiteane kan gjennomføre oppgåvene sine innanfor god ressursbruk og med høg kvalitet.

Mål for 2015

- FEK skal vere ein sentral kunnskapsformidlar overfor forskarar, forskarinstitusjonar og allmenta om forskingsetiske spørsmål og ein pådrivar for debatt på området.
- FEK har ansvaret for at dei forskingsetiske retningslinjene til kvar ei tid er gode verktøy for å fremme god og etisk forsvarleg forskning.
- FEK skal styrkje samarbeidet med dei forskingsutførande institusjonane.
- FEK skal behandle og gjere vedtak i enkelt saker med høg kvalitet og innan rimeleg tid.

Rapport 2013

Departementet er nøgd med måloppnåinga til FEK i 2013. FEK vart omdanna til eit ordinært forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet frå 1. januar 2013. System og rutinar for å oppfylle krava til eit sjølvstendig forvaltningsorgan er etablerte. Administrasjonen er styrkt med to stillingar.

Det faglege arbeidet i FEK er i hovudsak ei vidareføring av dei tidlegare oppgåvene. I tillegg til omfattande arbeid i fagkomiteane har FEK mellom anna gitt ut fire antologiar om forskingsetiske tema og gjennomført åtte opne arrangement. Kontakten med dei forskingsutførande institusjonane er styrkt. Granskingsutvalet behandla ei rekkje saker, men har ikkje sett behov for å setje i gang noka granskning. På oppdrag frå Helsedirektoratet har FEK sekretariatet for gruppa som koordinerer forskning etter terrorhendinga 22. juli 2011. Samarbeidet med dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk er styrkt.

Budsjettforslag for 2015

Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 88 000 kroner. Vidare er løyvingforslaget redusert med 1,1 mill. kroner som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I. Departementet foreslår at løyvinga på posten blir styrkt med 1,6 mill. kroner. Denne styrkinga skal dekkje auka pensjonsutgifter knytte til opprettinga av to stillingar i 2013.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
52	Langsiktig, grunnleggjande forskning	1 311 868	1 414 725	1 524 979
53	Strategiske satsingar	897 203	1 003 605	980 818
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	289 240	299 363	455 663
55	Administrasjon	275 300	268 936	276 422
	Sum kap. 0285	2 773 611	2 986 629	3 237 882

Forskningsrådet skal gjennom ulike verkemiddel sikre forskning av høg kvalitet og relevans. Forskningsrådet har ei sentral rolle som forskingspolitisk rådgivar og har òg ein viktig møteplassfunksjon. Noregs forskingsråd er eit vesentleg verkemiddel for regjeringa i gjennomføringa av forskingspolitikken.

Ei av dei viktigaste oppgåvene for Forskningsrådet er å sikre kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført, gjennom å nytte nasjonal konkurranse i fordelinga av forskingsmidlar. Kvaliteten blir sikra ved at søknadene blir vurderte av internasjonale fagfellar. Berre dei prosjekta som får best vurdering, får støtte. Forskningsrådet har vidare ei viktig rolle i å sjå ulike forskingsområde i samanheng, mellom anna ved å knyte saman anvend forskning og grunnforskning og sikre samanheng mellom nasjonal forskning og internasjonalt forskningssamarbeid.

Forskningsrådet vart i 2014 tildelt om lag 7,9 mrd. kroner i FoU-løyvingar over budsjetta til 15 departement. Ei oversikt over dei største tildelingane til Forskningsrådet frå andre departement i 2014 og 2015 er presentert i del III, kap. 5. I tillegg

til midlane over kap. 285 tildeler Kunnskapsdepartementet midlar til Forskningsrådet til basisfinansiering av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta over kap. 287 post 57, og til forskingsprogrammet om forskning og innovasjon over kap. 287 post 21. Løyvingane til utdanningsforskning over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er omtalte under kap. 226 post 21, kap. 231 postane 21 og 51 og kap. 258 post 21. Særskilde satsingar retta mot universitets- og høgskolesektoren er omtalte under kap. 281 post 50.

Mål for 2015

Regjeringa har fastsett nye mål for Forskningsrådet. Bakgrunnen er at både evalueringa av Forskningsrådet (Technopolis, 2012) og Riksrevisjonen peikte på utfordringar knytte til det eksisterande mål- og resultatstyringssystemet for Forskningsrådet. Løyvingane til Forskningsrådet går over budsjetta til 15 departement, og Forskningsrådet blir stilt overfor mange mål/delmål og ei rekkje føringar frå departementa. Det fører mellom anna til at den samla styringa av

Forskningsrådet blir uoversiktleg. Kunnskapsdepartementet starta derfor hausten 2013 eit prosjekt for å vidareutvikle systemet for mål- og resultatstyring av Forskningsrådet.

Hensikta er å sikre eit system med meir overordna og strategisk styring av Forskningsrådet frå departementa, der den samla styringa blir dreidd meir over i retning av resultat av Forskningsrådets verksemd, og der Forskningsrådet får større fri-dom til å forvalte program og aktivitetar på tvers av departementsgrensene. Departementa og Forskningsrådet har delteke i arbeidet med å utvikle det nye systemet gjennom fleire møte og konferansar.

Systemet for styring av Forskningsrådet vil bli utvikla vidare. Det nye systemet legg opp til ei systematisering og forenkling i styringa av Noregs forskingsråd. Systematiseringa inneber blant anna ei klargjering av rolla til Kunnskapsdepartementet som etatsstyrande departement. Styringa skal bli meir strategisk, mindre fragmentert og vil bli vridd frå aktivitetar til større vekt på resultat. Det blir lagt opp til ein langt tettare dialog enn tidlegare mellom Kunnskapsdepartementet og sektordepartementa i etatsstyringa av Forskningsrådet.

Måla for Forskningsrådet i 2015 er som følgjer:

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskningssystem
- god rådgiving

Kunnskapsdepartementet har ei viktig rolle gjennom finansiering av program og aktivitetar som er sentrale for eit velfungerande forskningssystem, og tiltak som går på tvers av sektorar. I tillegg har departementet eit særleg ansvar for å finansiere langsiktig, grunnleggjande forskning. Løyvingane på postane bidrar til fleire av måla. I samband med arbeidet med nye mål for Forskningsrådet har departementet hatt ein gjennomgang av løyvingane over postane 52 og 53. Nokre program og aktivitetar har vore finansierte over begge postane. Departementet foreslår flytting av finansieringa av nokre av midlane til Forskningsrådet frå 2015, slik at det blir tydelegare kva dei forskjellige postane skal finansiere. Postane har derfor fått endra namn. Kap. 285 post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggjande forskning. Løyvinga over kap. 285 post 53 finansierer strategiske satsingar som særleg er knytte til Kunnskapsdepartementets koordinerande rolle i forskingspolitikken og ansvaret for forskningssystemet. Løyvinga over kap. 285 post 54 skal framleis finansiere forskingsinfrastruktur av

nasjonal, strategisk interesse. Delar av administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte over ein eigen post, kap. 285 post 55.

Tabellen under viser konsekvensane av desse flyttingane mellom postane 52, 53 og 54. Desse tekniske flyttingane inneber ein netto reduksjon i løyvinga på kap. 285 post 53 på 128,7 mill. kroner og ein netto auke i løyvingane på kap. 285 postane 52 og 54 på høvesvis 57,4 mill. kroner og 56,3 mill. kroner. I tillegg til dei tekniske flyttingane innanfor kap. 285 foreslår departementet å flytte 15 mill. kroner til ordninga med nærings-ph.d. frå kap. 285 post 52 til kap. 281 post 50.

Tabell 4.14 Nettoendringar knytte til tekniske flyttingar

Kap.	Post	2015
285	53	-128 695
285	52	57 395
285	54	56 300
281	50	15 000

Rapport for 2013

Mål for tilskotta til Noregs forskingsråd

For å medverke til ei koordinert styring av verksemda til Forskningsrådet vart det i 2008 utvikla eit felles mål- og resultatstyringssystem for tildelingane til Forskningsrådet frå departementa. Det vart sett tre hovudmål for Forskningsrådet som gjaldt i 2013:


- auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet
- god ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet
- resultatata av forskninga blir tekne i bruk i næringsliv, samfunnsliv og forvaltning i heile landet

Overordna vurdering av måloppnåinga

I 2012 vart evalueringa av Noregs forskingsråd lagd fram (Technopolis 2012). Den overordna konklusjonen er at Forskningsrådet fungerer godt, og at Forskningsrådet er svært viktig for det norske forskings- og innovasjonssystemet. Evalueringa tilrår likevel forbetringar, mellom anna at Forskningsrådet må leggje sterkare vekt på kvalitet og fornying framover.

Departementet vurderer måloppnåinga til Forskringsrådet i 2013 som god. Forskringsrådet har systematisk følgt opp tilrådingane i evalueringa og har sett i verk konkrete tiltak på følgjande område: forskingskvalitet, arbeid med kunnskapsgrunnlaget og strategisk rådgiving, forskning og innovasjon i næringslivet og internasjonalt samarbeid. Rådet har i 2013 teke grep for å stimulere den grensesprengjande forskinga gjennom å introdusere nye verkemiddel. Når det gjeld internasjonalt forskingssamarbeid, har Forskringsrådet styrkt mobiliseringsarbeidet inn mot det nye europeiske rammeprogrammet for forskning og innovasjon, Horisont 2020. Den internasjonale innsatsen er integrert i alle programma og aktivitetane i Forskringsrådet, og rådet legg vekt på samspel og samordning mellom nasjonale program og internasjonale satsingar. Forskringsrådet har også utarbeidd ein strategi for evalueringar som legg vekt på auka systematikk, ein meir strategisk arbeidsmåte og betra evalueringspraksis. Departementet er nøgd med den systematiske oppfølginga som rådet har lagt opp til når det gjeld evalueringa.

Måloppnåinga kan òg sjåast i lys av ressursinnsatsen knytt til dei einskilde måla. Forskringsrådet klassifiserer bruken av midlane dei blir tildelte, etter måla i mål- og resultatstyringssystemet. Det er overlapp mellom måla, og det er ikkje uproblematisk å knytte kvar krone til eit bestemt mål. Klassifiseringa til Forskringsrådet viser likevel at det meste av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet er knytt til målet om auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet. Det største enkeltverkemiddelet som blir finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, er Fri prosjektstøtte (FRIPRO). I 2013 utgjorde FRIPRO 22 pst. av tildelinga frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg finansierer løyvinga over kap. 285 sentersatsingane, forskingsinfrastruktur og verkemiddelet Store program. Figuren nedanfor viser korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er fordelt på ulike verkemiddel. Figuren viser samanhengen mellom korleis løyvingane over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir nytta, og det særskilde ansvaret departementet har for grunnforskning og tiltak som er knytte til heile forskningssystemet.



Figur 4.11 Fordeling av midlane Noregs forskingsråd blir tildelte frå Kunnskapsdepartementet, etter verkemiddel (2013)

I kategorien «anna» ligg mellom anna nettverkstiltak og formidlingsaktivitetar.

Vurdering av korleis løyvingane over kap. 285 bidrar til å nå måla til Forskringsrådet

Kunnskapsdepartementet finansierer ei rekkje program og aktivitetar i Noregs forskingsråd. Løyvingane frå Kunnskapsdepartementet skal sikre både finansiering av grunnforskning, finansiering av program og aktivitetar som er sentrale for eit velfungerande forskningssystem, og tiltak som går på tvers av sektorar. Fleire av dei ulike programma og tiltaka som er nærmare omtalte under, bidrar til måloppnåing på fleire av måla.

Fri prosjektstøtte

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er ein open, nasjonal konkurransearena der søknadene blir vurderte ut frå vitenskapleg kvalitet. Formålet med FRIPRO er å få fram forskning av høg vitenskapleg kvalitet uavhengig av fagområde og disiplin. Ordninga finansierer forskarprosjekt, inkludert doktor- og postdoktorstipend, utanlandsopphald og arrangement og er i heilskap finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

I 2013 har universiteta bidratt med 100 mill. kroner til FRIPRO som ein del av Fellesløftet, som vart inngått i 2012. Dette kjem i tillegg til Kunnskapsdepartementets bidrag på 638 mill. kroner. I oppfølginga av evalueringa av FRIPRO, som kom i 2012, vart ordninga lagd om for å fremme unge forskarar og meir nyskapande og grensesprengjande forskning. Ein ny søknadstype retta mot unge forskartalent vart oppretta i 2013. I 2013 auka søknadene til Fri prosjektstøtte med over 20 pst.

Store program

Store program er eit sentralt programverkemiddel i Forskingsrådet som bidrar til å gjennomføre nasjonale forskingspolitiske prioriteringar og til å utvikle eit velfungerande forskingssystem. Dei store programma er langsiktige, breie satsingar med finansiering frå fleire departement. Både grunnleggjande, anvend forskning og innovasjon inngår i programma. I 2013 var det sju store program: HAVBRUK, BIOTEK2021, VERDIKT, NANO2021, PETROMAKS2, ENERGIX og KLIMAFORSK. Det samla budsjettet for dei store programma var på 1,3 mrd. kroner i 2013, noko som tilsvarte 18 pst. av totalbudsjettet til Forskingsrådet. Alle dei sju store programma vart delfinansierte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan den resterande finansieringa kom over budsjetta til dei ulike fagdepartementa. Delen frå Kunnskapsdepartementet utgjorde i 2013 24 pst.

Grunnforskningsprogram

Grunnforskningsprogramma i Forskingsrådet skal sikre kompetanse og fagleg fornying innanfor prioriterte fagområde. Grunnforskningsprogramma blir òg sette i gang for å styrkje svake fagområde. I 2013 hadde Forskingsrådet tolv aktive grunnforskningsprogram, med ein samla prosjektportefølje på 156 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet stod i 2013 for 126 mill. kroner av løyvinga til grunnforskningsprogramma.

Det største fagområdet i porteføljen var matematikk og naturvitskap (56 pst.). Deretter kjem humaniora (17 pst.), samfunnsvitskap (14 pst.) og medisinske fag (ni pst.). Det er særleg universiteta og høgskolane som er hovudmottakarar av midlar frå grunnforskningsprogramma. 75 pst. av prosjektmidlane gjekk til universitets- og høgskolesektoren i 2013.

Handlingsretta program

Dei handlingsretta programma gir kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak og for planlegging på forskjellige forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet finansierer ei rekkje handlingsretta program saman med fleire andre departement. I 2013 stod Kunnskapsdepartementet for om lag 203 mill. kroner, som tilsvarer 27 pst. av midlane til handlingsretta program. Dei største bidraga frå Kunnskapsdepartementet til handlingsretta program gjekk til forskingsprogramma om norsk utdanningsforskning (50 mill. kroner), polarforskning (50 mill. kroner), praksisretta FoU for helse og velferdstenestene (28,7 mill. kroner), humane biobankar og registerdata (20 mill. kroner), sjukefråvær, arbeid og helse (10 mill. kroner) og forskingsprogrammet om forskning og innovasjon 9 mill. kroner, jf. også kap. 287 post 21.

Internasjonale stimuleringsiltak

Internasjonale stimuleringsiltak er tiltak som har internasjonalisering som hovudmål. Kunnskapsdepartementet finansierte i 2013 fleire stimuleringsordningar med om lag 130 mill. kroner. Midlane gjekk til stimulering av deltaking i EUs rammeprogram for forskning, bilaterale tiltak, internasjonale stipend og mobilitetsordningar. Internasjonalt samarbeid er ein integrert del av alle program og aktivitetar i Forskingsrådet. Den internasjonale innsatsen til Forskingsrådet er derfor langt høgre enn dei internasjonale stimuleringsiltaka aleine.

Brukarstyrte innovasjonsprogram

Brukarstyrte innovasjonsprogram er retta direkte mot verksemdar som vil utvikle si eiga bedrift eller næring, og der brukarane er i førarsetet. Programma blir delfinansierte av næringslivet. Den offentlege forskingsinnsatsen gjennom Noregs forskingsråd som er retta mot næringslivet, skal bidra til at føretaka styrkjer sin eigen forskingsinnsats, og i større grad kan dra nytte av den store mengda forskingsbasert kunnskap som blir utvikla globalt.

Kunnskapsdepartementet delfinansierer nokre av dei brukarstyrte programma. I 2013 gjekk 55 mill. kroner av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet til dei brukarstyrte programma Brukarstyrt innovasjonsarena, Auka verdiskaping i naturgasskjeden og Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringar. Nærings- og

fiskeridepartementet har den største tildelinga til brukarstyrte innovasjonsprogram.

Sentersatsingane

Senter for framifrå forskning (SFF) er blant Forskningsrådets fremste verkemiddel for kvalitet i norsk forskning. Kunnskapsdepartementet finansierer ordninga. Sentra utdannar og rekrutterer unge framifrå forskarar og samarbeider med internasjonalt høgt akta professorar og forskingsgrupper. I 2013 vart det starta 13 nye senter, og åtte senter var i full drift på sjuande året. Løyvinga til sentra var på 221 mill. kroner i 2013.

Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) er eit viktig, strategisk innovasjonsverkemiddel. Ordninga medverkar til fornying, auka kvalitet og mindre fragmentering i forskningssystemet. Hovudmålet for SFI er å styrkje innovasjonsevna i næringslivet gjennom satsing på langsiktig forskning i nært samarbeid mellom forskingsaktive verksemder og framstående forskingsmiljø. I 2013 vart SFI-ordninga finansiert med 205 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet og 10 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet. I tillegg kom tilskott frå vertsinstitusjonane og samarbeidspartnarane deira.

Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) skal gjennom langsiktig forskingsinnsats på høgt internasjonalt nivå bidra til å løyse utfordringar på energi- og miljøområdet. Det er åtte senter innanfor teknologisk energiforskning og tre senter innanfor samfunnsvitenskapleg energiforskning. Ordninga blir i hovudsak finansiert av Olje- og energidepartementet, men Kunnskapsdepartementet finansierer ordninga med 5 mill. kroner.

Nasjonal satsing på infrastruktur

Infrastrukturordninga har eksistert sidan 2009 og skal støtte etablering av nasjonale forskingsinfrastrukturar. Ordninga medverkar til samhandling, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskinga på nasjonalt prioriterte område der Noreg har sterke forskingsmiljø. Fleire infrastrukturar har partnarar frå fleire institusjonar i Noreg. Utlysinga til infrastrukturordninga er tematisk open, men fire overordna forskingspolitiske prioriteringar blir lagde til grunn for utveljinga av prosjekt: helse og velferd, bioøkonomi, klima og miljø, og energi og miljøvennleg teknologi. Infrastrukturordninga bidrar også til etablering av nasjonale infrastrukturar som fungerer som nasjonale nodar for norsk deltaking i prosjekt som er valde ut på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur

(ESFRI Roadmap). Noreg har òg eit nasjonalt vegkart for forskingsinfrastruktur som gir ei oversikt over investeringsklare prosjekt som er vurderte som strategisk viktige og fagleg gode. Noreg deltek i 23 av dei 48 prosjekta på ESFRIs vegkart.

Post 52 Langsiktig, grunnleggjande forskning

Kunnskapsdepartementet foreslår å samle løyvingane til langsiktig, grunnleggjande forskning på éin post. Dette inneber at denne posten endrar namn. Løyvinga over kap. 285 post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggjande forskning på alle fagområde. Posten vart tidlegare kalla Forskningsformål.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 1 525 mill. kroner på posten i 2015. Løyvinga finansierer mellom anna Fri prosjektstøtte (FRIPRO), senter for framifrå forskning, løyvingar til grunnforskningsprogram og strategisk institusjonsstøtte. Av auken frå saldert budsjett 2014 er 57,5 mill. kroner knytt til tekniske flyttingar. Til grunn for løyvingsforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 7,3 mill. kroner.

Evalueringa av FRIPRO frå 2012 viste at FRIPRO er eit godt verkemiddel for å fremme forskning av høg vitenskapleg kvalitet, uavhengig av fagområde og disiplin. Fri prosjektstøtte er ein viktig kanal for mangfald og har vist seg å ha ein positiv innverknad på rekruttering, karriereutvikling, internasjonalt samarbeid og kjønnsbalanse i forskinga. Evalueringa peikte òg på fleire område med potensial for forbedring, blant anna at dei unge forskartalenta ikkje når opp i konkurranse med seniorforskarar. Regjeringa er oppteken av å fremme banebrytande forskning og foreslår derfor innanfor denne posten å styrkje Fri prosjektstøtte (FRIPRO) med 60 mill. kroner i 2015. Styrkinga skal blant anna gå til satsinga på unge forskartalenta og til mobiliseringsordninga på postdoktor-nivå, FRIPRO mobilitetsstipend, med det formål å auke mobiliteten for forskarar tidleg i karrieren, samtidig som ein sikrar at kunnskapen dei har tileigna seg, kjem tilbake til Noreg. Samla blir tildelinga frå Forskningsrådet til FRIPRO på om lag 760 mill. kroner i 2015. I tillegg vil det i 2015 gå 150 mill. kroner til Fri prosjektstøtte frå universiteta gjennom Fellesløftet 1 og 2. Fellesløftet inneber at universiteta bidrar med ein tilsvarande sum av eigne midlar som staten bidrar med over tre år.

Departementet har flytt løyvinga til ordninga med nærings-ph.d., på 15 mill. kroner, til kap. 281

post 50 for å samordne løyvingar som går til liknande formål. Det er for 2015 òg foreslått å flytte løyvingane til Kavli Institute for Systems Neuroscience (12,5 mill. kroner) til kap. 260 post 50, løyvinga til Komité for kjønnsbalanse og mangfold i forskning (1,5 mill. kroner) til kap. 281 post 70, og støtte (400 000 kroner) til Samisk tidsskrift frå Forskningsrådet til løyvinga til Samisk høgskole over kap. 260 post 50.

Post 53 Strategiske satsingar

Kunnskapsdepartementet foreslår å samle løyvingane til Forskningsrådet som skal ta seg av systemsvaret til departementet, og bidra til å rette opp systemsvikt. Det meste av forskinga som blir finansiert over denne posten, går på tvers av sektoransvaret. Løyvinga på denne posten er finansiert med tidlegare avkastning frå fondet for forskning og nyskaping, og skal særleg støtte opp om den koordinerande rolla Kunnskapsdepartementet har i forskingspolitikken. Nemninga på denne posten blir derfor endra til Strategiske satsingar. Posten vart tidlegare kalla Overordna forskingspolitiske prioriteringar. Løyvinga over kap. 285 post 53 skal finansiere store program, handlingsretta program og stimuleringsordningar for internasjonalt forskingssamarbeid.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 980,8 mill. kroner på posten i 2015. Det er ein netto nominell reduksjon på ca. 23 mill. kroner samanlikna med 2014. Om lag 129 mill. kroner av reduksjonen er ei følge av tekniske flyttingar av mellom anna løyvingane til senter for framifrå forskning (SFF), grunnforskningsprogram, fri prosjektstøtte og løyvingane til strategisk institusjonsstøtte frå denne posten. Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 5,2 mill. kroner.

Regjeringa er oppteken av å leggje til rette for større norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram og har lagt fram ein nasjonal strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. For å følgje opp strategien foreslår regjeringa å styrkje øyremerkte tiltak, mellom anna STIM-EU, prosjektetableringsstøtte og posisjoneringsstøtte, for å auke deltakinga i Horisont 2020 med 115 mill. kroner i 2015. Innanfor løyvinga på posten foreslår regjeringa at ordninga med nasjonale kontaktpunkt (NCP) skal styrkjast med 10 mill. kroner.

IKT, bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Ei satsing på desse teknologiane er eit viktig grunnlag for fornying og omstilling i næringslivet og i offentleg sektor. Regjeringa foreslår å styrkje løyvingane i Forskningsrådet til dei programma som er retta inn mot desse teknologiane, med særleg vekt på IKT. Regjeringa foreslår ein auke i løyvingane på 20 mill. kroner i 2015.

I 2014 vart ei ny gåveforsterkingsordning innført. Ordninga inneber at staten yter eit tillegg på 25 pst. av gåvebeløpet ved private pengegaver til Noregs forskingsråd, Det Norske Videnskaps-Akademi, universitet eller høgskolar med rett til å dele ut doktorgrad. Midlane skal nyttast til å støtte opp om langsiktig, grunnleggjande forskning ved institusjonane. Kunnskapsdepartementet foreslår å utvide ordninga til å omfatte høgskolar utan doktorgradsrett når gáva er eit gåveprofessorat.

Departementet foreslår å flytte det nasjonale ansvaret for European Cooperation in Science and Technology (COST) frå Nærings- og fiskeridepartementet til Kunnskapsdepartementet. COST fungerer som eit verkemiddel for å fremme forskar-mobilitet og internasjonalisering gjennom forskar-nettverk. Hovudtyngda av forskarane som deltek i aktivitetane under COST, kjem frå universitets-, høgskole- og instituttsektoren, og i mindre grad frå næringslivet. Departementet foreslår at løyvinga til COST, på 400 000 kroner, blir overført frå Nærings- og fiskeridepartementets kap. 920 post 50 til kap. 285 post 53.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Løyvinga over kap. 285 post 54 skal finansiere forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse. Satsing på forskingsinfrastruktur er eit direkte bidrag til å nå målet om å utvikle verdslieande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til auka internasjonalisering og rekruttering. Vidare vil godt utvikla forskingsinfrastruktur vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon som er nødvendig for å lykkast med overgangen til eit lågut-sleppssamfunn.

I St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* vart finansieringsansvaret for ulike typar infrastruktur presisert. På bakgrunn av meldinga vart det bestemt at den einskilde forskingsinstitusjonen skal ha ansvaret for investeringane i såkalla basisutstyr, definert som utstyr som det er naturleg at mange institusjonar har, og som har ein investeringskostnad på opptil 2 mill. kroner.

Ordninga til Forskingsrådet gjeld forskingsinfrastruktur som er av nasjonal, strategisk interesse, og som har ein investeringskostnad på mellom 2 mill. kroner og 200 mill. kroner. Prosjekt med ein kostnad på over 200 mill. kroner må handsamast særskilt av regjeringa. Ansvarsdelinga inneber at Forskingsrådet skal syte for å samordne investeringar i tilfelle der fleire miljø har behov for infrastruktur, men der kostnadene er så høge at det er mest tenleg med samarbeid. Midlane som går via Forskingsrådet, blir tildelte etter konkurranse.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 455,7 mill. kroner på posten i 2015 mot 299,3 mill. kroner i 2014. Av auken er 56,3 mill. kroner ei teknisk flytting frå kap. 285 post 52. Til grunn for løyvingsforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 1,5 mill. kroner.

Post 55 Administrasjon

Forskingsrådets administrasjonsutgifter kan delast i to: interne og eksterne administrasjonsutgifter. Den første delen omfattar alle personal- og driftskostnader, inklusive IKT-kostnader. Desse interne administrasjonsutgiftene blir finansierte gjennom grunnfinansiering frå Kunnskapsdepartementet over kap. 285 post 55 og gjennom ein administrasjonsdel frå forskingsløyvingane til dei departementa som finansierer forskning gjennom Noregs forskingsråd. Dei eksterne administrasjonsutgiftene er utgifter knytte til FoU-verkemidla som møtegodtgjersle, reisekostnader, søknadshandsaming, evalueringar og utgreiningar i samband med gjennomføring av program og aktivitetar. Desse utgiftene blir finansierte av det enkelte program eller den enkelte aktivitet og blir fastsette av programstyra.

Løyvinga er ei grunnfinansiering av Forskingsrådets verksemd som skal dekkje delar av dei interne administrasjonsutgiftene knytte til personale, IKT-kostnader og drift. Løyvinga skal nyttast til alle aktivitetar og program som rådet finansierer.

Mål for 2015

Målet for løyvinga er å sikre ein effektiv og brukarorientert organisasjon.

Rapport for 2013

Løyvinga over posten var på 275,3 mill. kroner i 2013. Dei samla interne administrasjonsutgiftene var på om lag 565 mill. kroner i 2013, eksklusive pensjonskostnader. Det inneber at i underkant av 50 pst. av dei interne administrasjonsutgiftene blir finansierte over løyvinga på denne posten. Midlane over denne posten går til å finansiere dei tre hovudoppgåvene til rådet: finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon.

Forskingsrådet arbeider kontinuerleg med å utvikle ein brukarorientert administrasjon og har i 2013 halde fram med å effektivisere drifta. Dette gjeld særleg arbeidet med å utvikle elektroniske løysingar for alle dei sentrale delane ved søknadsprosessane. Alle prosessar knytte til søknader om forskingsmidlar er no digitaliserte. I tillegg har arbeidet med regelstyring og standardisering halde fram for å auke kvaliteten på tenestene. Forskingsrådet er også i gang med å vidareutvikle nettsidene slik at det blir enklare å søkje Forskingsrådet om midlar.

Talet på klagesaker er meir enn halvert frå 2012 til 2013, og utgjer berre 7 promille av innsende søknader. Rådet har også etablert ein ny prosjektbank som vil gi statistikk og informasjon om resultat frå dei forskingsprosjekta som rådet finansierer.

Dei eksterne administrasjonsutgiftene, det vil seie utgifter knytte til drift av program og aktivitetar, vil variere over tid som følgje av kva for fase dei ulike programma er i. Nivået på desse utgiftene har likevel vore relativt stabilt i dei siste åra, og var i 2013 på om lag 180 mill. kroner.

Tabellen under viser utviklinga i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskingsrådet og administrasjonsløyvinga frå Kunnskapsdepartementet.

Tabell 4.15 Utvikling i dei interne administrasjonsutgiftene til Forskringsrådet i perioden 2011–13 (i 1 000 kroner)

	(i 1 000 kr)		
	2011	2012	2013
Interne administrasjonsutgifter (ekskl. pensjonsforplikting)	439 193	481 027	565 123
Av dette løyvinga på kap. 285 post 55	258 492	266 505	275 300

Det har vore ein auke i dei interne administrasjonsutgiftene i dei seinare åra. Denne auken skriv seg mellom anna frå fleire oppgåver som ei følgje av auka FoU-løyvingar, nye oppgåver som departementa har lagt til Forskringsrådet (til dømes Kunnskapssenter for utdanning, sekretariat for «21-strategiane»), arbeidet med å utvikle og forbetre tenestene til rådet og den generelle lønns- og prisauken. Auken frå 2012 til 2013 skyldast mellom anna større innsats for å digitalisere tenestene.

Departementet har merksemd retta mot nivået på den likviditeten Noregs forskingsråd har i Noregs Bank. Overføringane har auka i dei seinare åra. Tabell 4.14 i vedlegg 4 viser utviklinga i likviditeten for dei fire siste åra.

Likviditeten består i hovudsak av tre element:

- avsetning av midlar til lovpålagde oppgåver som feriepengar og pensjonar
- avsetning av midlar til forskingsaktivitet som er utført, men som ikkje blir betalt ut før året etter (prosjektgjeld til utførte forskingsprosjekt)
- midlar som er inntektsførte i Forskringsrådet, men som ikkje fullt ut er sette i aktivitet i det året midlane vart løyvde, altså ei forskyving i bruken av midlane. Denne forskyvinga i bruken av midlane skyldast to forhold:
 - forseinkingar ute i forskingsprosjekta (mellom anna ute ved universiteta og høgskolane) slik at utbetalingane kjem i eit anna tempo enn budsjetteringa hadde lagt opp til
 - at midlar ikkje er fordelte vidare til det einskilde forskingsprosjektet

Departementet vil understreke at det er naturleg at Noregs forskingsråd overfører midlar frå eitt budsjettår til eit anna. Dette ligg i den rolla Forskringsrådet har i forskningssystemet, og i dei strukturelle rammene med eittårige tildelingar. Den viktigaste oppgåva til rådet er å fordele forskingsmidlar vidare ut i forskingssektoren etter nasjonal konkurranse, og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført.

Dette krev god planlegging og strenge krav til kvalitetssikring og oppfølging, noko som igjen krev tid. Departementet er likevel ikkje nøgd med nivået på og auken i overføringane og forventar at Forskringsrådet har stor merksemd på å få ned overføringane. Departementet følgjer opp dette i etatsstyringa.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 276,4 mill. kroner i 2015. Det er ein nominell auke på 7,5 mill. kroner samanlikna med 2014. Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 1,4 mill. kroner.

Som nemnt over har det vore ein vekst i dei interne administrasjonsutgiftene i dei seinare åra. Dette har vore ei ønskt utvikling for å løyse viktige oppgåver. Departementet har frå 2014 sett eit tak på dei interne administrasjonsutgiftene i tildelingsbrevet til Forskringsrådet. Dette taket er i 2014 på 585 mill. kroner. Departementet legg opp til å føre vidare ordninga med å fastsetje eit tak på dei interne administrasjonsutgiftene i tildelingsbrevet for 2015. Når det gjeld nivået på taket, legg departementet opp til ei reell vidareføring av nivået på løyvinga i 2015 korrigert for tiltak for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst. og prioriterte satsingar. For å følgje opp den nasjonale strategien for auka norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram er det nødvendig å styrkje ordninga med nasjonale kontaktpunkt (NCP-ordninga). Dette har konsekvensar for administrasjonsutgiftene. Samstundes må taket ta høgde for satsingar i dei andre departementa som har konsekvensar for administrasjonsutgiftene. Departementet vil følgje opp utviklinga i både dei interne og dei eksterne administrasjonsutgiftene gjennom etatsstyringa.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	9 628	10 803	29 715
53	NUPI	4 342	4 494	4 620
56	Ludvig Holbergs minnepris	9 400	9 729	10 050
57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	185 003	191 478	163 285
60	Regionale forskingsfond, tilskott til forskning	219 686	219 000	226 008
71	Tilskott til andre private institusjonar	34 725	39 268	40 564
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	13 206	13 668	14 119
	Sum kap. 0287	475 990	488 440	488 361

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71

Mål for 2015

Målet for løyvinga er å medverke til utvikling av forskingspolitikken.

Rapport 2013

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2013 9,6 mill. kroner over kap. 287 post 21.

5 mill. kroner av løyvinga vart brukte til å finansiere forskingsprogrammet Kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken (FORFI) i Noregs forskingsråd. FORFI vart sett i drift i 2010 og går over fem år med eit totalbudsjett på om lag 50 mill. kroner. FORFI vart evaluert i 2013, og konklusjonen var at det er behov for ei forskingssatsing på feltet for å styrkje kunnskapen om forskning og innovasjonsprosessar og dermed gi eit betre grunnlag for utforminga av forskings- og innovasjonspolitikken. Evalueringa fann at måla for programmet var dei riktige, men at storleiken ikkje var tilstrekkeleg for å nå måla. Særleg gjaldt det moglegheita for rekruttering og langsiktig kompetanseoppbygging, for å utvikle internasjonalt samarbeid med leiande miljø, og for å leggje til rette for meir original forskning av høg kvalitet.

I underkant av 2 mill. kroner vart nytta til å styrkje arbeidet til CRISTin med open tilgang til

forskningspublikasjonar. Løyvinga har òg dekt midlar til utvikling av eit styringssystem for Forskingsrådet som er ei oppfølging av evalueringa av Forskingsrådet frå 2012.

Vidare har løyvinga mellom anna dekt midlar til ulike utgreiingar knytte til forskingspolitikken i regi av OECD. Løyvinga vart òg nytta til å finansiere arbeid i samband med dei vitskaplege prisane.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 29,7 mill. kroner, mot 10,8 mill. kroner i 2014. 15 mill. kroner av auken gjeld løyvingar til forskingsinstitutta, som ei vidareføring av auken i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2014. Departementet foreslår vidare ein auke i løyvingane til FORFI på 4 mill. kroner for å styrkje arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken.

Til grunn for løyvingsforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 56 000 kroner. Vidare er løyvingsforslaget redusert med 389 000 kroner som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Løyvinga på posten kan også bli nytta til å finansiere tidsavgrensa prosjekt i Kunnskapsdepartementet.

Post 53 NUPI

Mål for 2015

Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) har til formål å medverke til større innsikt i mellomfolkelege spørsmål, ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale forhold. Basisløvinga til NUPI blir gitt over kap. 287 post 57, medan løyvinga på post 53 blir nytta til å finansiere dei nasjonale informasjonsoppgåvene til NUPI, mellom anna den rolla instituttet har som formidlar til barn og unge i alderen 15–25 år. Målet for denne ordninga er å medverke til at NUPI skal vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, med særleg ansvar for å ta hand om kommunikasjonen med elevar, studentar og offentlegheita.

Rapport for 2013

Departementet er nøgd med måloppnåinga til NUPI når det gjeld oppgåvene som er knytte til informasjon og formidling.

Digitale flater er den primære kanalen til NUPI for ekstern kommunikasjon og har vore ei viktig satsing for NUPI i 2013. 25 av arrangementa i 2013 er vortne filma og er tilgjengelege på NUPI sin kanal på YouTube. NUPI legg særleg vekt på å spreie informasjon til barn og unge i alderen 15–25 år. Den viktigaste kanalen er nettstaden hvorhenderdet.no. Nyhendebrev frå hvorhenderdet.no blir sende til om lag 21 000 e-postadresser. Det er ein monaleg vekst frå tidlegare år. NUPI har i tillegg teke imot 22 skoleklassar i løpet av 2013, og har halde oppe tilbodet med det virtuelle biblioteket.

Vidare har NUPI arrangert ei stor mengde seminar og konferansar, og forskarane ved NUPI har òg i 2013 vore mykje nytta som kjelder og kommentatorar i media.

Budsjettforslag for 2015

Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjer 23 000 kroner. Ut over dette foreslår departementet at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 56 Ludvig Holbergs minnepris

Mål for 2015

Formålet med Holbergprisen er å auke merksemda kring humaniora, samfunnsvitskaplege

fag, jus og teologi. Prisen blir tildelt forskarar som på avgjerande måte har påverka internasjonal forskning på sitt område.

Rapport for 2013

Ludvig Holbergs minnepris vart i 2013 delt ut til den franske antropologen og sosiologen Bruno Latour. I grunngivinga si framhevar Holbergkomiteen at Latour «kombinerer empirisk metode og observasjon med å rive ned etablerte førestillingar. Han omformar måten kunnskap blir organisert på, og inviterer til engasjement».

I tillegg til å dekkje prisbeløpet til vinnaren blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for humanistiske og samfunnsvitskaplege fag i samfunnet elles. Dette omfattar mellom anna Holbergprisen i skolen, som er ein nasjonal forskarkonkurrans for elevar i vidaregåande skole. Konkurransen bidrar til å auke interessa for humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, jus og teologi blant barn og unge.

I samband med Holbergprisen vart òg Nils Klim-prisen for yngre nordiske forskarar delt ut innanfor dei same fagfelt. I 2013 vart prisen delt ut til Ingvild Almås, førsteamanuensis ved Noregs handelshøgskole. Nils Klim-prisen er på 250 000 kroner.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 57 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta som er omfatta av ordninga med statleg basisløyving. Institutta skal nytte basisløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.

Mål for 2015

Målet for den statlege basisløyvinga er å sikre ein sterk samfunnsvitskapleg forskingsinstituttsektor som kan tilby næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskningstenester av høg internasjonal kvalitet. Løyvinga skal vidare stimulere til vitskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid i den samfunnsvitskaplege delen av instituttsektoren.

I 2015 vil ti pst. av basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta bli omfordelte etter oppnådde resultat på fastlagde indikatorar. Omfordelingsdelen har vore den same sidan ordninga vart innført i 2009.

Rapport for 2013

Nåverande ordning for statleg basisløyving til forskingsinstitutta kom i stand i 2009, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2008–2009) og St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kunnskapsdepartementet. Finansieringsordninga vart evaluert i 2012. Med bakgrunn i evalueringa reviderte departementet i 2013 *Retningslinjer for statlig basisfinansiering av forskningsinstitutter*, jf. Prop. 1 S (2013–2014) for Kunnskapsdepartementet.

Dei 26 samfunnsvitskaplege institutta hadde nær 1,4 mrd. kroner i samla driftsinntekter i 2013. Basisløyvinga stod for om lag 15 pst. av driftsinntektene. I 2013 vart ti pst. av basisløyvinga til dei

samfunnsvitskaplege institutta omfordelte mellom institutta etter oppnådde resultat på indikatorar som premierer kvalitet og relevans i den faglege verksemda til institutta. Telemarksforsking – Notodden vart avvikla 1. mars 2013.

Frischsenteret, NTNU Samfunnsforskning og Uni Research Rokkansenteret tredde inn i ordninga med statleg basisløyving frå 2011, jf. Innst. 12 S (2010–2011). Desse institutta kom inn med ei låg basisløyving og har hatt sterkast prosentvis nominell auke i løyvinga frå 2011 til 2013. Blant dei øvrige institutta viser omfordelinga at Østfoldforskning, Østlandforskning, Trøndelag Forskning og Utvikling og PRIO har hatt størst vekst. Tre institutt har fått redusert basisløyvinga i same periode.

Tabellen viser basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta som var med i ordninga i 2013, og korleis basisløyvinga for kvart institutt har endra seg frå 2011 til 2013.

Tabell 4.16 Basisfinansieringa av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta

	Basisfinansiering 2013 (i mill. kroner)	Nominell endring 2011–13 (i pst.)
Agderforskning	3,6	1,2
IRIS Samfunns- og næringsutvikling	6,3	10,2
Møreforskning	4,5	14,3
Nordlandsforskning	4,5	6,1
NORUT Alta	2,2	5,7
NORUT Tromsø, samfunn	3,2	12,3
Telemarksforskning – Bø	3,9	9,1
<i>Telemarksforskning – Notodden</i>	<i>0,1</i>	<i>Avvikla 1. mars 2013</i>
Trøndelag Forskning og Utvikling	2,5	15,5
Vestlandsforskning	3,8	11,6
Østfoldforskning	3,4	20,5
Østlandsforskning	3,6	15,5
Arbeidsforskningsinstituttet	7,4	7,6
Chr. Michelsens Institutt	14,6	3,7
Fafo	15,7	12,8
Fridtjof Nansens Institutt	8,3	–0,4
Frischsenteret	1,7	147,9
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	10,6	2,4
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	13,1	2,1
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)	25,0	–2,5
NTNU Samfunnsforskning	6,1	117,9
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	15,9	–0,9
Peace Research Institute Oslo (PRIO)	15,2	14,4
Rokkansenteret	3,8	154,9
SINTEF Teknologi og samfunn	12,8	14,0
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	7,5	11,4

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 163,3 mill. kroner i 2015. Til grunn for løyvingsforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 1 mill. kroner.

Forslaget tek også omsyn til at departementet foreslår at løyvinga til Arbeidsforskningsinstituttet AS (AFI) og Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) blir overført til eit anna budsjettkapittel og ein annan budsjettpost.

AFI og NOVA vart slåtte saman med Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) frå 1. januar 2014.

Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at 33,5 mill. kroner går inn i rammeløyvinga til HiOA over kap. 260 post 50, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 287 post 57.

I tillegg kjem basisløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 15,4 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 165 post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning

Dei regionale forskingsfonda vart oppretta frå 1. januar 2009 med ein kapital på 6 mrd. kroner. Kunnskapsdepartementet har fastsett retningslinjer for regionale forskingsfond. Retningslinjene spesifiserer formål med ordninga, styringslinjer og aktørar, oppgåvene og ansvarsområda deira, mellom anna grunnleggjande krav til administrasjon og styring av midlane i ordninga.

Mål for 2015

Dei regionale forskingsfonda skal styrkje regional forskning og innovasjon. Fonda skal medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til betre kvalitet i forskinga. Fonda skal møte FoU-behov i fylka ved å støtte FoU-prosjekt som er foreslåtte av offentlege eller private aktørar i fondsregionen. På denne måten blir prioriteringane til fondsstyra forankra i regionale føresetnader og behov.

Rapport for 2013

I 2011 sette Forskringsrådet i gang ei treårig følgjevaluering av ordninga med regionale forskingsfond. Evalueringa vart utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), og heldt fram i 2012 og 2013. NIFU har levert to delrapportar, og følgjevalueringa vart fullført med ein sluttrapport i desember 2013.

Etter at dei regionale fonda har vore i drift i fire år, er konklusjonen i evalueringa at dei regionale fonda er veletablerte og verkar i samsvar med dei måla som er sette for ordninga. NIFU peiker på at arbeidet til fonda er godt forankra i regionane, at prosjekta held same kvalitetsnivå som samanliknbare program i Forskringsrådet, og at ordninga ser ut til å fungere i godt samspel med dei øvrige regionale verkemiddelaktørane. Evalueringa stadfestar den mobiliserande rolla dei regionale fonda har. Fondsordninga utløyser prosjekt som elles ikkje ville vortne sette i gang, og ein

firedel av bedrifter som har fått innvilga prosjektsøknader, har i liten grad drive forskning tidlegare. NIFU meiner at dei regionale forskingsfonda har bidratt til ei viktig utvikling av det nasjonale forskingssystemet.

Følgjevalueringa viser vidare at samanlikna med andre kjelder som finansierer FoU, har dei regionale forskingsfonda vore leiande i å lyse ut midlar som skal fremme fornying og innovasjon i offentleg sektor. Rapportane understrekar at det er eit monaleg rom for å involvere kommunane sterkare i forskingsprosjekt. Følgjevalueringa har gitt mykje kunnskap om korleis ordninga verkar, og Kunnskapsdepartementet meiner derfor at det ikkje er behov for ei ytterlegare evaluering nå.

Til saman kom det i 2013 inn 480 søknader til dei sju fondsstyra. 207 av søknadene fekk tildelt midlar. Hovuddelen av dei tildelte midlane er nytta til forskning på områda helse (inkludert e-helse), mat og til forskning og innovasjon i offentleg sektor. Næringslivet mottok nærmare 34 pst. av midlane, medan 33 pst. gjekk til forskingsinstitutt og universitets- og høgskolesektoren. Kommunar og fylkeskommunar tok imot 20 pst. av midlane.

Forskringsrådet fekk tildelt 31,5 mill. kroner over posten i 2013 til felles utlysingar mellom fondsregionane. Forskringsrådet mottok vidare ei tildeling på 8,7 mill. kroner over posten til å dekke administrative meirutgifter knytte til regionale forskingsfond.

Budsjettforslag for 2015

Regjeringa foreslår at fondsmekanismen blir avvikla, og at avkastninga frå regionale forskingsfond blir ført vidare som ei ordinær løyving på denne posten. Løyvinga er prisjustert med 7 mill. kroner. Løyvinga på posten har tidlegare ikkje vorte prisjustert sidan ho har vore finansiert med fondsmidlar.

Hovuddelen av løyvinga blir fordelt direkte til fondsregionane (vertsfylkeskommunane) etter faste kriterium, jf. Prop. 1 S (2010–2011) for Kunnskapsdepartementet. I samsvar med retningslinjene for regionale forskingsfond foreslår departementet å tildele 15 pst. av midlane (32,5 mill. kroner) til å finansiere samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane. Departementet foreslår å tildele 8,9 mill. kroner til Forskringsrådet til dekning av årlege administrative meirutgifter knytte til ordninga.

Regjeringa la i juni 2014 fram ein nasjonal strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. Strategien er i stor grad ein mobiliserings-

strategi og har som siktemål å auke den norske deltakinga i forskningssamarbeidet. Dei regionale forskingsfonda må vurdere korleis dei på ein god

måte kan følgje opp EU-strategien, til dømes ved å vidareutvikle tiltak som stimulerer til auka regional deltaking i forskingsprogramma til EU.

Tabell 4.17 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond

		(i 1 000 kroner)
Mottakar og formål		Beløp
Fondsregionar:	Vertsfylkes-kommune	
– Nord-Noreg	Troms	32 695
– Midt-Noreg	Sør-Trøndelag	25 659
– Innlandet	Hedmark	15 639
– Hovudstaden	Akershus	29 713
– Oslofjordfondet	Vestfold	34 763
– Agder	Aust-Agder	14 109
– Vestlandet	Hordaland	31 965
Noregs forskingsråd for dekning av årlege administrative meirutgifter knytte til ordninga		8 900
Samarbeidsprosjekt mellom fondsregionane		32 565
Totalt		226 008

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Tilskott blir gitt til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS), Egede Instituttet, Forskningsinstituttene fellesarena (FFA) og matematikkorganisasjonen Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA). Tilskottet til DNVA dekkjer òg arbeidet med å administrere Kavliprisane.

Mål for 2015

Målet for tilskotta er at tilskottsmottakarane skal halde fram med, eller styrkje, den faglege verksemda og kompetansenivået sitt. Tilskottet til DNVA og DKNVS har òg som mål å medverke til større merksemd på forskning generelt og til meir internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Rapport for 2013

Rapporteringa for 2013 syner at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda.

Løyvinga til DNVA omfattar òg midlar til arrangement i samband med Kavliprisane. Kavliprisane er eit samarbeid mellom DNVA, The Kavli Foundation i California og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisane blir delte ut annakvart år for framifrå vitskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. I 2013 vart ikkje prisen delt ut.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Mål for 2015

Abelprisen blir delt ut til framifrå vitskapleg arbeid innanfor matematikk. Prisen skal bidra til å auke merksemda kring matematikk i samfunnet. Prisen skal òg stimulere interessa for matematikk blant barn og unge.

Rapport for 2013

I 2013 gjekk Abelprisen til den belgiske matematikaren Pierre Deligne for hans store bidrag til alge-

braisk geometri, og for den gjennomgripande innverknaden desse bidraga har hatt på talteori, representasjonsteori og relaterte felt. Deligne er i dag professor emeritus ved Princeton-universitetet i USA. Abelprisen blir delt ut av Det Norske Videnskaps-Akademi og medverkar til å auke merksemda kring matematikk i samfunnet, særleg blant barn og unge. Løyvinga dekkjer i tillegg

til prisbeløpet på 6 mill. kroner fleire arrangement i samband med prisutdelinga.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
87	Avkastning – Regionale forskingsfond	219 622	219 000	
91	Fondskapital – Ludvig Holbergs minnefond	200 000		
96	Fondskapital – Regionale forskingsfond			6 000 000
	Sum kap. 3287	419 622	219 000	6 000 000

Post 87 Avkastning – Regionale forskingsfond

Kunnskapsdepartementet foreslår at regionale forskingsfond blir avvikla som fondsmekanisme, og at avkastninga frå regionale forskingsfond blir ført vidare som ei ordinær løyving over kap. 287 post 60. Endringa inneber at det ikkje blir foreslått ei inntektsløyving under kap. 3287 post 87. Dette står i samanheng med reduserte renteutgifter på kap. 1650 Statsgjeld, renter mv. post 89 Renter og provisjon mv. på innenlandsk statsgjeld under budsjettområdet til Finansdepartementet.

Post 91 Fondskapital – Ludvig Holbergs minnefond

Ludvig Holbergs minnefond vart avvikla i statsbudsjettet for 2013, og avkastninga vart ført vidare som ei ordinær løyving over kap. 287 post 56.

Post 96 Fondskapital – Regionale forskingsfond

Departementet foreslår at 6 mrd. kroner som tidlegare utgjorde kapitalen i regionale forskingsfond, blir inntektsførte som ei eingongsløyving på denne posten slik at kapitalen blir ført tilbake til statskassa.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Særskilde driftsutgifter	7 461	6 707	26 872
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	203 479	206 002	246 426
73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	1 576 390	1 347 234	2 053 648
74	Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>	20 285	11 511	
75	UNESCO-kontingent	16 951	18 909	18 573
76	UNESCO-formål	3 000	3 105	3 207
	Sum kap. 0288	1 827 566	1 593 468	2 348 726

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid innanfor ansvarsområda til departementet, herunder bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekkjer kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD. Ein mindre del vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP).

Mål for 2015

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt innanfor internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid, og at det er gode koplingar mellom desse områda.

Rapport for 2013

Arbeidet med bilateralt utdannings- og forskingssamarbeid vart styrkt i 2013, mellom anna gjennom støtte til oppfølging av myndigheitsavtalar med Japan, Russland og Brasil. I samband med tiårsmarkeringa av forskings- og teknologiavtalen med Japan frå 2003 vart den første Japan-Norway Science Week arrangert i Tokyo våren 2013. Ved den norske ambassaden i Moskva vart ei ny stilling som spesialutsending for utdanning, forskning og teknologi bemanna frå januar 2013. Stillinga blir finansiert av Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Som ledd i samarbeidet med Brasil innanfor høgre utdanning kom dei første brasilianske studentane til Noreg hausten 2013 gjennom mobilitetsprogrammet «Science Without Borders». Den norske delta-

kinga i programmet blir administrert av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU).

Løyvinga har òg vore nytta til pilotprogrammet UTFORSK (2013–2015), som hadde den første utlysinga si i 2013. Tiltaket er etablert for å styrkje koplinga mellom høgre utdannings- og forskingssamarbeid med Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika (BRIKS) og Japan. UTFORSK er eit samarbeid mellom Forskningsrådet og SIU, og blir òg finansiert over kap. 281 post 01. Løyvinga har vidare vore nytta til å utvikle eit meir systematisk kunnskapsgrunnlag for samarbeid med strategisk viktige land utanfor EU, som utgangspunkt for ei styrkt strategisk tilnærming til bilateralt samarbeid på felte høgre utdanning og forskning.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår ei løyving på 26,9 mill. kroner i 2015.

Regjeringa ønskjer å utvikle fleire verdslende fagmiljø. Dette føreset mellom anna eit styrkt langsiktig samarbeid mellom institusjonar og fagmiljø i Noreg og deira partnarar i andre land, slik at norske aktørar får del i den internasjonale kunnskapsutviklinga. Departementet foreslår derfor ei strategisk styrking på 20 mill. kroner til etablering av eit partnerskapsprogram for samarbeid om høgre utdanning og forskning med prioriterte land utanfor EU. Departementet tek sikte på at midla i hovudsak vil bli forvalta av Noregs forskingsråd og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU). Det blir òg utvikla ein strategi for høgre utdannings- og forskingssamarbeid med prioriterte land utanfor EU og Nord-Amerika.

Som følge av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan, er løyvingforslaget redusert med 21 000 kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I. Til grunn for løyvingforslaget ligg ein reduksjon på 0,5 pst. som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar. Dette utgjør 35 000 kroner.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjernefysikk (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratorium (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC), European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) og International Agency for Research on Cancer (IARC).

Mål for 2015

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til å nå overordna mål for norsk forskingspolitikk, inkludert høg kvalitet og internasjonalisering av norsk forskning.

Rapport for 2013

CERN er verdas leiande laboratorium innanfor partikkelfysikk. I 2013 fekk François Englert og Peter Higgs nobelprisen i fysikk. Deira hypotese var grunnlaget for jakta på Higgs-bosonet, der norske forskarar også har komme med viktige bidrag. Ein partikkel som kan vere Higgs-bosonet, vart funne i 2012.

Det er i overkant av 100 personar frå norske forskingsmiljø på CERN. Norske forskarar er mellom anna involverte i store, langsiktige prosjekt om bygging og drifting av eksperiment og eit stort nordisk datasenter som er ein del av CERNs datanettverk. Følgjeforskinga blir finansiert over Kunnskapsdepartementet sine løyvingar til Forskningsrådet. Totalt vart det nytta 21,5 mill. kroner til følgjeforsking på CERN i 2013.

EMBL er ein verdsleiande forskingsorganisasjon innanfor molekylærbiologi. EMBL samarbei-

der tett med framifrå forskingsmiljø i andre land gjennom såkalla partnerskapar. Noreg er vertskap for to av desse innanfor marin molekylærbiologi og molekylærmedisin. Partnerskapane har også eit felles utdanningsprogram for doktorgradsstudentar.

ESRF er eit laboratorium for synkrotronforskning. Organisasjonen omfattar òg den sveitsisk-norske strålelinja (SNBL). Forskningsrådet har eit eige program for synkrotron- og nøytronrelatert følgjeforsking som mellom anna skal medverke til god utnytting av den norske medlemskapen i ESRF. Følgjeforskinga er retta mot metodeutvikling og kapasitetsbygging i dei norske fagmiljøa.

IARC er eit internasjonalt kreftinstitutt knytt til Verdas helseorganisasjon. Hovudformålet er å fremme internasjonalt kreftforskingsamarbeid. Årsaker til kreft og førebygging av kreft er sentrale forskingsfelt. IARC legg vekt på samarbeid med fattige land og fungerer også som global referanseorganisasjon når det gjeld omfanget av kreftsjukdom verda over. Norske forskarar er aktive både i forskinga og i styrande organ.

Budsjettforslag for 2015

Kontingentane for dei enkelte medlemslanda blir bestemte ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalprodukt er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2015 er enno ikkje fastsette for alle kontingentane. Budsjettforslaget for 2015 er derfor basert på vedtekne kontingentar for 2014. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga til CERN for 2015. Auken i kontingenten til organisasjonen skyldast ein oppdatert fordelingsnøkkel blant medlemslanda der delen frå Noreg har auka frå 2,6 pst. i 2014 til 2,8 pst. i 2015. Fordelinga er rekna ut på bakgrunn av nettonasjonalinntekta (NNI) i kvart land. For ESRF foreslår departementet òg å auke løyvinga. Auken til ESRF har i hovudsak bakgrunn i at fordelingsnøkkelen blant dei nordiske landa har vorte regulert for ein ny treårsperiode, og i den samanhengen har delen frå Noreg auka frå 19 til 21 pst.

Departementet foreslår ei løyving på 246,4 mill. kroner i 2015.

Tabell 4.18 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta		
	CHF	Euro	1 000 kroner
CERN	30 830 700		205 989
EMBC		393 694	3 213
EMBL		2 603 075	21 242
ESRF		1 070 329	8 734
ESRF Upgrade		127 037	1 037
IARC		761 000	6 210
Sum			246 426

Post 73 EUs rammeprogram for forskning, kan overførast

Løyvinga dekkjer norsk kontingent for deltaking i EUs rammeprogram for forskning. Noreg er assosiert medlem i rammeprogrammet og har delteke fullt ut i forskingssamarbeidet med EU sidan 1994.

Mål for 2015

Norsk deltaking i Horisont 2020 skal medverke til betre kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka innovasjonsevne, verdiskaping og berekraftig økonomisk utvikling, betre velferd og ei meir berekraftig samfunnsutvikling og til at vi utviklar vår eigen forskings- og innovasjonssektor. Deltakinga gir også tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader og infrastruktur.

Rapport for 2013

EUs sjuande rammeprogram for forskning vart avslutta i 2013. Frå 2014 blir samarbeidet ført vidare i det nye rammeprogrammet for forskning og innovasjon, Horisont 2020. Det er framleis mange prosjekt frå sjuande rammeprogram som går vidare, men det blir ikkje lyst ut nye prosjekt. Det blir arbeidd aktivt med ordningar og anna støtte som skal auke talet og kvaliteten på norske søknader. Norske forskarar som sender prosjektsøknader, lykkast forholdsvis godt, og nesten kvar fjerde søknad med norsk deltakar fekk støtte frå rammeprogrammet. Men det er for få som søker. Forskingsrådet og departementa har jobba mykje med mobilisering til deltaking i siste del av sjuande rammeprogram, og vil halde fram med arbeidet inn mot Horisont 2020. Det er ikkje alle kontraktar frå prosjekta i sjuande rammeprogram

som er underteikna, men tal frå 2013 syner at norske forskarar var med i 1 464 prosjekt. Det er særleg på klima- og miljøområdet at Noreg gjer det godt. Vi har også gode resultat på til dømes tryggleiksforskning, energiforskning og biofag. I tillegg til den finansielle støtta får norske forskingsmiljø tilgang til internasjonal kunnskapsproduksjon, dei deltek i viktige internasjonale nettverk og får tilgang til nye forretnings samband.

Budsjettforslag for 2015

Løyvinga over posten dekkjer bidraget frå Noreg til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020.

Etter EØS-avtalen Art. 82 nr. 1 bokstav a skal bidraget frå Noreg til programsamarbeidet med EU vere lik Noregs del av det samla BNP i EU-landa og i Noreg. Delen frå Noreg skal reknast av dei totale utbetalingane gjennom programmet i løpet av kalenderåret. Kor store dei årlege utbetalingane vil vere, er ikkje kjent før året er omme. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2015 er derfor basert på overslaget til Europakommisjonen for kor mykje som vil bli betalt ut i 2015. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2015 vil ligge føre når EU har vedteke budsjettet sitt for 2015 i løpet av hausten 2014.

Kontingenten frå Noreg vil bli betalt ut i august 2015. Deretter vil det bli gjort ei etterberekning våren 2016 basert på dei endelege utbetalingstala for 2015. Ei eventuell korrigerering som følgje av etterberekninga vil bli gjort i kontingentkravet for 2017.

Sjølv om programperioden til det sjuande rammeprogrammet vart avslutta i 2013, vil utbetalingane frå programmet bli fasa ut over fleire år. Det betyr at Noreg må rekne med å betale bidrag til

det sjuande rammeprogrammet samtidig med bidrag til Horisont 2020. Vidare er også løyvinga til Noregs deltaking i det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) innlemma i kontingenten til Horisont 2020. Sjå òg kap. 288 post 74.

I forslaget frå Europakommisjonen om utbetalingsbudsjett for Horisont 2020 i 2015 er det foreslått ein kontingent på om lag 251,7 mill. euro. Der som forslaget til budsjett blir vedteke, betyr det eit bidrag frå Noreg på om lag 2,1 mrd. kroner i 2015.

Post 74 Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, kan overførast

Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) er innlemma i Horisont 2020. Noreg er med i EIT for å leggje til rette for internasjonalt samspel og auka innovasjonsevne i samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv.

Rapport for 2013

EIT har som mål å fremme samarbeid på tvers av land og sektorar, og er særskilt retta mot samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv. Hovudverkemiddelet for EIT er oppretting av kunnskaps- og innovasjonsnettverk (KICs) som finansierer samarbeid mellom forskning, utdanning og næringsliv innanfor definerte tema. Ingen norske miljø har førebels nådd opp i konkurransen om å bli med i KICs.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår at posten blir avvikla, og at løyvinga til EIT blir ein del av løyvinga over kap. 288 post 73.

Post 75 UNESCO-kontingent

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon, har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Medlemslanda deltek i UNESCOs generalkonferanse og eksekutivråd, og kan dermed vere med på å påverke UNESCOs arbeid. Kontingenten er eit vilkår for norsk medlemskap og deltaking i UNESCO.

Mål for 2015

Formålet med løyvinga er å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund.

Rapport for 2013

Løyvinga har vore nytta til å sikre norsk deltaking i UNESCO gjennom å dekkje medlemskontingenten og tilskott til World Heritage Fund. Noreg har arbeidd for at UNESCO skal bli meir effektiv og målretta, mellom anna gjennom nordisk koordinering til UNESCOs styremøte. Noreg deltok aktivt på generalkonferansen høsten 2013 og var representert i fleire arbeidsgrupper. Generalkonferansen vedtok UNESCOs fireårige program, strategisk plan for 2014–21 og tilpassa budsjettet til forventta inntekter på grunn av at USA ikkje betaler medlemskontingent. UNESCOs generaldirektør, Irina Bokova, vart attvald med stort fleirtal.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å løyve 18,6 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2015.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskottsordninga til UNESCO-formål.

Den norske UNESCO-kommisjonen vil frå 2015 forvalte ordninga. Den norske UNESCO-kommisjonen er rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som eit bindeledd mellom myndigheitene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Kommisjonen skal òg medverke til å gjere UNESCOs idear, mål og oppgåver kjende i Noreg. Drifta av den norske UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200 post 21.

Tilskottsmidlane vil bli lyste ut på nettsidene til kommisjonen og departementet.

Mål for 2015

Tilskottsordninga skal medverke til å styrkje UNESCOs arbeid og ansvarsområde, gjere UNESCO meir kjend i Noreg, og understøtte dei vedtekne satsingsområda til UNESCO-kommisjonen.

Rapport for 2013

Tilskottsordninga til UNESCO-kommisjonen gjekk i 2013 til å støtte 16 ulike prosjekt innanfor dei prioriterte områda presse- og yringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og demokratiutvikling.

Ordninga har mellom anna støtta ein internasjonal konferanse om kulturarv- og naturarvkonvensjonane, informasjon om deltaking i val og korleis naturen kan brukast som læringsarena.

Budsjettforslag for 2015

Departementet foreslår å føre løyvinga vidare på same nivå som i 2014.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	4 199	4 684	4 599
	Sum kap. 3288	4 199	4 684	4 599

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
2410	Statens lånekasse for utdanning	32 936 566	33 245 713	35 059 547	5,5
	Sum kategori 07.80	32 936 566	33 245 713	35 059 547	5,5

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
5310	Statens lånekasse for utdanning	9 843 101	13 622 640	14 578 245	7,0
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	3 578 724	3 868 062	3 757 151	-2,9
	Sum kategori 07.80	13 421 825	17 490 702	18 335 396	4,8

Innleiing

Utdanningsstøtteordningane skal gi alle lik moglegheit til utdanning og medverke til at behovet for kompetanse i samfunnet blir dekt. Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer utdanningsstøtteordningane, som er heimla i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøttelova). Støtteordningane blir regulerte i forskriftene om tildeling og tilbakebetaling av utdanningsstøtte.

Utdanning og kompetanse er viktig for at kvar ein skild skal utvikle identitet, evne til å tenkje kritisk og kunne ta del i demokratiske prosessar. Utdanningsstøtta legg såleis til rette for nyskaping og eit kunnskapsbasert samfunn. Gode støtteordningar er eit sentralt verkemiddel for sosial utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning og forskning, og for å støtte opp om livslang læring.

Utdanningsstøtta skal leggje til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat.

Mål: God tilgang til utdanning

God tilgang til utdanning er eitt av måla for Kunnskapsdepartementet i 2015, jf. figur 1.2 Målbilete for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2015 i del I. I all hovudsak er ordninga for studentar ei universell velferdsordning som skal medverke til at alle har eit likt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske forhold. I tillegg til generelle støtteordningar som dekkjer behova til majoriteten av støttemottakarane, må utdanningsfinansieringa derfor også vere målretta mot grupper med særskilde behov. Slik bidrar utdanningsstøtta til at målet kan bli nådd.

Tilstandsvurdering

Utdanningsstøtta legg til rette for eit samfunn med høgt kunnskapsnivå og internasjonal orientering. Dei norske utdanningsstøtteordningane er gode jamført med både nordiske land og andre

land det er naturleg å samanlikne med, til dømes Tyskland.

For at arbeidsmarknaden skal fungere godt, trengst utdanning og kompetanse. Regjeringa ønskjer at utdanningsstøtteordningane skal medverke til at utdanningssektoren raskt kan fange opp endringar i etterspurnaden etter arbeidskraft og utdanning. Noreg vil i framtida trenge fleire personar med høgre utdanning. Utdanningsstøtta er også viktig for å sikre elevar moglegheit til å ta vidaregåande opplæring og fagopplæring.

Støtteordningane skal sikre at elevar og studentar har økonomisk moglegheit til å ta utdanning som seinare kan nyttast i arbeidslivet. I høgre utdanning er utdanningsstøtta lik for alle på den måten at det blir gitt det same støttebeløpet, uavhengig av kva slags utdanning ein student tek. Dette medverkar til at det blir utdanna eit breitt spekter av mellom anna ingeniørar, lærarar og legar i Noreg og i utlandet. Lån og stipend skal gi elevar og studentar midlar å leve for under utdanninga, medan omgjerung av lån til stipend og rentefritak på grunn av utdanning er subsidielement som skal sikre dei som har avslutta ei utdanning, mot for stor gjeldsbyrde. Det finst også tryggleiksmekanismar i støtteordninga knytte til rentefritak ved for eksempel arbeidsløyse, og ettergiving av lån ved varig uførleik. Dette bidrar til at unge ikkje vel bort utdanning fordi dei er urolege for høg gjeld etter avslutta utdanning.

Grad av utnytting

Fleirtalet av studentar og elevar nyttar støtteordningane gjennom Lånekassen. I undervisningsåret 2013–14 var det om lag 500 900 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning i Noreg (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 395 900 personar mottok stipend og/eller lån til utdanning. Av desse var 173 800 i vidaregåande opplæring dei har rett til etter opplæringslova, og 182 800 var i høgre utdanning. 39 300 var i anna utdanning, til dømes fagskole.

Levekårsundersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) frå 2010 viser at støtteordningane blir mykje brukte: Heile ni av ti studentar i høgre utdanning mottok utdanningsstøtte frå Lånekassen. Proba samfunnsanalyse har i rapporten *Analyse av utdanningsstøtteordningene* frå 2013 vist at studentar som kommer frå høgre sosioøkonomiske grupper, nyttar utdanningsstøtteordninga noko meir enn studentar frå lågare sosioøkonomiske grupper. Barn av høgt utdanna foreldre tek opp meir lån enn barn av lågt utdanna foreldre.

Det er òg barn av høgt utdanna foreldre som i størst grad vel å ta høgre utdanning. Rapporten peiker på ein samvariasjon mellom val av utdanning og bruk av utdanningsstøtta. Dei som vel dei mest lønnsomme utdanningane, til dømes juridiske studium, tek òg opp mest lån.

Økonomi

Delen som utdanningsstøtta utgjør av den disponible inntekta til studentane, har gått ned mellom 2010 og 2005, som er førre gangen levekåra til studentane vart analyserte. 60 pst. av studentane jobbar ved sida av studia. Om ein tek med feriane, har ni av ti studentar hatt yrkesinntekt i løpet av 2010. Desse inntektene utgjorde meir enn halvparten av det totalbeløpet studentane hadde til disposisjon. Over halvparten av studentane har motteke økonomisk støtte frå familien til dekning av utgifter siste år. Bustadutgiftene til studentane har auka med 16 pst. nominelt frå 2005 til 2010.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 29 (2013–14), som lyder:

«Stortinget ber Regjeringen om å utrede studentenes levekårssituasjon med sikte på å realisere heltidsstudenten. En slik utredning skal også innebære en plan for økning av studiestøtten og studiestøttens lengde. Studentenes organisasjoner skal involveres i dette arbeidet.»

Regjeringa har vurdert behovet for ny kunnskap om levekåra til studentane utover Levekårsundersøkinga. Regjeringa meiner dette er eit godt og oppdatert tilfang av kunnskap, og vil derfor bruke undersøkinga som grunnlag for det vidare arbeidet med å styrkje utdanningsstøtta som sentralt velferdstiltak for studentane. Kunnskapsdepartementet har hatt møte med studentorganisasjonane NSO og ANSA for å drøfte kunnskapsgrunnlaget og dei alternativa som finst for å styrkje støtta.

Regjeringa er oppteken av å leggje til rette for at det skal vere mogleg for den einskilde studenten å planleggje og gjennomføre studia på normert tid. Utdanningsstøtte frå Lånekassen er ein viktig faktor for studium på heiltid. Undersøkingar viser at noko arbeid ved sida av studia ikkje går ut over studieprogresjonen. Det går fram av evalueringa av Kvalitetsreforma frå 2007 at arbeid i inntil ti timar per veke ved sida av studia ikkje gjer at studentane bruker mindre tid på utdanninga. Levekårsundersøkinga viser at studentane arbeider i snitt sju timar per veke ved sida av studiane.

Regjeringa vil derfor gi studentane betre kjøpekraft ved å auke utdanningsstøtta slik at ho framleis tillèt ein rimeleg kombinasjon av studium på heiltid og noko arbeid ved sida av studia. Kor mykje studenten arbeider, vil avhenge av kva den einskilde har kapasitet til ved sida av studia. Kjeldene til livsopphald for heiltidsstudenten vil derfor kunne vere ein kombinasjon av utdanningsstøtte og arbeidsinntekt.

Aldersfordeling, kjønn og geografi

Fleirtalet av støttemottakarane i høgre utdanning er i aldersgruppa 20–24 år. Kvinnene er i fleirtal blant støttemottakarane, og delen kvinner aukar med stigande alder. Det er òg eit fleirtal av kvinner blant studentane i høgre utdanning generelt. Elevar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) har rett til utstyrstipend. I 2013–14 nytta 92 pst. av dei som har rett til det, denne ordninga.

Delen støttemottakarar i Lånekassen som er 25 år og eldre og som tek høgre utdanning, var i 2013–14 om lag 30 pst. Delen studentar i høgre utdanning som var 26 år og eldre i 2013, var derimot om lag 40 pst. ifølgje SSB. Relativt få vaksne tek opp lån for å skaffe seg ei grunnskoleopplæring eller ei vidaregåande opplæring.

Noreg er eit land med spreidd busetjing. For at det skal vere tilgang til vidaregåande opplæring uavhengig av bustad og avstand til skole eller læreplass, har utdanningsstøtteordninga eit bustipend for elevar som må flytte frå foreldreheimen for å gå på skole. Reisestipend blir gitt både til elevar i den vidaregåande opplæringa og til studentar. Dei skal ha moglegheit til å velje utdanning langt frå heimstaden, men likevel kunne reise heim under utdanninga.

Mål: Kompetanse som trengst i dag og i framtida

Kompetanse som trengst i dag og i framtida er eitt av måla for Kunnskapsdepartementet for 2015, jf. figur 1.2 Målbilete for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2015 i del I. Utdanningsstøtteordninga skal bidra til at samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse. Slik bidrar støtteordninga til at målet kan bli nådd.

Tilstandsvurdering

Ifølgje SSB har nesten kvar tredje person i aldersgruppa over 16 år no utdanning på universitets- og høgskolenivå. Brorparten av desse har motteke støtte frå Lånekassen under utdanninga. I tillegg

til dei delane i støtteordninga som blir nytta av alle, finst enkelte element som skal stimulere studentane til å ta visse utdanningar.

Ordninga med ettergiving av lån for visse lærarutdanningar skal bidra til å auke rekrutteringa av studentar til visse fag og emne med spesiell etterspurnad. Vidare finst det reglar i utdanningsstøtteordninga som skal hjelpe til med å sikre spesiell kompetanse på særskilde stader, for eksempel ordninga med delvis sletting av utdanningslån for låntakarar som er busette i og utøver eit yrke i Finnmark og enkelte kommunar i Nord-Troms (Finnmarksordninga). Det finst òg element i utdanningsstøtteordninga som skal medverke til raskare gjennomstrøyming av studentar på lærestadene, for eksempel ordninga med omgjering av lån til stipend (konverteringsordninga). Dette skal freiste å gi samfunnet kompetansen så raskt som mogleg.

I internasjonal målestokk har Noreg svært gode økonomiske ordningar for studentar som vel å ta utdanning i utlandet. Det finst eigne stipend og låneordningar både til delvis dekning av utgifter til skolepengar og til reiser. Arbeidsmarknaden er i endring, og internasjonal kompetanse er etterspurd. Det har derfor stor verdi at norske studentar vel å ta delar av utdanninga eller heile utdanninga i utlandet. Dei som vel å ta heile utdanninga si i utlandet, og som må betale skolepengar, får ei høgre gjeld enn om dei hadde teke den same utdanninga i Noreg. Ifølgje NIFU-studien frå 2008 *Studiemobilitet og arbeidsmarkedstilpassning: nordisk kandidatundersøkelse 2007 – landrapport fra Norge* har dei likevel høgre lønn enn andre grupper etter endt utdanning, og dei vender i stor grad tilbake til Noreg for å søkje arbeid.

Det har aldri tidlegare vore så mange norske studentar i utlandet som i undervisningsåret 2013–14. Da valde heile 24 230 studentar å ta anten heile eller delar av graden sin i utlandet. Det er ein relativt stabil del av støttemottakarane som mottek støtte til høgre utdanning i utlandet. I undervisningsåret 2012–13 var det 13,8 pst. av støttemottakarar totalt som mottok støtte til høgre utdanning i utlandet, medan den tilsvarande delen var 13,3 pst. i undervisningsåret 2013–14.

Strategiar og tiltak

Regjeringa held fram med arbeidet med å betre levekåra for studentane. Basisstøtta dannar fundamentet i utdanningsstøtteordninga for høgre utdanning og andre utdanningar som er omfatta av same regelverk. Ho kjem alle studentar til gode, og nivået på denne støtta har særleg mykje å seie for vilkåra til dei som satsar på heiltids-

studium. Derfor er auke i basisstøtta ut over prisveksten ei sentral prioritering på kunnskapsområdet i Sundvolden-erklæringa – ei prioritering som allereie vart følgt opp i budsjettet for 2014 med omsyn til undervisningsåret 2014–15. Regjeringa held fram med å auke kjøpekrafta til studentane, og foreslår derfor å styrkje basisstøtta med 3,1 pst. i undervisningsåret 2015–16, noko som svarer til ein auke på eitt prosentpoeng ut over venta prisvekst per august 2014.

Betre tilhøve for utdanning i utlandet

I Sundvolden-erklæringa har regjeringa prioritert å innføre ein generell rett til støtte for studentar som ønskjer å ta første året av bachelorutdanninga i USA (freshman-året) eller i ikkje-vestlege land, sjølv om dette året ikkje er på nivå med norsk høgre utdanning. Dette tiltaket ønskjer regjeringa å gjennomføre frå undervisningsåret 2015–16. I dag blir det for USA og ikkje-vestlege land berre gitt støtte til slik utdanning dersom lærestaden til studenten figurerer i ein av tre internasjonalt anerkjende rangeringslister over kvalitetsinstitusjonar. Hovudårsaka til at regjeringa ikkje lenger vil kople støtteretten til desse listene, er at listene i for liten mon er eigna til å måle kvaliteten på dei einskilde bachelorstudia som blir tilbydde verden over. Dessutan inneber koplinga mellom listene og støtteretten ei vesentleg innskrenking av det reelle høvet til å studere i ei rekkje land som Noreg har stor grunn til å rette merksemd mot i mellom anna nærings- og forskingspolitisk samanheng. Dette gjeld til dømes dei såkalla BRIK-landa (Brasil, Russland, India og Kina). USA er ein av Noregs viktigaste handelspartnerar og det viktigaste enkeltlandet for norsk internasjonalt forskingssamarbeid. Innføring av ein generell rett til støtte til freshman-året vil med stort sannsyn føre til fleire norske studentar i USA, noko som vil vere positivt med tanke på vidareutvikling av det gode handels- og forskingssamarbeidet mellom landa. Regjeringa har tillit til at den einskilde studenten sjølv klarer å gjere gode vurderingar kring kvaliteten på dei utlandsstudia som er aktuelle for han eller henne.

Som eit ledd i arbeidet med å leggje tilhøva godt til rette for utlandsstudium ønskjer regjeringa at staten skal bere risikoen som er knytt til valutasvingingar i samband med utbetaling av støtte til skolepengar i land utanfor Norden. Denne skolepengestøtta blir gitt både som stipend og lån, og det finst allereie ei ordning for å valutajustere stipenddelen av støtta dersom den norske krona har svekt seg mot aktuell utlandsk valuta

frå tidspunktet da stipenddelen blir berekna, og fram til tidspunktet da han blir betalt ut. Regjeringa foreslår nå at valutajusteringsordninga også skal omfatte lånedelen av skolepengestøtta. Samstundes inneber forslaget at valutajustering vil bli gjort anten kursen har gått opp eller ned i den tida som går frå det blir gjort vedtak om støtte og fram til støtta blir betalt ut.

Betre sjukestipend for studentar med sjukepengar

Kunnskapsdepartementet foreslår å betre sjukestipendordninga ved å inkludere dei som får sjukepengar frå folketrygda, i ordninga. I dag står dei som tek imot sjukepengar, utan rett til sjukestipend, same kor lite sjukepengebeløpet er. Departementet meiner at dette er ein for rigid regel, som svekkjer sjukestipendordninga som veremiddel for å oppfylle målet om lik rett til utdanning uavhengig av funksjonsevne. Tal frå den siste Levekårsundersøkinga tyder på at meir enn halvparten av studentane i dag har rett til sjukepengar frå folketrygda. Ein stor del av desse har likevel så låg arbeidsinntekt at dei ved sjukdom vil få eit beløp frå folketrygda som ligg langt under det ein student utan sjukepengerett vil få som sjukestipend. Forslaget frå departementet inneber at studentar som arbeider noko ved sida av studia, blir sikra det same økonomiske vernet ved sjukdom som studentar utan sjukepengerett har.

Betre målretting av støtteordningane

Regjeringa legg svært stor vekt på at offentlege midlar blir nytta på ein effektiv, målretta og tillitvekkjande måte. Grunnstipendet har til formål å gi ungdom frå familiar med særleg svak økonomi dei same sjansane som andre til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Det er ein risiko for at trong familieøkonomi kan bli ei tilskunding for ungdom til å gå ut i ufaglært arbeid framfor å ta vidaregåande opplæring. Grunnstipendet er meint å skulle redusere denne risikoen. Det er viktig for regjeringa at stipendordninga er innretta slik at ho så langt som mogleg berre kjem den reelle målgruppa til gode. Når nærmare 40 pst. av elevane med ungdomsrett til vidaregåande opplæring har fått dette stipendet i dei siste par åra, ser regjeringa det som eit klart teikn på at ordninga har ei feil innretning og såleis fører med seg ein lite målretta bruk av pengar. Ein så stor del av elevane kan knapt seiast å tilhøyre familiar med særleg svak økonomi. Departementet sette i verk ei gjennomgang av heile ordninga våren 2013 med sikte på å gi henne ei ny innretning som i langt større

grad kanaliserer stipendet til den verkelege målgruppa. Med dei forslaga som regjeringa no legg fram, er det berekna at om lag tolv pst. av elevane i vidaregåande opplæring vil kvalifisere for grunnstipend. Dei fleste av desse vil få eit høgre stipend under den nye ordninga.

Det finst i dag ei behovsprøvd låneordning for elevar i vidaregåande opplæring. Ordninga er i hovudsak laga for den same målgruppa som grunnstipendet. Regjeringa meiner at det er uheldige sider ved å gi elevar under myndigalderen frå familiar med svak økonomi høve til å setje seg i gjeld i samband med vidaregåande opplæring. Regjeringa foreslår derfor å avvikle den behovsprøvde ordninga og erstatte ho med ei ikkje-behovsprøvd låneordning for elevar som har nådd myndigalderen, og som bur utanfor foreldreheimen.

Regjeringa foreslår også å endre bustipendordninga i vidaregåande opplæring, slik at ho blir ei behovsprøvd ordning. I dag blir bustipendet gitt med same sats til alle elevar og lærlingar som har ungdomsrett til vidaregåande opplæring, og som bur utanfor foreldreheimen, dersom visse vilkår om avstand mellom foreldreheim og skole er fylte. Verken foreldreøkonomien eller inntekta til stipendmottakaren har noko å seie for utmålinga av stipendet. Regjeringa meiner at foreldre med god økonomi i større grad enn i dag bør kunne dekkje dei ekstra kostnadene ein elev har ved å bu borte, og ønskjer derfor å innføre reglar som inneber redusert bustipend for elevar som kjem frå slik økonomisk bakgrunn. For lærlingar vil bustipendet etter forslaget òg bli behovsprøvt mot lærlinglønn.

For å redusere risikoen for misbruk av ordninga som gir bortebuande studentar rett til å få omgjort delar av utdanningslånet til stipend, vil departementet forsterke kontrollen av dei opplysningane som søkjarane gir om kvar dei bur. Lånekassen har sidan 2008 gjennomført tre kontrollar av bustatusen til stipendmottakarar som i søknaden opplyste at dei budde utanfor foreldreheimen. Kontrollane har vist at drygt fire pst. av dei kontrollerte i røynda budde saman med foreldra og dermed ikkje hadde rett til det stipendet som dei opphavleg vart tildelte. Dette gir igjen grunnlag for å tru at det kvart år blir tildelt over 70 mill. kroner i utdanningsstipend til studentar som ikkje har rett til stipendet. Regjeringa meiner dette er så vidt alvorleg at det er behov for utvida kontroll på området. Kontrollane har til no skjedd ved stikkprøver, der berre ein beskjeden del av stipendmottakarane har vorte kontrollerte. Departementet foreslår at kontrollen heretter skal gjelde dei sti-

pendmottakarane som, ut frå objektive kriterium knytt til alder og avstand mellom lærestad og folkerregistrert adresse, har hatt eit realistisk høve til å skaffe seg stipendet på urettmessig vis. Kontrollen skal etter forslaget gjennomførast kvart år.

Det er essensielt for regjeringa at dei ulike enkeltelementa i utdanningsstøttesystemet kvar for seg og saman effektivt medverkar til å nå dei høge måla regjeringa har på det kunnskapspolitiske området. Kunnskapsdepartementet er derfor i gang med å sjå nærmare på fleire av støtteordningane for å få meir inngåande kunnskap om kor godt dei verkar i så måte. Regjeringa vil etter denne gjennomgangen eventuelt komme tilbake med forslag til endringar som kan gjere støtteordningane enda meir treffsikre og verknadsfulle.

Støtteordninga for studentar frå utviklingsland, land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og i Sentral-Asia (kvoteordninga) bidrar til internasjonalisering av utdanning og forskning både i mottakarlanda og i Noreg. Kvoteordninga gjeld 1 100 studieplassar per år, vesentleg på mastergrads- og ph.d.-nivå. Av desse er 800 for studentar frå utviklingsland, og 300 for studentar frå land på Vest-Balkan, i Aust-Europa og i Sentral-Asia.

Målsetjinga er å medverke til kompetansebygging i mottakarlanda. Gjennom studentmobilitet til norske universitet og høgskolar skal ordninga auke kompetansen til studentane, og samtidig knytte institusjonar og næringsliv i mottakarlanda til det globale kunnskapssamfunnet. Ordninga skal samtidig bidra til å styrkje det internasjonale samarbeidet til norske høgre utdanningsinstitusjonar. Institusjonssamarbeidet under kvoteordninga skal skje i samband med anna internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid.

Analyseselskapet DAMVAD har evaluert kvoteordninga i ein rapport som vart levert til oppdragsgivarane Kunnskapsdepartementet og Norad i april 2014. Hovudfunna i evalueringa er at ordninga i stor grad når dei bilstandspolitiske målsetjingane sine, medan dei kunnskapspolitiske målsetjingane berre i liten grad blir nådde.

Det er viktig å sikre at dei omfattande midlane som ligg i kvoteordninga står opp under dei ambisiøse måla regjeringa har på både kunnskaps- og bilstandsområdet. Ei sentral problemstilling i oppfølginga av evalueringa blir derfor om og korleis midlane i kvoteordninga kan bli nytta meir strategisk for å stå opp om dei strategiane for internasjonalisering som universitet og høgskolar har. For å få innspel frå blant anna universiteta og høgskolane, vart evalueringsrapporten send til høyring i juli 2014.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	319 099	334 991	367 982
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overført</i>	121 272	85 220	16 994
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	5 454 768	5 424 320	5 838 165
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 043 741	3 140 390	2 739 832
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	885 309	745 268	796 858
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	917 835	961 380	894 282
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	491 944	488 349	508 050
74	Tap på utlån	288 964	259 000	304 700
76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	9 034	8 860	9 570
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	21 404 600	21 797 935	23 583 114
	Sum kap. 2410	32 936 566	33 245 713	35 059 547

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, kan overført

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånekassen. Løyvinga på post 45 gjeld midlar til fornyingsarbeidet i Lånekassen.

Mål for 2015

Utdanningsstøtta skal medverke til like moglegheiter til utdanning, til å dekkje kompetansebehov i samfunnet, og til at utdanninga skjer under tilfredsstillande arbeidsforhold, jf. utdanningsstøttelova § 1. Kunnskapsdepartementet fastset reglane for utdanningsstøtteordningane, men det er Lånekassen som forvaltar dei. Lånekassen er dermed ein sentral institusjon for å nå viktige mål i norsk utdanningspolitikk. For å oppfylle formålet i utdanningsstøttelova har Kunnskapsdepartementet formulert følgjande mål for Lånekassen:

- Lånekassen skal tilby kundane brukarvennlege, raske og korrekte tenester.
- Lånekassen skal medverke til å utvikle utdanningsstøtteordningane.
- Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane effektivt og sikkert.

Rapport for 2013

Lånekassen nådde dei måla departementet hadde sett for sakshandsaminga og for kontakten med kundar og andre for 2013. Det einaste resultatkravet som ikkje vart nådd, var svartid for elektronisk post. Målet for gjennomsnittleg svartid var sju dagar, medan resultatet vart sju og ein halv dag. 97 pst. av dei som ringde til Lånekassen i 2013, fekk svar. Gjennomsnittleg tid for sakshandsaming vart ni dagar for søknader om utdanningsstøtte, og fem dagar for søknader om betalingsutsetjing.

Lånekassen kan òg vise til gode resultat knytte til effektiv sakshandsaming og til digitalisering av sakshandsaminga. Lånekassen hentar mange opplysningar frå andre etatar, som Nav, Skatteetaten og lærestader. I 2013 innførte Lånekassen ei ny løysing for elektronisk signering av gjeldsbrev med BankID. 84 pst. av alle avtalar om utdanningsstøtte vart elektronisk signerte av studentar i høgre og anna utdanning hausten 2013, mot seks pst. for hausten 2012.

Gjennom fornyingsprogrammet LØFT skal Lånekassen byte ut alle IKT-systema sine, og tilpasse organisering og arbeidsformer til nye oppgaver og behov, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008). Kostnadsramma for IKT-fornyninga vart fastsett til 745 mill. kroner i 2008, og er halden uendra med unntak av prisjustering og kompensasjon for pålagde oppgå-

ver. Den største hovudleveransen i IKT-fornyinga vart sett i produksjon våren 2013, medan den siste store hovudleveransen vart sett i produksjon våren 2014, begge med gode resultat. Måla som gjeld for IKT-fornyinga i 2013, vart nådde. Programmetts overordna mål om monalege betringar innanfor informasjon, tilgjenge, fleksibilitet, effektivitet og sikkerheit er i stor grad nådde allereie.

Ved fleire tilhøve har funksjonalitet som er viktig, men ikkje kritisk, vorte teken ut av programmet. Dette er gjort for å sikre mot budsjettoverskridingar. Det står nå att så lite av IKT-fornyinga at delar av denne funksjonaliteten kan takast inn igjen, utan å auke risikoen for overskridingar. Styringsdokumentet for fornyingsprogrammet vart derfor revidert på ny våren 2014 for å innarbeide ein ny leveranse beståande av viktig funksjonalitet som tidlegare har vorte teken ut av programmet. Dette medfører at sluttidspunktet er forskyvt frå juni 2014 til starten av 2015, medan styringsramma er auka med 23,7 mill. kroner.

Budsjettforslag for 2015

Lånekassen har i dei siste åra redusert midlane til drift, vedlikehald og vidareutvikling av IKT-systema sine monaleg. Dette er gjort for å frigjere midlar til eigenfinansiering av fornyingsprogrammet LØFT, og fordi det ikkje har vore naudsynt med større investeringar i det IKT-systemet som er under utfasing. Når det nye IKT-systemet er ferdig, er det naudsynt å auke midlane til drift og vidareutvikling igjen for å sikre at ein framleis har god kundeservice og effektiv sakshandsaming. Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 2410 post 01 med 9 mill. kroner.

For å sikre at Noreg held sine forplikningar etter EØS-avtalen, er det naudsynt å utvide tilgangen til utdanningsstøtte for enkelte statsborgarar frå EØS-land. Sjå nærmare omtale av endringane under kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617. Endringane vil krevje utvikling av Lånekassens IKT-system, samt gi større behov for manuell sakshandsaming og kontroll. For å dekkje kostnadene foreslår departementet å styrkje løyvinga på kap. 2410 post 01 med 1,9 mill. kroner i 2015.

Kunnskapsdepartementet foreslår enkelte endringar i utdanningsstøtteordningane som gir kostnader på driftsbudsjettet til Lånekassen. Sjå nærmare omtale av forslaga under kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617. Forslaget om å utvide ordninga med valutajustering av skolepengar gir 2,8 mill. kroner i utgifter til IKT-utvik-

ling. Å styrkje kontrollen med opplysningar som studentar gir om bustaden sin, vil auke behovet for sakshandsaming og kontroll til ein årleg kostnad av 8,5 mill. kroner. Behovsprøving av bostipendet mot lærlinginntekt vil gi auka utgifter til IKT-utvikling med meir på 330 000 kroner. For å kunne innføre dei foreslåtte endringane i grunnstipendet må Lånekassen utvikle løysinga for utveksling av data med Skatteetaten. Dette vil koste 1,2 mill. kroner. Departementet foreslår å styrkje kap. 2410 post 01 med 12,8 mill. kroner for å dekkje desse kostnadene.

Utgiftene Lånekassen har til eID på høgt tryggleiksnivå er dekte gjennom rammeoverføring til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). For å dekkje Lånekassen sitt forventa forbruk i 2015, foreslår departementet å auke overføringa frå kap. 2410 post 01 til kap. 540 Direktoratet for forvaltning og IKT post 22 Betaling av elektronisk ID og digital post til private leverandører med 495 000 kroner, jf. Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for ordinære statlege forvaltningsorgan er løyvingforslaget redusert med 83 000 kroner, jf. omtale under Hovudprioriteringar i del I.

Løyvingforslaget er redusert med 1,7 mill. kroner som tiltak for avbyråkratisering og effektivisering, jf. omtale under del I, Hovudprioriteringar.

Kunnskapsdepartementet vil disponere om lag 1,5 mill. kroner av løyvinga på kap. 2410 post 01.

Departementet foreslår at løyvinga over post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 5310 post 03, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kunnskapsdepartementet foreslår ei løyving på 17 mill. kroner på kap. 2410 post 45, i tråd med gjeldande finansieringsplan for LØFT-programmet.

Kap. 2410 postane 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvinga på desse postane utgjer støttebudsjettet til Lånekassen. Endringar i Lånekassens støtteordningar har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla. I tillegg blir dei enkelte postane omtalte kvar for seg lenge nede i teksten.

Mål for 2015

Sjå meir om måla for utdanningsstøtteordninga for 2015 under omtalen av programkategorien.

Rapport for 2013

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen hadde per 31. desember 2013 om lag 982 000 kundar. Av desse er om lag 598 700 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2013–14 var det om lag 500 800 elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring og studentar i høgre utdanning (inkludert norske studentar i utlandet). Om lag 395 900 personar mottok støtte frå Lånekassen.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2013–14 på 24,2 mrd. kro-

ner. Av dette vart 3,9 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå tabell 4.21 for fordeling på dei ulike stipendformene. 20,3 mrd. kroner vart i undervisningsåret 2013–14 betalte ut som lån.

I kalenderåret 2013 vart om lag 3,9 mrd. kroner betalte ut som stipend. I tillegg vart om lag 5,5 mrd. kroner konverterte frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2013 vart dermed på om lag 9,4 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i tala på kundar i Lånekassen og hovudtal både for dei kundane som får støtte, og for dei som er i ein tilbakebetalingsfase.

Tabell 4.19 Hovudtal for tildeling til vidaregåande opplæring

	2010–11	2011–12	2012–13	2013–14
Tal på elevar i vidaregåande opplæring ¹	228 223	232 291	235 820	236 629
Tal på elevar med ungdomsrett ²	201 012	206 270	208 959	210 522
Tal på støttemottakarar med ungdomsrett	168 440	172 452	177 636	173 779
Sum stipend (i mill. kroner)	2 443	2 488	2 579	2 606
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	14 530	14 456	14 556	15 039
Sum lån (i mill. kroner)	153	158	173	182
Gjennomsnittslån (i kroner)	15 820	15 929	16 837	14 260

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, uavhengig av alder, rett til opplæring, osv.

² Talet gjeld elevar og lærlingar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring.

Tabell 4.20 Hovudtal for tildeling til høgre utdanning m.m.

	2010–11	2011–12	2012–13	2013–14
Tal på studentar i høgre utdanning ¹	232 912	244 922	255 528	264 259
Tal på støttemottakarar i høgre utdanning	164 620	170 861	176 729	182 777
Tal på andre støttemottakarar ²	36 484	37 357	38 280	39 354
Sum lån inkl. konverteringsstipend (i mill. kroner)	16 956	18 026	19 076	20 167
Gjennomsnittslån (i kroner)	84 969	87 190	89 422	91 471
Utbetalt konverteringsstipend ³ (i mill. kroner)	4613,8	4571,7	1 757,3*	0*
Sum andre stipend (i mill. kroner)	943	1 105	1 200	1 287

¹ Tal på studentar i høgre utdanning frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og Lånekassens tal på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskolar, folkehøgskolar, bibelskolar, korte yrkesretta utdanningar samt elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Utbetalt stipend etter kontroll av inntekt og formue mot skattelikninga. Status per 31.12.2013. * Frå 2013 vil omgjerking frå lån til stipend skje samtidig med kontroll av inntekt og formue mot skattelikninga. Likningskontroll for 2013 blir gjennomført hausten 2014. Det er derfor ikkje utbetalt konverteringsstipend for 2013 og 2014.

Tabell 4.21 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2012–13	2013–14	2012–13	2013–14
Grunnstipend	70 734	69 584	1 127	1 144
Bustipend	30 691	28 842	1 109	1 062
Utstyrsstipend	170 533	167 083	219	218
Flyktningsstipend	1 804	2 773	108	192
Stipend til skolepengar	14 883	15 368	403	426
Tilleggsstipend til skolepengar i utlandet	1 385	1 414	41	46
Stipend til skolepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skolar	690	804	44	51
Språkstipend	533	462	9	8
Reisestipend, Noreg og Norden	58 461	60 439	71	72
Reisestipend, utanfor Norden	23 043	24 024	131	139
Sjukestipend ¹	750	745	19	20
Foreldrestipend ¹	2 938	2 598	177	162
Forsørgjarstipend	17 664	18 248	280	293
Startstipend til kvotestudentar	468	476	9	9
Stipend til søkjarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming	1 332	1 895	38	57
Totalt	395 909	404 786	3 785	3 899

¹ Omgjering av lån til stipend ved sjukdom og fødsel skjer i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2012–13 vart det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 38 mill. kroner, og ved fødsel 214 mill. kroner.

Tabell 4.22 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	2010	2011	2012	2013
Tal på tilbakebetalande låntakarar	547 617	560 699	577 258	598 744
Renteberande lån (i mill. kroner)	79 856	84 349	89 331	95 937
Betalte renter (i mill. kroner)	2 617	2 797	2 645	2 501
Avdrag (i mill. kroner)	5 501	5 629	5 656	6 004
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	420	278	600 ¹	473
Rentestøtte (i mill. kroner)	810	974	877	918
Uteståande lån (i mill. kroner)	109 982	116 736	124 032	135 788
Uteståande renter (i mill. kroner)	2 396	2 329	2 113	2 041

I undervisningsåret 2013–14 vart det innført fleire tiltak for å betre høva for fleire ulike grupper elevar og studentar.

For å halde oppe kjøpekrafta til studentane vart alle satsane i utdanningsstøtteordningane auka med to pst.

Ordninga med støtte til førsteåret i bachelorgraden ved utvalde lærestader av høg kvalitet i BRIK-landa vart utvida til å gjelde alle ikkje-vestlege land. Dette skulle stimulere til å ta høgare utdanning i desse landa. Per mai 2014 har elleve studentar fått støtte til å ta det første året i bachelorutdanninga i desse landa. Det er ein monaleg auke frå 2012–13, da berre éin student nytta seg av ordninga. To av dei elleve studentane valde Japan, to Kina, tre Sør-Korea, to Russland, ein Mexico og ein student Thailand som studieland. Dei fleste landsdelar av Noreg har éin eller fleire studentar i desse landa.

Ordninga med omgjering frå lån til stipend (konverteringsordninga) vart forenkla ved at omgjering og behovsprøving mot inntekt og formue mot skattelikninga blir gjorde i ein og same prosess, i staden for i to separate prosessar. Fordi likningskontrollen for 2013 er vorten forskyvt til hausten 2014 etter at budsjettet for 2015 er lagt fram, vil departementet rapportere i budsjettproposisjonen for 2016 om denne forenklinga har gitt høgare kvalitet i vedtaka om omgjering, og dermed også færre klager og omgjorde vedtak.

To mindre endringar vart gjorde i regelverket for å sikre studentar med barn føreseielege reglar. Den første er at søkjarar som føder før terminatoen, fekk ein generell rett til foreldrestipend dersom dei ved fødsel på terminatoen hadde hatt rett til dette stipendet. Den andre er ei utviding av fristreglane for innsending av opplysningar om fødsel som kan bety at søkjaren har rett til forsørgjarstipend til etter 15. mars, og den generelle søknadsfristen for søknad om støtte for våren for søkjarar som får barn etter 1. mars. Lånekassen anslår at om lag 40 fleire studentar med barn har fått rett til meir støtte eller støtte i det heile teke som følgje av desse forbetringane. For 2012–13 fekk 3 918 studentar tildelt foreldrestipend, og 17 664 studentar fekk forsørgjarstipend.

Frå 2013 vart det mogleg å kombinere statsstipend frå anten Kina eller Russland med norsk utdanningsstøtte. Per 31. desember 2013 har tre studentar fått støtte frå Lånekassen samtidig med at dei har motteke statsstipend frå Kina. Ingen studentar har til nå nytta seg av denne moglegheita når det gjeld Russland.

Samanhangen mellom inntektsnivå for forsørgjarane og yting frå Lånekassen vart meir systematisk for enkelte inntektsintervall i ordninga med grunnstipend og lån til elevar i vidaregåande opplæring. Lånekassen har ikkje fått særskilde spørsmål om denne justeringa verken frå elevar eller forsørgjarane deira.

To mindre justeringar av regelverket vart gjorde når det gjeld støtte til utdanning i land utanfor Norden. Eitt av unntaka frå kravet om to års butid vart forenkla ved at sentrale omgrep vart definerte. Forenklinga innebar endringar i unntaket for søkjarar som er busette i utlandet fordi søkjaren sjølv, ein av foreldra eller ektefellen er i teneste for norsk næringsliv i utlandet. Avgrensinga «norsk næringsliv» medførte mange vanskelege saker. Ved at «norsk næringsliv» vart definert som «eit norskregistrert føretak med generell skatteplikt til Noreg», og at arbeidsforholdet i utlandet vart definert til å vere avgrensa i tid, skulle desse sakene bli lettare å handsame for Lånekassen. I tillegg vart det opna for at elevar i vidaregåande opplæring som følgjer med foreldre eller ektefelle som tek utdanning i utlandet i ein periode, skulle få støtte. Lånekassen anslår at to til tre personar har fått støtte som følgje av desse endringane per 31. desember 2013.

Fristane for å få brukt overskott av studiepeng til omgjering av lån til stipend både fram og tilbake i tid (innhenting av forseinking) vart redusert frå åtte til fire år. Lånekassen har ikkje registrert klagesaker om denne endringa.

Tidspunktet for oppstart av oppteningstida for ordninga med avskrivning av utdanningslånet for låntakarar som arbeider og bur i Finnmark (og enkelte utvalde kommunar i andre fylke), vart endra frå første månadsskifte etter at låntakaren har starta i arbeidsforholdet, til faktisk dato for oppstart i jobben. Nokre få saker er handsama per mai 2014 der faktisk oppstartsdato er nytta.

To endringar i behovsprøvinga av utdanningsstipendet vart gjorde i 2012, men er først nå moglege å rapportere om på grunn av at sjølv behovsprøvinga vart gjort hausten 2013 mot skattelikninga. Dette gjeld behovsprøvinga av utdanningsstipend mot kapitalinntekter, med unntak av renteinntekter frå bustadsparing for ungdom (BSU), dessutan hevinga av innslagspunktet for behovsprøving mot formue. Behovsprøving mot kapitalinntekter har ført til at om lag 5 mill. kroner i utdanningsstipend har vorte gjorde om til lån. 33 105 studentar hadde person- og kapitalinntekt over grensa, medan 587 personar berre hadde kapitalinntekt over grensa. Hevinga av innslagspunktet for formue har ført til at om lag 10 mill. kroner meir har vorte tildelte i utdanningsstipend.

Det vart hausten 2011 innført ei tidsbegrensa ordning med gradert sjukestipend for studentar som er minst 50 pst. sjukemelde. Ordninga vart ført vidare mellombels ut 2013. Tal frå Lånekassen viser at nokre færre har fått sjukestipend per

mai 2014 (både gradert og fullt sjukestipend) i 2013–14 samanlikna med same tid i 2012–13.

Budsjettforslag for 2015

Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte, som skal gjelde for undervisningsåret 2015–16, og forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettar, som skal gjelde for kalenderåret 2015, blir sende ut til alminneleg høyring medio oktober 2014. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget. Departementet foreslår at alle støttesatsar i Lånekassen blir justerte med 2,2 pst. for undervisningsåret 2015–16.

Nokre av forslaga i det følgjande vil medføre behov for å styrkje driftsbudsjettet til Lånekassen. Sjå under kap. 2410 post 01 og post 45 for nærmare omtale av endringane.

Basisstøtta, som blir gitt til studentar i høgre utdanning og andre som er omfatta av same regelverk, mellom anna fagskolestudentar og elevar i folkehøgskole, er i undervisningsåret 2014–15 på 9 785 kroner per måned. Regjeringa foreslår å auke basisstøtta til 10 092 kroner per måned i undervisningsåret 2015–16, noko som svarer til ein vekst på 3,1 pst. i høve til undervisningsåret 2014–15. Forslaget inneber at løyvingsbehovet aukar med 30,1 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Regjeringa foreslår å innføre ein generell rett til støtte for studentar som ønskjer å ta første året av bachelorutdanninga i USA (freshman-året) eller i ikkje-vestlege land, sjølv om dette året ikkje er på nivå med norsk høgre utdanning. I dag blir det berre gitt støtte til slik utdanning dersom lærestaden til studenten figurerer i ein av tre internasjonalt anerkjende rangeringslister over kvalitetsinstitusjonar. Forslaget om å fjerne dette vilkåret vil venteleg føre til ein viss auke i talet på studentar. Regjeringa reknar med at dette særleg vil gjelde for USA. Forslaget inneber behov for å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Ein del utanlandsstudentar opplever i dag økonomisk utryggleik fordi kursen på den lokale valutaen i landet der dei skal ta utdanninga, styrkjer seg mot den norske krona i perioden frå studenten får vedtak om støtte frå Lånekassen til støtta blir betalt ut. Støtta blir betalt ut i norske kroner, og når den norske krona svekkjer seg mot lokal valuta, vil ein del studentar erfare at støtta som blir betalt ut, svarer til eit lågare beløp i lokal valuta enn det dei rekna med da dei fekk vedtak om støtte. For å redusere den risikoen som valutasingingar utgjer for utanlandsstudentane, foreslår departementet at heile skolepengestøtta som

blir gitt til desse studentane, skal valutajusterast frå undervisningsåret 2015–16. I dag er det berre stipenddelen av denne støtta og dessutan tilleggsstipendet som blir valutajustert. Valutajustering skal etter forslaget gjerast når den norske krona har svekt eller styrkt seg med meir enn ein pst. mot aktuell utanlandsk valuta frå tidspunktet da det vart gjort vedtak om støtte, til tidspunktet for utbetaling av støtta. Ved å inkludere lånedelen av støtta i valutajusteringsordninga aukar ein løyvingsbehovet med 173 000 kroner. I tillegg kjem auka utlån.

For å styrkje internasjonaliseringa i vidaregåande opplæring foreslår departementet å gi rett til utdanningsstøtte for to nye elevgrupper frå Akershus fylke som tek slik opplæring i utlandet gjennom samarbeid mellom ein norsk og ein utanlandsk vidaregåande skole. Dette gjeld ei elevgruppe frå Rud vidaregåande skole i samarbeid med York College i Storbritannia, og ei elevgruppe frå Sørumsand vidaregåande skole i samarbeid med Lincoln College i Storbritannia. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner som følgje av forslaget.

Vidaregåande opplæring er gratis i Noreg, og utgifter til dekning av levekostnader under vidaregåande opplæring er eit forsørgjaransvar. For å motverke at ein særleg svak familieøkonomi blir ei årsak til å velje bort vidaregåande opplæring, finst det likevel ei behovsprøvd grunnstipendordning for elevar i vidaregåande opplæring. Stipendet er meint å skulle gå til dei elevane som kjem frå familiar med særleg svak økonomi.

Departementet har over tid observert at stadig fleire elevar blir innvilga grunnstipend. I undervisningsåret 2013–14 stod nærmare 40 pst. av elevane i vidaregåande opplæring som mottakarar av stipendet. Ordninga, slik ho er utforma i dag, treff altfor vidt. Departementet foreslår derfor å gjere fleire endringar i behovsprøvingvilkåra, som tek sikte på å målrette stipendet betre mot dei som støtta eigentleg er meint for.

Tre faktorar som har mykje å seie for resultatet av behovsprøvinga av grunnstipendet, gjeld spørsmålet om kven som skal reknast som forsørgjarar av eleven, kva slags inntektsgrunnlag ein skal behovsprøve mot, og kva for inntektsgrenser som skal gjelde ved behovsprøvinga. Departementet foreslår å endre vilkåra på alle desse tre punkta.

Etter forslaget vil stipendet frå neste undervisningsår bli behovsprøvt mot inntekta til begge dei biologiske foreldra, uavhengig av om eleven bur saman med begge eller berre ein av dei. Grunngivinga for dette er at begge dei biologiske foreldra

har eit ansvar etter barnelova for å bidra til å forsørge eleven. Nåverande ordning, der stipendet blir behovsprøvt mot inntekta til den eller dei forsørgjarane som eleven bur hos, inneber i mange høve at behovsprøvinga berre blir gjort mot ei inntekt, sjølv om to personar i realiteten er med på å dekkje levekostnadene til eleven. Departementet foreslår vidare at i dei høva der foreldra ikkje bur saman, og ein eller begge foreldra har ny ektefelle eller sambuar, skal det leggjast eit sjablongtillegg til den inntekta som ein behovsprøver mot. Tillegget vil gi eit uttrykk for den økonomiske fordelten ved å dele hushald. Sidan dette inneber at sambuarar utan formelt forsørgjaransvar blir trekte inn i behovsprøvinga, vil det vere naudsynt å endre utdanningsstøttelova. Regjeringa tek derfor sikte på å leggje fram eit lovendringsforslag våren 2015. Den direkte behovsprøvinga mot økonomien til steforelder som eleven bur saman med vil bli avvikla

Når det gjeld spørsmålet om kva for inntektsgrunnlag ein skal behovsprøve mot, foreslår departementet å nytte personinntekt samt netto positive kapitalinntekter. Desse inntektstypene vil erstatte alminneleg inntekt og formue over eit visst nivå, som er det grunnlaget som blir nytta i dag. Departementet meiner at personinntekt og netto positive kapitalinntekter generelt vil gi eit betre uttrykk for kva evne forsørgjarane har til å dekkje levekostnadene til ein elev.

Departementet foreslår også å endre inntektsgrensene for grunnstipendet, og har ved utforminga av nye grenser teke utgangspunkt i dei inntektsgrensene som blir nytta i regelverket for bidragsforskott, ettersom denne ordninga er innretta mot ei samanliknbar målgruppe. Departementet foreslår vidare å redusere talet på inntekt-sintervall med tilhøyrande stipendsatsar frå 30 til tre, og å auke stipendsatsane. Til dømes vil den høgste satsen i den nye ordninga vere 3 020 kroner per måned medan han i dag er 2 054 kroner.

Det er berekna at om lag tolv pst. av elevane i vidaregåande opplæring vil kvalifisere for grunnstipend med dei nye reglane som blir foreslåtte. Ein monaleg del av desse vil få eit høgre grunnstipend med den nye ordninga.

Dei foreslåtte endringane i vilkåra som avgjer kven som har rett til grunnstipendet, er berekna til å gi ei innsparing på 355,7 mill. kroner i 2015. Samstundes inneber forslaget om å endre satsane for stipendet ein auka kostnad på 84,1 mill. kroner i same år. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 271,6 mill. kroner som følgje av forslaget.

Departementet foreslår også å innføre behovsprøving av bustipendet. Stipendet blir i dag gitt

med same sats til alle bortebuande elevar og lærlingar som har ungdomsrett til vidaregåande opplæring, dersom visse vilkår om avstand mellom foreldreheim og lærestad er fylte. Etter forslaget skal ein behovsprøve stipendet både mot forsørgjarinntekt og mot eventuell lærlinglønn. Behovsprøvinga mot forsørgjarinntekt vil bli gjort etter dei same vilkåra for utval av forsørgjarar og typar inntekt som er foreslåtte å gjelde for den nye grunnstipendordninga, men med den vesentlege skilnaden at ein ikkje vil operere med noka øvre grense for forsørgjarinntekt i bustipendordninga. Inntektsgrensene skal derfor vere høgre enn i grunnstipendordninga. Ingen som i dag har rett til stipendet, vil miste det som følgje av behovsprøvinga mot økonomien til forsørgjarane, men nokre vil få ein redusert stipendsats. Lågaste stipendsats vil vere 2 079 kroner per måned.

For lærlingar som tener meir enn om lag 14 000 kroner brutto i månaden, skal det etter forslaget frå departementet også gjerast eit frådrag i bustipendet. Forslaget om behovsprøving mot forsørgjarinntekt inneber at løyvingsbehovet blir redusert med 65 mill. kroner, medan forslaget om behovsprøving mot lærlinginntekt reduserer løyvingsbehovet med ytterlegare 20,7 mill. kroner.

Den eksisterande låneordninga i vidaregåande opplæring er ei behovsprøvd ordning som er innretta på tilsvarande måte som grunnstipendordninga. Ordninga inneber at mange ungdommar frå familiar med svak økonomi set seg i gjeld i samband med vidaregåande opplæring, noko departementet ser på som problematisk. Departementet ønskjer derfor å avvikle ordninga i si nåverande form. Det er likevel behov for å halde oppe eit lånetilbod for dei elevane som bur utanfor foreldreheimen, særleg sidan fleire av desse ikkje har rett til bustipend eller grunnstipend. Departementet foreslår derfor å etablere ei ikkje-behovsprøvd låneordning for slike elevar, men vil avgrense ordninga til å gjelde dei som har nådd myndigalderen og såleis ikkje tarv foreldresamtykkje til å stifte gjeld. Forslaget om å avvikle nåverande låneordning og å etablere ei ny ikkje-behovsprøvd låneordning inneber samla sett eit behov for å auke løyvinga med 700 000 kroner. I tillegg kjem auka utlån.

EØS-borgarar med status som arbeidstakarar i Noreg har etter EØS-avtalen rett til dei same sosiale goda som norske statsborgarar har. Retten gjeld også visse av familiemedlemmene til arbeidstakaren. Utdanningsstøtte er å rekne som eit sosialt gode. Kunnskapsdepartementet foreslår enkelte endringar i vilkåra for utdannings-

støtte for å sikre at Noreg etterlever forpliktingane etter EØS-avtalen.

Status som arbeidstakar er eit sentralt grunnlag for rettar i EØS-området. EØS-borgarar som er arbeidstakarar i Noreg medan dei studerer, har lik rett til utdanningsstøtte som norske statsborgarar. Departementet foreslår derfor å fjerne vilkåret om fagleg samanheng mellom arbeid og utdanning for EØS-arbeidstakarar som held fram med å arbeide under utdanninga.

Det blir i dag ikkje gitt utdanningsstøtte til EØS-borgarar som har komme til Noreg for å ta utdanning, sjølv om dei tek seg arbeid i eit omfang som er tilstrekkeleg til at dei er å rekne for EØS-arbeidstakarar. Departementet foreslår at rett til utdanningsstøtte som arbeidstakar skal oppstå så snart søkjaren fyller dei krava som er stilte til slik status, uavhengig av om det opphavlege formålet med å komme til Noreg var å studere. Forslaget følgjer av rettspraksisutviklinga i EU-domstolen med omsyn til kven som skal omfattast av arbeidstakaromgrepet.

Det blir i dag stilt vilkår om føregåande tilknytning til Noreg for støtte til utdanning i land utanfor Norden. Vilkåra skal sikre at formålet med støtteordninga om å skaffe det norske samfunnet og arbeidslivet tilgang på kompetent arbeidskraft blir oppnådd. Kunnskapsdepartementet foreslår å endre vilkåra slik at det blir gitt støtte til utdanning i land utanfor Norden ved samanhengande butid i Noreg i to år i løpet av dei siste fem åra før utdanninga startar, ved skolegang eller utdanning i Noreg i tre år, og ved familietilknytning til Noreg kombinert med norskkunnskapar. Det blir òg foreslått å gi støtte til EØS-grensearbeidstakarar som har arbeidd i Noreg i minst fem år og har norskkunnskapar, og til familiemedlemmer til EØS-grensearbeidstakarar i Noreg dersom grensearbeidstakaren har arbeidd i Noreg i minst fem år, familiemedlemmen har budd i eit anna nordisk land i denne perioden og har norskkunnskapar. I tillegg kan ein gi støtte etter ei skjønsmessig vurdering dersom den samla tilknytninga til Noreg svarer til tilknytninga gjennom dei nemnde vilkåra. Forslaga følgjer av rettspraksisutvikling i EU-domstolen knytt til vilkåra for utdanningsstøtte til utdanning i utlandet. Vilkåra skal gjelde for både norske statsborgarar og for EØS-arbeidstakarar eller deira familiemedlemmer som har rett til utdanningsstøtte frå Noreg.

Som følgje av forslaga ovanfor aukar løyvingsbehovet med 46,3 mill. kroner. I tillegg kjem auka utlån.

Til no har det ikkje vore stilt vilkår om føregåande tilknytning til Noreg for støtte til utdanning i

andre nordiske land. Departementet foreslår at dei nye tilknytingskrava som er foreslåtte ovanfor, også skal gjelde for støtte til utdanning i andre nordiske land frå undervisningsåret 2015–16. Vilkåra skal gjelde for både norske statsborgarar og for EØS-arbeidstakarar eller deira familiemedlemmer som har rett til utdanningsstøtte frå Noreg. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 205 000 kroner som følgje av forslaget. I tillegg kjem redusert utlån.

Departementet foreslår å utvide retten til støtte til skolepengar til høgere utdanning i form av nettstudium, slik at retten også vil gjelde dei som tek slik utdanning ved fjernundervisningsinstitusjonar i EØS-land. Til no har berre nettstudium ved norske lærestader gitt rett til støtte til skolepengar. Skolepengestøtte til nettstudium blir gitt som lån. Det vil ikkje bli gitt støtte til levekostnader til dei som vel nettutdanning i EØS-land. Departementet foreslår å auke løyvinga med 40 000 kroner som følgje av forslaget. I tillegg kjem auka utlån.

Departementet foreslår å innføre fast, årleg kontroll av bustatus til eit større utval studentar som har opplyst å vere bortebruarar. Tiltaket blir foreslått for å redusere misbruk av ordninga som gir bortebuande studentar rett til å få omgjort delar av utdanningslånet til stipend ved gjennomført utdanning. Utplukket av dei som skal kontrollerast vil bli gjort ut frå objektive kriterium knytte til alder og avstand mellom lærestad og folkeregistrert adresse, slik at ein så langt som mogleg berre kontrollerer dei som har hatt eit realistisk høve til å skaffe seg stipendet på urettmessig vis. Det er berekna at kontrollen vil gjelde om lag 54 000 studentar. Basert på tidlegare gjennomførte kontrollar av den bustatusinformasjonen som studentane har gitt, legg departementet til grunn at den auka kontrollen vil føre med seg lågare omgjering av lån til stipend. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 72 mill. kroner som følgje av forslaget.

Departementet foreslår ei endring i sjukestipendordninga som vil gjere det mogleg å kombinere sjukepengar frå folketrygda med sjukestipend frå Lånekassen. Sjukepengane vil gå til frådrag før utdanningsstøtta kan bli gjort om til sjukestipend. I dag kan dei som arbeider noko ved sida av studia, og som av den grunn har rett til sjukepengar, ikkje få noko i sjukestipend uansett kva beløp dei får i sjukepengar. Med forslaget frå departementet vil denne gruppa frå undervisningsåret 2015–16 kunne få differansen mellom tildelt støtte og sjukepengebeløpet omgjord til sjukestipend viss vilkåra for sjukestipend elles er

fylte. Forslaget inneber eit redusert løyvingssbehov på 610 000 kroner i 2015 fordi behovet for å setje av midlar til framtidig omgjerung av lån til utdanningsstipend vil minke meir enn sjuke- stipendutgiftene er berekna å auke i dette året. Samstundes inneber forslaget at løyvingssbehovet i 2016 aukar med 12,7 mill. kroner.

Departementet foreslår å endre grensa for når uførleik kan gi grunnlag for ettergiving av utdanningsgjeld, frå 50 til 40 pst. nedsett inntektsevne (uføregrad). Endringa vil berre gjelde dei som har fått innvilga uføretrygd frå folketrygda på eit tidspunkt da dei tok imot arbeidsavklaringspengar. Departementet foreslår denne endringa for å tilpasse ettergivingsføresegna i utdanningsstøtte- regelverket til dei nye uførereglane i folketrygd- lova som tek til å gjelde frå 1. januar 2015. Forsla- get har ikkje budsjetteffekt i 2015, men er frå 2016 berekna å koste om lag 3,7 mill. kroner.

Utgangspunktet for berekning av renter på utdanningslån er dei lånekostnadene staten har for tilsvarande rentebindingstid, pluss eit påslag på eitt prosentpoeng årleg effektiv rente. Departementet foreslår å auke påslaget på renta på lån i Lånekassen med 0,25 prosentpoeng med verknad frå 1. januar 2015, slik at påslaget frå denne datoen er på 1,25 prosentpoeng. Dette skal gjelde for lån med flytande rente og for lån med fast rente dersom søknaden om fast rente er komen inn 8. oktober 2014 eller seinare. Forslaget vil auke renteinntektene med om lag 314 mill. kroner, men krev auka løyving til rentestøtte med om lag 110 mill. kroner.

Departementet foreslår å auke eigendelen som blir trekt frå ved berekning av stipend til heimreiser i Noreg for studentar og andre som ikkje tek vanleg vidaregåande opplæring, med 500 kroner. Forslaget inneber at talet på mottakarane av stipendet vil bli redusert med om lag ein tredjedel, og vil også ha som konsekvens at stipendordninga i enda større grad enn i dag berre vil omfatte studentar med lang reiseveg frå lærestad til heimstad. Støtta til reiser frå Noreg til den utanlandske lærestaden for studentar i utlandet blir ikkje påverka av forslaget. Løyvingsbehovet minkar med 11 mill. kroner som følgje av forslaget.

Det er eit hovudprinsipp i regelverket om utdanningsstøtte at støtte blir gitt i den perioden undervisninga varer. Dei fleste typar utdannings- tilbod har eit undervisningsår som varer i ti månader, og derfor blir utdanningsstøtte normalt gitt for ti månader per undervisningsår. For elevar ved folkehøgskolar varer undervisninga normalt i ni månader per undervisningsår, medan

støtte blir gitt i ti månader. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere støtteperioden for elevar i folkehøgskole med ein månad, slik at det også til denne typen opplæring blir gitt støtte for den perioden undervisninga varer. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 11,5 mill. kroner. I tillegg kjem redusert utlån.

Når ei utdanning som det er gitt støtte til blir avbroten i løpet av eit semester, foreslår departementet at ein berre skal rekne med dei dagane som kjem føre avbrotet i tidsrekneskapen for tildelt støtte og ved berekning av fagleg forseinking. Til no har ein i slike tilfelle rekna med heile semesteret så framt ikkje søkjaren betalte tilbake støtta som vart gitt for dette semesteret innan støtteperioden var omme. Samstundes foreslår departementet at det ikkje lenger skal vere høve til å ta periodar med tildelt støtte ut av den førenemnde tidsrekneskapen eller av berekningsgrunnlaget for fagleg forseinking ved å betale tilbake støtta. Forslaget inneber ikkje endra løyvingssbehov, men utlånet er berekna til å minke med om lag 300 000 kroner.

Departementet foreslår å løyve 1,9 mill. kroner til utdanningsstøtte i samband med eit forslag om kompetanseutvikling i barnehagane. I tillegg kjem auka utlån. Sjå nærmare omtale under kap. 231 post 21.

Verkeleg verdi

For å rekne seg til den verkelege verdien av utlånsporteføljen er det laga ein modell som skil mellom kostnader knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i støtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på om lag 137,9 mrd. kroner ved utgangen av 2013. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette skyldast både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til støtteordningane i Lånekassen, og forventta tap som skyldast at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine. Tabellen under syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på fire pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2013 rekna ut til om lag 127,3 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi utgjer om lag 10,6 mrd. kroner. Av dette er om lag 8,9 mrd.

kroner knytte til stipend, rentestøtte og avskrivningar, medan om lag 1,6 mrd. kroner skriv seg frå tap som følgje av kredittrisiko. Den verkelege

verdien er dermed berekna til å vere om lag 92 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2013.

Tabell 4.23 Verkeleg verdi

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2012	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2013
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	90 878	97 397
– studentar	35 336	40 503
<i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>126 214</i>	<i>137 900</i>
<i>Justeringar</i>		
– omgjering til stipend	3 102	1 130
– rentefritak studentar	2 359	2 881
– rentefritak tilbakebetalarar	2 252	2 486
– ettergitt dødsfall	433	478
– ettergitt sjukdom	780	861
– ettergitt bustad	606	669
– ettergitt kvoteordninga	346	383
<i>Sum justeringar</i>	<i>9 878</i>	<i>8 888</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>116 336</i>	<i>129 012</i>
– nedskrivning	1 419	1 563
– over-/underkurs	–469	130
<i>Verdi</i>	<i>115 386</i>	<i>127 319</i>

Ved å leggje til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein berekne nåverdien av nye utlån i Lånekassen. Tabellen under syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 64 øre for kvar nye krone som blir lånt ut frå Lånekassen. Av dei om lag 36 øra av kvar krone som ein ikkje kan forvente blir betalte

tilbake, utgjør stipend, rentestøtte og avskrivningar nesten alt. Under eitt øre per nye krone i nytt utlån blir forventa tapt som følgje av at låntakaren ikkje betaler. Berekninga gjeld alle nye utlån i Lånekassen, og skil ikkje på dei ulike gruppene av lån og låntakarar.

Tabell 4.24 Nåverdien av 1 krone i nytt utlån

	Verdi i kroner per 31.12.2012	Verdi i kroner per 31.12.2013
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,00000	0,00000
– studentar	1,00000	1,00000
<i>Justeringar</i>		
– omgjerung til stipend	0,28007	0,28032
– rentefritak studentar	0,05268	0,05266
– rentefritak tilbakebetalarar	0,01254	0,01253
– ettergitt dødsfall	0,00241	0,00241
– ettergitt sjukdom	0,00434	0,00434
– ettergitt bustad	0,00338	0,00337
– ettergitt kvoteordninga	0,00193	0,00193
<i>Sum justeringar</i>	<i>0,35734</i>	<i>0,35756</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,64266</i>	<i>0,64244</i>
– nedskriving	0,00678	0,00678
<i>Verdi</i>	<i>0,63587</i>	<i>0,63566</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til studentar i høgre utdanning m.m. blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 5. Løyvinga på post 50 dekkjer avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekkjer midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend. Ved budsjettering av posten for 2015 blir det lagt til grunn at ti pst. av utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje blir bestått og derfor ikkje gir omgjerung frå lån til stipend. Utdanningsstipendet blir behovsprøvt mot inntekt og formue. Ved budsjettering av posten er det derfor føresett at delar av omgjeringslånet ikkje blir gjorde om til stipend ved behovsprøvinga mot inntekt og formue. Basert på erfaringstal blir avsetninga på posten derfor 21 pst. mindre enn det beløpet Lånekassen maksimalt kunne ha sett av til konvertering.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld utstyrsstipend, grunnstipend og bustipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, samt flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og forsørgjarstipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekning av reise, skolepengar og språkkurs i innland og utland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på post 73 er heimla i forskriftene til Lånekassen og i utdanningsstøtteleova. Avskrivningane på posten omfattar blant anna avskrivning grunna sjukdom og død. Vidare er det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar,

og for personar som er busette og arbeider i Finnmark. Restgjeld blir automatisk avskrive når restbeløpet er under minimumsbeløpet for innkrevjing i forskriftene.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.25 Avskrivningselement

Element	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
Sjukdom	194 362	165 200	200 300
Dødsfall	49 002	50 300	52 000
Automatisk avskrivning	1 613	1 800	1 800
Avskrivning for lærarutdanning	10 989	15 300	11 000
Finnmarks-avskrivning	101 454	122 030	106 500
Avskrivning kvoteordninga	29 610	25 520	30 810
Rentefritak	104 914	108 199	105 640
<i>Sum</i>	<i>491 944</i>	<i>488 349</i>	<i>508 050</i>

Av samla avskrivning på 508 mill. kroner reknar ein med at om lag 367 mill. kroner vil utgjere opphavleg hovudstol (det opphavlege utdanningslånet til kunden). Dei resterande avskrivningane fordeler seg med 42 mill. kroner frå renter i 2015 og 99 mill. kroner i renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.26 Tapselement

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
SI-permanent	248 173	220 000	260 000
Lån etter gjeldsordning	38 471	35 500	41 500
Andre forhold	2 320	3 500	3 200
Sum	288 964	259 000	304 700

Tap på den opphavlege hovudstolen er berekna til å utgjere 236 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar utgjer om lag 63 mill. kro-

ner i 2015. Årets renter på tap/kostnadsfordringane er berekna til å utgjere 6 mill. kroner i 2015.

Kundar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Der som arbeidet til SI fører fram, og kunden kjem à jour med betalningar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet og handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapleg samband blir overført til SI. Frå 1996 til og med 2013 har 59 456 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 6,6 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravt inn om lag 3 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2013 for permanent overførte utdanningslån vart på 255 mill. kroner, mot 261 mill. kroner i 2012 og 259 mill. kroner i 2011. Det vart overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 248 mill. kroner i 2013, 220 mill. kroner i 2012 og 292 mill. kroner i 2011. Innkrevjinga til SI av overførte utdanningslån er berekna til 260 mill. kroner i 2015.

Gjeldssletting etter gjeldsordning er berekna til 41,5 mill. kroner i 2015. Andre tapselement, mellom anna forelda renter, utanrettsleg gjelds-

ordning samt heil og delvis ettergiving av fordringar som det er uråd å drive inn, er berekna til om lag 3,2 mill. kroner.

Post 76 Startstipend for kvotestudentar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetaling av stipend til kvotestudentar tilsvarende basisstøtte i to månader når dei kjem til lærestaden i Noreg for første gong.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer samla nye utlån frå Lånekassen i 2015, og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar samt omgjeringar er berekna til å utgjere om lag av 21,8 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til å utgjere om lag 1,3 mrd. kroner. Den totale løyvinga på posten blir da om lag 23 mrd. kroner i 2014.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	18 587	21 100	21 500
16	Refusjon av foreldrepenge	3 138		
18	Refusjon av sjukepenge	2 168		
29	Termingebyr	22 767	30 420	43 130
89	Purregebyr	75 546	117 600	262 510
90	Redusert lån og rentegjeld	7 767 977	8 253 202	8 777 031
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	1 952 918	5 200 318	5 474 074
	Sum kap. 5310	9 843 101	13 622 640	14 578 245

Kapitlet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalningar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemder.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som

flytter til heimlandet og buset seg der varig. Det er Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 29 gjeld gebyr for førstegongsvarsling ved terminforfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel. Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved andregongsvarsel og 490 kroner ved tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing). Auken i gebyrinntek-

tene på post 29 og post 89 er eit resultat av at det vart innført månadlege terminforfall i 2014.

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjett-periodar.

Tilbakebetaling av opphavleg hovudstol er berekna til å utgjere om lag 7 mrd. kroner i 2015. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare perio-

dar er berekna til å utgjere om lag 1,1 mrd. kroner i 2015. Tilbakebetaling frå tap/kostnadsløyvingar utgjere om lag 765 mill. kroner (omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410 postane 73 og 74).

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, sjå omtale under kap. 2410 post 50

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
80	Renter	3 578 724	3 868 062	3 757 151
	Sum kap. 5617	3 578 724	3 868 062	3 757 151

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskottspostar til å dekkje kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna til å utgjere om lag 0,9 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til å utgjere om lag 1,7 mrd. kroner i 2015. Opptente ikkje-betalte renter frå kundane er berekna til å utgjere om lag 1,1 mrd. kroner, medan årets renter frå tap/kostnadsløyvingar er berekna til å utgjere om lag 50 mill. kroner i 2015

Del III
Strategiar og oversikter

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

5.1 Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for Noreg som kunnskapsnasjon. Den offentlege forskingsinnsatsen må opp på eit høgre nivå og halde tritt med utviklinga i andre land. Forsking er grunnleggjande for å skaffe ny kunnskap som bringer verda framover, og som skaper trygge arbeidsplassar. For å få til koordinerte satsingar på forskning og høgre utdanning som styrkjer regjeringa si gjennomføringskraft i forskingspolitikken, og gir føreseielegheit for norske fagmiljø, legg regjeringa fram ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning. Langtidsplanen har tre overordna mål for offentlege investeringar i forskning og høgre utdanning. Det er konkurransekraft og innovasjonsevne, å løyse store samfunnsutfordringar og framifrå kvalitet i forskning og høgre utdanning. Planen er retta inn mot seks langsiktige prioriteringar. Dei er hav, klima, miljø og miljøvennleg energi, mogleggjerande teknologiar, fornying i offentleg sektor og betre og meir effektive velferds-, helse- og omsorgstenester, eit innovativt og omstillingsdyktig næringsliv og verdsleiande fagmiljø.

Målbiletet i forskingsmeldinga, Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*, ligg fast, og er felles for alle departementa. Målbiletet er sett saman av fem strategiske mål og fire tverrgåande mål. Målbiletet vart oppretta i samband med St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, og vart ført vidare i den seinaste forskingsmeldinga. Stortinget har slutta seg til desse måla. Måla og prioriteringane som regjeringa legg fram i langtidsplanen for forskning og høgre utdanning, er konsistente med målbiletet i forskingsmeldinga, men er også ei utdjuping og ei sterkare prioritering av kva for område regjeringa styrkjer innsatsen mot.

Den offentlege finansieringa av forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2015 er førebels rekna til å vere om lag 30 mrd. kroner. Det utgjer ein nominell auke på 2,1 mrd. kroner samanlikna med 2014, og er ein realauke på 4,2 pst. I budsjettet for 2015 lyfter regjeringa særleg fram ei satsing på verdsleiande fagmiljø, på inter-

nasjonalisering av norsk forskning, særleg gjennom auka deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020 og på næringsrelevante forskning.

Langtidsplan for forskning og høgre utdanning

Regjeringa legg saman med budsjettet fram ein langtidsplan for forskning og høgre utdanning, jf. Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgre utdanning 2015–2024*. I langtidsplanen legg regjeringa fram ein ambisiøs politikk for forskning og høgre utdanning. Regjeringa vil auke FoU-løyvingane til ein pst. av BNP. Gitt dagens utsikter for framtidig BNP-vekst, tek regjeringa sikte på at målet kan nåast i 2019–2020. Planen gir føreseielege rammer gjennom langsiktige mål og prioriteringar. Regjeringa vil auke løyvingane til forskning og høgre utdanning for å følgje opp prioriteringane i planen. Tiltak som bidrar til auka kvalitet i forskning og høgre utdanning, at næringslivet forskar meir eller som bidrar til god deltaking i Horisont 2020, vil bli prioritert. Regjeringa vil innan 2018 gjennomføre ein opptrappingsplan for rekrutteringsstillingar med 500 nye stillingar, styrkje løyvingane til infrastruktur med 400 mill. kroner og styrkje løyvingane til ordningar som bidrar til betre deltaking i Horisont 2020 med 400 mill. kroner. Nytt bygg for livsvitskap, kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo og oppgradering av Marinteknisk senter i Trondheim, Ocean Space Centre, er dei viktigaste byggjeprojekta for å følgje opp langtidsplanen.

Strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og innovasjon

Regjeringa har ambisjonar om å auke internasjonaliseringa av norsk forskning og høgre utdanning, og å få fleire internasjonalt leiande fagmiljø. Våren 2014 la regjeringa fram ein strategi for samarbeid med EU om forskning og innovasjon.

Strategien har som mål at norske fagmiljø skal auke deltakinga i Horisont 2020 samanlikna med nivået på deltakinga i EUs sjuande rammeprogram for forskning. Den auka deltakinga vil bidra

til å internasjonalisere og styrkje kvaliteten på forskinga. Frå ein returdel på 1,67 pst. i EUs sjuande rammeprogram er målet å auke returdelene til to pst. i Horisont 2020. Det vil seie ein vekst i den norske deltakingsaktiviteten på om lag 60 pst. Strategien rettar seg inn mot fem innsatsområde: styrkt samspel mellom nasjonal, europeisk og global innsats, betre samspel mellom sektorane, rettleiings- og mobiliseringsarbeid, karriereutvikling og rekruttering, påverknings- og posisjoneringsarbeid.

Måling av forskning

I 2011 lanserte Kunnskapsdepartementet for første gong *Forskningsbarometeret* – eit årleg barometer med indikatorar for norsk forskning og innovasjon. Indikatorane i den faste delen av barometeret gir eit tverrsnitt av tilstanden i norsk forskning og innovasjon, og blir presentert i seks hovudkategoriar: investeringar, menneske, samarbeid, område, resultat og trendar. *Forskningsbarometeret 2014* synte at Noreg i dei siste ti åra har hatt betydeleg vekst i dei offentlege løyvingane til FoU. Veksten var størst i perioden 2004–07, og har minka i åra etterpå, ein trend vi òg finn i dei andre landa. Det er ikkje berre under investeringar at Noreg har hatt ein solid vekst; det same gjeld menneskelege ressursar og vitskaplege publikasjonar. Noreg har likevel eit stykke igjen til dei leiande landa når det gjeld tal på søknader og talet på innvilga søknader på internasjonale konkurransearenaer. Sjølv om ein tek omsyn til folketalet, har Noreg det lågaste talet innvilga søknader til Det europeiske forskingsrådet (ERC). Ein liknande

trend gjeld under det sjuande rammeprogrammet, der Noreg har hatt dei lågaste tildelingane frå rammeprogrammet samanlikna med dei andre barometerlanda.

5.2 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for 2015

I statsbudsjettet for 2015 foreslår regjeringa ei særleg oppfølging av EU-strategien og prioriteringane i langtidsplanen. Regjeringa foreslår eit lyft for framifrå kvalitet og verdslaiande fagmiljø. Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2015 er internasjonalisering av forskning, verdslaiande fagmiljø, infrastruktur og næringsrelevant forskning.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2014 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) viser eit førebels overslag frå Kunnskapsdepartementet at dei samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2015 er på om lag 30 mrd. kroner, noko som utgjør 0,93 pst. av overslaget for BNP i 2015. Dette er ein nominell auke på 2,1 mrd. kroner frå 2014. Dersom ein inkluderer Skattefunnordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 32,4 mrd. kroner i 2015. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjør FoU-innsatsen 1 pst. av overslaget for BNP i 2015. Tabellen nedanfor viser overslaget over løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelte på departement. Tala er usikre. NIFU vil leggje fram endelege tal for FoU-løyvingane i juni 2015.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet, i mill. kroner

Departement	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Endring 2014–15
Utanriksdepartementet	1 415	1 410	-5
Kunnskapsdepartementet	13 615	15 010	1 395
Kulturdepartementet	166	172	6
Justisdepartementet	74	75	1
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	636	829	193
Arbeids- og sosialdepartementet	250	261	11
Helse- og omsorgsdepartementet	3 997	4 211	214
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	158	136	-22
Nærings- og fiskeridepartementet	3 411	3 720	309
Landbruks- og matdepartementet	636	621	-15

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet, i mill. kroner

Departement	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Endring 2014–15
Samferdselsdepartementet	322	302	-20
Klima- og miljødepartementet	807	789	-18
Finansdepartementet	126	125	-1
Forsvarsdepartementet	1 070	1 100	30
Olje- og energidepartementet	854	833	29
Statsbankane	363	373	10
Totalt	27 900	30 017	2 117

Den nominelle auken i løyvingane til forskning er på 2,1 mrd. kroner. Dette tilsvarer ein realvekst på 4,2 pst. Auken i FoU-løyvingane skriv seg delvis frå ein auke i løyvingane på postar med FoU-del og delvis frå konkrete FoU-satsingar, sjå nedanfor.

Auken på Kunnskapsdepartementets budsjett skriv seg delvis frå satsingar på fri prosjektstøtte, verdsleiande fagmiljø, forskingsinfrastruktur og stimulerings tiltak for auka deltaking i Horisont 2020.

Ein større del av auken skriv seg frå kontingenten til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, der løyvinga aukar med over 700 mill. kroner frå saldert budsjett 2014. Sjå òg omtale under programkategori 07.70 Forsking.

Auken på Nærings- og fiskeridepartementets budsjett skriv seg delvis frå løyvinga til isgåande forskingsfartøy, men òg frå satsingar som Brukarstyrt innovasjonsarena, Forny2020, og marin forskning. Sjå nedanfor.

Auken på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet skriv seg frå ein auke i løyvingane til helseføretaka.

Auken på budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv seg frå ein auke i løyvingane til bygg i universitets- og høgskolesektoren.

Forsking og utvikling i statsbudsjettet 2015

Europeisk forskningssamarbeid

Regjeringa har lagt fram ein nasjonal strategi for samarbeidet med EU om forskning og innovasjon. Strategien handlar særleg om norsk deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020, og Det europeiske forskingsområdet, ERA. Strategien er i stor grad ein mobiliseringsstrategi, og har som siktemål å auke deltakinga blant universitet og høgskolar, forskingsinstitutt, helsefø-

retak, næringsliv og offentlig sektor. For å følgje opp strategien foreslår regjeringa å styrkje øyremerkte tiltak gjennom Noregs forskingsråd med 115 mill. kroner i 2015. Av auken skal 85 mill. kroner nyttast til STIM-EU og 10 mill. kroner til ordninga med nasjonale kontaktpunkt (NCP). Resten av auken skal mellom anna gå til prosjektetableringsstøtte og posisjoneringssøtte.

Verdsleiande fagmiljø

Regjeringa har ambisjonar om å utvikle fleire verdsleiande fagmiljø. Fleire satsingar i budsjettforslaget skal støtte opp om dette. Regjeringa foreslår at 70 mill. kroner skal nyttast til rekruttering av internasjonale toppforskarar. Midlane blir fordelte etter spissa kvalitetskriterium til institusjonar med fagmiljø som har særlege føresetnader for å strekkje seg mot verdstoppen. Midlane vil gi ei langsiktig styrking av budsjetta til dei institusjonane som når opp i konkurransen. I tillegg foreslår regjeringa 10 mill. kroner til å utvikle vidare det etablerte utdannings- og forskningssamarbeidet mellom Universitetet i Oslo, Simula Research Laboratory (Simula) og University of California, San Diego (UCSD). Eit formalisert samarbeid av fagleg høg internasjonal kvalitet er strategisk viktig for institusjonane og for at Noreg skal hevde seg i den internasjonale konkurransen.

Forskningsinfrastruktur

Regjeringa foreslår å auke midlane til forskingsinfrastruktur gjennom Noregs forskingsråd med 100 mill. kroner i 2015. Satsing på forskingsinfrastruktur er eit direkte bidrag til å nå det målet regjeringa har om å utvikle verdsleiande fagmiljø. Samtidig bidrar infrastruktur av høg kvalitet til

auka internasjonalisering og rekruttering. Godt utvikla forskingsinfrastruktur vil dessutan vere avgjerande for å fremme innovasjon og kunnskapsproduksjon som er nødvendig for å lykkast med overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Fri prosjektstøtte

Fri prosjektstøtte (FRIPRO) er ein open arena for grunnleggjande forskning. Målet er å få fram forskning av høg vitenskapleg kvalitet ved å finansiere dei vitenskapleg sett beste forskingsprosjekta. Regjeringa vil auke FRIPRO med 60 mill. kroner for å få fram banebrytande forskning. Midlane skal mellom anna gå til yngre forskartalent og ei ny mobilitetsordning på postdoktornivå. Formålet med mobilitetsordninga er å auke mobiliteten for forskarar i ein tidleg fase av karrieren, og å sikre at kunnskapen dei har tileigna seg, kjem tilbake til Noreg.

Mogleggjerande teknologiar

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), bioteknologi og nanoteknologi er eksempel på mogleggjerande teknologiar. Desse teknologiane gir eit viktig grunnlag for fornying og omstilling i næringslivet og i offentleg sektor. Til dømes har utviklinga av moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi skapt store endringar i samfunnet i dei siste tiåra. Regjeringa foreslår å styrkje løyvingane til desse programma i Forskringsrådet med særleg vekt på IKT i 2015, og foreslår ein auke på 20 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Rekrutteringsstillingar

Regjeringa foreslår ei løyving på 53,4 mill. kroner til 47 nye rekrutteringsstillingar innanfor helse- og sosialfag, lærarutdanning og ingeniørutdanning, som del av langtidsplanen for forskning og høgre utdanning. Regjeringa foreslår òg 3,4 mill. kroner til tre nye stillingar til stipendiatprogrammet i Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU). Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Bygg i universitets- og høgskolesektoren

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til vidare prosjektering av mellom anna eit nytt bygg for livsvitenskap, kjemi og farmasi ved Universitetet i Oslo med 58 mill. kroner. Dette er eit av dei viktigaste byggjeprojekta for å følgje opp verdsleiande fagmiljø. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Partnerskapsprogram for høgre utdanning og forskning

Regjeringa ønskjer å utvikle fleire verdsleiande fagmiljø. Dette føreset mellom anna eit styrkt langsiktig samarbeid mellom institusjonar og fagmiljø i Noreg og deira partnarar i andre land, slik at norske aktørar får del i den internasjonale kunnskapsutviklinga. Departementet foreslår derfor ei strategisk styrking på 20 mill. kroner til etablering av eit partnerskapsprogram for samarbeid om høgre utdanning og forskning med prioriterte land utanfor EU.

Næringsrelevant forskning

Regjeringa er oppteken av å stimulere til meir kunnskapsbasert næringsutvikling og auka FoU-innsats i næringslivet. Regjeringa foreslår derfor å styrkje den opne forskingsarenaen Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) med 70 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. BIA støttar dei beste forskingsbaserte innovasjonsprosjekta i breidda av norsk næringsliv innanfor område som ikkje er dekte av andre tematiske program i Forskringsrådet.

Regjeringa foreslår også å styrkje løyvingane til kommersialisering av forskingsresultat med 20 mill. kroner gjennom programmet Forny2020.

Regjeringa foreslår ei styrking av marin forskning med 40 mill. kroner. Styrkinga skal bidra til vidareutvikling av ei berekraftig sjømatnæring. For nærmare omtale, sjå Prop. 1 S (2014–2015) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa foreslår vidare å styrkje Skattefunnordninga gjennom å heve grensa for eigenutførte forskings- og utviklingsprosjekt frå 8 mill. kroner til 15 mill. kroner, og den samla grensa for eigenutført og innkjøpt FoU blir utvida frå 22 mill. kroner til 33 mill. kroner. Provenytapet er venta å utgjere 120 mill. kroner. For nærmare omtale, sjå Prop. 1 LS (2014–2015) Skatter, avgifter og toll.

5.3 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd mottok løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, institutt-tildelingar og særskilde midlar som er øyremerkte til einskilde program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingsforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2015.

Tabell 5.2 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane, i 1 000 kr

Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
285.52/53/54	Kunnskapsdepartementet	2 717 693	2 961 460
285.55	Kunnskapsdepartementet – administrasjon	268 936	276 422
920.50/51/52 ¹	Nærings- og fiskeridepartementet	1 887 340	2 047 800
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	323 306	337 505
1137.50	Landbruks- og matdepartementet	251 651	234 914
1301.50	Samferdselsdepartementet	148 300	137 139
1410.51/53	Klima- og miljødepartementet	208 262	207 336
1830.50 ²	Olje- og energidepartementet	673 600	695 000

¹ Løyvingane som i 2014 gjekk over postane 50, 51 og 52 blir i budsjettforslaget for 2015 slåtte saman på post 50

² Noregs forskingsråd får i tillegg midlar i 2015 frå Olje- og energidepartementet over kap. 1840, post 50 CLIMIT

Regjeringa har fastsett nye mål for Forskingsrådet. Bakgrunnen er at både evalueringa av Forskingsrådet og Riksrevisjonen peikte på utfordringar knytte til det eksisterande mål- og resultatstyringssystemet (MRS) for Forskingsrådet. Løyvingane til Forskingsrådet går over budsjetta til 15 departement, og Forskingsrådet blir stilt overfor mange mål/delmål og ei rekkje føringar frå departementa. Det fører til at den samla styringa av Forskingsrådet blir uoversiktleg. Kunnskapsdepartementet starta derfor hausten 2013 eit prosjekt for å vidareutvikle systemet for mål- og resultatstyring av Forskingsrådet.

Hensikta er å sikre eit system med meir overordna og strategisk styring av Forskingsrådet frå departementa, der den samla styringa blir dreidd meir over i retning av resultat av Forskingsrådets verksemd og der Forskingsrådet får større fridom til å forvalte program og aktivitetar på tvers av departementsgrensene. Departementa og Forskingsrådet har delteke i arbeidet med å utvikle det nye systemet gjennom fleire møte og konferansar. Systemet for styring av Forskingsrådet vil bli vidare utvikla framover.


Måla for Forskingsrådet i 2015 er som følgjer:

- auka vitenskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskningssystem
- god rådgiving

Sjå òg omtale under programkategori 07.70, kap. 285 Noregs forskingsråd

5.4 Utviklinga i offentleg forskingsinnsats

Regjeringa har som mål at FoU-utgiftene skal tilsvare tre pst. av BNP i 2030. FoU-intensiteten målt på denne måten var på 1,65 pst. i 2012, som er det siste året det er statistikk for. Dette er under FoU-intensiteten for OECD-landa samla, og plasserer Noreg i den tredje firedelen av OECD-landa når dei er rangerte etter FoU-intensitet (sjå figur 5.1). Ser vi på samla FoU-utgifter (justerte for forskjellar i kjøpekraft) per innbyggjar eller på FoU-personale i høve til talet på selssette, er Noreg noko over OECD-gjennomsnittet. Føretakssektoren driv relativt lite FoU i Noreg. Den norske økonomien er spesialisert i næringar med relativt lav FoU-intensitet, men sjølv om vi legg næringsstrukturen i OECD til grunn, er FoU-intensiteten i føretakssektoren i Noreg under gjennomsnittet i OECD. Dersom vi ser på FoU-utgifter per innbyggjar, kjem Noreg høgt opp når det gjeld offentleg finansiert FoU, mens vi er om lag som det mellomste av OECD-landa rangert etter FoU-utgifter finansierte av føretakssektoren.



Figur 5.1 Rangering av OECD-landa på ulike indikatorar for FoU-intensitet

Verdiane i figuren er viste som prosent av den høgste verdien på indikatoren blant OECD-landa. Punktmerka viser verdien for Noreg og OECD-landa samla. Den svarte linja viser medianverdien, altså den verdien som skil OECD-landa i to like store grupper. Den grå boksen skil mellom kvartilane, altså slik at halvparten av OECD-landa har verdier inni boksen. Data er for 2012 eller sist tilgjengelege år før det.


Kjelde: *OECD Main Science and Technology Indicators 2014: 1*

Dei totale FoU-utgiftene i Noreg var på 48 mrd. kroner i 2012, ein realauke på 1,9 pst. frå 2011 (1,6 pst. korrigert for endringar i datagrunnlaget). Det har vore realauke i FoU-utgiftene i storparten av dei siste ti åra, med små nedgangar i 2004, 2009 og 2010. Utviklinga i FoU-intensiteten i høve til BNP har ikkje vore like jamn, med ein nedgang i åra før 2006 til 1,48 pst., ein oppgang til 1,76 pst. i 2009, og ein nedgang til 1,65 pst. i 2012 (sjå figur 5.2). I høve til BNP for Fastlands-Noreg ligg FoU-intensiteten om lag 0,5 prosenteningar høgare i perioden.

Komplett FoU-statistikk fordelt på kjelder for finansiering blir berre utarbeidd annakvart år. FoU-statistikken for 2013 er ikkje klar enno. FoU-utgifter finansierte av offentlege kjelder tilsvarte 0,76 pst. av BNP i 2011, ein nedgang frå 0,85 pst. i 2009. FoU-utgifter finansierte av næringslivet til-

svarte 0,70 pst. av BNP i 2011 og 0,74 pst. av BNP i 2009.

I tillegg til FoU-statistikken utarbeider NIFU årlege overslag over løyvingar til FoU i statsbudsjettet. Desse tala tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, og kan derfor produserast mykje tidlegare enn FoU-statistikken, som byggjer på undersøkingar av faktisk utført FoU. FoU-løyvingane i 2014 har NIFU berekna til 27,9 mrd. kroner. Dette talet er vist som det grå feltet i figur 5.2. I tillegg til desse midlane kjem tapte skatteinntekter og tilskott gjennom Skattefunn, berekna til 2,17 mrd. kroner for 2014. Den stipla linja i figur 5.2 viser overslaget over løyvingane til FoU over statsbudsjettet som prosent av BNP. FoU-løyvingane auka frå 0,86 pst. av BNP i 2011 til 0,90 pst. av BNP i 2014.



Figur 5.2 Utvikling i FoU-intensitet i Noreg og FoU-løyvingar over statsbudsjettet

Det grå feltet viser utviklinga i løyvingar til FoU over statsbudsjettet (ikkje inkludert Skattefunn) i faste priser (høgre akse). Den stipla linja viser dette beløpet som prosent av BNP (venstre akse). Dei heiltrukne linjene viser tal frå FoU-statistikken over FoU utført i Noreg som prosent av BNP (venstre akse).

Kjelde: NIFU/SSB

Forskning og utvikling i sektorane

Vi reknar fire forskingsutførande sektorar i Noreg: næringslivet, universitets- og høgskolesektoren, helseføretaka (inkludert private, ideelle sjukehus) og instituttsektoren. I den internasjonale FoU-statistikken og i hovudtabellane i den nasjonale FoU-statistikken inngår helseføretak med universitetssjukehusfunksjon i universitets- og høgskolesektoren og resten i instituttsektoren.

Næringslivet er den største FoU-utførande sektoren målt i utgifter og årsverk brukt på FoU, mens det er flest FoU-personale i universitets- og høgskolesektoren. Næringslivet utførte FoU for

21,2 mrd. kroner i 2012, og stod dermed for 44 pst. av dei samla FoU-utgiftene. Universitets- og høgskolesektoren stod for 26 pst. med 12,5 mrd. kroner, instituttsektoren stod for 23 pst. med 11,2 mrd. kroner, og helseføretaka stod for sju pst. med 3,1 mrd. kroner.

Alle sektorane hadde realauke i FoU-utgiftene frå 2011 til 2012. Helseføretaka hadde ein realauke på 8,5 pst., men noko kjem frå ei utviding av datagrunnlaget i 2012. Korrigert for endringane var realauken på 1,6 pst. I instituttsektoren auka FoU-utgiftene med 1,9 pst. i faste priser, i næringslivet med 1,7 pst., og i universitets- og høgskolesektoren med 0,6 pst.

6 Ressursar i grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om ressursbruken i grunnsopplæringa. Talet på elevar og lærlingar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Talet på lærarar, skolestruktur og anna har òg innverknad på kostnadsnivået, men dette er til dels gjenstand for lokale prioriteringar og påverka av til dømes tilgangen på lærarar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskoleopplæring var i 2013 om lag 69,9 mrd. kroner. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2013 om lag 32,3 mrd. kroner.

Ressursbruken i grunnsopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utviklinga i talet på elevar og lærlingar i grunnsopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på utdanningsprogram. Vidare er det ein omtale av lærartettleik og assistentar. Dei neste temaa er vaksne i grunnsopplæringa, leirskoleordninga, skolefritidsordninga (SFO) og leksehjelp, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnsopplæring og utgifter per elev, samt skolestruktur, kommunale forskjellar i ressursbruk og tilgang på lærarar. Mot slutten av kapitlet er internasjonale undersøkingar omtalte.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune Stat Rapportering) og Utdanningsspeilet 2014 frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i grunnskolen i perioden 2008–09 til 2013–14. Ordinære grunnskolar

Skoleår	Barnetrinnet	Ungdomstrinnet	Totalt
2008–09	426 769	189 327	616 139
2009–10	424 052	191 831	615 927
2010–11	423 333	192 549	615 973
2011–12	423 374	190 960	614 413
2012–13	424 993	189 846	614 894
2013–14	425 917	189 368	615 327

Kjelde: GSI

Om lag 98 pst. av alle elevane som gjekk ut av 10. trinn i grunnskolen våren 2013, gjekk direkte over i vidaregåande opplæring same haust. Dette er same del som året før. Om lag halvparten av elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2013, begynte på eit studieførebuande program. Tidlegare var elevar med vedtak om opplæring som fører fram til grunnkompe-

tanse, skilde ut i kategorien alternativ opplæring. Desse er frå 2010–11 inkluderte i totaltala. Tala for Vg1 frå 2010–11 kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala frå åra før.

Tabellen nedanfor viser talet på elevar på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram på dei tre stega i vidaregåande skole. At talet på elevar på yrkesfaglege program går ned på Vg3

samanlikna med på Vg2, skyldast at dei fleste elevane på dei yrkesfaglege programma blir lærlingar

eller vel å ta påbygging til generell studiekompetanse etter Vg2.

Tabell 6.2 Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole

År	Steg 1	(Vg1)	Steg 2	(Vg2)	Steg 3	(Vg3)	I alt
	Studieførebuande	Yrkesfagleg ¹	Studieførebuande	Yrkesfagleg	Studieførebuande	Yrkesfagleg	
2010–11	35 508	40 706	29 877	35 386	45 640	6 714	193 831
2011–12	35 993	40 453	30 647	35 238	45 531	6 158	194 020
2012–13	36 802	40 708	31 201	35 185	46 270	6 112	196 278
2013–14	36 957	39 653	32 438	35 227	49 282	3 390	197 032

¹ Av desse er det nokre elevar med vedtak om opplæring som fører fram til grunnkompetanse. Desse var tidlegare skilde ut i kategorien alternativ opplæring. Tala for Vg1 frå 2010–11 kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala frå åra før. I talet på elevar i Vg3 Yrkesfagleg for 2013–14 er elevar på vg3 naturbruk og vg3 medier og kommunikasjon tatt ut.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Per 1. oktober 2013 var det registrert 37 500 lærlingar og 1 800 lære kandidat (kjelde: SSB). Dette er om lag 1 000 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2012, mens det er om lag sju pst. fleire lære kandidat. Per 1. oktober 2013 var det totalt 22 983 primær søkerar til læreplass (kjelde: Utdanningsdirektoratet). Det er flest søkerar til læreplassar i teknikk og industriell produksjon, helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsteknikk. For meir informasjon om elevar

og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningspeilet 2014.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir berekna på bakgrunn av registrerte årstimar. I 2013 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver 57 614; det er ei marginal endring frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskolen, utvikling i årsverk

År	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver
2009–10	57 890	7 236
2010–11	57 705	7 072
2011–12	57 447	6 855
2012–13	57 458	6 965
2013–14	57 614	6 978

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2013 var talet på lærarårsverk i vidaregåande skole 21 407. Dette er ein svak auke frå 2012. Sidan 2009 har talet på lærarårsverk i vidaregå-

ande opplæring auka med 340. Auken har mellom anna samanheng med at det har vore vekst i elevtalet i same periode.

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring

Skoleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring,
2009–10	21 067
2010–11	21 215
2011–12	21 197
2012–13	21 386
2013–14	21 407

Fylkeskommunale skolar ekskl. lange frávær
Kjelde: KOSTRA

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlege og private grunnskolar unnatekne spesialsikolar og utanlandssikolar). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid fordi endringar i praksis knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilete av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje mottek særskilde individretta styrkingstiltak.

Dei berekna gruppestorleikane har vore relativt stabile på heile 2000-talet. Ei forklaring på at


gruppestorleikane ikkje går ned i særleg stor grad i perioden, er at det har vorte færre små sikolar med under 100 elevar, noko som medfører større grupper.

Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik i grunnskolen

År	Gruppestorleik 1	Gruppestorleik 2
2009–10	13,4	16,6
2010–11	13,4	16,9
2011–12	13,4	16,9
2012–13	13,5	16,9
2013–14	13,5	16,8

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Figuren nedanfor viser at det er stor variasjon i gruppestorleik 2 mellom kommunane. Dei større bykommunane og store kommunar i sentrale område har oftast høgre gruppestorleik, mens mindre kommunar har lågare gruppestorleik.



Figur 6.1 Gruppestorleik 2: kommunar over og under landsgjennomsnittet, grunnskole

Kjelde: GSI

Assistentar

Tabellen nedanfor viser at det i perioden frå 2009–10 til 2011–12 var ein auke i talet på årsverk til assistentar. Frå 2011–12 til 2012–13 var det ein nedgang, mens det i siste året igjen har vore ein auke i talet på årsverk til assistentar.

Tabell 6.6 Årsverk til bruk for assistentar med oppgåver knytte til undervisninga i perioden frå 2009–10 til 2013–14

Skoleår	Assistentårsverk
2009–10	7 701
2010–11	8 432
2011–12	8 515
2012–13	8 140
2013–14	8 234

Kjelde: GSI

Assistenttimar til spesialundervisning er registrerte særskilt i GSI. Sjå omtale under spesialundervisning.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Delen elevar med spesialundervisning i grunnskolar og spesialskolar har auka moderat sidan innføringa av Kunnskapsløftet, men har vore stabil i dei to siste åra. Hausten 2013 låg delen som fekk spesialundervisning, på 8,3 pst. av alle elevar. Om lag 68 pst. av alle elevar som mottok spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover ungdomstrinnet aukar delen av elevar med spesialundervisning. Hausten 2013 hadde 3,8 pst. av elevane på 1. trinn enkeltvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevar med spesialundervisning 11,2 pst. Når det gjeld omfanget av lærarressursar som vart sette av til spesialundervisning, fekk om lag 49500 elevar spesialundervisning med lærar i 2013. Av dei 50 977 elevane i ordinær grunnskoleopplæring som hadde enkeltvedtak om spesialundervisning, fekk 97 pst. spesialundervisning med undervisningspersonale. 22 600 elevar fekk spesialundervisning organisert med assistent i tillegg til lærar. Om lag 1 500 elevar fekk tildelt timar berre med assistent.

Språklege minoritetar

I opplæringslova § 2-8 heiter det at elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Hausten 2013 fekk 44 829 elevar særskild norskopplæring, ein marginal nedgang frå året før. Elevane har om nødven-

dig òg rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Hausten 2013 var det 2 065 elevar som fekk berre morsmålsopplæring, 9 621 elevar som fekk berre tospråkleg fagopplæring, og 3 336 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka. For meir om dette temaet, sjå Utdannings-speilet 2014.

Hausten 2013 fekk 1 406 barn i grunnskolealderen og 134 i aldersgruppa 16–18 år busette i mottak opplæring. 60 einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter fekk opplæring. For meir om dette, sjå omtale under kap. 225 post 64.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønskjer det (jf. opplæringslova § 4A-1). Talet på vaksne som får opplæring på grunnskolenivå, har vore relativt stabilt sidan 2002. Hausten 2013 var det 9 900 vaksne som fekk grunnskoleopplæring. Det tilsvarende talet for 2012 var 9 814. Av dei som fekk slik opplæring i 2013, var det 3 900 som fekk spesialundervisning. Dette er 32 færre enn i 2012. Det har vore ein jamn nedgang i talet på vaksne som får spesialundervisning i dei siste åra.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal tilpassast behova og livssituasjonen til den enkelte. Vaksne som ønskjer å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søkje om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkjarane med ungdomsrett, eller dei kan søkje om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søkje vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skolane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Statistikkgrunnlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har hatt store manglar. Problema har mellom anna vore knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og til at dei rapporterer på ulike måtar. Utdanningsdirektoratet leier eit arbeid med å betre rutine og kravspesifikasjonen for registrering og rapportering av deltakinga til vaksne i vidaregåande opplæring, for å bøte på desse problema. Samla deltok 20 242 vaksne i

vidaregåande opplæring i skoleåret 2012–13, mot 20 275 året før. Av desse vart om lag tolv pst. realkompetansevurderte. For meir informasjon om vaksne i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2014.

Leirskole

I skoleåret 2013–14 planla 58 166 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjer om lag ti pst. av alle elevane i grunnskolen. Talet har lege på om lag same nivå sidan 2001. Elevar kan få eitt leirskoleopphald i løpet av grunnskolen. Ettersom grunnskolen til saman utgjer ti år, og om lag ti pst. deltek på leirskole kvart år, tyder dette på at dei aller fleste elevane i grunnskolen får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen, i samsvar med målsetjinga.

Skolefritidsordninga

Hausten 2013 gjekk i alt 157 370 barn i skolefritidsordning (SFO). Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på om lag 64 pst. Delen har auka frå 55 pst. i 2002. Om lag 57 pst. av barna i SFO hadde 100 pst. plass. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev med fulltidsplass i SFO 2 191 kroner per måned i skoleåret 2013–14 (GSI-tal for opphaldstid på 20 timar). I 2012–13 var talet 2 135.

Leksehjelp

Hausten 2010 vart det innført eit lovfesta tilbod om åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skoletid

for alle elevar på 1.–4. trinn, jf. Innst. 12 S (2009–2010) og Innst. 279 L (2009–2010). Frå og med hausten 2014 er loven endra, jf. Innst. 223 L (2013–2014), slik at kommunane no sjølve vel på kva for trinn dei vil tilby leksehjelpa i grunnskolen.

Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest hensiktsmessig ut frå lokale tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle, og vere frivillig for kvar enkelt elev. Tal frå GSI viser at i skoleåret 2013–14 deltok 114 483 barn på 1.–4. trinn på leksehjelp. Dette utgjer 46,6 pst. av elevane og er ein liten nedgang frå året før (49,8 pst.).

Kommunal ressursbruk

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei driftsutgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Tabellen nedanfor viser at korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var 101 938 kroner i 2013. Dette er ein auke på om lag 0,9 pst. frå 2012. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 118 671 kroner, og på yrkesfaglege program 145 302 kroner, det vil seie ein vekst på om lag 3,1 pst. for begge. Den kommunale deflatoren var i same periode tre pst. Det vil seie at det har vore ein liten realauke i utgifter per elev både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Til tross for ein betydeleg elevtalsvekst i vidaregåande opplæring etter 2004 har fylkeskommunane klart å halde oppe ressursbruken per elev om lag på same nivå.

Tabell 6.7 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, løpande prisar

	2010	2011	2012	2013
Grunnskolen				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	91 013	93 710	98 353	101 938
Lønnsutgifter per elev	70 462	73 242	77 897	80 660
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	854	850	851	893
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 502	1 445	1 387	1 358
Vidaregåande opplæring				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	108 579	111 262	115 093	118 671
Lønnsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	66 265	68 116	71 531	73 948
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege studieprogram	132 735	136 203	140 881	145 302
Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	85 610	88 351	92 250	96 168

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene 79 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var 62 pst. på allmennfaglege og 66 pst. på yrkesfaglege studieretningar i 2013.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Det er store kommunale forskjellar i ressursbruk i skolen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skolar for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. For å kunne samanlikne kommunar må ein derfor korrigere for driftskostnader for elevtal og indikatorar for busetjingsmønster (reisetid og reiseavstand) – dette blir kalla strukturjustering. Om lag 75 pst. av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skole, kan forklarast med ulike kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skole. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan

mellom anna skyldast variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg skyldast ulike politisk prioritering mellom kommunar.

Skolestruktur

I skoleåret 2013–14 var det 2 907 grunnskolar i Noreg. Dette er ein nedgang på 50 skolar frå skoleåret 2012–13. Av dei 2 907 skolane var 186 private grunnskolar godkjende etter privatskolelova og med rett til økonomisk støtte frå staten (kjelde: Udir/Skoleporten.no). Om lag tre pst. av elevane gjekk på ein privat grunnskole hausten 2013. Når grunnskolar blir lagde ned, ser det ut til at det vanlegaste mønsteret er at elevane flytter til eksisterande offentlege skolar heller enn til nye private skolar. Storleiken på grunnskolane varierer frå berre nokre få elevar til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 6.8 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2005	2013
Færre enn 100 elevar	40	37	36	31
100–299 elevar	42	41	39	40
300 elevar eller meir	19	22	26	29

Kjelde: GSI

Tabellen viser at det er ein tendens til at det blir færre skolar med mindre enn 100 elevar og fleire større skolar. Sju pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 37 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 56 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Sidan skoleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skolar (meir enn 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skolenedleggingar viser at den viktigaste årsaken til at skolar blir lagde ned, er lågt elevtal. Andre viktige faktorar er kommuneøkonomi, og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi er oppgitt som årsak, er dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2013 var det 433 vidaregåande skolar i landet. Av desse var 88 private (kjelde: Udir/Skoleporten.no).

Internasjonale samanlikningar

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal for 2010 frå OECD (Education at a Glance 2013: OECD Indicators). Dersom ein ser på utgiftene per elev, er Noreg eit av landa med dei høgste utgiftene, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Samla utgifter per elev for heile grunnopplæringa i Noreg låg om lag 50 pst. over OECD-snittet. Det er særleg den høge lærartettleiken som forklarar den høge ressursbruken i Noreg, men den delen av arbeidstida til lærarane som blir brukt til undervisning, trekkjer også utgiftene opp, særleg i vidaregåande opplæring. Lønnsnivået til lærarane og talet på undervisningstimar trekkjer ned samanlikna med gjennomsnittet for OECD. Også målt på bakgrunn av landets økonomiske evne (BNP for Fastlands-Noreg per innbyggjar) er ressursbruken i Noreg høgare enn gjennomsnittet for OECD.

7 Ressursar i barnehagesektoren

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om status for og utvikling i ressursbruken i barnehagesektoren. Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren har vakse kraftig i dei seinare åra, og er eit av dei største tenestoområda i kommunane. Samla brutto driftsutgifter til barnehagar i 2013 var om lag 42,8 mrd. kroner, og utgjorde om lag tolv pst. av driftsutgiftene i kommunane.

Første del av kapitlet gir ei oversikt over utviklinga i talet på barn i barnehage, og gir mellom anna informasjon om dekningsgradar for ulike aldersgrupper og om opphaldstid i barne-

hagen. Det neste temaet er barnehagestruktur og ulikskap mellom barnehagar. Vidare er det ein omtale av personalet i barnehagane, den formelle kompetansen deira og utdanning av barnehagelærarar (tidlegare førskolelærarar). Kapitlet inneheld òg informasjon om likestilling, minoritetspråklege barn og tilsette og barn med nedsett funksjonsevne i barnehage. Til sist i kapitlet er det ein omtale av kostnadene i og finansieringa av barnehagane.

Talgrunnlaget er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), KOSTRA (Kommune Stat Rapportering), Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Tal på barn i barnehage	277 139	282 737	286 153	287 177
Auke i talet på barn i barnehage (frå året før)	6 965	5 598	3 416	1 024
Auke i talet på heiltids barnehageplassar (frå året før)	8 357	7 043	5 181	2 697
Dekningsgrad 1–5 år	89,3	89,7	90,1	90,0
Dekningsgrad 1–2 år	78,8	79,5	80,2	79,8
Dekningsgrad 3–5 år	96,5	96,5	96,7	96,6
Dekningsgrad 1 år	70,4	70,9	69,6	68,9
Dekningsgrad 2 år	87,4	88,0	90,5	90,6
Dekningsgrad 3 år	95,1	95,1	95,3	95,3
Dekningsgrad 4 år	97,1	97,2	97,1	96,9
Dekningsgrad 5 år	97,4	97,3	97,6	97,5
Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid per veke	43,1	43,4	43,7	43,9

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2013 gjekk om lag 287 000 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. I 2012 var tilsvarende tal om lag 286 000 barn, og i 2011 om lag 283 000 barn. I tillegg hadde 184 opne barnehagar kapasitet til å ta imot om lag 4 900 barn i 2013. Barn under tre år utgjorde 35 pst. av alle barn i barnehage i 2013 mot 36 pst. i 2012.

Frå utgangen av 2003 og fram til utgangen av 2013 har om lag 82 000 fleire barn fått plass i barnehage. Kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 106 500 nye heiltidsbarnehageplassar i same periode. Som tidlegare år gjekk også ein god del av kapasitetsveksten i barnehagesektoren i 2013 med til å auke opphaldstida til barn som allereie hadde plass i barnehage. I åra 2003–11 vart det i gjennomsnitt etablert 1,3 heiltidsplassar for kvart nye barn som kom i barnehage. I 2012 hadde dette talet auka til 1,5, og i

2013 vart det etablert heile 2,6 nye heiltidsplassar for kvart nye barn i barnehage. Det har dermed vore bygt fleire barnehageplassar enn det har komme nye barn i barnehagen. Dette skyldast i stor grad lengre avtalt opphaldstid i barnehage.

I 2013 hadde 92,1 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen mot 90,3 pst. i 2012, altså avtalt opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 43,7 til 43,9 timar per veke.

Dekningsgraden i 2013 for barn i alderen eitt til fem år var 90,0 pst. mot 90,1 pst. i 2012. Tilsvarende tal for 2003 var 69,1 pst. Dekningsgraden har halde seg stabil frå 2012 i alle aldersgrupper, med størst endring for eittåringane med ein nedgang frå 69,6 pst. i 2012 til 68,9 pst. i 2013. Dette skyldast primært ein nedgang i talet på eittåringar utan rett til plass med barnehageplass.

Tabell 7.2 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Offentlege	147 180	148 822	150 777	149 870
– kommunale	146 051	147 909	149 949	149 097
– fylkeskommunale/statlege	1 129	913	828	773
Private	129 959	133 915	135 376	137 307
– kyrkjelyd/trussamfunn	7 723	7 612	7 551	7 470
– foreldreeigd	33 083	33 169	32 285	31 435
– husmorlag/sanitetsforening	1 151	1 032	907	772
– bedrift	30 724	36 681	39 101	39 086
– pedagogisk/ideologisk org.	8 048	8 109	8 117	8 408
– enkeltpersonar	18 183	18 398	16 801	15 909
– andre	31 047	28 914	30 614	34 227
I alt	277 139	282 737	286 153	287 177

Note: Barn som går i familiebarnehagar, er inkluderte i tabellen. I 2013 gjekk 300 barn i offentlege familiebarnehagar, og 5 358 barn gjekk i private familiebarnehagar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2013 var det 6 296 barnehagar i Noreg inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Om lag 53 pst. av desse var private. Frå 2010 til 2013 har det vore ein reduksjon på 283 barnehagar. Private barnehagar har stått for hovudtyngda av veksten i barnehageplassar i dei siste åra. Unntaket var i 2012, da 57 pst. av veksten i talet på barn i barnehage var i offentlege barnehagar. I 2013 var det ein nedgang i talet på plassar

i offentlege barnehagar, medan det var ein auke i talet på plasser i private barnehagar. Delen barn med barnehageplass i ein privat barnehage har derfor auka. Men offentleg og privat del av barnehagesektoren er framleis relativt jamstore. I 2013 hadde 52 pst. av barna plass i ein offentleg barnehage, medan 48 pst. hadde plass i ein privat barnehage. I 2012 var fordelinga 53 pst. i offentleg barnehage og 47 pst. i privat barnehage.

Barnehagestruktur

Tabell 7.3 Tal på barn i barnehage og tal på barnehagar etter barnehagestorleik, 2011–13

	2011		2012		2013	
	Barn i barnehage	Barnehagar	Barn i barnehage	Barnehagar	Barn i barnehage	Barnehagar
1–25 barn	25 852	2 007	25 216	1 938	24 107	1 835
26–50 barn	67 813	1 826	65 163	1 756	65 832	1 762
51–75 barn	96 927	1 571	97 830	1 593	96 590	1 569
76 barn eller fleire	92 145	936	97 944	986	100 648	1 008
I alt	282 737	6 340	286 153	6 273	287 177	6 174

Note: Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Talet på store barnehagar har gått opp i dei siste åra, og stadig fleire av barnehagebarna går i store barnehagar. I 2013 gjekk 35 pst. av alle barnehagebarn i barnehagar med 76 barn eller fleire, mot 34 pst. i 2012 og 33 pst. i 2011.

Statistikken viser at grunnbemanninga i barnehagane i 2013 på nasjonalt nivå i gjennomsnitt var 6,1 barn per vaksen dersom ein korrigerer for

alder og opphaldstid, og viser ei betring frå 6,2 barn per vaksen i 2012. (Her er ein vaksen målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar.

Det er stor variasjon i barnehagesektoren både på barnehagenivå og på kommunenivå. I tabellen under er dette vist for barn per personale i barnehagen, del av personalet med godkjend utdanning, fagbrev og relevant utdanning og areal per barn.

Tabell 7.4 Ulikskap i barnehagesektoren i 2013

	Barnehagar		Totalt for alle barn i barnehage		Kommunar	
	Sterkaste 10 pst.	Svakaste 10 pst.	Sterkaste 10 pst.	Svakaste 10 pst.	Sterkaste 10 pst.	Svakaste 10 pst.
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per pedagogisk leiar (årsverk)	12,0	18,3	12,9	18,1	11,7	17,6
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per basispersonale (årsverk)	5,1	6,8	5,5	6,8	4,7	6,4
Barn (korrigert for alder og opphaldstid) per barnehagelærer	7,6	18,4	8,6	19,3	8,0	16,6
Pedagogiske leiarar med godkjend utdanning (pst.)	100	50	100	58,3	100	56,2
Assistentar med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar (pst.)	58,8	0	57,1	0	56,9	12,8
Basispersonale med relevant utdanning (pst.)	78,9	33,3	77,4	35,0	76,0	42,7
Areal (kvm) per barn	6,0	3,2	6,9	4,3	8,2	3,7

Note: Basispersonale er pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje kategorien tospråklege assistentar).

Kjelde: KOSTRA-tall, Utdanningsdirektoratet

Tabellen illustrerer at det er stor skilnad i strukturkvalitet mellom barnehagane. I dei ti pst. barnehagane med høgast bemanning er det mindre enn 12,0 barn per pedagogiske leiar, 5,1 barn per basispersonale og 7,6 barn per barnehagelærar. I dei ti pst. barnehagane med lågast bemanning er det meir enn 18,3 barn per pedagogisk leiar, 6,8 barn per basispersonale og 18,4 barn per barnehagelærar. Tala for dei ti pst. av barna som går i dei barnehagane med høgast bemanning, er noe høgre.

I dei ti pst. barnehagane med best kvalifisert personale har alle dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning, over 58,8 pst. av assistentane har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar, og minst 78,9 pst. av basispersonalet har relevant utdanning. I dei ti pst. barnehagane med dårlegast kvalifisert personale har mindre enn 50 pst. av dei pedagogiske leiarane godkjend utdanning, ingen av assistentane har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar, og mindre enn 33,3 pst. av basispersonalet har relevant utdanning. Relevant utdanning er her enten barnehagelærarutdanning, anna pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk eller fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. For dei ti pst. barna som går i dei barnehagane med best kvalifisert personale, er det ein mindre del av assistentane som har fagbrev, og basispersonale med relevant utdanning enn i dei ti pst. beste barnehagane. Samstundes er det fleire assistentar med fagbrev og pedagogiske leiarar med godkjend utdanning for dei ti pst. av barna som går i dei barnehagane med minst kvalifisert personale, enn det er i dei ti pst. barnehagane med minst kvalifisert

personale. Det er altså mindre ulikskap på barnenivå enn på barnehagenivå.

I dei ti pst. barnehagane med mest plass per barn er det minst 6,0 kvadratmeter per barn, mens det er mindre enn 3,2 kvadratmeter per barn i dei ti pst. barnehagane med minst plass per barn. Dei ti pst. barna som har mest areal, har meir enn 6,9 kvadratmeter kvar, mens dei ti pst. barna som har minst areal, har mindre enn 4,3 kvadratmeter kvar.

Ulikskapen mellom dei ti pst. kommunane med best bemanning og mest areal per barn og dei ti pst. kommunane med dårlegast bemanning og minst areal per barn er også stor, men noko mindre enn på barnehage- og barnenivå.

Personalet i barnehagen

Barnehagar med kompetente tilsette er ein føresetnad for å kunne gi alle barn eit godt pedagogisk tilbod. Dette ligg til grunn for regjeringas kompetansesatsing og kompetansestrategien *Kompetanse for framtidens barnehage*. KOSTRA-tal viser at talet på styrarar og pedagogiske leiarar med godkjend pedagogisk utdanning, det vil seie barnehagelærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning med tilleggstudanning i barnehagepedagogikk, auka med 1 103 personar frå 2012 til 2013.

Delen pedagogiske leiarar og styrarar med godkjend utdanning er ikkje lik over heile landet. Mange stader er det tilstrekkeleg godt kvalifisert pedagogisk personale i barnehagane. Oslo, Akershus og Rogaland er dei fylka som har størst vanskar med å rekruttere nok pedagogar.

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2011–13

	2011	2012	2013
Tal på tilsette	88 823	91 239	93 573
Tal på årsverk	71 588	73 233	74 373
Tal på tilsette som arbeider med barn (utan merkantilt, administrativt personale m.m.)	81 743	83 480	84 044
Tal på barn per årsverk korrigererte for alder og opphaldstid	6,2	6,2	6,1
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	31 022	32 198	32 853
Styrarar med dispensasjon frå utdanningskravet	190	164	141
– i pst. av styrarar	2,8	2,4	2,1
Pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet	3 878	3 869	3 448
– i pst. av pedagogiske leiarar	15,9	15,2	13,2
Tilsette med pedagogisk utdanning	32 211	34 083	35 231
– i pst. av dei tilsette som arbeider med barn	39,4	40,8	41,9
Tilsette med barnehagelæruddanning	28 761	30 388	31 541
– i pst. av dei tilsette som arbeider med barn	35,2	36,4	37,5
Tilsette med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	10 934	11 697	12 279
– i pst. av dei tilsette som arbeider med barn	13,4	14,0	14,6

Note: Tilsette som arbeider med barn, inkluderer alle tilsette unnateke adm./merkantilt personale og anna lønna hjelp (vaktmeister, reingjeringspersonale etc.).

Kjelde: Kunnskapsdepartementet og Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2013 var det om lag 93 500 tilsette som utførte litt over 74 000 årsverk i barnehagane. Dette er ein auke på 1 140 årsverk frå året før. Om lag 84 000 av dei tilsette arbeider med barna, og nær 33 000 av desse var styrarar og pedagogiske leiarar. Delen styrarar og pedago-

giske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har gått ned frå 2,4 pst. av styrarane og 15,2 pst. av dei pedagogiske leiarane i 2012, til 2,1 pst. av styrarane og 13,2 pst. av dei pedagogiske leiarane i 2013. Delen av dei tilsette med relevant kompetanse har auka i perioden 2011–13.

Tabell 7.6 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet, 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Opptak til førskole-/barnehagelærerutdanning	2 704	2 553	2 940	2 859
– av dette menn	423	425	542	549
– del menn (i pst.)	15,6	16,6	18,4	19,2
Uteksaminerte førskole-/barnehagelærarar	1 679	1 752	1 833	2 076
– av dette menn	168	159	218	224
– del menn (i pst.)	10,0	9,1	11,9	10,8

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Talet på studentar som vart tekne opp til den tidlegare førskole- og den nåverande barnehagelærerutdanninga, auka frå 2 704 i 2010 til 2 859 i 2013. Talet på ferdig uteksaminerte førskole- og barnehagelærarar auka frå 1 679 til 2 076 i same tidsrom. Delen menn som vart tekne opp, har auka jamt, mens delen menn som blir uteksaminerte, har variert. Mogleghetene for førskole- og barnehagelærarstudium har samtidig vorte meir mangfaldige og tilgjengelege, med studieplassar fordelte på både ordinær barnehagelærerutdanning,

arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning, vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid for barnehagelærarar og vidareutdanning i barneha-gepedagogikk for pedagogar med minst tre års høgre utdanning.

Likestilling

For meir omtale av likestilling og arbeid mot diskriminering, sjå kap. 8.

Tabell 7.7 Menn i barnehagane, 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Menn tilsette i basisverksemd	6 106	6 238	6 429	6 621
– i pst. av tilsette i basisverksemd	8,3	8,3	8,5	8,7
Mannlege styrarar og pedagogiske leiarar	2 030	2 110	2 272	2 410
Mannlege assistentar	4 076	4 128	4 157	4 211

Note: Assistentar inkluderer ikkje tospråklege assistentar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Tal frå SSB viser at av alle tilsette i basisverksemda i barnehagen i 2013 var om lag 8,7 pst. menn, totalt om lag 6 600 personar. Dette omfattar styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje kategorien tospråklege assistentar). Frå 2012 til 2013 har talet på menn i basisverksemda auka med 192 personar, det vil seie ein auke på om lag tre pst.

15,6 pst. av barnehagane hadde minst 20 pst. menn tilsette i basisverksemda i 2013. Dette er ein auke frå 14,9 pst. i 2012.

Minoritetsspråklege barn og tilsette i barnehage

Talet på minoritetsspråklege barn i barnehage har auka frå 34 363 i 2012 til 37 894 i 2013. Av dei minoritetsspråklege barna var det om lag 13 300 barn som fekk tilbod om særskild språkstimulering. Dette er ein auke på om lag 900 barn frå 2012. Delen minoritetsspråklege barn som fekk tilbod om særskild språkstimulering, minka derfor frå 36,1 pst. i 2012 til 35,2 pst. i 2013.

Tabell 7.8 Minoritetsspråklege barn i barnehage, alder 0–6 år og del med tilbod om særskild språkstimulering 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Tal på minoritetsspråklege 0–6-åringar i barnehage	27 455	30 508	34 363	37 894
– i pst. av alle barn i barnehage	9,9	10,8	12,0	13,2
Tal på minoritetsspråklege med tilbod om særskild språkstimulering	9 590	10 735	12 391	13 329
– i pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage	34,9	35,2	36,1	35,2

Note: Minoritetsspråklege barn blir her definerte som barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

I 2013 gjekk 76,8 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage. Det er ein auke på 1,8 prosentpoeng frå 2012. I 2013 gjekk 95,3 pst. av minoritetsspråklege femåringar i barnehage. Dette er ein nedgang på 1,6 prosent-

poeng frå 2012. I aldersgruppene 1–4 år har det vore ein auke i dekningsgraden frå 2012 til 2013.

Staten gir eit øymerkt tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealderen, jf. kap. 231 post 63.

Tabell 7.9 Dekningsgrad for minoritetsspråklege i barnehagen 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1–5-åringar	71,7	73,0	75,0	76,8
Dekningsgrad minoritetsspråklege 1-åringar	34,5	36,8	36,5	39,5
Dekningsgrad minoritetsspråklege 2-åringar	56,8	59,4	68,2	72,3
Dekningsgrad minoritetsspråklege 3-åringar	84,1	83,7	85,5	86,0
Dekningsgrad minoritetsspråklege 4-åringar	93,0	94,5	92,0	93,5
Dekningsgrad minoritetsspråklege 5-åringar	94,7	96,4	96,9	95,3

Note: Minoritetsspråklege barn blir her definerte som barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Barnehagar er eit viktig pedagogisk tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Barn med nedsett funksjonsevne skal derfor ha prioritet ved opptak. I 2013 var det 14 640 barn med nedsett funksjons-

evne og særskilde behov i barnehagen, og av desse fekk om lag 8 000 barn ekstra ressursar. Av dei 8 000 fekk 6 959 barn under opplæringspliktig alder spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova. Dette tilsvarer om lag 2,4 pst. av alle barn som går i barnehagen.

Tabell 7.10 Barn med nedsett funksjonsevne i barnehage 2010–13

	2010	2011	2012	2013
Barn med nedsett funksjonsevne og særskilde behov i barnehagen	15 122	14 948	14 917	14 640
Barn med nedsett funksjonsevne og særskilde behov som fekk ekstra ressursar	8 736	8 230	8 398	7 966
Barn som fekk spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova	6 213	6 482	6 577	6 959
– i pst. av alle barn i barnehage	2,2	2,3	2,3	2,4

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Tabellane nedanfor viser brutto og netto driftsutgifter til barnehage, korrigerte driftsutgifter per barn og per opphaldstime for kommunale barne-

hagar og kor stor del av drifta av dei kommunale barnehagane som er finansiert av det offentlege og med foreldrebetaling. 85,9 pst. av drifta var i 2013 finansiert av det offentlege. Dette er ein liten auke frå 85,6 pst. i 2012 og 85,1 pst. i 2011.

Tabell 7.11 Totale driftsutgifter 2011–13

	2011	2012	2013
Brutto driftsutgifter (millionar kroner)	38 546	41 176	42 820
Netto driftsutgifter (millionar kroner)	33 725	36 162	37 893

Note: Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.12 Driftsutgifter per barn og per opphaldstime i kommunale barnehagar 2011–13

	2011	2012	2013
Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage	152 536	160 136	167 142
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigerte opphaldstime	51	53	55

Note: Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.13 Finansiering av kommunale barnehagar 2011–13

	2011	2012	2013
Del av driftsmidlar finansiert gjennom foreldrebetaling (i pst. av totale driftsmidlar)	14,9	14,3	14,1
Del av driftsmidlar finansiert av det offentlege (i pst. av totale driftsmidlar)	85,1	85,6	85,9

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Tabellen nedanfor viser at foreldrebetalinga er redusert for alle inntektsgrupper etter innføring av maksimalprisen. Tabellen viser betalinga i nominelle prisar, så det har vore ein større reduksjon i reell foreldrebetaling. Reduksjonen i

foreldrebetalinga har vore større for hushald med høg inntekt enn for hushald med låg inntekt. I 2014 er maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage 2 405 kroner per måned.

Tabell 7.14 Gjennomsnittlege månadssatsar i kroner (vekta) for foreldrebetaling etter bruttoinntekt, barn over tre år med fulltidsopphald i kommunale barnehagar, 2003–14

Bruttoinntekt	250 000	375 000	500 000
Januar 2003	2 579	3 008	3 097
Januar 2004	2 360	2 731	2 805
Januar 2005	2 356	2 691	2 741
Januar 2006	2 010	2 199	2 257
Januar 2007	2 017	2 235	2 289
Januar 2008	2 114	2 265	2 296
Januar 2009	2 060	2 208	2 261
Januar 2010	2 077	2 218	2 263
Januar 2011	2 106	2 237	2 277
Januar 2012	2 145	2 262	2 297
Januar 2013	2 125	2 258	2 298
Januar 2014	2 187	2 296	2 366

Note: Kostpengar og tilleggsutgifter er ekskluderte. Løpande nominelle prisar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå: «Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar, januar 2014», Rapportar 2014/24

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Arbeidet med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig holdningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skolen og må liggje til grunn i universitets- og høgskoleinstitusjonane og i forskinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion.

Barnehagen

Formålsparagrafen i barnehagelova slår mellom anna fast at barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. I dette ligg det at barnehagen skal vere ein inkluderande arena for alle barn.

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen har grundig omtale av verdigrunnlaget for barnehagen. For å støtte arbeidet med rammeplanen i barnehagen har departementet utarbeidd eigne temahefte, mellom anna om barn med nedsett funksjonsevne, om samiske barn, om språkleg og kulturelt mangfald og om likestilling. Målet er at hefta skal formidle kunnskap og erfaringar som grunnlag for refleksjon og praksis for dei tilsette i barnehagen. Eitt av fagområda i rammeplanen er etikk, religion og filosofi. Gjennom arbeidet med dette skal barnehagen mellom anna bidra til at barna utviklar toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til den einskilde, uavhengig av kva for kultur, religion eller livssyn barnet høyrer til.

Likestilling mellom kjønna skal speglast av i pedagogikken, og gutar og jenter skal bli oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar til og samfunnet sine forventningar til gutar og jenter.

Barn treng både mannlege og kvinnelege rollemodellar. Ein betre kjønnsbalanse i barnehagen er også viktig for å kunne sikre personale med variert kompetanse. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at delen menn av dei tilsette i barnehagen som arbeider med barna, er om lag den same i 2013 (8,4 pst.) som i 2012 (8,2 pst.). Dette omfattar om lag 7 100 mannlege tilsette i 2013, mot om

lag 6 900 mannlege tilsette i 2012. Dersom vi berre ser på tilsette i basisverksemda, altså styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar (ikkje kategorien tospråklege assistentar), utgjorde menn i 2013 om lag 6 600 personar eller 8,7 pst. mot om lag 6 400 eller 8,5 pst. i 2012.

I 2013 hadde 49 pst. av barnehagane minst éin mannleg tilsett i basisverksemda mot 47 pst. i 2012. I 2013 hadde 15,6 pst. av barnehagane minst 20 pst. menn av dei tilsette i basisverksemda mot 14,9 pst. av barnehagane i 2012.

I 2013 utgjorde menn 14,4 pst. av dei totalt 7 718 registrerte studentane på barnehagelærerutdanninga, mot 14,0 pst. av totalt 7 678 registrerte studentar i 2012. Våren 2013 fullførte 2 076 studentar barnehagelærerutdanninga, og av dette var 224 menn, noko som tilsvarer 10,8 pst., mot 11,9 pst. våren 2012. Hausten 2013 starta 549 mannlege og 2 310 kvinnelege studentar på barnehagelærerutdanninga, så menn utgjorde 19,2 pst. mot 18,4 pst. hausten 2012. Delen mannlege søkjarar med barnehagelærerutdanninga som førsteval har gått opp frå 17,4 pst. i 2013 til 18,0 pst. for 2014.

Dronning Mauds Minne Høgskole (DMMH) har ansvaret for å drifte nettstaden mennibarnehagen.no. Intensjonen er at nettstaden skal vere ein arena for informasjon og deling av erfaringar.

Likestillingssenteret har i perioden 2011–13 gjennomført eit kompetansehevingsprosjekt ved å tilby kurs i praktisk likestillingsarbeid for tilsette i barnehager over heile landet, og meir enn tusen personar har delteke. Likestillingssenterets sluttrapport ligg på nettstaden www.likestillingssenteret.no.

I oppfølginga av den førre regjeringas handlingsplan *Likestilling 2014 – Regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønnene* skal NIFU på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet gjennomføre ei statusundersøking om likestilling i barnehagane. Sluttrapporten skal liggje føre i desember 2014. I ei tilsvarande undersøking frå 2010 går det mellom anna fram at likestilling er eit tema som tilsette har medvit rundt, men at det ikkje gjennomsyrrer alle områda i barnehagen. Vidare gjekk det fram at den enkelte barnehage i liten grad blir påverka av nasjonale

planar. Det vil bli interessant å sjå om ein merkar positive endringar i den enkelte barnehage etter fleire år med vekt på likestilling frå statleg hald.

I oppfølginga av handlingsplanen har Fylkesmannen oppretta likestillingsteam i alle fylke for å føre vidare arbeidet med både å rekruttere menn og halde på mannlege tilsette, og for å fremme likestilling mellom gutar og jenter i barnehagane. Likestillingsteama bidrar til å ha merksemd på likestilling i alle fylka i landet.

For foreldre til barn med nedsett funksjonsevne representerer barnehagen avlastning, tryggleik og støtte. For desse barna er barnehagen ein viktig arena for utvikling og samvær med andre barn. Sjølv om alle barn har rett til barnehageplass, har barn med nedsett funksjonsevne prioritet ved opptak i barnehage. I 2013 hadde om lag 14 600 barn i barnehage nedsett funksjonsevne eller særskilde behov, noko som tilsvarer 5,1 pst. av alle barn i barnehage. Det vart gitt ekstra ressursar til om lag 8 000 barn, det vil seie 2,8 pst. av alle barn i barnehage. I 2012 var det om lag 14 900 barn med nedsett funksjonsevne eller særskilde behov, det vil seie 5,2 pst., i barnehage, og det vart gitt ekstra ressursar til om lag 8 400 barn eller 2,9 pst.

Grunnopplæringa

Søkjelys på utradisjonelle utdanningsval

Å jamne ut skilnadene i val av utdanning allereie på vidaregåande nivå er viktig for å oppnå ei vidare økonomisk likestilling. Skeiv kjønnsbalanse i utdanning og arbeidsliv gjer at vi ikkje drar full nytte av talenta og ressursane til baa kjønn. Det er presisert i forskrift at den einskilde eleven skal ha hjelp til å utvikle seg og utnytte evnene sine utan omsyn til tradisjonelle kjønnsroller. Rapportar frå SINTEF og NIFU har vist at verken rådgivarar eller skolar gir nok merksemd til moglegheitene for utradisjonelle utdanningsval.

Utdanningsdirektoratet gjennomfører på vegner av departementet eit prosjekt for å heve kompetansen til rådgivarar i skolen med vekt på kjønnsutradisjonelle utdannings- og yrkesval og behova til elevar med innvandrarbakgrunn.

I samanheng med at Utdanningsdirektoratet er i gang med å gjennomgå læreplanane i faga utdanningsval og arbeidslivsfag, har departementet bedt om at rettleiarane til desse læreplanane også omfattar temaet utradisjonelle fagval. Departementet vil også vurdere kompetanseutvikling for lærarar og rådgivarar i faga arbeidslivsfag og utdanningsval. Både den nye læreplanen i samfunnsfag og det nye valfaget på ungdomstrinnet,

demokrati i praksis, har omtale av arbeidet med kjønnslikestilling.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har produksjonsselskapet Snøball laga fire kortfilmjar om kjønnslikestilling som er lagde ut på nettsida minstemme.no. På minstemme.no finn ein også anna materiale om likestilling tilpassa barnehagen og ulike kompetansemål i grunnopplæringa.

Seksualundervisning m.m. i skolen

Mange lærarar ønskjer hjelp utanfrå i arbeidet med tema som seksualundervisning, krenkingar, vald knytt til seksualitet, og liknande. Derfor er det stor interesse for prosjekt som til dømes *Uke Sex og Rosa kompetanse skole*. Materialet frå prosjekta kan nyttast av skolar, skolehelsetenesta, helsestasjonar for ungdom og andre som underviser barn og unge.

Læreplanane, mellom anna i samfunnsfag, har frå skoleåret 2013–14 fått kompetansemål som fremmer elevane sine holdningar mot vald, krenkingar, vald knytt til seksualitet og vald i nære relasjonar.

Barn og unge med særskilde behov

Kunnskapsdepartementet vil i 2015 arbeide for å sikre tidleg innsats og gode læringsmiljø for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Det overordna målet er å medverke til at skolar møter det mangfaldet av føresetnader og evner elevane har, gjennom tilpassa opplæring, og å førebyggje vanskar gjennom gode læringsmiljø. Elevar som ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, skal sikrast dette gjennom spesialundervisning av god kvalitet.

Departementet vil framleis ha merksemd retta mot talet på elevar som får spesialundervisning. I skoleåret 2013–14 hadde 8,3 pst. av elevane i grunnopplæringa vedtak om spesialundervisning. Dette er ein liten nedgang frå skoleåret 2011–12 og 2012–13, da talet var 8,6 pst. 67,9 pst. av dei som får spesialundervisning, er gutar. I skoleåret 2012–13 var talet 67,7 pst

Statped er eit viktig verkemiddel i dette arbeidet. I 2015 vil Statped vidareutvikle spisskompetansen og sikre fleirfagleg tenesteyting. For å styrkje og utvikle feltet knytt til barn, elevar og vaksne med særskilde behov er det nødvendig ytterlegare å informere, støtte og rettleie om ulike område på dette feltet. Dette skal gjerast gjennom vidareutvikling av rettleiingar, informasjon, fagsamlingar og ressursmateriale. Målgrupper for

desse tiltaka er pedagogisk personell, skoleleiarar, den pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta) og skoleeigarar.

Departementet vil i 2015 føre vidare *Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PP-tenesta (2013–2018)*, som skal føre til at PP-tenesta arbeider meir systemretta, og er tettare innpå barnehagar og skolar gjennom å setje søkjelyset på tidleg innsats og førebyggjande arbeid.

Minoritetsspråklege barn, unge og vaksne

Kunnskapsdepartementet følgjer opp arbeidet med Meld. St. 6 (2012–2013) *En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap* frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Meldinga støtta seg mellom anna til NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring*. Ho inneheld tiltak retta mot heile utdanningsløpet for å sikre at alle barn, unge og vaksne skal få eit godt utbytte av opplæringa. I perioden 2013–17 vil regjeringa bruke om lag 30 mill. kroner årleg på eit kompetanselyft for å styrkje fleirkulturell kompetanse i heile utdanningssektoren. Sentrale tema i satsinga er fleirkulturell pedagogikk, fleirspråklegheit, andrespråkspedagogikk og vaksenpedagogikk.

Departementet gjennomfører eit prosjekt for å heve kompetansen til rådgivarane i skolen med vekt på kjønnslikestilling og behova til elevar med innvandrarbakgrunn. Departementet har også arbeidd med å rekruttere fleire menn og fleire personar med innvandrarbakgrunn til lærarutdanningane.

Elevar med kort butid i Noreg og lite skolebakgrunn møter særskilde utfordringar. I 2012 lovfesta departementet bruk av innføringstilbod for nykomne elevar. Det er også utarbeidd ei rettleiing med relevant regelverk og gode døme på bruk av innføringstilbod. Bruken av innføringstilbod blir evaluert slik at departementet kan få meir kunnskap om kva for slags innhald og organisering av tilboda som verkar best. Evalueringa går ut 2015. Tilskott til verksemder som tek inn lærlingar med særskilde behov, er auka og utvida til å inkludere dei med svake norskdugleikar og kort butid i Noreg, for at fleire skal få moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring. Det er fastsett ein førebels læreplan i norsk for elevar i vidaregåande opplæring med kort butid i Noreg.

Stortinget har i Innst. 223 L (2013–2014) *om endringer i opplæringslova, privatskolelova og folkehøgskoleloven (leksehjelp m.m.)* vedteke å innføre ein rett til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom som er over opplæringspliktig alder, men under 18 år, og som

søker om opphaldsløyve. Retten gjeld frå hausten 2014.

Det har vore ei svak betring av talet på elevar som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem år, blant elevar med norsk bakgrunn. Det har også vore ei svak betring blant elevar som sjølve har innvandra, sjølv om desse elevane framleis gjer det vesentleg svakare enn andre elevar. Det har vore ei svak nedgang i gjennomføringstala når ein ser på norskfødde elevar med innvandrarforeldre. Det er gutane som står for nedgangen.

I 2013 er ein av ti innvandrarar i alderen 16–25 år verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Tala er litt lågare for norskfødde med innvandrarforeldre, knapt åtte pst. Sju pst. av unge med norsk bakgrunn i alderen 16–25 år er verken i utdanning, arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Det har her vore ei negativ utvikling i dei siste tre åra.

Alderen når ein kjem til landet, har stor betydning for om ein innvandrar klarer å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Ei kartlegging Rambøll har gjort av innføringstilbod for nykomne elevar, syner at desse i mange tilfelle har særskilde utfordringar. Dei skal både lære seg eit nytt språk og ta igjen tapt skolegang i løpet av kort tid. Jentene klarer seg betre enn gutane uansett alder ved innvandring. Det har vore ei svak negativ utvikling i gjennomføringstala i dei siste tre åra for innvandrarar med kort butid, og det er særleg gutane som påverkar denne utviklinga.

Arbeid mot antisemittisme og rasisme

Noreg er eit fleirkulturelt og samansett samfunn, og skolen er ein viktig møteplass der elevar med ulik bakgrunn kan bli kjende med og få tillit til kvarandre. Departementet er oppteke av at skolen har eit stort ansvar for å arbeide systematisk mot rasisme og antisemittisme. Kunnskapsrike lærarar som kan utnytte dei moglegheitene som ligg i læreplanane, er avgjerande.

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret), Det internasjonale Wergelandsenteret og Institutt for lærerutdanning og skoleforskning (ILS) ved Universitetet i Oslo har fått i oppdrag å utvikle *Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme*. Dembra er eit opplegg for etterutdanning av lærarar og skoleleiarar kring temaa antisemittisme, rasisme og handtering av konflikter i skolen. Grunntanken bak Dembra er at kunnskap og kritisk tenking nyanserer og bryt opp stereotypiar og fastlåste forestillingar om andre kulturar. Det viktigaste middelet skolen har mot eksklude-

rande holdningar og trakassering, er derfor arbeidet med å skape ein demokratisk kultur grunna på inkludering, rom for deltaking, kunnskap og kritisk tenking. Prosjektperioden for Dembra er 2012–15.

I tillegg har Kunnskapsdepartementet gitt midlar til å opprette ei stilling ved HL-senteret frå hausten 2013. Stillinga skal bidra til undervisning om og forskning på antisemittisme. Kunnskapsdepartementet vil også oppfordre skolane til å markere holocaustdagen 27. januar.

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd og publisert informasjonsmateriell for tilsette i barnehagar og skolar om dei fem nasjonale minoritetane i Noreg: kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom (sigøynarar) og romanifolk/tatarar. Materiellet er mynta på tilsette i skolar og barnehagar og vart publisert til skolestart hausten 2014. Organisasjonane for minoritetane har vore involverte i arbeidet. Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) har òg i samarbeid med minoritetane og enkelte musé utarbeidd innhaldet til ein nettressurs om dei nasjonale minoritetane som skal liggje på minstemme.no. Nettressursen inneheld materiell om alle dei fem nasjonale minoritetane og gir forslag til opplegg til bruk i barnehagen og forslag til undervisningsopplegg frå 1. til 7. trinn.

Vaksne i grunnopplæringa

I skoleåret 2013–14 var det i underkant av 10 000 vaksne i grunnskoleopplæring, og om lag 50 pst. av desse var kvinner. 91 pst. av dei som deltok i ordinær grunnskoleopplæring, var minoritetspråklege (GSI).

I vidaregåande opplæring var det 20 242 vaksne deltakarar i skoleåret 2012–13. Desse deltakarane omfattar lærlingar, lære kandidat, praksiskandidat og deltakarar i skole (Utdannings-speilet 2014). Det er ikkje oppdaterte tal for delen vaksne kvinner og delen minoritetspråklege i vidaregåande opplæring.


Forskning og høgre utdanning

Likestilling mellom kjønna

I 2013 var 60 pst. av studentane kvinner. Utdanningsvala til norske studentar er sterkt kjønnsdelte. I helse- og sosialfaga er delen menn om lag 20 pst. Delen menn er låg i lærarutdanningane. Det gjeld særleg grunnskolelærarutdanninga for 1.–7. trinn og barnehagelærarutdanninga. Her er delen menn høvesvis 15 pst. og 16 pst. Matematiske, naturvitskaplege og teknologiske (MNT) fag har ein høg del menn. I 2013 var 32 pst. av studentane innanfor naturvitskaplege og teknologiske fag kvinner.


Det er viktig å leggje til rette for gode val. Det blir derfor arbeidd aktivt med rekruttering til sentrale utdanningar, slik som lærarutdanning og utdanning innanfor MNT-fag. Det er arbeidslivet som har dei viktigaste verkemidla, og som må gi attraktive moglegheiter, slik som karriere, lønn, sjølvrealisering og utvikling, for både kvinner og menn.

Stortinget slutta seg i juni 2013 til Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*, der det blir lagt vekt på at ein reell kjønnsbalanse inneber at kvinner og menn er like godt representerte i forskning, også i toppstillingar. Dette handlar hovudsakleg om at samfunnet treng breidde i kompetanse og faglege perspektiv, noko som igjen kan bidra til kreativitet og auka kvalitet i forskinga. Samtidig er rettferdig handsaming av personale, uavhengig av kjønn, ein viktig verdi. For at norsk forskning og utdanning skal bli best mogleg, må forskings- og utdanningssektoren lykkast med å rekruttere talent av begge kjønn, og ikkje minst må dei lykkast med å gi begge kjønn gode moglegheiter til utvikling. Rekrutteringa av kvinner til forskning er jamt over god. Det er likevel utfordringar knytte til store skilnader mellom fagområde og mellom sektorar, jf. figur 8.1. Kvinner er framleis sterkt underrepresenterte i toppstillingar på universitet og høgskolar, men utviklinga har vore god i dei siste ti åra, og delen kvinner blant dei nyttilsette professorane har ligge mellom 30 pst. og 36 pst.




Figur 8.1 Kvinner i professorstilling per fagområde 2001–12 (i prosent av talet på personar)

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)



Figur 8.2 Prosentdelen kvinner blant forskarpersonale i Noreg etter sektor 1999–2011

Kjelde: SSB/NIFU, FoU-statistikk



Figur 8.3 Prosentdelen kvinner i ulike faglege stillingskategoriar ved universitet og høgskolar 2004–13

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

I 2013 var delen kvinnelege professorar 25,2 pst., ein auke på dryge eitt prosentpoeng frå året før. Det er særleg låg kvinnedel innanfor teknologi, elleve pst., og innanfor matematisk-naturvitenskaplege fag, 17 pst. Kvinnedelen blant professorane vil venteleg halde fram med å auke, mellom anna fordi kvinnedelen i stillingsgruppa under, førsteamanuensane, er over 41 pst. og aukande. Opprykksordninga gjer det mogleg for førsteamanuensar som er kvalifiserte for professorat, å søkje opprykk. Sett under eitt aukar delen kvinner i alle dei mest sentrale faglege stillingane over tid. Kvinnedelen blant stipendiatane ved universitet og høgskolar er samla sett på 47 pst., men delen kvinner som tek doktorgrad, ligg lågare enn dette, og delen kvinner varierer frå 58,4 pst. i medisin til 23,3 pst. i teknologi.

Departementet sette i 2010 i verk ei treårig prøveordning med insentiv for å auke kvinnedelen i høgre vitenskaplege stillingar i MNT-fag. Ordninga vart evaluert av Proba samfunnsanalyse våren 2013. Evalueringa konkluderte med at ordninga ikkje hadde hatt ønskt verknad, og i tråd med konklusjonen i evalueringsrapporten beslutta Kunnskapsdepartementet å avslutte ordninga. Dei siste

utbetalingane for tilsetjingar i 2012 var i 2014. Sjå omtale under kap. 281 post 01.

Det er viktig at universiteta og høgskolane arbeider aktivt med tiltak for å oppnå auka likestilling. Kunnskapsdepartementet krev at universiteta og høgskolane utarbeider handlingsplanar for likestilling, mellom anna for å betre arbeidsvilkåra og for å setje i verk tiltak for å auke delen kvinner i førstestillingar. Departementet tek opp likestilling i styringsdialogen med universitet og høgskolar.

I 2007 oppretta departementet ein likestillingspris for å premiere dei beste handlingsplanane og stimulere sektoren til målretta likestillingsarbeid. Forskingsinstituttet Simula Research Laboratory vart tildelt prisen for 2013. Etter ei samla vurdering blir det foreslått å ikkje føre vidare likestillingsprisen frå 2014.

Regjeringa har ført vidare Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif) og perioden 2014–17. Mandatet for komiteen er utvida til òg å omfatte mangfald, fordi argumenta som gjeld for betre kjønnsbalanse, også gjeld for større mangfald i forskinga generelt. Den nye komiteen har fått namnet Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning og er styrkt med fleire medlemmer.

Komiteen skal føre vidare arbeidet for å fremme likestilling mellom kjønna ved universiteta, høyskolane og forskingsinstitutta. Komiteen støttar institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i eiga verksemd, og kjem med framlegg om tiltak som kan betre kjønnsbalansen i fagmiljøa. Komiteen skal òg medverke til større medvit om den skeive balansen mellom kjønna i akademia og forskningssystemet. I denne perioden skal komiteen ha merksemd på kjønn og etnisitet. Komiteen får tilskott frå Kunnskapsdepartementet. Sjå omtale under kap. 281 post 70.

Tiltak for likestilling i Noregs forskingsråd

Forskningsrådet arbeider for å integrere kjønnsperspektivet i all forskning organisasjonen finansierer. Det finst biologiske og sosiale kjønnsforskjellar, og desse må all god forskning ta omsyn til. Alle søknader til Forskningsrådet skal vurderast opp mot kriteriet om kjønnsperspektiv i forskinga, rekruttering av kvinner til høgre stillingsnivå generelt og MNT-fag spesielt, samt kjønnsbalanse i prosjektet. Alle utlysingstekstar skal ha med ei formulering om moderat kjønnskvolter: «I søknader med elles lik fagleg kvalitet og relevans skal prosjekt med kvinneleg prosjektleiar prioriterast.»

Hovudstyret i Forskningsrådet vedtok i 2013 ein ny *Policy for kjønnsbalanse og kjønnsperspektiver i forskning og innovasjon*, som gjeld for perioden 2013–17. Den skeive rekrutteringa fram mot toppnivået er eit gjennomgåande bilete for alle fagområda. Policyen peiker på særlege utfordringar i verkemiddel for næringsliv, internasjonalisering og eksellens. Det er sett eit mål om minst 40 pst. kvinner blant prosjektleiarar i nye prosjekt innan utgangen av 2017. Forskningsrådet har ei jamn stigning i delen kvinner blant prosjektleiarane. I 2013 var 31,2 pst. av alle prosjektleiarar på reelle forskingsprosjekt (prosjektstøtte, institusjonsstøtte og personleg stipend) kvinner. Dette er ein auke på drygt to prosentpoeng frå 2012.

Delen kvinner blant doktorar og postdoktorar som er finansiert av midlar frå Forskningsrådet, har vore stabil i dei seinare åra, og ligg på 43–45 pst. for ph.d.-stipendiatar og 40–42 pst. for postdoktorar. Delen kvinner er særleg høg innanfor humaniora, medisin og helsefag og landsbruks- og fiskerifag (62–69 pst.).

Kjønnsbalanse i faglege toppstillingar og forskingsleiing (BALANSE) er etablert som eit program i Forskningsrådet frå 2013. Hovudmålet er å betre kjønnsbalansen på seniornivå i norsk forskning gjennom ny kunnskap, læring og innovative tiltak. Programmet hadde først utlysing i 2013.

16 mill. kroner vart tildelte fire institusjonar: tre forskingsinstitutt og eitt universitet i samarbeid med fleire regionale aktørar. Det var stor interesse for utlysinga, og det kom inn dobbelt så mange søknader som forventa. BALANSE er i første omgang etablert for ein periode på fem år (2013–17).

Forskningsrådet deltek i nasjonale og internasjonale nettverk for å styrke kjønnsdimensjonen i forskning. I 2013 vart det etablert eit policyretta ERA-NET kalla GENDER-NET. GENDER-NET består av tolv partnerar frå elleve land og har ein funksjonsperiode på tre år. Forskningsrådet deltek frå Noreg på basis av blant anna BALANSE-programmet.

Tiltak mot diskriminering

Alle skal ha same rettar og moglegheiter til å ta høgre utdanning. I lov om universitet og høyskolar blir det understreka at styra ved institusjonane skal sørge for eit godt læringsmiljø, og at institusjonane skal leggje til rette for studentar med særskilde behov.

Departementet vil halde fram med arbeidet med å oppmode institusjonane til å rekruttere fleire minoritetsspråklege lærarar. Lærarar med minoritetsbakgrunn kan medverke med innsikt når det gjeld barn og unge med tilsvarende bakgrunn, i kommunikasjonen mellom heim, skole og barnehage og fungere som forbilde i samband med å ta høgre utdanning. Departementet har også lagt til rette for tilpassa oppfølging av studentar med tospråkleg bakgrunn, mellom anna i fleksible utdanningstilbod.

Institusjonane er gjennom lov pålagde å ha eit læringsmiljøutval, som skal arbeide for at det blir teke vare på læringsmiljøet til studentane, inkludert dei med nedsett funksjonsevne. NIFU-rapporten *Tilretteleggingsutfordringer i høgere utdanning før og nå frå 2010* viser mellom anna at lærestadene driv eit omfattande arbeid knytt til tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne.

Departementet tildeler årleg midlar til Universell (tidlegare Nasjonal pådrivareining for funksjonshemma i høgre utdanning) ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Universell skal medverke til å fremme eit inkluderande læringsmiljø for studentar med nedsett funksjonsevne, og vere pådrivar for læringsmiljøutvala ved norske lærestader. Brukarforum for funksjonshemma i høgre utdanning vart oppretta i 2000. Kunnskapsdepartementet finansierer drifta, og sekretariatet er lagt til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO). Brukarforumet er ein møtestad for departe-

ment, tilsette i universitets- og høgskolesektoren og representantar frå organisasjonane for funksjonshemma, og der problemstillingar knytte til funksjonshemma og høgre utdanning blir drøfta.

I utdanningsstøtteordninga finst eit ekstra månadleg stipend og støtte i tolv månader for studentar som på grunn av redusert funksjonsevne ikkje kan ta arbeid ved sida av utdanninga. Tiltaket skal medverke til at fleire personar med redusert funksjonsevne har økonomisk moglegheit til å ta høgre utdanning.

Studentar med redusert funksjonsevne har ofte større utfordringar enn andre studentar med å følgje normert studieprogresjon. Personar med redusert funksjonsevne, og som ikkje har slik støtte frå folketrygda som er meint å dekkje utdanninga, kan derfor få heile basisstøtta frå Lånekassen som stipend ved forseinking i utdanninga utover eitt år. Forseinkinga må skyldast den nedsette funksjonsevna. Tiltaket skal hindre at desse studentane får høgre gjeld etter fullført utdanning enn andre studentar.

Likestilling og arbeidet mot diskriminering i verksemdar som er underlagde Kunnskapsdepartementet

Etter likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og tilgjengelova § 3 er alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Kunnskapsdepartementet skal gjere greie for tilstanden når det gjeld likestilling og diskriminering, i Prop. 1 S. Meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. I Prop. 1 S blir det gjort ei overordna vurdering av tilstanden. For rapporteringa frå kvar enkelt verksemd blir det vist til årsrapportane til verksemdene.

I Utdanningsdirektoratet, ved dei samiske vidaregåande skolane i Karasjok og Kautokeino og ved Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar (Vea) utgjer kvinner mellom 62 og 72 pst. av dei tilsette, mens det i Senter for IKT i utdanninga er ei meir jamn fordeling mellom kjønna. I dei spesialpedagogiske kompetansesentra utgjer kvinnene 74 pst. av dei tilsette, og ved Sameskolen for Midt-Noreg er 79 pst. av dei tilsette kvinner. I sekretariatet for Foreldreutvalet for barnehagane og Foreldreutvalet for grunnopplæringa er det ni kvinner og ein mann.

I Utdanningsdirektoratet, i Senter for IKT i utdanninga, og i dei spesialpedagogiske kompetansesentra tener menn noko meir enn kvinner. Menn tener gjennomsnittleg meir enn kvinner i Utdanningsdirektoratet, men kven som tener mest, varierer mellom stillingskategoriane. Medan mannlege seniorrådgivarar tener i gjennomsnitt 30 000 kroner meir enn kvinnelege seniorrådgivarar, tener både dei kvinnelege direktørane og dei kvinnelege førstekonsulentane meir enn menn i same stillingskategori. Også i Senter for IKT i utdanninga tener menn i gjennomsnitt meir enn kvinner, men som for Utdanningsdirektoratet varierer det mellom kategoriane kven det er som har høgst lønn. Verksemdene arbeider aktivt med å syte for likestilling når dei rekrutterer nye tilsette, ved fastsetjing av lønn og i utforming av personalpolitiske tiltak.

I Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er 66 pst. av dei tilsette kvinner. Kvinnelege søkjarar er i fleirtal til utlyste stillingar. Ved å følgje kvalifikasjonsprinsippet får NOKUT dermed ei noko skeiv fordeling med kvinneoverskott. Dette gjeld i alle avdelingar av verksemda. For leiarstillingane var det ved årsskiftet 2013–14 44 pst. kvinner.

Statens lånekasse for utdanning har ei viss overvekt av kvinner blant dei tilsette, men Kunnskapsdepartementet vurderer kjønnsfordelinga som tilstrekkeleg jamn. Denne kjønnsbalansen blir reflektert på dei ulike stillingsnivåa i organisasjonen, både for kjønnsfordelinga og i lønnsfordelinga. Kjønnsfordelinga for faste medlemmer og varamedlemmer i styret til Lånekassen er også jamn. Lånekassen legg vekt på at arbeidsstokken skal spegle befolkninga på ein god måte. Etaten prøver å rekruttere tilsette med innvandrarbakgrunn gjennom eigna formuleringar i stillingskunngjeringane og ved innkalling til intervju. Vidare legg dei til rette for at tilsette med funksjonshemmingar skal få ein effektiv og god arbeidskvardag, mellom anna gjennom tilpassingar av det fysiske arbeidsmiljøet.

I Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk er 72 pst. av dei tilsette kvinner. Av dei som vart tilsette i 2012, var 50 pst. kvinner. Med omsyn til lønn tener menn noko meir enn kvinner på leiarnivå og blant førstekonsulentar, medan lønnsnivået er om lag det same for kvinnelege og mannlege rådgivarar og seniorrådgivarar.

Tabell 8.1 Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2013)

Verksemd	Tilsette	Del menn (%)	Del kvinner (%)
Utdanningsdirektoratet	295	35,9	64,1
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	110	38,0	62,0
Sameskolen for Midt-Noreg	19	21,1	78,9
Spesialpedagogiske kompetansesenter	801	26,3	73,7
Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	43	27,9	72,1
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	10	10,0	90,0
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	73	34,2	65,8
Senter for IKT i utdanninga	77	50,6	49,4
Statens lånekasse for utdanning	324	41,0	59,0
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	12	50,0	50,0
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	100	28,0	72,0

Kjelde: Tabell 1 er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2013

Tabell 8.2 Gjennomsnittleg månadsforteneste for menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2013)

Verksemd	Gj.snittleg månadsforteneste, menn	Gj.snittleg månadsforteneste, kvinner	Lønn til kvinner i pst. av lønn til menn
Utdanningsdirektoratet	46 270	45 379	98,1
Dei samiske vidaregåande skolane, Karasjok og Kautokeino	41 266	41 069	99,5
Sameskolen for Midt-Noreg	40 441	32 189	79,6
Spesialpedagogiske kompetansesenter	42 743	41 107	96,2
Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar	39 826	39 826	100,0
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	43 183	43 507	100,8
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	46 430	42 963	92,5
Senter for IKT i utdanninga	49 487	46 587	94,1
Statens lånekasse for utdanning	38 879	38 961	100,2
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	57 356	47 090	82,1
Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk	42 750	41 941	98,1

Kjelde: Tabell 2 er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2013

Likestilling og arbeid mot diskriminering i Kunnskapsdepartementet

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for betre mangfald i samfunnet. Departementet har som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i

organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvikling, karriere og velferd uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne.

Per 1. oktober 2013 var 65,7 pst. av dei tilsette i departementet kvinner. Dette er ein liten auke samanlikna med 2012.

Tabell 8.3 Del menn og kvinner og gjennomsnittleg lønn per årsverk etter stillingskode

		Kjønn			Lønn	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Totalt (N)	Menn (kr)	Kvinner (kr)
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovedtariffavtalen i staten	2013	33,2	66,8	301	51 047	46 889
	2012	35,4	64,6	294	48 266	45 625
<i>Toppleiing</i>						
Departementsråd/ekspedisjonssjef	2013	75,0	25,0	8	103 222	95 833
	2012	71,4	28,6	7	97 400	91 792
<i>Mellomleiarar</i>						
Avdelingsdirektør, direktør, kommunikasjons-sjef	2013	46,7	53,3	45	64 662	64 117
	2012	46,7	53,3	45	61 999	60 320
<i>Sakshandsaming</i>						
Underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar, fagdirektør	2013	50,0	50,0	12	58 558	62 117
	2012	50,0	50,0	10	53 700	61 437
Seniorrådgivar	2013	35,8	64,2	159	48 439	48 007
	2012	36,0	64,0	150	46 892	46 789
Rådgivar	2013	28,3	71,7	46	40 435	39 698
	2012	37,3	62,7	51	38 972	39 014
Førstekonsulent	2013	11,5	88,5	26	36 262	39 921
	2012	21,7	78,3	23	35 304	36 549
<i>Administrativt personale</i>						
Seniorkonsulent, konsulent	2013	0,0	100,0	10	–	37 988
	2012	0,0	100,0	13	–	35 759
Lærling	2013	0,0	100,0	3		25 783
	2012	0,0	100,0	2	–	25 426

Kjelde: Tabell 3 utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2012, og per 1. oktober 2013

Per 1. oktober 2013 var 50,0 pst. av leiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Kvinnerepresentasjonen i toppleiargruppa var per 1. oktober 2013 på 25,0 pst. Gjennom fleire år har departe-

mentet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar. Departementet vil arbeide vidare for å halde oppe denne kjønnsbalansen på leiarnivå.

Dei lokale partane drøftar detaljert lønnsstatistikk ein gong i året, mellom anna med tanke på å avdekkje om kvinner og menn er lønte ulikt. Partane er samde om at ein ikkje finn systematisk ulikskap som kan vere knytt til kjønn når ein

samanliknar menn og kvinner innanfor same stillingskode. At snittlønna for kvinner er 91,9 pst. av snittlønna for menn, skyldast at kvinner er i fleirtal i dei lågt lønna stillingskodane (seniorkonsulent, førstekonsulent, rådgivar).

Tabell 8.4 Del menn og kvinner i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær

		Deltid		Midlertidig tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)	Menn (%)	Kvinner (%)
Totalt i Kunnskapsdepartementet	2013	5,0	18,4	5,0	10,4	0,0	8,0	1,9	4,7
	2012	3,8	18,4	8,7	5,8	1,0	1,6	1,6	5,5

Kjelde: Tabell 1 og 4 er utarbeidde av Kommunal- og moderniseringsdepartementet på bakgrunn av tal frå Statens sentrale tjenestemannsregister per 1. oktober, SST 2012, og per 1. oktober 2013. Merk at legemeldt fråvær (heilt og delvis) er data per 31. desember 2012 og 31. desember 2013 henta frå SSB 2013_årsstat

Statistikken for oktober 2013 syner at 18,4 pst. av kvinnene er lønte i deltidstilling, medan det same gjeld for 5,0 pst. av dei mannlege tilsette. Tala for 2012 viser at høvesvis 18,4 pst. og 3,8 pst. var lønte i deltidstillingar, så kvinner er uendra mens menn har ein auke i perioden. Det legemelde sjukefråværet var i 2013 på 4,7 pst. for kvinner og 1,9 pst. for menn. Menn har ein auke i legemeldt fråvær samanlikna med 2011, mens kvinner har ein nedgang.

Overtida i departementet har blitt redusert med 428 timar samanlikna med 2012 (-4,4 pst.). I 2013 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsdepartementet i snitt 27,5 timar overtid. Det tilsvarende timetalet for ein mann var 29,3 timar.

Personalpolitiske tiltak

Departementet er ein kunnskapsorganisasjon som har satsa på målretta utvikling og opplæring av sine leiarar og medarbeidarar over fleire år. I 2013 er det gjennomført 37 ulike fellestiltak for å utvikle medarbeidarar. Kunnskapsdepartementet tilbyr også fleire individuelle utviklingstilbod, til dømes ei mentorordning med 19 interne mentorar; ti av desse er kvinner. I 2013 er det arrangert tre samlingar for departementets interne mentorar og koordinatorar, med til saman 60 deltakarar.

Likestillingstiltak i Kunnskapsdepartementet: kjønn, etnisk bakgrunn og nedsett funksjonsevne

Rekruttering

Det er personalpolitiske mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnssamansetjing, rekruttere personar

med innvandrarakgrunn og å leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Kunnskapsdepartementet arbeider for å rekruttere tilsette med innvandrarakgrunn, og for at talet på nyttilsette med nedsett funksjonsevne skal auke. Det er sett i gang fleire administrative tiltak for å få til dette. Departementet har gitt leiarane rettleiing i rekruttering, og det blir nytta testverktøy i rekrutteringsprosessar for å sikre at søkjarane blir vurderte så objektivt som mogleg. Departementet si personal- og leiarhandbok gjer greie for regelverket for innkalling av kandidatar med innvandrarakgrunn til intervju og prioritering av kandidatar med nedsett funksjonsevne. Leiarhandboka har òg lenkje til Mangfoldsportalen og til inspirasjonsheftet *Overser du kompetanse?*, som er utvikla av det tidlegare Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, Helsedirektoratet og Likestillings- og diskrimineringsombodet. Kunnskapsdepartementet deltek aktivt på karrieredagar ved aktuelle utdanningsinstitusjonar, og prøver så langt det er mogleg å ha tilsette med ulik etnisk bakgrunn med på slike arrangement. Det er utvikla ei mentorordning blant anna med tanke på tilsette med annan etnisk bakgrunn.

Departementet har få søkjarar som skriv at dei har nedsett funksjonsevne, og som søker ordinære stillingar. Departementet vil søkje å rekruttere fleire søkjarar med nedsett funksjonsevne, mellom anna gjennom fleire nye tiltak i ny lokal IA-avtale for departementet.

Lønns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling

Kunnskapsdepartementet vil leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. Departe-

mentet drøftar mellom anna lønnspolitikken årleg med dei hovudtillitsvalde, og med vekt på likestilling. Departementet har innført systematisk kartlegging av sluttårsaker. Ho kan mellom anna avdekkje forskjellsbehandling. Departementet har òg utarbeidd ein samla personalstatistikk for å sikre systematisk arbeid for å forbetre arbeidsvilkår, minske sjukefråvær, osv. for menn og kvinner.

Kunnskapsdepartementet har eit breitt internt utviklings- og opplæringstilbod. Tiltaka medverkar til likestilling og like moglegheiter for alle tilsette. Departementet vil føre vidare ordningar med mellom anna intern coaching, mentorar,

utvikling av leiarar og medarbeidarar, internasjonal stipendordning, hospiteringsordning osv., med vekt på at tilboda skal bli gitte til både menn og kvinner.

Tiltak mot trakassering

Departementet har utvikla rutinar for varsling i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. I tillegg har departementet regelmessige undersøkingar av arbeidsmiljøet der tilsette kan gi varsel om mobbing anonymt.

9 Sektorovergripande klima- og miljøpolitikk

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme.

Sundvolden-erklæringa legg vekt på at Noreg skal byggje politikken sin på forvaltaransvaret og føre-var-prinsippet. Regjeringa vil føre ein offensiv klimapolitikk og styrkje klimaforliket. Noreg må ta ansvar for kommande generasjonars livsgrunnlag gjennom å bidra til internasjonalt forpliktande utslippsavtalar, og gjennom å investere i forskning på og utvikling av ny teknologi som kan bidra til å realisere eit lågutslippssamfunn.

Formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skolane. Ifølgje formålsparagrafen i barnehagelova skal barnehagen la barna få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng og lære dei å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Natur, miljø og teknikk er eitt av sju fagområde i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. For å støtte barnehagane i arbeidet er det utarbeidd eit temahefte om natur og miljø.

Utdanning for berekraftig utvikling er integrert i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane og lærlingane skal, i tråd med formålsparagrafen, lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. I revidert læreplan i naturfag er emnet berekraftig utvikling styrkt med fleire kompetanssmål. Valfaga natur, miljø og friluftsliv, forskning i praksis og teknologi i praksis har miljørelatert innhald og vil bidra til å styrkje kunnskap og holdningar til miljø, energiforbruk og klima. I samarbeid med Klima- og miljødepartementet har Kunnskapsdepartementet ført vidare arbeidet med Den naturlege skolesekken. Skolesekken medverkar til å styrkje kvaliteten i opplæringa og auke forståinga for nytten og bruken av naturfaga, samt fremmer undervisning for berekraftig utvikling. Skolen utarbeider undervisningsopplegg i samarbeid med eksterne aktørar, mellom anna lokale natur- og friluftsansjosningar. Den naturlege skolesekken gir skolane tilgang til faglege digitale ressursar som Kart i skolen, ein ressurs som legg til rette for utvida bruk av det lokale nærmiljøet til skolane i undervisninga. Sam-

stundes skal Nettverk for miljølære gi skolane tilbod om faglege aktivitetar og felles arenaer for arbeidet med miljø og klima.

Noreg vil framleis følgje opp FN sitt tiår for berekraftig utvikling (2005–2014), som blir avslutta i 2014. Generalkonferansen i UNESCO vedtok i november 2013 ein global handlingsplan for oppfølging av FN sitt tiår for berekraftig utvikling. Den reviderte nasjonale *Strategien for utdanning for berekraftig utvikling (2010–2015)* er ei oppfølging av Utdanningstiåret og er ein sentral del av den miljøpolitiske satsinga innanfor grunnopplæringa.

Departementet støttar miljøforskning gjennom ulike satsingar og program som Forskningsrådet har på miljøområdet. I 2013 utgjorde den totale innsatsen til Forskningsrådet innanfor miljørelevant forskning om lag 1,6 mrd. kroner. Dette er på om lag same nivå som i 2012. Berekraftig energi og miljøteknologi var dei største områda.

Kunnskapsdepartementets samla finansiering av forskning på miljøområdet i 2013 var på om lag 390 mill. kroner. Talet omfattar all forskning med relevans for miljøområdet, også forskning som ikkje er særskilt målretta mot miljø, finansiert gjennom ulike verkemiddel som Open arena for framifrå forskning (FRIPRO), Senter for framifrå forskning (SFF), Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), og satsinga på forskingsinfrastruktur.

Ein vesentleg del av departementets midlar til forskning var knytt til polarforskning, klimaforskning og forskning på miljøvennleg energi.

I tillegg har departementet sidan 2010 løyvt 20 mill. kroner årleg til Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknessenteret. Frå 2013 auka denne løyvinga til 25 mill. kroner. Løyvinga er ført vidare på same nivå i 2014. SKD er eit internasjonalt leiarande klimaforskningsmiljø ved Universitetet i Bergen og med Havforskningsinstituttet, Nansensenteret og Uni Research som jamstilte partnarar.

Forskningsrådet reknar med at meir enn 80 pst. av Polarforskningsprogrammet er knytt til klima og miljø. I 2013 løyvde departementet 45 mill. kroner til målretta satsing på polarforskning i Forskningsrådet; det ligg på same nivå i 2014. Departementet finansierer òg forskning innanfor EUs rammeprogram Horisont 2020. I Horisont 2020 er klima og

berekraftig utvikling gjennomgangstema. Det er beslutta at 60 pst. av totalbudsjettet skal gå til forskingsprosjekt som bidrar til berekraftig utvikling, og at minst 35 pst. av budsjettet skal gå til klimarelevante prosjekt.

I 2013 hadde Forskingsrådet 289 mill. kroner øyremærkte til forskingsinfrastruktur. Dette er viktig for å kunne forske på globale utfordringar knytte til klima og miljø. Noreg var initiativtakar til *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System (SIOS)*. Dette er eit internasjonalt prosjekt for å styrkje samarbeidet om forskingsinfrastruktur på Svalbard, der målet er å sjå klima- og miljøkunnskap knytt til is, vatn, luft og jord i samanheng. Prosjektet er med på det europeiske vegkartet for forskingsinfrastruktur (*ESFRI-vegkartet*). *SIOS* har motteke midlar frå EUs sjuande rammeprogram til den førebuande fasen. Denne fasen er forlengd og varer til hausten 2014. *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure (ECCSEL)* er eit anna norskinitiert *ESFRI*-prosjekt. Også dette prosjektet har motteke midlar frå EU til første fase. Prosjektet har som mål å gi ny kunnskap om karbonfangst og -lagring, noko som vil kunne redusere utsleppa frå fossilt brennstoff.

Det er vesentleg at den kunnskapen som miljøforskninga resulterer i, blir formidla – både til folk flest og for bruk i forvaltning og næringsverksemd. Departementet ønskjer å leggje til rette for auka og betre forskingsformidling. Både universiteta, høgskolane, universitetsmusea, forskingsinstitutta og Noregs forskingsråd formidlar resultat frå miljørelevante forskning i tidsskrift, bøker, på konferansar og på Internett.

Universitet og høgskolar er viktige institusjonar for kunnskapsformidling, men òg for forskning på miljøet. Miljøretta forskning er viktig for å få god forståing av miljøet, og for korleis miljøet utviklar seg; dette er ein viktig føresetnad for god og fornuftig utforming av miljøpolitikken.

Eit anna viktig tiltak er departementets finansiering av kontingenten for norsk medlemskap i Global Biodiversity Information Facility (GBIF). GBIF er eit internasjonalt initiativ for å sikre elektronisk tilgang til data om biologisk mangfald for forskarar og andre interesserte over heile verda. Den norske GBIF-noden er lagd til Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Artsdatabanken vart oppretta i 2004 og er knytt til Vitskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Artsdatabanken gir ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar til og omfang av biologisk mangfald i Noreg når det gjeld naturtypar og artar. Tenestene til Artsdatabanken er særleg viktige for miljøforvaltning,

undervisning og forskning. Artsdatabanken har ført vidare arbeidet med å kvalitetssikre og leggje til rette artsdata frå mellom anna universitetsmusea, forskingsinstitutt, forvaltningsorgan og frivillige organisasjonar i tett samarbeid med GBIF-Noreg. Artsdatabanken gjer desse tilgjengelege i den nettbaserte karttenesta Artskart. Ved årsskiftet 2013/14 var det registrert 16,5 mill. artsfunn frå 32 dataeigarar og totalt 110 databasar. Arbeidet med registreringsverktøyet Artsobservasjonar har halde fram i 2013. Amatørar har lagt inn 1,64 mill. nye artsfunn, og ved utgangen av 2013 var det 9,9 mill. observasjonar i databasen. Artsdatabanken har ført vidare samarbeidet med Noregs forskingsråd, universitetsmusea og den svenske ArtDatabanken om ein nordisk forskarskole i biosystematikk.

Universitetsmusea forvaltar store vitskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. Desse musea har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytte til samlingane. St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale* ligg til grunn for museumspolitikken. Universitetsmusea er mellom anna pålagde ei rekkje forvaltningsoppgåver etter kulturminnelova og har ei sentral rolle i det norske kulturminnevernet. Musea er økonomisk styrkte gjennom fleire år for å medverke til at samlingane blir forsvarleg oppbevarte og sikra. Gjennom etablering av den nordiske forskarskolen i biosystematikk har universitetsmusea fått ei større rolle i undervisning og kompetanseheving innanfor klassisk biologi. Denne kompetansen er heilt avgjerande for natur- og miljøforvaltninga i Noreg.

Hausten 2013 fekk nettverket Norwegian Barcode of Life (NorBOL) støtte frå Forskingsrådet for å etablere ein nasjonal infrastruktur for DNA-strekoding av artar. Prosjektet blir leidd av Vitskapsmuseet ved NTNU med Naturhistorisk museum i Oslo, Universitetsmuseet i Bergen, Tromsø museum – Universitetsmuseet og Artsdatabanken som sentrale partnarar.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar ei viktig rolle som kartleggjar av dei klimatiske endringane. Instituttet skal følge den globale og den nasjonale klimautviklinga og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samsfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdiar gjennom planmessig vern av miljøet. Dette arbeidet er nå styrka ved auka satsing på Norsk senter for klimatjenester. Senteret er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Uni Research.

10 Samfunnstryggleik og beredskap

Kunnskapsdepartementet sitt hovudmål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren er å førebyggje uønskete hendingar og minske konsekvensane dersom slike hendingar skulle oppstå.

Barnehagetilsette, lærarar, vitskapleg personale og andre tilsette i sektoren utfører meir enn 150 000 årsverk. Totalt omfattar kunnskapssektoren om lag 1,5 mill. barn og vaksne. Obligatorisk tiårig grunnskole og høg dekningsgrad i barnehage og vidaregåande opplæring gjer at ein svært stor del av årskulla frå eitt til 19 år har tilhald i barnehage eller skole mange timar dagleg. Både barnehagar, grunnskolar, vidaregåande skolar og lærebedrifter har eit ansvar for at barna og ungdommane er trygge der dei er. Dette handlar både om personleg tryggleik med tanke på liv og helse og om tryggleik for at til dømes personopplysningar ikkje kjem i feil hender. Dette inneber ei utfordring med tanke på beredskap både for den einskilde barnehage- og skoleeigaren, og for den einskilde barnehagen og skolen. Tilsvarende er det ofte store samlingar av studentar og tilsette ved universitet, høgskolar og fagskolar. Universitet og høgskolar forvaltar store verdiar, som historiske bygningar, vitskapleg utstyr, forskingsdata og samlingar, særleg ved universitetsmusea i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø og Stavanger. Meteorologisk institutt har ein kritisk samfunnsfunksjon ved at dei leverer naudsynt meteorologisk informasjon til befolkninga og andre verksemder med kritisk samfunnsfunksjon.

Dei store menneskesamlingane på avgrensa område gjer at kunnskapssektoren har utfordringar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap innanfor ulike scenario, som smittefare, ulykker, vald og terror. For å styrkje kunnskapen om førebuing og beredskap knytt til handtering av tilsikta valdelege hendingar utarbeidde Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet i 2013 rettleiinga *Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner*. Politiet har i 2014 sett i gang eit eige program for å følgje opp rettleiinga. Programmet

blir gjennomført av lokalt politi og rettar seg mot eigarar av barnehagar og utdanningsinstitusjonar.

Verksemdene i kunnskapssektoren har ulike eigeformer. Det finst mellom anna kommunale og private barnehagar, kommunale og private skolar, fylkeskommunale og private fagskolar, statlege og private universitet og høgskolar. I tillegg kjem folkehøgskolar, som i stor grad er eigde av stiftingar. Kunnskapsdepartementet styrer barnehageområdet, grunnopplæringsområdet og høgre utdanning med både juridiske og økonomiske styringsmiddel, og styringslinjene varierer. Arbeidet i Kunnskapsdepartementet med samfunnstryggleik og beredskap må sjåast i samheng med styringsskilnadene mellom områda, og med dei utfordringane som finst innanfor kvart område. Til dømes har Kunnskapsdepartementet eit særskilt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap ved dei statlege høgre utdanningsinstitusjonane, medan kommunane har det operative ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap i skolar og barnehagar.

For å oppfylle hovudmålet for samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren om å førebyggje uønskete hendingar og minske konsekvensane dersom dei skulle oppstå, er det viktig at verksemder på alle nivå i kunnskapssektoren

- utarbeider heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar, og delanalysar av særskilde utfordringar i den einskilde verksemda
- utarbeider krise- og beredskapsplanar som sikrar ei god krisehandtering, og som styrkjer krisehandteringsevna i organisasjonen
- gjennomfører øvingar for å teste sin eigen beredskap, og for å gjere tilsette i stand til å takle dei utfordringane som kan komme ved kriser

Kunnskapsdepartementet vil i 2015 arbeide vidare med korleis beredskap ved verksemder med ulike eigeformer skal følgjast opp. Kunnskapsdepartementet vil halde fram med å leggje stor vekt på arbeidet med informasjonstryggleik og på å ha god oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren.

11 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Kunnskapsdepartementet planlegg å gjennomføre fleire tiltak som vil forenkle, modernisere og betre gjennomføringskrafta i kunnskapssektoren. Her vil vi presentere dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie. I tillegg pågår det mykje løpande arbeid og småskalatiltak i departementet og i sektoren som del av den ordinære verksemdsutviklinga.

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit nytt målbilete for departementet for 2015, med færre og betre mål og krav. Målbiletet er utgangspunktet for departementets styring av kunnskapssektoren og underliggjande verksemder, og for rapportering om måloppnåing frå verksemder og departementet.

Kunnskapsdepartementet har arbeidd i fleire år med å forenkle og forbetre tildelingsbrevta til underliggjande verksemder. Utdanningsdirektoratet, Senter for IKT i utdanninga, Vox og Foreldreutvala for barnehagen og grunnopplæringa har fått ny struktur på tildelingsbrevta, med nye verksemdsmål og større handlingsrom. Den felles målstrukturen og tildelingsbrevet til universitet og høgskolar er også nyleg oppdaterte og forenkla. Dette blir følgt opp i 2015, med mål om ytterlegare forenkling, kutt i rapporteringskrav og auka datafangst frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), Felles studentsystem (FS), Samordna opptak og CRISTin.

Frå 2015 blir det etablert ny målstruktur for Forskningsrådet, og styringsparametrar og indikatorar for å vurdere måloppnåinga er under utarbeiding. Alle departement som gir midlar til rådet, skal nytte den nye målstrukturen. Endringa inneber òg systematisering av møta og forenkling av rapporteringa frå Forskningsrådet. Dette vil utgjere ei markant forbetring frå situasjonen i dag, med eit relativt komplekst målbilete i tillegg til separate mål og krav frå alle departement som gir løyvingar til rådet. Omfanget av embetsstyringa av Fylkesmannen på barnehage- og grunnopplæringsområdet vart òg kraftig redusert i 2014.

Arbeidet med forenkling og forbetring av målbilete og tildelingsbrev held fram i 2015. Formålet

er å gi tydelege mål og prioriteringar, tilstrekkeleg handlingsrom for verksemdene, og betre moglegheiter til å vurdere måloppnåing og ressursbruk. Dette vil gi mindre aktivitetsstyring og detaljert budsjettstyring, og meir resultatstyring.

Kunnskapsdepartementet planlegg å gjennomgå organiseringa av kunnskapssektoren. Departementet skal hausten 2014 skissere korleis prosessen bør utformast. Målet med gjennomgangen er mellom anna å vurdere om arbeidsdelinga mellom departementet, underliggjande verksemder og andre einingar legg til rette for effektiv oppgåveløysing av høg kvalitet.

Departementet skal greie ut behovet for ein IKT-strategi for departementet og kunnskapssektoren. Arbeidet startar hausten 2014. Målet er mellom anna å utnytte IKT-infrastrukturen i kunnskapssektoren til å skape betre resultat i tenesteytinga, forenkle og effektivisere den administrative IKT-forvaltninga, og utvikle moderne og attraktive arbeidsplassar i kunnskapssektoren.

Kunnskapsdepartementet er med i Direktoratet for økonomistyring (DFØ) sitt samarbeidsforum om internkontroll, og har starta eit prosjekt som skal kartleggje styrande dokument som rutinar, retningslinjer, rundskriv, forskrifter, lover med vidare. I tillegg til å skaffe oversikt skal prosjektet vurdere om det er mogleg å fjerne eller forenkle reglar og dokument utan å auke risikoen til eit uakseptabelt nivå.

Fleire IKT-prosjekt tek til eller held fram i 2015. IKT-prosjekta i kunnskapssektoren er til dels svært ulike i størrelse og innhald, men felles for dei er at dei skal gi meir effektivitet og gjere det enklare for brukarane, anten dei er foreldre, studentar, forskarar eller tilsette i sektoren.

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utvikle eit system for å følgje med på og forbetre kvaliteten i barnehagesektoren. Behovet foreldra har for informasjon, vil bli dekt gjennom ein IKT-portal for foreldra. Portalen vil gi allmenta betre tilgang til informasjon om kvaliteten i den enkelte barnehage. Systemet blir innført i 2015–17.

Senter for IKT i utdanninga held fram med å utvide tenestetilbodet og auke utbreiinga av Feide (Felles Elektronisk IDEntitet) i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Dette er sentralt for å nå målet i regjeringas politisk plattform om ei felles IT-plattform for skolen.

Det forskingsadministrative systemet CRISTin (Current Research Information System in Norway) skal bli tettare integrert med andre IKT-system i kunnskapssektoren og offentleg forvaltning for øvrig. Auka gjenbruk av data vil innebere ei forenkling for brukarane, og vere eit viktig verkemiddel for å nå målet i regjeringas politiske plattform om å forenkle byråkratiet rundt søknader om forskingsmidlar.

NOKUT startar opp utviklinga av eit nytt sakshandsamingssystem, medan Lånekassen skal avslutte det vellykka LØFT-programmet.

Kunnskapsdepartementet skal gjennomføre språklege gjennomgangar av barnehagelova og opplæringslova. Målet er å få klarare og meir presise lover, og eit tydelegare og betre regelverk for sektorane og brukarane. Gjennomgangen av opplæringslova skjer i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Difi og Språkrå-

det, som ein del av prosjektet *Klart lovspråk* under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Departementet har saman med KS starta eit prosjekt for å få meir kunnskap om den samla rapporteringa og dokumentasjonen frå skolane til ulike styresmakter, institusjonar og andre på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Prosjektet blir avslutta hausten 2014, og vil bli følgt opp i 2015 og framover. Målet med prosjektet er å medverke til at skoleleiarar og lærarar opplever ein god balanse mellom krav til dokumentasjon og moglegheitene til å utnytte informasjonen til å forbetre si eiga leiing, undervisning og skolen som organisasjon.

Regjeringa har nemnt opp ei ekspertgruppe som skal gjennomgå finansieringssystemet for universitet og høgskolar, for å vurdere korleis finansiering kan styrkje kvaliteten i forskning og høgre utdanning. Gruppen skal levere rapporten sin ved årsskiftet 2014–15.

Regjeringa skal òg leggje fram ei stortingsmelding om strukturen i universitets- og høgskolesektoren våren 2015. Målet er ein struktur som gir robuste og kostnadseffektive fagmiljø, og som sikrar høg kvalitet i utdanning og forskning.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2014–2015) om statsbudsjettet for år 2015 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2014–2015)
statsbudsjettet for budsjettåret 2015 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01 Driftsutgifter	254 948 000		
	21 Særskilde driftsutgifter	10 969 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 673 000		268 590 000
	Sum Administrasjon			268 590 000
Grunnopplæringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Driftsutgifter	255 011 000		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	147 497 000		
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	55 478 000		457 986 000
221	Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane			
	01 Driftsutgifter	13 859 000		13 859 000
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01 Driftsutgifter	91 553 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 452 000		93 005 000
223	Sametinget			
	50 Tilskott til Sametinget	40 331 000		40 331 000
224	Senter for IKT i utdanninga			
	01 Driftsutgifter	60 792 000		
	21 Særskilde driftsutgifter	23 946 000		84 738 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
225	Tiltak i grunnopplæringa			
	01 Driftsutgifter		21 886 000	
	21 Særskilde driftsutgifter		101 256 000	
	60 Tilskott til landslinjer		197 772 000	
	62 Tilskott til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv		23 003 000	
	63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>		58 551 000	
	64 Tilskott til opplæring til barn og unge som søker opphald i Noreg		160 410 000	
	65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>		465 500 000	
	66 Tilskott til leirskoleopplæring		46 887 000	
	67 Tilskott til opplæring i finsk		8 306 000	
	68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga		256 167 000	
	69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma		222 194 000	
	70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lære kandidatlar med særskilde behov		50 408 000	
	71 Tilskott til kunst- og kulturarbeid i opplæringa		25 594 000	
	72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram og organisasjonar		6 290 000	
	73 Tilskott til studieopphald i utlandet		13 754 000	
	74 Tilskott til organisasjonar		11 932 000	1 669 910 000
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		767 102 000	
	22 Videreutdanning for lærarar og skoleleiarar		1 033 944 000	
	50 Nasjonale senter i grunnopplæringa		96 163 000	
	60 Tilskott til kommunar og fylkeskommunar		39 662 000	
	62 Tilskott for auka lærartettleik		384 077 000	
	70 Tilskott til NAROM		7 921 000	
	71 Tilskott til vitensenter		48 920 000	2 377 789 000
227	Tilskott til særskilde skolar			
	60 Tilskott til Moskvaskolen og Murmanskskolen		2 179 000	
	61 Tilskott til vaksenopplæring i Andebu kommune		4 951 000	
	62 Tilskott til Fjellheimen leirskole		5 899 000	
	70 Tilskott til Den franske skolen i Oslo		7 356 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	25 427 000	
	72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	32 069 000	
	73	Tilskott til opplæring i Kenya	676 000	
	74	Tilskott til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole	41 324 000	
	75	Tilskott til opplæring i rusinstitusjonar	10 330 000	
	76	Tilskott til Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt	3 587 000	133 798 000
228		Tilskott til private skolar o.a.		
	70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	1 701 414 000	
	71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 468 254 000	
	72	Private skolar godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova, <i>overslagsløyving</i>	139 306 000	
	73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	109 555 000	
	74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	27 166 000	
	75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	240 682 000	
	76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	45 733 000	
	77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	13 780 000	
	78	Kompletterande undervisning	34 461 000	
	79	Toppidrett	40 250 000	
	80	Privatskoleorganisasjonar	714 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	1 839 000	
	82	Kapitaltilskott til friskolar, kapital- og husleigetilskott	10 330 000	3 833 484 000
229		Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar		
	01	Driftsutgifter	23 191 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 128 000	24 319 000
230		Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01	Driftsutgifter	637 555 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	60 036 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 644 000	706 235 000
		Sum Grunnopplæringa		9 435 454 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Barnehagar				
231	Barnehagar			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	284 939 000	
	50	Tilskott til samiske barnehagetilbod	15 660 000	
	51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 517 000	
	63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskole-alder	134 339 000	443 455 000
		Sum Barnehagar		443 455 000
Vaksenopplæring m.m.				
252	EU's utdannings- og ungdomsprogram			
	70	Tilskott	439 921 000	439 921 000
253	Folkehøgskolar			
	70	Tilskott til folkehøgskolar	743 316 000	
	71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	4 683 000	
	72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	598 000	748 597 000
254	Tilskott til vaksenopplæring			
	70	Tilskott til studieforbund	162 501 000	
	73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	6 202 000	168 703 000
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra			
	70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	31 166 000	
	71	Falstadsenteret	18 111 000	
	72	Stiftelsen Arkivet	8 768 000	
	73	Nansen Fredssenter	5 870 000	
	74	Narviksenteret, <i>kan overførast</i>	29 890 000	
	75	Det europeiske Wergelandsenteret	7 875 000	
	76	Raftostiftelsen	2 846 000	104 526 000
256	Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk			
	01	Driftsutgifter	48 786 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	16 497 000	65 283 000
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	5 198 000	
	70	Tilskott, <i>kan overførast</i>	163 518 000	168 716 000
258	Tiltak for livslang læring			
	01	Driftsutgifter	4 817 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	65 923 000	
	60	Tilskott til karriererettleiing	30 960 000	101 700 000
		Sum Vaksenopplæring m.m.		1 797 446 000
		Høgre utdanning og fagskoleutdanning		
260		Universitet og høgskolar		
	50	Statlege universitet og høgskolar	29 689 399 000	
	70	Private høgskolar	1 222 872 000	30 912 271 000
270		Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar		
	71	Tilrettelegging for internasjonal mobilitet	16 708 000	
	74	Tilskott til velferdsarbeid	79 991 000	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	380 000 000	476 699 000
276		Fagskoleutdanning		
	72	Anna fagskoleutdanning	66 747 000	66 747 000
280		Felles einingar		
	01	Driftsutgifter	79 468 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	10 000	
	50	Senter for internasjonalisering av utdanning	70 149 000	
	51	Drift av nasjonale fellesoppgåver	171 165 000	
	71	Tilskott til UNIS	121 827 000	
	72	Tilskott til UNINETT	26 472 000	
	73	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	24 694 000	493 785 000
281		Felles tiltak for universitet og høgskolar		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	122 013 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	11 857 000	
	50	Tilskott til Noregs forskingsråd	135 833 000	
	70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>	46 388 000	
	73	Tilskott til internasjonale program	67 148 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	16 275 000	399 514 000
		Sum Høgre utdanning og fagskoleutdanning		32 349 016 000
		Forsking		
283		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	285 248 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	94 234 000	379 482 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
284	Dei nasjonale forskingsetiske komitéane			
	01 Driftsutgifter		18 149 000	18 149 000
285	Noregs forskingsråd			
	52 Langsiktig, grunnleggjande forskning		1 524 979 000	
	53 Strategiske satsingar		980 818 000	
	54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse		455 663 000	
	55 Administrasjon		276 422 000	3 237 882 000
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>		29 715 000	
	53 NUPI		4 620 000	
	56 Ludvig Holbergs minnepris		10 050 000	
	57 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		163 285 000	
	60 Regionale forskingsfond, tilskott til forskning		226 008 000	
	71 Tilskott til andre private institusjonar		40 564 000	
	73 Niels Henrik Abels matematikkpris		14 119 000	488 361 000
288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter		26 872 000	
	72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar		246 426 000	
	73 EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>		2 053 648 000	
	75 UNESCO-kontingent		18 573 000	
	76 UNESCO-formål		3 207 000	2 348 726 000
	Sum Forsking			6 472 600 000
	Statsbankane			
2410	Statens lånekasse for utdanning			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>		367 982 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		16 994 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		5 838 165 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		2 739 832 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>		796 858 000	
	72 Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>		894 282 000	
	73 Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>		508 050 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	74	Tap på utlån	304 700 000	
	76	Startstipend for kvotestudentar, <i>overslagsløyving</i>	9 570 000	
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	23 583 114 000	35 059 547 000
		Sum Statsbankane		35 059 547 000
		Sum departementets utgifter		85 826 108 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa				
3220		Utdanningsdirektoratet		
	01	Inntekter frå oppdrag	3 952 000	
	02	Salsinntekter o.a.	1 159 000	5 111 000
3222		Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat		
	02	Salsinntekter o.a.	5 035 000	5 035 000
3224		Senter for IKT i utdanninga		
	01	Inntekter frå oppdrag o.a.	1 596 000	1 596 000
3225		Tiltak i grunnopplæringa		
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	69 297 000	69 297 000
3229		Statens fagskole for gartnarar og blom- sterdekoratørar		
	02	Salsinntekter o.a.	1 683 000	
	61	Refusjon frå fylkeskommunar	1 103 000	2 786 000
3230		Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01	Inntekter frå oppdrag	60 036 000	
	02	Salsinntekter o.a.	14 749 000	74 785 000
		Sum Grunnopplæringa		158 610 000
Vaksenopplæring m.m.				
3256		Vox, nasjonalt fagorgan for kompetanse- politikk		
	01	Inntekter frå oppdrag	10 996 000	
	02	Salsinntekter o.a.	338 000	11 334 000
		Sum Vaksenopplæring m.m.		11 334 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Høgre utdanning og fagskoleutdanning				
3280	Felles einingar			
	01 Eksterne inntekter NOKUT		10 000	
	02 Salsinntekter o.a.		1 288 000	1 298 000
3281	Felles tiltak for universitet og høgskolar			
	02 Salsinntekter o.a.		10 000	10 000
	Sum Høgre utdanning og fagskoleutdanning			1 308 000
Forsking				
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	96 Fondskapital – Regionale forskingsfond		6 000 000 000	6 000 000 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		4 599 000	4 599 000
	Sum Forsking			6 004 599 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		21 500 000	
	29 Termingebyr		43 130 000	
	89 Purregebyr		262 510 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld		8 777 031 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend		5 474 074 000	14 578 245 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80 Renter		3 757 151 000	3 757 151 000
	Sum Statsbankane			18 335 396 000
Sum departementets inntekter			24 511 247 000	

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2015 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200 post 01	Kap. 3200 post 02
Kap. 220 post 01	Kap. 3220 post 02
Kap. 222 post 01	Kap. 3222 post 02
Kap. 224 post 01	Kap. 3224 post 01
Kap. 229 post 01	Kap. 3229 postane 02 og 61
Kap. 230 post 01	Kap. 3230 post 02
Kap. 256 post 01	Kap. 3256 post 02
Kap. 280 post 01 og post 21	Kap. 3280 postane 01 og 02
Kap. 281 post 01	Kap. 3281 post 02
Kap. 2410 post 01	Kap. 5310 post 03

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarende meirinntekter.

3. avhende fast eigedom ved universitet og høgskolar, jf. Instruks om avhending av statlig eiendom m.v., og bruke inntekter frå sal av eigedommar til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntektene blir førte til eigedomsfondet til Forskingsrådet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2015 kan:

1. gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (i mill. kroner)
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	30,0
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	20,0
	22	Vidareutdanning for lærarar og skoleleiarar	99,8
270		Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	543,0

2. gi tilsegn om å utbetale 20 prosent av tilskott til opplæring i kriminalomsorgen over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga påfølgjande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.
 3. gi nye tilsegn om rentekompensasjon tilsvarende ei investeringsramme på 3 mrd. kroner under kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 65 Rentekompensasjon for skole- og symjeanlegg.
 4. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2016 (andre halvdelen av undervisningsåret 2015–16) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2015 (første halvde-
- len av undervisningsåret 2015–16), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
5. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2016 (andre halvdelen av undervisningsåret 2015–16) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2015 (første halvdelen av undervisningsåret 2015–16), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 000 kroner dersom privatisten ikkje har prøvt seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 000 kroner ved forbetningsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale 853 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 1 708 kroner ved seinare forsøk.
 2. Kunnskapsdepartementet i 2015 kan gi universitet og høgskolar løyve til å:
 - a. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b. bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c. bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 - d. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 3. Frå 1. januar 2015 blir maksimalprisen for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod fastsett til 2 580 kroner per måned og 28 380 kroner per år, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehager § 1.
-

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak**

Arbeidsforskningsinstituttet AS

Dagleg leiar fekk i 2013 ei samla godtgjering på 904 712 kroner samt del av pensjonspremie på 121 980 kroner. Ved overgang til aksjeselskap vart dei opparbeidde rettane i Statens pensjonskasse førte vidare. Dei årlege innbetalingane til Statens pensjonskasse skal dekkje plikta til selskapet.

HiST kompetanse AS

Dagleg leiar fekk 367 437 kroner i lønn i 2013. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Høgskolen i Ålesund maritime operasjoner AS

I 2013 vart det utbetalt til saman 827 709 kroner. Selskapet har gitt eit kortsiktig lån på 50 000 kroner til dagleg leiar. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Administrerende direktør fekk 1 050 171 kroner i lønn og 7 010 kroner i andre godtgjeringar i 2013. Pensjonskostnader vart dekte med 19 737 kroner.

Administrerende direktør har ikkje rett til bonus, overskottsdeling eller opsjonar, og heller ikkje særlege ytingar ved opphør av tilsetjingsforholdet.

NTNU samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk 1 018 498 kroner i lønn i 2013. Pensjonsutgifter vart dekte med 110 508 kroner.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 297 088 kroner i lønn og 112 676 kroner i andre godtgjeringar i 2013. Selskapet har ei pensjonsordning for alle tilsette som fyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Nyvekst AS

Dagleg leiar er engasjert gjennom eige firma og har fakturert 125 000 kroner for arbeid utført i 2013.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk 672 713 kroner i lønn og 94 326 kroner i andre godtgjeringar i 2013. Dei tilsette i selskapet er omfatta av lov om obligatorisk tenestepensjon, og dei samla pensjonsutgiftene var 169 768 kroner.

Senter for innovasjon og bedriftsøkonomi AS

Det er ikkje betalt lønn til dagleg leiar i 2013.

Senter for økonomisk forskning AS

Dagleg leiar har i 2013 fått utbetalt godtgjering på 405 234 kroner.

Simula Research Laboratory AS

Administrerende direktør fekk 1 609 021 kroner i lønn og 235 888 kroner i andre godtgjeringar i 2013. Selskapet har ei pensjonsforsikring for administrerende direktør som er kostnadsført med 1 043 089 kroner.

UNINETT AS

Administrerende direktør fekk 1 220 881 kroner i lønn og 23 499 kroner i andre godtgjeringar i 2013. Netto kostnadsført pensjonsforplikting i 2013 er 4 767 464 kroner.

Unirand AS

Administrerende direktør er kjøpt fri frå stillinga si ved Universitetet i Oslo, og selskapet har betalt 46 738 kroner i direkte lønnskostnader i 2013. Administrerende direktør har ikkje avtale om sluttvederlag, og selskapet har ikkje bonus- eller opsjonsordning. Det er ikkje gitt lån eller stilt sikring for administrerende direktør.

Universitetscenteret på Svalbard AS

Lønn til direktør er 978 586 kroner i 2013. Arbeidsgiverens del av pensjon for direktør er utgiftsført med 91 008 kroner.

Selskapet har tenestepensjonsordning i Statens pensjonskasse. Pensjonsordninga er ein ytingsplan for selskapet. Det er ikkje rekna eit eige fiktivfond for selskapet.

Vangslund AS

Dagleg leiar fekk 203 430 kroner i lønn og 3113 kroner i andre godtgjeringsar i 2013. Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Følgjande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar

Rya gods og skoger AS, Unifond AS, Universitetet i Bergen eiendom AS, CESSDA AS.

Vedlegg 2**Løyving for universitet, høgskolar og fagskolar**

Tabell 2.1 Løyving per universitet og høgskole i 2015 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Løyving
<i>Statlege verksemder</i>	
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	1 107 247
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	4 068 580
Universitetet i Agder	1 106 819
Universitetet i Bergen	2 950 448
Universitetet i Nordland	583 534
Universitetet i Oslo	4 977 977
Universitetet i Stavanger	1 171 597
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	2 428 454
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	160 783
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole for logistikk	196 971
Noregs handelshøgskole	410 142
Noregs idrettshøgskole	191 657
Noregs musikkhøgskole	246 483
Høgskolen i Bergen	946 233
Høgskolen i Buskerud og Vestfold	901 288
Høgskolen i Gjøvik	286 612
Høgskolen i Harstad	148 418
Høgskolen i Hedmark	552 802
Høgskolen i Lillehammer	368 958
Høgskolen i Narvik	204 649
Høgskolen i Nesna	130 227
Høgskolen i Nord-Trøndelag	462 448
Høgskolen i Oslo og Akershus	1 977 476
Høgskolen i Sogn og Fjordane	362 660
Høgskolen Stord/Haugesund	300 039
Høgskolen i Sør-Trøndelag	975 926
Høgskolen i Telemark	658 336

Institusjon	Løyving
Høgskulen i Volda	311 544
Høgskolen i Østfold	561 580
Høgskolen i Ålesund	245 404
Kunsthøgskolen i Oslo	319 287
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	132 832
Samisk høgskole	77 603
<i>Private verksemder</i>	
Det teologiske Menighetsfakultet	78 738
Handelshøyskolen BI	263 277
Misjonshøgskolen	23 454
Ansgar Teologiske Høgskole	13 768
Barratt Due musikk institutt	24 792
Bergen Arkitekthøgskole	20 792
Campus Kristiania – Markedshøyskolen	46 023
Den norske Eurytmihøyskole	3 503
Diakonhjemmet Høgskole	145 328
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	113 904
Fjellhaug internasjonale Høgskole	9 339
Haraldsplass diakonale høgskole	32 542
Høgskolen Betanien	28 038
Høgskolen Diakonova	46 868
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2 662
Høgskolen for Ledelse og Teologi	7 011
Lovisenberg diakonale høgskole	78 878
NLA Høgskolen	149 861
Norges Dansehøyskole	9 722
Rudolf Steinerhøyskolen	10 910
Westerdals Høyskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology	113 462

Tabell 2.2 Tilskott per fagskole i 2015 (i 1 000 kroner)¹

Fagskole	Tilskott
Bårdar Akademiet AS	13 356
Designinstituttet	3 378
Det tverrfaglige kunstinstitutt	1 889
Einar Granum kunstfagskole	12 165
Fabrikken Asker kunstfagskole	4 487
Fagskolen for bokbransjen	1 145
Frelsesarmeens offiserskole	750
Hald internasjonale senter	4 147
Kunstskolen i Bergen	5 552
Kunstskolen i Rogaland	4 557
Menighetsbibelskolen	3 084
Nordland kunst- og filmfagskole	3 142
Fagskolen Innlandet	4 135
Ålesund kunstfagskole	4 960

¹ Tabellen viser kun tilskott gitte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, kap. 276 post 72.

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgskolar**

Tabell 3.1 Ordinære bygg under oppføring i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 33 og kap. 2445 post 33

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2015	Bruttoareal
Høgskolen i Sør-Trøndelag	Nytt teknologibyg	727,7	16 000 m ²
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	Samlokaliseringsbygg	1 097,1	14 600 m ²
Noregs idrettshøgskole	Rehabilitering	862,1	16 662 m ²
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinær- instituttet	6 719,7	63 088 m ² + 11 706 m ² (Senter for husdyr- forsøk)
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	Rehabilitering, Urbygninga	383,3	8 190 m ²
Universitetet i Bergen	Rehabilitering, universitetsmuseet, fase ein	340,2	2 515 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nytt bygg for medisin og helsefag (MH2)	1 321,2	21 057 m ² + 12 000 m ² (parkeringsanlegg)

Tabell 3.2 Kurantprosjekt under oppføring i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 34

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner (per ferdigstillingsdato)	Bruttoareal
Høgskolen i Hedmark, studiestad Evenstad	Nytt hybelbygg ¹	91,9	3 300 m ²
Universitetet i Stavanger	Nybygg for samfunnsvit- enskaplege fag, inkludert auditorium ²	197,3	5 000 m ²

¹ Forventa ferdigstilling 2. halvår 2015.² Forventa ferdigstilling 1. halvår 2015.

Tabell 3.3 Prosjekt som er førte fram til forprosjekt

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Universitetet i Bergen	Rehabilitering, universitetsmuseet, fase to	6 660 m ²
Universitetet i Oslo	Nytt utstillingsveksthus ved Naturhistorisk museum	3 388 m ²
Universitetet i Stavanger	Arkeologisk museum	6 131 m ²

Tabell 3.4 Prosjekt for sjølvforvaltande institusjonar under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Noregs miljø- og bio- vitskaplege universitet	Rehabilitering, tunbygningane	Ikkje oppgitt
Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet	Vitskapsmuseet (Kalvskinnnet) ¹	Ikkje fastsett
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	Ikkje oppgitt
Universitetet i Oslo	Nytt anlegg for livsvitenskap, farmasi og kjemi	ca. 66 700 m ²
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Magasin- og utstillingslokale for universitetsmuseet ²	Ikkje fastsett

¹ Vidare prosess må avvente konseptvalet av framtidig campusløsning for NTNU.

² Departementet har stilt ferdig ei konseptvalutgreiing for museet som vil bli eksternt kvalitetssikra.

Tabell 3.5 Prosjekt innanfor husleigeordninga under programmering eller i prosjekteringsbestilling hos Statsbygg, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 30

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Høgskolen i Sør-Trøndelag	Nytt bygg for helse- og sosialfag, Elgesetergata	Ikkje fastsett

Tabell 3.6 Kurantprosjekt som er under programmering eller prosjektering i 2015, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445 post 32

Institusjon	Prosjekt	Bruttoareal
Høgskolen i Hedmark, studiestad Evenstad	Nybygg og ombygging	ca. 1 100 m ²
Universitetet i Nordland	Byggjetrinn 6A	ca. 2 600 m ²

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art.

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	289 690	303 371	324 138	349 880
Varer og tenester	101 911	107 601	91 189	102 549
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>391 601</i>	<i>410 972</i>	<i>415 327</i>	<i>452 429</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	47 736	41 902	56 313	41 063
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>47 736</i>	<i>41 902</i>	<i>56 313</i>	<i>41 063</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege reknskap	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	26 571	52 416	51 700	51 700
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>26 571</i>	<i>52 416</i>	<i>51 700</i>	<i>51 700</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	48	290	253	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>48</i>	<i>290</i>	<i>253</i>	<i>0</i>
Sum utgifter	465 956	505 580	523 593	545 192
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	151 199	110 212	108 008	99 793
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	7 673	7 521	6 273	6 274

Tabell 4.1 Meteorologisk institutt. Utgifter og inntekter etter art.

Utgiftsart/Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Andre driftsinntekter	32 204	44 902	32 792	32 394
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>191 076</i>	<i>162 635</i>	<i>147 073</i>	<i>138 461</i>
Inntekter fra investeringar				
Sal av varige driftsmidler	0	0	90	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>90</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	290 224	336 769	309 358	329 749
Andre innbetalningar			51 700	51 700
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>290 224</i>	<i>336 769</i>	<i>361 058</i>	<i>381 449</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbet. av rente)	23	109	513	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>23</i>	<i>109</i>	<i>513</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>481 323</i>	<i>499 513</i>	<i>508 734</i>	<i>519 910</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>15 367</i>	<i>-6 067</i>	<i>-14 859</i>	<i>-25 282</i>

Tabell 4.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde.

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	261 912	322 446	280 801	290 629
Løyvingar frå andre departement	1 741	4 969	4 200	2 580
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	6 210	19 286	16 797	22 801
Løyvingar frå Norges forskningsråd	15 902	13 166	8 669	13 739
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>285 765</i>	<i>359 867</i>	<i>310 467</i>	<i>329 749</i>

Tabell 4.2 Meteorologisk institutt. Inntekter etter inntektskjelde.

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	17	820
Bidrag frå private	12 678	16 372	17 316	6 644
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	20 068	28 530	15 459	24 930
<i>Sum bidrag</i>	<i>32 746</i>	<i>44 902</i>	<i>32 792</i>	<i>32 934</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	5 339	17 706	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	162 811	89 405	147 769	157 767
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>162 811</i>	<i>94 744</i>	<i>165 475</i>	<i>157 767</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>481 323</i>	<i>499 513</i>	<i>508 734</i>	<i>519 910</i>

Kommentar til tabellen: I rekneskapstala for 2012 er løyvinga under kap. 283 Meteorologiformål post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt klassi-

fisert som «Løyvingar frå fagdepartement» medan denne løyvinga er klassifisert som «Andre inntekter og tidsavgrensingar» for dei andre åra.

Tabell 4.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2011–13

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	145 076	147 541	132 671	-14 870
Behaldning på andre bankkonti	8 532	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	11	11
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>153 608</i>	<i>147 541</i>	<i>132 682</i>	<i>-14 859</i>

Tabell 4.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2011–13

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepenger m.m.	23 755	24 566	26 504	1 938
Skattetrekk og offentlege avgifter	24 587	24 598	26 666	2 068
Gjeld til leverandørar	15 786	23 105	25 593	2 488
Gjeld til oppdragsgivarar	-17 837	-13 212	-12 323	889
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-894	-1 068	-943	125
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>45 397</i>	<i>57 989</i>	<i>65 497</i>	<i>7 508</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	-226	1 733	3 447	1 714
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	34 700	19 282	-15 418
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	49 700	6 000	6 000	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	6 000	1 678	0	-1 678
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	1 678	0	6 163	6 163
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>57 152</i>	<i>44 111</i>	<i>34 892</i>	<i>-9 219</i>
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	33 985	25 456	12 308	-13 148
Fri verksemdskapital	17 074	19 985	19 985	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>51 059</i>	<i>45 441</i>	<i>32 293</i>	<i>-13 148</i>

Tabell 4.3 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Meteorologisk institutt i perioden 2011–13

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>153 608</i>	<i>147 541</i>	<i>132 682</i>	<i>-14 859</i>

Tabell 4.4 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	53 152	61 535	64 064	60 000
Varer og tenester	34 210	32 227	28 302	26 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>87 362</i>	<i>93 762</i>	<i>92 365</i>	<i>86 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	839	238	245	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>839</i>	<i>238</i>	<i>245</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege reknskap	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemdar	0	0	4 493	0
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>4 493</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>88 201</i>	<i>94 000</i>	<i>97 103</i>	<i>86 000</i>

Tabell 4.4 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Utgifter og inntekter etter art

Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	2 673	1 450	1 572	0
Andre driftsinntekter	46 543	24 594	25 263	19 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>49 216</i>	<i>26 045</i>	<i>26 835</i>	<i>19 000</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	52 040	67 409	67 445	67 000
Andre innbetalingar	0		0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>52 040</i>	<i>67 409</i>	<i>67 445</i>	<i>67 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>101 256</i>	<i>93 453</i>	<i>94 280</i>	<i>86 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>13 055</i>	<i>-547</i>	<i>-2 823</i>	<i>0</i>

Tabell 4.5 Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). Inntekter etter inntektskjelde.

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	25 700	25 429	25 055	25 000
Løyvingar frå andre departement	18 264	13 950	16 679	17 650
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	8 768	9 093	955	1 400
Løyvingar frå Norges forskningsråd	15 485	15 501	22 825	24 500
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>68 216</i>	<i>63 973</i>	<i>65 514</i>	<i>68 550</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	33 040	29 481	28 766	17 450
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>33 040</i>	<i>29 481</i>	<i>28 766</i>	<i>17 450</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>101 256</i>	<i>93 453</i>	<i>94 280</i>	<i>86 000</i>

Tabell 4.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2011–13

Balanse 31. desember (tal i 1 000 kr)	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Kontantbeholdning				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	42 135	41 588	37 826	-3 762
Behaldningar på andre bankkonti	0	0	939	939
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>42 135</i>	<i>41 588</i>	<i>38 765</i>	<i>-2 823</i>
Avsetningar til dekning av påkommande kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	5 012	5 043	5 016	-27
Skattetrekk og offentlege avgifter	6 118	4 557	2 409	-2 149
Gjeld til leverandørar	4 222	4 781	-62	-4 843
Gjeld til oppdragsgivarar	-5 792	-1 597	-2 945	-1 348
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	768	-678	294	971
<i>Sum til dekning av påkommande kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>10 328</i>	<i>12 106</i>	<i>4 712</i>	<i>-7 394</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	1 353	2 136	1 935	-201
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	7 492	9 688	14 487	4 799
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>8 845</i>	<i>11 824</i>	<i>16 422</i>	<i>4 598</i>

Tabell 4.6 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) i perioden 2011–13

Balanse 31. desember (tal i 1 000 kr)	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	9 495	3 246	3 138	-109
Fri verksemdskapital	9 350	9 350	9 350	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>18 845</i>	<i>12 596</i>	<i>12 487</i>	<i>-109</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	4 117	5 062	5 144	81 387
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>4 117</i>	<i>5 062</i>	<i>5 144</i>	<i>81 387</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>42 135</i>	<i>41 588</i>	<i>38 765</i>	<i>-2 823</i>

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	36 693	37 612	41 612	40 000
Varer og tenester	31 247	33 482	30 371	32 100
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>67 940</i>	<i>71 094</i>	<i>71 982</i>	<i>72 100</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	1 242	2 300	414	800
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>1 242</i>	<i>2 300</i>	<i>414</i>	<i>800</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege reknskap	6 530	9 927	12 824	10 500
Utbetalningar til andre verksemdar				
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>6 530</i>	<i>9 927</i>	<i>12 824</i>	<i>10 500</i>

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>75 712</i>	<i>83 320</i>	<i>85 220</i>	<i>83 400</i>
Inntektsart				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 224	1 355	903	900
Andre driftsinntekter	7	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 231</i>	<i>1 355</i>	<i>903</i>	<i>900</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	77 473	81 335	81 729	84 100
Andre innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>77 473</i>	<i>81 335</i>	<i>81 729</i>	<i>84 100</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>78 704</i>	<i>82 690</i>	<i>82 633</i>	<i>85 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>2 992</i>	<i>-630</i>	<i>-2 587</i>	<i>1 600</i>

Tabell 4.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett 2014
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	20 068	20 256	20 205	18 994
Løyvingar frå andre departement	31 175	34 669	33 597	38 778
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	974	0	3 164	12 741
Løyvingar frå Norges forskningsråd				
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>52 217</i>	<i>54 925</i>	<i>56 966</i>	<i>70 513</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	1 776	548	1 131	3 878
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	2 067	3 630	5 031	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	22 644	23 587	19 504	10 609
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>26 487</i>	<i>27 765</i>	<i>25 666</i>	<i>14 487</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>78 704</i>	<i>82 690</i>	<i>82 633</i>	<i>85 000</i>

Tabell 4.9 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2011–13

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	40 846	40 223	37 634	-2 588
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	14	7	8	1
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>40 860</i>	<i>40 230</i>	<i>37 642</i>	<i>-2 587</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	3 778	3 819	3 816	-3
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 071	3 575	3 719	144
Gjeld til leverandørar	2 177	-318	3 816	4 134
Gjeld til oppdragsgivarar	-2 712	-1 718	-2 040	-322
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	589	1 713	-693	-2 406
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>6 903</i>	<i>7 071</i>	<i>8 618</i>	<i>1 547</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	6 069	9 897	6 102	-3 795
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 201	1 674	4 643	2 968
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	19 412	14 988	11 794	-3 195
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>26 682</i>	<i>26 559</i>	<i>22 538</i>	<i>-4 021</i>

Tabell 4.9 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2011–13

Balanse 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	2011	2012	2013	Endring 2012 til 2013
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	2 087	1 390	1 226	-165
Fri verksemdskapital	5 187	5 209	5 260	51
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>7 274</i>	<i>6 599</i>	<i>6 486</i>	<i>-113</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>40 860</i>	<i>40 230</i>	<i>37 642</i>	<i>-2 588</i>

Tabell 4.10 Universitet og høyskolar. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsutgifter:				
Lønnsutgifter	19 686 487	20 659 953	22 059 811	22 889 883
Varer og tenester	10 833 688	11 317 627	11 244 255	11 631 215
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>30 520 175</i>	<i>31 977 580</i>	<i>33 304 066</i>	<i>34 521 098</i>
Investeringsutgifter:				
Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald	1 342 491	1 556 796	1 523 356	1 701 325
<i>Sum utgifter til større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>1 342 491</i>	<i>1 556 796</i>	<i>1 523 356</i>	<i>1 701 325</i>
Overføringar frå verksemda:				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	370 530	277 353	413 524	338 500
Utbetalningar til andre verksemdar	176 426	166 482	214 966	116 350
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>546 956</i>	<i>443 835</i>	<i>628 490</i>	<i>454 850</i>

Tabell 4.10 Universitet og høgsckolar. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Finansielle aktiviteter:				
Kjøp av aksjar og partar	756	4 433	3 827	3 000
Andre finansielle utgifter	3 787	4 112	4 252	3 109
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>4 543</i>	<i>8 545</i>	<i>8 079</i>	<i>6 109</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>32 414 165</i>	<i>33 986 756</i>	<i>35 463 991</i>	<i>36 683 382</i>
Inntektsart				
Inntektsart	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsinntekter:				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 203 073	2 057 073	2 559 671	2 182 720
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	22 408	29 911	27 251	23 821
Refusjonar	496 283	493 538	514 142	354 795
Andre driftsinntekter	2 574 549	1 995 626	1 913 480	2 002 449
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>5 296 313</i>	<i>4 576 148</i>	<i>5 014 544</i>	<i>4 563 785</i>
Inntekter frå investeringar:				
Sal av varige driftsmidlar	75 667	34 148	2 671	25 000
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>75 667</i>	<i>34 148</i>	<i>2 671</i>	<i>25 000</i>
Overføringar til verksemda:				
Inntekter frå statlege løyvingar	28 333 785	29 165 254	30 799 858	31 768 796
Andre innbetalingar	201 135	308 683	339 386	326 816
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>28 534 920</i>	<i>29 473 937</i>	<i>31 139 244</i>	<i>32 095 612</i>
Finansielle aktiviteter:				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	-40	2 250	47 464	15 000
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)	5 913	9 862	7 567	3 966
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>5 873</i>	<i>12 112</i>	<i>55 031</i>	<i>18 966</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>33 912 773</i>	<i>34 096 345</i>	<i>36 211 490</i>	<i>36 703 363</i>
Netto endring i kontantbeholdning	1 498 608	109 589	747 499	19 981

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 4,2 pst. frå 2012 til 2013 og utgjør om

lag 93,9 pst. av dei samla utgiftene i 2013, som er på same nivå som i 2012. Delen låg da på om lag

94,1 pst. Dei samla utgiftene har auka med 4,4 pst. frå 2012 til 2013. Overføringane til verksemdene har auka med 5,7 pst. frå 2012 til 2013, medan dei auka med 3,3 pst. frå 2011 til 2012. Det meste av

overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjør 86 pst. av dei samla inntektene. Det er noko lågare enn i 2012, da delen var 86,4 pst.

Tabell 4.11 Universitet og høgskolar. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Løyvingar frå fagdepartementet	24 480 770	25 431 680	27 457 137	28 191 436
Løyvingar frå andre departement	366 306	419 620	257 470	227 014
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 006 642	809 950	1 312 661	1 255 839
Tildelingar frå regionale forskingsfond	700	18 685	22 667	19 069
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	2 195 042	2 190 289	2 284 186	2 332 011
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>28 049 460</i>	<i>28 870 224</i>	<i>31 334 121</i>	<i>32 025 368</i>
Offentlege og private bidrag:				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	164 199	155 785	151 392	135 984
Bidrag frå private	1 727 992	1 274 083	1 064 851	1 031 624
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	421 355	303 916	495 341	419 835
<i>Sum bidrag</i>	<i>2 313 546</i>	<i>1 733 784</i>	<i>1 711 584</i>	<i>1 587 444</i>
Oppdragsinntekter o.a.:				
Oppdrag frå statlege verksemdar	232 060	238 567	251 612	215 301
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	67 385	77 640	80 731	75 063
Oppdrag frå private	267 382	330 877	303 598	341 023
Andre inntekter og tidsavgrensingar	2 982 939	2 845 253	2 529 844	2 459 165
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>3 549 766</i>	<i>3 492 337</i>	<i>3 165 785</i>	<i>3 090 551</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>33 912 772</i>	<i>34 096 345</i>	<i>36 211 490</i>	<i>36 703 363</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 6,2 pst. frå 2012 til 2013. Dette er høgre enn frå 2011 til 2012, da auken var på 0,5 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjør om lag 86,5 pst. av

inntektene i 2013. Dette er høgre enn i 2012, da delen var 84,7 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 88,3 pst. av dei samla utgiftene i 2013. Dette er 3,4 prosentpoeng høgre enn i 2012.

Tabell 4.12 Universitet og høgskeolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskeolesektoren i perioden 2011–13

	Beløp i 1 000 kroner			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Endring frå 2012 til 2013
Kontantar og kontantekvivalentar:				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	8 416 096	8 510 221	9 321 444	811 223
Behaldningar på andre bankkonti	691 190	706 621	607 960	-98 661
Andre kontantbeholdningar	344	378	35 314	34 936
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>9 107 630</i>	<i>9 217 220</i>	<i>9 964 719</i>	<i>747 499</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår:				
Feriepengar m.m.	1 671 601	1 765 925	1 855 796	89 871
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 491 315	1 598 087	1 593 366	-4 721
Gjeld til leverandørar	1 056 751	722 121	1 108 527	386 406
Gjeld til oppdragsgivarar	-335 749	-402 558	-396 667	5 891
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	243 133	286 179	261 033	-25 146
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>4 127 051</i>	<i>3 969 754</i>	<i>4 422 055</i>	<i>452 301</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	378 061	286 999	317 139	30 140
Prosjekt finansierte av regionale forskingsfond	-1 015	1 776	-12 500	-14 276
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	453 121	652 280	554 964	-97 316
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	1 078 139	1 061 465	1 161 754	100 289
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	691 372	644 297	548 193	-96 104
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	455 564	434 853	94 801	-340 052
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 055 242</i>	<i>3 081 670</i>	<i>2 664 350</i>	<i>-417 320</i>

Tabell 4.12 Universitet og høgskeolar. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskelesektoren i perioden 2011–13

Balansedag 31. desember	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Endring frå 2012 til 2013
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	1 456 750	1 639 416	2 319 236	679 820
Fri verksemdskapital	421 764	459 438	461 919	2 481
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>1 878 514</i>	<i>2 098 854</i>	<i>2 781 155</i>	<i>682 301</i>
Langsiktig gjeld (netto):				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	-101	-57	-32	25
Anna langsiktig gjeld	46 922	66 999	97 190	30 191
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>46 821</i>	<i>66 942</i>	<i>97 158</i>	<i>30 216</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>9 107 630</i>	<i>9 217 220</i>	<i>9 964 719</i>	<i>747 499</i>

Kontantbeholdninga har gått opp med 9,5 pst. frå 2012 til 2013, mot 1,1 pst. frå 2011 til 2012. Avsetningane som skal dekkje påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 11,4 pst. Tilsvarende var det ein nedgang på 3,4 pst. frå 2011

til 2012. Avsetningane til planlagde tiltak i kommande budsjettår har minka med 13,5 pst. frå 2012 til 2013. Årsaka til at langsiktig gjeld knytt til anleggsmidlar er negativ, er av teknisk art.

Tabell 4.13 Universitet og høgsular. Balanse per 31. desember 2013

		Beløp i 1 000 kroner	
Eigedelar	Beløp	Verksemdskapital, avrekningar og gjeld	Beløp
Anleggsmidler		Verksemdskapital	
<i>Immaterielle eigedelar</i>	24 311	<i>Sum verksemdskapital</i>	835 502
Varige driftsmidler	31 712 574		
Finansielle eigedelar	243 103	Langsiktige forpliktingar	
		<i>Langsiktige forpliktingar knytte til anleggs-</i>	
<i>Sum anleggsmidler</i>	<i>31 979 988</i>	<i>midlar</i>	31 736 853
		Andre forpliktingar	97 190
		<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</i>	<i>31 834 043</i>
		Anna langsiktig gjeld	
		<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>	0
Omløpsmidlar		Kortsiktig gjeld	
Lager	23 369	Leverandørgjeld	1 205 515
Kundefordringar	1 520 886	Anna kortsiktig gjeld	4 760 795
Finansielle omløpsmidlar	130 480	<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>5 966 310</i>
<i>Bankinnskott</i>	<i>9 964 719</i>		
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>11 639 453</i>	Avrekning med statskassen	
		<i>Sum avrekningar</i>	4 983 586
<i>Sum eigedelar</i>	<i>43 619 441</i>	<i>Sum verksemdskapital, avrekningar og gjeld</i>	<i>43 619 441</i>

Balanseverdiane har auka med 2,2 pst. frå 2012 til 2013. Verdien av anleggsmidlane har gått ned med 0,1 pst. i høve til 2012, medan omløpsmidlane har

auka med om lag 9,1 pst. frå 2012 til 2013. Den kortsiktige gjelda har gått opp med 12,5 pst. frå 2012 til 2013.

Tabell 4.14 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Utgiftsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	400 160	427 451	452 793	423 249
Varer og tenester	464 074	410 695	368 022	379 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>864 234</i>	<i>838 146</i>	<i>820 815</i>	<i>802 249</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	38 438	48 499	58 889	0
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>38 438</i>	<i>48 499</i>	<i>58 889</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskapar	4 393 057	5 007 618	3 994 078	6 088 759
Utbetalinger til andre verksemdar	1 882 739	1 174 627	2 447 984	1 428 227
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>6 275 795</i>	<i>6 182 245</i>	<i>6 442 062</i>	<i>7 516 986</i>
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar				
Andre finansielle utgifter				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>7 178 467</i>	<i>7 068 890</i>	<i>7 321 766</i>	<i>8 319 235</i>

Tabell 4.14 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

Inntektsart	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2012	Regnskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester				
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar				
Refusjonar	5 645	7 030	7 612	
Andre driftsinntekter	11 029	7 680	14 971	6 623
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>16 674</i>	<i>14 710</i>	<i>22 583</i>	<i>6 623</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	2 410	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>2 410</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	7 205 867	7 343 369	7 672 407	8 146 652
Andre innbetalingar	209 635	271 399	214 771	171 497
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>7 415 502</i>	<i>7 614 768</i>	<i>7 887 178</i>	<i>8 318 149</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar				
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbet. av rente)				
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>7 434 586</i>	<i>7 629 478</i>	<i>7 909 761</i>	<i>8 324 772</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-256 119</i>	<i>-560 588</i>	<i>-587 995</i>	<i>-5 537</i>

Tabell 4.15 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	Beløp i 1 000 kroner			
	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Budsjett for 2014
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	3 031 592	3 085 798	3 188 621	3 410 191
Løyvingar frå andre departement	4 103 715	4 258 935	4 483 786	4 736 461
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan				
Tildelinger frå Noregs forskingsråd				
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>7 135 307</i>	<i>7 344 733</i>	<i>7 672 407</i>	<i>8 146 652</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar				
Bidrag frå private	203 990	162 148	159 810	169 347
Tildeligar frå internasjonale organisasjonar				
<i>Sum bidrag</i>	<i>203 990</i>	<i>190 380</i>	<i>159 810</i>	<i>169 347</i>
Oppdragsinntekter m.v.				
Oppdrag frå statlege verksemder				
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder				
Oppdrag frå private				
Andre inntekter og tidsavgrensningar	95 289	94 365	77 544	8 773
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>95 289</i>	<i>94 365</i>	<i>77 544</i>	<i>8 773</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>7 434 586</i>	<i>7 629 478</i>	<i>7 909 761</i>	<i>8 324 772</i>

Tabell 4.16 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetninger ved Noregs forskingsråd i perioden 2011–13


Balanse 31.desember	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Endring frå 2012 til 2013
Kontantantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	2 675 372	3 229 980	3 877 161	647 182
Behaldning på andre bankkonti	118 716	117 268	55 034	-62 234
Andre kontantbeholdningar	33 352	40 780	43 828	3 047
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>2 827 440</i>	<i>3 388 028</i>	<i>3 976 023</i>	<i>587 995</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	34 869	37 528	39 566	2 038
Skattetrekk og offentlege avgifter	28 033	29 671	32 860	3 189
Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskningsprosjekt	1 186 157	1 135 055	1 170 694	35 639
Gjeld til oppdragsgivarar				0
Anna gjeld/fordringar som forfell i neste budsjettår	26 670	66 403	63 987	-2 416
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>1 275 729</i>	<i>1 268 657</i>	<i>1 307 107</i>	<i>38 450</i>
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Forskningsprogram under handsamning	1 513 552	2 092 652	2 676 230	583 578
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>1 513 552</i>	<i>2 092 652</i>	<i>2 676 230</i>	<i>583 578</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	43 494	51 539	40 590	-10 949
Fri verksemdskapital	77 729	73 866	68 322	-5 544
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>121 223</i>	<i>125 405</i>	<i>108 912</i>	<i>-16 493</i>

Tabell 4.16 Tilhøvet mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetninger ved Noregs forskingsråd i perioden 2011–13

Balanse 31.desember	Rekneskap 31.12.2011	Rekneskap 31.12.2012	Rekneskap 31.12.2013	Endring frå 2012 til 2013
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggs- midlar	-83 064	-98 686	-116 226	-17 540
Anna langsiktig gjeld				
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-83 064</i>	<i>-98 686</i>	<i>-116 226</i>	<i>-17 540</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>2 827 440</i>	<i>3 388 028</i>	<i>3 976 023</i>	<i>587 995</i>

Vedlegg 5

Underliggjande verksemder o.a.



Figur 5.1 Underliggjande verksemder o.a.

Verksemder o.a. som er markert med grå farge er styrte av Utdanningsdirektoratet.

Forklaringar og forkortingar:

Avdeling for analyse, internasjonalt arbeid og kompetansepolitikk (AIK)

Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk

Administrasjons- og økonomiavdelinga (AØ)

Met: Meteorologisk institutt

NUPI: Norsk Utanrikspolitisk Institutt

Barnehageavdelinga (BA) / Opplæringsavdelinga (OA)
Avdelingane er ført opp samla i tabellen, da dei samarbeider tett i etatsstyringa.

FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa

FUB: Foreldreutvalet for barnehagar

Foreldreutvala er ført opp samla i tabellen, da dei har felles sekretariat og mottar eit felles tildelingsbrev

Ve: Statens fagskole for gartnare og blomsterdekoratørar

Udir: Utdanningsdirektoratet

Statped: Det statlege spesialpedagogisk støttesystemet

Nasjonale senter:

Dei nasjonale sentra er organiserte som såkalla § 1-4.4-institusjonar: Einingar for drift av nasjonale fellesoppgåver som er organiserte etter § 1-4 fjerde ledd i lov om universitet og høøgskolar. Organiseringa inneber at einingane har status som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, og ligg til ein høgare utdanningsinstitusjon, utan at institusjonens eigne styringsorgan har ansvaret for den faglege verksemda.

NAFO – Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring – HiOA

Folkehelsesenteret – Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet – HiB

Fremmedspråksenteret – Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa – HiØ

KKS – Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa – UiN

Lesesenteret – Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning – UiS

Læringsmiljøsentret – Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning – UiS

Matematikkenteret – Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa – NTNU

Naturfagsenteret – Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa – UiO

Nynorsksenteret – Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – HiVolda

Skrivesenteret – Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning – HiST

Samiske skolar

Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole

Samisk vidaregåande skole, Karasjok

Sameskolen i Midt-Noreg

URLU: Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning

SRY: Samarbeidsrådet for yrkesopplæring

Faglege råd for yrkesutdanninga:

Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk

Fagleg råd for design og handverk

Fagleg råd for restaurant- og matfag

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag

Fagleg råd for service og samferdsel

Fagleg råd for elektrofag

Fagleg råd for teknikk og industriell produksjon

Fagleg råd for medier og kommunikasjon

Fagleg råd for naturbruk

Universitets- og høøgskoleavdelinga (UH)

NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

SIU: Senter for internasjonalisering av utdanning

§ 1-4.4-institusjonar

Artsdatabanken – NTNU

BIBSYS – NTNU

CRISStin: Current Research Information System In Norway – UiO

Nasjonalt senter for realfagsrekruttering – NTNU

Norgesuniversitetet – UiT

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid – KHiB

Felles studieadministrativt tenestesenter – UiO

Forskningsavdelingen (FO)

NFR: Noregs forskingsråd

FEK: Dei nasjonale forskingsetiske komiteane

Heileigde aksjeselskaper

NSD: Norsk samfunnsvitenskapelig datateneste

UNIS: Universitetssenteret på Svalbard

CESSDA: Consortium of European Social Science Data Archives

Anna

KFU: Kunnskapssenter for utdanning

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2014

